

INGE SÆRHEIM

# Jærstrendene

## Namn og stader

AmS-Varia 57

Utanfor, i Vest, bryt Have paa mot ei sju Miler lang laag Sandstrond. Det er sjølve Have. Nordhave breidt og fritt, ukløyvt og ubøygt, endelaust. Svartgrønt og salt kjem det i veldig Rulling veltande inn or dei vestlege Himlar, dreve av Storstormarne fraa Nordisen og Kanalen, køyrande sine fakskvite Brimhestar fram or Havskodda, so Skumskavlen stend, durande sin djupe, evige Orgetone fraa dei ytste Avgrunnar. So støyper det seg mot Stranda og krasar seg sund i kvit Foss, med Dunk og Døn og lange Brak, døyande burt i døyvt Dunder.

(Arne Garborg: *Fred*, 1892)

AmS-Varia 57
Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger
*Museum of Archaeology, University of Stavanger*

INGE SÆRHEIM

# Jærstrendene

## Namn og stader

STAVANGER 2015

**AmS-Varia 57**
Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger
*Museum of Archaeology, University of Stavanger*

Redaksjon/*Editorial office:*
Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger
*Museum of Archaeology, University of Stavanger*
Redaktør for serien/*Editor of the series*: Marianne Nitter
Redaktør for dette volumet/*Editor of this volume:* Einar Solheim Pedersen
Formgiving/*Layout:* Ingund Svendsen

Redaksjonsutval/*Editorial board:*
Marianne Nitter (leder/*chief editor)*
Wenche Brun
Grete Lillehammer
Einar Solheim Pedersen
Lisbeth Prøsch-Danielsen

Utgjevar/*Publisher*:
Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger
*Museum of Achaeology, University of Stavanger*
4036 Stavanger, Norway
Tel.: (+47) 51 83 26 00
Fax: (+47) 51 83 26 99
E-mail: post-am@uis.no

ISSN 0332-6306
ISBN 978-82-7760-163-2

Stavanger 2015

Skrift/*Font*: Times New Roman, Soho Gothic Pro

Forfattaren har motteke støtte frå Det faglitterære fond. Utgjevinga er også støtta av Det humanistiske fakultet, Universitetet i Stavanger, Klepp kommune, Randaberg kommune og Sola kommune.

Omslag: Store Fuglingen (Hodne). Foto: Inge Særheim.
*Cover: Store Fuglingen (Hodne). Photo: Inge Særheim.*

# Abstract

Særheim, I. 2015. **Jærstrendene – names and places.** *AmS-Varia 57,* 276 pp. – Map booklet, 79 pp. Stavanger.
ISSN 0332–6306, ISBN 978-82-7760-163-2.

This monograph presents linguistic analysis of more than 3000 coastal toponyms from Jæren (southwestern Norway), from the sea and the seashores. The etymology of the names is discussed as well as the context and the historical background of the names. There are also chapters on the naming process and the use of names, on toponyms as linguistic and historical sources and on special linguistic and historical topics appearing in this corpus of names. The locations of the toponyms are marked on maps. The place-names presented have been coined from oral sources in the local dialect. A large part of the corpus was collected by the author in the 1970s, presented in his unpublished master's thesis *Stadnamn frå sjøen på Jæren* (Coastal place-names from Jæren) from 1978 (University of Bergen).

The use of toponyms makes it possible to localize activities and various phenomena in everyday conversation. The fishermen give names to fishing grounds in order to be able to talk about their work. The fact that toponyms contain linguistic material giving specific information about the locations, makes them valuable as sources. They provide information to researchers within linguistics, history and archaeology, as well as to ordinary folk. Place-names mention and localize former traditions and working processes. The semantic content of coastal microtoponyms from Jæren contains information about e.g. fishing and hunting, sailing, dangerous waters, shipwrecks, the use of seaweed, the use of sand from the beaches, defence systems, administration, rights, events, traditions and attitudes – and about the local language.

Most toponyms contain a topographical appellative as the generic, describing the type of location represented. Ca. 200 words identifying different types of locations are found in this corpus of names, in addition to more than 100 examples of metaphorical naming. Most toponyms are compound, containing a generic and a specifier. The specifiers refer to e.g. geographical position, shape, colour, size, soil, vegetation, animals, persons, working processes, traditions and special events.

Inge Særheim, Universitetet i Stavanger, Det humanistiske fakultet, Institutt for kultur- og språkvitskap, 4036 STAVANGER, NORWAY. Telephone: (+47) 51 83 10 18. Telefax: (+47) 51 83 13 50. E-mail: inge.saerheim@uis.no

Key-words: place-names, toponymy, coastal names, cultural history, maritime culture, Jæren.



Feisteinen. Foto: Inge Særheim.
*Feisteinen. Photo: Inge Særheim.*

# Innhald


**Føreord** ..... 5

**Teikn og avkortingar** ..... 8

**1 Namnelaging, namnebruk og namnetolking** ..... 9

1.1 Behovet for stadnamn ..... 9
1.2 Kva er eit stadnamn? ..... 9
1.3 Kvifor får stadene namn? ..... 11
1.4 Namnelaging og namnebygnad ..... 11
1.5 Sekundærnamn ..... 13
1.6 Namn med presiserande ledd ..... 15
1.7 Fleire namn på same staden – namnedublettar ..... 16
1.8 Slangnamn ..... 18
1.9 Kreativ namngjeving ..... 18
1.10 Skrivemåten av stadnamn ..... 19
1.11 Namnetolking ..... 22

**2 Nokre språkstrukturelle og språkhistoriske drag** ..... 23

2.1 Skiljemerke i jærmålet ..... 23
2.2 Uttale ..... 25
2.3 Bøying ..... 25
2.4 Samansetjing av namneledd, tonelag (tonem) og trykk ..... 26
2.5 Ubunden eller bunden form ..... 28
2.6 Våre eldste språkminne ..... 29
2.7 Nokre særmerkte namneformer ..... 32
2.8 Spesielle drag ved ordtilfanget ..... 33
2.9 Særmerkte former av personnamn ..... 34

**3 Kulturhistoriske opplysningar i stadnamna** ..... 37

3.1 Nokre metodiske avvegingar ..... 37
3.2 Dyreliv – fiske og fangst ..... 38
*3.2.1 Nemne for fiskar* ..... 39
*3.2.2 Nemne for andre dyr i sjøen og stranda* ..... 39
*3.2.3 Faste fangststader og spesielle arbeidsmåtar under fiske og fangst* ..... 40
*3.2.4 Nokre tradisjonar under fiske og fangst* ..... 41
*3.2.5 Fiskarar* ..... 44
*3.2.6 Méding* ..... 44
*3.2.7 Fuglar i fjæra og på sjøen* ..... 45

3.3 Ferdsel ........ 48
*3.3.1 Gode ferdastader* ........ 48
*3.3.2 Vanskelege ferdastader* ........ 49
*3.3.3 Farar langs båtleia* ........ 49
*3.3.4 Ord for husdyr og andre landdyr i skjernamn* ........ 52
*3.3.5 Grunnstøyting* ........ 53
*3.3.6 Godnemne?* ........ 54
*3.3.7 Ferdamåte, ferdafolk og hamneplass* ........ 54
*3.3.8 Ferdsel på land* ........ 56
3.4 Nokre gjeremål og verksemder i stranda ........ 56
*3.4.1 Strandrak og opphogging av båtar* ........ 56
*3.4.2 Sanking og brenning av tare* ........ 57
*3.4.3 Henting av sjøsand m.m.* ........ 57
3.5 Planteliv, husdyrbeite og landbruk ........ 58
*3.5.1 Plantevekst og grasslått* ........ 58
*3.5.2 Beite i stranda* ........ 59
*3.5.3 Andre verksemder* ........ 60
3.6 Spesielle tradisjonar, hendingar og førestillingar ........ 60
*3.6.1 Forsvar og grensepunkt* ........ 60
*3.6.2 Hendingar og tradisjonar* ........ 61
*3.6.3 Segner og forteljingar* ........ 62
*3.6.4 Tru, førestillingar og haldningar* ........ 63

**4 Namnetolkingar** ........ 67
4.1 Oppbygging av namneartiklane ........ 67
4.2 Stadnamn frå jærstrendene – frå Alkodden til Åttedagsgrunnane ........ 68

**Summary** ........ 243

**Oversyn over nemne som har eigne oppslag** ........ 247

**Oversyn over namn som ikkje har eigne oppslag** ........ 249

**Ordforklaringar** ........ 267

**Heimelsfolk** ........ 270

**Litteratur** ........ 271

**Figurar** ........ 273

**Kart med namnelister** ........ 276

# Føreord

I denne boka er det lagt fram språkleg og real forklaring på meir enn 3000 stadnamn som er registrerte langs jærstrendene, både frå sjøen og strandområda. Det er teke med namn på holmar, grunnar, sund, fiskeméd m.m. i sjøen, og namn frå strandlina og strandsona nærast sjøen. Innsamlingsområdet strekkjer seg frå Tungeneset (Randaberg) i nord til grensa mellom Hå og Eigersund i sør. Det er med namn frå kommunane Randaberg, Stavanger, Sola, Klepp og Hå.

I boka er det eigne kapittel om namnelaging og namnebruk, dessutan om nokre viktige språkstrukturelle og språkhistoriske trekk som kjem til uttrykk i namnetilfanget. Også den samfunns- og kulturhistoriske bakgrunnen for skjergardsnamna har fått eigen omtale.

Eit kapittel som inneheld namnetolkingar, utgjer ein stor del av boka. I dette kapittelet er namna presenterte i alfabetisk rekkjefølgje. Det er teke med normert namneform, nedarva dialektuttale, tilvising til kart i kartheftet, opplysningar om kva namnet er nytta om, framlegg til forklaring av den språklege og reale bakgrunnen til namna, dessutan ev. tilvising til faglitteratur. Det er òg kort omtale av dei vanlegaste nemna (namneledda) som ligg føre i det registrerte tilfanget.

Bak i boka finn ein oversyn over namn som ikkje har eigne oppslag i presentasjonen av namnetolkingar, med tilvising til oppslag (artiklar) der vedkomande namn er omtala. Det er òg register over nemne, heimelsfolk, litteratur og figurar. I eit eige karthefte er dei einskilde namna avmerkte på kartskisser.

Det innsamla namneinventaret og fleire av forklaringane i boka byggjer på munnlege kjelder, dvs. opplysningar som er gjevne av heimelsfolk – tradisjonsberarar – på gardane langs sjøen. Mange av opplysningane vart samla inn i åra 1976–1978 i samband med mitt hovudfagsarbeid i nordisk ved Universitetet i Bergen, presenterte i den utrykte hovudfagsoppgåva *Stadnamn frå sjøen på Jæren* (1978). Rettleiar for dette hovudfagsarbeidet var prof. emer. Oddvar Nes. Til grunn for opplysningar og forklaringar i boka ligg òg tilfang som vart registrert i 1980-åra i samband med ei stor innsamling av stadnamn som vart gjennomført i Rogaland fylke med underskrivne som prosjektleiar.

*Stavanger 2015*
Inge Særheim

# Teikn og avkortingar

*Avkortingar:*

adj. – adjektiv
adv. – adverb
bd. – band
bl.a. – blant anna
e.a. – eller anna
e.l. – eller liknande
eng. – engelsk
ev. – eventuelt
f. – femininum (hokjønn)
f(f). – følgjande side(r)
geng. – gammalengelsk
gfris. – gammalfrisisk
ght. – gammalhøgtysk
gind. – gammalindisk
gno. – gammalnorsk
gsak. – gammalsaksisk
ill. – illustrasjon
indoeu. – indoeuropeisk
lat. – latin
litt. – litteratur
m. – maskulinum (hankjønn)
meng. – mellomengelsk
mfl. – med fleire
mht. – mellomhøgtysk
mlt. – mellomlågtysk
mno. – mellomnorsk
n. – nøytrum (inkjekjønn)
norr. – norrøn
nyno. – nynorsk
pl. – pluralis (fleirtal)
part. – partisipp
perf. – perfektum
prep. – preposisjon
pron. – pronomen
sg. – singularis (eintal)
subst. – substantiv
t.d. – til dømes
tidl. – tidlegare
urgerm. – urgermansk
urnord. – urnordisk
vb. – verb

*Lydskriftteikn:*

/.../ uttaleform i fonemisk notasjon (lydskrift), står mellom skråstrekane
G *gj*-lyden i orda *leggja* /"leGa/, *veggen* /'veGen/
K *kj*-lyden (ev. *tj*-lyden) i ordet *ikkje* /"iKe/ og namnet *Tjora* /"Ko:ra/
ng *ng*-lyden i ordet *seng* /seng/
' tonem (tonelag) 1, t.d. ordtonen i ordet *neset* /'ne:se/
" tonem (tonelag) 2, t.d. ordtonen i namnet *Nese* /"ne:se/
, står framfor stavingsberande konsonant, t.d. *horn* /'hå d,n/
: står etter lang vokal, t.d. i ordet *sol* /so:l/

Konsonantlengd blir ikkje markert særskilt, av di ein kan sjå av vokalen framom om konsonanten er kort eller lang, t.d. *hoppet* /'håpe/, *håpet* /'hå:be/

*Spesialteikn i gammalnorsk:*

ǫ *å*-lyd, t.d. i gno. *sǫngr* m. 'song'
ð stemd lespelyd (som i engelsk *that*) , t.d. i gno. *tíð* f. 'tid'
þ ustemd lespelyd (som i engelsk *thing*), t.d. i gno. *þungr* adj. 'tung'
´ markerer lang vokal, t.d. i gno. *tíð* f. 'tid'

*Andre teikn:*

* rekonstruert ord- eller namneform, t.d. gno. **Grjótaland* (→ *Grødaland*)
'...' tydinga til eit ord eller namn, t.d. gno. *grjót* n. 'stein'
> blir til, er utvikla til (gjeld lydhistorisk utvikling), t.d. gno. **Grjótaland* > *Grødaland*
< kjem av, er utvikla av (gjeld lydhistorisk utvikling), t.d. *Sande* < gno. **Sandi*
→ tilvising til namneartikkel, t.d. → *land*, → *Skrydeviga*

# 1

# Namnelaging, namnebruk og namnetolking

## 1.1 Behovet for stadnamn

Til alle tider har menneska truleg hatt trong til orientera seg i terrenget og samfunnet ved hjelp av stadnamn som er laga i det lokale språket. Gjennom åra har nye namn blitt laga når det har vore behov for identifisering og utmerking av stader, medan andre har gått tapt pga. manglande behov. Ein reknar gjerne med at dei eldste namna som blir nytta i Noreg i dag, går 3000–4000 år attende i tid, dvs. til bronsealderen og kanskje yngre steinalder. Dei eldste namna er opphavleg nytta om visse typar naturlokalitetar: øyar, fjordar, elvar og innsjøar. Fleire av dei har fått endra funksjon og er i dag namn på matrikkelgardar, kommunar e.a., eller dei står som føreledd i eit samansett namn. Blant øy- og fjordnamn i Rogaland – og gardsnamn på Midt- og Nord-Jæren – finn ein fleire døme på utgamle namn, som *Sira, Bokn, Ombo, Fister, Rott, Goa, Sola, Soma, Lima, Orre, Lye* og *Hårr*. For mange namn, både natur- og busetnadsnamn, er det vanskeleg å seia noko visst om alderen. Mange naturnamn, bl.a. namn på holmar, skjer, grunnar, sund, vikar, nes m.m. og namn på menneskeskapte ting, er laga dei siste 200–300 åra. Men nokre av dei er mykje eldre.

## 1.2 Kva er eit stadnamn?

Med stadnamn meiner ein namn på alle slag geografiske lokalitetar, t.d. øyar, holmar, skjer, fjordar, sund, nes, vikar, teigar, bakkar, fjell, elvar og vatn. Ein reknar òg med namn på busetnad og ulike slag byggverk og menneskeskapte innretningar, som gardsbruk, husmannsplassar, stølar, fangstbuer, bruer, kverner og dammar. Også større område og administrative inndelingseiningar, som bygdelag, kyrkjesokner, kommunar og fylke, har namn.

Stadnamna er særnamn (proprium), som er ei undergruppe av ordklassen substantiv. Dei har som oppgåve å peika ut einskildlokalitetar, og dei er slik monoreferensielle – dei har normalt berre ein referanse, og viser berre til éin lokalitet. Stadnamna har normalt ikkje bøying i tal (eintal/fleirtal) eller bestemtheit (bunden/ubunden form). Dette skil dei frå hovudgruppa av substantiv, dvs. appellativa, ord som *øy*, *holme*, *skjer*, *fjord*, *sund* mfl.

Stadnamna kan delast inn på ulike måtar. Ein reknar gjerne med to hovudgrupper, *busetnadsnamn* (også kalla *bustadnamn*) og *naturnamn*. Under busetnadsnamna tek ein med namn på matrikkelgardar, gardsbruk, husmannsplassar, bygder, tettstader, byar og administrative einingar (sokner, kommunar m.m.). Til naturnamn reknar ein namn på alle slag naturlokalitetar: øyar, skjer, sund, fjordar, vikar, nes, elvar, vatn, myrar etc. Under naturnamna vil nokre forskarar òg ta med teignamn (namn på åkrar, enger, beite) og namn på menneskeskapte ting (vegar, bruer, gjerde, grindar, dammar m.m.), men andre forskarar reknar dette som eigne namnegrupper.




Fig. 1. Jærkysten. Kart: Ingund Svendsen.
*Fig. 1. The coast of Jæren. Map: Ingund Svendsen.*

## 1.3 Kvifor får stadene namn?

Ved hjelp av stadnamn kan ein merkja ut stader og skilja dei frå andre stader slik at ein kan tala om dei ved ulike høve.  Namna er adresser som identifiserer og lokaliserer punkt i terrenget for oss i ulike samanhengar. Ved å bruka stadnamn kan ein t.d. fortelja kor folk bur, kor dei arbeider, kor husdyra held seg, kor ein kan finna tare, ved, tømmer, lauv, bær, urter, båtlende m.m. I skjergarden og sjøen er det bl.a. sett namn på skjer, grunnar og holer der ein har fått fisk, på sund og renner der ein kan ta seg fram med båt, og på støer og lendingar der ein kan leggja til med båt. Ved hjelp av stadnamn kan fiskarane tala om arbeidsstadene sine og slik orientera seg i terrenget.

Også andre funksjonar ved stadnamna har vore viktige for namnebrukarane. Når somme fiskeplassar, t.d. → *Martinshella* og → *Nilsasteinen*, har fått namn etter dei som pla fiska på desse stadene, speglar dette ei form for folkeleg justis, altså uskrivne rettar, nærast ein rettsleg funksjon. Namna gjev melding om at andre ikkje skulle fiska ved desse steinane. Skjernamn som → *Salmonsteinen* og → *Austbøsteinen* skal ha bakgrunn i at fiskarar med desse etternamna (Austbø og Salomonsen) ein gong var uheldige og rodde på steinane. Andre såg det og sette namn på stadene, til lått og løye for andre. Slike namn har karakter av slang- og nidfunksjon. Det kan òg kallast slangnamngjeving at nokre fiskarar ei tid kalla holmen *Litle Ståbelen* for *Grimsby* etter den engelske fiskarbyen, fordi det i ein periode var svært mange fiskarar ved denne holmen.

Fiskarar har ofte sett slåande likskapar mellom visse lokalitetar og noko anna, og dei har laga namn ved bruk av språklege bilete. Skjeret → *Kjerringraua* i Stavnheimsviga skal ifølgje informanten likna på ein dugeleg kubbestol. Til grunn for skjernamn som → *Galten* og → *Sugga* ligg det òg ei jamføring, som skildrar forma til steinane, men òg truleg førestillingar om at dette er noko uføreseieleg, altså farlege stader som ein skal halda avstand til. Skjer- og grunnenamn som → *Kniven* og → *Stikkaren* gjev sameleis klar melding til båtførarar om kva slag naturkrefter ein har med å gjera. Stadnamna er slik ei slag folkeleg dikting, der vanlege folk har teke fantasien i bruk og laga originale språkbilete, altså nærast ein poetisk funksjon.

I nokre høve er det knytt forteljingar, såkalla opphavssegner, til stadnamna, med oppgåve å forklara bakgrunnen til vedkomande namn. Nokre av namna har samband med grunnstøyting og forlis, t.d. → *Ofeliasteinen* (Hårr), der dampskipet *Ophelia* forliste i 1880, og *Vestasteinen* (Tungeneset)(Fig. 2), der ein skonnert med namnet *Vesta* grunnstøytte i 1884. Andre døme er → *Klokkeskjeret* (ved Håstein) og → *Galgarinda* (Orre). Slike namn har nærast funksjon som minnesmerke, altså folkeminne med oppgåve å minna om og vidareføra minnet om ei viktig hending. Ein kan kanskje tala om ein folkeminne- eller minnefunksjon.

## 1.4 Namnelaging og namnebygnad

Nokre stadnamn inneheld berre eitt ledd, eit *hovudledd*, og dei er slik *usamansette*. Andre er *samansette*; dei inneheld to ledd, eit *hovudledd* og eit *utmerkingsledd*. Døme på usamansette namn er *Skjeret*, *Grunnen*, *Sloen*, *Boen*, *Kvisa* (grunne), *Bollen* (stein i sjøen) og *Opphenget* (stad der ein festa fiskereiskapen); det sistnemnde er laga til det samansette ordet *oppheng* n. Som usamansette reknar ein òg namn som er laga med eit avleiings*suffiks*, t.d. *Revingen* (oppriven holme), *Fuglingen* (holme der det er mykje fuglar), *Skjevlingen* (skjer der bølgjene bryt mykje, lagar 'skavl') og *Ribbungen* (nes med landgrunne utanfor); dei tre førstnemnde inneheld det mykje brukte *ing*-suffikset. Også i dei eldste natur- og busetnadsnamna finn ein gamle avleiingssuffiks, t.d. *-r* i → *Tjora* og → *Orre*.

Døme på samansette stadnamn er *Håstein*, *Skarvaskjeret*, *Midgrunnen*, *Kumlesloen*, *Skjørbollen*, *Rottfladholmen*, *Store Bandstadvigodden* og *Grunnen nordanom Staholmen*. Slike namn inneheld eit *hovudledd*, som oftast står som *etterledd*, t.d. *-stein* i *Håstein* og *-skjeret* i *Skarvaskjeret*. Men i *Grunnen nordanom Staholmen* står hovudleddet som det første leddet: *Grunnen*. Dei samansette namna inneheld i tillegg til hovudleddet eit utmerkjande ledd (utmerkingsledd), som oftast står fremst



Fig. 2. Vestasteinen (Tunge) med namn etter skipet Vesta som grunnstøytte her i 1884. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 2. Vestasteinen (Tunge), named after the ship Vesta that wrecked here in 1884. Photo: Inge Særheim.*

i namnet, altså som *føreledd*, t.d. *Hå-* i *Håstein* og *Skarva-* i *Skarvaskjeret.* Men i *Grunnen nordanom Staholmen* står det utmerkjande leddet sist: *nordanom Staholmen*.

I samansette namn er dei to ledda kopla saman ved hjelp av eit samansetjingselement, ei såkalla *fuge* eller *komposisjonsfuge* (jf. underkapittelet om samansetjing av namneledd). Historisk sett er ei slik fuge refleks av at føreleddet i mange namn tidlegare stod i genitiv (eller i stammeform), t.d. *-a* i *Grødaland* (gno. **Grjóta-*), *-e* i *Tungeneset* (gno. *Tungu-*), *-ar* i *Nesjarfluna* og *-s* i *Finnshøyen*. Namn som *Stavnheim* og *Vistnes* har såkalla *null*-fuge, dvs. at føreleddet står i stammeforma. Båe samansetjingsmåtane er svært gamle.

I dei fleste stadnamna er hovudleddet eit ord som fortel kva type lokalitet eller terrengformasjon det dreiar seg om, t.d. *skjer*, *holme*, *stein*, *vik* eller *tange*. Slike ord blir av nokre forskarar kalla *grunnord* eller *stadnamnsgrunnord*. Mange usamansette namn inneheld berre eit slikt lokalitetsdefinerande (grunn)ord i bunden form eintal eller fleirtal, t.d. *Skjeret*, *Grunnen*, *Sloen*, *Raunen*, *Molen*, *Boen*, *Holmen*, *Oddane* og *Vågane*. Det er òg vanleg å finna slike ord som hovudledd i samansette namn: *Håstein*, *Fuglingskjeret*, *Kvalbeinraunen*, *Kolnesmolen* og *Persodden*.

Innom eit område finst det gjerne fleire namngjevne lokalitetar av same slag, t.d. skjer, grunnar, holmar, sund, nes, vikar m.m., som ein må kunna skilja mellom. Då vert det føydd til eit utmerkjande ledd. Slike ledd gjer bl.a. greie for leie, spesielle eigenskapar ved terrenget (form, farge, storleik, jordgrunn), vekstliv, dyreliv, persontilknyting, arbeid, hendingar eller tradisjonar. Døme er *Fjordboen* (ligg midt i fjorden), *Svartaskjervågen* (ligg ved Svartaskjeret, Kolnes), *Nærlandsraunen* (ligg på Nærland), *Kumlesloen* (er stor og rund, som ei kumle), *Svartaskjeret* (er svart), *Litleflu* (er lita) og *Skarpevollen* (steinete grunn). I *Karvakråna* finn ein viltveksande karve. *Morthol* er ein fiskeplass for

mort. *Harangberget* har namn etter ein harding, ein person frå Hardanger. Fiskeplassen *Taraldsrega* vart nytta av ein med namnet *Tarald*. Ved *Tobakksteinen* sette alle hummarfiskarane ei teine, og utkomet av fisket her skal ha gått til innkjøp av tobakk. I *Bådsmannsviga* har det reke inn lik. Ymse tradisjonar, hendingar og særdrag ved stadene er representerte i føreledda.

Mange namn er laga utan bruk av ord som fortel om lokalitetstypen. Det gjeld først og fremst dei mange samanlikningsnamna. Einskildsteinar i sjøen, dvs. grunnar og skjer, har t.d. fått namn som *Kniven*, *Stikkaren*, *Krogen*, *Klemma*, *Klaven*, *Knogane*, *Skarven*, *Lyren*, *Bergsugga*, *Skada*, *Galten*, *Sugga*, *Hesten*, *Rotta*, *Padda*, *Kjerringa*, *Kverna*, *Såda*, *Eistene*, *Kvisa, Kubba*, *Kassane*, *Vogga*, *Snusdåsen*, *Ausa*, *Gryda* og *Skia*. Samanlikninga og biletbruken kan sikta til forma, fargen, lyden eller andre eigenskapar og kvalitetar ved stadene. Nokre av desse jamføringsnamna formidlar ein tilleggsbodskap til båtførarar om å vera på vakt på slike stader og halda god avstand til dei, for slike grunnar og skjer kan vera lunefulle og føra til skade om ein kjem for nær. Nokre grunnar trekkjer båtane inn til seg når dei bryt.

Også i namn som *Grimsby*, *Kanada*, *København*, *Dynekilen* og *Strilalandet*, som inneheld eit anna stadnamn, ligg det ei jamføring til grunn. Dette er biletlege lagingar som fortel om noko som er karakteristisk for stadene. I og med at dei er laga til og inneheld eit anna stadnamn, er dette òg døme på sekundærnamngjeving (sjå nedanfor). Det er dessutan ei form for *oppkalling*.

Somme usamansette namn som ikkje inneheld eit terrengdefinerande ord, har bakgrunn i spesielle hendingar eller tradisjonar som er knytte til stadene. Det gjeld t.d. *Svensken*, ei vik på Feisteinen der ein svensk båt har grunnstøytt, og *Levaren*, ein stad på Kolnes der ein gut med dette namnet skal ha drukna. Andre døme er *Skibmannen*, ei vik i Tananger der det tidlegare låg seglskuter, og *Ladraua*, som er ein fiskeplass nær land på Hårr som vart nytta av dei som ikkje orka å ro lenger. *Opphenget* er namn på eit fjell på Nordtjør der ein feste teinene. *Gangvaren* er eit skjer utanfor Kolnes der det truleg er fiska med *gangvad* n. (ei slag line). Det sistnemnde er truleg døme på eit *elliptisk* namn, dvs. eit avkorta namn, der det terrengskildrande ordet har falle bort.

Blant skjergardsnamna finst det fleire døme på elliptiske namn, t.d. *Reibaren*, som er forkorta for *Reibarskallen*, og *Roa* /"ro:å/, som er avkorting av *Roafluna*. I desse to høva blir både den avkorta og den fulle namneforma nytta. I andre høve er berre den forma som synest vera avkorta, i bruk, t.d. → *Bergaren*, *Borgaren*, *Kjerbergen*, *Blivaren*, *Jensa*/"jenså/ og *Rasma* /"ra:små/, men eit etterledd blir truleg tenkt til av namnebrukarar, t.d. **Rasmafluna*, **Kjerberggrunnen*. Stundom er det vanskeleg å vita om det dreiar seg om *ellipse*, dvs. ei forkorta namneform, eller såkalla *epeksegese*, dvs. tillegg av eit namneledd som gjer greie for kva lokalitetstype det er tale om.

I den samanhengande ura som ein finn langs stranda på Sør-Jæren, er etterleddet *-stein* ofte utelate i namn på einskildsteinar. Steinane kan heita *Den svarte*, *Den gule*, *Den litle svarte*, *Den runde*, *Den firkanta*, *Den pigete* og *Den klobne* (Fig. 3). Etterleddet er så sjølvsagt at ein ikkje treng nemna det, men det blir tenkt til. Stundom ligg det føre namnevariantar med eit artsskildrande ledd: *Svarte steinen*, *Runde steinen*, *Litle Svartesteinen*. Også namn på andre lokalitetstypar kan vera laga på denne måten, t.d. *Den nedre* (ein fiskehøl), *Den sjure* (ein grunne, også kalla *Sjuren*), *Den dumme* (ein grunne, også kalla *Dummen*) og *Den blåe* (eit médfjell, frå gammalt kalla *Hådyr*). Som ein ser av slike døme, ligg det i nokre høve føre namnevariantar, to ulike namneformer nytta om same staden.

## 1.5 Sekundærnamn

Namn som *Svartaskjervågen* og *Nærlandsraunen* har eit anna stadnamn som føreledd, nemleg *Svartaskjeret* og *Nærland*. Namn som inneheld eit anna stadnamn, blir kalla *sekundærnamn*, medan namn som ikkje inneheld eit anna stadnamn, er *primærnamn*. Slike føreledd som inneheld eit anna stadnamn, knyter ein stad (*Svartaskjervågen*) til ein annan stad (*Svartaskjeret*), som gjerne omfattar meir og er betre kjend. Ein stor del av namnetilfanget frå sjøen og strendene på Jæren er sekundærnamn, jf. registeret bak i boka over namn som ikkje har eigne oppslag. Om lag halvparten av dei mange



Fig. 3. Den klobne (Kvalbein). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 3. Den Klobne (Kvalbein). Photo: Inge Særheim.*

samansette namna med vanlege skjergardsnemne som *grunne* m., *flu* f. og *tange* m. som hovudledd er sekundærnamn, og slike namn omfattar òg ein stor del av namna på *-skjer(et).*

Geografisk lokalisering og markering av tilknyting er viktige funksjonar ved denne typen namngjeving. Sekundærnamnet er nytta om (denoterer) ein annan lokalitet enn primærnamnet. *Svartaskjeret* er t.d. namn på eit skjer, medan *Svartaskjervågen* er namn på ein våg i dette skjeret. Sekundærnamngjeving skil seg frå såkalla *epeksegese*, der det vert lagt eit ekstra forklarande ord (ledd) til eit namn for å forklara kva det er namn på, t.d. *Tjørholmane*; jf. at namna i dette høvet – *Tjør* og *Tjørholmane* – er nytta om same lokaliteten. Også tillegg av presiserande ledd, t.d. *Søre Revtangen* og *Nørdre Revtangen* (jf. nedanfor), blir rekna som eit anna fenomen enn sekundærnamngjeving.

I nokre høve er det vanskeleg å avgjera om utmerkingsleddet er eit anna stadnamn, og i så fall døme på sekundærnamngjeving, eller om det er eit appellativ. Er t.d. *Sandbekken* og *Sandgeilane* samansette med eit stadnamn *Sanden*, brukt om ei sandstrand, eller inneheld dei appellativet *sand* m. som siktar til jordgrunnen? Den sistnemnde forklaringa synest rimelegast. Namnet *Sandsenden*, som ligg føre både på Hodne og Kvalbein, nytta om enden av ei sandstrand, er kanskje helst laga til det samansette ordet *sandsende* m.

I somme høve finn ein namneformer og samansetjingsmåtar som tyder på at vedkomande sekundærnamn har høg alder, jf. *Silsflu*, *Rifstø*, *Honnsstø*, *Honnsviga* og *Hafstangen*, dessutan truleg *Harabekken* og *Harafloen*, der føreleddet er gammal genitivform av gardsnamna *Sele*, *Reve*, *Hodne*, *Haver* og *Hårr*. Nyare lagingar med desse namna som føreledd er *Seleåna*, *Revehamn*, *Hodnemarkene*, *Hårråna* og *Havralandet*, dei fire førstnemnde med den noverande forma av gardsnamna som føreledd.

Nokre sekundærnamn inneheld eit primærnamn som ikkje lenger er i bruk, t.d. *Mjånesholmen* og *Mjånestangen* frå munningen av Risaviga på Tjora. Her finn ein namnet **Mjånes* ('smalt nes'), som tidlegare har vore nytta om det smale neset som stikk fram på sørsida av munningen. Dette namnet ser ut til å ha blitt bytt ut med det nyare namnet *Geida* /'jeidå/.



Fig. 4. Steinen og båtstøa Hesten (Kvassheim). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 4. The rock and boat landing Hesten (Kvassheim). Photo: Inge Særheim.*

I nokre høve har ein berre teke med føreleddet i det namnet som det er vist til, gjerne kalla *føreleddsekundære namn*, jf. *Svartetangen*, som har namn etter *Svartesteinen*, dessutan *Skarvastøna* etter *Skarvasteinen*, *Kiågeboen* etter *Krågeberget* og (truleg) *Straumskjera* etter *Straumsundet*. Stundom kan det vera vanskeleg å avgjera kva som er det primære namnet, jf. *Odraskjeret – Odrasteinane*, *Kunteskjeret – Kuntegrunnen*, *Torsteinsviga – Torsteinsgrunnen* og *Bådsmannsviga – Bådsmannssanden*.

Til vanleg er heile primærnamnet (i samansetjingsforma) teke med i sekundærnamnet, gjerne kalla *heilsekundære namn*, som *Bekkjadalsbukta*, *Svartaskjervågen*, *Håsteinshalsen*, *Laksholmsundet* og *Alsteingrunnen* (méda frå Alstein). Gardsnamna er mykje brukte som utmerkingsledd ved sekundærnamngjeving, bl.a. *Hårr* (10 g.), *Reve* (10 g.) og *Viste* (8 g.).

I nokre høve står primærnamnet som styring i (ein del av) eit preposisjonsuttrykk, t.d. *Reibet på Håsteinshalsen* og *Ura i Sandarvågen*. I fleire høve er sekundærnamnet identisk med primærnamnet, t.d. *(med) Hesten*, ei båtstø på Kvassheim, med namn etter steinen *Hesten* i sjøen utanfor støa (Fig. 4). Slike namn har gjerne bakgrunn i eit preposisjonsuttrykk. Dette gjeld særleg fiskeplassar på sjøen som er méda frå visse punkt på land, som *(på) Ljoshaug* i Honnsviga, méda frå Ljoshaug på Orre, dessutan *(på) Klakken*, *(på) Steinstovfjellet*, *(på) Laugaberget* og andre namn på fiskeplassar i Ognabukta, som alle er méda frå fjell inne på land, her fjella Klakken, Steinstovfjellet og Laugaberget. Slike namn svarar eigentleg til siste delen av ei médformulering, t.d. "Bjørndalen på Klakken" (dvs. fjellet Bjørndalsniba over fjellet Klakken).

## 1.6 Namn med presiserande ledd

På sjøen og i stranda trengst det svært presise namn; mistydingar kan få alvorlege følgjer. Det synest vera grunnen til at nokre namn er svært lange og komplekse, og gjerne inneheld fleire lag med namn. I *Litle Bandstadvigodden* frå Rott synest utgangspunktet vera eit (1) **Bandstad(en)*, nytta om ein stad

der ein har festa båtar. Ei vik har så fått namnet (2) *Bandstadviga*, og ein odde (3) *Bandstadvigodden*. Sidan det her er to oddar, må ein skilja mellom dei med namna (4) *Store Bandstadvigodden* og *Litle Bandstadvigodden*. Her finn ein altså fire lag med namn – nesten som ei kinesisk øskje eller ei russisk dokke.

Ledda *Store-* og *Litle-* i det sistnemnde dømet tener til å skilja mellom to lokalitetar, her oddar, som ligg i det same området og som namngjevarane har sett i samanheng, som ei gruppe. Slike skiljande ledd kan kallast *presiserande ledd*. Den 'store' odden er ikkje spesielt stor og den 'litle' ikkje spesielt liten – men sett i relasjon til kvarandre er den eine større enn den andre. I namnetilfanget frå sjøen og strendene på Jæren finst det mange namn med slike ledd, særleg ved nemne for skjer og grunnar som *skjer* n., *flu* f. mfl., jf. registeret bak i boka over namn som ikkje har eigne oppslag.

Dei vanlegaste motsetningspara i namna frå jærstrendene med presiserande ledd er retningsnemningane *Austre*-(*Øystre*-)/*Vestre*-, dessutan *Søre-/Nordre-(Nørdre-)* og *Indre-/Ytre-*, altså leiepresiserande ledd. I tillegg kjem *Store-/Litle-*, som gjeld storleik. Vanleg er òg tillegg av *Midtre-* blant dei leiepresiserande nemna, t.d. *Indre*, *Vestre* og *Midtre Klossvighausen*. Mest nytta utmerking er *litle/-a* (ca. 90), *nordre/-a* og *nørdre/-a* (ca. 80), *søre/-a* (ca. 80), *store/-a* (ca. 70), *indre/-a* (ca. 40), *vestre/-a* (ca. 25). Mindre nytta er *midtre/-a* (9) og *austre* (3).

Når det gjeld spesielle kombinasjonar av presiserande ledd, kan nemnast *Storetjør* og *Nordtjør*, vidare *Ytra*, *Litla* og *Stora Nordtjørskjeret*, dessutan *Indre*, *Litle* og *Store Steinboen* og *Vestre*, *Indre/Austre*, *Litle* og *Store Snørsgrunnen*. Som døme på namn som er gjeve i relasjon til eit anna namn i området, kan ein òg rekna *Grunna-* og *Djubafluna* (Skiftesvik), *Heimra* og *Vestra øyna* (Rott), *Indra* og *Svartabredda* (Ognabukta), dessutan *Stavnheimsstøen* og *Gamle Stavnheimsstøen*.

Oftast har gruppenemninga fleirtalsform, t.d. *Frøsholmane* (*Nordre* og *Søre Frøsholmen*) og *Suggen* (*Stora* og *Litla sugga*). I slike høve er det gjerne tale om to eller fleire einskildlokalitetar som er skilde frå kvarandre. Stundom ligg dei eit godt stykke frå kvarandre, jf. *Skodene* (*Sørskod*, *Nordskod* mfl.). Fleirtalsforma kan òg vera brukt om ein grunnerygg med fleire toppar, t.d. *Perskallane* (*Nordre* og *Søre Perskallen*). Grunnar med fleire toppar kan òg ha ei gruppenemning i eintal, t.d. *Ryggen* (*Nørdre* og *Søre Ryggen*), *Levaren* (*Nørdre* og *Søre Levaren*). Eintalsforma kan òg vera nytta om ei holmegruppe med fleire skilde delar, som *Grynningen* (også *Grynningane*), delt i *Store* og *Litle Grynningen*, dessutan om lokalitetar som er ein naturleg einskap: *Seiaviga* (*Indra* og *Ytra Seiaviga*).

Når dei ulike delane ikkje dannar nokon naturleg einskap, finn ein som regel inga samnemning, jf. fiskeplassane *Nørdra kråna* og *Søra kråna* på Ognabukta, dessutan *Nordre vågen* og *Søre vågen* på Rottfladholmen. Her er det likevel tale om lokalitetar som er namngjevne i relasjon til kvarandre. Gruppenemning er heller ikkje vanleg når berre eitt av namna har presiserande ledd: *Melingsholmen – Litle Melingsholmen*, *Veden – Litleveden* og *Ribben – Søreribben*. Her er ein lokalitet namngjeven i relasjon til ein gjerne større og viktigare nabolokalitet. Det presiserande leddet er i slike høve nesten alltid *litle*. Eit unntak er *Rinda – Storarinda* frå Sele, der det førstnemnde er eit bruksnamn. Det finst òg døme på at leddet *store* blir føyd til eit namn som til vanleg førekjem utan presiserande ledd, t.d. *Store Sødel(en)*, brukt om steinen *Sødel(en)*. Det finst nemleg ein annan stein i nærleiken som vert kalla *Litle Sødel(en)*. For å skilja mellom dei to salliknande steinane blir det stundom nytta presiserande ledd også om den største og mest kjende av dei.

## 1.7 Fleire namn på same staden – namnedublettar

Av di fleire brukarmiljø, både eit gardsmiljø og eit fiskarmiljø, har nytta namna frå sjøen og stranda på Jæren, finn ein stundom fleire ulike namn og namneformer nytta om same lokaliteten, gjerne kalla *namnedublettar*. Denne typen variasjon i namnebruken har òg samanheng med at namna blir nytta i ulike situasjonar. Ein bonde kan t.d. nytta ei anna namneform i samtale med folk frå andre bygder enn han gjer i dagleg samtale med grannar i eige gardsmiljø. Holmen *Feisteinen* blir t.d. gjerne berre kalla *Steinen* i nærmiljøet – det er presist nok. Sameleis kan ein i eit gardsmiljø seia *Boen*, *Hella*, *Torva* og



Fig. 5. Skjeret Eistene og Litle Fjørenesholmen (Jåsund). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 5. The skerry Eistene and Litle Fjørenesholmen (Jåsund). Photo: Inge Særheim.*

*Viga*, medan ein i ein større brukarkrins tek med gardsnamnet for å presisera: *Orreboen*, *Sørreimshella*, *Rægetorva* og *Honnsviga*.

Veksling mellom usamansett og samansett namneform førekjem òg i andre samanhengar, t.d. *Skåga – Revingsskåga*, *Grunnen – Vågsgabsgrunnen*, *Sanden – Figgjasanden* og *Klumpen – Nordvigsklumpen*, der den eine varianten er eit sekundærnamn som inneheld eit anna stadnamn, her eit naturnamn som gjer greie for leiet. Elles kan den eine varianten innehalda eit presiserande ledd, t.d. *Litholmen – Nordre Litholmen* og *Faksen – Indre Faksen*, for å kunna skilja mellom lokalitetar med tilsvarande eller liknande namn (*Søre Litholmen* og *Ytre Faksen*). Den eine varianten kan dessutan ha eit utmerkjande ledd av annan type: *Knogane – Skidknogane*, *Skia – Einarskia* og *Bredda – Svartabredda*. Også i slike høve synest namnebrukssituasjonen vera avgjerande for kva for ein namnevariant som vert nytta.

I somme høve er det nytta same hovudleddet, men ulikt utmerkingsledd om ein og same lokalitet, t.d. *Klampaskjeret – Seiaskjeret*, *Buøysosen – Frøsholmsosen* og *Vigaberget – Bådaberget*. I andre høve er utmerkingsleddet likt, men hovudleddet ulikt: *Humraskjera – Humrasteinane*, *Litlahella – Litlasugga* og *Sandeviga – Sandebukta*. Det finst òg døme der både hovud- og utmerkingsleddet er ulikt: *Midsloen – Taraskjeret*, *Måkollvågen – Litla Vardaviga* og *Nilsagrunnen – Søra Fladholmsfluna*.

Andre typar veksling finn ein i *Skjeret – Skjevlingen* og *Nordboen – Klampen*, her med ulike hovudledd. I nokre høve er det eine namnet ei biletleg laging: *Hellen – Suggen* og *Spretteboen – Kjerringa*. I slike høve der anten hovudledda eller utmerkingsledda er ulike, eller båe ledda er ulike, er det som regel ulike namnebrukarmiljø som er bakgrunnen for vekslinga.

Den eine namnevarianten kan ha karakter av *slang*, noko som særleg gjeld variantar som har blitt nytta i eit fiskarmiljø. Døme er *Eidskjeret – Eistene* (eit skjer med to runde toppar) (Fig. 5), *Mjånessundet – Risalédet* (eit sund der fiskarar tok snarvegen ut av Risaviga), *Dynbergskilen – Dynekilen*

(ei innskjering på holmen Grynningen) og *Litle Ståbelen – Grimsby*. Det sistnemnde siktar til den kjende engelske fiskarbyen, og har bakgrunn i at det i ein periode var svært mange fiskarar som heldt til ved denne holmen nær Håstein.

Eit anna døme på at fiskarar stundom har nytta eit anna stadnamn enn folk på vedkomande gard, finn ein på Ogna. Médfjellet *Kattafjellet* blir kalla *Lyngtua* av Sirevåg-fiskarar. Sett frå sjøen ser denne toppen ut som ei tue med lyng. Elles kallar fiskarar frå Sirevåg fjellet *Hådyr* frå Sokndal for *Den blåe* når dei nyttar det som méd.

Den eine namnevarianten kan vera ei forkorta (*elliptisk*) laging. Det gjeld truleg døme som *Åbreien – Åbreiskallen*, *Roa – Roafluna* og *Reibaren – Reibarskallen*, jf. òg *Gangvaren – Gangvarskjeret*, *Gåsa – Gåsaskjeret*, *Kalken – Kalkaskjeret*, *Fylja – Fyljeberget*, *Klokka – Klokkeskjeret* og *Skurva – Skurveskjeret*, der namna har ulikt grammatisk kjønn. Det kan likevel ikkje utelukkast at det i nokre av desse døma dreiar seg om opphavleg usamansette lagingar, og at den andre (samansette) varianten har fått lagt til eit lokalitetsskildrande ord, altså ei såkalla *epeksegetisk* laging.

Namnevariasjon kan elles koma til uttrykk ved ulike grammatiske former av same namnet, som *Sandåger – Sandågeren* og *Fakse – Faksen*, altså veksling mellom bunden og ubunden form. Det finst òg veksling mellom eintal og fleirtal *Gunnarskjeret – Gunnarskjera* og *Holmen – Holman*. Andre døme på språkleg veksling er *Den sjure – Sjuren* og *Den dumme – Dummen,* der ein finn føresett bunden artikkel i den eine varianten og etterstilt artikkel (bunden form) i den andre. Ei flu ved Ognaholman er kalla *Holmaflu* og *Fluna innani Holmen*. Den sistnemnde namnevarianten er nytta av Sirevåg-fiskarar, som òg har fiskeplassen *Fluna med Holmen* ved Ognaholman.

## 1.8 Slangnamn

Fleire av namnedøma som er omtala ovanfor, kan kallast slangnamn, Dei er gjerne nytta i eit lite miljø, ofte eit fiskarmiljø, og nokre av dei er knytte til spesielle episodar. Fleire av dei er humoristiske, og låtten går stundom ut over ein person, gjerne ein kollega som har vore uheldig på vedkomande stad, altså namn med ein slag nidfunksjon (dvs. *nidnamn*). Dette gjeld t.d. steinar i sjøen som nokre fiskarar har rodd på, jf. → *Austbøsteinen* (Vigdelsviga) og *Salmonsteinen* (Søra-Kolnes).

Nokre namn vert nytta ved sida av eit anna namn som er gangbart i fleire situasjonar. Det to-toppa skjeret som fiskarane kallar → *Eistene*, er t.d. av bonden på vedkomande gard omtala som *Eidskjeret*. Vika → *Mararaua* (Rott) vart av ein rottar (ein person frå Rott) kalla *Maraslørja*, for det skulle vera finare. Det langstrekte skjeret *Einarskia* i Hafrsfjordkjeften er òg kalla *Einarskiden*, det sistnemnde som slangvariant. *Dynekilen* (Grynningen) kan òg kallast ein slangvariant, nemleg til → *Dynbergskilen*. Slangnamn er òg *Dørdi* (etter engelsk *dirty* adj. 'skiten', med negativt innhald), nytta om ein grunne ved Frøsholmane; jf. òg det nemnde *Grimsby*, nytta om holmen *Litle Ståbelen*.

## 1.9 Kreativ namngjeving

Mange skjer- og grunnenamn er individualiserande lagingar. Fleire av dei er laga til verb: → *Bragen* (til *braka*), *Døsa* (til *døsa*), *Hurra* (til *hurra*), *Sprette* (til *spretta*), *Skjenane* (til *skjena*), *Skrabene* (til *skrapa*), *Springaren* (til *springa*) og *Stikkaren* (til *stikka*); dei to sistnemnde er såkalla nomen agentis-lagingar. Det finst òg lagingar til substantiv, som *Skjevlingen* (*skavl* m.), og til adjektiv, → *Sjuren* (også kalla *Den sjure*; jf. gno. *stirðr* 'hard') og *Dummen* (*Den dumme*, vel til *dum* adj. 'uklar, mørk'). Fleire av desse namna gjev uttrykk for 'levande' eigenskapar ved lokalitetane. Dei er gjerne nytta om grunnar som bryt utan varsel og med stor kraft og sterk lyd, med andre ord stader der ein skal vera særs aktsam når ein fer framom i båt.

Ei rekkje namn på skjer og grunnar er biletlege lagingar (metaforar). Biletbruken kan sikta til form, lyd, farge, farefulle stader o.a., jf. omtalen av namnelagingsmåtar framanfor. Fleire ord for kroppsdelar førekjem; nokre av dei blir nytta nærast som vanlege ord (appellativ), der biletfunksjonen er avbleika. Døme på nemne for kroppsdelar er (frå topp til tå): → *hause* m. (t.d. i *Sakrishausen*), *skalle*

m. (*Perskallen*), *skolt* m. (*Håvardskoltane*), *kinn* n. (*Kinnarvåg*), *nase* m. (*Nasen hans Arnt*), *snyte* ('snute', *Snøde*), *gap* n. (*Repsebergviggabet*), *kjeft* m. (*Hafrsfjordkjeften*), *tunge* f. (*Tunge*), *hals* m. (*Håsteinshalsen*), *gobb* f. ('aksel', *Gobba*), *patte* m. (*Pattane*, médfjell inne på land), *vorte* f. (*Vortene*, médfjell), *kvise* f. (*Kvisa*), *rygg* m. (*Ryggen*), *kup* ('pukkel', *Kupmannen)* (Fig. 6), *rauv* f. (*Dalaraua*), *fud* f. ('rauv', *Marafu*), *rumpe* f. (*Rumpevågen*), *pik* m. (*Pigen*), *eiste* f. (*Eistene*), *bollr* m. (*Bolleren*), *kunte* f. ('fitte', *Kuntegrunnen*), *fot* m. (*Foden*) og *tå* f. (*Uratåna*).

I stadnamna har strandbuen jamvel brukt tilsvarande ord og språkbilete som diktaren Arne Garborg nytta då han skildra havet som støyter mot land, t.d. i opningskapittelet av romanen *Fred*. Også i skjergardsnamna finn ein *fakskvite brimhestar* og *æveheims orgetone* med *dunk* og *dønn* og lange *brak*. Nokre namn skildrar det kvite skumròket – brimet – som heng att når bølgjene bryt, som → *Fakse(n)*, *Faksaskjeret*, *Den kvide* og *Brønnes* ('brim'). Skjer- og steinnamn som *Hesten* og *Sødel* siktar mest til forma til lokalitetane. I namn som → *Dunkane*, *Doneviga*, *Dynneviga*, *Dynbergskilen* og *Bragen* er det den djupe malande lyden av havbølgjene som bryt mot land og skjer, som er skildra – havsens don og marm.

## 1.10 Skrivemåten av stadnamn

Stadnamna er overførte i munnleg tradisjon frå generasjon til generasjon, nokre av dei i fleire hundreår. Dei er laga av vanlege folk i gards- og bygdemiljøet og høyrer til den lokale munnlege kulturen. Namna har følgt med i lydutviklinga for vedkomande målføre og har ein uttale som speglar utviklingssteget til dialekten på staden. Men sjølv om den munnlege overleveringa av gamle norske stadnamn i regelen har vore ubroten, har det vore brot i den skriftlege overleveringa. I den tida dansk var skriftspråk i Noreg (ca. 1500–1900), vart norske gardsnamn og andre stadnamn skrivne i samsvar med dansk språk og skriveskikk. Det kunne då vera stor skilnad på den lokale uttalen og skrivemåtar av namna i offisielle dokument, t.d. *Malde* for *Madla* og *Sualle* for *Sola*. Mange etternamn som svarar til opphavlege gardsnamn, går attende på skrivemåtar som kom inn i denne perioden, t.d. *Dahle*, *Malde*, *Moe*, *Refve*, *Grude*, *Wiig*, *Ree*, *Grødem*, *Egeland*, *Ødemotland*, *Qualbeen*, *Løvbrekke* og *Øxnevad*. Når eit namn er nytta som stadnamn i offisielle samanhengar, t.d. på kart og vegskilt, skal dei skrivast i samsvar med gjeldande stadnamnlov og føresegner som er fastsette for skrivemåten av stadnamn, her *Dale*, *Madla*, *Mo*, *Reve*, *Gruda*, *Vik*, *Re*, *Grødheim*, *Eigeland*, *Audamotland*, *Kvalbein*, *Lauperak* og *Øksnavad*.

I denne boka er det nytta skrivemåtar som samsvarar med gjeldande namnelov. Viktige prinsipp i lova er at den offisielle skrivemåten skal ta utgangspunkt i, dvs. byggja på, den nedarva lokale uttalemåten (dvs. dialektforma), og at ein skal følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. For kjende ord skal ein nytta den rettskrivingsforma som ligg nærast den tradisjonelle uttalen. Namna skal ha den same samansetjingsforma som dei har i målføret, t.d. *Grødaland* og *Krabbaviga* med *-a*, men *Obrestad* og *Skrydeviga* (Fig. 7) med *-e*.

Konsonantgruppene *pt* og *ps* er nytta der det stemmer med målføret, t.d. *Skiptesviga* /"sjiptesvi:Gå/ og *Upsakanten* /"opsakant,n/. Dei andre særmerkte konsonantgruppene i rogalandsmålet er normerte i samsvar med rettskrivinga, jf. *Holen* /'ho:d,l/, *Kvernane* /"kvednane/, *Hellerane* /"hidlarane/ og *Ramnafjellet* /"rabnafjedle/. Såkalla 'mjuke' (dvs. stemde) konsonantar blir nytta der det er i samsvar med dialekten, men med alternativ skrivemåte med 'hard' (ustemd) konsonant i parentes, t.d. *Fuglaviga* (*-vika*) /"foglavi:Gå/, *Gabet* (*Gapet*) /'ga:be/ og *Madholet* (*Mat-*) /"ma:dhå:le/. For mange gardsnamn som vert uttala med 'mjuk' konsonant, er det innarbeidd skrivemåte med 'hard' (ustemd) konsonant, t.d. *Vik* og *Vistvik*. Slike namn har i boka oppslagsform med hard konsonant, men gjerne alternativ skrivemåte med 'mjuk' konsonant i parentes. I normert form skal namna som hovudregel ha den bøyingsforma som dei har i målføreuttalen, men bøyingsendingane er likevel normerte. Substantivendingar på *-å* og *-e* i bunden form hokjønn eintal (og inkjekjønn fleirtal) er skrivne *-a*, t.d. *Stronda* for /'strånå/ og /'stråne/. For fleirtalsending på *-an* og *-en* følgjer ein målføreuttalen, t.d. *Holman* /"hålman/, *Kattapollan* /"katapådlan/, *Hellen* /"hedlen/ og *Småskjeren* /"små:sjæ:ren/.



Fig. 6. Kupmannen (Myklabost). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 6. Kupmannen (Myklabost). Photo: Inge Særheim.*





Fig. 7. Skrydeviga (Varhaug). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 7. Skrydeviga (Varhaug). Photo: Inge Særheim.*

## 1.11 Namnetolking

Ved tolkinga av stadnamna identifiserer ein ord, språkformer og språklydar som dei inneheld (*språkleg tolking*), og ein undersøkjer dei ytre tilhøva som ligg til grunn for namngjevinga (*real tolking*). I og med at stadnamna primært er laga og nytta som munnlege språkformer, i samsvar med språksystemet i vedkomande dialekt, må den språklege tolkinga samsvara med fagkunnskap som er utvikla om ordbruk, bøyingsmåte og lydutvikling i dette målføret. Tolkingsframlegga må dessutan ta omsyn til ev. eldre skrivemåtar av namna og den spesielle skriftspråkshistoria her i landet og til norsk og germansk språkutvikling. Det må òg stillast krav til analysen av den reale bakgrunnen for namngjevinga, dvs. dei reale tilhøva som ligg til grunn for namnelaginga, t.d. topografien, plantelivet, dyrelivet, verksemder, tradisjonar og hendingar.

Mange tolkingar er uvisse. Det kan skuldast at vedkomande namn er svært gammalt, at det er unikt og difor vantar parallellar, at eldre skrivemåtar vantar, at uttalen av namnet har endra seg sterkt sidan lagingstidspunktet, eller at terrenget og bruken av det har endra seg mykje sidan namnet vart laga. Somme ord kan elles vera nytta på fleire ulike måtar i stadnamna. Stundom kan ein berre peika på moglege tolkingar. ◆

# 2

# Nokre språkstrukturelle og språkhistoriske drag

## 2.1 Skiljemerke i jærmålet

Stadnamna er primært laga og nytta som munnlege språkformer, og dei følgjer difor reglane – språksystemet – i vedkomande målføre, bl.a. når det gjeld uttale, bøying og ordbruk. Namna vert overførte i munnleg tradisjon i samsvar med lydutviklinga i dialekten.

Jærmålet høyrer til rogalandsmålet, som er eit sørvestnorsk *a*-mål. Ein norrøn *a* i trykkveik stilling er i dette området normalt halden ved lag, både etter opphavleg lang og kort førstestaving, jf. infinitivar som *å lesa*, *å bida* (*bita*), og svake hokjønnsord som *ei visa*, *ei vega* (*veke*). Mange stadnamn i dette området endar på ein *-a*, som reflekterer ei gammalnorsk kasusending, t.d. *Sola* < gno. *Sóla* (i nominativ *Sóli*), *Ogna* < gno. *Ógna*.

I stadnamna kjem mange særdrag i dialektane til syne, både når det gjeld uttale, bøyingsmåte og ordbruk. Gjennom dette materialet kan ein granska ulike dialektgrenser – både noverande og tidlegare grenser. Sjølv om jærmålet kan seiast å vera eit einskapleg målføre, vil ein likevel finna noko variasjon i bl.a. uttale, ordbøying og ordbruk, og nokre språklege skiljemerke innom dette området. Somme språkdrag som ligg føre i nordre delen av Jær-området, går saman med dialektane i Ryfylke og Nord-Rogaland, medan nokre drag i søre delen av området er sams med målet i Dalane.

Eit skiljemerke mot dalamålet er bøyinga av sterke hokjønnsord i bunden form eintal. Jærmålet har lik ending i linne og sterke ord, t.d. *den brekkå* (*brekka*), *den ægrå* (*ekra*) og *den vigjå* (*vika*), *den ånå* (*åa*). I store delar av Dalane (Bjerkreim, Eigersund, Helleland og Heskestad) finn ein ulike endingar: *den brekkå*, *den ægrå*, men *den vigje*, *den åne*. Heilt sør i Hå, dvs. sør i tidlegare Ogna herad, frå Sirevåg og sørover, finn ein i tradisjonelt mål same bøyingsmåten som i Dalane.

Eit anna skiljemerke mot målet i Dalane er endinga i bunden form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord. Jæren har fulle former, *-ane* og *-ene*, t.d. *dei bakkane*, *dei brekkene*, medan dalamålet (med unntak av Bjerkreim) har avkorta former: *-an*, *-en*: *dei bakkan*, *dei brekken*. Også på dette punktet går den søre delen av Hå saman med Dalane. Nokre namneformer, som *Gjerden* /"je:ren/ (fleirtal av *gjerde* n.) frå Nordvarhaug og *Nesjen* (gammal fleirtalsform av *nes* n.) frå Våland, kan tyda på at denne grensa har gått lenger nord tidlegare.

Eit drag som skil jærdialekten frå målet i Ryfylke og Nord-Rogaland, er endinga i ubunden form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord. I nordfylket og i den gamle bydialekten i Stavanger finn ein halden *-r*, t.d. *mange steinar*, *mange fluer*, medan jærmålet vantar *r*-en: *mange steina*, *mange flue*. Heilt nord på Jæren, særleg i Randaberg og noverande Stavanger (medrekna tidlegare Madla), er *r*-endinga på sterk frammarsj i desse bøyingsklassane.

Eit anna trekk som skil jærmålet frå ryfylkemålet, er manglande runding av *a* framom *ng*, t.d. i



Fig. 8. Vågen, munningen av elva Hååna (Hå/Nærland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 8. Vågen, the mouth of the river Hååna (Hå/Nærland). Photo: Inge Særheim.*

ord som *lang* adj. og *mange* ub. pron., der ein i nordfylket finn former som /'långe/ og /"månge/, medan jærmålet har /'lange/ og /"mange/ (også /"manje/). Av nokre stadnamn, som *Longholen* /"långho:d,l/ og *Longebakken* /"långebaKen/, både frå Klepp, dessutan *Longeskog* /"långesko:g/ og *Longavatnet* /"långa-vatne/ frå Time, går det fram at denne grensa har gått lenger sør tidlegare.

Eit markant skilje innom jærmålet er bruken av den lange *æ*-lyden. Denne lyden vantar i nordre delen av området (frå og med Sola og Sandnes), men er svært vanleg (brukt i mange ord) og karakteristisk (med open uttale) for Midt- og Sør-Jæren, dvs. i det området som av mange blir rekna som det eigentlege Jæren. I det nordre området blir t.d. *ekre* f., *bær* n. og *Jæren* uttala /"e:gra/, /be:r/ og /'je:ren/, medan det i det midtre og søre området heiter /"æ:gra/, /bæ:r/ og /'jæ:ren/. Den aller sørlegaste delen av Sola og Sandnes går på dette punktet saman med Midt- og Sør-Jæren.

Eit anna skilje, som òg er markant, og med om lag same nordgrensa som den lange *æ*-lyden, gjeld uttalen av diftongane *ei*, *au* og *øy*, t.d. i ord som *hei* f., *haug* m. og *høy* n. I det midtre og søre området av Jæren (Klepp, Hå og Time) har desse diftongane svært open uttale, om lag *ai*, *ao*, *åy*, medan det nordre området har trong uttale: *ei*, *øu*, *øy*. Eit skilje som ikkje er relevant for stadnamna, gjeld pronomenformene *oss* og *vår*. Sør for Hååna seier ein *åkke* (*okke*) og *åkka* (*okka*), som i Dalane, medan ein nord for denne grensa finn formene *åsse* (*osse*) og *vår(es)*.

I tillegg til dei geografiske målgrensene innom området finn ein skilje i målbruken til ulike aldersgrupper. Fleire av dei tradisjonelle dialektdraga som ein finn hjå dei eldste personane i området, er i ferd med å bli utviska. Det gjeld bl.a. uttalen med *j*-lyd (palatalisering) i bøyingsformer som *Veggene* /"veGene/, *Bakken* /"baKen/, *Bekken* /'beKen/, *Hagen* /"haien/, *Skogen* /'skoien/ og *Vågen* /'vå:Gen, 'våyen/ (Fig. 8). Her vinn uttaleformer med rein *g*- og *k*-lyd fram. I delar av området blir *kj*-lyden (/K/), med mønster i bl.a. stavanger- og sandnesmålet, av dei yngste språkbrukarane bytt ut med *sj*-lyd, t.d. i ord som *ikkje* adv., *kino* m., *kiste* f., *kjerre* f. og *kjær* adj. Nokre utviklingsdrag i uttale og bøyingsmåtar

hjå yngre målbrukarar på Jæren er omtala av Time (1986). I denne boka, som har nedarva stadnamn som emne, er det talemålet til dei eldste – dvs. eldre jærmål – som har størst interesse.

Dei største endringane i målet finn ein i kjennskapen til og bruken av ord – og stadnamn. Mange særmerkte terrengskildrande ord som førekjem i stadnamna frå Jæren, er ukjende for unge jærbuar i dag. Også kjennskapen til dei lokale stadnamna langs strendene og på sjøen er klart dårlegare i dag enn for eit par generasjonar sidan. Det heng først og fremst saman med sterk endring i bruken av desse områda i seinare tid; stadene blir ikkje brukte på same måten som før.

## 2.2 Uttale

Målføret i den søre og midtre delen av Jæren har ni lange vokalfonem (dvs. meiningsskiljande vokalar), nemleg /i:/, /e:/, /æ:/, /y:/, /ø:/, /a:/, /å:/, /o:/, /u:/. I den nordre delen av området vantar, som nemnt, /æ:/, så der er det berre åtte lange vokalfonem. I tillegg til desse monoftongane kjem diftongane /ei/, /au/ og /øy/, som òg er lange. Uttalen av diftongane varierer, som nemnt, innom området, med open uttale i det søre og midtre området og trong uttale i nord. På Sør-Jæren og dels Midt-Jæren kan ein høyra ein tendens til diftongering av lang /u:/, t.d. i ord som *du* pron., *duk* m., *suppe* f. /"su:ba/, altså uttale som går i retning av ein diftong /eu/. Også ved lang /i:/ kan ein stundom høyra ein tendens til diftongering. Dette måldraget gjer seg likevel langt mindre gjeldande på Jæren enn i indre delar av Agder, der Setesdal er kjerneområdet.

Av di kort /e/ og /æ/ har falle saman (her skrive /e/), finn ein berre åtte korte vokalfonem i området: /i/, /e/, /y/, /ø/, /a/, /å/, /o/, /u/. Det er vanskeleg å finna gode døme på skilje (opposisjon) mellom kort /u/ og kort /y/ og /ø/, og det kan difor diskuterast om kort /u/ skal førast opp som eige fonem (Time 1973:42, Røe 1976:36, jf. Sandvik 1979:53 ff., Særheim 1980:29).

I tillegg til dei vanlege konsonantfonema /b/, /d/, /f/, /g/, /h/, /j/, /k/, /l/, /m/, /n/, /p/, /r/, /s/, /t/, /v/, finn ein /ng/-lyden i t.d. *lang* adj., *kj*-lyd (skrive /K/) i *kjerre* f., *ikkje* adv. og *bekken* m., og *gj*-lyd (skrive /G/) i *leggja* vb. og *Veggene*. Hjå dei aller eldste blir /K/ uttala som affrikat, dvs. som i tradisjonell ryfylkeuttale av t.d. *ikkje* adv., *kjerre* f. og *bekken* m. Elles blir /K/ uttala som frikativ (friksjonslyd), men den yngre generasjonen har vanleg /k/-lyd (utan palatalisering) i t.d. *bekken* og *bakken*, og *g*-lyd i *leggja* og *Veggene*. Yngre folk har elles /ng/-lyd i t.d. *senga* f., der ein i tradisjonelt jærmål finn palatalisert uttale /'senjå/.

Den gamle *r*-lyden i jærmålet, uttala med fremre delen av tunga, er no så godt som ute av dialekten. Lengst heldt denne lyden seg i den sørlege delen av området, sør i Hå kommune. Fleire av heimelsfolka for namnetilfanget i denne boka nytta den gamle *r*-varianten. Såkalla skarre-*r*, uttala med bakre delen av tunga, kan no seiast å vera einerådande på Jæren og stort sett i resten av Rogaland.

Eitt av fleire særdrag ved den lydhistoriske utviklinga i jærmålet er dei mange særmerkte konsonantgruppene, t.d. /'våd,l/ (*voll* m.), /'steid,n/ (*stein* m., utvikla av gno. *steinn*), /'rab,n/ (*ramn* m., av gno. *hrafn*), /'ka:d,l/ (gno. *karl* m.), /hebd/ (gno. *hefð* f.), /'håd,n/ (*horn* n.), /"sjybla/ (*skyfla* vb.), /'hat,l/ (*hassel* m., gno. *hasl*), /"glepsa/ (*glefse* f.), /"sjipte/ (*skifte* n., gno. *skipti* n.), /'o:g,n/ (*omn* m., gno. *ofn*); jf. òg namnet /"håpmansleide/ (gno. *hofmaðr* m.). Dei to førstnemnde utviklingane (/'våd,l/ og /'steid,n/) er døme på *segmentasjon*, dvs. at ein lang konsonant utviklar seg til to konsonantar; ein ny lyd kjem til. Dei andre utviklingane er resultat av *differensiasjon*, dvs. at to ulike konsonantar i eit samband blir meir ulike. Tilsvarande konsonantgrupper finst i andre sørvestnorske dialektar. Det finst mange døme på slike særmerkte konsonantgrupper i stadnamna.

## 2.3 Bøying

Av di stadnamna som proprium er ei undergruppe av ordklassen substantiv, og oftast har eit vanleg substantiv (appellativ) som hovudledd, vil det ha interesse i denne samanhengen å sjå korleis ein bøyer substantiv i målføret. Mønsteret er nokså einsarta innom området, med fleirtalsendingane *-a* og *-ane* som hovudmønster for hankjønnsord (t.d. *steina – steinane*, *haga – hagane*), og *-e* og *-ene*

som sidemønster (*gjeste* – *gjestene*, *føde* – *fødene*). For hokjønnsorda er hovudmønsteret *-e* og *-ene* (*markje* – *markjene*, *kjelve* – *kjelvene*, *bøge* – *bøgene*) og sidemønsteret *-a* og *-ane* (*øya* – *øyane*). Som nemnt, finn ein avkorta former *-an* og *-en* i bunden form fleirtal i den søre delen av Hå, medan ending med *-r* (*ar-* og *er/år*-ending) er på veg inn i ubunden form fleirtal (*steinar*, *jentår*) heilt nord i området (Randaberg og Stavanger), påverka av Stavanger bymål.

For inkjekjønn kan orda *berg* og *nes* med fleirtalsformene *berg* – *berjå*, *nes* – *neså* stå som døme på hovudmønsteret, medan ein elles finn mønsteret *stykkje-stykkjå* (for *stykke*) og for *øyra*: *øyre* – *øyrå* (yngre: *øyrene*). Somme inkjekjønnsord får fleirtalsbøying i likskap med hokjønnsord, t.d. *husene*, *naustrene*, noko det er fleire døme på blant stadnamna: *Bergene* /"berjene/, *Småskjeren* /"små:sje:ren/. I nokre ord endrar rotvokalen seg, jf. *bådn* – *bådnå* (*barn*), *låm* – *låmmå* (*lam*) og *nåbn* – *nåbnå* (*namn*).

Av andre særdrag ved substantivbøyinga kan nemnast *n*-innskot i bunden form eintal av hokjønnsord som endar på lang rotvokal, og tilsvarande i bunden form fleirtal av inkjekjønnsord: *tånå* (*tå* f.), *ånå* (*å* f.), *øynå* (*øy* f.), *menå* (*méd* n.). Elles er det *n*-bortfall (pga. assimilasjon) framom endinga i bunden form eintal av hankjønnsord som endar på *nd* og *nn*: *saen* (*sand*), *maen* (*mann*), *loen* (*lund*). Dette draget manglar i den sørlegaste delen av Hå, i grensa med Dalane.

Det er òg eit særpreg at ein ikkje skil mellom ubunden og bunden form av hankjønnsord som endar på stavingsberande /l/ eller /n/, t.d. /'våd,l/ (for *voll* og *vollen*) og /'steid,n/ (for *stein* og *steinen*). Elles blir ein *g* gjerne diftongert framfor endinga i bunden form i hankjønnsord, jf. /"haien/ (*hagen*), /'veien/ (*vegen*), /'skoien/ (*skogen*), /'våyen/ (*vågen*) og /'håyen/ (*høyen*, svarar til *haugen*). I bøyingsforma *høyen*, som er nytta i midtre og søre delen av Hå, har ein først fått monoftongering av *au*, og seinare diftongering framom *g* og høg fremre vokal (opphavleg *i*).

Også adjektivbøyinga er av interesse i denne samanhengen, for mange stadnamn inneheld adjektiv og komparativformer av adverb, bøygde som svake adjektiv. I den svake bøyinga får adjektivet i eintal *-a* i hokjønn og inkjekjønn: *den svarta myrå*, *dæ svarta næse*. I hankjønn eintal og i fleirtal av alle kjønn er endinga *-e*: *den svarte steidn, dei svarte steinane/myrane/næså*. Døme med komparativformer av adverb er: *den søre steidn*, *den søra myrå*, *dæ søra næse*, *dei søre steinane/myrane/næså*.

## 2.4 Samansetjing av namneledd, tonelag (tonem) og trykk

Det synest vera visse mønster for korleis namneledda er kopla saman i samansette namn. Eit svakt hankjønnsord som føreledd, t.d. *tange*, *hage* og *varde*, som i ubunden form endar på *-e*, vil til vanleg få samansetjing med *a*-fuge og tonelag 2, t.d. *Tangasloane*, *Haganes* og *Vardaviga*. Men eit svakt hokjønnsord, t.d. *kjelde*, *terne* og *ekre*, som endar på *-a* i målføret, vil få *e*-samanfelling og tonelag 2: *Kjeldestø* (Fig. 9), *Terneskjeret* og *Egremyra*. Dette samsvarar med systemet i gammalnorsk, der desse ordklassane i genitiv eintal (vanleg samansetjingsform) enda på *-a* i hankjønn (**Tanga-*) og *-u* i hokjønn (**Keldu-*). I genitiv fleirtal var endinga *-a* i substantiva (*-na* i svake hokjønnsord).

Særleg *a*-fuga er mykje nytta i namnetilfanget frå jærstrendene; ho omfattar ca. 40 % av dei samansette namna. Denne komposisjonsmåten er òg nytta i substantivgrupper der ein etter systemet i gammalnorsk ville ha venta annan samanfellingsmåte, og kan difor seiast å ha ekspandert til andre grupper, jf. *Raunasteinen* (*raun* m.), *Onglaskjeret* (*ongel* m.), *Vågaberget* (*våg* m.) og *Buasanden* (*bu* f.).

Ein finn til vanleg *a*-fuge og tonem 2 når føreleddet er eit dyrenemne, som *Lyraskjeret*, *Seiaskjeret*, *Laksaskjeret*, *Humrasteinane*, *Korpasteinen*, *Ramnatangen* og *Hundatua*. Same fuga finn ein ved personnamnføreledd: *Nilsagrunnane*, *Larsagrunnen*, *Hansagrunnen*, *Svennagrunnen*, *Perafluna*, *Gaudastranden* (*Gaute*), *Olsabryggja* (*Olsen*) og *Monsabryggja* (*Monsen*). Ved slike føreledd finn ein òg døme på stamme- og *s*-komposisjon, særleg når etterleddet byrjar på vokal (eller *h*): *Seiodden*, *Håvardskoltane*, *Persodden*, *Svensrudla* og *Karlsméd*, dei tre sistnemnde med tonem 1.

I nokre høve er gamle avleiingssuffiks haldne ved lag, t.d. *-na* og *-ja*: *Øksnaskora*, *Hyljaodden* og *Nesjarfluna*. I det sistnemnde finn ein fuge med *-ar*. Noko over 20 namn har slik *ar*-fuge. I døme som *Bekkjarviga*, *Åros* (*å* f.) og *Bjårvatnet* (gardsnamnet *Bø*), dei to sistnemnde med tonem 1, kan



Fig. 9. Kjeldestø (Hårr). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 9. Kjeldestø (Hårr). Photo: Inge Særheim.*

(opphavleg) *ar*-fuge forklarast ut frå mønsteret i gammalnorsk. Men denne fuga førekjem òg i ordtypar som ikkje har denne genitivendinga i gammalnorsk, som *Reibarskallen* (*reip* n.), *Kobbarodden* (*kobbe* m.), *Sandarvågen* (*sand* m.) og *Husarhausen* (*hus* n.), alle med tonem 2, jf. elles *Soldatarhøyen* (med trykk på andrestavinga og tonem 1).

Ein finn, som nemnt, *e*-fuge ved svake hokjønnsord som føreledd, men òg ved tostava inkjekjønnsord, som i *Gjerdeskjera* og *Skiftetangen*, og ved somme hankjønnsord: *Stallebeden* (*stall* m.) og *Bondesedet* – med tonem 1 i det sistnemnde og tonem 2 i det andre.

Samanfelling med *s*-fuge er, som nemnt, vanleg ved personnamn, dessutan ved samansette føreledd, som i *Veggjevigsholmen*, *Buøysosen* og *Lyratangsviga* – alle med tonem 2. Denne fuga er òg vanleg ved føreledd på -*ing*, t.d. *Melingsgrunnen*, *Skimlingsfluna* og *Grynningsosen* (alle med tonem 2), og ved ulike andre ordtypar som føreledd: *Dalsrevet*, *Steinsvig*, *Gjerdstangen*, *Kalvshagen* og *Skiptesgarden* – med tonem 1 i dei tre førstnemnde, tonem 2 i dei to andre. Same orda kan i andre – truleg yngre namn – ha samansetjing med vokal: *Dalaraua*, *Kalvahagen*, *Skiftetangen* og *Gjerdeskjera*.

Stammekomposisjon (null-fuge) førekjem i snautt 30 % av dei samansette namna. Denne samanfellingsmåten finn ein ved ulike typar føreledd, jf. *Buviga*, *Morthol*, *Skarvura*, *Humrodden*, *Laksholmen*, *Seiodden*, *Hestholmen*, *Presthagen* og *Åtangen* – med tonem 1 i det sistnemnde og tonem 2 i dei andre døma. I fleire av namna byrjar sisteleddet på vokal eller *h*. Nokre andre namn med same føreleddet har vokalkomposisjon: *Prestaskjeret*, *Seiagrunnen* og *Laksasteinen*.

I nokre namn der eit tostava føreledd endar på -*r* eller -*l*, finn ein trykk på etterleddet og tonem 1. Døme er *Nausterhella* /nauster'hedlå/, *Syltertangen* /sylter'tanjen/, *Kumlholet* /komel'hå:le/, *Ågerhagen* /å:ger'haien/ og *Ågerhøneberget* /å:ger'hø:neberje/. I namnet *Svevnhaug* /sveb,n'hau/ frå Horpestad finn ein same trykkmønsteret ved eit tostava føreledd som endar på -*n*.

Adjektivføreledd kan stå i stammeform, som i *Håboen*, *Mjåsund*, *Fladholmen* og *Småskjeren*, med tonem 1 i dei to førstnemnde. I andre namn har adjektivet svak bøying: *Svartetangen*, *Svartabredda*, *Svartaskjeret* og *Svartesteinane* – alle med tonem 2. Tilsvarande samanfelling finn ein i namn med adverb som føreledd, jf. *Nordholmen* og *Nørdbu*, men *Nørdre Vågen*, *Nørdra Kråna* og *Nørdra Brodet* – alle med tonem 2. Verb som føreledd kan ha *e*-fuge, t.d. *Kvilesteinane*, eller *ar*-fuge, som i *Ragarviga* – både har tonem 2. Også stammekomposisjon er brukt: *Frøsholmane* og *Rekkusen* – både med tonem 1.

## 2.5 Ubunden eller bunden form

Dei fleste stadnamna frå det undersøkte området har bunden form, som *Skjeret* og *Skarvaskjeret*. Men det finst likevel ein god slump namn med ubunden form, først og fremst blant dei samansette namna, men døme finst òg blant dei usamansette.

I nokre høve vil det i målføret ikkje vera skilje mellom ubunden og bunden form, t.d. ved ord som *stein*, *voll*, *botn* og *hamn*, som alle endar på stavingsberande konsonant. Uttaleformer som /'steid,n/, /'våd,l/, /'båt,n/ og /'hab,n/ kan formelt sett reflektera både ubunden og bunden form; i dei fleste høva dreiar det seg nok om bunden form, altså *Steinen*, *Skarvasteinen*, *Vollen* og *Skarpevollen*.

Dei fleste gardsnamna har ubunden form, både dei usamansette, som *Tunge*, *Sande*, *Sunde*, *Goa*, *Tjora*, *Vik*, *Hå* og *Hårr*, og dei samansette: *Vistvik*, *Vistnes*, *Jåsund* og *Myklabost*. Dette har med alderen til namnelagingane å gjera. Her dreiar det seg om namn som er laga før bunden form vart vanleg i stadnamna, dvs. i hovudsak før seinmellomalderen. Dei fekk ikkje bunden form då denne novasjonen kom inn i stadnamna. Nokre matrikkelgardsnamn har bunden form, som *Stølen*, *Holmane* (Fig. 10) og *Kalvshagen*, alle nytta om gardar heilt sør i Hå. Her er det tale om relativt unge namnelagingar.

Bunden form er eit språkdrag som kom inn i namnetilfanget seint i mellomalderen. Det er elles ein viss geografisk variasjon og ulikskap når det gjeld førekomst av namn med ubunden eller bunden form (Haslum 2003). Bunden form er det normale i usamansette namn i alle delar av landet. Kjerneområdet for bruken av bunden form i samansette stadnamn er Trøndelag, der òg mange gamle gardsnamn med opphavleg ubunden form, t.d. nokre gardsnamn på *-stad*, har fått bunden form. Minst bruk av bunden form i samansette stadnamn finn ein i delar av Agder og Telemark. Jæren ligg nær dette området, og her finn ein, som nemnt, ein god slump stadnamn med ubunden form, bl.a. snautt 120 samansette namn frå jærstrendene: *Håstein*, *Selvåg*, *Blomhaug*, *Bådstad* mfl.

Det ser ut som dette grammatiske draget spesielt er knytt til visse etterledd, t.d. ord som *haug*, der ein finn 24 døme (*Kål-*, *Neb-*, *Ris-*, *Pig-*, *Lang-*, *Flad-*, *Stor-*, *Vid-*, *Svart-*, *Tangar-*, *Stein-*, *Revhaug* mfl.), dessutan *stø* med 13 døme (*Allmanna-*, *Endre-*, *Holme-*, *Kjelde-*, *Ny-*, *Vest-*, *Havra-*, *Rif-*, *Honnsstø* o.a.), og *nes* med 8 eksempel (bl.a. *Brøn-*, *Bu-*, *Gryt-*, *Haga-*, *Kistesnes*). Elles er det notert ubunden form i 7 namn med etterleddet *dal* (bl.a. *Djube-*, *Gras-*, *Grav-*, *Klededal*), i 6 med *berg* (bl.a. *Hengs-*, *Hesta-*, *Ringa-*, *Røberg*), i 6 med *skod* (*Bjørn-*, *Bratte-*, *Nord-*, *Sperre-*, *Sør-*, *Gårskod*), i 5 med *vig* (*Ers-*, *Lange-*, *Nord-*, *Skiftes-*, *Slettesvig*), i 5 med *hammar* (*Mort-*, *Sau-*, *Skrubb-*, *Slett-*, *Verhammar*), i 4 med *sund* (bl.a. *Helle-*, *Mjå-*, *Starsund*), i 4 med *flu* (t.d. *Djube-*, *Longe-*, *Holmaflu*), og i 4 med *stein* (t.d. *Al-*, *Grå-, Håstein*).

Ubunden namneform er notert i naturnamn med 27 ulike etterledd, jf. *Toppaland*, *Selvåg*, *Langerøys*, *Breigod*, *Grønegod* (både *gote* f.), *Morthol*, *Sandåger*, *Nørdbu*, *Butræd*, *Oderbekk*, *Bådstad*, *Sletthei*, *Fladaskjer*, *Hafrsfjord*, *Høgapig*, *Karlsméd* og *Kvidagrø*. Ein finn dette òg i namn som synest vera laga til eit samansett ord: *Marafu*, *Skidknog* og *Årabrod*, jf. elles det sjablongaktige *Frydenlund*.

Også i nokre ganske få usamansette naturnamn førekjem ubunden form, bl.a. *Skrubb*, *Snig* (2 g.), *Tjør* og *Mjug*. Det sistnemnde – og kanskje det førstnemnde – kan vera elliptiske lagingar som går attende på eit opphavleg samansett namn, nemleg *Mjughaug*. Namnet *Tjør* har høg alder; det er truleg laga før den norrøne perioden. Nokre få gamle naturnamn går attende på såkalla oblik kasusform (ein annan kasus enn nominativ) i gammalnorsk, nemleg *Kråge* (< gno. **Kráku*, førekjem 3 stader på Jæren), *Hidle* (< gno. **Hellu*) og *Berge* (< gno. **Bergi*); dette gjeld truleg òg → *Sødel* (< gno. **Sǫđull*), → *Sulle*



Fig. 10. Mot Holmane, sett frå Havrahesten (Haver). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 10. Towards Holmane, as seen from Havrahesten (Haver). Photo: Inge Særheim.*

og → *Oske*. Ubunden namneform synest òg liggja føre i *Sprette*, *Fakse*, *Flye* og *Snøde*, dessutan i dei tre namna *Askjell*, *Mikkjel* og *Torkjell*, som ser ut til å innehalda mannsnamn.

I nokre få høve er namnet på ein og same lokaliteten registrert både i ubunden og bunden form, t.d. *Sandåger* – *Sandågeren* og *Longeflu* – *Longefluna*. For somme av namna som ligg føre i ubunden form, finst det ein namneparallell i bunden form ein annan stad, altså nytta om ein heilt annan lokalitet, som *Ringaberg* – *Ringaberget*, *Terneskjer* – *Terneskjeret*, *Butræd* – *Butrædet*, *Morthol* – *Mortholet*, *Fladhaug* – *Fladhøyen* og *Storhaug* – *Storhøyen*.

## 2.6 Våre eldste språkminne

Fleire av gardsnamna langs jærkysten går attende på språktilfang og ordformer som ikkje ser ut til å førekoma i eldre skriftlege kjelder på norsk eller nærskylde språk, jf. → *Viste*, *Goa*, *Tjora*, *Sola*, *Bore*, *Orre*, *Salte*, *Hårr* og *Ogna*, dessutan dei gamle øynamna → *Rott* og *Tjør*. Slike namn inneheld ikkje ord som er kjende i språket vårt. Det synest i slike høve dreia seg om einestående lagingar utan direkte språklege parallellar. Namna er svært gamle, fleire av dei truleg laga i bronsealderen (Særheim 2004). Både den språklege og reale tolkinga av slike namn er naturleg nok meir eller mindre uviss. I og med at hovudvekta i denne boka er lagd på skjergardsnamna, dvs. smånamn (såkalla *mikrotoponym*), vil dei gamle busetnadsnamna i området få mindre plass og omtale.

Fleire namn av denne typen ser ut til å vera knytte til ei eldre strandline på Jæren som gjekk lenger inne på land. For 4000–5000 år sidan stod nemleg sjøen ein god del høgare i dette lågtliggjande området (Fig. 11). Nokre av desse namna synest skildra terrenget – t.d. ei strandline, ei vassføring, ei innskjering, ei høgd, jordgrunnen e.a. – slik det tok seg ut i eit tidlegare tusenår.

Dei fleste namna av dette slaget er i dag gardsnamn, nytta om ein eller fleire matrikkelgardar. Men opphavleg dreiar det seg om naturnamn som har skildra ein naturformasjon. Namna er no nytta




Fig. 11. Havnivå på Jæren ca. 3000 f.Kr. Kart: Inge Særheim.
*Fig. 11. The sea level in Jæren c. 3000 BC. Map: Inge Særheim.*



Fig. 12. Visteviga. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 12. Visteviga. Photo: Inge Særheim.*

om sentrale buplassar, gjerne storgardar i vedkomande bygder. Fleire av dei har blitt administrative inndelingsnamn, t.d. soknenamn. Det var i mellomalderen kyrkje på Viste, Tjora, Sola, Bore, Orre og Ogna, dessutan på Njærheim og Varhaug. Også rikt arkeologisk funnmateriale vitnar om at det her dreiar seg om gamle og sentrale bu- og tilhaldsstader.

Fleire av desse namna er laga med suffiks (ordlagingsmiddel) som førekjem i dei eldste stadnamna i Norden og Europa, t.d. *-r* i *Orre* (gno. *Alra*), *-t* i *Rott* (gno. *(H)rótt*), *-(s)t* i *Viste* (gno. *Vist-*), *-ð* i *Goa* (gno. **Guði*) og *-n* i *Salte* (gno. *Saltn-*) og *Ogna* (gno. *Ógna*). Slike suffiks vart nytta i ord- og namnelaging i den før-nordiske og før-germanske språkperioden. Somme av desse namna ser språkleg ut til å vera i slekt med stadnamn andre stader i det skandinaviske, germanske eller indoeuropeiske språkområdet.

I nokre høve kan ein finna ord i skylde språk som ser ut til å vera liknande lagingar. Namnet → *Tjora*, som truleg siktar til haugar og høgder, svarar til det geng. ordet *þēor* 'svull (svullebulle), inflammasjon'. Språkleg skylde namnelagingar førekjem andre stader i Skandinavia, t.d. *Tjora* i Hordaland, *Tjore* i Aust-Agder, *Över-* og *Yttertjurbo* i Västmanland, *Tjur* i Västerås og *Tjurkö* i Blekinge. Dei tre sistnemnde, som er frå Sverige, er tolka til eit mogleg gsv. **thiur* med bakgrunn i stein- og bergformasjonar (SOL 376). Truleg har det funnest eit ord i nordgermansk (urnordisk) svarande til det nemnde ordet i gammalengelsk, brukt om slike terrengformasjonar. Til eit slikt ord kan namnet *Tjora* vera laga.

Også → *Viste* har namneparallellar andre stader i Norden, særleg i Noreg og Sverige, jf. skandinaviske namn som *Vist*, *Vista*, *Viste*, *Vister* og *Visten*. Slike namn kan òg vera laga til eit ord som tidlegare har funnest i nordisk og germansk språk. Svenske namn som *Vist*, *Vista* og *Viste* er t.d. tolka til eit mogleg ord gsv. **vist* 'elvekrok' med bakgrunn i store bogar i elvelaup. Ei alternativ tolking er laging til eit ord for 'opphald, opphaldsstad', i slekt med verbet *vera*. Tydinga 'krok, boge' høver godt for *Viste* på Jæren (Fig. 12).

Namnet → *Ogna*, gno. *Ógna* f., svarar til øynamnet *Ogn* (*Ognøy*) i Bokn og elvenamnet *Ogna* i Nord-Trøndelag, dei to sistnemnde med forma *Ógn* f. i gno. Også *Ogna* på Sør-Jæren har truleg,



Fig. 13. Steinen Sødel (Årsland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 13. The rock Sødel (Årsland). Photo: Inge Særheim.*

som dei to andre namna, tidlegare hatt sterk form, gno. **Ógn*. Desse namna har språkleg samband med gno. *ógn* f. 'otte, redsel', med real bakgrunn i flaumelvar eller sterke straumar som har gjort skade. Ein svensk parallell er *Ljungan* (Härjedalen, Jämtland, Medelpad; skrive *Oghnaroos* 1412). Språkleg sett kan slike namn tolkast til det nemnde ordet, men truleg dreiar det seg om sjølvstendige namnelagingar.

Nokre forskarar nyttar omgrepet *primær namngjeving* når det dreiar seg om namn som ikkje er laga til eit eksisterande ord, men som er ei sjølvstendig laging med eit suffiks, t.d. *Orre* (*r*-suffiks), *Goa* (*ð*-suffiks), *Salte* (*n*-suffiks), *Skjevlingen* (*ing*-suffiks), *Ribbungen* (*ung*-suffiks). Namngjeving der ein har nytta seg av eit kjent ord ved namnelaginga, t.d. *Vågen*, *Keila*, *Tangen*, *Revet* og *Sloen*, laga til *våg* m., *keile* f., *tange* m., *rev* n. og *sloe* m., blir kalla *sekundær namngjeving*. For nokre av dei eldste namna er det vanskeleg å vita om det dreiar seg om primær eller sekundær namngjeving, for kjennskapen vår til ordtilfanget i språket så langt attende i tida er avgrensa.

## 2.7 Nokre særmerkte namneformer

Det finst mange døme på særmerkt og språkleg interessant ord- og namnelaging i namnematerialet frå jærstrendene. Det gjeld bl.a. gardsnamnet → *Salte* og føreleddet → *Sylter-* i tre naturnamn frå same området: *Syltertangen*, *Sylterviga* og *Sylterura*. Nemna *Salt-* og *Sylt-* (opphavleg **Sult-*) står i avlydshøve til kvarandre. Båe har real bakgrunn i låglendt terreng som har vore overfløymt av sjøen. *Salte* er truleg primær namngjeving med *n*-suffiks (gno. *Saltn-*), medan føreleddet *Sylter-* synest innehalda eit ord med den nemnde tydinga.

Gardsnamnet → *Reve*, som har real bakgrunn i den farlege landgrunnen → *Revet*, er skyldt førstestavinga *Ribb-* i namnet → *Ribbungen* (laga med *ung*-suffiks), også det nytta om ein grunne som stikk ut frå land på denne garden. Ribbungen ligg like nord for Revet. Dei to nemna er språkleg sett i slekt. Nemnet → *ribb* førekjem òg i andre namn langs jærkysten.

Eit anna døme på språkleg slektskap som kjem til syne i namnematerialet, er føreleddet *Hara-* som

ligg føre i nokre naturnamn frå Hårr, → *Harabekken*. Dette er truleg ei gammal samansetjingsform (opphavleg genitiv, gno. **Harar*-) av gardsnamnet → *Hårr*. Nemnast kan òg skjernamnet → *Flye*, som tykkjest vera avleidd av nemnet → *flu* f. ('grunne som ligg under flomålet', gno. *flúð* f.), vel gno. **Flýði*.

Nokre naturnamn er som nemnt overleverte i ei gammal form som speglar tidlegare kasusbøying, jf. → *Kråge, Oske*, *Hidle* og *Berge* (og kanskje *Sulle*), som alle synest vera stivna kasusformer, t.d. gno. **Kráku* (gno. *kráka* f.), **Ǫsku* (gno. *aska* f.), **Hellu* (gno. *hella* f.) og **Bergi* (gno. *berg* n.). Det sistnemnde kjem av dativforma, medan dei tre andre reflekterer ei sams form for akkusativ, genitiv og dativ (er ulik forma i nominativ). Fleire gardsnamn i området går attende på ei gammal dativform, jf. → *Sande*, *Sunde*, *Sele* og *Skeie*.

Eit anna døme på ei gammal grammatisk form som er halden ved lag i stadnamna, finn ein i føreleddet *Nesjar*- i grunnenamnet → *Nesjarfluna*. Det inneheld ei gammal samansetjingsform (genitiv) av nemnet → *nes* n. I fleirtal har dette ordet forma -*nesjane* i nokre stadnamn frå Jæren, t.d. i teignamn som *Nesjane* og *Abramsnesjane*.

Eldre uttalemåtar i jærdialekten er haldne ved lag i somme stadnamn. I steinnamnet → *Sødel*, som er registrert to stader i Hå (Årsland og Kvassheim/Kvalbein), finn ein gammal uttalemåte av gno. *sǫðull* m. '(heste)sal' (Fig. 13). Uttale med /ø/ i dette ordet førekjem òg i Jacob Rasch si ordsamling frå Jæren (frå ca. 1698), der ein finn ordet *tresøddel* ('tresal'). Rasch voks, som kjent, opp på Kvalbein i Hå (grannegard til Kvassheim).

Sisteleddet → *stein* i øynamn som → *Håstein* og *Alstein* er i nedervd målføre uttala utan utlydande konsonant (-*n*). Det svarar til målføreuttalen av gardsnamn som *Kvalbein* /"kvelbei/ (utan utlydande -*n*) og *Bråstein* /"bråstei/ (Sandnes), og den nedervde jæruttalen av gamle *heim*-namn, t.d. *Kvassheim*, *Njærheim* og *Stavnheim* (uttala utan -*h*- og -*m*).

Nemnast kan òg spesiell genus (grammatisk kjønn) i somme namn. Døme er → *Torga* /'tårjå/, som har form som eit hokjønnsord; mindre truleg er tolking av dette namnet som fleirtalsform av inkjekjønnsordet *torg*. Eit anna døme er *Hamn*, som har form som eit hankjønnsord; mindre truleg er tolking av dette namnet som ubunden form av hokjønnsordet *hamn*. Nord for Hååna er òg ordet *strand* bøygt som eit hankjønnsord: /'stra:en/. Kring Hååna og sunnanfor nyttar ein hokjønnsforma *strond*: /'strånå/ og /'stråne/.

## 2.8 Spesielle drag ved ordtilfanget

Ein finn mange særmerkte drag ved ordtilfanget representerte i stadnamna. Svært mange ulike ord er nytta om skjer og grunnar. Av nemne som ligg føre i namn på ulike slag grunnar, skjer og liknande lokalitetar i sjøen, kan nemnast *bard* n. (→ *Bardet*; grunnerygg), *boe* m. (→ *Boen*; grunne i vasskorpa), *bolle* m. (→ *Bollen*; rundt skjer), *bredd* f. (→ *Bredda*; tarekant, skifte mellom stein- og sandbotn), *brot* n. (→ *Brodet*; bratt skråning på sjøbotnen), *flak* n. (→ *Matlauflaget*; flat taregrunne), *flake* m. (→ *Flagen*; flat grunne), *flu* f. (→ *Fluna*; grunne under sjømålet), *flæe* n. (→ *Flæet*; flat grunne), *gard(e)* m. (→ *Garden*; steinrekkje på sjøbotnen), *grunn(e)* m. (→ *Grunnen*; grunne), *haug* m. (→ *Haugen*; haug på sjøbotnen), *hause* m. (→ *Hausane*; grunneskolt), *helle* f. (→ *Hella*; flat stein i sjøen), *holme* m. (→ *Skoholmen*; grunne), *huk* m. (→ *Hugen*; høg, bratt holme), *hump* m. (→ *Humpane*; ujamn botnformasjon), *klakk* m. (→ *Klakken*; bratt fjellskolt i sjøen), *klubb* m. (→ *Klubben*; høg steinblokk i sjøen), *klump* m. (→ *Klumpen*; bergknause på sjøbotnen), *mol* m., n. (→ *Molen*, *Molet*; grunne av rullestein), *raun* m. (→ *Raunen*; grunne av rullestein), *res* n. (→ *Reset*; grunnerygg), *rev* n. (→ *Revet*; landgrunne), *ribb* m. (→ *Ribben*; grunnerygg), *rygg* m. (→ *Ryggen*; grunnerygg), *skalle* m. (→ *Skallen*; bergskolt i sjøen), *skjer* n. (→ *Skjeret*; stein i sjøen), *skot* n. (→ *Skodene*; små holmar), *skåk* f. (→ *Skåga*; langstrekt grunneres), *sloe* m. (→ *Sloen*; stor stein i sjømålet), → *snag* n. (*Rustasnaget*; lite framspring i sjøen), *stein* m. (→ *Steinen*; skjer, holme), *todde* m. (→ *Todden*; liten grunne som stikk ut frå land), *torve* f. (→ *Torva*; tareflekk på sjøbotnen), *tå* f. (→ *Rennetåna*; spiss på framspring i sjøen) og *ufs* f. (→ *Upsakanten*; kanten av tare i skiftet mellom stein- og sandbotn).

Ein kan på liknande måte føra opp lange lister med namn og nemne som skildrar andre grupper av lokalitetar, t.d. innskjeringar og innbuktingar i strandlina og på holmane, og nes, tangar og oddar som stikk fram i stranda.

Det førekjem elles fleire ulike ord for fenomenet ‘stein’ i namna, jf. nemne som *mol* m., n. (→ *Molen*, *Molet*), *raun* m. (→ *Raunen*), *grjot* n. (→ *Grødet*), *øyr* m. (→ *Øyren*) og *aur* m. (→ *Auren*). Mange gardsnamn langs jærstrendene, særleg i søre delen av området, inneheld eit ord som fortel om samling av steinar og steinete terreng, som → *Varhaug* (gno. *vǫr* f. ‘stein’), *Hårr* (kanskje i slekt med *horg*, med grunntydinga ‘stein’), *Kvassheim* (‘kvass’, om steinete grunn), *Årsland* (*aur* m. ‘stein, grus’), *Madland* (→ *mol* m. ‘stein’) og *Grødaland* (→ *grjot* n. ‘stein’).

I stadnamna finn ein døme på lite kjend og særmerkt ordbruk, i nokre høve einskildord som ikkje er registrerte i ordbøker for norsk språk, jf. *kingse* f. ‘liten rund stein’ (→ *Kingshola*), → *Sløyda* (**sløyte* f., brukt om skvatlehole i berget), → *Todden* (*todde* m. ‘spiss (på grunne eller tange)’), → *ford* (*Foren*; våtlendt mark med vassføring der ein veg eller sti kryssar), → *bai* m. (*Hengsøybaien*, avrunda vik eller innbukting på ein holme eller ei øy), → *Harangberget*, *Harangstøna* (**hardang* m. ‘harding’).

Namnetilfanget viser spesielle bruksmåtar av visse nemne. Ordet → *øy* f. er t.d. i tillegg til den vanlege tydinga nytta om låg- og flatlendt terreng som ligg ned mot vatn (sjøen, ei elv o.a.). Denne bruksmåten finn ein t.d. i namna → *Bårøyna* og *Marøyna*. Nemnet → *ang(er)* m. er i tillegg til den vanlege bruksmåten ‘fjord, våg’ (ligg t.d. føre i *Tananger*) nytta om runde bogar i elvelaup, som i → *Breiangen* (frå nedre delen av Figgjo og Hååna) (Fig. 14).



Fig. 14. Breiangen (Hå). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 14. Breiangen (Hå). Photo: Inge Særheim.*

## 2.9 Særmerkte former av personnamn

Godt og vel 70 ulike personnamn står som ledd i stadnamna frå jærstrendene. Blant desse finn ein berre sju kvinnenamn, nemleg *Grete*, *Jørgina*, *Kari*, *Petra*, *Rakel*, *Sille* (vel kjæleform av Cecilie) og *Ågota*, noko som klart vitnar om at sjøen og strandområda i hovudsak har vore arbeids- og tilhaldsstader for menn.

Om lag 30 av personnamna som er representerte, har bakgrunn i nordisk språk, t.d. mannsnamna *Asbjørn*, *Askjell*, *Einar*, *Eivind*, *Elling*, *Endre*, *Gaute*, *Gunnar*, *Hallvard*, *Håvard*, *Ivar*, *Knut*, *Oddmund*, *Ola*, *Tore* og *Tjøl* – det sistnemnde utvikla av *Tjostolv*. Det gjeld dessutan mange samansette mannsnamn på *Tor-*, som *Tolleiv*, *Torgjer*, *Torjus*, *Torkjell*, *Tormod* og *Torstein*, dessutan *Tarald* (av *Torvald*) og *Tårald/Torald* (av *Torvald*).

Om lag like mange av personnamna som ligg føre i namnetilfanget, har kome til landet vårt gjennom den kristne kulturen, anten namn som ein finn i Bibelen, t.d. *Rakel*, *Enok*, *Elias*, *Jonas*, *Josef*, *Sakkarias*, *Samuel*, *Mika(e)l*, *Andreas* og *Mattias*, eller namn som har vore nytta av sentrale personar i den kristne kyrkja og tradisjonen: *Martin*,

*Morten* og *Rasmus*. Nokre av desse namna har fått ei kortform som er nytta i Noreg (og nokre granneland), t.d. *Lars*, *Hans*, *Jens*, *Mons*, *Nils* og *Per*, dessutan kvinnenamna *Kari* og *Ågota* (utvikla av *Agate*).

Om ein jamfører med stadnamntilfang frå ein innlandskommune i tilgrensande strok, som Sirdal i Vest-Agder, der det er registrert ca. 12 000 namn, ser ein at dei nordiske personnamna er endå sterkare representerte i innlandsområdet. Der dekkjer dei om lag 70 % av stadnamna som inneheld eit personnamn (Særheim 1992:416), medan prosentsatsen for jærstrendene er 43. Denne skilnaden kan ha samanheng med at kyststroka gjennom tidene har vore meir mottakelege for kulturimpulsar utanfrå enn innlandsstroka.

Også spesielle nedervde lokale uttalemåtar av visse personnamn er representerte i nokre av namnedøma frå jærstrendene, som: → *Gaudastranden* (Gaute), *Grettestykket* (Grete), *Gritteberget* (Grete), *Iljasågeren* (Elias), *Jøsuphaugen* (av Josef), *Kadlodden* (truleg Karl), *Levaren* (Lidvard), *Mikkalstøna* (Mika(e)l), *Rakkelsanden* (Rakel), *Sakrishausen* (Sakkarias), *Silleågeren* (*Sille*, av Cecilie), *Tjølshagen* (Tjøl, av Tjostolv), *Torjusreget* (Torjus, av Torgils), *Tåraldsodden* (*Tårald/Torald*, av *Torvald*) *Velemsfluna* (Vilhelm) og *Ågådadammen* (Ågota). ◆



Frå Husveggstronda. Foto: Inge Særheim.
*From Husveggstronda. Photo: Inge Særheim.*

# 3

# Kulturhistoriske opplysningar i stadnamna

Namnetilfang og namnelaging må sjåast i samanheng med den funksjonen namna har, og det miljøet dei blir nytta i. Ein stad får namn når det er naudsynt for nokon å lokalfesta han. Når det finst eit rikt namnetilfang langs jærstrendene og i sjøen utanfor, har det bakgrunn i at det har vore stor menneskeleg aktivitet i dette området over lengre tid.

I stadnamntilfanget frå jærstrendene finn ein opplysningar om mange slag gjeremål, bl.a. om fiske og fangst, om ferdsel på sjøen og i strandområda, om taresanking og tarebrenning, om henting av sand til reingjering av golv i husa, om strandrekster, forlis og skipsopphogging, men også om utnytting av strandområda og holmane til husdyrbeite. Her er informasjon om rettar og hevd, om spesielle hendingar, tradisjonar og folkelege førestillingar, og ein finn – ikkje minst – mange interessante opplysningar om den lokale språkvarianten, jærmålet. Stadnamna er viktige kulturhistoriske kjelder. Dei har utspring i det daglege livet til menneska, bl.a. i ulike arbeidsprosessar.

I oversynet som følgjer, er nokre namn ordna i grupper etter viktige samfunns- og kulturområde som dei har samband med og gjev opplysningar om. Målet er her å gje døme på korleis stadnamna reflekterer og gjev informasjon om samfunns- og kulturhistorie, ikkje å presentera ei omfattande utgreiing om dei ulike kultur- og samfunnsområda. Det blir nemnt ei rekkje døme på namn som er kulturhistoriske kjelder. Meir utfyllande opplysningar om dei einskilde namna er gjevne under vedkomande namneoppslag.

## 3.1 Nokre metodiske avvegingar

Eit særdrag ved stadnamna som kulturhistoriske kjelder er at dei lokaliserer ulike aktivitetar, hendingar og fenomen, dvs. koplar dei til visse stader. Namna er knytte til faste punkt og område i terrenget og kan avmerkast på kart. I tillegg ber stadnamna på eit språkleg innhald som kan tolkast og setjast inn i ulike historiske samanhengar. Den språklege tydinga til mange namn gjev melding om noko som gått føre seg på vedkomande stad, og som har kulturhistorisk interesse. Ved tolkinga av stadnamna kan ein få innsyn i tidlegare arbeidsprosessar, plante- og dyreliv, einskildhendingar og mykje meir.

Nokre namn gjev direkte opplysningar om ei verksemd, t.d. at ein har fiska hummar ved *Humrasteinen*. Men denne verksemda har òg føregått på stader der namnet ikkje fortel direkte om dette, men kanskje om forma, fargen eller leiet til steinen – også det vil vera nyttig informasjon for ein hummarfiskar. Slikt må ein ta omsyn til om ein vil nytta stadnamna som kjelder når det gjeld arbeid og verksemder innom eit område. Det språklege innhaldet i namna gjev ikkje nødvendigvis eit representativt inntrykk av kva som har føregått i eit område gjennom tidene.

Det er elles eit særdrag ved namna at dei skal vera utmerkjande og skiljande. Dei nemner noko

som er karakteristisk for vedkomande stad, og som skil denne staden frå andre stader. Å nemna ei verksemd som har føregått mange stader, vil gjerne ikkje vera skiljande nok og høveleg som namngjevingsgrunn. Det har t.d. føregått sildefiske mange stader i sjøen utanfor Jæren, men fiskenemnet *sild* f. ligg ikkje føre i stadnamna som er registrerte frå dette området, trass i at sildefisket var svært viktig for den økonomiske utviklinga i dette området i dei to føregåande hundreåra.

Ein skal òg vera merksam på at førekomst av eit nemne i stadnamna, t.d. eit dyrenemne, ikkje nødvendigvis er vitnemål om at vedkomande dyreslag har halde til på vedkomande stad. Namnet kan vera gjeve ved jamføring, jf. grunne- og skjernamn som → *Galten*, *Sugga*, *Padda*, *Hesten* og *Oksen* (*Oksafoden*). Også skjernamn som → *Lyren*, *Skada*, *Bergsugga* og *Høvringen* synest vera jamføringsnamn, jf. elles omtalen av holmenamnet → *Kråge* og skjernamnet → *Gåsa*. Også andre typar nemne er brukte jamførande i skjergardsnamna, t.d. i → *Kjerringa*, *Kjerka*, *Vogga*, *Snusdåsen*, *Klaven* og *Kniven* – alle nytta om skjer.

## 3.2 Dyreliv – fiske og fangst

Fiske og fangst har til alle tider vore viktig ressursutnytting og inntektskjelde for folk som har budd ved sjøen. Det har vore god tilgang på fisk i sjøen og i elvar, bekker og vatn på land, og på ulike slag dyr og fuglar som har halde til i sjø- og strandområde. Folk som har budd på sjøgardane, har hatt eigen båt med stø og gjerne naust, og dei har heile året drive fiske og fangst i sitt næraste miljø, på eige strandområde og i sjøen utanfor.

Stadnamna frå sjøen og strendene gjev mange opplysningar om dyrelivet og om fangst og fiske. Dei lokaliserer faste fangststader og formidlar informasjon om bl.a. fiskar og andre dyr som ein har drive fangst på. Det er fortalt om fangstmåtar og spesielle innretningar under fiske og fangst, om utbytet, om uskrivne rettar blant fiskarane og om ulike tradisjonar under arbeidet.



Fig. 15. Draging av laksenot tidleg 1920-åra, Buasanden (Sele). Foto: Miss Donaldson.
*Fig. 15. Pulling salmon seine early 1920s, Buasanden (Sele). Photo: Miss Donaldson.*

### 3.2.1 Nemne for fiskar

I mange namn fortel føreledda om fiskeslag som førekjem og har blitt fiska på stadene. *Blegodden* (Ogna) inneheld ordet *blike* /"ble:ga/ 'sjøaure'. Meir brukt er ordet *laks*, som er notert i heile 16 namn: *Laksaberget* (3 g., Jåsund, Hellestø, Kvalbein), *Laksabua* (Sele, fangstbu), *Laksagarnet* (Vistnes, fiske med laksegarn), *Laksakula* (Orre), *Laksanaustret* (Nærland), *Laksaskjeret* (2 g., Nordra-Sunde, Tjora), *Laksaskjera* (nord for Håstein), *Laksasteinen* (4 g., Sande, Raustein, Ølberg, Nordvarhaug), *Laksholmen* (Tjora) og *Laksodden* (Sirevåg). Føreleddet i *Sviddesteinen* (Håvågen) er ordet *svidde*, nytta om mindre laks (opp til ca. 3 kilo).

Laksen har i uminnelege tider blitt fiska i dei gode lakseelvane på Jæren, bl.a. i Figgjo, Hååna og Ognaåna, men òg i sjøen utanfor, særleg i elvemunningane (Fig. 15). At det har vore nedervde rettar knytte til dette fisket, finn ein minne om i fleire brev (diplom) frå mellomalderen, bl.a. i nokre brev frå Sele frå 1400-talet som omhandlar usemje om retten til fisket, der bl.a. Utstein kloster hadde interesser. Også ein runestein frå denne staden, datert til ca. 1100, synest omtala retten til fiske med not i åa Figgjo nær munningen i sjøen. Ei tolking av innskrifta er: "Avtalen på denne steinen er at halve varpet ligg til (Sele?) til eige og odel…" (Særheim 2009:21 f.).

Eit anna fiskenemne som er mykje nytta i stadnamna, er *mort* 'småsei'. Det ligg føre i heile 12 namn: *Mortaberget* (Hellestø), *Mortaboen* (2 g., båe på Vistnes), *Mortaskjeret* (Tjora), *Mortasteinen* (2 g., Ølberg, Vigdelsviga), *Morthammar* (Vistnes), *Morthol* (2 g., Tunge, Sande), *Morthola* (Vatnamo) og *Mortholet* (2 g., båe i Holmane).

Seien høyrer med blant dei ettertrakta fiskeslaga som har gjeve gode fangster og viktige innkomer for strandbuen. Seks namn inneheld dette nemnet: *Seiagrunnen* (ved Sandøyane), *Seiaskjeret* (2 g., ved Kolnesholmane og Grytnes), *Seiasteinen* (Nærland), *Seiaviga* (Nygård, Sirevåg) og *Seiodden* (Rott).

Vanlege fiskeslag er òg lyr og torsk. Fire namn er samansette med ordet *lyr*: *Lyrafluna* (Sirevåg), *Lyraskjeret* (2 g., Stavnheim og nord for Tjør) og *Lyratangen* (Sele). Men berre to stader finn ein namn som er samansette med fiskenemnet *torsk*, nemleg *Torskasteinen* (2 g., Melingsholmen og Sirevåg). Den sistnemnde steinen vart nytta til tørking av fisk.

Føreleddet i *Longedjubet* (langt ute i Honnsviga) er truleg fiskenemnet *lange*, uttala /"långa/ i dialekten, mindre truleg adjektivet *lang*. *Skadegrunnen* (ved Grynningen) inneheld anten fiskenemnet *skate*, eller eit skyldt ord med tydinga 'noko som stikk fram'. Fiskenemnet *stinte* ligg føre i *Stintahella* (Indrabø), og truleg *ål* i *Ålasteinen* (Vik).

### 3.2.2 Nemne for andre dyr i sjøen og stranda

Også hummarfisket er bakgrunn for mange namn langs strendene. Dette fisket har i lang tid vore ei viktig inntektskjelde for bønder og fiskarar på strandgardane. Hummaren vart seld til oppkjøparar og oftast eksportert, t.d. til Nederland og England. Mange namn på steinar på sjøbotnen og andre botnformasjonar har bakgrunn i denne fangsten. Også mange namn frå jærstrendene som ikkje fortel direkte om denne verksemda, har bakgrunn i hummarfisket. Det var viktig for hummarfiskarane å vita nøyaktig korleis steinane låg til på sjøbotnen og korleis dei var forma slik at dei kunne få plassert teinene i den rette posisjonen. Knapt nokon kan skildra sjøbotnen så presist som dei som har drive hummarfiske.

Ein finn nemnet *hummar* m. i heile 17 namn: *Humrabrunnen* (Myklabost, lagringsstad for hummar), *Humraberget* (Raustein), *Humrageilen* (Tananger/Myklabost, her vart det kjøpt opp hummar av fiskarar), *Humrahella* (Indrabø), *Humraholet* (2 g., Årsland og Holmane), *Hummarholet* (Ølberg), *Humraskjeret* (2 g., Skeie, Grødaland), *Humraskjera* (Årsland), *Humrasteinane* (Madland), *Humrasteinen* (2 g., Grødaland, Nordvarhaug), *Humratangen* (Sele), *Humravågen* (Søra-Kolnes), *Humrodden* (2 g., Rott, Nordra-Kolnes) og *Humrura* (Kvalbein).

Namnet → *Gromvegen* (Myklabost), som inneheld firmanamnet *Groom*, er nytta om ein veg til Kupmannen, der det var hummarpark eller hummarbrunn, dvs. lagringsstad for hummar. Dette

firmanamnet finn ein òg i namnet *Grommaparken*, nytta om ein hummarpark på Kvitsøy (Særheim 1989:76).

For den store (raude) krabben er *skryte* f. /"skry:da/ det vanlege ordet langs jærkysten. Dette sjødyret var naturleg nok mindre populært å få i teiner, garn o.l. enn hummaren, og skrytene vart ofte knuste mot båtsida og kasta i sjøen. Ordet *skryte* f. førekjem i seks namn, frå Vistvik i nord til Varhaug (nær Husvegg) i sør: *Skrydeboen* (2 g., Vistvik og ved Tjør), *Skrydeberget* (Raustein), *Skrydefluna* (ved Nordre Frøsholmen) og *Skrydeviga* (Nærland, Varhaug).

Også ordet *krabbe* finn ein i somme namn, i regelen nytta om den mindre krabben: *Krabbatjørna* (Hårr), *Krabbaura* (Ogna) og *Krabbaviga* (3 g., Goa, Jåsund, Ogna). I nordfylket blir *høvring* m. /"hyv-ring/ nytta om ‘(stor) krabbe’. Dette ordet ligg føre i båenamnet *Høvringen* /"hyvringen/ frå Randaberg, men her er det helst nytta jamførande om ein stein med rund og taggete form.

Eit anna dyreslag frå sjøen og stranda som ofte er nemnt i stadnamna, er selen, eller kobben, som er det vanlege ordet for sel i stadnamna. Kobben held seg der det er god tilgang på fisk. Fiskarane vil, naturleg nok, ha kobben bort, og ein har difor skote kobbe. Ordet *kobbe* ‘sel’ er notert i heile 15 namn: *Kobbafjellet* (Kalvshagen), *Kobbahella* (ved Kvalbeinraunen), *Kobbarskjeret* (Søra-Kolnes), *Kobbasteinen* (6 g., Tunge, Indrabø, Vik/Skeie, Hå, Kalvshagen), *Kobbasteinane* (Reve), *Kobbaviga* (Kalvshagen), *Kobbarodden* (Søra-Kolnes), *Kobbarvågen* (Søra-Kolnes) og *Kobbsteinane* (3 g., Raustein, Søra-Kolnes, ved Nordre Frøsholmen).

Namnet *Lædresundsholmen* (Holmane) synest òg sikta til førekomst av sel, jf. gno. *látr* n. ‘liggjestad for dyr’; her har det vel bakgrunn i tilhaldsstad for sel. Gardsnamnet *Lædre* (Eigersund) er sett til gno. *letr* n., nytta som gno. *látr* n. Det sistnemnde finn ein i *Låder* frå Reianes (Rennesøy; Særheim 2007:153, 155). Føreleddet i *Sevigsanden* (Ølberg) er truleg ordet *sel*.

Namnet *Kvalabeden* (Husvegg), som er nytta om ein liten flekk med gras i stranda, skal ha bakgrunn i at ein kval ein gong rak inn på denne staden. Nemnet *kval* m. finn ein òg i gardsnamnet → *Kvalbein*, som truleg er eit jamføringsnamn.

Eit vanleg nemne i skjergardsnamna er elles *oter*, som ligg føre i heile 12 namn: *Oderbekk* (2 g., Hellestø/Helland, Grødaland), *Odersteinen* (Reve), *Odertangen* (Reve), *Oderviga* (Ytrabø), *Odraberget* (Søra-Kolnes), *Odrahola* (Rott), *Odraskjeret* (2 g., Jåsund, ved Håstein), *Odrasteinane* (Jåsund), *Odreholet* (Kalvshagen) og *Odrura* (Holmane). Ordet *oter* m. heng språkleg saman med eit ord for ‘vatn’ og tyder eigentleg ‘vassdyret’, med bakgrunn i at dette dyret held til i vatn. Eit liknande innhald har truleg det gamle elvenamnet *Otra* i Setesdalen, vel med tydinga ‘den vassrike’.

I namna *Kunteskjeret* (Rott) og *Kuntegrunnen* (2 g., ved Rott og Rottfladholmen) kunne føreleddet kanskje setjast i samband med *krosskunte*, som er eit ord i dialekten for ‘sjøstjerne’. Men truleg er dette ei biletleg laging der ei anna tyding ligg føre, nemleg *kunte* f. brukt om kvinneleg kjønnsorgan, jf. engelsk *cunt*.

Av nemne for dyr som held til på land, er særleg *katt* vanleg, gjerne nytta om tilhaldsstader for ‘røyskatt’: *Kattahola* (Rott), *Kattarøysa* (Reime), *Kattafjellet* (Ogna) og *Kattapollan* (Haver). I *Kattahavet* (Vistnes) dreiar det seg truleg om biletleg laging, noko som òg gjeld namna *Kattaraua* (2 g., Holmane) og *Kattapina* (2 g., Ytrabø, Rott), nytta om små og tronge innskjeringar i strandlina. Elles finn ein *hund* i *Hundadalen* (Obrestad) og *Hundatua* (Stavnheim), og *rev* i *Revafjellet* (médfjell, Ogna), *Revaholene* (Obrestad), *Revholen* (Ølberg) og *Revhaug* (Kvassheim), alle med bakgrunn i tilhaldsstader for rev.

### *3.2.3 Faste fangststader og spesielle arbeidsmåtar under fiske og fangst*

Fleire nemne og namn opplyser om ulike fangst- og arbeidsmåtar ved fiske. I *Gangvaren* (Nordra-Kolnes) finn ein ordet *gangvad* ‘fiskeline’ (nytta under fangst av bl.a. kveite)’. *Opphenget* (Nordtjør) er ein stad der ein festa fiskereiskapen (teinene). *Snig* (Visteviga) inneheld kanskje ordet *snik* ‘line med mange onglar’, men også andre tydingar kan tenkjast for dette namnet, og for → *Snigen* (ved Revingen) og → *Snigagrunnen* (sør for Håstein). Det blir fortalt at *Kalkaberget* (Hellestø) vart kalka

for å lokka laksen til å koma til denne staden. *Barkhusbrodet* (Nærland), som ligg eit godt stykke inne på land, har bakgrunn i barking av garn. Tilsvarande forklaring kan høva for *Barkarhola* (Sirevåg) og truleg *Borkabukta* (Haver).

*Stoholmen* (Ogna) ved munningen av Ognaåna siktar kanskje til at dette er ein stad der ein har 'stått' for å halda utkik etter fisk, særleg laks (Fig. 16). Ordet *gilje*, som er nytta om utkikstad, ein stad der ein har sett etter fisk, finn ein i namn som *Gilja* /"jiljå/ (Vistnes), *Sandgilja* (Vigdel) og *Giljeskjeret* (Ogna). Namnet *Nodanaustra* (Viste/Raustein) siktar til lagring av fiskenøter, og *Rekkjeholman* (Ogna) og *Rekkjeholmen* (Holmane) truleg til garnrekkjer; jf. òg omtalen av → *Feisteinen*.

Namnet *Torga* /'tårjå/ frå inst i Risaviga er nytta om eit flatt berg der ein pla tørka fiskenøter. Om namnet her siktar til ein eldre handelsplass, er ikkje kjent, og difor uvisst. Det kunne vera freistande å setja namnet → *Skimlingsfluna* (utanfor Vik) i samband med ein spesiell arbeidsmåte under fiske, nemleg jaging av fisk i ei viss retning. Men helst siktar dette namnet til botntilhøva, dvs. veksling mellom sand- og tarebotn.

Fleire namneledd fortel om spesielle arbeidsmåtar ved fiske på vekomande stader. Nemna → *kast* og → *varp* er nytta om stader der ein set ('kastar') ut fiskereiskapen, → *rek(e)* om driving ('reking') med straumen og → *sete* om fiskeplass, bl.a. om stader på land der ein 'sit' og fiskar. Døme med slike nemne er *Kastet* (fleire stader, bl.a. i Honnsviga), *Floskjerkastet* (ved Feisteinen), *Reget* (fleire stader), *Torjusreget* (Honnsviga), *Skrubbseda* (Vatnamo), *Bondesedet* (nordaust for Egerholmen), *Varpet* (Ogna) og *Skidvarpet* (munningen av Hååna), jf. òg *Kastesteinen* (Tananger).

Etterleddet → *-bu* er ofte nytta om fangstbuer, som i *Nørdbu* og *Sørbu* (buer for laksefiskarar, Sele); det gjeld òg føreleddet *Bu(a)-* i nokre samansette namn. Også nemne som → *bredd* og → *upsakant*, som båe er nytta om skiljet mellom sand- og steinbotn (tarebotn), er knytte til faste fiskestader, for ofte står det fisk på slike stader, jf. namn som *Upsakanten* (Ognabukta), *Bredda* (Honnsviga og Ognabukta), *Indra bredda* (Ognabukta) og *Svarta bredda* (Ognabukta). Namnet *Fiskasteinen* (2 g., Ytrabø) siktar til faste fiskestader.

### *3.2.4 Nokre tradisjonar under fiske og fangst*

Nokre namn gjev melding om god eller dårleg fangst. Døme som *Den god plassen* (Vistvik) og *Spiskammerset* talar for seg. Det sistnemnde er notert tre stader, frå Ølberg, Fladholmen og Feisteinen. På to av plassane kan dette namnet òg sikta til sanking av rekved, jf. elles vika *Madholet* på Jåsund. Samband med god og gjæv fangst (av laks) har òg truleg skjernamnet *Gullklumpen* frå munningen av Ognaåna.

Om vanskelege arbeidstilhøve og kanskje dårleg fangst fortel namna *Pina* /"pi:nå/ (Egerholmen) og *Knega* /"kne:gå/ (2 g., Hårr, ved Tjør), dessutan *Lusagrunnen* (ved Revingen); samband med såkalla *marlus* kan likevel ikkje utelukkast for det sistnemnde. Namn som *Skiden* (Søra-Kolnes) og *Skidvarpet* (Nærland/Hå) skal sikta til plantevekst ("grønt graps") som legg seg på fiskereiskapen. Bakgrunnen for *Kukastet* (Rottfladholmen) er uviss. Det er nærliggjande å tenkja på uttrykket *kua kastar*, nytta om det å 'mista kalven', men dette kan òg vera eitt av mange namn med etterleddet *-kast*, nytta om ein fast fiskeplass, altså der ein set ut fiskereiskapen. Kva føreleddet i så fall siktar til, er uvisst.

Ulike tradisjonar i samband med fisket er nemnde i somme av namna, bl.a. årstida for bruken av vedkomande fiskeplass, som i *Vårgrunnen* (Visteviga) og *Olsokkastet* (Honnsviga), eller når fiskestaden vart teken i bruk: *Nya setteriet* (Grynningen), *Nygrunnen* (Vik/Orre) og *Nyeméd* (Reve). Namn med føreleddet *Ny-* kan likevel vera laga for mange tiår sidan, jf. teigen *Nyastykket* (Ølberg), som skal ha vorte dyrka i 1931. Fiskeplassen *Ladraua* (Hårr) ligg nær land og vart visstnok nytta av dei som ikkje orka ("gadd") ro lenger. Ved *Tobakksteinen* (Rottfladholmen) skal alle hummarfiskarane i eit lag ha sett ei teine. Fangsten gjekk til kjøp av tobakk. Namnet *Avendsklakken* (Feisteinen), der føreleddet tyder 'avund, misunning', tyder på at det ikkje berre har vore semje og gode relasjonar blant fiskarar, jf. òg teignamnet *Trettehagen* (Vigdel).



Fig. 16. Stoholmen og Gullklumpen (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 16. Stoholmen and Gullklumpen (Ogna). Photo: Inge Særheim.*



### *3.2.5 Fiskarar*

Fleire namn fortel kven som har nytta vedkomande fiskestad. I somme namn ute på sjøen er det nemnt ein person, noko som oftast gjeld ein fiskar: *Martinshella* (Søra-Kolnes), *Nilsasteinen* (Søra-Kolnes), *Larsreget* (Honnsviga), *Nasen hans Arnt* (Storetjør) og *Båden hans Lars* (Kalvshagen). Fiskarane, og gardane som dei kom frå, hadde gjerne sine faste fiskestader, og det vart ikkje akseptert at ein person utanfrå sette fiskereiskapen sin på det som i fiskarfellesskapet vart oppfatta som ein annan sin fiskeplass. Til nokre av namna er det knytt ei spesiell forteljing som forklarar bakgrunnen for namnet, gjerne såkalla *folkeetymologi*, dvs. ei folkeleg forklaring på eit namn, som likevel kan ha eit heilt anna opphav; jf. omtalen av namnet → *Høne-Gunnar* (Husvegg).

Fiskeplassen *Rasmå* ved Frøsholmane er truleg forkorting for eit namn **Rasmusfluna*, med bakgrunn i ein person med namnet *Rasmus* som har nytta denne staden. Interessant er det elles at namnet *Rasmus* blant sjøfolk har vore nytta om 'sjøen, havet', og det kan ikkje utelukkast at namnet har samband med denne tradisjonen. Personnamn synest òg liggja føre i → *Torkjell* (Raustein), → *Askjel* (Reve) og → *Mikkjel* (Hårr), kanskje med bakgrunn i personar som har fiska på slike stader, ev. i andre tradisjonar som har vore knytte til desse stadene.

I nokre høve dreiar det seg om ei gruppe av fiskarar, t.d. *Revheimsrikka* (Store Ståbelen) og *Revheimsvågen* (Buøyna), som båe gjeld folk frå garden Revheim, dessutan i namnet *Bondesedet* (Egerholmen). Det blir fortalt at folk frå ulike gardar nærast hadde hevd på fiske ved visse holmar, t.d. dei Risa som fiska på Tjør, dei Tjora på Skodene, dei Rott på vestre delen av Rott og Hausane, dei Tananger mot Rott (skifte ved Kunteskjeret og Nivlingane), dei Revheim på Buøyna, dei Haga på Revingen og ein del av Håstein, og dei Myklabost på Frøsholmane. Når slike reglar vart brotne, vart det usemje. Det blir fortalt om teiner som vart søkkte, reip som vart kappa og knivar som vart synte fram, og om replikkar som: "Me har skarpe knivar, me òg".

I leksikondelen av denne boka finn ein fleire døme på namn som det er knytt spesielle tradisjonar eller forteljingar til. I nokre høve dreiar det seg om slangnamn som har vore nytta blant ei gruppe av fiskarar, noko som òg gjeld andre namnelagingar, t.d. → *Dørdi* (Frøsholmane) og → *Grimsby*, det sistnemnde nytta om øya Litle Ståbelen ved Håstein fordi det ei tid var svært mange fiskarar der, nett som i den engelske fiskarbyen Grimsby.

### *3.2.6 Méding*

Nokre namn har bakgrunn i bruk av médliner ved orientering på sjøen, t.d. namn med etterleddet *-méd*: *Karlsméd* (nord-vest for Feisteinen), *Nyeméd* (Reve) o.a. Når ein médar for å finna fram til ein fiskeplass, nyttar ein to médliner med to samanfallande punkt i kvar line. Fiskeplassen ligg i kryssingspunktet mellom dei to linene (Fig. 17). Å méda er med andre ord ei form for krysspeiling. Fleire føreledd inneheld namnet på eit médpunkt inne på land, t.d. *Snørsgrunnane* (Håsteinsfjorden; etter fjellet Snøde), *Fjøløygrunnen* (Rottfladholmen), *Longholsfluna* (Honnsviga), *Hodnakastet* (aust for Tjør; etter Hodnafjellet på Rennesøy), *Kleppegrunnen* (Reve), *Skodeméd* (utanfor Reve; etter Skodene), jf. òg føreleddet → *Kyrkje-*, som i nokre namn siktar til ei kyrkje som er brukt som méd. Det eine médpunktet på land er elles nemnt i namn på fiskeplassar som *på Ljoshaug* (ut av Honnsviga), *Vormestad* (nord for Gardsenden) og *Kjerbergen* (2 g., aust for Tjør og vest for Rott). Det sistnemnde kan tolkast som ei elliptisk namnelaging, < **Kjerberggrunnen*.

Sirevåg-fiskarar som har orientert seg mellom fiskeplassane på Ognabukta, har som faste médpunkt nytta to toppar eit stykke inne i landet, nemleg Hætua (i Vatnamomarkene) og Bjørndalen (dvs. Bjørndalsniba, Bjerkreim). Når dei méda 'ut og inn', hadde dei Hætua over oddar og framspring mellom Ramnatangen (Haver) og Ognasanden. I médlina på nord og sør hadde dei Bjørndalen over nokre mindre toppar i Ognalandet, t.d. Reven (Revafjellet), Klakken, Lyngtua (kalla Kattafjellet på garden) og Laugaberget. Fiskeplassen fekk gjerne namn etter det siste médpunktet: *på Nørdre Reven*, *på Klakken*, *på Lyngtua*, *på Laugaberget* etc., med andre ord tilsvarande namn som eitt av dei fire médpunkta.




Fig. 17. Méding for å finna fiskeplassen Skraden. illustrasjon frå Fuglestad & Varhaug 2000:15.
*Fig. 17. Use of landmarks to find the fishing place Skraden. Illustration from Fuglestad & Varhaug 2000:15.*

### *3.2.7 Fuglar i fjæra og på sjøen*

Mange namn frå sjøen og strendene inneheld eit fuglenemne. Også fuglefangst er ei gammal næring i dette området, bl.a. på Rott. Denne øya blir av amtmann Bendix Chr. de Fine (1745:172) omtala som "en særdeles herlig øe, med overflødig Mengde af Søefugle om Sommeren". Det dreiar seg om "æder Fugle og Mange andre slags Søe-Fugle til at selge" (de Fine 1745:39). De Fine kallar øya "Fugle-Øen" og legg til at det "er een saa forunderlig mængde om Sommeren af alle slags Søe Fugle, som flyver omkring i 1000-Tal og fylder luften med Skrigen og skraalen af underskedelig lyd" (loc.cit.). Om sjølve fangstmåten skriv han:

> Og ere disse Fugle Opsidderne til god Nærings hielp, thj naar Ungerne ere ganske smaae, gaar Bønderne, og brekker det yderste Leed paa deres eene vinge, og lader saa Forældrene opføde dem, til de ere vel voxne og Fiærene tidig, da giør de Jagt efter dem, og tager saadan mængde, at de end og Salter deres Kiød ned i Tønder og betiene sig af dem til Føde om vinteren, samt Fiærene (de Fine 1745:39).

Også Boye Strøm (1888) har omtala den spesielle fuglefangsten på Rott, noko som truleg gjeld fangst av fuglar i Skarvura heilt vest på Rott, altså på Vestra øyna. Han skriv bl.a.:

> Saasnart de udklækkede unger er blevne nogle dage gamle, sørger man nemlig for at knække den ene vinge paa et saa stort antal, som ansees passende for behovet. Naar derpaa ungerne er udvoksede, bliver de lemlæstede fugle fangede og slagtede; kjødet nedsaltes for husholdningen, og fjærene sælges (Strøm 1888:257).

Bøndene på Rott fekk driva denne næringa til 1903, men det året vart det mykje avisskriveri om "maagemyrderierne paa Roth" (Langhelle 1983:101). Etter fleire rundar i rettsstellet og ei ny straffelov



Fig. 18. Fuglaviga, Leiet og Leiesteinen (Kvalbein/Kvassheim). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 18. Fuglaviga, Leiet and Leiesteinen (Kvalbein/Kvassheim). Photo: Inge Særheim.*

frå 1.1.1905 som omhandla mishandling av dyr, vart det slutt på denne fuglefangsten i 1908. Liknande fangst av måkar vart driven på Kvitsøy.

Ein god slump namn inneheld nemne for fugleslag. Eit mykje nytta ord er *måke*, som er notert i 11 namn, t.d. *Mågabukta* (Buøyna), *Mågaskjeret* (Vigdel), *Mågasteinen* (2 g., Sørreime, Nordvarhaug), *Mågatona* (Holmane), *Mågaviga* (Sørreime), *Mågholmen* (2 g., Stølen, Holmane) og truleg *Måkollen* (Storetjør). I somme høve dreiar det seg om fangststader, t.d. *Mågahuset* på Vistnes. Ein skal her ha lagt steinar på vengene til fuglane, som skreik og lokka andre fuglar til staden. Fuglefangst ved bruk av måkehus er kjent frå fleire stader i fylket, t.d. på Utsira, nytta om små kvadratiske måkefeller med låge steinvegger, der ein la ut åte. Opninga var dekt med plankar som låg så langt frå einannan at måken kunne koma ned til maten. Men opp kom dei ikkje, for borda hindra dei; fuglane fekk med andre ord ikkje luft under vengene sine (Særheim 1990:37, 2013b:52 ff.). Også *Mågaholet* ved strandbakken på Reime har vore fangststad for måkar; her var det ei lita grop med tak over som jegeren stod og skaut frå. Bakgrunn i fuglefangst i stranda har òg truleg namnet *Skjodesteinane* (Stavnheim).

I mellomalderen vart det her i landet, ifølgje skriftlege kjelder, fanga falkar som vart eksporterte til det europeiske kontinentet og Dei britiske øyane, der dei vart nytta i aristokratisk jakt (falkonering). Fangst av falkar på Jæren er omtala i dokument frå 1520–21 (NRJ 1: 690), men går mykje lenger attende i tid, i alle fall til 1300-talet. Såkalla *falkeleie* (*falkelege*), dvs. ein stad der falkar vart fanga, fanst både på Nærland og Kvalbein. Ifølgje Tingbok for Jæren og Dalane frå 1. februar 1686 (Ba 42 1686 s. 2a–3a) var falkefangsten i Hå slutt på den tida. I grensa mellom gardane Kvalbein og Kvassheim finn ein namnet → *Falkhaug*, som har bakgrunn i fangsten av falkar på denne staden. Det er òg rimeleg å setja namn som → *Leiet* og → *Leiesteinen* (Kvalbein og Kvassheim) i samband med denne verksemda, med bakgrunn i falkeleiet på denne staden. Like ved ligg → *Fuglaviga*, som er tilhaldsstad for mange strandfuglar, vel pga. all taren som samlar seg i vika; dette er elles truleg ein viktig grunn til at rovfuglar, bl.a. vandrefalkar, har søkt til denne staden (Fig. 18).

Frå det gardstunet på Kvalbein som ligg nærast Falkhaug, Leiet og Fuglaviga, kan elles nemnast namnet *Fuglakung* /"foglakong/, dvs. 'fuglekonge'. Det siktar truleg til nederlandske falkefangarar som har halde til på denne staden. I *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567* (3:56) er det under garden



Fig. 19. Skarvasteinen (Myklabost). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 19. Skarvasteinen (Myklabost). Photo: Inge Særheim.*

Nessa i Hindarå prestegjeld (noverande Tysvær kommune) nemnt ein person "Her Jens po Ness fugle konge", som truleg siktar til ein nederlandsk falkefangar. Det var nemleg fangststader for falkar også i Tysvær, bl.a. i grenseområdet mellom gardane Dalva og Øverland, jf. stadnamn som *Falk(a)hytta*, *Falkhyttekra* og *Falkhytthaugen* frå Dalva.

Ved fangst av falkar vart det bygd ei lita hytte (*falkehytte*) der fangstmannen stod gøymd. Nokre namn frå Sirdal som inneheld nemnet *(falke)hytte*, kan setjast i samband med falkefangst, t.d. *Falkehytta* frå Josdal og *Hytteheia* frå Suleskard; på den sistnemnde staden (ved Håhellervatnet) var det ei falkehytte som vart nytta til fangst av falkar. På Nærland finst det (noko inne på land) eit par namn med føreleddet *Hytte-*, men det er uvisst (helst tvilsamt) om dei har samanheng med denne verksemda.

Mange fuglenemne ligg føre i stadnamna frå sjøen og stranda, oftast med bakgrunn i førekomst av vedkomande fugleslag på stadene. Ordet *korp*, som er nytta om 'ramn', førekjem i *Korpasteinen* (Obrestad) og *Korpaglova* (Vatnamo); jf. elles *Korpholet* frå Vigdelsveden. Også ordet *ramn* er føreledd i nokre namn: *Ramnatangen* (Nygård), *Ramnabukta* (Nygård) og *Ramnafjellet* (Nygård), dessutan truleg i *Ramshola* (Håstein) og *Ramsholet* (nord for Tananger); plantenemnet *rams* 'vill lauk, rams' synest mindre truleg i dei to sistnemnde.

Eit vanleg namneledd er elles *kråke*, som er notert i seks namn: *Krågeberget* (Rott), *Krågegrunnen* (Rott), *Krågeholet* (Rottfladholmen), *Krågereiret* (Kalvshagen) og *Kråge* (3 g., Hellestø, Ølberg og langt ute i sjøen i Randaberg). Det sistnemnde, som er utvikla av oblik kasus (ei anna form enn nominativ), gno. **Kráku*, er kanskje eit jamføringsnamn som siktar til den grå-svarte fargen til fuglen, ev. har det bakgrunn i tilhaldsstad for kråker. Dei to holmane med dette namnet i Sola ligg ved den gamle båtstaden på vedkomande gard og namnet i Randaberg ligg farleg til i skipsleia mellom Kvitsøy og Randaberg. Det kan difor ikkje utelukkast at namnet har samband med ferdsel på sjøen og gamle førestillingar om at kråka har vorte rekna for å vera ein ulukkesfugl.

Også terna har sett spor etter seg i skjergardsnamna frå Jæren. Fem stader er namngjevne etter denne fuglen: *Terneskjeret* /"tednesjæ:re/ (3 g., Haver, Håstein, Søre Frøsholmen), *Terneskjer* (Nygård) og *Terneskjera* (Sirevåg). Det mest nytta fuglenemnet i namna frå jærstrendene er likevel *skarv*, ein fugl som ein ofte kan sjå sitjande på steinar i sjøkanten og ute på sjøen. Heile 20 namn har dette ordet

som føreledd: *Skarsteinane* (Reve), *Skarsteinen* (3 g., Sele, Reve, Hårr), *Skarvura* (Rott), *Skarvhol* (Tunge), *Skarvaberg* (Rott), *Skarvagrunnen* (2 g., Myklabost, ved Håstein), *Skarvaklumpen* (Hellestø), *Skarvaskjeret* (Feisteinen), *Skarvasteinen* (7 g., Indrabø, Raustein, Myklabost, Vik, Obrestad, Stavnheim, Kvassheim (Fig. 19), *Skarvastøna* (Stavnheim) og *Skarvavarden* (Rott). I tillegg kjem det usamansette *Skarven* (2 g., Indrabø, Hafrsfjordkjeften).

I fire namn finn ein fuglenemnet *ørn*, nemleg *Ørnaberget* (Nordra Sunde), *Ørnabukta* (Myklabost), *Ørnakula* (Kvalbein) og *Ørnatua* (Hodne). Same fuglen har gjeve namn til → *Ådnaberget* (Nordra-Kolnes), som synest innehalda ei gammal form av dette fuglenemnet, vel mindre truleg mannsnamnet *Ådne*. Dette fuglenemnet finn ein òg i *Ådnhaug* (med trykk på etterleddet) frå Kvitsøy og garden Tu i Klepp. Også hauken er representert i tre namn: *Haugaberget* (2 g., Tananger, Rott) og *Haugarhaug* (Vigdel).

Andre nemne for fugleslag finn ein i *Alkodden* (Rott), *E(i)gerholmen* (ved Grynningen; vel 'hegre'), *Gåsa* (sør for Grynningen; dette er helst eit jamføringsnamn med bakgrunn i forma til skjeret), *Tjeldskjer* (Tunge), *Tråneforbekken* (Ogna, vel 'trane'), *Vibemyra* (Holmane), *Ågerhøneberget* (Tjora; *åkerhøne* /å:gar'hø:na/ 'åkerrikse') og *Stokkandsgrunnen* (Kvalbein). Elles finn ein lagingar til nemnet *fugl* m. i *Fuglingen* (også kalla *Fyglingen*; Hodne, avleiing med *ing*-suffiks), *Fuglaberget* (Tjør), *Fuglatangen* (Vistnes) og *Fuglaviga* (2 g., Hå, Kvassheim/Kvalbein).

## 3.3 Ferdsel

Ei rekkje namn frå sjøen har bakgrunn i båtferdsel. Nokre gjer greie for kor ein kan ta seg fram mellom holmar og skjer, medan andre varslar om spesielle farar undervegs for dei som ferdast i båt langs kysten. Somme namn synest vera rosande uttrykk, gjerne brukte om farlege stader langs leia, t.d. undervasskjer og straumar, kanskje for å 'blidgjera' og ta krafta frå barske naturkrefter. Slike og andre namn er som varsellamper med oppgåve å gje båtførarar melding om korleis det er å ta seg fram på vedkomande stader.

Gardane langs sjøen hadde gjerne eigen båt som låg i stranda, ved båtstøa. Av di naturlege hamner berre finst nokre få stader langs jærkysten, har ein på mange sjøgardar grave stø i steinura der ein kunne gå inn og ut med båt. Men store havbølgjer ("rier") var ofte ei utfordring, så det var viktig å gå ut or og inn i støa på det rette tidspunktet, dvs. når det var eit lite opphald ("ei løye") mellom havbølgjene. Ein måtte "passa løya". Ofte kom det tre store alder (uttala *ålle*, /"åle/) etter einannan, og så vart det eit lite opphald.

For å sikra trygg ferd på sjøen er det sett opp fyrlykter på holmar, skjer og nes, og det er bygd fyrstasjonar (Tungenes, Fladholmen, Feisteinen, Obrestad/Hå og Kvassheim). Det var redningsstasjonar fleire stader, bl.a. på Reve og Kvalbein. På mange sjøgardar budde det losar som gjekk ut til større skip for å losa dei langs den farlege kysten, noko ein finn merke etter i somme namn: → *Losatona*, *Losberget*, *Losskjeret*.

Trass i tryggingstiltaka har det gjennom åra vore mange forlis langs jærkysten, noko somme stadnamn gjev melding om. For strandgardane var dei mange skipsforlisa og opphogginga av båtvraka faktisk ei viktig inntektskjelde. Det vart halde store auksjonar der utstyr og materiale frå stranda skuter vart selt.

### *3.3.1 Gode ferdastader*

I somme namn får ein melding om kor ein kan ta seg fram med båt. Nemnet → *fjord* heng språkleg saman med verbet *fara* og siktar opphavleg til ferdsel med båt. Viktige farleier utanfor Nord-Jæren er t.d. *Rottsfjorden*, ofte berre kalla *Fjorden*, og *Håsteinsfjorden*. Også *Fjøreneset* med *Fjørenesholmane* (heilt nord i Sola, mellom Hafrsfjord og sjøen) og grunnenamnet *Midtfjøra* frå Rottsfjorden inneheld ordet *fjord*. Ei liknande form finn ein i namnet *Halvfjørevika* ('halvfjords') frå Suldalsvatnet, jf. òg gards- og bygdenamnet *Tysvær*, som er samansett med *fjord* (Særheim 2007:63 f., 244).

Eit anna nemne for farlei på sjøen er → *lei* (*skipslei*), som ein finn i bl.a. *Skipsleia* (fleire stader, t.d. mellom grunnane utanfor Reve), *Leia* (fleire stader, t.d. mellom Rott og Frøsholmane og på innsida av Tjør) og *Leia på Revingen*. Liknande innhald har → *renne*, som i namna *Renna* (fleire stader, t.d. innanfor Kolnesmolen og utanfor Vistnes) og *Seglrenna* (mellom Feisteinen og land). Også namn som *Midtbotn* (mellom Feisteinen og land), *Djubet* (ved Feisteinen) og *Djuba sundet* (Haver) siktar til at ein kan ta seg fram med båt på slike stader.

Spesielle stader i sjøen der ein kan – og bør – ro, har fått namn som *Roren* (ei spesiell rorlei frå redningsstasjonen på Kvalbein ut til den farlege holmen Raunen), *Rortangen* (Husvegg) og *Roa* (Ølberg; grunne, flu). Nemnet → *led* i *Risaledet*, ein snarveg ut or Risaviga, nytta av fiskarar som kappast om å koma først til fiskeplassane, og i *Skjoliled* (Rott; tyder truleg 'skjul i led') siktar til at det her er råd å ta seg fram med båt. Eit liknande innhald har namnet *Gjerdedørene* (ved Frøsholmane), nytta om tronge sund der det er råd å ta seg fram med båt mellom Gjerdeskjera. Namnet *Snig* (Tananger, innanfor Melingsholmen) siktar òg til ein trong passasje mellom holmen og fastlandet.

### 3.3.2 Vanskelege ferdastader

Men langt fleire namn varslar om stengsel og farar under ferdsla på sjøen. Føreleddet *Grunna-* er t.d. i namn som *Grunna sundet* (Holmane) og *Grunnafluna* (Jåsund) nytta om grunne stader på sjøen, jf. òg *Turra sundet* (Tjør), brukt om eit sund der ein ikkje kjem gjennom med båt. At det er svært trongt på vedkomande stader og vanskeleg eller uråd å ta seg fram med båt, er elles formidla i namn som *Tronga* /'trånjå/ (2 g.; sør for Buøyna og mellom Røyda og Nordtjør), *Hønesundet* (mellom Hønesundsholmen og land i Skiftesvik, Jåsund), *Kattapina* (ei trong bergkløft på Ytrabø og eit skjer på Rott) og *Klåstallen* (Sirevåg). Om vanskelege vilkår for folk i båt fortel òg namnet *Rådstova* /"råstå:vå/ ('fengsel'), brukt om ei bukt på vestsida av Håstein; denne staden er særs utsett for vêr og vind.

Nokre namn fortel om straum og sog i sjøen. Stader med mykje straum har t.d. fått namn som *Straumen* (Hellestø), eit sund og ein hamnestad på innsida av holmen Sulle (Fig. 20), og *Soget* /'såye/ (Kvalbein), eit sterkt straumfall i rorleia mellom redningsstasjonen og rullesteinsholmen Raunen. Både *Årabrod* (Holmane) og *Årasmeden* (Frøsholmane) siktar til at ein kan knekka årene på slike stader, for her er det sterkt sog i sjøen. Føreleddet i holmenamnet → *Frøsholmane* siktar nettopp til straum og sog i sjøen. Også føreleddet i → *Sirevåg* ser ut til å ha bakgrunn i sterkt sog, såkalla "botnatrekk", i sjøen. Namnet *Nordavindsholet* skal sikta til at ein kan finna livd når det er sterk nordavind i denne vesle innskjeringa i Store Grynningen.

### 3.3.3 Farar langs båtleia

Ei rekkje namn på skjer og grunnar gjev melding om farar langs båtleia. Dei fortel bl.a. om grunnar som ligg løynt, men som kan bryta utan varsel, om særs farlege grunnar og skjer som dreg båtane inn til seg når dei bryt, og om grunnar og skjer som ligg utsett til og bryt med stor kraft og mykje lyd. Om stader som valdar skade og ligg løynt og ulagleg til, fortel føreledda i namn som → *Skoholmen* (Tunge; valdar 'skade'), *Løyndagrunnen* (2 g., nord for Nordtjør og sør for Feisteinen; ligg 'løynt') og *Døsa* /"dø:så/ (ved Fjørenesholmane i Hafrsfjordkjeften; 'døser' i sjømålet). Ved holmen *Grynningen* (utanfor Randaberg) er det eit stort res av 'grunnar'. *Underskjeret* (Stavnheimsviga) ligg 'under' sjømålet. Ved *Varaskjera* (Husvegg) skal ein vara seg, noko føreleddet med tydinga 'varsla, åtvara; akta seg' gjev melding om. Liknande innhald har *Varasteinen* (2 g., Reime og Sørreime). Grunnen *Midtfjæra* (i Rottsfjorden, mellom Rott og fastlandet) ligg 'midt i fjorden'. Også *Leiasteinen* (ved Nordre Gjøringen) ligg ulagleg til, nemleg 'i leia', medan grunnane *Skjenane* (Ytrabø) ligg 'på skrå' ut i båtleia.

Store bølgjerørsler og bårebrot er varsla i mange namn. *Skjevlingen* (skjer sør for Sirevåg) lagar 'skavl', medan *Olleskjeret* (nord for Rott) inneheld målføreforma av ordet *alde* f. 'bølgje'. Ved båen *Gryda* /"gry:då/ (sør for Nordskod) 'kokar' det. *Villeboane* (i Håsteinsfjorden) har namn etter 'ville' brot. *Skvetta* (Holmane) er eit bergframspring som bølgjene slår mot, medan *Stampa* er ei flu vest



Fig. 20. Båtplassen Straumen med holmen Sulle til høgre (Hellestø). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 20. The harbour Straumen with the rock Sulle to the right (Hellestø). Photo: Inge Særheim.*



for Revingen som truleg er namngjeven etter stampesjø, ev. etter lyden av sjøbrotet. Føreleddet i *Skolasteinane* (Stavnheim) og *Skolasteinen* (Årsland) tyder truleg 'skvulpa, plaska'. *Slarka* /"slarkå/ (Grødaland) er namngjeven etter bølgjeslag, *Brønnes* (Rott) etter *brim* 'bårebrot mot land', og *Bårøyna* (Byberg/Sele) etter store 'bårer, bølgjer'. Namnet → *Fakse* er nytta om skjer både ved Håstein, Tjør og Skodene; her er det mykje kvitt skum av bårebrota. Liknande tilhøve ligg til grunn for namna *Sprette* (2 g., skjer aust for Svartaskjera og sørvest for Storetjør), der bølgjene sprett i vêret utan varsel, dessutan for *Spretten* (båar sør for Feisteinen), *Springaren* (ein grunne sør for Sirevåg som er svært rask og bryt utan varsel) og *Sprøyta* /"sprø(y)tå/ (ein grunne i skiftet mellom Vik og Skeie; 'sjøsprøyt').

Særs farlege skjer som ein bør halda avstand til, har fått namn som *Kniven* (ein grunne nord for Tjør), *Stikkaren* (eit skjer nord for Tjør, ved Store hugen), *Knogane* (ein grunnerygg nord for Buøyna; 'knok') og *Skidknog* (Tjora, eit skjer). Innhaldet i namna er eit klart varsel til båtførarar. Liknande tilhøve ligg truleg attom namn som *Onglaskjeret* (eit skjer ved Kvalbeinraunen; 'fiskekrok'), *Krogen* (ein grunne nord for Feisteinen; 'krok'), *Klaven* (eit skjer nordaust for Egerholmen) og *Klemma* (eit skjer utanfor Hårr).

Lyden av bårebrota er omtala i døme som *Smellen* /'smed,l/ (skjer ved Tjør, Hatten og Frøsholmane), *Skrabene* (skjer ved Hugen, nord for Tjør; 'skrapelyd'), *Skyttaren* (eit skjer utanfor Søra-Kolnes), *Skyttarane* (skjer nord for Tjør) og *Skidaren* (ein stein i sjøen på Husvegg og ein båe sørvest for Litle Grynningen; 'skita'). Bakgrunn i lydinntrykka av bølgjer som slår mot stadene, har òg truleg namna *Skodahola* (Myklabost, ei lita vik der sjøen slår inn; 'skot'), *Skodaholet* (Sele, lita vik), *Hurra* /"horå/ (Vistnes, eit berg ved sjøen; til *hurra* vb., dvs. 'brusande' lyd av bølgjene), *Doneviga* (2 g., Nordra Sunde, Myklabost; 'dønn, drønn' av bølgjene), *Dynneviga* (Vistnes; 'dønn, drønn' av bårene) og *Dynbergskilen* (Grynningen; ei lita vik).

Av slike døme går det fram at mange namn som er nytta om farlege ferdastader på sjøen, vantar eit ord for terrengtype. Det er individuelle skjer- og grunnenamn, gjerne jamførande namn, der ein ved namngjevinga har prøvd å få fram den spesielle, individuelle eigenskapen til staden. Namna varslar stor fare, og dei formidlar såleis viktig informasjon til båtførarar. Ved slike stader skal ein vera særs aktsam når ein ferdast i båt. Den individuelle karakteren til stadene som det er så viktig å kjenna til for båtførarar, kjem truleg best fram når ein ved namngjevinga utelet ordet for terrengtype og berre nemner den spesielle eigenskapen, altså særtrekket, jf. *Døsa*, *Gryda*, *Skvetta*, *Slarka*, *Hurra*, *Stampa*, *Sprette*, *Sprøyta*, *Fakse*, *Kniven*, *Krogen*, *Klaven*, *Klemma*, *Knogane* (*Skidknogane*; skjer ved Buøyna), *Smellen*, *Skrabene*, *Skyttaren*, *Skidaren*, *Springaren*, *Stikkaren* og *Skjevlingen*.

### 3.3.4 Ord for husdyr og andre landdyr i skjernamn

Nokre ord for landdyr, særleg visse husdyr, er nytta i namn på farlege steinar i sjøen. Dette gjeld bl.a. ord for 'gris', som i *Galten*, nytta 3 g. om skjer (Vigdel, Hå og ved Hugen nord for Håstein), og 2 g. om nes (Jåsund, Tunge). Andre døme er *Sugga*, nytta 4 g. om steinar i sjøen (Tunge, Stavnheim, Hårr, Kvalbein), *Grisaryggen* (grunneres nord for Håstein), *Galtaryggen* (nes i Holmane) og *Fleskaryggen* (skjer utanfor Raustein), jf. òg *Bergsugga* (Madland), som kanskje går attande på eit **Sugga*. Slike namn kan i nokre høve vera nytta jamførande om eit langstrekt og avrunda skjer eller berg. Men namna siktar vel særleg til at det dreiar seg om farlege stader i sjøen der ein skal vera på vakt. Det individuelle, levande og ubereknelege er viktige sider ved slike stader og namn. Her kan ein stå overfor store utfordringar.

Også nemne for vêrar, bukkar og andre hornprydde dyr er representerte. Båenamnet *Habboen* (sør for Feisteinen) inneheld gno. *hafr* m. 'bukk', jf. òg fjordnamnet → *Hafrsfjord* og gardsnamnet → *Haver*. Føreleddet i *Risbidskjeret* (utanfor Myklabost, nord for Tananger (Fig. 21) er *risbit* m. 'årsgammal vêr eller bukk', medan *Rongvershola* (Honnsviga) er samansett med *runnvêr* m. 'avlsdugleg bukk'. Nemnast i denne samanhengen kan òg *Nivlingane* (sør for Rott), som truleg er avleidd av *nyvle* f. 'lite horn'. *Dyraskjeret* (2 g., ved Frøsholmane og nord for Tjør) er samansett med ordet *dyr* n., som i fleire



Fig. 21. Risbidskjeret (Myklabost). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 21. Risbidskjeret (Myklabost). Photo: Inge Særheim.*

stadnamn frå Rogaland siktar til reinsdyr eller hjort, jf. namnet *Dyraheio*, nytta om Ryfylkeheiane, der nemnet siktar til reinsdyr.

Eit skjer i leia nord for Tananger heiter *Oksafoden*, også berre kalla *Oksen*. Det er eit klart varsel til båtførarar om korleis ein bør fara fram ved denne staden. Nemne for husdyr finn ein òg i *Porthunden* (Kinnarvåg/Holmane, skjer) og *Porthundfjellet* (Haver), altså 'porthund, hund som vaktar porten', som båe er knytte til farlege skjer ytst i skjergarden ved innseglinga til båthamner. Også slike namn varslar om spesielle farar i båtleia. *Hesten* er namn på eit skjer på Kvassheim (også brukt om båtstøa innanfor), jf. òg steinen *Hesten* inne på land (Haver), også kalla *Havrahesten*. Dyrenemne brukt jamførande finn ein truleg òg i *Bjørnskod* (ein av dei små holmane i holmegruppa Skodene; 'bjørn') og *Bjørnafluna* (Randaberg, ligg mellom Grynningen og fastlandet), dessutan i *Hyvringen* (grunne nord for Grynningen; '(stor) krabbe').

I nokre høve kan samanlikning med bakgrunn i forma liggja til grunn for slik namngjeving, t.d. *hest* brukt om høgreiste steinar. Men dei fleste av dei nemnde døma synest først og fremst sikta til at det dreiar seg om farlege stader i sjøen, nærast levande vesen som er uføreseielege, og som kan bita, stanga eller sparka frå seg. Særleg tydeleg er dette ved nemnet *porthund* m. 'hund som vaktar porten', nytta om skjer som ligg langt ute i sjøen ved innseglinga til ein båtstad. Det er òg grunn til å spørja om det kan liggja tabuførestillingar til grunn for slike namn, for dei inneheld ord for dyr som ein ikkje skulle nemna medan ein var på sjøen. At namna er nytta om særs farlege stader i båtleia, talar for ei slik forklaring.

### *3.3.5 Grunnstøyting*

Nokre namn langs jærstrendene har bakgrunn i større skip som har grunnstøytt og forlist. I døme som *Fortunholmen* (Holmane), *Vestasteinen* (Tunge) og *Ofeliasteinen* (Hårr) finn ein namnet på

skipet som har gått på land. Tilsvarande bakgrunn har namnet *Svensken* (Feisteinen). Samband med forlis har òg truleg *Svenskaviga* (Holmane), dessutan *Hyttesteinen* (Nordvarhaug), *Vraget* (Ytrabø), *Båden* (Varhaug/Husvegg), *Jekta* (grunne vest for Kjerten) og *Juden* (båe sørvest for Håstein). Også → *Galgarinda* (Orre) og det velkjende → *Klokkeskjeret* (*Klokkene*) ved Håstein, som det er knytt spesielle forteljingar (segner) til, er sette i samband med grunnstøyting, jf. omtale nedanfor.

Namnet *Skeiefluna* (Husvegg) siktar til at ein båt med folk frå Skeie kantra på denne staden med heile hummarlasta, visstnok i 1850. Dei skulle levera fangsten på eit hummarmottak i Holmane. *Smittahamn* (Sele) har visstnok bakgrunn i at ein skipper med dette namnet gjekk på land med skuta si på denne staden. Føreleddet i namn som *Bådsmannssanden*, *Bådsmannsviga* (båe Sele), *Bådsmannsriva* (Vigdel) og *Skibmannsriva* (Hellestø) skal ha opphav i skipsmannskap som har reke inn som lik på desse stadene.

### *3.3.6 Godnemne?*

Somme namn inneheld ord som har positive konnotasjonar, t.d. *Smørboen*, nytta om ein båe som ligg i farleg farvatn søraust for Buøyna. Kanskje er dette eit såkalla *godnamn* (*godnemne*), eit rosande namn brukt om stride naturkrefter, kanskje med oppgåve å 'blidgjera' eller temja dei. Liknande forklaring gjeld kanskje for namn som inneheld nemne frå den kristne kulturen, som *Krossen* og *Kyrkjetangen* på Kvalbein, båe frå stranda innanfor det farlege sjøstykket ved Raunen. Det førstnemnde er nytta om staden der redningsbåten låg, det andre om ein tange like ved. Frå folkediktinga er det velkjent at kristne nemningar skulle kunna ta makta frå trollkrefter, jf. at Veslemøy i Garborgs diktsyklus *Haugtussa* kjem fri frå trollmaktene ved å bruka slike nemne: "Ingen annan fær meg i Famn; - no riv eg meg laus i Jesu Namn" (Garborg 1895:221).

Liknande forklaringar kan høva for stadnamn frå andre delar av Rogaland, t.d. *Kristennamnet* frå Bergsholmen i Lysefjorden (Særheim 2002). På denne staden finn ein òg namn som *Syngknuden* (vel opphavleg *Sund-*) og *Kyrkjeneset* (der folk skal ha gått om bord på kyrkjebåten). Det blir fortalt at kyrkjefolket song medan dei kom roande inn straumsundet ved Syngknuden, men det er nok såkalla folkeetymologi (ei folkeleg forklaring på eit namn).

Nemne for kristen kultur kan i nokre høve ha ein annan bakgrunn. Ordet *kross* kan t.d. sikta til grensemerke (skiftekrossar) eller reiste krossar til hamnemerke, noko som synest høva for → *Krossane* og *Krossatangen* mfl. frå Vik (ved grensa med garden Orre). I einskilde namn kan nemnet *kross* sikta til ein terrengformasjon som er forma som ein kross, t.d. *Krossane* i åa Figgjo på Vestra Bore/Sele.

### *3.3.7 Ferdamåte, ferdafolk og hamneplass*

Føreleddet *Los(a)-* i stadnamna siktar, som nemnt, til losverksemda, som har vore viktig for å sikra trygg ferdsel mellom farlege skjer og båar langs jærkysten. Ofte har dette nemnet bakgrunn i faste utkikstader for losane, for det var viktig å oppdaga skipa tidleg og vera førstemann ut til dei: *Losatona* (Hellestø), *Losberget* (Storetjør) og *Losskjeret* (Håstein). *Oldermannsbakken* (Tananger) har namn etter losoldermannen (leiar for losane). Om fyrstasjonar har ein gjerne nytta nemninga *Fyren*. Frå Reve kan elles nemnast seglmerket *Dagmerket* på land, og seglingsmerka *Lydbøyen* og *Lysbøyen* ute i sjøen.

Bakgrunn i ferdsel på sjøen har òg *Varpestolpen* (frå vågsgapet i Sirevåg), som siktar til haling (varping) av seglskuter. Namnet *Hestaviga* (Rott) skal ha bakgrunn i at denne vika vart nytta når ein hadde hestar om bord. *Bus(s)eneset* og *Håttaviga*, som båe er knytte til ein gammal ferjestad på nordsida av Hafrsfjordkjeften, har truleg samband med kryssing av fjorden med båt. Det førstnemnde inneheld gno. *búza* (*bussa*) f. 'stort breitt skip', medan føreleddet *Håtta-* etter tradisjonen skal ha samband med verbet *håtta* 'sansa, leggja merke til', visstnok med bakgrunn i signal i samband med kryssing av fjorden. Her stod det tidlegare eit lite hus med ei kvit og ei grøn rute. Folk som skulle over fjorden, sette lyset i den grøne ruta slik at ferjemannen på Jåsund kunne sjå signalet og gå ut med båten.



Fig. 22. Ladberget (Vistvik). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 22. Ladberget (Vistvik). Photo: Inge Særheim.*

Ei rekkje namneledd er nytta om hamn, stø, båtlending, båtplass e.l., som → *ankerplass*, *bryggje*, *dokk*, *hamn*, *kai*, *lende*, *molje, molo*, *naust(r)*, *rei*, *renne*, *strand*, *stø*, jf. òg → *tange*. Også andre namneledd siktar til båtferdsel og hamneplassar, jf. *Bandstadodden* (Rott), *Ringaberget* (Søre Frøsholmen; fortøyingsringar) og *Ringasteinen* (Indrabø), som er fortøyingsstader. *Ladberget* (4 g., Vistvik, Vistnes, Viste, Tjora) (Fig. 22) er namn på gamle laste- og losseplass for båtar, noko som òg truleg gjeld *Ladet* (Kinnarvåg). Namnet *København* (Nordra-Sunde) siktar til båthamn. Nokre namn synest fortelja om lune liggjestader for båtar, som → *Koven* (Søra-Kolnes), *Omnskråna* (sør for Buøyna) og *Stovelivda* (Melingsholmen, Tananger).

Fleire namn inneheld eit ord for ‘skip, båt’. Vanlegast er ordet *båt*: *Bådstad* (Meling/Haga), *Bådaberget* (6 g., Tananger, Meling, Sola, Ølberg og Vigdel, dessutan noko inne på land på Viste), *Bådasanden* (Sirevåg), *Bådastranden* (Myklabost), *Bådaviga* (Holmane) og *Båshøyen* (Årsland; < **Båts-*). Bakgrunnen er i regelen fast liggjeplass for båtar. Også andre ord førekjem, t.d. i *Jektastøna* (3 g., Vistnes, Rott, Hellestø), *Skøytestøna* (Viste), *Skibapollen* (Nordvarhaug), *Skibmannen* (Tananger) og *Skudeviga* (Tananger), jf. òg det nyss nemnde *Busseneset* frå Hafrsfjordkjeften. *Blulaidsbryggja* (Tananger) har namn etter redningsbåten *Blue Lady*.

I somme namn er det gjort greie for kven som har nytta båtplassen, jf. *Allmannastø* (Kvalbein; ‘for alle’), *Lensmannsstøna* (Goa), *Tollbubryggja* (Tananger), *Fantabryggja* (Sande) og *Fantastøna* (Sande). Fleire stadnamn frå stranda inneheld eit gards- eller bruksnamn som fortel om gamle bruksrettar, som *Bærheimsberget* (Sola), *Hadlandsstø* (Kvalbein), *Kvarmestø* (Kvalbein), *Rægestranden* (Sola), *Slettheistranden*, *Slettheinaustret* (båe i grensa mellom Risa og Haga), *Njærheimshola* (Nærland) og *Åsenaustret* (Skeie).

### *3.3.8 Ferdsel på land*

Nokre namn er knytte til ferdastader på land, jf. nemne som → *gate*, *gote*, *geil*, *kleiv*, *klopp*, *led*, *skei(d)*, *vad*, *vaul* og *veg*. Døme på namn med slike ord er: *Breigod* (Rott; brei 'gote, veg'), *Kleiva* (Stølen; bratt stiging), *Klopparskeia* (Grødaland; veg med 'klopp, (stokk)bru'), *Vaulen* (Brusand; 'vad'), *Vegene* (Obrestad), *Kongsvegen* (Varhaug mfl.), *Postvegen* (Hårr mfl.), *Sjoarvegen* (Myklabost; veg til 'sjøen'). Mange stader finn ein *Strandvegen* (Indrabø, Ytrabø, Viste, Orre, Skeie, Nærland, Husvegg mfl.), nytta om veg ned til stranda og båtplassen. Andre døme er *Taravegen* (Årsland; veg der ein køyrde tare) og *Kjøringsvegen* (Tananger).

Bakgrunn i ferdsel har òg *Nedgangsbakken* (Vigdel; veg ned til sjøen), *Stiabukta* (Haver; truleg 'sti') og *Gangsteinane* (3 g., Hå, Årsland, Kvassheim), det sistnemnde brukt om steinar der ein har kryssa ei å. *Prestågeren* (Sørreime) ligg ved prestevegen. *Kjerreberget* (Vistnes) siktar til at ein her let hestekjerrene stå i livd under berget. Ved *Braffatorga* (Hellestø) stod hestane fasttjora medan kvinner og born var i stranda og henta fisk.

## 3.4 Nokre gjeremål og verksemder i stranda

### *3.4.1 Strandrak og opphogging av båtar*

I novella *Strandrekst* (1982) har Tor Obrestad skildra spenninga ved å gå langs stranda etter ein storm for å sjå kva som har reke inn frå sjøen:

> Heilt frå eg var liten har eg likt å gå "på stråndå" etter storm. Rusle langs fjøresteinane og samle saman alt det stormen har slengt på land. Og det er ein slags sport. Kråkesport. Sanke restane etter ulykkene, sanke søppel. I meir skrøpelege tider og med meir skrøpelege skuter var kan hende gevinsten noko å rekne med. No betyr det ikkje noko til eller frå (Obrestad 1982).

Fleire namn har bakgrunn i sanking av strandrekster, dvs. ting som har reke inn frå sjøen, t.d. *Brennevinsholet* (Hå; lita vik) og *Spiskammerset* (Fladholmen, Ølberg; småvikar), og truleg *Madholet* (Jåsund; lita vik) og *Pebarviga* (Obrestad; vik). *Petroviga* (Reve) skal ha samband med ei kvinne som sanka strandrekster i denne vika; liknande bakgrunn har kanskje *Farmorviga* (Tunge).



Fig. 23. Tarebrenning. Foto: Fotosamlinga i Hå.
*Fig. 23. Burning seaweed. Photo: Fotosamlinga i Hå.*

Forlis og opphogging av skip har, som nemnt, vore ei viktig inntektskjelde for strandgardane. Langs jærkysten var det tidlegare fleire faste opphoggings- og auksjonsstader for skipsvrak. Ein finn skipsmateriale i ei rekkje gamle løer og andre bygningar på det (tidlegare) trelause Jæren. Namna *Skibasteinen* (Reve, Varhaug) og *Skibatangen* (Reve) siktar til at skip som skulle hoggast opp (av sjøen), vart festa i desse steinane. *Tyneviga* (Hodne) har truleg namn etter eit engelsk skip som vart hogd opp i denne vika.

### 3.4.2 Sanking og brenning av tare

I artikkelrekkja *Fra det mørke Fastland* (1893) har Arne Garborg som utsending for *Verdens Gang* (dvs. med hovudstadsperspektiv) skildra tarebrenninga på Jæren, bl.a. den gjennomtrengande lukta av røyken:

> Langs Havkanten steg fra hundrede forskjellige Punkter en tung, gusten Røg, som dreves indover af Vinden, til den bredte sig over det ganske Land som en tynd, skidengraa Taage [...] – Hvad er det, de brænder dernede? Spurgte jeg en Mand, som ved sidste Station var kommet ind. – Det er tare, sagde han (Garborg 1893).

Også taresanking og tarebrenning har vore ei viktig verksemd og inntektskjelde på strandgardane. Ein finn ordet *tare* som føreledd i ei rekkje namn, fleire av dei med bakgrunn i sanking, køyring, tørking og brenning av tare: *Tarateigen* (2 g., Orre), *Taravegen* (Årsland), *Tarahagen* (2 g., Kvassheim), *Taratuptene* (Sørreime), *Tarabruga* (Indrabø, Ytrabø; tarebruk), *Tarabruna* (Sørreime; tarekant i stranda), *Tarastranden* (Viste), *Tarastøna* (Ølberg), *Taraviga* (Ølberg), *Tarabukta* (Myklabost), *Taraholet* (Ølberg), *Taraberget* (Rott) mfl.

Bakgrunn i arbeidet med taren – tørking og brenning (Fig. 23) – har òg namna *Turkeplassane* (Orre), *Turketegane* (Byberg; tørkeplassar), *Søra Turkateigen* (Orre), og *Skortangtegane* (Orre). I *Banaviga* (Hodne) var det lagt ned ein skjenegang der hestar drog opp vogner med ilesst tare. Namnet *Brattlendssteinen* (Nordvarhaug) siktar til ein gammal bruksrett som garden Brattlend hadde i stranda, medan *Groba* (Sele) er eit lite søkk der ein sat og drakk kaffi under arbeidet med tare i stranda.

Om tare som ligg og rotnar i stranda, fortel namn som *Lukteviga* (Ogna), *Luktatjørna* (Myklabost), *Røydevågen* (Vistvik) og *Rådafloen* (Vistnes). *Fuglaviga* (Kvassheim/Kvalbein) var ei særs god tarevik. Føreleddet siktar til at mange fuglar finn seg mat i taren. Dette namnet finst òg på Hå.

Mange namn og nemne siktar til tarevekst på sjøbotnen, jf. nemne som → *bredd*, *upsakant*, *torve*, *flekk* og *flak*. Om taregrunn i sjøen fortel òg namn som *Buska* (Søra-Kolnes, *buske* f.), *Matlautorva* (Sola; ‘marlauk’) og truleg *Oske* (Nordra-Kolnes; vel oblik kasus av gno. *aska* f. ‘oske’, dvs. gno. **Ǫsku*).

### 3.4.3 Henting av sjøsand m.m.

I boka *Knudaheibrev* (1904) har Arne Garborg gjeve ei skildring av korleis folk på innlandsgardane (som Garborg i Time) køyrde til stranda for å henta golvsand:

> Golvsand hev du vel høyrt gjeti (…) Det eg veit er, at Heime brùka me Golvsand som anna Folk, og hadde so gjort Ætt etter Ætt (…) Me totte det var friskt med den fine blaae Havsanden paa Golvet. Naar Stogo var sopa og Sandstraadd fekk ho ein Daam som av Strand og Sjø (Garborg 1904).

Sjøsand, både skjelsand og golvsand, har blitt henta mange stader langs jærstrendene. Skjelsanden har blitt brukt til gjødsling av markene, og golvsanden til reingjering av golv. Namn som har samanheng med henting av sand og grus, er *Skuresandsviga* (Tunge; golvsand) (Fig. 24), *Hanasandsbukta* (Tunge; ‘skjelsand’, skjelfigurar vart kalla “hanar”), *Skjelsandrinda* (Reve) og *Jørginahola* (Ølberg; her henta ei Jørgina skjelsand), jf. òg *Aurbanen* (2 g., Skeie, Hårr; ‘grustak’).

I Ryfylke finn ein mange namn som har bakgrunn i saltkoking, som *Saltkjerviga*, *Saltkjel* og *Saltkjelberget*. Føreleddet *Salt-* finn ein òg i *Saltskjeret* (Tjora), men det er uvisst – helst tvilsamt – om

dette namnet har tilsvarande real bakgrunn. Også tilvirking og lagring av bast (nytta som tau) ligg til grunn for mange stadnamn i Ryfylke. Namnet *Bastaberget* (Rott) siktar truleg til lagring av bastetau.

Av andre gjeremål kan nemnast arbeidet med torv, jf. *Torvberget* (Husvegg), *Torvhagen* (Husvegg) og *Groven(e)* (2 g., Obrestad, Sirevåg; skjering av brenntorv). Namna *Gruba* og *Grubodden* frå Ølberg har bakgrunn i skjerp etter kis, medan *Boreholet* (Grødaland) siktar til boring etter kol.

Mat- og kvilestader har fått namn som *Kaffihagen* (Rott), *Kvileberget* (Sele) og *Kvilesteinane* (Nordra-Sunde); det sistnemnde siktar til at kipene med fiskefangsten vart sette ned på desse steinane. Om godt utsyn fortel namnet → *Leidet* (Vistvik/Vistnes), noko som kanskje òg er bakgrunn for → *Kagebergene* (Sola), *Kagesteinen* (Tunge) og *Kannesteinen* (Indrabø), jf. *kaga* vb. 'stira, (strekkja hals for å) sjå' og *kanna* vb. 'sjå (etter)'.

Nokre namn fortel om vasking og bleiking av klede: *Klededal* (Vigdel; her la ein klede ut for bleiking), *Bleigjevollen* (Hå; bleiking av klede) og *Vaskehusgada* (Tananger; eit tidlegare vaskehus). Samband med tidmerke har → *Klokkarudla* (Varhaug), *Nunsbakken* (Vik; *nun*, dvs. *non*, eit måltid ca. kl. 15) og *Nunsvardmyra* (Rott), jf. òg namna → *Daursbeidet* (Obrestad; *daur* 'dugurd', eit måltid i 9–10-tida) og *Dauraholet* (Hellestø), som båe er omtala nedanfor. Namna *Fløyen* (Kalvshagen) og *Fløyfjellet* (Stølen) siktar til vindmålarar, og *Mastrahagen* (Nærland) til ei radiomast.

Stader med namn som *Knudaisen* (Nordra-Sunde), *Rutsjen* (Viste), *Krambusteinen* (Ølberg), *Senga* (Hårr) og *Tripp trapp trisko* (Hårr) har vore leikestader for born, og namna er òg truleg laga av born. Namnet *Krokketplassen* (Hå) har bakgrunn i at presten Holm her skal ha spela krokket, medan *Laugaberget* (Ogna) og *Laugaviga* (Vatnamo) er nytta om badeplassar. *Ågådadammen* (Nordra-Sunde) har namn etter ei Ågota som lauga seg i ein dam som danna seg på denne staden ved låg sjø. *Dansesletta* (Hellestø) skal vera ein gammal danseplass.

## 3.5 Planteliv, husdyrbeite og landbruk

### *3.5.1 Plantevekst og grasslått*

I namna finn ein ymse opplysningar om plante- og vekstlivet i stranda og om sanking av bær og



Fig. 24. Skuresandsviga (fremst) og Hanasandsviga (bak), Tunge. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 24. Skuresandsviga (front) and Hanasandsviga (back), Tunge. Photo: Inge Særheim.*

urter på visse stader: *Karvakråna* (Varhaug; viltveksande karve), *Karvastykket* (Ytrabø), *Bærhagen* (Sørreime), *Kreglingsteinen* (Årsland; krekling), *Porsskurhella* (Hårr; vel pors), *Blomhaug* (Reve), *Rishaug* (Hårr), *Mekjersviga* (Sande; *mækje* 'sverdlilje') og *Nykkjablokka* (Myklabost; nykkerose, vassplante).

Mange namneledd er nær knytte til landbruk, bl.a. til grasslått og åkerbruk, jf. nemne som → *bede*, *ekre*, *fit*, *gjerde*, *hage*, *teig*, *stykke*, *voll* og *åker*. Åkrar har fått namn som *Ågerhagen* (Nordvarhaug), *Storågeren* (3 g., Tunge, Raustein, Stølen), *Iljasågeren* (Stølen; *Elias*), *Silleågeren* (Vigdel; etter ei kvinne som vart kalla *Sille*) og *Sandåger(en)* (Rott). Andre døme på teignamn er *Det attlagda* (Nordvarhaug; attlagd jord), *Opptaget* (Kinnarvågen; dyrka jord), *Nebhaug* (Nordvarhaug; nepe), *Kålhaug* (Nordvarhaug; kål), *Slåttegjerda* (Nordvarhaug), *Kristenslåtta* (Ogna), *Halmberget* (Vigdel; lagringsstad for halm), *Tjelsenga* (Søra-Kolnes; eng med hjelm til lagring av høyet), *Grasdal* (Vigdel), *Grasbakken* (Tananger), *Grønevollen* (Rott) og *Grønehagen* (Tunge). Ord for gjerde og innhegning finn ein i *Gardsenden* (Vistnes, Rott; enden av eit steingjerde) og *Hidlegjerdsviga* (Vistnes; inneheld ordet → *helle* f.).

### *3.5.2 Beite i stranda*

Nokre nemne frå strendene har bakgrunn i husdyrbeite, buvegar og faste tilhaldsstader for krøtter. Om beite og liggjestader for husdyra fortel t.d. → *beite*, *bulege*, *lege* og *mark*, medan → *geil*, *reke*, *træ(d)e* og *trø(d)* er nytta om buvegar.

Ein god slump namn inneheld eit ord for husdyr med bakgrunn i faste beite-, liggje- og tilhaldsstader for bufe og buvegar (geilar), jf. *Buviga* (Vigdel; 'bufe'), *Bunes* (Rott), *Butræd(et)* (Ytrabø, Tjora) og *Kretturhagen* (Rott; 'krøtter'). Om beite og tilhaldsstader for kyr og stutar fortel t.d. *Naudøyna* (Tjora; *naut* n. 'kyr', beitestad), *Kuhagen* (Myklabost, Skeie, Sørreime), *Kuhelleren* (Holmane; kyrne stod under helleren i dårleg vêr), *Studaberget* (Storetjør; beite), *Øksnapytten* (Ølberg; 'okse'), *Øksnaskora* (Ølberg) (Fig. 25). Eit vanleg føreledd er ordet *kalv* m., med bakgrunn i beite i strandkanten: *Kalvahagen* (Obrestad, Nordvarhaug, Varhaug, Hårr), *Kalvhagane* (Ytrabø), *Kalvshagen* (Hårr), *Kalagviga* (Rott; 'kalvhage'), *Kalabukta* (Obrestad; vel 'kalvhage') og *Kalsatjørna* (Hårr; vel 'kalvshage').



Fig. 25. Mot Øksnaskora og Taraholet (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 25. Towards Øksnaskora and Taraholet (Ølberg). Photo: Inge Særheim.*

Mange namn inneheld eit ord for hest: *Marasletta* (Vigdel; 'hest'), *Marøyna* (Skeie), *Øygjamarka* (Vik; 'øyk, hest'), *Hestholmen* (Tjora; beitestad), *Hesthammaren* (Tjora, Ogna), *Hestabekken* (Sola), *Hestaberg* (Vigdel), *Hestahagen* (Raustein, Hå), *Følaviga* (Holmane) og *Følhuset* (Husvegg). Også sauer og griser har halde til i stranda: *Smalagarden* (Tjora; 'sauer'), *Smalamarka* (Nærland), *Sauaberget* (Myklabost), *Sauhammar* (Vigdel), *Lamholmen* (Rott; beitestad), *Verhammar* (Hellestø), *Bukkahola* (Vistnes), *Svinhagen* (Tunge, Indrabø, Raustein, Rott), *Svinhagane* (Ytrabø, Viste, Vik), *Svinahagtangen* (Hå) og *Svinholmen* (Nygård).

Også andre namn har samband med husdyrhald. Somme inneheld ordet *støl* m., vel opphavleg brukt om ein mjølkeplass i utmarka, som *Stølen* (matrikkelgard sør i Hå), *Stølaviga* (Holmane), *Stølsberget* (Rott) og *Perastølen* (Indrabø). Namnet *Strålaus* (Rott) fortel at dette skjeret ikkje kan nyttast til beite, for her veks det ikkje gras. *Daursbeidet* (Obrestad) er eit beite som vart nytta tidleg på dagen (jf. *daur* m. 'dugurd', eit måltid i 9–10-tida), medan *Dauraholet* (Hellestø) siktar til at husdyra her vart samla medan gjetarane daurde (dvs. åt dugurd). *Heptetørne* (Hellestø) og *Heptetokula* (Ogna) fortel om 'skorfeste', kalla *hepte* (*hefte*) n. /"hepte/ eller *hepteto* (*hefte-*) /"hepteto:/ i målføret. Namnet *Stallebeden* (Madland) er nytta om ein liten grasflekk i stranda.

### *3.5.3 Andre verksemder*

Ulike slag verksemder og tradisjonar i tilknyting til tradisjonelt landbruk ligg til grunn for fleire namn, t.d. oppdemming av vatn og kvernbruk. Eit vanleg namneledd er → *kvern* f., jf. *Kvernaviga* (Goa/Nordra-Sunde, Vigdel, Hellestø), *Kvernane* (fleire stader), *Kvernhusen* (Årsland; fleirtalsform) og *Kvernholet* (Årsland). Andre døme er *Stemmen* (fleire stader, t.d. Vistnes, Årsland), *Avstemhagen* (Nordvarhaug) og *Tverrdammen* (Skeie), jf. òg *Mølla* (Goa/Nordra-Sunde). Namnet *Maskinsgrunnen* (Tananger) har bakgrunn i ei såkalla vindkvern (ein vindmaskin).

Fleire namn opplyser om brunnar og vasskjelder: *Brunnaviga* (Nordra-Kolnes/Tjora), *Brunnarenna* (Husvegg), *Brunnstykket* (Husvegg), *Kjeldehagen* (Hårr) og *Kjeldestø* (Hårr, Sirevåg). Andre har bakgrunn i smier: *Smeden* (Kvalbein), *Smedabrodet* (Kvalbein) og *Smihushaugen* (Kvalbein). Ein finn elles namn som *Turkhuset* (Sørreime; tørkehus), *Husmannsmarka* (Vigdel), *Kjellaren* (Ølberg; potetkjellar), *Løbakken* (Tunge; løe) og *Mittinga* (Meling; gjødseldunge).

## 3.6 Spesielle tradisjonar, hendingar og førestillingar

### *3.6.1 Forsvar og grensepunkt*

Nemna *varde* m. og *vete* m. i namn som *Veden* (Vigdel, Reve, Obrestad, Sirevåg), *Hellestøveden*, *Vedasanden* (Vigdel), *Vedabrodet* (Hårr) og *Brannsvarden* (Raustein) viser til gamle varslingsstader, der ein har varsla ved hjelp av bålbrenning i samband med ufred. Tilsvarande namn finst fleire andre stader i fylket. Også namn som *Festningen* (Sirevåg) og *Skansen* (Hårr) blir på folkemunne sette i samband med forsvar, men det sistnemnde er kanskje helst ei biletleg laging. Frå Eigerøy kan nemnast det tilsvarande fjellnamnet *Skansane*, som skal ha bakgrunn i at mannskap og offiserar forsvara seg frå denne staden mot piratar vinteren 1666/1667 under berging av utstyr frå fregatten *Norske løve*, som vart taua inn til Austra Løvebukta etter å ha grunnstøytt ved Drivsund.

Fleire namn viser til skiftepunkt og skifteliner for eigedoms- og bruksgrenser, t.d. *Reveskiptet*, *Hodneskiptet*, *Skiftesvig* (Jåsund), *Skiftetangen* (Hodne/Reve), *Skiptesgarden* (Husvegg), *Skipteshøyen* (Husvegg) og *Skiptingsberget* (Ogna). Om bruksrettar i stranda fortel namn som *Elling si strond* og *Enok si strond*, båe frå Nærland.

Namnet *Hoggsteinen* (Hårr) skal vera brukt om ein gammal merkestein for fiske, laga til det samansette ordet *hoggstein* m. i tydinga 'merkestein'. Nokre namn har bakgrunn i usemje om bruksrettar, t.d. *Trettehagen* (Vigdel), jf. òg omtalen av namnet → *Idlestolen* (Vigdel; *ill* adj. 'vond, sint'), dessutan sjølve gardsnamnet → *Vigdel*.



Fig. 26. Skibmannsreva (Hellestø). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 26. Skibmannsreva (Hellestø). Photo: Inge Særheim.*

### *3.6.2 Hendingar og tradisjonar*

Mange hendingar har gjeve namn til stader. Særlig forlis og drukning har lege til grunn for namngjeving, jf. omtalen av namnet → *Blivesteinen* (*Blivaren*; Nærland/Hå), laga til *bliva* vb. 'drukna', dessutan *Håvardskoltane* (Hellestø) og *Levaren* (Søra-Kolnes), som båe skal innehalda namna til personane som drukna. Dei nemnde *Skibmannsriva* (Hellestø) (Fig. 26), *Bådsmannsriva* (Vigdel), *Bådsmannsviga* (Sele) og *Bådsmannssanden* (Sele), som alle inneheld eit ord for skipsmannskap (*skipmann* m., *båtsmann* m.), siktar til lik som har reke inn frå sjøen på slike stader. Ved *Smittahamn* (Sele) skal ein skuteskipper med dette namnet (*Smith* e.l.) ha grunnstøytt.

Namna kan elles ha bakgrunn i spesielle varer som har reke inn frå sjøen, eller i andre hendingar i stranda. I vika → *Brennevinsholet* (Hå) skal det t.d. ha reke inn eit anker med brennevin som finnarane tok seg av. Same føreleddet finn ein i → *Brennevinssteinen* (Kvalbein) og *Brennevinskula* (Reve), men der truleg med annan bakgrunn. Ved *Kistesnes* (Sande) skal det, ifølgje tradisjonen, ha drive inn ei skipskiste med pengar. Namnet → *Harangstøna* skal sikta til at ein *hardang*, dvs. ein person frå Hardanger, ein 'harding', gjekk inn med båten sin i denne innskjeringa i Vigdelsviga. Dette føreleddet finn ein òg i → *Harangberget* frå Sirevåg, jf. elles *Harangskjer* og *Harangskjeret* frå Kvitsøy. Hardingane pla koma til Jæren med båtar som dei selde.

Namna → *Steinstova* og *Steinstovsteinen* frå Stavnheim har visstnok bakgrunn i ein spesiell episode under krigen med England i 1807. Mannskapet på ei bergensjakt greidde å berga seg på land her. Det vart halde vakt på denne staden. Namnet → *Tamborslega* (utanfor Vigdel) skal ha samband med ein spesiell episode som galdt "tamburen" på bruket Vestbø. Ein gong han og tre andre låg ute på sjøen og fiska, auka sjøen brått med sterk vind. Dei tre andre, som var i eigen båt, starta roinga inn mot land først, men tamburen var først inne.

Ved *Tjeltarsteinen*, som ligg nedanfor den gamle kongsvegen på Varhaug, skal ein person frå

Tjelta ha frose i hel. Namnet *Bispakjelda* skal sikta til at ein biskop på visitas skal ha fått vatn frå denne gode kjelda på Hå.

Langs strendene ligg det mange gamle merke- og minnesteinar og spesielle tufter, gjerne fortidsminne. Fleire av dei har eigne namn, jf. omtalen av namn som → *Kumlen* (Reime), *Dysjane* (Sele), *Resadøsane* (Reve), *Pighaug* (Ytrabø, Obrestad), *Pighella* (Nordra-Sunde, Jåsund, Ølberg), *Pigsteinen* (Tunge, Indrabø, Nordra-Kolnes, Nordvarhaug, Stavnheim, Hårr), *Steinstjerna* (Sele) og *Støtta* (Meling, Sola). Nemne som → *dys* f. 'steinrøys, (grav)haug', → *kuml* m. (jf. gno. *kumbl* n. 'gravmerke, gravhaug, steinrøys over ei grav') og *pikhelle* f. 'spiss stein, bautastein' er ofte knytte til gamle gravhaugar og andre fortidsminne.

Også gamle øydegardsnamn synest liggja føre i materialet, altså det gamle namnet på ein gard som har blitt fråflytt, og der jorda har blitt innlemma i ein grannegard, jf. omtalen av namn som → *Toppaland* (Nordvarhaug), *Ivestheia* og *Ivesthaugen* (båe frå Stavnheim), jf. elles *Høgestadberget* (Tananger).

### *3.6.3 Segner og forteljingar*

Til fleire namn er det knytt forteljingar og segner, gjerne såkalla opphavssegner som skal forklara opphavet til eit namn eller eit fenomen. I fleire høve dreiar det seg om *folkeetymologi* (jf. *Ordforklaringar* bak i boka), dvs. ei (feil) forklaring som er gjeven av lekfolk av opphavet til eit ord eller namn, i nokre høve ved at eit ukjent ord blir tolka etter eit kjent.

I nokre forteljingar handlar det om bergtroll og risar. Den store og breie *Kyrkjesteinen*, som ligg i strandkanten på Hodne, skal t.d. vera kasta mot (den gamle) Borekyrkja av risen (/"re:sen/) på Njåfjellet. Truleg siktar namnet til storleiken på steinen, ev. til ei gammal médline der (den gamle) kyrkja på Vestra Bore var méd. *Raunen* og *Raunagarden* skal ha blitt til ein gong risen på Synesvarden var på veg til England med ein sekk på ryggen full av steinar. Då han kom ned til sjøen på Kvalbein, gjekk det hol på sekken, og det byrja å ramla ut steinar. Slik vart Raunagarden til. Til slutt rivna heile sekken og alle steinane fall ut; det vart til Raunen.

Nokre forklaringar er knytte til personar som levde i vikingtida eller mellomalderen. Mange spesielle naturfenomen her i landet blir sette i samband med hendingar der helgenkongen Sankt-Olav (Olav den heilage) skal ha vore involvert. I *Sørreimshella* (kalla *Hella* på garden), som ligg i Sørreimsviga, er det eit hol som skal vera laga av nettopp Sankt-Olav. Ved *Håkon Adelsteinen* i grensa mellom Hå og Obrestad skal kong Håkon Adalsteinsfostre ha tala til folket.

Også bruksnamnet *Trælen* (Ølberg) blir på folkemunne sett i samband med tradisjon og hendingar frå vikingtida. Namnet skal nemleg sikta til at trælar som var frigjevne frå Erling Skjalgssons jordegods på grannegarden Sola, slo seg ned på denne staden og tok opp jorda her. Ei anna (og truleg rimelegare) tolking, som siktar til topografien, er presentert i oversynet over namnetolkingar.

Fleire namn har som nemnt bakgrunn i forlis langs kysten. Til nokre av desse namna er det knytt forteljingar. Ved *Klokkeskjeret* (*Klokkene*), som ligg like nord for Håstein, skal ein båt med klokker frå domkyrkja i Stavanger om bord ha grunnstøytt og gått ned. Kyrkjeklokkene skulle fraktast til København der dei skulle støypast om til kanonar. Denne forteljinga har levd på folkemunne fram til i dag; ho er omtala i litteratur frå 1600- og 1700-talet og seinare, bl.a. av Peder Clausson Friis (1613:327) og Amtmann Bendix Christian de Fine (1745:40). Eit brev (diplom) frå 1558 som er skrive i Bergen, omtalar ein båt som skal frakta 13 kyrkjeklokker frå Noreg til København, der dei skal støypast om til kanonar. Denne historia har levd i førestillingsverda til folk som bur nord på Nord-Jæren heilt fram til vår tid. Nokre av dei som bur langs sjøen, fortel t.d. at dei kan høyra kyrkjeklokkene ringja når det blæs opp til uver og storm. Somme fiskarar i Randaberg fortel at dei aldri går på sjøen når dei høyrer klokkekiminga frå sjøen.

Også til *Galgarinda* frå Orre (nær Reve) er det knytt ei forteljing som er nemnd i samlingar av segner frå Jæren. Det blir fortalt at mannskap som rak i land etter eit forlis, ikkje fekk hjelp av dei

fastbuande fordi dei var meir interesserte i lasta. Men dette skal ha kome for ein dag, og fire personar frå garden vart som straff avretta ved henging. Det er sjølvsagt vanskeleg å vurdera sanningsverdet til slike historier. Er forteljinga oppdikta for å kunna forklara eit namn? For nokre få år sidan vart det funne eit dokument i Statsarkivet i Stavanger der det nettopp er fortalt om to personar som vart avretta ved henging på galgar på denne staden i 1615. Dei hadde forsynt seg med nokre varer frå eit skip som stranda vinteren 1613–1614 (Seldal 1999). Dokumentet stadfestar det som segna fortel om, og som har levd på folkemunne i meir enn 400 år.

Også mindre omfattande forteljingar og folkelege førestillingar er knytte til visse stader og namn, som forklaring på opphavet. Viknamnet *Honnsviga* (inneheld gardsnamnet *Hodne*) og fiskeplassnamnet *Rongvershola* blir t.d. sette i samband med at ein fiskar ein gong skal ha fått "ein runnvêr [uttala *rångver*] på bakken", dvs. ein avlsdugleg vêr på fiskelina. På framspringet *Idlestolen* skal konene i Vigdel ha sete og fiska sei. Men desse namna har eit anna opphav; jf. omtalen i oversynet over namnetolkingar.

### *3.6.4 Tru, førestillingar og haldningar*

På Jæren, som andre stader i landet, finn ein stadnamn, særleg gardsnamn, som synest innehalda nemne som avspeglar sakrale førestillingar og førkristen kult. Døme frå strandgardane er gardsnamna → *Nærland* og *Njærheim* i Hå, som båe truleg er samansette med gudenamnet *Njord*. Njord var bl.a. gud for ferdsla i båt på sjøen. Slike namn er, når dei vert sette inn i ein større samanheng, viktige kjelder til kunnskap om norrøn religion og førkristne religiøse førestillingar. Nemnast i denne samanhengen kan òg → *Helgåna* (Ogna)««« (Fig. 27), der føreleddet truleg tyder 'heilag, lovverna'.

Det finst nemne for det overnaturlege i fleire stadnamn. Vanleg er ordet *troll* n., som ein t.d. finn i *Trollholmen* (ved Håstein og Buøyna), *Trollholene* (ved Fladholmen) og *Trollkyrkja* (Viste). Dette er likevel helst biletlege lagingar for noko i naturen som merkjer seg ut, som er uvanleg, og som blir oppfatta som 'trolsk'.

Nokre namn synest ha samband med folkelege førestillingar og gammal folketru. Opphavet til → *Åttedagsgrunnane* (ved Håstein) er uvisst. I folketradisjonen er det vanleg å nemna eit høgare tal enn det som gjeld. I så fall kan det her vera tale om den sjuande dagen, altså heilagdagen. Kanskje er dette eit godnemne, der bakgrunnen er ugjestmilde naturkrefter som ein ønskjer å blidgjera, ev. eit såkalla tabunamn som ikkje skal nemnast på sjøen. I → *Kyrkjetangen* og *Krossen* frå Kvalbeinstronda finn ein ord frå den kristne kulturen, kanskje for å ta krafta frå farlege stader. I sjøen utanfor er det fleire farlege undervasskjer og grunneres, her ligg dessutan rullesteinsholmen Raunen, der mange skuter har grunnstøytt. Også andre stader i Rogaland synest ord frå den kristne kulturen vera knytte til stader som er farlege for båtferdsla (Særheim 2002).

Fleire namn frå skjergarden speglar eit mannsdominert miljø, med mennene sine haldningar til kjønnsroller, særleg når det gjeld kvinnekjønnet. Det ser ein bl.a. av skjer- og grunnenamn som → *Kjerringraua* (Stavnheim), *Kjerringgrunnen* (Kolnes) og *Kjerringa* (4 g., Vistvik, Hodne, Hårr og ved Grynningen). Det sistnemnde er gjerne nytta om skjer som ligg ulagleg til for båtferdsla, jf. skjeret Kjerringa som ligg rett utanfor Honnsstø (gardsstøa på Hodne). Det er tydeleg at ordet *kjerring* i slike namn er nytta om noko som er negativt og ulagleg.

Andre namn som er knytte til kvinnekjønnet, er *Jenta* (ved Hoggjene, også kalla *Jentefluna*), *Kuntegrunnen* (2 g., ved Rott og Rottfladholmen) og *Kunteskjeret* (ved Rott), dei to sistnemnde med ordet *kunte* f. 'kvinneleg kjønnsorgan'. I tillegg kan nemnast médfjell som *Pattane* (brukt om Synesvarden og Gauleksvarden) og *Vortene* (om Sulken), jf. òg skjernamna *Eistene* (Jåsund; også kalla *Eidskjeret*) og *Bolleren* (ved Kolnesholmane; 'ball, kule; eiste'). Namna frå sjøen og skjergarden er gjennomgåande laga av menn i eit arbeidsmiljø der kvinner stort sett har vore fråverande. Namna reflekterer slik verdisynet og kjønnshaldningane til menn. ◆



Fig. 27. Helgåna renn ut i Ognaåna ved Hesthammaren (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 27. Helgåna flows into Ognaåna besides Hesthammaren (Ogna). Photo: Inge Særheim.*





Mot Sørenes (Reve). Foto: Inge Særheim
*Towards Sørenes (Reve). Photo: Inge Særheim.*

# 4

# Namnetolkingar

## 4.1 Oppbygging av namneartiklane

Namneartiklane som følgjer, er bygde opp etter eit fast mønster. For naturnamna kan omtalen av *Brønnes* tena som døme:

**Brønnes** /"brøne:s/ 230 8:A3. Stort nes heilt vest på Rott (Vestra øyna). Samansett av → *nes* og vel gno. *brim* n. 'bårebrot mot land', noko som høver godt realt. Same opphav har *Bremnes* frå Sunnhordland, bl.a. uttala /"brømne:s/ og /"brøbne:s/ (Hallaråker). Sekundære lagingar til namnet frå Rott er *Brønnesholmen* /"brøneshålmen/, *Brønnesodden* /"brønesåd,n/, *Brønnesskjeret* /"brønesje:re/, *Brønnessundet* /"brønesone/ og *Grunnen i Brønnessundet* /"gro:en i "brønesone/, jf. òg *Søre* og *Indre Brønnesgrunnen* /"indre "brønesgro:en/. Litt.: Hallaråker 1976:12.

a) *Oppslagsform*, her: "**Brønnes**". Oppslagsforma er den offisielle skrivemåten av vedkomande namn, i samsvar med gjeldande lov og føresegn for skrivemåten av stadnamn. Ein alternativ skrivemåte er for nokre namn teken med i parentes.

b) *Lokal uttalemåte*, her: "/"brøne:s/". Etter oppslagsforma følgjer den nedarva lokale uttalemåten av namnet. Denne forma står mellom skråstrekar: /…./. Uttaleforma er attgjeven ved såkalla fonemisk skrivemåte, dvs. ei lydskrift som gjev att meiningsskiljande element. Vanlege små bokstavar er nytta som lydteikn, i tillegg til /K/ og /G/, tonemteikna /'/ og /"/, teiknet /,/ for stavingsberande konsonant og /:/ for markering av lang vokal (sjå omtalen av lydskriftteikn under "Teikn og avkortingar" framme i boka).

c) *Kartplassering*, her "230 8:A3". Det første talet (230) er identifikasjonsnummeret til namnet. Dette nummeret er ført inn på vedkomande kartskisse bak i boka. Neste nummer (8) gjeld vedkomande kartblad, medan det sistnemnde (A3) er rutetilvising, dvs. referanse til kartrute.

d) *Lokalitetstype* og *lokalisering*, her: "Stort nes heilt vest på Rott (Vestra øyna)". Etter uttaleforma følgjer opplysning om kva slag lokalitetstype namnet er nytta om, t.d. øy, holme, skjer, grunne, fjord, sund, vik, nes, bekk, matrikkelgard e.a. Staden er òg lokalisert, ofte til vedkomande matrikkelgard.

e) *Namnetolking*, her: "Samansett av → *nes* og vel gno. *brim* n. 'bårebrot mot land', noko som høver godt realt". Namnetolkinga inneheld identifisering av namneledd og ord som namnet inneheld. Er det tvil om tolkinga, er det gjerne teke med ei eller fleire alternative tolkingar. Det er i regelen teke stilling til kva for ei tolking som blir vurdert som rimelegast.

f) *Tilvising*, her: "→ *nes*". Med tilvisingspila → er det vist til andre oppslag i boka der det er gjeve utfyllande opplysningar. Det er både vist til namn og nemne (namneledd).

g) *Sekundærnamn* og *namn med presiserande ledd*. I namneartiklane er det òg teke med sekundærnamn som inneheld det omtala namnet, med normert form og uttaleform, t.d. *Brønnesholmen*

/"brøneshålmen/, *Grunnen i Brønnessundet* /"gro:en i "brønesone/, dessutan namn med presiserande ledd, som *Søre* og *Indre Brønnesgrunnen* /"indre "brønesgro:en/.

h) *Litteratur*, her: "Litt.: Hallaråker 1976:12". Etter forkortinga "Litt.:" er det nemnt litteratur der vedkomande namn eller nærskylde namn eller namneledd er omtala. Det er anten nytta forfattarnamn, årstal for utgjevinga og sidetal, t.d. Hallaråker 1976:12, eller forkorting for verk, bandnummer og sidetal, t.d. NG 10:426. Den tilviste litteraturen er ført opp i litteraturoversynet bak i boka.

I nokre artiklar, særleg dei som omhandlar namn på matrikkelgardar, er det nemnt nokre eldre skrivemåtar av namnet og årstalet for namneforma. Eldre skrivemåtar blir førte opp med stor førebokstav sjølv om dei kan ha liten førebokstav i kjeldene. For nokre namn er det òg teke med ei normert gammalnorsk form. Dersom det ikkje er funne skrivemåtar av namnet frå denne perioden, er den gammalnorske forma rekonstruert, og ho får difor ei stjerne (asterisk) framom, t.d. gno. **Grjótaland* (→ *Grødaland*).

I artiklane som omhandlar nemne (namneledd), blir det kort gjort greie for ordopphavet (etymologien), den språklege tydinga og bruken av vedkomande ord som namneledd. Det er teke med nokre få namnedøme, med normert form og uttale; dei fleste døma (særleg samansette namn) er heimfesta til vedkomande matrikkelgard.

## 4.2 Stadnamn frå jærstrendene – frå Alkodden til Åttedagsgrunnane

### A

**Alkodden** /"alkåd,n/ 408 8:A4. Lite nes på vestsida av Rott. Samansett av → *odde* '(lite) nes' og fuglenemnet *alke* f.

**Allmannastø** /"almanastø:/ 548 28:A1. Båtstø på Kvalbein. Etterleddet er → *stø* 'båtstø'. Føreleddet *Allmanna-* siktar til at båtstøa kunne nyttast av alle.

**Alstein** /"alstei/ 451 1:C5. Lita øy utanfor Randaberg. Etterleddet → *stein* er her nytta om 'holme, lita øy', som i → *Håstein*. Bortfallet av utlydande *-n* i sisteleddet finn ein parallell til i → *Håstein* /"håstei/, dessutan i gardsnamnet *Bråstein* /"bråstei/, jf. òg gardsnamna på *-heim*, som på Jæren får uttale utan utlydande *-m*, → *Kvassheim* /"kvasei/, *Stavnheim* /"stabnei/ mfl. Føreleddet *Al-* synest språkleg vera i slekt med latin *altus* adj. 'høg; djup'. Det siktar truleg til eit djupt og særmerkt søkk midt i øya som deler henne i to delar (Fig. 28). Mindre rimeleg synest tydinga 'høgsteinen', som er føreslått av Hovda. Grunnane *Alsteinfluene* /"alsteiflu:ene/ (sør for Alstein), delt i *Søra* og *Nordra Alsteinfluna* /"no:ra "alsteiflu:nå/, og *Alsteingrunnen* /"alsteigro:en/ (nordaust for Rott) er namngjevne sekundært i høve til Alstein, den sistnemnde vel med bakgrunn i ei médline. Litt.: Grønvik & Hovda 1959:163 ff., Hovda 1961:326, Særheim 1978:64 f.



Fig. 28. Alstein (Randaberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 28 Alstein (Randaberg). Photo: Inge Særheim.*

**Andersberget** /"andersberje/ 605 30:C4. Berg på nordsida av vågen i Sirevåg. Samansett av → *berg* og mannsnamnet *Anders*. *Andersbergpollen* /"andersberpåd,l/ (lita vassamling) er namngjeven etter Andersberget.

**Andra viga** (- *vika*) /"anra 'vi:Ge/ 66 32:F4. Lita vik i Holmane. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet er kanskje talordet (ordenstalet) *andre*, som kunne sikta til at denne vika ligg nær hovudvika på garden.

**Andresvigen** (*-viken*) /"andresvi:Gen/ 100 29:A5. Småvikar ved Oddane på Ogna. Samansett av → *vik* i bunden form fleirtal og mannsnamnet *Andreas*.



Fig. 29. Auren (fremst), Svartesteinane (bak) og munningen av Brattlendsåna (Varhaug). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 29. Auren (front), Svartesteinane (back) and the mouth of Brattlendsåna (Varhaug). Photo: Inge Særheim.*

**ang(er)**, gno. -***angr* m. (brukt i stadnamn), er etterledd i ca. ti namn i Rogaland. Opphavleg er dette nemnet brukt om vågar og mindre fjord(arm)ar som skjer seg inn i strandlina, noko som høver godt for → *Tananger* og *Stavanger*. På Jæren synest òg ordet liggja føre i → *Breiangen*, som tre stader er nytta om runde bogar i elvelaup. Ordet er truleg i slekt med gno. *eng* f. 'grasmark, eng' og *ǫngull* m. 'krok', med opphavleg tyding 'bøying, krok'. Det ligg føre i ca. 80 våg- og fjordnamn i Noreg (og ca. 15 tilsvarande namn i Sverige), dessutan i ca. 30 norske innsjønamn og nokre namn på beitemark. Litt.: NG, Forord og Indledning 42, NSL 73 f., Holm 1991, Særheim 2007:20 f.

**Asbjørnstykket** /"asbjydnstyKe/ 409 1:E1. Teig på Tunge. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke' og mannsnamnet *Asbjørn*.

**Askjel** /"asjel/ 62 39. Område (fiskeplass) i sjøen utanfor Reve. Namnet synest innehalda mannsnamnet *Askjell*, jf. → *Mikkjel* (Hårr; fiskeplass) og → *Torkjell* (Raustein; stein i sjøen). Tenkjast kunne òg ei samansetjing med *skil* n. 'skilje' (gno. *skil* n.pl.), uttala /sje:l/ i målføret, kanskje med eit føreledd som har samband med gno. *aska* f. 'oske' (→ *Oske*), men dette synest meir uvisst.

**aur** m., gno. *aurr* m.'grus, småstein', ligg føre i → *Auren*, nytta om eit område med småstein og grus i stranda, dessutan i → *Aurbanen*, som er laga til det samansette ordet *aurbane* m. 'grustak'.

**Aurbanen** /"aurba:en/ 127 20:F5, 868 26:G1. Namnet er brukt om stader på Skeie og Hårr der ein har henta grus. Nemnet *aurbane* m. førekjem i mange stadnamn i Rogaland, nytta om grustak. Litt.: Særheim 2007:24.

**Auren** /'auren/ 1 23:B5, 124 29:F1. Namn på område med stein og grus i stranda på Varhaug (Fig. 29) og Bru. Nemnet → *aur* siktar til jordgrunnen (småstein og grus).

**Ausa** /"auså/ 223 11:G1, 182 34:C6. Namn på ein holme utanfor Kolnes (ein av Kolnesholmane) og på ein teig med ein haug i Vigdel. Namnet inneheld ordet *ause* f., brukt jamførande om forma til stadene. Holmen liknar på ei ause som ligg opp-ned.

**Austbøsteinen** /"austbøsteid,n/ 811 11:A1. Stein som ligg litt ute i sjøen i Vigdelsviga. Samansett av → *stein* og etternamnet *Austbø*, visstnok med bakgrunn i ein fiskar med dette namnet som støytte mot steinen med båten sin.

**Austmannsberget** /"austmansberje/ 636 29:A5. Berg ved Oddane på Ogna. Samansett av → *berg* og ordet *austmann* m.; det sistnemnde er i stadnamn frå Rogaland brukt om folk frå Agder og Telemark. Dette namnet er føreledd i *Austmannsbergsodden* /"austmansbersåd,n/, eit lite nes.

**Austmannsholmen** /"austmanshålmen/ 509 31:D4, 62 32:F4. Holmar i Kinnarvåg og Holmane (Fig. 30). Etterleddet er → *holme* og føreleddet ordet *austmann* m., som i stadnamn frå Rogaland er nytta om egder og teler (dvs. folk frå Agder og Telemark).



Fig. 30. Austmannsholmen (høgre) og Rekkjeholmen (Holmane). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 30. Austmannsholmen (right) and Rekkjeholmen (Holmane). Photo: Inge Særheim.*

**Austra/Austre** finn ein som presiserande ledd i *Austra Hamrabukta*, *Austre Raunen* og *Austre Snørsgrunnen*. Slike namneledd er nytta om den austre (delen) av to eller fleire lokalitetar med motsvarande namn som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre, jf. *Vestre*, *Store* og *Litle Snørsgrunnen*.

**Avendsklakken** /"a:vensklaKen/ 374 39. Grunne vest for Feisteinen. Etterleddet er → *klakk*, her nytta om ein stein i sjøen. Føreleddet synest vera ordet *avund* f. 'misunning', jf. adjektivet *avundsjuk* '(særs) misunneleg'. Desse orda er vanlege i tradisjonelt jærmål. Namnet kan ha bakgrunn i fiske og fangst.

**Avstemhagen** /"a:vstemhaien/ 6 23:G3. Teig på Nordvarhaug. Etterleddet er → *hage* m. '(inn-gjerd) teig'. Føreleddet siktar til (av)stemming (dvs. regulering) av vassføringa til kverna.

**bai** m., jf. eng. *bay* 'bukt', er nytta av bl.a. gamle tanangerar om avrunda innbuktingar på øyar og holmar på Nord-Jæren, jf. → *Klokkebaien* på Håstein (innanfor skjeret Klokkene) og → *Hengsøybaien* på Hengsøyna (Tjør). Denne ordbruken syner engelsk språkpå-verknad i dette området, og har truleg samband med at Tananger har vore ei viktig hamn, bl.a. i seglskutetida.

## B

**Bakkamarka, -steinane, -steinen, -støna** (*-støa*), → *bakke.*

**bakke**, gno. *bakki* m., er nytta om skråningar og fall på land og på sjøbotnen. Bakken (skråninga) opp frå strandflata blir gjerne kalla → *Bakken* eller → *Strand(a)bakken*, jf. òg → *Brattebakken* på Hodne (bratt strandbakke) og *Søre bakken* (Sørreime). Som føreledd nyttar ein forma *Bakka-*, jf. *Bakkasteinane* /"bakasteinane/ og *Bakkasteinen* /"bakasteid,n/ (steinar ved strand-bakken), dessutan *Bakkamarka* /"bakamarKå/ og *Bakkastøna* /"bakastø:nå/ (Viste; båe etter ein brukar med namnet Bakke).

**Bakken** /"baKen/ 236 6:F5, 224 11:G2, 111 16:D6, 122 22:D2 (*B. på sør i Stronda*), 24 22:E3 (*på B.*), 16 23:G3. Namnet er bunden form av → *bakke*, her nytta om bakkar i strand-området, bl.a. om strandbakken, bakken opp frå strandflata ved sjøen.

**Banaviga** (*-vika*) /"ba:navi:Gå/ 84 16:C1. Vik på Hodne. Etterleddet er → *vik*, medan føreleddet *bane* m. siktar til ein skjenegang (bane) som vart nytta under sanking av tare; hestar drog her opp vogner med ilesst tare.

**Bandstadodden** /"banstaåd,n/ 220 8:A3. Nes

på Rott. Samansett av → *odde* og eit namn **Bandstad*, som synest sikta til fortøying av båtar. Her finn ein òg namn som *Stora* og *Litla Bandstadviga* /"sto:ra "banstavi:Gå/ og *Store* og *Litle Bandstadvigodden* /"litle "banstavigåd,n/.

**bard** n., gno. *barð* n. 'kant, bakke(kant)', ligg føre i → *Bardet*, ein grunnerygg mellom Storetjør og Hengsøyna.

**Bardet** /'ba:re/ 10 38:B7. Grunnerygg mellom Storetjør og Hengsøyna. Bunden form av → *bard* 'kant, rand'.

**Barkarhola** /"barkarhå:lå/ 721 30:C5. Lita innskjering (hole) i vågen i Sirevåg. Etterleddet er → *hole*. Føreleddet siktar truleg til barking av garn, som i namnet *Barkhusbrodet* /"barkusbrå:de/ frå Nærland (ligg eit lite stykke inne på land).

**Bastaberget** /"bastaberje/ 225 11:A3. Berg på Rott. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet, som synest vera *bast* m. (n.) 'band av bast' (brukt som band, tauverk), siktar truleg til lagring av bastetau.

**Bedane** /"be:ane/ 448 2:C5, 28 22:E3, 94 39. Bunden form fleirtal av → *bede*. Namnet er nytta om grasbedar ved Børaunen og på Sørreime, brukte som beite for sauer, dessutan om ein fiskeplass i Honnsviga. Ein parallell til det sistnemnde er → *Flekkane*.

**bede** m., jf. gno. *beðr* m. 'underlag, lege (for dyr)', er nytta om 'avgrensa stykke', t.d. av gras (*grasbede*) eller torv (*torvbede*), → *Kvalabeden*, *Stadlebeden*. Det er òg nytta om fiskeplassar, → *Bedane*.

**beite** n., gno. *beiti* n., ligg føre i → *Daursbeidet* (Obrestad), eit beiteområde i sjøkanten som vart nytta om føremiddagen, før dauren ('dagverd, dugurd'), eit måltid i 9–10-tida.

**bekk**, gno. *bekkr* m., ligg føre i namn på bekker som renn ut i sjøen, → *Bekken*, *Sandbekken*, *Harabekken*, *Tråneforbekken*. Nemnet er òg vanleg som føreledd, t.d. i *Bekkjafluna* /"beKaflu:nå/, *Bekkjarviga* /"beKarvi:Gå, -vi:Ge/ (*Indra* og *Ytra Bekkjarviga*), *Bekkjaskjera* /"beKasjæ:rå/ (*Søra* og *Nørdra Bekkjaskjeret*), *Bekkjatangen* /"beKatanjen/, *Bekkjarshaugane* /"beKarshauane/ (*Søre* og *Nørdre Bekkjarshaug*), jf. òg *Bekkjaskjersteinen*, *Bekkjarvigodden* og *Bekkjar(s)vigvegen*. Namnet *Bekkjadalen* er nytta om små søkk og dalar i strandbakken og stranda (Husvegg, Madland, Årsland, Stavnheim), der ein bekk renn ut i sjøen; ved den sistnemnde staden finn ein òg *Bekkjadalsbekken*, *Bekkjadalsbukta* og *Bekkjadalsstøna*.

**Bekken** /'beKen/ 42 22:D1, 25 31:B1, 47 31:C2, 466 25:F3 (*B. med Hårrskiptet*). Bunden form av → *bekk*, nytta om bekker som renn ut i sjøen på Reime, Stavnheim og Haver.

**Bekkjadalen**, **-fluna** (*-flua*), **-skjera**, **-tangen**, → *bekk*.

**Bekkjadalsbekken**, **-bukta**, **-støna** (*-støa*), → *bekk*.

**Bekkjarshaugane**, → *bekk*.

**Bekkjarviga** (*-vika*), → *bekk*.

**Benken** /'benKen/ 83 3:C4. Vik med ei flat berghylle på nordsida (Vistvik). Berghylla er jamført med ein benk.

**berg** n., gno. *berg* n., er nytta om fjellgrunn på sjøbotnen og på land. Namn som → *Reiberget*, *Røberg* og *Bergaren* skildrar sjøbotnen, medan fiskeplassen → *Berge* synest ha namn etter médfjell på land. Elles er nemnet nytta om spesielle berg på holmar i sjøen, → *Svarta berget*, *Fyljeberget*, og om fjell og høgder langs stranda: → *Bådaberget*, *Ladberget*, *Ressberg*. Det ligg dessutan føre i gardsnamn, → *Byberg*, *Randaberg*, *Ølberg*.

**Bergaren** /"bargaren/ 321 37:B6. Farleg grunne mellom Håstein og Revingen. Namnet synest vera laga til → *berg*, som siktar til fjellgrunn. Det kan vera ei forkorta (elliptisk) laging, **Bergar-*, der sisteleddet har falle bort, jf. → *Reibaren*, nytta om *Reibarskallen*. Mindre truleg er laging til personnamnet *Berger*.

**Berge** /"barje/ 30 39. Fiskeplass utanfor Vik. Er truleg laga til → *berg*, kanskje av gammal dativform **Bergi*, utvikla av eit påstaduttrykk. Her skal det ikkje vera fjellgrunn, så bakgrunnen kan vera médfjella på Høg-Jæren. Laging



Fig. 31. Blåstakkholmen og Blåstakkholet (Holmane). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 31. Blåstakkholmen and Blåstakkholet (Holmane). Photo: Inge Særheim.*

til mannsnamnet *Berge*, som språkleg sett er mogleg, → *Askjel*, *Mikkjel*, *Torkel*, synest mindre rimeleg.

**Bergene** /"berjene/ 105 1:D6. Flate berg i sjøkanten på Tungenes. Fleirtalsform av → *berg*.

**Bergsugga** /"bæ:rsogå/ 417 24:D5. Stein i sjøen utanfor Madlandshamn. Inneheld fiskenemnet *bergsugge* f., som er nytta om 'berggylte' på Jæren. Namnet kan gå attende på eit eldre → **Sugga*, som er notert frå denne garden under ei skulebarninnsamling av stadnamn i 1930-åra.

**Bispakjelda** /"bispaKelå/ 14 21:G3. Oppkome med særs godt vatn på den gamle prestegarden Hå. Ein biskop på visitas skal ha fått vatn frå kjelda. Samansett av → *kjelde* og *bisp* m. ' biskop'.

**Bjørnafluna** (*-flua*) /"bjydnaflu:nå/ 366 36:C2. Grunne i Randaberg, mellom fastlandet og holmen Grynningen. Etterleddet er → *flu* f. 'grunn stad i sjøen (som det flør over)'. Etterleddet er anten dyrenemnet *bjørn*, → *Bjørnskod*, eller (mindre truleg) mannsnamnet *Bjørn*.

**Bjørnskod** (*-skot*) /"bjynskå:d/ 215 33:B6. Holme i Sola mellom Tjør og fastlandet, ein av seks små holmar kalla *Skodene*. Samansett av → *skot* og truleg dyrenemnet *bjørn*, som i *Bjørnafluna*, mindre truleg mannsnamnet *Bjørn*. Sør for holmen finn ein *Bjørnskodgrunnen* /"bjynskådgro:en/.

**Blegodden** (*Blek-*) /"ble:gåd,n/ 570 30:B1. Nes i Ognaåna ved utmunninga i sjøen. Samansett av → *odde* og fiskenemnet *blike* f. 'sjøaure', uttala /"ble:ga/ i målføret.

**Bleigjevollen** (*Bleikje-*) /"bleiGevåd,l/ 12 21:F1. Mark på Hå like ved Hå gamle prestegard. Etterleddet er → *voll* m. 'eng' og føreleddet verbet *bleikja*, som siktar til bleiking av klede på vollen.

**Blivaren** /"bli:varen/ 62 21:E5. Stein i Vågen ved utlaupet av Hååna, også kalla *Blivesteinen* /"bli:vesteid,n/. Namnet inneheld verbet *bliva* 'drukna' med bakgrunn i drukning.

**Blivesteinen** 453 21:E5; → *Blivaren*.

**Blomhaug** /"blomhau/ 61 16:A3. Gravhaug i stranda på Reve. Samansett av → *haug* og ordet *blom* m. med bakgrunn i plantevekst på haugen.

**Blulaidsbryggja** /'blu: 'laidsbryGå/ 180 6:D5. Bryggje i Tananger med namn etter luftforsvaret sin redningsbåt Blue Lady; etterleddet er → bryggje.

**Blåbærbeden** /"blåberbe:en/ 310 25:E1. Lite område ved eit gravfelt på strandflata på Årsland. Føreleddet er → *bede*, medan føreleddet siktar til planteslaget *blåbær* n.

**Blåstakkholet**, → *Blåstakkholmen*.

**Blåstakkholmen** /"blå:stakhålmen/ 63 32:F4. Holme i Holmane (Hå) (Fig. 31). Etterleddet er

→ *holme*. Føreleddet inneheld fargeadjektivet *blå*, som i stadnamn ofte tyder 'mørk, svart', og substantivet *stakk* m., vel med bakgrunn i utsjånaden (farge, form) til holmen. Det sistnemnde tyder både 'skjørt' og 'såteforma haug av høy m.m.', og er i skjergardsnamn ofte nytta om steinar med form som ein stakk. Eit trongt sund mellom Blåstakkholmen og Austmannsholmen heiter *Blåstakkholet* /"blå:stakhå:le/ (→ *hol*).

**Boane** /"bo:ane/ 488 8:C2, 171 11:G4. Grunnar i sjømålet på Rott og Hellestø. Fleirtal av → *boe* m. 'skjer i sjømålet, båe'.

**Boasteinen** /"bo:asteid,n/ 144 19:C2. Stein utanfor Viktangen (Vik). Samansett av → *stein* og → *boe* m. 'skjer i sjømålet, båe'.

**Bodle** /"bådle/. Båtstad med støer på Nordvarhaug og Varhaug (Fig. 32). Namnet har samband med skjernamnet → *Bollen* /"båd,l/ frå Nordvarhaug, truleg ei forkorta (elliptisk) form utvikla av eit samansett namn *Bodlestø* /"bådlestø:/, som òg stundom blir nytta.

**Bodlestø**, → *Bodle*.

**boe** m. (*båe*), gno. *boði* m., ligg føre i ei rekkje namn på båar, dvs. grunnar i vasskorpa, på nordre og midtre delen av Jæren. Sør for garden Vik (med Vikboen) ser → *flu* f. ut til å vera nytta om slike lokalitetar. Grunntydinga i ordet synest vera 'svella, blåsa opp' (Pokorny), anten med bakgrunn i sjølve grunnen (steinen) som hevar seg, eller (kanskje helst) i bølgja som jamt bryt på slike stader (de Vries), jf. verbet *båa*, som i trøndsk tyder 'bubla, laga straumkvervlar', dessutan elvenamnet **Boda* (skrive *Bodu*



Fig. 32. Bodlestø (Varhaug/Nordvarhaug). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 32. Bodlestø (Varhaug/Nordvarhaug). Photo: Inge Særheim.*

1343) på Voss. Mindre truleg synest språkleg samband med verbet *bjoda* 'varsla, kunngjera' (Torp, Hovda). Vanleg er usamansett form, → *Boen*, *Boane*, og visse samansetjingar, → *Steinboen* (*-ane*), *Håboen*. Nemnet førekjem òg som føreledd, → *Boasteinen*. Litt.: Pokorny 1959:146, de Vries 1962:47, Torp 1919:32, Hovda 1958:257, NO 1:1215.

**Boen** /"bo:en/ 75 3:C4, 207 8:C4, 842 9:F4, 290 10:B3, 42 18:B3, 482 19:C3, 846 34:C6. Skjer (båe) i vasskorpa fleire stader (Vistvik, Rott, Kolnes, Kolnesholmane, Ølberg, Orre, Vik). Bunden form av → *boe* m. 'skjer i sjømålet, båe'.

**bolle** m., jf. gno. *bǫllr* m. 'kule, eiste', er fem stader nytta om store, runde og frittliggjande steinar som stikk opp i sjøen; dei er alle farlege for skipsferdsla; → *Bollen*, *Skjørbollen*, jf. òg → *Bolleren*.

**Bollen** (*Bodlen*) /"båd,l/ 292 10:B1, 377 12:F4, 43 17:F4, 324 23:F3. Rundt, frittliggjande skjer fleire stader (Ølberg, Sele, Reve, Nordvarhaug). Bunden form av ordet *bolle* m., i slekt med *ball* m.; steinane er namngjevne etter forma.

**Bollerane**, → *Bolleren*.

**Bolleren** /'båleren/ 184 34:C6. To små runde skjer, *Store* og *Litle Bolleren* /"litle 'båleren/, sør for Kolnesholmane, også kalla *Bollerane* /'bålerane/. Namna har samband med gno. *bǫllr* m. 'kule, eiste', i slekt med *ball* m., med bakgrunn i den runde forma til steinane. Forma med *-r-* er knapt halden nominativsending, heller ei laging med *-r*.

**Bondesedet** (*-setet*) /'bonese:de/ 102 36:C2. Fiskeplass for hummar nordaust for Eigerholmen. Etterleddet er *sete* n., vel med liknande tyding som → *sete* f. 'fiskeplass'. Føreleddet *bonde* m. siktar kanskje til at denne fiskeplassen ikkje ligg så langt frå land, og at han blir nytta av folk på gardane.

**Bore** /"bo:re/ Kart 14. Sokn og matrikkelgard i Klepp, delt i *Vestra* og *Øystra Bore* /"øystra "bo:re/, *Bordu s.* 1322, *Bordho s.* 1440, *Bordo s.* 1440; *a Bordho* 1427, *i Bordhwm* 1322 (avskrift 1446), *a Bordhom* 1440. Gno. *Borða* f. Namnet har samband med gno. *borð* n. 'bord, kant,

rand' og *borða* f. (jf. *silkiborða* f. 'kant eller bord(e) av silke'), og andre ord med tydinga 'kant, brem'. Det siktar til at garden ligg på ein langstrekt høgderygg mellom Orrevatnet og flata der åa (Figgjo) renn før ho munnar ut i sjøen. Gardsnamnet er føreledd i *Boresanden* /"bo:resa:en/ og *Borestranden* /"bo:restra:en/. Litt.: NG 10:134 f., Særheim 1980:75.

**Boreholet** /"bå:rehå:le/ 3 22:E4. Stad på Grødaland der det vart bora etter kol i 1873. Inneheld det samansette ordet *borehol* n., samansett av *bora* vb. og *hol* n.

**Borgarane**, → *Borgaren*.

**Borgaren** /"bårgaren/ 490 38:B6. Grunne aust for Tjør med to toppar, *Søre* og *Nordre Borgaren* /"no:re "bårgaren/, til saman stundom kalla *Borgarane* /"bårgarane/. Namnet synest innehalda ordet *borg*, som er i slekt med *berg*, og er nytta i stadnamn i Rogaland, bl.a. med tydinga 'steinsetjing, steinmur, steinsett rygg'. Truleg dreiar det seg om ei forkorta (elliptisk) laging, jf. → *Reibaren* (< *Reibarskallen*), *Bergaren*.

**Borkabukta** /"bårkabokte/ 38 31:C2. Lita vik i Haver. Etterleddet er → *bukt*. Føreleddet er uvisst. Det har kanskje samband med verbet *borka* med bakgrunn i barking av garn; → *Barkarhola*.

**botn** m., gno. *botn* m., er i namnet → *Midtbotnen* nytta om ei noko djupare renne og skipslei mellom grunnen Silsflu (Fluna) og land (Sele).

**Braffatorga** /"brafatårjå/ 264 11:A3. Stad på Hellestø der det var boltar i fjellet til å tjora hestar, nytta av kvinner og born som køyrde til stranda for å henta fisk. Samansett av → *torg* og husdyrnemnet *braffe* f. 'hest'.

**Bragen** (*Braken*) /"bra:Gen/ 445 1:D5. Skjer i leia nord for Tungenes (Fig. 33). Er laga til verbet *braka* med bakgrunn i lyden av bårebrotet.

**Brannsvarden** /'bransva:ren/ 30 4:F2. Topp ovanfor stranda på Raustein. Namnet, som inneheld orda → *varde* og *brann* m., er laga til det samansette ordet *brannsvarde*, som siktar til varsling ved brenning av bål på denne toppen i ufredstid.

**Brattaura** /"bratau:rå/ 434 25:E2. Steinsamling med gravfelt (fortidsminne) opp frå strandflata på Stavnheim. Samansett av → *ur* f. 'steinsamling, ur' og adjektivet *bratt*.

**Brattebakken** /"bratebaKen/ 88 16:D5. Bratt stad på strandbakken ved Honnsstø (Hodne). Samansett av → *bakke* og adjektivet *bratt*.

**Brattebrodet** (-*brotet*) /"bratebrå:de/ 579 27:E5. Bratt bakke ovanfor stranda på Kvalbein. Samansett av → *brot* n. 'bratt bakke' og adjektivet *bratt*.

**Bratteskod** (-*skot*) /"brateskå:d/ 216 33:B6. Bratt holme innanfor Tjør (Sola), den eine av holmegruppa Skodene. Etterleddet er → *skot* og føreleddet adjektivet *bratt*.

**Brattlendssteinen** /"bratlensteid,n/ 354 23:G4. Stein i stranda på Nordvarhaug. Samansett av → *stein* og gardsnamnet *Brattlend*; → *Brattlendsåna*. Namnet har bakgrunn i ein gammal rett som garden Brattlend har i stranda.

**Brattlendsåna** (-*åa*) /"bratlenså:nå/ 163 23:B5. Å som renn ut i sjøen på Varhaug/Nordvarhaug. Samansett av → *å* f. 'elv, stor bekk' og gardsnamnet *Brattlend* /"bratlen/.

**bredd** f., også kalla *tarebredd* /"ta:rabred/, er eit vanleg ord for skiftet mellom sand- og tarebotn i sjøen. Her held det seg ofte fisk. Sirevågfiskarar kan t.d. seia at dei fiskar *i tarabredde* eller *ud onna bredde*, det sistnemnde om sandbotnen kloss i taren. Nemnet ligg føre i namn frå Ognabukta, → *Indra bredda*, *Svartabredda*, og frå Honnsviga, → *Bredda*, *Tarabredda*.

**Bredda** /'bredå, 'brede/ 836 16:B5, 176 17:F5, 194 28:B3, 800 28:B6. Namnet er nytta om skiljet mellom sandbotn og steinbotn (med tare) i Honnsviga og Ognabukta. Det er bunden form av → *bredd*.

**Breiangen** /"breianjen/ 754 21:G6. Namnet er nytta om teigar som ligg ved to runde bogar i Håelva like før utmunninga i sjøen. Ein skil mellom *Store* og *Litle Breiangen* /"litle "breianjen/. Same namnet er brukt om ein stor boge i Figgjo ikkje langt frå utmunninga i sjøen på Sele og Bore, og om ein boge i Brattlendsåna. Samansett av → *ang(er)*, her brukt om bogar i elvelaup, og adjektivet *brei*.

**Breigod** (*-got*) /'breigå:d/ 209 8:C4. Stad på Rott, nær Dalhamn. Samansett av → *gote* f. 'veg' og adjektivet *brei*.

**Breiviga** (*-vika*) /'breivi:Gå/ 786 3:D3. Brei vik på Vistnes. Samansett av → *vik* og adjektivet *brei*.

**Brekka** /"brekå/ 260 21:B4, 360 21:F1, 105 22:E2, 25 22:E3, 26 22:E3 (*Under B.*). Bratt strandbakke på Hå, Obrestad og Sørreime. Bunden form av → *brekke* f. 'stor bakke'.

**brekke** f., gno. *brekka* f. 'stor bakke', er nytta om større bakkar og høgder, bl.a. om den høge strandbakken på Obrestad, Hå og Hodne: → *Brekka*, *Honnsstøbrekka*, dessutan → *Brekken* (høgdedrag på Bru).

**Brekken** /"breken/ 541 29:G2. Brattlende på Bru. Bunden form fleirtal av → *brekke* f. 'stor bakke'.

**Brennevinsholet** /"brenevinshå:le/ 254 21:F1. Lita vik på Hå. Samansett av → *hol* og ordet *brennevin*. Det blir fortalt at det ein gong rak inn eit brennevinsanker i vika, og at dei som fann det, fylte den edle vara i støvlane og gjekk heim på sokkeleisten.

**Brennevinskula** /"brenevinsku:lå/ 62 16:A3. Stad ved Blomhaug på Reve. Samansett av → *kule* 'topp' og ordet *brennevin*; → *Brennevinsholet*. Uviss bakgrunn.

**Brennevinssteinen** /"brenevinsteid,n/ 571 27:E3. Stein (skjer) i sjøen sør for Raunen (Kvalbein). Samansett av orda → *stein* og *brennevin*; → *Brennevinsholet*. Uviss bakgrunn.

**Bringsvågen** /'bringsvåyen/ 480 26:H3. Liten våg på Hårr. Etterleddet er → *våg* m. 'lita vik'. Føreleddet har kanskje samband med ord som *brenk* m. 'knekk, brekk' og *brengja* vb. 'vera trong' med bakgrunn i at vågen nesten er samanknept i munningen av rullesteinframspringet Nebba. Samband med *bring* m. 'framside av bryst', også nytta om hall i terrenget, høver språkleg, men ikkje med terrenget.

**Brodene** (*Brotene*) /"brå:dene/ 817 12:G5. Bakkar på Sele. Bunden form fleirtal av → *brot* n. 'bratt bakke'.

**Brodet** (*Brotet*) /'brå:de/ 253 35:B5, 302 23:E4, 846 39, 919 39. Bratte bakkar og brot på sjøbotnen fleire stader. Bunden form av → *brot* n. 'bratt bakke'.

**Brodkanten** (*Brot-*) /"brå:dkant,n/ 59 39. Kanten av bakken ned til Djubarenna (Norskerenna). Inneheld orda → *kant* og → *brot* n. 'bratt bakke', vel laga til eit samansett ord *brotkant*.

**brot** n., gno. *brot* n., er nytta om bratte skråningar på sjøbotnen og på land. Det er t.d. brukt om kanten av grunnar og om hallet ned mot Djubarenna (Norskerenna), → *Brodet*, *Nørdra brodet* (kanten av ei stor renne på sjøbotnen nord og vest for Feisteinen), → *Brodkanten* (på Karlsmédgrunnen, hallet ned mot Djubarenna). På land finn ein t.d. → *Håbrodet* og *Brattebrodet*.

**bru** f., gno. *brú* f., er nytta om bruer over vassføring (bekk, å), → *Vaulabruna* (Bru, ved brakkvassamlinga → *Vaulen*). Nemnet ligg òg føre i gardsnamnet → *Bru*.

**Bru** /bru:/ 559. Gard i Hå (tidl. Ogna), *Brom* 1668, *Brue* 1723. Laga til gno. *brú* f. 'bru' med bakgrunn i ei bru over den korte vassføringa frå Bjårvatnet til sjøen. Her finn ein no → *Vaulabruna*; → *bru*. Litt: NG 10:96, Særheim 2007:39 f.

**Bruhølen** /'bru:hø:len/ 10 23:B5. Høl ved ei bru over Brattlendsåna (Varhaug/Nordvarhaug). Same namnet er nytta om ein høl ved brua over Ognaåna. Samansett av → *høl* m. 'hole i elv, bekk' og → *bru*.

**Brunnarenna** /"bronarenå/ 123 24:C3. Stad opp frå stranda på Husvegg. Vel samansett av → *renne* og *brunn* m. med bakgrunn i at ein har drukke vatn her; → *Brunnstykket*.

**Brunnaviga** (*-vika*) /"bronavi:Gå/ 713 7:E4. Vik i grensa mellom Nordra-Kolnes og Tjora. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet *brunn* m. siktar til ein brønn med særs godt vatn nær denne staden.

**Brunnstykket** /"bronstyKe/ 2 24:C3. Teig ved strandbakken og eit gravfelt på Husvegg. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke, teig' og *brunn* m. 'brønn'. Like nordanfor teigen ligg → *Brunnarenna*.

Fig. 33. Skjeret Bragen (Randaberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 33. The rock Bragen (Randaberg). Photo: Inge Særheim.*




LIVSFARLIG
KABEL





Fig. 34. Brusanden.
Foto: Inge Særheim.
*Fig. 34. Brusanden.*
*Photo: Inge Særheim.*

**Brusanden** /'bru:sa:en/ 555 29:F2. Sandstrand ved Brusand og Ognabukta (Fig. 34). Samansett av → *sand* m. 'sandstrand' i bunden form og gardsnamnet → *Bru*. Tettstaden *Brusand* /'bru:san/ har namn etter denne sandstranda.

**Bryggja** /"bryGå/ 975 9:F3. Bryggje i Søre stranden på Søra-Kolnes. Inneheld → *bryggje* i bunden form.

**bryggje** f., gno. *bryggja* f., ligg føre i fleire namn på bryggjer: → *Stegabryggja* (Rott), *Hamrabryggja* (Tjora), *Kongsbryggja* (Sirevåg), *Pallebryggja* (Haver).

**Brønnes** /"brøne:s/ 230 8:A3. Stort nes heilt vest på Rott (Vestra øyna). Samansett av → *nes* og vel gno. *brim* n. 'bårebrot mot land', noko som høver godt realt. Same opphav har *Bremnes* frå Sunnhordland, bl.a. uttala /"brømne:s/ og /"brøbne:s/ (Hallaråker). Sekundære lagingar til namnet frå Rott er *Brønnesholmen* /"brøneshålmen/, *Brønnesodden* /"brønesåd,n/, *Brønnesskjeret* /"brønesje:re/, *Brønnessundet* /"brønesone/ og *Grunnen i Brønnessundet* /"gro:en i "brønesone/, jf. òg *Søre* og *Indre Brønnesgrunnen* /"indre "brønesgro:en/. Litt.: Hallaråker 1976:12.

**bu** f., gno. *búð* f. 'lite hus, bu', er nytta i namn på små buer, gjerne fiske- og fangstbuer: → *Sørbu*, *Nørdbu* (båe frå Sele; buer som vart nytta av laksefiskarar). Nemnet er vanleg som føreledd: → *Buasanden* (Sele), *Buabakkan* (Ogna).

**Buabakkan** /"bu:abakan/ 559 29:B5. Bakkar langs stranda nord for munningen av Ognaåna. Samansett av → *bakke* i bunden form fleirtal og *bu* f. 'lite hus', vel brukt om fiskebu; → *Buasanden*.

**Buaberget** /"bu:aberje/ 123 11:A4. Berg ved sjøen nær hamna på Hellestø. Etterleddet er → *berg* og føreleddet *bu* f. 'lite hus', vel brukt om bu som har vore nytta under fiske og fangst; → *Buasanden*.

**Buarinda** /"bu:arinå/ 88 14:G2. Steinrind på Sele, ovanfor → *Buasanden*. Samansett av → *rind* f. 'steinrygg' (ofte gammal sjøkant) og *bu* f. 'lite hus', som her siktar til buer som vart nytta av fiskarar.

**Buasanden** /"bu:asa:en/ 16 14:F2. Sandstrand på Sele nord for munningen av elva Figgjo. Samansett av → *sand* og *bu* f. 'lite hus', som siktar til buer som vart nytta av laksefiskarar.

**Bukkahola** /"bokahå:lå/ 142 3:B3. Lita innbukting på vestsida av Vistnestangen. Samansett av → *hole*, her i tydinga 'lita vik', og husdyrnemnet *bukk* m., kanskje med bakgrunn i at ein har fanga bukkar her, svarande til namnet *Bukkatøket* (Skår, Karmøy).

**Bukken** /'bok,n/ 603 30:C4. Lita bukt og badeplass i Sirevåg. Det blir fortalt at namnet, som skal vera relativt ungt, først vart nytta av born, kanskje som omlaging av → *bukt*, gjerne påverka av *bukk* m.

**bukt** f., som er lånt frå lågtysk, førekjem i namn på vikar og innbuktingar i strandlina, gjerne større vikar: → *Ognabukta*, *Saltebukta*, *Sandebukta*, *Randabergbukta*. Fleire av namna har truleg tidlegare hatt eit namn på → *vik*. Nemnet er òg nytta om *sandbukt* ('sandkile') på tarebotn; → *Sandbukta* er t.d. den delen av Ognabukta som har sandbotn, delt i *Søra* og *Nørdra bukta* av fjellgrunnane Krutlet og Tangen. Ein fiskar "på Søra" eller "på Nørdra bukta" (/'bokte/).

**Bukta** /'boktå, 'bokte/ 152 19:D3, 900 28:C6, 34 38:B7. Namnet er nytta om større vikar, t.d. Ognabukta, om mellomstore vikar, som Marøyna, dessutan om ei mindre innbukting på vestsida av Hengsøyna (Tjør). Bunden form av → *bukt*.

**Bulega** /"bu:le:gå/ 696 5:C5, **Buleia** /"bu:leiå/ 171 6:E5. Vik på Myklabost (696), stad ved sjøen på Meling (171, ligg nær Tananger). Laga til det samansette ordet *bulege* f. 'liggjestad for bufe', som siktar til tilhaldsstader for husdyr. Dette er eit vanleg namn på Jæren. På Meling finn ein elles sekundærnamnet *Buleibukta* /"bu:leiboktå/.

**Bunes** /"bu:ne:s/ 311 8:C3. Nes på Rott (Vestra øyna). Samansett av → *nes* og truleg *bu* n. 'bufe' med bakgrunn i ein beitestad. Namnet er føreledd i *Bunesmyra* /"bu:nesmy:rå/.

**Buska** /"buskå/ 54 9:E2. Grunne og fiskeplass (hummarstein) utanfor Vestre stranden på Søra

Kolnes, også kalla → *Lyngbusken* /"lyngbusjen/. Inneheld ordet *buske* f. 'busk' med bakgrunn i tarevekst.

**Bus(s)eneset** /"bu(:)se-, "bysene:se/ 737 5:B3. Nes på Nordra Sunde ved brua over Hafrsfjord. Samansett av → *nes* og gno. *búza* (*bussa*) f. 'stort breitt skip', som siktar til gammal båtferdsel i dette området. Lite rimeleg er eit framlegg om samband med uttrykket "be buste" ('bustad'), dvs. 'be om slikt som trengst når ein skal setja bu'; dette uttrykket er brukt om ein tidlegare skikk.

**Butræd** /"bu:tre:/ 444 2:C2, **Butrædet** /"bu:tre:e/ 538 7:D3. Namna er nytta om inngjerde beitehagar på Ytrabø (444) og Tjora (538). Dei inneheld orda → *træde* n. 'inngjerd beitehage' og *bu* n. 'bufe', gjerne laga til det samansette ordet *butræde*. Liknande namn førekjem andre stader på Jæren, bl.a. på Haga i Sola, der det er nytta om buveg (geil) frå gardstunet til beiteområda. Lenger sør på Jæren, t.d. på Tjøtta, finn ein forma *Butrædet* /"bu:træ:e/, også kalla /"boiatræ:e/, med forma /'boie/ for *buet* 'bufeet'. Litt.: Særheim 1980:121, 1985:81.

**Buviga** (-*vika*) /"bu:vi:Gå/ 137 11:F2. Vik i Vigdel, også kalla *Søra Buviga* (Fig. 35), for ei anna (mindre) vik nordanfor heiter *Nørdra Buviga* /"nø:ra "bu:vi:Gå/ (også kalla *Litla Buviga*). Nokre teigar her heiter *Øvra* og *Nedra Buviga* /"ne:ra "bu:vi:Gå/. Samansett av → *vik* og truleg ordet *bu* n. 'bufe', som siktar til husdyrbeite ved stadene. Sekundære lagingar med dette namnet frå same området er *Buvigsbrodet* /"bu:vigsbrå:de/, *Buvigsodden* /"bu:vigsåd,n/, *Buvigsskjera* /"bu:vigsjæ:rå/ og *Buvigssteinane* /"bu:vigsteinane/, jf. òg *Store* og *Litle Buvigsfloen* og *Søre*, *Midtre* og *Nørdre Buvigsodden*.

**Buøyna** (-*øya*) /"bu:øynå/ 131 37:B4. Øy aust for Håstein (Sola). Etterleddet er → *øy* i bunden form og føreleddet vel *bu* f. 'lite hus, bu', som siktar til at fiskarar har budd (overnatta) på denne øya under fiske og fangst i området. Fleire sekundærnamn frå området har dette øynamnet som føreledd: *Buøyhella* /"bu:øyhedlå/ (skjer aust for øya), *Buøysosen* /"bu:øyso:sen/ (sjøstykket sør for øya og mellom Buøyna og Frøsholmane, det sistnemnde også kalla *Frøsholmsosen*), *Buøysundet* /"bu:øysone/ (sundet mellom Buøyna og Ståblane) og *Buøyvågen* /"bu:øyvå:Gen/ (våg på vestsida av øya).

**Byberg** /'by:ber, -bør/ Kart 12. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Byberig*, *Bøberygh* 1519, *Bybergh*, *Byberg* 1521. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet har kanskje språkleg samband med gno. *býfa* f. 'stor, stygg fot', til ei ordrot med tydinga 'svella'. Real bakgrunn er Bybergsfjellet, også kalla Kongshaug. Gardsnamnet er føreledd



Fig. 35. Buviga og Fårleberget (Vigdel). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 35. Buviga and Fårleberget (Vigdel). Photo: Inge Særheim.*

i fleire sekundære lagingar: *Byberggrunnen* /'by:bergro:en/ (ligg nord for Tjør; truleg méda frå Byberg), *Bybergsanden* /'by:bersa:en/ og *Bybergs-Bårøyna* /'by:bersbå:røynå/ (den delen av Bårøyna som ligg på Byberg). Litt.: NG 10:189, Særheim 1978:81 f.

**Bærhagen** /"bæ:rhaien/ 62 22:E2. Hage på Sørreime som ligg like ovanom strandbakken. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og substantivet *bær* n.

**Bærheimsberget** /"bæ:reisberje/ 306 10:F2. Bergframspring heilt sør i Solaviga (Sola). Samansett av → *berg* og gardsnamnet *Bærheim* /"be:rei/ (Sandnes). Namnet har bakgrunn i ein gammal strandrett til denne garden. Dette gardsnamnet, gno. **Berg(h)eimr*, som er eit gammalt *heim*-namn, er samansett med → *berg*. Litt.: Særheim 2007:43.

**Bø** /bø:/ Kart 2. Gardar (grend) i Randaberg (tidl. Hetland), delt i to matrikkelgardar, *Indrabø* /"inrabø:/ og *Ytrabø* /"ytrabø:/ (også kalla *Vestrabø* /"vestrabø:/); *Bø, Hynnerbø* 1519, *Inderbø, Ytterbøe* 1521. Inneheld gno. *bǿr* m. 'gard', gno. **Bǿr*, her nytta om ein svært gammal sentralgard. Fleire sekundære lagingar inneheld dette gardsnamnet: *Børaunen* /'bø:raud,n/ (rullesteintangen Raunen), *Børudla* /'bø:rodlå/ (stor gravhag, Rudla), *Bøskjenane* /'bø:sje:nane/ (grunnar utanfor Ytrabø, Skjenane), *Bøstranden* /'bø:stra:en/ (Fig. 36), *Bøviga* /'bø:vi:Gå/ og *Bøvågen* /'bø:vå:Gen/, jf. òg *Indrabøraunen* /"indrabøraud,n/, *Indrabøviga* /"indrabøvi:Gå/, *Indrabøvågen* /"indrabøvå:Gen/, *Vestrabøraunen* /"vestrabøraud,n/ og *Vestrabøstranden* /"vestrabøstra:en/. Litt.: NG 10:109, Særheim 2007:43 f.



Fig. 36. Bøstranden og Alstein (bak til venstre). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 36. Bøstranden og Alstein (back to the left). Photo: Inge Særheim.*

**Bådaberget** (*Båta-*) /"bå:daberje/ 257 6:D4, 271 6:D5, 317 9:H5, 624 10:B4, 487 11:A1. Berg ved sjøen fleire stader (Tananger, Meling, Sola, Ølberg, Vigdel), ofte nytta om stader der ein har lagt til med båt (lagt båtar). Same namnet finst på Viste, nytta om eit berg noko inne på land. Samansett av → *berg* og ordet *båt* med bakgrunn i båtferdsel.

**Bådasanden** (*Båta-*) /"bå:dasanen/ 607 30:C4. Lita sandflate i Sirevåg. Samansett av → *sand* og ordet *båt* m.; → *Bådastranden*.

**Bådasteinane** (*Båta-*) /"bå:dasteinane/ 444 8:A4. Steinar inne på land på Vestra øyna (Rott). Samansett av → *stein* og ordet *båt* m.

**Bådastranden** (*Båta-*) /"bå:dastra:en/ 229 5:D4. Båtstad ved bukta Veststø /"veste/ på Myklabost. Samansett av → *strand*, som siktar til båtplass, og ordet *båt* m.

**Bådaviga** (*Båtavika*) /"bå:davi:Ge/ 504 32:F4. Vik i Holmane. Samansett av → *vik* og ordet *båt* m. med bakgrunn i båtplass og båtferdsel.

**Båden** (*Båten*) /'bå:den/ 437 24:C4. Fiskeplass utanfor Varhaug og Husvegg, gjerne kalla *med Båden* /mæ: 'bå:den/. Har bakgrunn i ein båt som har stranda.

**Båden hans Lars** (*Båten -*) /'bå:den ans 'la:rs/ 420 32:A4. Liten avsats i fjellet, ein god fiskeplass (Kalvshagen). Samanlikningsnamn med tydinga 'Lars sin båt'.

**Bådsmannsriva** (*Båts-*) /"båsmansre:vå/ 103 11:F3. Rive (sprekke) i fjellet ved sjøen i Vigdel. Samansett av → *rive* f. 'sprekke' og ordet *båtsmann*, som skal ha bakgrunn i at det har reke inn eit lik her.

**Bådsmannssanden** (*Båts-*) /"båsmansa:en/ 971 12:G4. Sandstrand nord på Sele (Fig. 37). Samansett av → *sand* m. 'sandstrand' og ordet *båtsmann* m., som skal sikta til at det har reke inn eit lik på denne sandstranda. Vika her heiter *Bådsmannsviga* /"båsmansvi:Gå/.

**Bådsmannsviga** (*Båts-, -vika*), → *Bådsmannssanden*.



Fig. 37. Bådsmannsviga og Bådsmannssanden (Sele), mot Bårøyna. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 37. Bådsmannsviga and Bådsmannssanden (Sele), towards Bårøyna. Photo: Inge Særheim.*

**Bådstad** (*Båt-*) /"bå:sta/ 178 6:F5. Område i Risaviga (Meling og Haga). Inneheld orda → *stad* og *båt* m., vel laga til det samansette ordet *båtstad* m. med bakgrunn i at dette er ein gammal båtplass. Like ved (på Meling) finn ein sekundærnamnet *Bådstadbergene* /"bå:staberjene/ (med bunden form fleirtal av → *berg*).

**Bårøyna** (*-øya*) /"bå:røynå/ 9 12:A3. Stor flate ved sjøen på Byberg (og Sele). Etterleddet er → *øy*, her vel i tydinga 'flate ved vatn' (→ *Marøyna*). Føreleddet synest vera ordet *båre* f. 'bølgje', som siktar til bølgjer som bryt mot stranda. Her er landgrunt og mykje bårebrot, særleg nord for Bårøyna. Fleire sekundære lagingar inneheld dette ordet: *Bårøysbrodet* /"bå:røysbrå:de/ (inne på land), *Bårøyspynten* /"bå:røyspynt,n/, *Bårøystangen* /"bå:røystanjen/ og *Bårøysviga* /"bå:røysvi:Gå/ (*Søra* og *Nørdra Bårøysviga*).

**Båsen** /'bå:sen/ 878 38:B6. Lita vik på austsida av Nordtjør. Dette er eit samanlikningsnamn som inneheld ordet *bås* m. 'krøtterbås, plass for krøtter i eit fjøs'.

**Båshøyen** /"bå:shåyen/ 48 24:E5. Haug på toppen av strandbakken inn frå Årslandsstøna. Etterleddet er → *haug* i bunden form (uttala *-høyen* i dette området), medan føreleddet truleg er *båt* m. med bakgrunn i båtstaden til garden.

## D

**Dagmerket** /"da:gmerKe/ 922 17:G1. Sjømerke på land på Reve. Namnet, som inneheld orda *dag* m. og *merke* n., siktar til at sjømerket er synleg om dagen, altså når det er lyst.

**dal** m., gno. *dalr* m. 'dal', er nytta om dalar og søkk i terrenget, både på land og på sjøbotnen, t.d. → *Dalen*, *Djubedalen* og *Bekkjadalen*, som alle førekjem fleire stader. Ein finn det som føreledd i *Dalanebba* /"da:lanebå/ (Vigdel) og *Dalhamn* /"da:lhab,n/ (Rott), båe knytte til det usamansette → *Dalen*; jf. òg *Dalhamnskjeret* /"da:lhamsje:re/ og *Dalhamnsmyra* /"da:lhamsmy:rå/. I namna → *Dalsrevet* og *Dalaraua* siktar det til eit grunneres med søkk i.

**Dalanebba**, → *dal*.

**Dalaraua** (*-rauva*) /"da:larauå/ 945 36:B4. Skjer med eit søkk i enden av grunnereset Dalsrevet, som stikk ut frå sørenden av Rott-Fladholmen, også kalla *Raua* /'rauå/. Samansett av orda → *dal* og *rauv* f. med bakgrunn i forma til skjeret – det skal ifølgje ein informant likna på "ei vanleg rauv".

**Dalen** /'da:len/ 181 6:D4, 306 8:C3, 132 11:G3, 257 19:C5. Dalsøkk fleire stader (Tananger, Rott, Vigdel, Vik). Bunden form av → *dal*.

**Dalhamn**, → *dal*.

**Dalhaugfluna** (*-flua*) /"da:lhauflu:nå/ 421 36:C3. Grunne søraust for Eigerholmen, den eine av ei samla gruppe som er kalla *Fluene*. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og namnet *Dalhaug*, nytta om ein stad inne på land som er médpunkt for grunnen.

**Dalsrevet** /'da:lsre:ve/ 410 36:C4. Grunneres som stikk ut i sørenden av Rott-Fladholmen. Samansett av → *rev* n. 'grunne som stikk ut frå land' og *dal*, som siktar til eit søkk i skjeret (Dalaraua, Raua) i enden av revet.

**dam** m., jf. mno. *dammr* 'demning', er nytta om små vassamlingar og vikar i strandkanten, → *Dammen*, *Røydedammen*, *Tverrdammen*.

**Dammen** /'damen/ 61 22:D1. Stad ved Reimebekken. Her vart vatnet leia frå stemmen til drift av kverna. Bunden form av → *dam* m. '(oppdemd) vassamling'.

**Dansesletta** /"dansesletå/ 232 11:A4. Utflating nær sjøen på Hellestø. Samansett av → *slette* og verbet *dansa* med bakgrunn i at ein tidlegare dansa på denne sletta.

**Dauraholet** /"daurahå:le/ 285 11:B4. Hole (gjote) med opning under nokre fjellblokker ved Veggjeviga (Hellestø). Etterleddet er → *hol*, medan føreleddet er substantivet *daur* m. 'dagverd, dugurd', eit måltid om føremid-dagen, i 9–10-tida, ev. verbet *daura* vb. 'eta dagverd'. Bakgrunnen for namnet skal vera at gjetarane pla samla husdyra i denne gjota ei stund på føremiddagen slik at dei kunne daura og kvila.

**Dauren** /'dauren/ 84 21:E6. Stor stein i sjøen utanfor munningen av Hååna, der ein har drive kastenotfiske. Inneheld ordet *daur* m. 'dagverd, dugurd', eit måltid om føremiddagen, i 9–10-tida. Real bakgrunn for namnet er uviss.

**Daursbeidet** (*-beitet*) /"daursbeide/ 529 21:B4. Beitestad på strandflata i Obrestadviga. Samansett av → *beite* og ordet *daur* m. 'dagverd, dugurd' (måltid i 9–10-tida) med bakgrunn i at beitet vart nytta tidleg på dagen.

**Dei kvide rega** (- *kvite reka*) /di "kvi:de 'ræ:Gå/ 95 39. Fiskeplass (rek) i Honnsviga, utanfor Hodne og Reve. Inneheld føresett bunden artikkel, etterleddet → *rek*, som siktar til rekfiske, og føreleddet adjektivet *kvit* med uviss bakgrunn.

**Dei midtre bedane** /di "mitre "be:ane/ 307 25:E1. Grasflekkar i ura i stranda på Årsland. Samansett av → *bede* m. 'avgrensa stykke (av gras)' og komparativforma *midtre*, med førestilt bunden artikkel. Nedanfor ligg → *Dei nedre bedane*.

**Dei nedre bedane** /di "ne:re "be:ane/ 308 25:E1. Flekkar oppbygde av tare i stranda på Årsland. Samansett av → *bede* m. 'avgrensa stykke (av gras)' og komparativforma *nedre*, dessutan føresett bunden artikkel. Ovanfor ligg → *Dei midtre bedane*.

**Dei svarte steinane** /di "sva:rte "steinane/ 396 24:D4. Steinar i sjøen utanfor Madland. Inneheld → *stein*, adjektivet *svart* og føresett bunden artikkel.

**Den blåe** /den "blå:e/. Fjell ved sjøen i Sokndal som er mykje nytta som méd for fiskeplassar på Sør-Jæren. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *blå*, som siktar til mørk farge. Fjellet heiter til vanleg *Hådyr* ('det høge dyret'), og er omtala i norrøn litteratur, gno. *Hádýr*, samansett av gno. *dýr* n. 'dyr' og *hár* adj. 'høg'; kanskje er dette ei omskriving for 'hjort'. Namnet kan ha bakgrunn i tabuførestillingar (jf. kap. 3.3.4). Litt.: Særheim 2007:114.

**Den dumme** /den "dome/ 135 37:B3. Båe nord-aust for Håstein, også kalla *Dummen* /"domen/; ligg ved skjera → *Den kvide* og *Den svarte*, til saman kalla *Dummene* /"domene/. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *dum*, her truleg i tydinga 'uklar, mørk', jf. gno. *dumbr*

'stum', med opphavleg tyding 'mørk, uklar'. Den dumme ligg noko djupare og er mindre synleg enn dei to andre skjera.

**Den firkanta** /den "firkanta/ 387 23:F3, 914 26:F1. Firkanta einskildsteinar i stranda på Nordvarhaug og Hårr. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *firkanta* (underforstått er → *stein*).

**Den flada fluna** (- *flata flua*) /den "fla:da 'flu:nå/ 51 23:F2. Flu utanfor Nordvarhaug. Inneheld føresett bunden artikkel, nemnet → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivet *flat*, som siktar til forma.

**Den flada hella** (- *flata* -) /den "fla:da "hedlå/ 59 21:E5. Flat stein utanfor munningen av Hååna (Nærland). Inneheld føresett bunden artikkel, nemnet → *helle* f. 'flat stein' og adjektivet *flat*.

**Den god plassen** (- *gode* -) /den 'go: 'plasen/ 84 3:C4. Fiskeplass ved land i Vistvik. Inneheld føresett bunden artikkel, nemnet → *plass* og adjektivet *god*, som siktar til at dette er ein god fiskestad.

**Den grøna gjoda** (- *gjota*) /den "grø:na "jo:då/ 237 11:B4. Grasvaksen dokk mellom to låge fjellsider på Hellestø. Samansett av → *gjote* i den nyss nemnde tydinga, adjektivet *grøn* og føresett bunden artikkel.

**Den gråe** /den "grå:e/ 444 25:E3, 864 26:F1. Steinar i stranda på Stavnheim og Hårr, også kalla → *Gråe steinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og fargeadjektivet *grå* (underforstått er → *stein*).

**Den gule** /den "gu:le/ 466 23:F2, 916 26:H3. Steinar i ura på Nordvarhaug og Hårr, også kalla → *Gule steinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og fargeadjektivet *gul* (underforstått er → *stein*).

**Den kilte** /den "Ki:lte/ 866 24:C3. Stein i ura på Husvegg, også kalla → *Kilte steinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *kilt*, av *kila* vb. 'driva inn ein kile (for å kløyva)' (underforstått er → *stein*).

**Den klobne** (- *klovne*) /den "klåbne/ 574 28:G1. Klovna stein i stranda på Kvalbein, også kalla → *Klobne steinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *klovna* 'klovna, kløyvd', av *klovna* vb. (underforstått er → *stein*).

**Den kløyvde** /den "kløyvde/ 791 23:F2. Stein i stranda på Nordvarhaug, også kalla → *Kløyvde steinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *kløyvd* (underforstått er → *stein*).

**Den kvide** (- *kvite*) /den "kvi:de/ 380 37:B4. Skjer (båe) nordaust for Håstein, den eine av → *Dummene*. Inneheld føresett bunden artikkel og fargeadjektivet *kvit*, som siktar til at båen ligg like i vasskorpa og jamt har bølgjeskum over seg.

**Den kvide presten** (- *kvite* -) /den "kvi:de 'prest,n/ 250 11:F2. Kvit stein i stranda i Vigdel (nær Håfjellet) (Fig. 38). Inneheld *prest* m., nytta som jamføringsnemne, fargeadjektivet *kvit* og føresett bunden artikkel.

**Den lange bakken** /den "lange "baKen/ 225 11:G1. Bakke i stranda i Vigdel (nær Kvernaviga). Inneheld → *bakke*, adjektivet *lang* og føresett bunden artikkel.

**Den litle svarte** /den "litle "sva:rte/ 911 23:F1. Stein i stranda på Nordvarhaug, også kalla → *Litle Svartesteinen*. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektiva *liten* og *svart* (underforstått er → *stein*). I nærleiken finn ein → *Den svarte*.

**Den nedre** (hølen) /den "ne:re ('hø:len)/ 472 21:F5. Høl i Hååna ved utlaupet i Vågen. Inneheld føresett bunden artikkel og komparativforma *nedre* (og eit underforstått → *høl*).

**Den nørdra bukta** /den "nø:ra 'boktå/ 120 19:C3. Nytta om Vikviga. Inneheld → *bukt* f. 'vik', komparativforma *nørdre* 'nordre' og føresett bunden artikkel. Sunnanfor ligg → *Den søra bukta*, dvs. Marøyna.

**Den nørdre tangen** /den "nø:re "tanjen/ 267 19:C2. Tange på Vik som er namngjeven i relasjon til *Den søre tangen*. Samansett av føresett bunden artikkel, komparativforma *nørdre* 'nordre' og → *tange*.

**Den pigete** (- *pikete*) /den "pi:gete/ 390 24:D4, 127 26:B5. Spisse steinar i stranda på Husvegg og i sjøen utanfor Kvassheim (også kalla → *Skakka skjeret*). Inneheld føresett bunden artikkel med adjektivet *pikete* 'spiss', → *pik* 'noko som har spiss form'; underforstått er → *stein*.



Fig. 38. Den kvide presten (Vigdel). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 38. Den kvide presten (The white priest) (Vigdel). Photo: Inge Særheim.*

**Den raude** /den "raue/ 801 24:C2, 807 25:E6, 582 28:G1. Raudfarga steinar i stranda på Husvegg, Årsland (Fig. 39) og Kvalbein, også kalla → *Raude steinen*. Inneheld fargeadjektivet *raud* med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.



Fig. 39. Den raude (Årsland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 39. Den raude (Årsland). Photo: Inge Særheim.*

**Den runde** /den "rone/ 792 24:D5, 912 26:F1, 683 28:G4. Runde steinar i sjøen utanfor Madland, Hårr og Kvalbein (aust for Raunen), dei to førstnemnde også kalla → *Runde steinen*. Inneheld adjektivet *rund* med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.

**Den sjure** /den "sju:re/ 150 34:C6. Grunne og fiskeplass utanfor Søra-Kolnes, også kalla *Sjuren* /"sju:ren/. Namnet inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet gno. *stirðr* 'hard', uttala /'sju:r(e)/ i nokre dialektar. Det siktar her til fjellgrunn.

**Den skakke** /den "skake/ 418 23:F3, 38 24:D4. Steinar i sjøkanten på Nordvarhaug og Husvegg, den førstnemnde også kalla *Skakke steinen* /"skake 'steid,n/. Inneheld adjektivet *skakk* med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.

**Den skotne** /den "skå:tne/ 915 26:F1. Stein i sjøkanten på Hårr, også kalla *Skotne steinen* /"skå:tne 'steid,n/. Inneheld adjektivet *skoten* (av *skyta* vb.) med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.

**Den store gråe** /den "sto:re "grå:e/ 793 24:C2. Stein i stranda på Husvegg, også kalla → *Store Gråesteinen*. Inneheld adjektiva *stor* og *grå* med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.

**Den store runde** /den "sto:re "rone/ 8 38:B7. Stor stein i Turra sundet på Tjør. Inneheld adjektiva *stor* og *rund* med føresett bunden artikkel; underforstått er → *stein*.

**Den svarte** /den "sva:rte/ 692 23:F2, 379 37:B3. Stein i strandkanten på Nordvarhaug (også kalla → *Svarte steinen*) og skjer nordaust for Håstein (ein av → *Dummene*). Inneheld fargeadjektivet *svart* med føresett bunden artikkel; → *stein* er underforstått i det førstnemnde.

**Den svarte vågen** /den "sva:rte 'vå:jen/ 20 38:B6. Våg på Nordtjør. Inneheld → *våg* m. 'vik' og fargeadjektivet *svart* med føresett bunden artikkel.

**Den søra bukta** /den "sø:ra 'boktå/ 119 19:D3. Nytta om vika Marøyna (Skeie); nordanfor ligg → *Den nørdra bukta* (Vikviga). Inneheld → *bukt* og komparativforma *søre* med føresett bunden artikkel.

**Den søre tangen** /den "sø:re "tanjen/ 266 19:C2. Tange på Vik som er namngjeven i relasjon til → *Den nørdre tangen*. Inneheld → *tange* og komparativforma *søre* med føresett bunden artikkel.

**Den tronge vågen** /den "trånge 'vå:jen/ 21 38:B6. Våg på Nordtjør. Inneheld → *våg* m. 'vik' og adjektivet *trong* 'trong, smal' med føresett bunden artikkel.

**Det attlagda** /de 'atlagda/ 7 23:G3. Teig på Nordvarhaug. Inneheld føresett bunden artikkel og adjektivet *attlagd*, nytta om 'attlagd jord'.

**Det rauda naustret** /de "raua 'naustre/ 17 4:F2. Naust på Raustein. Inneheld → *naustr* n. 'naust, båthus' og fargeadjektivet *raud* med føresett bunden artikkel.

**Det runda skjeret** /de "rona 'sje:re/ 3 38:B7. Rundt skjer vest for Hengsøyna (Tjør). Inneheld → *skjer* og adjektivet *rund* med føresett bunden artikkel.

**Det vestra sundet** /de "vestra 'sone/ 33 38:B7. Sund mellom Storetjør og Hengsøyna. Inneheld → *sund* og komparativforma *vestre* med føresett bunden artikkel.

**Djubabukta** (*Djupa-*) /"ju:baboktå/ 130 11:G3. Lita vik i Hellestø. Samansett av → *bukt* og adjektivet *djup*.

**Djubadal** (*Djupa-*) /"ju:bada:l/ 865 7:E3. Dal ved Risaviga på Tjora. Samansett av → *dal* og adjektivet *djup*.

**Djubafluna** (*Djupaflua*) /"ju:baflu:nå/ 676 5:C3, 293 10:B1, 140 22:D3, 286 35:C4, 419 36:C3. Grunne i sjøen utanfor Myklabost, Jåsund, Ølberg og Sørreime, og nord for Kjerten. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivet *djup*, som siktar til at desse fluene ligg djupare enn andre fluer i området.

**Djuba gjoda** (*Djupa gjota*) /"ju:ba "jo:då/ 536 7:E4. Djup sprekke i fjellet på Tjora. Samansett av → *gjote* 'langstrekt søkk i lendet' og adjektivet *djup*.

**Djubarenna** (*Djupa-*) /"ju:barenå/ 963 39. Nytta om Norskerenna, også berre kalla → *Renna*. Samansett av → *renne* f. 'djupt søkk' og adjektivet *djup*.

**Djubareva** (*Djupariva*) /"ju:bare:vå/ 612 11:B5. Lita vik og innskjering i fjellet på Ølberg. Samansett av → *rive* f. 'innskjering' og adjektivet *djup*.

**Djuba sundet** (*Djupa -*) /"ju:ba 'sone/ 74 31:E4. Sund i Haver. Samansett av → *sund* og adjektivet *djup*.

**Djubedal** (*Djupe-*) /"ju:bedal/ 707 24:B1. Søkk inn i strandbakken på Varhaug. Her finn ein *Store* og *Litle Djubedal* /"litle "ju:bedal/. Samansett av → *dal* og adjektivet *djup*.

**Djubeflu** (*Djupe-*) /"ju:beflu:/ 87 13:D2. Grunne utanfor Byberg og Sele. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivet *djup*.

**Djube odden** (*Djupe -*) /"ju:be "åd,n/ 416 32:A4. Nes i Kalvshagen. Samansett av → *odde* m. 'nes' og adjektivet *djup*.

**Djubet** (*Djupet*) /'ju:be/ 10 13:C4, 23 39. Ei noko djupare renne på sjøbotnen (båtlei) innanfor Feisteinen, og ei djup renne nordvest for denne holmen. Bunden form av → *djup*.

**Djubålen** (*Djup-*) /"ju:bå:d,l/ 146 19:D3. Djup renne ut frå Vikviga der ein gjekk ut og inn med losbåten. Inneheld det samansette ordet *djupål* m. 'renne i elvebotn eller sund'.

**djup** n., gno. *djúp* n., er nytta om djupe renner på sjøbotnen, → *Djubet* /'ju:be/, *Longedjubet* /"långeju:be/ (fiskeplass for lange, uttala /"långa/ i dialekten).

**dokk** m., jf. *dokk* f. 'hamnebasseng' (i slekt med nederlandsk *dok*, lågtysk *docke*, engelsk *dock*), er i eit par namn frå Randaberg nytta om hamnebasseng i stranda der båten ligg; → *Egredokken*, *Vestre dokken*.

**Dolhamrane** /"do:lhamrane/ 324 9:H5. Fjellknattar innanfor Solasanden. Etterleddet er → *hammar* m. 'fjell(knatte)' og føreleddet vel gno. *dul* f. 'døljing, skjuling', jf. òg *duld* f. 'gøymestad', som siktar til holer i berget.

**Doneviga** (*-vika*) /"do:nevi:Gå/ 736 5:G2, 286 6:C4. Vikar på Nordra Sunde (nordsida av Hafrsfjordkjeften) og Myklabost (Tananger) (Fig. 40). Etterleddet er → *vik* og føreleddet *dun* 'dønn, drønn' som siktar til lyden av bølgjeslaga mot land;→ *Dynneviga*.



Fig. 40. Doneviga (Tananger). Risbidskjeret og Kjerten bak. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 40. Doneviga (Tananger). Risbidskjeret and Kjerten in the back. Photo: Inge Særheim.*

**Dronninga** /"dråninjå/. Teigar på Meling, kalla *Stora* og *Litla Dronninga* /"litla "dråninjå/. Bunden form av ordet *dronning* f. Uviss namngjevingsgrunn.

**Dummen**, **Dummene**, → *Den dumme*.

**Dunkane** /"dongkane/ 707 27:D5. Søkk i terrenget opp frå stranda på Kvalbein, *Øvre* og *Nedre Dunken* /"ne:re 'donKen/. Namnet er laga til ordet *dunk* m. 'støyt, slag, dunk'.

**Dynbergskilen** /'dynbergsKi:len/ 233 36:B3. Lita vik i holmen Grynningen, også kalla *Dynekilen* /"dy:neKi:len/. Inneheld → *kil* m. ‘smal vik’ og eit samansett namn med orda → *berg* og *dønn* n. (gno. *dynr*) ‘drønn, brak’, som siktar til lyden av bølgjeslaga; → *Doneviga*. Namnet *Dynekilen* er truleg ein variant som er omlaga etter det likelydande namnet frå Bohuslän.

**Dynekilen** /"dy:neKi:len/ 110 36:B3; → *Dynbergskilen*.

**Dynneviga** (*-vika*) /"dynevi:Gå/ 523 3:B2. Nytta om to vikar på vestsida av Vistnestangen, *Stora* og *Litla Dynneviga* /"litla "dynevi:Gå/. Her finn ein òg *Dynnevigsodden* /"dynevigsåd,n/ og *Dynnevigsberga* /"dynevigsberjå/. *Dynneviga* er samansett av → *vik* og *dønn* n. (gno. *dynr*) ‘drønn, brak’, ev. verbet *dynja* ‘drønna, dundra’, som siktar til lyden av bølgjeslaga.

**Dyraskjeret** /"dy:rasje:re/ 268 35:B4, 236 38:B5. Nytta om skjer ved Frøsholmane og i Skjergarden nord for Tjør. Samansett av → *skjer* og substantivet *dyr* n. Bakgrunnen er noko uviss. Kanskje har namnet samband med tabuførestillingar som er knytte til namnebruk på sjøen, t.d. ord som ikkje skulle nemnast på sjøen (→ *Habboen*, *Rongvershola*). Det er elles vanleg å finna dyrenemne i skjernamna (jf. kapittelet om kulturhistoriske opplysningar i namna).

**dys** f., gno. *dys* f. ‘steinrøys, liten gravhaug’, er nytta om gravhaugar i stranda, → *Dysjane* (fleirtalsform, Sele), → *Resadøsane* (Reve). Nemnet ligg føre i gardsnamnet *Dysjaland*, dessutan i mange namn på gravhaugar inne på land: *Døsa* /'dø:så/, *Dysjane*.

**Dysjane** /"dysjane/ 4 12:F5. Gravhaugar i stranda på Sele. Fleirtal av → *dys* f. ‘gravhaug’.

**Dørdi** /'dø:rdi/ 462 35:B4. Ein farleg grunne sørvest for Frøsholmane. Inneheld det engelske adjektivet *dirty* ‘skiten’, med negativt innhald. Dette kan reknast som eit slangnamn; → *Grimsby*.

**Døsa** /"dø:så/ 937 5:D2. Farleg grunne i sjømålet ved Fjørenesholmane (Jåsund), ved innseglinga i Hafrsfjord. Er laga til verbet *døsa*, som kanskje siktar til at grunnen ligg og døser (halvsøv) i vasskorpa, men brått kan vakna til liv.

# E

**Egerholmen** (*Eiger-*) /e:ger'hålmen, eiger-/ 355 36:C3. Holme utanfor Randaberg. Etterleddet er → *holme*, medan føreleddet vel er fuglenemnet *hegre* m., kalla *heigre* på Jæren. På Kvitsøy finst eit tilsvarande namn: *Egerholmen* /e:ger'hålmen/.

**Egra** (*Ekra*) /"e:grå, "æ:grå/ / 437 2:C2, 337 23:G3, 47 23:A3. Gardsbruk på Ytrabø, teigar på Nordvarhaug og Varhaug. Namnet finst som bruks- og teignamn mange stader på Jæren, bl.a. som bruksnamn på Viste. Bunden form av → *ekre* f. ‘eng, attlagd åker’.

**Egrebakken** (*Ekre-*) /"e:grebaKen/ 111 1:F1. Bakkete lende ved sjøen på Tunge. Samansett av → *bakke* og namnet *Egra*, → *ekre* f. ‘eng, attlagd åker’.

**Egredokken** (*Ekre-*) /"e:gredok,n/ 53 4:F2. Dokk (hamnebasseng) i strandkanten på Viste der båtar kunne liggja på flot. Samansett av → *dokk* i den nemnde tydinga og bruksnamnet *Egra*, → *ekre* f. ‘eng, attlagd åker’.

**Egremyra** (*Ekre-*) /"e:gremy:rå/ 662 5:C5. Myrlende sør for Veststø (Myklabost). Samansett av → *myr* og → *ekre* f. ‘eng, attlagd åker’.

**Eidskjeret** /'eisje:re/ 675 5:D2. Skjer ved Fjørenesholmane (Jåsund). Samansett av → *skjer* og *eid* n. ‘overferdsstad, stad der ein går’, som bl.a. er nytta om skar og tverrdalar mellom fjell og dalbygder. Det siktar her til eit djupt søkk mellom dei to toppane på skjeret. Skjeret er gjerne kalla → *Eistene* blant fiskarar.

**Eilefsbekken** /"eilefsbeKen/ 629 26:B3. Bekk på Hårr, også kalla → *Harabekken* og → *Torebekken* (lenger nede). Samansett av → *bekk* og mannsnamnet *Eilef*.

**Einarsanden** /"einarsanen/ 613 30:C5. Sandflate i botnen (inste enden) av Vågen i Sirevåg. Samansett av → *sand* og mannsnamnet *Einar*.

**Einarskia** /"einarsji:å/ 654 5:D2. Skjer i innseglinga til Hafrsfjord (Jåsund) (Fig. 41). Samansett av ordet *skie* f. 'stykke av kløyvd ved, fjøl', som siktar til at skjeret er langstrekt, og mannsnamnet *Einar*. Blant fiskarar blir skjeret òg kalla → *Einarskiden*.

**Einarskiden** (*-skiten*) /"einarsji:d,n/ 889 5:D2. Brukt av fiskarar som skjemtenamn på skjeret → *Einarskia* i innseglinga til Hafrsfjord (Jåsund). Ordet *skie* f. er her bytt ut med *skit* m., kanskje med bakgrunn i at skjeret ligg ulagleg til for båtferdsla i leia.

**Einarsvarden** /"einarsva:ren/ 798 3:C3. Høgd ved sjøen på Ytrabø. Samansett av → *varde* og mannsnamnet *Einar*. Sør for varden finn ein → *Einarsviga*.

**Einarsviga** (*-vika*) /"einarsvi:Gå/ 796 3:C4. Vik på Ytrabø i skiftet med Vistvik. Samansett av → *vik* og mannsnamnet *Einar*. Nordanfor vika finn ein → *Einarsvarden*.

**Eistene** /"eistene/ 461 5:D2. Skjer ved Fjørenesholmane (Jåsund), gjerne kalla → *Eidskjeret* av folk på garden. Nemnet *eiste* f. 'testikkelball' siktar til at skjeret har to runde toppar (kuler). Nemne for kjønnsorgan og midtpartiet av kroppen er ikkje uvanleg i skjergardsnamna; → *Raua*, *Kuntegrunnen*, dessutan *Piken* og *Bolleren*. *Eidskjeret* synest vera ein 'finare' variant av dette skjernamnet.

**Eivindshølen** /"eivinshø:d,l/ 7 21:F5. Høl i Hååna like før utmunninga i Vågen. Samansett av → *høl* m. 'hole i elv' og mannsnamnet *Eivind*.

**ekre** f., gno. *ekra* f., som er avleidd av ordet *åker* m., er nytta om 'eng, attlagd åker' i fleire namn på teigar; → *Egra*, *Skodegra*. Nemnet er òg vanleg i bruksnamn; → *Egra*.

**Ellingsbukta** /"edlingsbokte/ 45 31:D3. Lita vik i Kinnarvåg. Samansett av → *bukt* f. 'vik' og mannsnamnet *Elling*.

**Elling si strond** /"eling si 'strån/ 466 21:F4. Strandeigedom (→ *strond*) på Nærland som er namngjeven etter brukaren, *Elling*.

**ende** m., gno. *endi* m., er nytta om endepunktet av lokalitetar; → *Gardsenden* (fleire stader), *Sandsenden* (Kvalbein, Hodne), *Store enden* /"sto:re "e:en/ (nes på Grynningen), *Nørdre* og *Søre Steinenden* /"sø:re "steinæ:en/ (Feisteinen), *Nordre* og *Søre enden på Sakrishausen*.

**Endrestø** /"endrestø:/ 755 4:B3. Båtplass på Goa. Samansett av → *stø* f. 'båtstø' og mannsnamnet *Endre*. Fleire sekundærnamn i området inneheld dette namnet: *Endrestøbukta* /"endrestøboktå/, *Endrestøhola* /"endrestøhå:lå/ og *Endrestøodden* /"endrestøåd,n/, jf. òg *Litla Endrestørudla* /"litla "endrestørodlå/.

**Engjaviga** (*-vika*) /"enjavi:Ge/ 500 32:F5. Vik i Holmane. Samansett av → *vik* og truleg *eng* 'grasmark' (til vanleg kalla *kjelve* i jærmålet). Like ved finn ein *Engjavigsholmen* /"enjavigshålmen/ og *Engjavigsodden* /"enjavigsåd,n/.

**Enok si strond** /'e:nåk si 'strån/ 465 21:F4. Strandeigedom på Nærland som er namngjeven etter brukaren, *Enok*; → *strond*.

**Epleholet** /"eplehå:le/ 70 22:E2. Liten jordkjellar som ligg på sandbrekka opp frå sjøen (Sørreime). Samansett av → *hol* n. og ordet *eple* n., som er det vanlege ordet i tradisjonelt jærmål for 'poteter, jordeple'. Real bakgrunn for namnet er lagring av jordeple (poteter).

**Ersvig** /'ersvi:g/ 431 10:C3. Lita vik på Ølberg (Fig. 41). Etterleddet er → *vik*. Føreleddet blir lokalt oppfatta som fuglenemnet *ær* f. 'ærfugl', noko som høver realt. Samansetjing med *s*-fuge kunne tyda på eit anna opphav, t.d. mannsnamnet *Eirik*, ev. *ær* n. 'arr'. Det finst



Fig. 41. Ersvig (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 41. Ersvig (Ølberg). Photo: Inge Særheim.*

døme på *s*-samansetjing også ved hokjønnsord, så tolkinga til fuglenemnet kan synast rimeleg. Like utanfor vika finn ein grunnen *Ersvigtorva* /'ersvigtårvå/.

**Evertfjellet** /'e:vertfjedle/ 91 32:F4. Fjell ved sjøen i Holmane. Samansett av → *fjell* og mannsnamnet *Evert*.

# F

**Faksaskjeret** /"faksasje:re/ 350 37:B5. Skjer sørvest for Håstein, også kalla → *Faksen* og *Håsteinsfaksen* /"håsteisfaksen/. Inneheld → *skjer* og skjernemnet → **fakse*, som siktar til at skumspruten står høgt til vêrs når havbølgjene bryt. Like ved finn ein *Faksagrunnen* /"faksagro:en/.

***fakse** m., jf. gno. *faxi* m. 'hest (med faks)' ligg føre i tre namn på skjer ytst i havet der bølgjene bryt jamt; → *Fakse(n)*, *Faksaskjeret*, den sistnemnde også kalla *Faksen* og *Håsteinsfaksen*. Namnet *Faksen* finn ein òg (tre stader) i sjøen vest for Karmøy (Uppstad 1993:111). Liknande ordbruk finn ein på Shetland, jf. shetlandsk *faks(in)* 'lange og skarpryggja bølgjer med skummande toppar', dessutan på Island, t.d. fjordnamnet *Faxaflói*. Stadene har namn etter den kvite skumskavlen ved bølgjebrota, jf. *faks* n. 'hesteman', jf. òg Garborgs skildring av havbølgjene i opningskapittelet i romanen *Fred*: "køyrande sine fakskvite Brimhestar fram or Havskodda, so Skumskavlen stend". Litt.: Garborg 1892:5, Jakobsen 1928:153.

**Fakse(n)** /"fakse(n)/ 99 33:B6, 392 38:B7, 194 37:B5. Skjer ved Håstein (også kalla *Faksaskjeret* og *Håsteinsfaksen*), Tjør (*Ytre Faksen*) og Skodene (*Indre Faksen*). Ved Ytre Faksen finn ein elles *Faksagrunnane* /"faksagronane/. Inneheld → **fakse* m., som siktar til at skumspruten står høgt til vêrs når havbårene bryt mot desse skjera.

**Falkhaug** /"falkhau/ 612 27:D5. Haug opp frå stranda i grensa mellom Kvassheim og Kvalbein (Fig. 42). Samansett av → *haug* og fuglenemnet *falk* m. med bakgrunn i fangst av falkar. Denne verksemda er omtala frå Jæren i inntektsrekneskapen for Bergen kongsgard vinteren 1520–21, men går etter alt å døma attende til mellomalderen. Ei falkelege (dvs. ein fangststad for falk) på Kvalbein er omtala i eldre dokument; → *Leiet*.



Fig. 42. Falkhaug (Kvassheim/Kvalbein). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 42. Falkhaug (Kvassheim/Kvalbein). Photo: Inge Særheim.*

**Fantabryggja** /"fantabryGå/ 205 1:E3. Bryggje på Sande. Like ved ligg → *Fantastøna*. Samansett av → *bryggje* og personnemnet *fant* m. med bakgrunn i at reisande (fantar) har lagt til her med båtar.

**Fantastøna** (*-støa*) /"fantastø:nå/ 511 1:E3. Båtstø på Sande, ved → *Fantabryggja*. Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og personnemnet *fant* med bakgrunn i at reisande (fantar) har nytta denne båtstøa.

**Farmorviga** (*-vika*) /'farmorvi:Gå/ 501 1:E6. Lita vik på Tunge, på austsida av Tungeneset. Etterleddet er → *vik* og føreleddet personnemnninga *farmor* m. Bakgrunnen er uviss, kanskje siktar namnet til sanking av rekved; → *Petroviga*.

**Feda** (*Feta*) /'fe:då/ 3 23:B5, 11 23:G3. Teigar opp frå stranda på Varhaug og Nordvarhaug. Bunden form av → *fet* (*fed*) f. 'grasrik eng (ved vatn)'

**Feisteinen** /'feisteid,n/ 1 13:A4. Holme med fyrstasjon (*Feisteins fyr*) i Klepp, utanfor Sele, lokalt ofte berre kalla → *Steinen* /'steid,n/ (Fig. 43). Etterleddet er → *stein*, her nytta om holme (lita øy); → *Alstein*, *Håstein*. Føreleddet svarar truleg til øynamnet *Fedje* /"feie/, gno. *Feðjar*, frå Nordhordland. Det kan setjast saman med gotisk *faþa* f. 'gjerde'. Realt siktar det truleg til at Feisteinen ligg i ei rekkje (ei rett line) av skjer

og grunnar, ev. til fiskestengsel. At føreleddet *Fei-* skal ha språkleg og realt samband med elvenamnet *Figgjo*, som føreslått i NG, er ikkje rimeleg. Litt.: NG 10:137, Særheim 1978:65 f., 2007:59 f.



Fig. 43. Feisteinen (Klepp). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 43. Feisteinen (Klepp). Photo: Inge Særheim.*

**Feret** /'fæ:re/ 954 13:A4. Skjer (ved Feisteinen) som det går ei djup rive gjennom. Namnet er laga til *ferd* f. 'spor', som i jærmålet bl.a. er nytta om 'rekke, omgang' (i strikking: "ei fær mæ måska") og 'einskildlag, spadedjupn' (ved skjering av torv: "ei fær mæ tårv").

**Festningen** /"festninjen/ 630 30:B4. Eit platå i Sirevåg som ein skal ha forsvara seg frå. Bunden form av ordet *festning* m.

**fet** (*fed*) f., gno. *fit* f. 'flat eng (ved vatn)', ligg føre i teignamn frå strandområda, gjerne nytta om grasrik eng ved vatn: → *Feda* /'fe:då/, *Fidjane* /"fiGane/ (fleirtal), *Presthusfeda* (Varhaug).

**Fidjane** /"fiGane/ 23 24:D3. Teig opp frå sjøen på Husvegg. Like ved ligg *Fidjahagen* /"fiGa-haien/. Fleirtal av → *fet* (*fed*) 'grasrik eng (ved vatn)'.

**Figgjo** /'fiGo/ 19 14:F3. Elv som munnar ut på Sele og Bore. Bunden form av gno. **Figg* f. (< *Figgjō* < **Fijjō*), som er laga til rota i gno. *feitr* adj. 'feit' og *fit* f. 'flat eng (ved vatn)' (→ *fet*). Grunntydinga i rota er 'svulma'. For elvenamnet høver ei tyding 'storelva'. Eit tilsvarande elvenamn er *Figgja* i Nord-Trøndelag (Sparbu). Sandstranda der elva munnar ut på Bore og Sele, heiter frå gammalt *Figgjasanden* /"fiGasa:en/ (< gno. **Figgjar-*). Elvenamnet er føreledd i gardsnamnet *Figgve* (Sandnes), som er eit *vin*-namn (→ *Reime*) . Litt.: NG 10:169, Særheim 1978:86, 2007:61.

**Finnshøyen** /'finshåyen/ 403 24:C2. Haug (gravhaug) på toppen av strandbakken på Husvegg. Samansett av mannsnamnet *Finn* og → *haug* i bunden form *høyen*, som er vanleg bøyingsform på Sør-Jæren.

**Firkanta steinen** /"firkanta 'steid,n/ 322 23:F3, 865 26:F1. Firkanta steinar i stranda på Nordvarhaug og Hårr, også kalla → *Den firkanta*. Inneheld → *stein* og adjektivet *firkanta*.

**Fiskasteinen** /"fiskasteid,n/ 319 2:C2, 550 2:C6. Steinar i sjøen på Ytrabø. Samansett av → *stein* og verbet *fiska* (ev. substantivet *fisk* m.) med bakgrunn i at dette er fiskestader.

**fjell** n., gno. *fjall* n., ligg føre i noko over 30 namn på bergknattar i stranda, t.d. → *Håfjellet* /'hå:fjedle/, *Ramnafjellet* /"rabnafjedle/.

**fjord** m., gno. *fjǫrðr* m., som er i slekt med verbet *fara*, ligg føre i namn som → *Hafrsfjord*, *Håsteinsfjorden* og *Rottsfjorden* (ofte berre kalla → *Fjorden*), dei to sistnemnde nytta om sjøstykke og farlei mellom holmar (og mellom holmar og land).

**Fjordboen** /"fjo:rbo:en/ 424 34:C4. Båe på innsida av Fladholmen. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og → *fjord*, som her er nytta om sjøstykke og farlei mellom holmar (og fastlandet).

**Fjorden** /'fjo:ren/ 962 33:C7, 39. Nytta om sjøstykket og skipsleia mellom fastlandet og øya Rott (og nokre holmar), også kalla *Rottsfjorden* /'råtsfjo:ren/. Bunden form av → *fjord*.

**Fjøløygrunnen** /"fjø:løygro:en/ 415 36:C4. Grunne innanfor Rottfladholmen. Etterleddet er → *grunne*, medan føreleddet er namnet på øya *Fjøløy(na)* (Rennesøy), som er méd for grunnen.

**Fjøreneset** /"fjø:rene:se/ 653 5:E3. Nytta om området mellom Hafrsfjord og sjøen (Rottsfjorden), som òg gjerne omfattar Tanangerhalvøya. *Fjørenesholmane* /"fjø:reneshålmane/ (*Store* og *Litle Fjørenesholmen*) ligg nordvest i dette området. Samansett av → *nes* og → *fjord*. Det



Fig. 44. Fladholmen med fyrstasjon. Staholmen til høgre. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 44. Fladholmen with the light house. Staholmen to the right. Photo: Inge Særheim.*

sistnemnde har same forma i grunnenamnet → *Midtfjøra* frå Rottsfjorden. Lydutviklinga /o/ > /ø/ skuldast førestilt *j*.

**Fladaberget** (*Flata-*) /"fla:daberje/ 92 3:C4, 617 11:A4. Flatt fjell nær sjøen i Vistvik og på Ølberg (Ølbergneset). Samansett av → *berg* og adjektivet *flat*.

**Flada fjellet** (*Flata -*) /"fla:da 'fjedle/ 49 31:B2. Flatt berg nær sjøen i Haver. Inneheld → *fjell* og adjektivet *flat*.

**Flada hella** (*Flata -*) /"fla:da "hedlå/ 456 21:E5, 496 26:B4. Flat stein i Øyrviga (Kvassheim) og i Vågen der Hååna renn ut i sjøen. Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og adjektivet *flat*.

**Fladaskjer** (*Flata-*) /"fla:dasje:r/ 274 36:C4, **Fladaskjeret** (*Flata-*) /"fla:dasje:re/ 940 5:D2, **Flade skjera** (*Flate -*) /"fla:de 'sjæ:rå/ 155 32:F4 (*Indra* og *Ytra Fladaskjeret*). Flate skjer ved Rottfladholmen (*Fladaskjer*), Fjørenesholmane (*Fladaskjeret*) og i Holmane (*Flade skjera*). Samansett av → *skjer* og adjektivet *flat*.

**Fladboen** (*Flat-*) /"fla:dbo:en/ 101 33:B6, **Fladeboen** (*Flate-*) /"fla:debo:en/ 108 36:B3. Båe ved Skodene (*Fladboen*) og Grynningen (*Fladeboen*). Samansett av → *boe* 'grunne under sjømålet, båe' og adjektivet *flat*.

**Flade odden** (*Flate -*) /"fla:de "åd,n/ 809 30:B4, 419 32:A4. Flate nes i Sirevåg og Kalvshagen. Samansett av → *odde* m. 'nes, odde' og adjektivet *flat*.

**Fladhaug** (*Flat-*) /"fla:dhau/ 603 26:C4, **Fladhøyen** (*Flat-*) /"fla:dhåyen/ 20 24:C3. Flat haug nær stranda på Kvassheim (*Fladhaug*) og Husvegg (*Fladhøyen*). Føreleddet er adjektivet *flat*, medan etterleddet er → *haug*, for namnet frå Husvegg i den forma som er vanleg i bunden form på Sør-Jæren.

**Fladholmen** (*Flat-*) /"fla:dhålmen/ 137 34:C4, 125 36:C4. Flate holmar utanfor Tjora (med fyrstasjon) (Fig. 44) og nord for Rott (*Rottfladholmen*). Samansett av → *holme* m. 'lita øy, holme' og adjektivet *flat*. Av sekundærnamn kan nemnast *Fladholmsflæet* /"fla:dhålmsfle:e/, *Fladholmsfyren*

/"fla:dhålmsfy:ren/, *Fladholmsgrunnen* /"fla:dhålmsgro:en/, *Fladholmsreia* /"fla:dhålmsreiå/, *Fladholmstorva* /"fla:dhålmstårvå/, *Fladholmsboen* /"fla:dhålmsbo:en/ og *Fladholmsfluna* /"fla:dhålmsflu:nå/, dessutan *Søra Fladholmsfluna* /"sø:ra "fla:dhålmsflu:nå/, dei tre sistnemnde ved Rottfladholmen.

**Fladhøyen** (*Flat-*), → *Fladhaug*.

**Fladura** (*Flat-*) /"fla:du:rå/ 8 24:C3. Ur i stranda (like i sjøkanten) på Husvegg. Samansett av → *ur* f. 'steinsamling, ur' og adjektivet *flat*.

**Flagen** (*Flaken*) /"fla:Gen/ 399 35:B5. Grunne ved Rott, ein av Rottshausane. Laga til → *flake*, som er svak form av → *flak*, av ei rot som tyder 'flat'.

**flak** n., jf. gno. *-flak* n. 'lausrive stykke', av ei rot som tyder 'flat', ligg føre i → *Matlauflaget* /"matlaufla:Ge/, ein taregrunne i Solaviga.

**flake** m., som er svak form av → *flak*, av ei rot som tyder 'flat', førekjem i → *Flagen* /"fla:Gen/, ein av grunnane i Rottshausane.

**flakk** n., som er skyldt → *flak*, av ei rot som tyder 'flat', er nytta om eit noko høgtliggjande kulturbeite i Vatnamo: → *Flakket* /'flaKe/. Dette nemnet ligg føre i namn på grunnar på Utsira.

**Flakket** /'flaKe/ 214 32:B4. Høgtliggjande kulturbeite i Vatnamo. Laga til → *flakk*, som er skyldt → *flak*, av ei rot som tyder 'flat'.

**flekk** m., jf. gno. *flekkr* m., er i fire namn nytta om tareflekkar på sjøbotnen: → *Flekkane*, *Taraflekkane*.

**Flekkane** /"flekane/ 57 15:D2, 44 18:x3, 248 35:B4. Fiskeplassar utanfor Hodne (i Honnsviga), Orre og ved Frøsholmane. Inneheld → *flekk*, som i slike namn siktar til tareflekkar på sandbotn.

**Flenningen** /"fleninjen/ 151 34:C4. Skjer utanfor Tjora, mellom Hestholmen og Staholmen, også uttala /"fleminjen/. Truleg *ing*-avleiing til *flein* adj. 'snau, berr', jf. òg *flein* m. 'snau flekk, utvokster, knute'. Nord for dette skjeret ligg *Flenningskjeret* /"fleningsje:re/.

**Fleskaryggen** /"fleskaryGen/ 127 3:D3. Skjer utanfor Raustein. Laga til det samansette *fleskerygg* m., som her er ei omskriving for 'gris', jf. dei vanlege skjernamna → *Galten* og *Sugga*, gjerne nytta om skjer som er særs farlege for båtferdsla, og kanskje knytt til tabuførestillingar.

**Floda** (*Flota*) / 'flå:då/ 10 23:G3, 13 23:G3, 603 26:A2, 507 26:G1. Åkerteigar nær stranda på Nordvarhaug og Hårr. Bunden form av → *flot* f. '(flat) teig', som heng saman med adjektivet *flat*.

**floe** m., gno. *flói* m., av same rota som → *flu*, er nytta om grunn vassamling i sjøkanten eller litt inne på land: → *Floen*, *Harafloen*, *Smedafloen*.

**Floen** /"flo:en/ 213 7:D5, 491 26:B4, 6 38:B7. Små grunne vassamlingar i stranda på Nordra Kolnes, Kvassheim (ved utlaupet av Kvassheimsåna) og Storetjør (inst i ei smal vik). Bunden form av → *floe*.

**Floskjeret** /"flo:sjæ:re/ 2 13:A4, **Floskjera** /"flo:sjæ:rå/ 85 21:F6, 634 29:A5. Skjer som ligg i (eller litt over) flomålet ved Feisteinen (*Floskjeret*) og på Hå (ved Vågen) og Ogna (utanfor Vågane). På Hå skil ein mellom *Indra* og *Ytra Floskjeret* /"ytra "flo:sjæ:re/. Samansett av → *skjer* og *flo(d)* f. 'høgvatn, når sjøen stig eller er på det høgaste'. Fiskeplassane *Floskjerkastet* /"flo:sjerkaste/ og *Floskjerreget* /"flo:sjeræ:Ge/ er namngjevne i høve til *Floskjeret* (ved Feisteinen), medan *Floskjersteinen* /"flo:sjersteid,n/ har namn etter *Floskjera* ved Hå.

**Flossa** /"flåså/ 564 29:C5. Lita grunn vassamling på Ogna (Fig. 45). Namnet heng språkleg saman med ord som *flyta* vb. og *flot* n. 'noko som flyt (oppå)'. Same namnet er nytta om fleire liknande lokalitetar i søre delen av Hå.

**Flosteinane** /"flo:steinane/ 691 23:F3. Steinar i sjøen utanfor Nordvarhaug. Ein skil mellom *Søre* og *Nørdre Flosteinane* /"nø:re "flo:steinane/. Samansett av → *stein* og *flo(d)* f. 'høgvatn, når sjøen stig eller er på det høgaste'; → *Floskjeret*.

**flot** (*flod*) f., gno. *flǫt* f., av same rota som



Fig. 45. Flossa med Tuberget i bakgrunnen (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 45. Flossa with Tuberget in the back (Ogna). Photo: Inge Særheim.*

adjektivet *flat*, er nytta om åkerteigar, gjerne om åkrar like ved gardshusa: → *Floda* /'flå:då/.

**flu** f., gno. *flúð* f., som er skyldt *flo* og *flaum*, av ei rot med tyding 'flyta, fløda', ligg føre i nær på 110 namn på grunnar under sjømålet. På Sør-Jæren ligg fluene oftast like under sjømålet (i dette området finn ein ikkje nemnet → *boe*), medan djupleiken varierer meir nord for Skeie, jf. Håbofluna på 17 m og Grynningsfluna like under sjømålet. Usamansett form, → *Fluna* /'flu:nå, 'flu:ne/ og → *Fluene*, er notert ca. 10 gonger. Av dei samansette er godt og vel halvparten sekundærnamn. Vel 20 har presiserande ledd. Skjernamnet → *Flye* er i slekt med *flu*.

**Fluene** /"flu.ene/ 357 23:G5, 422 36:C3. Namnet er nytta om ei rekkje med grunnar nord for Kjerten (frå Kjerten til Tvihaugfluene) og om nokre grunnar utanfor Varhaug. Bunden form fleirtal av → *flu* f. 'grunne under sjømålet'.

**Fluna** (*Flua*) /'flu:nå, 'flu:ne/ 836 9:E3, 309 10:B1, 9 13:D6, 893 16:F1, 195 30:B4, 254 35:B5. Grunnar utanfor Kolnes (*Kolnesfluna*), Ølberg (*Djubafluna*), Sele (*Silsflu*, *Selefluna*), Reve (*Pigfluna*), Sirevåg og vest for Rott (i Rottshausane). Bunden form av → *flu* 'grunne under sjømålet'. I fleire høve dreiar det seg her om ein usamansett namnevariant som vert nytta på garden (i grenda), medan folk utanfor nyttar samansett namn, *Silsflu* (*Selefluna*), *Kolnesfluna* o.a. Ved Ognaholmen finn ein *Fluna innani Holmen* /'flu:ne "inani "hålmen/ og *Fluna med Holmen* /'flu:ne me "hålmen/.

**Flye** (ev. *Flyet*) /"fly:e/ 922 37:B5. Lite skjer i eit grunnebelte sør for Håstein (sør for Kvernholmen). Namnet synest vera avleidd av → *flu* f. 'grunne under sjømålet', gno. **Flýði* n.

**flæe** n., jf. gno. *flá* f. 'lita flate', ligg føre i → *Flæet*, nytta om ein slak sandgrunne ytst i Revet (Reve), og om ein flat grunne vest for Fladholmen (*Fladholmsflæet*). Også den sterke forma *flæ* blir nytta om langstrekte grunnar, dessutan om opne havstykke mellom holmar (Kvitsøy, Karmøy).

**Flæet** /'fle:e, "flæ:e/ 175 17:E2, 308 34:C4. Namnet er brukt om ein flat grunne vest for Fladholmen (*Fladholmsflæet*) og om ein slak sandgrunne ytst i Revet (på Reve). Bunden form av → *flæe*, som er skyldt gno. *flá* f. 'lita flate'.

**Fløyen** /'fløyen/ 423 32:A4. Fjell i Kalvshagen. Her stod det tidlegare ein vindfløy (vimpel, vêrhane). Bunden form av *fløy* m.; → *Fløyfjellet*.

**Fløyfjellet** /'fløyfjedle/ 2 31:D2. Fjell med vindfløy i Stølen. Samansett av → *fjell* og *fløy* m.; → *Fløyen*.

**Foden** (*Foten*) /'fo:d,n/ 265 11:A1. Teig nær sjøen i Vigdel. Teigen er jamført med forma til ein *fot*.

**Fokka** /"fåkå/ 405 16:A3, 612 30:B4. Teigar på Reve og ved Sirevåg (Ogna). Teigane er trekanta og har form som seglet *fokke*.

**Folkvorgrunnen**, → *Folkvorskjeret*.

**Folkvorskjeret** /"fålkvårsje:re/ 118 38:B7. Skjer sør for Hengsøyna (Tjør). Etterleddet er → *skjer* og føreleddet namnet *Folkvor*, som er gardsnamn i Sandnes, men her vel med bakgrunn i det likelydande etternamnet. Ved dette skjeret finn ein òg *Søre* og *Nordre Folkvorgrunnen* /"no:re "fålkvårgro:en/.

**for(d)** m. er nytta om blaut- og myrlendt mark, gjerne med vatn (vassføring), og ofte med ein sti eller veg som kryssar: → *Foren*, jf. òg → *Tråneforbekken* (Fig. 46). Ordet er i slekt med verbet *fara* og svarar til engelsk *ford* 'vad' (jf. *Oxford*, *Ford*), tysk *furt* (jf. *Frankfurt*, *Ochsenfurt*) og nederlandsk *voorde* (jf. *Voort*, *Voortje*).



Fig. 46. Tråneforbekken (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 46. Tråneforbekken (Ogna). Photo: Inge Særheim.*



**Foren** /'fo:ren/ 81 32:F3. Lita vassamling i våtlende i Holmane. Bunden form av → *for(d)* m. 'blaut- og myrlende med vatn (vassføring)'.

**Fortunholmen** /får'tu:nhålmen/ 449 32:E4. Holme i Holmane. Etterleddet er → *holme*. Føreleddet er skipsnamnet *Fortuna*, etter eit skip som gjekk på holmen og forliste.

**Fransen** /'fransen/ 88 14:E6. Stein i sjøen på Sele (utanfor Lyratangen). Namnet er òg nytta om ein steinhaug ved sjøen som grunnen er méda frå. Namnet inneheld truleg mannsnamnet *Frans*.

**Fristelsen** /"fristelsen/ 6 24:E5. Teig ved sjøen på Årsland. Her var det tidlegare svært mykje stein og teigen var tung å dyrka, noko namnet òg siktar til.

**Frydenlund** /'fry:denlun/ 141 6:D4. Stad ved hamna i Tananger, der det var planta tre, bl.a. nytta som danseplass av vaksne og leikeplass av born. Under sildefisket samla fiskarane seg her. Namnet er laga til eit sjablongprega uttrykk (namn) med orda → *lund* og *fryd*.

**Frøsboen** 273 35:C4, → *Frøsholmane*.

**Frøsholmane** /'frø:shålmane/ 726 35:B4. To holmar nordvest for Rott, *Nordre* og *Søre Frøsholmen* /"sø:re 'frø:shålmen/. Etterleddet er → *holme*, medan føreleddet er verbet *frøsa* 'strøyma sterkt (med brusande lyd)', som siktar til sug i sjøen. Sundet mellom holmane heiter → *Straumsundet*. Her ligg → *Straumskjera*. Aust for den søre holmen ligg *Frøsboen* /'frø:sbo:en/, med same føreleddet og med etterleddet → *boe*. Sjøstykket mellom Frøsholmane og Buøyna vert kalla *Frøsholmsosen* /'frø:shålmso:sen/ (og *Buøysosen*).

**Fuglaberget** /"foglaberje/ 390 38:B7. Berg på Hengsøyna (Tjør). Samansett av → *berg* og *fugl* m. med bakgrunn i at det held til mykje fuglar her.

**Fuglatangen** /"foglatanjen/ 139 3:C1. Tange på Vistnes. Samansett av → *tange* og *fugl* m. med bakgrunn i at det er mykje fuglar her.

**Fuglaviga** (-*vika*) /"foglavi:Gå/ 256 21:F2, 506 27:C5. Vik på Hå og i skiftet mellom Kvassheim og Kvalbein. På Hå skil ein mellom *Søra* og *Nordra Fuglaviga* /"nø:ra "foglavi:Gå/. Samansett av → *vik* og *fugl* m., som siktar til at det held til mykje fuglar i vikane.

**Fuglestadåna** (-*åa*) /"fåglestå:nå/  545 28:B1. Vassføring som renn ut i sjøen ved Brusand, kalla → *Renna* /"renå/ like før ho renn ut i sjøen. Samansett av → *å* f. 'elv' og gardsnamnet *Fuglestad*. Litt.: Særheim 2007:71.

**Fuglingane** 299 15:E3, → *Fuglingen*.

**Fuglingen** /"foglinjen/, også kalla **Fyglingen** /"fyglinjen/, som truleg er ei eldre form, 108 15:E3. To holmar på Hodne, *Store* og *Litle Fuglingen/Fyglingen* /"litle -/, til saman kalla *Fuglingane* /"foglingane/ (*Fyglingane* /"fyglingane/). Området blir kalla *med Fuglingen* (-*ane*). Avleidd med *ing*-suffiks til ordet *fugl* med bakgrunn i at det held til mykje fuglar i området. Her finn ein òg *Fuglingskjeret* (*Fygling*-) /"foglingsjæ:re/ (/"fygling-/).

**Fylja** /"fyljå/ 342 35:B4. Berg på nordvestspissen av Nordre Frøsholmen, også kalla *Fyljeberget* /"fyljeberje/. Namnet synest vera bunden form av *fylje* f. 'hoføl, fylje', mindre truleg er verbet *fylgja*. Namnet kan sikta til at berget heng saman (og høyrer saman) med den større holmen, svarande til namnet *Kalven* o.l. Elles skulle ord for 'hest' etter gammal tru ikkje nemnast medan ein var på sjøen; → *galt*.

**Fyljeberget** 398 35:B4, → *Fylja*.

**fyr** m., gno. *fýrr* m. 'eld, fyr', er nytta om stader der det er eller har vore fyrstasjon og fyrlykt: → *Fyren*, *Feisteinsfyren*, *Obrestadfyren*.

**Fyren** /'fy:ren/ 165 3:C3, 994 13:A4, 992 34:C4. Nytta om fyrlykt og fyrstasjon, bl.a. på Vistnes, Fladholmen, Feisteinen, Obrestad og Kvassheim. Bunden form av → *fyr*. Sekundære lagingar er: *Fyrnaustret* /'fy:rnaustre/ (Hå), *Fyrodden* /"fy:råd,n/ og *Fyrtangen* /"fy:rtanjen/, dei to sistnemnde frå Vistnes.

**Fyr i fyr** /'fy:r i 'fy:r/ 10 20:D3. Fiskeplass utanfor Nærland, méda frå Obrestadfyren og fyrlykta på Håtangen. Inneheld → *fyr*.

**Følaviga** (*-vika*) /"fø:lavi:Ge/ 137 31:D3. Vik i Holmane. Samansett av → *vik* og husdyrnemnet *føl* n., vel med bakgrunn i beite; → *Følhuset*.

**Følhusberget** /"fø:l(h)usberje/ 414 10:D3, → *Følhuset*.

**Følhuset** /"fø:lhu:se/ 26 24:C2. Stad i stranda på Husvegg, i skiftet med Varhaug. Namnet er laga til det samansette *følhus* n. 'hus for føl'. Like ovanfor finn ein *Følhushaugen* /"fø:lhushauen/. Same føreleddet finn ein i *Følhusberget* /"fø:l(h)usberje/ frå Ølberg.

**Fårleberget** /"få:(r)leberje/ 151 11:G2. Berg inn frå sjøen i Vigdel. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet er noko uvisst. Kanskje er det gno. *fårligr* adj. 'farleg, skadeleg', som siktar til at det her er bratt og farleg å ferdast, ev. til at det har skjedd ei ulukke her. I same området finn ein *Fårlebergsbrodet* /"få:(r)lebergsbrå:de/.

## G

**Gabet** (*Gapet*) /'ga:be/ 684 30:B4, 230 31:D2. Vågmunningar i Sirevåg og Kinnarvåg. Bunden form av → *gap*, nytta om munning av bl.a. våg og sund.

**Galgarinda** /"galgarinå/ 5 18:D3. Rygg på Orre (nær Reve) som det er knytt ei spesiell forteljing til (jf. kap. 3.6.3). På folkemunne blir det fortalt at mannskap som rak i land etter eit forlis, ikkje fekk hjelp av dei fastbuande fordi dei skal ha vore meir interesserte i lasta. Men dette skal ha kome for ein dag, noko som førte til at fire personar vart avretta ved henging på galgar som vart reiste. Ifølgje eit arkivdokument som vart funne for nokre få år sidan, var det to personar som vart hengde på denne staden i 1615, for dei hadde forsynt seg med varer frå eit skip som stranda vinteren 1613–1614. Namnet er samansett av → *rind* f. og *galge* m. Litt.: Seldal 1999.

**galt** m., gno. *gǫltr* m. 'galt, råne', er nytta om skjer, gjerne glattslipte og fint avrunda steinar, på Rott (→ *Galtane*), Hå, i Vigdel og ved Hugen (→ *Galten*), dessutan om eit flatt nes på Jåsund (→ *Galten*) og om ei avrunda høgd på Tunge (→ *Galten*). Ved den sistnemnde finn ein det farlege skjeret → *Galtasteinen*, også kalla *Tungegalten* og *Galten*. Fleire av stadene har form og utsjånad som liknar på ein griserygg, jf. → *Sugga* og *Fleskaryggen*, så forma synest ha spela inn ved namngjevinga. Også lyden ved stadene i dårleg vêr kan ha lege til grunn. Gjennomgåande dreiar det seg om farlege stader i båtleia. Førestillinga om noko uføreseieleg, som eit levande vesen midt i båtleia, kan ha medverka i den biletlege namngjevinga. Elles er *galt* eit ord for husdyr som ifølgje tidlegare førestillingar ikkje skulle nemnast medan ein var på sjøen, altså eit tabunemne, her nytta om farlege stader på sjøen; også det kan ha spela inn ved namngjevinga. Litt.: Hovda 1941, Særheim 2007:73.

**Galtane** /"galtane/ 205 8:D2. Skjer på Rott. Bunden form fleirtal av → *galt* m. 'galt, råne', nytta om avrunda glattslipte skjer; → *Galten*.

**Galtaryggen** /"galtaryGen/ 71 32:F5. Nes på Engjavigsholmen (Holmane). Dette er eit jamføringsnamn, laga til det samansette *galterygg* m.; → *galt*, *Fleskaryggen*.

**Galten** /'galt,n/ 520 1:G2, 686 5:F3, 142 11:A1, 161 21:F2, 216 37:B3. Namnet er nytta om skjer i Vigdel (Vigdelsviga), på Hå (Fuglaviga) og ved Hugen (nord for Håstein), og om eit nes på Jåsund og ytste delen av eit noko avrunda nes med ei høgd, også kalla *Galtahaugen* /"galtahauen/, på Tunge. I skipsleia like utanfor Galten på Tunge ligg det farlege skjeret *Galtasteinen* /"galtasteid,n/, også kalla *Tungegalten* /"tongegalt,n/ og *Galten* /'galt,n/, og her finn ein elles *Galtagrunnen* /"galtagro:en/ og *Galtaviga* /"galtavi:Gå/, alle samansette med namnet *Galten*, som primært synest sikta til den avrunda høgda på land. Ordet → *galt*, som er eit vanleg skjernemne i området, synest i fleire namn sikta til at stadene har ei langstrekt og fint avrunda form som liknar på ein griserygg. Nokre av skjera ligg farleg til i båtleia. Førestillinga om eit levande og uberekneleg dyr i leia kan ha spela inn. Elles er dette eit husdyrnemne som ikkje skulle nemnast på sjøen, altså eit tabuord, noko som òg kan ha spela inn. → *Galtane*, *Galtaryggen*, *Sugga*, *Fleskaryggen*.



Fig. 47. Gammalt foto (1930-åra) frå Sirevåg med Bådasanden (fremst) og Torskasteinen (nede til venstre). Pallebryggja og Andersberget til høgre. Foto: Fotosamlinga i Hå.
*Fig. 47. Old photo (1930s.) from Sirevåg with Bådasanden (front) and Torskasteinen (down to the left). Pallebryggja and Andersberget to the right. Photo: Fotosamlinga i Hå.*

**Gangsteinane** /"gangsteinane/ 3 21:G5 (*med G.*), 436 24:E5, 179 26:B4. Steinar ved munningen av Hååna (*med G.*), i Årslandsåna og Kvassheimsåna. Etterleddet er → *stein*. Føreleddet siktar til at ein kan gå på steinane for å kryssa åa.

**Gangvaren** /"gangva:ren/ 483 34:C5. Skjer utanfor Nordra-Kolnes, også kalla *Gangvarskjeret* /"gangvarsje:re/. Namnet synest innehalda *gangvad* n. 'fiskeline til fangst av kveite', vel med *r*-innskot, jf. uttalen /"yksnava:r/ av *Øksnavad*. *Gangvaren* er truleg ei elliptisk (forkorta) form.

**gap** n., gno. *gap* n., er nytta om munning av vikar, vågar og sund på Sør-Jæren i grenseområdet mot Dalane, jf. → *Gabet* (Sirevåg) (Fig. 47), *Kinnarvåggabet*, *Repsebergviggabet* (Sirevåg) og *Hellesundsgabet* (Haver).

**gard** m., gno. *garðr* m., er nytta på fleire måtar i namnetilfanget, bl.a. om opplødde steingjerde på land, → *Skiptesgarden* (Husvegg), *Smalagarden* (Tjora), *Nesgard* (Kolnes), jf. òg → *Gardsenden*, som fleire stader er brukt om enden av eit gjerde, svarande til gno. *garðsendi* m. 'enden av eit gjerde'. Nokre stader (bl.a. Varhaug, Hårr, Kvalbein) er → *Garden* nytta om (naturlege) steinrekkjer på sjøbotnen. I → *Skjergarden* er ordet brukt om ei rekkje av holmar, skjer og grunnar nord for Tjør, jf. *Øygarden* frå Nordhordland. Elles er *Gardane* og *Gardsenden* nytta om store fiskeplassar der ein pla fiska på rek ytst på grunneplatået vest for Reve, Orre og Vik. Her kan nemnet sikta til steinrekkjer på sjøbotnen, ev. til heile grunneplatået.

**Gardane** /"ga:rane/ 32 39. Fiskeplass der ein pla fiska på rek ytst på grunneplatået vest for Vik og Orre. Nordanfor (utanfor Reve) finn ein → *Gardsenden* /"ga:rsæ:en/. Bunden form fleirtal av → *gard*, som kanskje siktar til steinrekkjer på sjøbotnen, ev. til heile grunneplatået.

**Garden** /'ga:ren/ 303 23:F3, 19 24:C3, 461 25:F4 (*G. i tjørna* /i 'Kødnå/), 566 27:D3, 139 31:D3. Nytta om naturlege steinrekkjer i sjøen (på sjøbotnen), gjerne nær land, på Nordvarhaug, Husvegg, Hårr, Kvalbein og i Holmane. Bunden form av → *gard*.

**Gardsenden** /"ga:rse:en, -æ:en/ 327 3:D3, 790 3:B1, 799 8:C3, 20 39. Nytta om endepunktet av eit sauegjerde ved sjøen på Rott, om enden av eit steingjerde på Vistnes, om det ytste (vestre) punktet på same garden (med *Gardsendodden* /"ga:rsenåd,n/ og *Indra* og *Ytra Gardsendviga* /"ytra "ga:rsenvi:Gå/), dessutan om ein stor

fiskeplass langt vest i havet utanfor Reve der ein pla fiska på rek. Det samansette ordet tyder ‘enden av eit (stein)gjerde’, som gno. *garðsendi* m., ei tyding som ligg føre på Vistnes og Rott. Om namnet frå sjøen, jf. → *gard* og *Gardane*.

**gate** f., gno. *gata* f. ‘gate, veg’, ligg føre i *Skibmannsgada* og → *Vaskehusgada* (båe Tananger); → *Skibmannen*, *gote*.

**Gaudastranden** (*Gauta-*) /"gaudastra:en/ 818 10:E2. Vik heilt sør på Sola, i grensa med Ølberg. Samansett av → *strand* m. ‘båtplass’ og mannsnamnet *Gaute*.

**Geida** (*Geita*) /'jeidå/ 122 7:D2. Smalt nes som stikk ut i sjøen i nordvestleg retning på Tjora, ved munningen av den store Risaviga. Bunden form av husdyrnemnet *geit*. Truleg dreiar det seg her om jamføring med eit geitehorn, jf. at ein like nord for neset finn → *Mjånessundet* (også kalla *Geidasundet* /"jeidasone/) og → *Mjånesholmen*, båe med eit tapt **Mjånes* ‘det smale neset’. Elles finn ein nemne for hornprydde dyreslag i fleire skjergardsnamn frå dette området, jf. → *Hafrsfjord*, *Habboen*, *Rongvershola*, *Dyraskjeret*. Ytste punktet på neset heiter *Geidapynten* /"jeidapynt,n/, og ei vik på innsida *Geidavågen* /"jeidavå:jen/.

**geil** m., jf. gno. *geil* f. ‘trong eller inngjerd veg, geil’, er nytta om smale vegar (med steingjerde på sidene), gjerne vegar for bufe, t.d. → *Geilen*, *Humrageilen*, *Sandgeilane*.

**Geilen** /'jeidl,n/ 488 2:C5. Smal veg mellom nokre teigar på Vestrabøraunen. Bunden form av → *geil* m. ‘trong eller inngjerd veg, geil’.

**Gilja** /"jiljå/ 58 3:C3. Ein stad på Vistnestangen der ein pla hala opp laksegarna. Bunden form av → *gilje*, som i skjergardsnamn er nytta om stader der ein har speida etter fisk.

**gilje** f., jf. gno. *gilja* vb. ‘lokka, forføra’, er nytta om stader (gjerne med stillas) i strandkanten der ein har halde utkik etter fisk, t.d. → *Gilja* /"jiljå/ (Vistnes), *Sandgilja* (Vigdel), *Giljeskjeret* (Ogna).

**Giljeskjeret** /"jiljesjæ:re/ 576 30:B3. Skjer i Sandarvågen (Ogna), nær vika → *Varpet* (Fig. 48). Samansett av → *skjer* og → *gilje* med bakgrunn i at ein her har halde utkik etter fisk.



Fig. 48. Giljeskjeret og vika Varpet i Sandarvågen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 48. Giljeskjeret and the bay Varpet. Photo: Inge Særheim.*

**Gjerda** /"je:rå/ 233 6:D4. Stad med ein murbygning ved vågen i Tananger. Bunden form fleirtal av → *gjerde* n. 'inngjerdt jordstykke'.

**gjerde** n., gno. *gerði* n., som er avleidd av → *gard*, er nytta om gjerde og inngjerde jordstykke, → *Gjerda* /"je:rå/, *Gjerden* /"je:ren/ (fleirtal), *Slåttegjerda* /"slåteji:rå/ (Varhaug; fleirtal). Dette er òg eit vanleg føreledd, → *Gjerde-*, *Gjerds-*.

**Gjerdedørene** /"je:redø:rene/ 911 35:B4. Av fiskarar nytta om nokre tronge sund mellom → *Gjerdeskjera* ved Nordre Frøsholmen, der det var mogleg å gå med båt. Inneheld → *gjerde* og *dør* f., det sistnemnde brukt biletleg om passasje.

**Gjerden** /"je.ren/ 503 25:G5, 506 26:G2. Stader i stranda på Hårr. Bunden form fleirtal av → *gjerde* n. 'inngjerdt jordstykke'.

**Gjerdeskjera** /"je:resje:rå/ 910 35:B4. Skjer ved Nordre Frøsholmen. Samansett av → *skjer* og *gjerde* med bakgrunn i at skjera ligg i ei rekkje; → *Gjerdedørene*.

**Gjerdsrudla** /'ji:rsrodlå/ 339 23:F5. Haug på Nordvarhaug. Samansett av → *rulle* f. 'rund haug' og → *gjerde* n. 'gjerde, inngjerdt jordstykke'.

**Gjerdstangen** /'ji:rstanjen/ 44 19:C5. Tange på Vik, også kalla /'jæ:rstanjen/. Samansett av → *tange* m. 'nes' og → *gjerde* n. 'gjerde, inngjerdt jordstykke'.

**gjote** f., jf. islandsk *gjóta* f. 'hole', er nytta om (gjerne grasvaksne og langstrekte) holer og søkk mellom berg: → *Djuba gjoda* /"ju:ba "jo:då/ (Tjora), *Den grøna gjoda*, *Kalkabergsgjoda*, dei to sistnemnde frå Hellestø.

**Gjøringane** /"jø:ringane/ 616 34:C5. To langstrekte holmar utanfor Tjora, *Nordre* og *Søre Gjøringen* /"sø:re "jø:rinjen/ (Fig. 49). Opphavet er noko uvisst. Den søre holmen, som er størst, har to låge, fint avrunda puklar. Mellom desse er det ei rund fordjuping. Kanskje er namnet laga til gno. *gyrða* vb. 'klemma, trykkja' og *gjǫrð* f. 'band, reim, gjord', som siktar til innsnevringa mellom dei to puklane. Ei liknande forklaring, gno. *Gyrðingar-*, er gjeven for eit namn frå Sunnfjord, skrive *i Gyrdingarvik* ca. 1360. Hovdas framlegg om avleiing av gardsnamnet *Tjora* byggjer på eit anna uttalegrunnlag og samsvarar ikkje med den nedarva lokale målføreuttalen. Heller ikkje avleiing av gno. *hjǫrr* m. 'sverd', som kanskje kunne sikta til den langstrekte og noko spisse forma, synest høva med dialektuttalen. Ved holmane finn ein *Gjøringboen* /"jø:ringbo:en/, *Gjøringskjera* /"jø:ringsje:rå/ og *Gjøringsundet* /"jø:ringsone/. Litt.: NG 12:350 f., Hovda 1942:76, Særheim 1978:140.



Fig. 49. Søre Gjøringen (Tjora). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 49. Søre Gjøringen (Tjora). Photo: Inge Særheim.*

**Glova** /"glå:vå/ 675 30:B3. Rive i berget som kløyver Skurveholmen i to. Bunden form av → *glove* f. 'kløft, rive i fjellet'.

**glove** f., mno. *glofi* m. 'mindre bergkløft', er heilt sør i området nytta om små kløfter i fjellet: → *Glova* /"glå:vå/ (Ogna/Sirevåg), *Korpaglova* (Vatnamo).

**Goa** /"go:a/ Kart 4. Namn på matrikkelgardar (*Austra* og *Vestra G.*) i Randaberg (tidlegare Hetland), også nytta om ei tidlegare skipreide, *Gwda skipreida* 1414, *Gudha skr.* 1419, *Gwdha skr.* 1435, *Gudda skr.* 1449. Gammalt gardsnamn, gno. **Guði* m. Namnet høyrer til ei gruppe med gamle gardsnamn på Jæren som har uvisst opphav. Det kan setjast saman med ord som gno. *gjóta* vb. 'gyta (ut)' og **gaut* f. 'overfløyming'. Kanskje er dette eit opphavleg innsjønamn, brukt om Hålandsvatnet. Det kunne sikta til at marka i periodar har stått under vatn, eller til at innsjøen munnar ut i sjøen gjennom eit kort vasslaup. Sekundære lagingar til gardsnamnet er *Goabekken* /"go:abeKen/, *Goaberga* /"go:aberjå/, *Goastranden* /"go:astra:en/ og *Goaviga* /"go:avi:Gå/. Ein finn det òg i to namn på skjer eit godt stykke ute i sjøen: *Goaskjera* /"go:asje:rå/ (ved Hoggjene, *Søra* og *Nordra Goaskjeret* /"no:ra "go:asje:re/) og *Goaskjeret* /"go:asje:re/ (sør for Håstein), der det vel har samband med fiskarar frå denne garden. Litt.: NG 10:209, 460, Særheim 1978:164, 2007:79.

**Goaskjera**, **-skjeret**, → *Goa*.

**gote** f., jf. gno. *gata* f. 'gate, veg', her utvikla av oblik kasus *gǫtu*, er nytta i namna → *Sjogoda* /"sjo:gå:då/ og → *Hun(e)goda* /"hu:n(e)gå:då/, båe vegar ned Brekka på Obrestad.

**Grasbakken** /"gra:sbaken/ 175 6:D4. Bakke i Tananger. Samansett av → *bakke* og *gras* n. med bakgrunn i grasvekst.

**Grasdal** /"gra:sda:l/ 234 11:F2. Lite dalsøkk i Vigdel. Samansett av → *dal* og *gras* n. med bakgrunn i grasvekst.

**grav** f., n., jf. gno. *grǫf* f. 'grav, hole, grøft', som i stadnamn gjerne er nytta om 'liten åker', eigentleg 'oppgrave, oppspadd jord(stykke)', førekjem i *Gravet* /'gra:ve/ (Vistnes, lite bruk og jordstykke like ved sjøen) og *Gravene* (Reime, gammalt gravfelt i stranda).

**Gravasteinen** /"gra:vasteid,n/ 229 3:C6. Stein i Søra Molviga (Vistnes), også kalla *Molvigsteinen*. Etterleddet er → *stein*, medan føreleddet truleg er (eller har språkleg samband med) *grava* vb.; → *grav*.

**Gravdal** /"gravda:l/ 9 38:B7. Stad på søraustsida av Storetjør der større båtar kan leggja til; losskøyta la til her. Her går fjellet bratt ned i sjøen. Etterleddet er → *dal* og føreleddet vel → *grav*, som siktar til terrenget.

**Gravene** /"gra:vene/ 72 22:C5. Gammalt gravfelt i stranda på Reime. Bunden form fleirtal av → *grav*.

**Gravet** /'gra:ve/ 230 3:C6. Lite bruk og jordstykke ved sjøen på Vistnes. Bunden form av → *grav*.

**Grettestykket** /"gretestyKe/ 401 16:C2. Teig nær sjøen på Reve. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke' og kvinnenamnet *Grete* i lokal uttaleform; → *Gritteberget*, *Grittetjørna*.

**Grimsby** /'grimsby:/ 955 37:B4. Namnet vart ei tid brukt av fiskarar om Litle Ståbelen av di så mange fiskarar heldt til ved denne holmen i ein periode. Holmen er oppkalla etter den engelske fiskarbyen med same namn. Det kan kallast eit slangnamn.

**Grisaryggen** /"gri:saryGen/ 336 37:B4. Grunneres nord for Håstein. Dette er eit jamføringsnamn laga til det samansette ordet *griserygg* m.; → *Fleskaryggen*, *Galten*, *Sugga*.

**Gritteberget** /"griteberje/ 108 5:F3. Berg nær sjøen på Jåsund. Like ved ligg den vesle tjørna *Grittetjørna* /"griteKødnå/ (→ *tjørn*). Samansett av → *berg* og kvinnenamnet *Grete* i ei lokal uttaleform; → *Grettestykket*.

**Grittetjørna** 109 5:F3, → *Gritteberget*.

**grjot** n., gno. *grjót* n. 'stein', ligg føre i → *Kvidagrø(d)* /"kvi:dagrø:/, eit område med lys bergart og lyse småsteinar på Tjora. Namnet → *Grøde* /'grø:de/ (Ytrabø) er bunden form, gno. **Grjótit*.

**Groba** (*Gropa*) /'gro:bå/ 25 12:A4. Lite søkk ved Bårøyna på Sele. Her pla ein sitja og drikka kaffi under arbeidet med tare i stranda. Bunden form av → *grop* 'søkk, hole'.

**Gromvegen** /"gromveien/ 156 5:C1. Veg laga av Gabriel Monsen frå Kjøringsvegen til Kupmannen (Myklabost), der han hadde hummarpark og mottak av hummar. Samansett av → *veg* og firmanamnet *Groom & Son A/S* (grunnlagt i 1777). Også *Grommaparken* (hummarpark ved Rossøyna, Kvitsøy, opna i 1903) har namn etter det engelske firmaet, som hadde kontor i Stavanger. Litt.: Særheim 1989:76.

**grop** f. 'lite søkk i jorda', mno. *gróp*, er nytta om eit søkk ved Bårøyna på Sele: → *Groba* /'gro:bå/.

**grov** f., gno. *grǫf* f. 'grøft, hole, grav', er nytta om grover i ei torvmyr i → *Grovene* /"grå:vene/ (Obrestad, fleirtal), jf. òg → *Groven* /"grå:ven/ (Sirevåg, fleirtal).

**Grovene** /"grå:vene/ 47 22:C5, **Groven** /"grå:ven/ 711 30:B4. Nytta om grover i torvmyr, det førstnemnde frå Obrestad, det andre frå Sirevåg. Bunden form fleirtal av → *grov* f. 'grøft, hole'

**Gruba** /"gru:bå/ 608 11:B4. Stad ved sjøen på Ølberg (Vigdelsviga) der det er gjort skjerp etter kis. Like ved ligg *Grubodden* /"gru:båd,n/.

**grube** f. 'gruve', som er i slekt med *grava* vb. og *grue* f., ligg føre i → *Gruba* /"gru:bå/ (Ølberg, Vigdelsviga), der det er gjort skjerp. Like ved finn ein *Grubodden*.

**Grunnafluna** (*-flua*) /"gronaflu:nå/ 678 5:C3. Grunne utanfor Skiftesvig (Jåsund). Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivet *grunn*. Litt lenger ute ligg → *Djubafluna*.

**Grunna sundet** /"grona 'sone/ 67 32:F5. Sund mellom Engjavigholmen og Austmannsholmen (Holmane). Samansett av → *sund* og adjektivet *grunn*.

**grunn(e)** m., gno. *grunnr* og *grunni* m., ligg føre i nær på 140 namn og er eitt av dei mest nytta nemna i materialet, brukt om grunnar i sjøen av varierande djupleik. Den sterke varianten *grunn* m. er nytta om ein lagstrekt grunne i Vågsgabet i Sirevåg: *Grunnen* /'gronen/. Dei andre namna synest innehalda den svake varianten *grunne* m., t.d. *Løyndagrunnen* /"løyndagro:en/, farlege grunnar ved Feisteinen og Tjør, båe på 6 m; dei ligg roleg i stilt vêr, men bryt med stor kraft når det blæs opp. Meir enn 70 samansette namn på *-grunnen* har eit anna stadnamn som føreledd med lokaliserande funksjon. Presiserande ledd er dessutan vanleg i namna med dette nemnet. *Midgrunnen* /"midgro:en/ er notert fem gonger.

**Grunnen** /'gronen/ 837 30:B4. Langstrekt grunne (flæ) i Vågsgabet i Sirevåg. Bunden form av → *grunn* m. 'grunne'.

**Gryda** (*Gryta*) /"gry:då/ 218 33:B6. Båe sør for Nordskod. Dette er eit jamføringsnamn som er laga til ordet *gryte* f. Båen er rund, så forma ligg til grunn for jamføringa. Også den kvervlande rørsla av sjøen som mel og kokar ved steinen, kan ha spela inn ved namnelaginga. Litt.: Hovda 1962:178.

**Grynningen** /"gryninjen/ 837 36:B3. To holmar eit godt stykke ute i sjøen i Randaberg, *Litle* og *Store Grynningen* /"sto:re "gryninjen/. Vel *ing*-avleiing til adjektivet *grunn* eller substantivet *grunn(e)* m. med bakgrunn i farlege grunnar ved holmane, jf. *Grynningsfluna* /"gryningsflu:nå/. I dette området finn ein òg *Grynningsosen* /"gryningso:sen/ (sjøstykket aust for Store Grynningen), *Grynningssundet* /"gryningsone/ (sundet mellom dei to holmane), *Grynningsvågen* /"gryningsvå:Gen/ (liten våg på den største holmen) og *Grunnen sør av Grynningen* /"gro:en sø:r a "gryninjen/.

**Grytnes** /"grytne:s/ 304 9:F3. Nes på Søra-Kolnes. Etterleddet er → *nes*. Føreleddet er avleidd av gno. *grjót* n. 'stein', som siktar til steinete grunn. Her finn ein òg *Grytnesvegen* /"grytnesveien/.

**Grødaland** /"grø:dalan/ Kart 22. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *Grotteland* 1519, *Grødeland* 1521. Gno. **Grjótaland*, samansett av → *land* og gno. *grjót* n. 'stein'; → *Madland*, *Årsland*,



Fig. 50. Grøderøysa (Vistnes). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 50. Grøderøysa (Vistnes). Photo: Inge Særheim.*

*Hårr*. Same gardsnamnet finst i Klepp. Sekundære lagingar er *Grødalandsbekken* /"grø:dalansbeKen/, *Grødalandshella* /"grø:dalanshedlå/, *Grødalandspollen* /"grø:dalanspåd,l/, *Grødalandsstronda* /"grø:dalanstrånå/ og *Grødalandstangen* /"grø:dalanstanjen/. Litt.: NG 10:106, Særheim 2007:82.

**Grøderøysa** /"grø:de(s)røyså/ 392 3:C5. Gravhaug på Vistnes (Fig. 50). Inneheld → *røys* f. 'steinrøys' og → *grjot* n. 'stein'; → *Grødet*.

**Grødet** /'grø:de/ 421 2:C6. Område nær sjøen på Ytrabø der fleire bruk hadde ein hage. I seinare tid er området dyrka. Det var særs mykje stein på denne staden, noko ein kan sjå av store steingardar, jf. *Grøde(s)røysa* /"grø:de(s)røyså/ på Vistnes 392 3:C5. Bunden form av gno. *grjót* n. 'stein'; → *grjot*.

**Grønegod** (-*got*) /"grø:negå:d/ 25 4:A2. Sti ved sjøen på Viste. Samansett av → *gote* f. 'veg' og adjektivet *grøn* med bakgrunn i grasvekst.

**Grønehagen** /"grø:nehaien/ 125 1:E6. Teig nær sjøen på Tungeneset. Samansett av → *hage* og adjektivet *grøn* med bakgrunn i grasvekst.

**Grønevollen** /"grø:nevåd,l/ 242 8:C4. Teig på Rott. Her finn ein òg *Litle Grønevollen* /"litle "grø:nevåd,l/. Samansett av → *voll* m. 'eng, grasmark' og adjektivet *grøn*, som siktar til god grasvekst.

**Grønhaughagen** /"grø:nhauhaien/ 101 1:D6. Teig ved sjøen på Tunge. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og eit namn **Grønhaug(en)*; → *Grønhaugviga*.

**Grønhaugviga** (-*vika*) /"grø:nhauvi:Gå/ 39 19:C4. Vik på Vik. Samansett av → *vik* og eit namn **Grønhaug(en)*. Fleire stader i Klepp finn ein dette haugnamnet. Ei sekundær laging er *Grønhaug(s)vigsvegen* /"grø:nhausvigsveien/.

**Gråesteinen** /"grå:esteid,n/ 431 25:E6, **Gråe steinen** /"grå:e 'steid,n/ 808 25:F3, 864 26:F1. Steinar i stranda på Årsland (*Gråesteinen*), Stavnheim og Hårr, dei to sistnemnde også kalla → *Den gråe*. I skiftet mellom Husvegg og Varhaug finn ein elles *Store Gråesteinen* /"sto:re "grå:esteid,n/, også kalla *Den store gråe*. Inneheld → *stein* og adjektivet *grå*, som skildrar fargen på steinen.

**Gråstein** /"gråsteid,n/ 146 4:E2. Stor stein

(og samlingsplass) i sjøkanten i Raustein. Samansett av → *stein* og adjektivet *grå*; jf. òg → *Gråesteinen* og gardsnamnet → *Raustein*.

**Gråsteinsholen** /"gråsteisho:d,l/ 539 26:B3. Haug (hol) i stranda på Kvassheim. Samansett av → *hol* m. 'rund haug' og det samansette *gråstein* m., ev. eit namn → **Grå(e)steinen*.

**Gråtleberghagen** /"gråtleberhaien/ 32 4:E2. Teig i Raustein. Etterleddet er → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke'. Føreleddet er eit samansett namn på → *berg*, der føreleddet siktar til steinete lende, jf. nemnet *grutl* n. (område med stein og grus), som er skyldt → *grjot* 'stein'. Litt.: Særheim 2007:82.

**Gula viga** (- *vika*) /"gu:la 'vi:Ge/ 40 31:C2. Vik inst i Bekkjarviga (Haver). Samansett av → *vik* og fargeadjektivet *gul*; → *Gule holmen*.

**Gulbrandsteinen** /"gulbransteid,n/ 59 3:C2. Stor rund stein i flomålet i Vistnesvågen. Samansett av → *stein* og truleg mannsnamnet *Gulbrand*.

**Gule holmen** /"gu:le "hålmen/ 588 30:B3. Holme i Sandarvågen (Ogna). Samansett av → *holme* og adjektivet *gul*, som skildrar fargen på holmen.

**Gule klumpen** /"gu:le 'klompen/ 151 32:F4. Skjer i Bådaviga (Holmane). Samansett av → *klump* og fargeadjektivet *gul*.

**Gule odden** /"gu:le "åd,n/ 623 30:B4. Lite nes i Vågsgabet i Sirevåg. Samansett av → *odde* m. 'lite nes' og adjektivet *gul*.

**Gulesteinen** /"gu:lesteid,n/ 185 8:B3, **Gule steinen** /"gu:le 'steid,n/ 344 23:F2, 902 26:H3. Steinar i stranda på Rott (*Gulesteinen*), Nordvarhaug og Hårr, dei to sistnemnde òg kalla → *Den gule*. Samansett av → *stein* og fargeadjektivet *gul*; → *Gule holmen*.

**Gullklumpen** /"gulklompen/ 633 30:B2. Lite skjer ved Stoholmen sør for munningen av Ognaåna. Dette er eit jamføringsnamn, laga til ordet *gullklump* m. Kanskje har det samband med godt laksefiske ved åmunningen.

**Gunnarsholet** /"gonarshå:le/ 103 14:F2. Lita vik på Sele. Samansett av → *hole* f. 'vik' og mannsnamnet *Gunnar*.

**Gunnarshølen** /"gonarshø:d,l/ 180 21:E5. Høl i Vågen ved utmunninga av Hååna. Inneheld → *høl* m. 'hole i elv' og mannsnamnet *Gunnar*, vel med bakgrunn i fiske.

**Gunnarsskjeret** (-*skjera*) /"gonarsje:re/ 803 1:D3. Skjer på Sande. Samansett av → *skjer* og mannsnamnet *Gunnar*.

**Gunnarssteinen** /"gonarsteid,n/ 580 27:F1. Stein opp frå stranda på Kvalbein. Samansett av → *stein* og mannsnamnet *Gunnar*.

**Gunnarsstøna** (-*støa*) /"gonarstø:nå/ 97 21:G2. Båtstø i Fuglaviga på Hå. Inneheld → *stø* f. 'båtstad, stø' og mannsnamnet *Gunnar*, med bakgrunn i ein brukar av støa.

**Gårskod** (-*skot*) /'gå:rskå:d/ 98 33:B6. Den eine av holmegruppa Skodene. Føreleddet er truleg ordet *gåre* (jf. islandsk *gára* f., *gári* m.) 'stripe, åre, rukke, fòr, langt søkk i jorda', som her siktar til eit smalt sund som kløyver holmen i to.

**Gåsa** /'gå:så/ 134 36:C3, også kalla **Gåsaskjeret** /"gå:sasje:re/ 207 36:C3. Skjer sør for Grynningen. Inneheld fuglenemnet *gås* f. (og → *skjer*). Dette er truleg eit jamføringsnamn, altså samanlikning med ei gås; mindre truleg synest bakgrunn i førekomst av denne fuglen.

**Gåsaskjeret**, → *Gåsa*.

## H

**Habboen** (*Hafs*-) /"habo:en, 'hafs-/ 4 39. Båe som ligg i ei rekkje av grunnar og skjer sør for Feisteinen. Etterleddet er → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe'. Føreleddet er truleg gno. *hafr* m. 'bukk', som i → *Hafrsfjord*, jf. òg gardsnamnet → *Haver*. Det siktar til at dette er ein farleg båe som ein ikkje skal koma for nær, jf. → *Oksafoden*, *Risbidskjeret*, *Galten* mfl.

**Hadlandstø** /'hadlanstø:/ 549 28:A1. Båtstø i Holmestø (Kvalbein). Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og gardsnamnet (og etternamnet) *Hadland* med bakgrunn i bruken av støa.

**Hafrsfjord** /'hafsfjo:r/ (eldre uttale i området: /"hafjo:r/, svarande til ei normert form *Haffjord*). Fjord på Nord-Jæren (Sola, Stavanger). Staden er omtala fleire gonger i norrøn litteratur, med forma *Hafrsfjǫrðr* (normert form, nominativ), bl.a. i samband med det avgjerande slaget i denne fjorden ca. 872, der Harald Hårfagre sigra. Etterleddet er → *fjord*. Føreleddet er truleg eit eldre namn på eitt av skjera eller ein grunne i fjordmunningen, gno. **Hafr*, laga til gno. *hafr* m. 'bukk', jf. båenamnet → *Habboen* og gardsnamnet → *Haver*. Den gamle lokale uttalen /"hafjo:r/ kunne tyda på stammesamansetjing, gno. **Hafrfjǫrðr*. Men meir truleg er det opphavleg genitivkomposisjon, gno. *Hafrs-*, der *s*-en og (tidlegare) *r*-en er assimilert med *f*-en. Sekundære lagingar er *Haf(rs)fjordkjeften* /"hafjorKeft,n/ og *Haf(rs)-fjordskjera* /"hafjorsje:rå/. Ein skil mellom *Søra* og *Nordra Haf(rs)fjordskjeret* /"no:ra "hafjo:rsje:re/.

**Haga** /"ha:ga/ Kart 6. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *a Haga* 1288?, 1299? Gno. *Hagi* m., med oblik kasus *Haga*, som notidsforma er utvikla av. Namnet er laga til → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke, hage'. Vågen ved båtplassen til Haga heiter *Hagavågen* /"ha:gavå:jen/. Gardsnamnet *Haga* førekjem fleire stader i Rogaland. Litt.: NG 10:183, Særheim 2007:86.

**Hagane** /"ha:gane/ 40 4:E2. Teigar ved sjøen i Raustein. Bunden form fleirtal av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke'.

**Haganes** /"ha.ganæ:s/ 2 12:G5. Framspring opp frå stranda på Sele, som tidlegare var eit nes i Tangarvatnet (er no uttappa). Samansett av → *nes* og *hage* m. 'inngjerdt jordstykke'. Her finn ein òg *Haganesfloen* /"ha:ganesflo:en/ (→ *floe*).

**Hagatua** /"ha:gatu:å/ 372 23:B4, 160 32:E4. Topp på strandbakken på Varhaug og høgd i Holmane. Samansett av → *tue* f. 'høgd, topp' og *hage* 'inngjerdt jordstykke'.

**hage** m., gno. *hagi* m. 'beitehage, hage', eigentleg 'inngjerdt jordstykke', som er det mest brukte teignemnet på Jæren, ligg føre i ei rekkje namn på inngjerde teigar i strandkanten, ofte beitehagar, jf. dei vanlege → *Kalvahagen* /"kalvahaien/, *Kalvshagen* /"kalshaien/, og *Svinhagen* (*-hagane*) /"svi:nhaien, -ha:gane/, dessutan → *Tarahagen* /"ta:rahaien/ og *Strandhagen* /"stranhaien/, og dei usamansette → *Hagen* /"haien/ og *Hagane* /"ha:gane/; jf. òg gardsnamnet → *Haga*.

**Hagen** (*Haken*) /"ha:Gen/ 866 7:D4. Odde på Nordra-Kolnes. Bunden form av *hake* m. '(reiskap med) framstikkande krok (til å gripa tak med), hake', som siktar til forma til framspringet.

**Hagen** /"haien/ 176 4:G2, 501 26:B5, 48 31:B2. Teigar i stranda på Viste, Kvassheim og i Haver. Bunden form av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke'.

**Halen** /"ha:len/ 501 26:G6. Teig på Hårr. Bunden form av *hale* m., som siktar til forma.

**Hallvardsgrunnen** /"halvarsgro:en/ 448 2:B1, 382 36:B3. Grunne utanfor Ytrabø og sør for Grynningen. Samansett av → *grunne* m. 'grunn stad i sjøen' og mannsnamnet *Hallvard*.

**Hallvardsviga** (*-vika*) /"halvarsvi:Gå/ 266 11:A1. Teig inn frå sjøen i Vigdel. Samansett av → *vik*, her nytta om ei innbukting i terrenget (på land), og mannsnamnet *Hallvard*.

**Halmberget** /"halmberje/ 809 11:F1. Stor steinhelle med holrom under ved sjøen i Vigdel. Samansett av → *berg* og *halm* m., som siktar til at ein bar halm hit når det var fullt i løa.

**hals** m., gno. *hals* m. 'hals, landrygg som liknar ein hals', førekjem i *Indre* og *Vestre Håsteinshalsen*, to låge, krumme framspring i kvar sin ende av Håstein.

**Halvtagsteinen** /"haltagsteid,n/ 29 22:D3. Stein i stranda på Sørreime. Samansett av → *stein* og *halvtak* n., som siktar til at steinen er forma som eit halvtak.

**hammar** m., gno. *hamarr* m. 'stein, fjellhammar', er nytta om bergknattar i stranda, i usamansett form → *Hammaren* /"hamaren/ (Tjora, bruksnamn; også kalla → *Hesthammaren*), *Hamrane* /"hamrane/ (Ølberg), og samansett: *Sauhammar* (Vigdel).



Fig. 51. Frå Hanasandsbukta, også kalla *Hanaviga* (Tunge). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 51. From Hanasandsbukta, also called Hanaviga (Tunge). Photo: Inge Særheim.*

**Hammaren** /"hamaren/ 772 4:G2, 733 5:F2, 172 7:F2. Bergknattar på Viste, Nordra-Sunde (i Hafrsfjordkjeften) og Tjora; det sistnemnde er òg bruksnamn. Bunden form av → *hammar* m. 'fjellhammar, berg'. Sekundære lagingar er *Hamragrunnen* /"hamragro:en/ og *Hamrahola* /"hamrahå:lå/ frå Nordra Sunde, og frå Tjora: *Hamraberget* /"hamraberje/, *Hamrabryggja* /"hamrabryGå/ og *Hamrapynten* /"hamrapynt,n/, jf. òg *Indra*, *Austra* og *Vestra Hamrabukta* /"vestra "hamraboktå/ (Tjora).

**hamn** m., jf. gno. *hǫfn* f. 'båthamn; beitehage', er nytta om større utbygde båtplassar, gjerne i usamansett form *Hamn* /'hab,n/, stundom med gardsnamnet som utmerkjande ledd: *Ølberghamn*, *Madlandshamn*. Tidlegare nytta ein → *stø* f. 'båtplass' om desse stadene. Ordet er òg brukt om små bukter (på Rott og Fladholmen) der ein kan lenda med båt: → *Sørhamn*, *Dalhamn*. Genusendringa er òg kjend frå andre strok, og har parallellar i nemne som → *strand* og *mol*. Nemnet er føreledd i *Hamnamyra* /"habnamy:rå/ (Nordra Sunde), *Hamnaplasset* /"habnaplase/ (Tananger) og *Hamnasteinen* /"habnasteid,n/ (Varhaug). Litt.: Beito 1954:215.

**Hamn** /'hab,n/ 223 4:F1, 165 6:D5, 230 8:B3, 495 10:B4, 270 21:B4, 736 26:B4. Båthamn fleire stader (bl.a. Nordra Sunde, Tananger, Rott, Ølberg, Obrestad, Kvassheim). Bunden form av → *hamn* m. 'båthamn'.

**Hamrane** /"hamrane/ 455 11:A5. Berg ved sjøen på sørsida av Ølbergsneset. Bunden form fleirtal av → *hammar* m. 'berg, fjellknatte'.

**Hanasandsbukta** /"ha:nasansboktå/ 503 1:D6. Lita vik på vestsida av Tungeneset, også kalla *Hanaviga* /"ha:navi:Gå/ (Fig. 51). Etterleddet er → *bukt* f. 'vik'. Ordet *hane* m. siktar til skjelsand (sand med «hanar»).

**Hanaviga** (*-vika*), → *Hanasandsbukta*.

**Hansaboen** /"hansabo:en/ 756 4:A3. Båe i Endrestøbukta (Goa). Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet' og mannsnamnet *Hans*.

**Hansagrunnen** /"hansagro:en/ 264 37:B5. Grunne sør for Buøyna, aust for Revingen,

også kalla *Nordre Hansagrunnen* for å skilja staden frå *Søre Hansagrunnen* (nordvest for Rottshausane). Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Hans*.

**Hansahagen** /"hansahaien/ 1 24:C3. Teig ved strandbakken på Husvegg. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og mannsnamnet *Hans*.

**Hansaholet** /"hansahå:le/ 252 19:C2. Lita hole i strandkanten ved Bekkjarviga på Vik der det pla liggja ein båt. Samansett av → *hol* n. 'hole, lite innhykk' og mannsnamnet *Hans*.

**Hanskasteinen** /"hanskasteid,n/ 54 16:C1. Stein i strandkanten på Reve. Etterleddet er → *stein*. Føreleddet kunne språkleg tolkast som ordet *hanske* m., kanskje med bakgrunn i forma til steinen, men rimelegare synest samansetjing med verbet *hanska* 'gramsa, ruska og røra i noko', om sjøen som arbeider. Steinen ligg på *Hanskatangen* /"hanskatanjen/.

**Hanskatangen**, → *Hanskasteinen*.

**Harabekken** /"ha:rabeKen/ 488 26:B3. Bekk som renn ut i sjøen i skiftet mellom Hårr og Kvassheim, kalla *Torebekken* lenger oppe. Ei lita vassamling (ein floe) som er ei utviding av bekken, er kalla *Harafloen* /"ha:raflo:en/. Her var det i førhistorisk tid ein våg, → *Vågen*, ein gammal båtstad med fleire naust. Føreleddet *Hara-* er truleg gammal genitivform, gno. *Harar-*, av gardsnamnet → *Hårr*. Også *Harakalvane* /"ha:rakalvane/ frå nordre delen av Hårr-garden synest innehalda denne forma av gardsnamnet.

**Harafloen**, → *Harabekken*.

**Harangberget** /"ha:rangberje/ 618 30:B5. Berg på sørsida av vågen i Sirevåg (Nygård). Etterleddet er → *berg*, og føreleddet *hardang* m. /"ha:rang/ (med bunden form /"ha:ranjen/), som i gammalt jærmål er nytta om 'harding, person frå Hardanger', altså identisk med det gamle landskapsnamnet *Hardang* (*Hardanger*); → *Harangstøna*. Hardingar pla koma til Jærs for å selja robåtar som dei hadde bygd. Same føreleddet finn ein i *Harangskjer* og *Harangskjeret* frå Kvitsøy (Særheim 2010)

**Harangstøna** (*-støa*) /"ha:rangstø:nå/ 606 11:F1. Lita rive (kløft) i fjellet i Vigdelsviga (Fig. 52). Samansett av → *stø* og personnemnet *hardang* m. 'harding, person frå Hardanger'; → *Harangberget*. Ein person frå Hardanger skal ha landa med båten sin på denne staden.



Fig. 52. Harangstøna (Vigdel). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 52. Harangstøna (Vigdel). Photo: Inge Særheim.*

**Hatten** /'hat,n/ 86 32:E5,196 37:B5. Namnet er nytta om ein hattliknande holme sør for Håstein (mellom Revingen og Kvernholmen), og om ein stad på Mågholmen (Holmane). Inneheld ordet *hatt* m., brukt jamførande om forma. Sør for Hatten ved Revingen finn ein grunnereset *Hattaskåga* /"hataskå:jå/; → *Skåga*.

**haug** m., gno. *haugr* m. 'haug, gravhaug', er i det usamansette *Haugen* /'hauen/ nytta om ein grunne i Rottshausane, altså om ein lokalitet på sjøbotnen. Det førekjem elles i ei rekkje namn på haugar langs stranda, t.d. → *Krosshaug* (i grensa mellom Orre og Vik), → *Kumlhaugen* (Reime), *Pighaug* (Obrestad). I den søre delen av området har dette ordet *-høyen* som bunden form: *Skipteshøyen* (Husvegg, i grensa med Varhaug), *Fladhøyen* (Husvegg). Her er diftongen gno. *au* først monoftongert og deretter har ein fått diftongering framom *g* og den etterfølgjande høge vokalen. Ordet står som føreledd i teignamnet *Haugatrørne* /"hauatrø:dne/ (Søra-Kolnes), dessutan i tre namn frå Vik: *Haugagrunnen* /"hauagro:en/, *Haugatangen* /"hauatanjen/ og *Haugaura* /"hauau:rå/.

**Haugabakken** (*Hauka-*) /"haugabaKen/ 40 23:B5. Bakke innanfor strandbakken på



Fig. 53. Merkesteinen Hesten på Haver (Havrahesten). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 53. The landmark Hesten in Haver (Havrahesten). Photo: Inge Særheim.*

Varhaug. Etterleddet er → *bakke*. Uttalen tyder på at føreleddet er fuglenemnet *hauk* m., men terrengnemnet → *haug* m. kan kanskje ikkje utelukkast.

**Haugaberget** (*Hauka-*) /"haugaberje/ 280 6:D6, 207 8:D3. Berg på Melingsholmen (Tananger) og Rott. Samansett av → *berg* og fuglenemnet *hauk* m. På Rott finn ein òg *Haugabergsbukta* /"haugabersboktå/.

**Haugagrunnen**, **-trørne**, **-tangen**, **-ura**, → *haug*.

**Haugarhaug** (*Haukar-*) /"haugarhau/ 531 11:F1. Haug i Vigdel. Ein skil mellom *Store* og *Litle Haugarhaug* /"litle "haugarhau/. Etterleddet er → *haug* og føreleddet fuglenemnet *hauk*.

**Haugen** /'hauen/ 220 11:A1, 15 23:G3, 678 30:C4, 402 38:B4. Namnet er brukt om ein grunne i Rottshausane, dessutan om høgder (gjerne ved ein gammal buplass) i Vigdel, på Nordvarhaug og i Sirevåg. Bunden form av → *haug* m.

**Hausane** /"hausane/ 956 35:B5. Område med grunnar vest for Rott, også kalla *Rottshausane* /'råtshausane/. Bunden form fleirtal av → *hause* m. 'grunn skolt i sjøen'. Som føreledd finn ein namnet i *Hausafluene* /"hausaflu:ene/ (også *Hausafluna* /"hausaflu:nå/) og *Hausaribben* /"hausarib,n/ (også *Ribben*), båe frå Rottshausane. Eit område blir kalla *Sør av Hausane* /'sø:r a "hausane/.

**hause** m., jf. gno. *hauss* m. 'hovudskalle', ligg føre i snautt 20 namn på grunne skoltar som gjerne ligg 5–6 m under sjømålet. Vest for Rott finn ein → *Hausane* /"hausane/ (*Rottshausane*), bl.a. *Klossvighausane*, *Kyrkjehausane* og *Husarhausen*. Usamansett form *Hausen* /"hausen/ er notert fleire stader (Vistnes, Sola, Sele, Reve).

**Hausen** /"hausen/ 308 10:B1, 8 13:A3, 47 16:G3, 131 36:C3. Grunn skolt i sjøen utanfor Vistnes, Sola, Sele og Reve. Bunden form av → *hause* m.

**hav** n., gno. *haf* n. 'sjø, hav' m.m., som vel er skyldt *hevja* vb. 'heva', ligg føre i → *Kattahavet*

/"kataha:ve/, ei lita vassamling (ein pytt) på Vistnes. Ordet er nytta på liknande måte andre stader i Rogaland, jf. *Jorenhavet* (ei lita vik på Karmøy; inneheld kvinnenamnet *Jorunn*). I eit namn *Havane* frå Hellestø (lenger inne på land) er *hav* brukt om ein bakke, vel svarande til gno. *haf* n. i tydinga 'lyfting, heving', jf. òg nyno. *hav* n. brukt om 'oppbøygd del i enden på ski eller mei'. Tilsvarande bakgrunn høver for høgdenamnet *Havholen* /"ha:vho:d,l/ (Ølberg). Litt.: Særheim 2007:93.

**Haver** /'ha:ver/ Kart 31. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), *Haffue* 1563, *Haffuord* 1567, *Haffre*, *Hauffuer* 1616. Vel gno. **Hafr*, svarande til gno. *hafr* m. 'bukk', med bakgrunn i ei markant fjellblokk (ein stor stein) og ein utsynsplass, no kalla → *Hesten* /'hest,n/ og *Havrahesten* /"havrahest,n/ (Fig. 53). Tolkinga i NG, gno. **Hafvǫrðr* 'havvaktar', byggjer på feil uttaleopplysningar (tonelag 2) og er ikkje rimeleg. Sekundære lagingar med gardsnamnet som føreledd er, i tillegg til *Havrahesten*: *Havralandet* /"havralane/, *Havrastø* /"havrastø:/, *Havrabukta* /"havrabokte/ og *Havstangen* /"hafstanjen/, det sistnemnde med føreleddet i genitiv eintal, gno. **Hafrs-*, som i → *Hafrsfjord*. Litt.: NG 10:94, Særheim 1978:153.

**hei** f., gno. *heiðr* f. 'ubygt land, hei', er nytta om ubygd og udyrka mark med lyng og annan plantevekst, t.d. *Heia* /'heiå/ (fleire stader), *Litlhei* /"litlei/ (Sande), *Sletthei* /"slethei/ (Tjora, bruk) og *Kvernaheia* /"kvednaheiå/ (Reime). Nemnet er føreledd i *Heiastranden* /"heiastra:en/ (Sande), *Heianaustret* /"heianaustre/ (Vistnes), *Heiamarka* /"heiamarKå/ (Raustein), *Heiabakken* /"heiabaKen/ (Hellestø) og *Heiaviga* /"heiavi:Gå/ (Kvassheim). Ordet vert i jærmålet i dag nytta om 'fjellområde, høghei', t.d. om Sirdalsheiane og Ryfylkeheiane, men det vart tidlegare òg nytta om ubygd og udyrka mark i låglende, t.d. på Jæren, noko ei rekkje stadnamn frå Låg-Jæren med dette ordet vitnar om.

**Heia** /'heiå/ 246 8:C3, 423 16:C2, 2 22:D1, 714 25:F2. Namn på mark og jordstykke – i utgangspunktet udyrka og ubygd mark – fleire stader, t.d. på Rott, Reve, Reime og Stavnheim (Ivestheia).

**Heiabakken**, **-marka**, **-naustret**, **-stranden**, **-viga** (*-vika*), → *hei*.

**Heimra øyna** (- *øya*) /"heimra 'øynå/ 178 8:B2. Den delen av Rott som har (hatt) busetnad. Inneheld → *øy* og adv. *heimre*. Den andre delen av øya heiter *Vestra øyna*.

**Helgåna** (*-åa*) /"helgå:ne/ 563 29:C5. Elv som kjem frå Helgåvatnet og renn ut i Ognaåna like før utlaupet i sjøen. Etterleddet er → *å* f. 'elv'. Føreleddet er i NG tolka som gno. *heilagr* adj. 'heilag; lovverna', altså 'den heilage, lovverna elva' e.l., vel med bakgrunn i tidlegare religiøse førestillingar. Litt.: NG 10:61, Særheim 2007:97.

**Hella** /"hedlå/ 55 3:E3, 627 10:B4, 102 14:E1, 61 21:E6, 288 22:D2, 40 23:G3, 103 24:C3, 564 27:E3, 397 33:B6, 224 33:B7, 913 37:B5. Flate steinar i sjøen (i nokre høve ved ein båtplass) fleire stader: Raustein, Ølberg, Sele, Nærland (Hå), Sørreime, Nordvarhaug, Husvegg, Kvalbein, Gårskod, Sørskod (også kalla *Skådaboen*) og Buøyna (*Buøyhella*). Bunden form av → *helle* f. 'flat stein'.

**Helland** /'hedlan/ Kart 12. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Hellelandt* 1563. Etterleddet er → *land*. Føreleddet er truleg → *helle* f., her brukt om 'flatt berg', mindre truleg → *heller* m. 'berghole, heller'; → *Hellestø*. Ei sekundær laging er *Hellandsanden* /'hedlansa:en/. Litt.: NG 10:189, Særheim 2007:97.

**helle** f., gno. *hella* f. 'flat stein, flatt berg, helle', som er skyldt → *heller*, ligg føre i ca. 50 namn på flate steinar og berg: *Hella* /"hedlå/, *Hellen* /"hedlen/ (fleirtal), *Flada hella* /"fla:da "hedlå/, *Sandshella* /"sanshedlå/ (fleire stader), jf. òg gardsnamna → *Hellestø* og *Helland*. Namneforma *Hidle* /"hidle/ (flat bergpynt i Randabergbukta) synest gå attende på oblik kasus av dette ordet, gno. **Hellu*, jf. tilsvarande uttale i *Hidleboen* /"hidlebo:en/ (båe sørvest for Håstein) og *Hidlegjerdsviga* /"hidleje:rsvi:Gå/ (Vistnes).

**Hellen** /"hedlen/ 570 27:D2, 829 30:A6, 163 31:B1, **Hellene** /"hedlene/ 763 4:B3. Flate berg på Goa (*Hellene*), Nygård og Haver, og flate

steinar på Kvalbein (også kalla → *Suggene*). Bunden form fleirtal av → *helle* f. På Kvalbein skil ein mellom *Stora* og *Litla Hella* /"litla "hedlå/. Eit område der ein pla ro med redningsbåten, er kalla *mellom Hellen* /"mjødlå "hedlen/.

**heller** m., gno. *hellir* m. 'berghole, heller', som er skyldt → *helle*, førekjem i ei handfull namn på bergholer: *Helleren* /"hidlaren/ (Viste), *Hellerane* /"hidlarane/ (Vigdel), *Sandhelleren* /"sanhedleren/ (Sirevåg), *Kuhelleren* /'ku:hedleren/ (Holmane). I namnet → *Hidlersøyna* /"hidlarsøynå/ (også kalla *Hellerøyna* /heler'øynå/) aust for Håstein siktar ordet til ein stor heller som ein kan søkja livd under. Nemnet er òg føreledd i *Hellersteinane* /"hidlersteinane/ (Hellestø).

**Hellerane** /"hidlarane/ 245 11:F1. Stor heller i Vigdel. Bunden form fleirtal av → *heller* m. 'berghole, heller'.

**Hellersteinane** 266 11:A4, → *heller*.

**Hellerøyna** (-*øya*) /heler'øynå, "hidlers-/ 389 37:B4, → *heller* m.

**Hellestø** /"hedlestø:/ Kart 11. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Hellesteid* 1567, *Hellestadt* 1606, *Hellestød* 1610. Etterleddet er → *stø* f. 'båtplass, stø' og føreleddet truleg → *helle* f. 'helle, berg, flat stein', mindre truleg → *heller* m. 'berghole, heller'; → *Helland*. Sekundære lagingar er *Hellestøsanden* /"hedlestøsa:en/ og *Hellestøstranden* /"hedlestøstra:en/, jf. òg *Hellestøreget* /"hedlestøræ:Ge/ (fiskeplass i Honnsviga som er méda frå Hellestø),

**Hellestøreget** (-*reket*), → *Hellestø*.

**Hellesund** /"hedleson/ 515 31:C2. Sund i Haver. Samansett av → *sund* n. og → *helle* f. '(flatt) berg'. Her finn ein òg *Ytra Hellesund* /"ytra "hedleson/, *Hellesundsholmen* /"hedlesonshålmen/ og *Søra*, *Nørdra* og *Ytra Hellesundsgabet* /"ytra "hedlesonsga:be/.

**Hengsberg** /'hengsberg/ 202 8:C2. Berg nord på Rott. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet har samband med *heng* n. (av *henga* vb.), i stadnamn bl.a. brukt om bratt fjell.

**Hengsøyna** (-*øya*) /'hengsøynå/ 114 38:B7. Den sørlegaste øya i øygruppa Tjør. Etterleddet er → *øy*. Føreleddet har samband med *heng* n. (av *henga* vb.), vel med bakgrunn i at øya 'heng på' naboøya Storetjør. Sekundære lagingar er: *Hengsøyskjeret* /'hengsøysje:re/, *Hengsøysundet* /'hengsøysone/, *Hengsøyvarden* /'hengsøyva:ren/, *Hengsøybaien* /'hengsøybaien/ og *Hengsøyvågen* /'hengsøyvå:jen/ (*Store* og *Litle Hengsøyvågen* /"litle "hengsøyvå:jen/).

**Heptetokula** /"heptetoku:lå/ 562 29:A4. Fjell på Holmasanden (Ogna). Etterleddet er → *kule* f. 'topp på høgd', og føreleddet målføreordet *hepteto* (*hefte-*) f. 'skorfeste, hefte', som siktar til at husdyr (særleg sauer) går seg fast på slike stader; → *to* f. 'hylle, avsats i fjell', → *Heptetørne*.

**Heptetørne** /"heptetø:dne/ 289 11:B4. Bratt fjell ved Veggjeviga (Hellestø). Fleirtal av det samansette dialektordet *hepteto* (*hefte-*) f. 'skorfeste, hefte', brukt om stad der husdyr (særleg sauer) går seg fast. Ordet er sett saman av → *to* f. 'hylle, avsats i fjell' og *hefte* n.

**Hestabekken** /"hestabeKen/ 322 10:F2. Bekk som renn ut i sjøen på Solastranden. Samansett av → *bekk* og husdyrnemnet *hest* m.

**Hestaberg** /"hestaberg/ 364 11:F1. Berg med kløft ved sjøen i Vigdel. Her vart hestar som skulle avlivast, styrta ned. Store steinblokker vart kasta på hestane for å avliva dei. Grottene er ifølgje segna laga fordi risen sette fingeren i fjellet då han fall. Han kom sør frå Jæren med Håstein på ryggen og stein i lommen. Han kasta stein mot domkyrkja i Stavanger, men traff ikkje. Holet vart til Breiavatnet. Då han fall framover, miste han Håstein.

**Hestahagen** /"hestahaien/ 10 21:F1. Mark ved sjøen på Hå. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og husdyrnemnet *hest* m., med bakgrunn i beite. Eit tilsvarande namn er notert frå Raustein.

**Hestaviga** (-*vika*) /"hestavi:Gå/ 208 8:D3. Vik på austsida av Rott. Samansett av → *vik* og husdyrnemnet *hest* m., vel med bakgrunn i at ein lenda her med båtar når ein hadde med hestar. Innanfor finn ein *Hestavigshagen*



Fig. 54. Bergframspringet Hidle i Randabergbukta. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 54. The pointed rock Hidle in Randabergbukta. Photo: Inge Særheim.*

/"hestavigshaien/, og i sjøen *Hestavigsskjeret* /"hestavigsje:re/.

**Hesten** /'hest,n/ 505 27:C5, 568 31:B2. Namn på eit skjer og ei båtstø på Kvassheim. Utanfor finn ein *Hestafluna* /"hestaflu:nå/. Namnet *Hesten* er òg nytta om ein stor stein og utkikstad i Haver, *Havrahesten*, som truleg er bakgrunn for dette gardsnamnet. Båe namna inneheld dyrenemnet *hest* m., brukt jamførande om ein høgreist og gjerne stor lokalitet. Mindre truleg synest her laging til superlativforma gno. *hæstr* 'høgast' av adjektivet *hár* 'høg', som synest liggja føre i nokre fjellnamn, t.d. *Hest* frå Liland i Sirdal.

**Hesthammaren** /"hesthamaren/ 360 7:F2, 571 30:C1. Fjellknatte som stikk ut i Risaviga (Tjora; → bruksnamnet *Hammaren*), og ein fjellknaus ved Ognaåna like før utmunninga i sjøen; ved den sistnemnde finn ein òg *Hesthammarhølen* /"hesthamarhø:len/. Samansett av → *hammar* m. 'fjellknaus, berg' og husdyrnemnet *hest* m.; mindre truleg er superlativforma gno. *hæstr* 'høgast' av adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Hestholmen** /"hesthålmen/ 152 34:C4. Holme utanfor Tjora. Inneheld → *holme* og husdyrnemnet *hest* m., vel med bakgrunn i beite på holmen. Innanfor ligg Naudøyna, der kyrne gjekk ut. Sundet mellom dei to holmane heiter *Hestholmsundet* /"hesthålmsone/.

**Hidle** /"hidle/ 522 1:G3. Smalt bergframspring i Randabergsbukta (Fig. 54). Inneheld → *helle* f. '(flatt) berg', her utvikla av oblik kasus, gno. **Hellu*. *Hidle* finst elles som øynamn to stader i Ryfylke (Strand og Finnøy), skrive *i Hile* 1390. Her har ein rekna med gno. *Hilla* f., avleiing til gno. *hjallr* m. 'hylle, terrasse', svarande til nyno. *hille* f. 'hylle'. Litt.: NG 10:243, 305, Særheim 2007:101.

**Hidleboen** /"hidlebo:en/ 393 37:B5. Båe sør for Håstein. Samansett av → *boe* m. 'grunne i vasskorpa, båe' og → *helle* f. 'flat stein'.

**Hidlegjerdsviga** (*-vika*) /"hidlejersvi:Gå/ 61 3:B1. Lita vik heilt vest på Vistnes, også kalla *Ytra Gardsendviga*. Inneheld → *vik* og eit samansett namn med orda → *gjerde* og → *helle*, det sistnemnde med tydinga 'flatt berg'. Like ved finn ein *Gardsenden*.

**Hidlersøyna** (-*øya*), → *heller*.

**Hinnagrunnen** /"hinagro:en/ 210 36:B3. Grunne sør for Grynningen. Samansett av *grunne* og gardsnamnet *Hinna* (Stavanger, tidl. Hetland).

**Hodnakastet** /"hådnakaste/ 420 38:B7. Fiskeplass aust for Tjør. Etterleddet er → *kast* n. 'fiskeplass der ein set ut fiskereiskap, kasteplass'. Føreleddet er fjellnamnet *Hornet* /'hådne/ (dvs. *Rennesøyhornet*) frå Hodne på Rennesøyna, som er méd for fiskeplassen.

**Hodne** /"hådne/ Kart 15, 16. Matrikkelgard i Klepp, *i Horne*, *um Horn* ca. 1302, *Horn* 1298, 1322 (det er noko uvisst om skrivemåtane frå 1298 og ca. 1302 gjeld Hodne i Klepp eller Hodne i Rennesøy). Gno. *Horn* n., i dativ *Horni*, som notidsforma har gått ut frå, jf. gno. *horn* n. 'horn, hjørne'. Bakgrunn for namnet er det smale framspringet ('hjørnet') av landet mellom sjøen og Orrevatnet som garden ligg på. Sekundære lagingar er: *Hodnemarkene* /"hådnemarKene/, *Hodnesanden* /"hådnesa:en/ og *Hodneskiptet* /"hådnesjipte/, dessutan dei eldre lagingane *Honnsstø* /'hånstø:/ og *Honnsviga* /'hånsvi:Gå/, båe av gno. **Horns-* (dvs. genitiv av gardsnamnet), jf. òg *Honnsstøbrekka* /'hånstøbrekå/.

**Hoggjene** /"håGene/ 206 36:B4. Holmegruppe mellom Håstein og Grynningen. Namnet, som er bunden form fleirtal, heng saman med verbet *hogga*, truleg med bakgrunn i forma, dvs. tilhogde eller kløyvde (avhogde) holmar, ev. i at sjøen slår hardt mot dei. Den søre holmen, som er noko høg, blir kalla → *Klubbane* /"klobane/ eller *Hoggjeklubben* /"håGeklob,n/. Nord for holmegruppa ligg *Hoggjeboen* /"håGebo:en/.

**Hoggsteinen** /"hågsteid,n/ 474 25:F5. Stein i sjøkanten på Hårr, tidlegare merkestein (grense) for fiske. Inneheld → *stein* og *hogg* n., helst laga til det samansette *hoggstein* m., som på Jæren er nytta om 'skiftestein i enden av ei grense, skilstein med innhogge merke'. Litt.: Myhre 1959.

**hol** m., gno. *hóll* m. 'låg, rund jordhaug, hol', ligg føre i eit godt dusin namn på haugar og høgder i og nær stranda, t.d. → *Knappholen* /"knapho:d,l/ (Sirevåg), *Småholen* (Haver), *Sletteholane* /"sliteho:lane/ (Hårr), *Midtre Rundeholen* (på Ølberg, ved Vigdelsviga). Dette ordet er mykje brukt i stadnamn på Jæren. Det er t.d. det mest nytta hovudleddet i nedarva bruksnamn i Klepp.

**hol** n., gno. *hol* n. 'hol, hole', ligg føre i snautt 40 namn på små innskjeringar (vikar) i strandlina (gjerne i fjellgrunn), dessutan på holer og søkk i lendet, og på holer på sjøbotnen. Usamansett form → *Holet* /'hå:le/ er t.d. nytta om eit djupare område i Honnsviga og om ein teineplass (ein sloe med eit sandhol i) utanfor Søra-Kolnes, jf. òg fiskeplassen *Kolaholet* /"kå:lahå:le/ (Orre) og hummarbrunnen *Humraholet* /"homrahå:le/ (Husvegg). Av småvikar kan nemnast *Nordavindsholet* (på Grynningen) og *Madholet* (Skiftesvik).

**Holafjellet** /"ho:lafjedle/ 178 6:C4. Berglende med store steinar opp frå sjøen (Myklabost). Etterleddet er → *fjell* og føreleddet truleg høgdenemnet → *hol* m.

**hole** f., gno. *hola* f. 'hole, hol', er av same språkrota som → *hol* n., og er nytta på om lag same måten. Det ligg føre i vel 25 namn på små innhykk i strandkanten (gjerne i berggrunn) og om holer i terrenget, dessutan i namn på fiskeplassar (det er ikkje alltid tale om tydelege søkk på sjøbotnen). → *Judahola* /"ju:dahå:lå/ og *Ølbergshola* er fiskeplassar vest for Feisteinen. *Kvidabergshola* /"kvi:dabershå:lå/ er eit innhykk i Ølbergneset, og → *Morthol* /"morthå:l/ ei hole i Moiviga (Vatnamo).

**Holet** /'hå:le/ 160 9:E3, 114 19:E4, 617 30:B5, 942 39. Fiskeplass (hole i sjøen) utanfor Hodne og Søra-Kolnes, og vikar (innhykk i strandkanten) på Skeie og Sirevåg (Nygård). Bunden form av → *hol* n. I vika på Skeie ligg *Holasteinen* /"hå:lasteid,n/, *Den nørdre steinen i Holet* og *Den søre steinen i Holet* /den "sø:re 'steid,n i 'hå:le/.

**Holmabuktene**, **-hola**, **-fjellet**, → *holme*.

**Holmane**, **Holman** /"hålmane, "hålman/ 4 23:B5, 182 29:G5, 505 32:505, 164 34:C6. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), eigentleg



Fig. 55. Holmane (Hå). Fortunholmen midt i biletet. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 55. Holmane (Hå). Fortunholmen in the middle of the photo. Photo: Inge Særheim.*

*Vatnamoholman(e)* (→ *Vatnamo*), og holmar på Kolnes (*Kolnesholmane*) og Ogna (*Ognaholmen*, delt i *Litle-* og *Storeholmen*, den førstnemnde også kalla *Indre Ognaholmen* /"indre "o:gnahålmen/). Namnet *Holmane* er òg nytta om eit område (ein teig) ved Varhaugsåna (på Varhaug) noko opp frå sjøen. Dette er bunden form fleirtal av → *holme* (i teignamnet kanskje helst laga til den sterke varianten *holm* m.), som i gardsnamnet siktar til holmar (små øyar), og i teignamnet helst til høgd eller avgrensa område på land (ved rennande vatn). Sekundære lagingar er *Holmane hamn* /"hålmane 'hab,n/ (i Holmane) og frå Ogna: *Holmasanden* /"hålmasa:en/, *Holmaskjeret* /"hålmasjæ:re/, *Holmasundet* /"hålmasone/, *Fluna med Holmen* /'flu:ne mæ: "hålmen/ og *Fluna innani Holmen* /'flu:ne "inani "hålmen/. Eit særmerkt fjellparti på Ognaholmen som skal likna på ein ramn, heiter *Holmaramnen* /"hålmarab,n/.

**holme** m., gno. *holmi* m. 'lita øy (holme), liten haug', førekjem i snautt 85 namn, i regelen nytta om små øyar (holmar) i sjøen, t.d. → *Mågholmen* /"må:ghålmen/ (Stølen, Holmane) og → *Austmannsholmen* (Kinnarvåg, Holmane). Usamansett form *Holmen* /"hålmen/ og *Holman(e)* /"hålman(e)/ er nytta om holmar som utanfor nærmiljøet får lagt til gardsnamnet som utmerkjande ledd: *Visteholmen*, *Kolnesholmane*, *Ognaholman* (*-holmen*), jf. òg gardsnamnet → *Holmane* /"hålman/ (Fig. 55). I eldre mål er det nytta sterk form *Holmen* /'hålmen/, dvs. *holm* m., om nokre av lokalitetane, t.d. Visteholmen. I nokre høve er nemnet lagt til eit opphavleg usamansett namn, som eit epeksegetisk ledd (eit forklarande tillegg): *Kjertholmen* (*Kjerten*), *Røydeholmen* (*Røyda*), *Kupmannsholmen* (*Kupmannen*). I → *Skoholmen* /"sko:hålmen/ (Tunge) er ordet nytta om ein farleg grunne i sjømålet. Ordet er føreledd i t.d. *Holmabuktene* /"hålmaboktene/ (Melingsholmen), *Holmahola* /"hålmahå:lå/ (Holmane) og *Holmafjellet* /"hål-mafjedle/ (Nygård, inne på land).

**Holmen** /"hålmen/ 146 1:D1, 422 2:C6, 721 4:G3, 101 5:E3, 202 24:E5, 505 32:E3, 163 34:C4. Holmar på Ytrabø og Viste. Namnet er òg nytta om område på land (gjerne høgder), t.d. på Tunge(neset), Jåsund, Årsland og i Holmane. I eldre mål er det nytta sterk variant, /'hålmen/ (*holm* m.) om nokre av stadene, t.d. Visteholmen. På Tungeneset finn ein sekundærnamna *Holmodden* /"hålmåd,n/

(*Indre* og *Ytre Holmodden* /"ytre "hålmåd,n/), *Holmanebba* /"hålmanebå/ (pynt) og *Holmaviga* /"hålmavi:Gå/, og på Jåsund *Holmanuden* /"hålmanu:d,n/.

**Holmestø** /"hålmestø:/ 542 28:A1. Båtplass på Kvalbein. Inneheld → *stø* f. 'båtplass, stø' og → *holme*. Her finn ein òg *Holmestøfjellet* /"hålmestøfjedle/.

**Honnsstø**, **Honnsviga** (*-vika*), → *Hodne*.

**Hua** /'hu:å/ 103 38:B5. Holme nord for Tjør. Her finn ein *Stora* og *Litla Hua* /"litla 'hu:å/. Namnet har truleg samband med *huv* m. 'kuv, kul; takmøne, botnbord i båt', gno. *húfr* 'skipsside, skipsbuk', som siktar til den spesielle forma til holmen; han er flat, men går opp i ein krum topp på midten. Sekundære lagingar er: *Huaboane* /"hu:abo:ane/, *Huahella* /"hu:ahedlå/, *Huariva* /"hu:are:vå/, *Huaskora* /"hu:askå:rå/, *Huaskrabene* /"hu:askra:bene/ og *Huasteinen* /"hu:asteid,n/. Feminint genus kan ha med individualiserande namnelaging å gjera, gjerne òg påverka av ordet → *øy* f.

**Hugane** (*Hukane*) /"hu:gane/ 830 38:B5. Små holmar nord for Tjør, *Store* og *Litle Hugen*. Bunden form fleirtal av → *huk* m., nytta om høge og bratte holmar (skjer); → *Hugen*. Ei sekundær laging er *Hugaskrabene* /"hu:gaskra:bene/; → *Skrabene*.

**Huganivlingen** (*Huka-*), → *huk*.

**Hugen** (*Huken*) /'hu:Gen/ 212 37:B3, 238 38:B5. Små holmar nord for Håstein og nord for Tjør (→ *Hugane*). Bunden form av → *huk* m., nytta om høge og bratte holmar (skjer). Sekundære lagingar er *Hugafluene* /"hu:gaflu:ene/ (*Litla Hugafluna* /"litla "hu:gaflu:nå/ og *(Stora) Hugafluna* /("sto:ra) "hu:gaflu:nå/).

**huk** m., som er lånt frå mellomlågtysk, og er i slekt med *hake* f., er nytta om tre små, høge og bratte holmar eit godt stykke ute i sjøen: → *Hugen* /'hu:Gen/ (nord for Håstein), *Hugane* /"hu:gane/ (nord for Tjør). Det ligg òg føre i *Huganivlingen* /"hu:ganivlinjen/ (ved Rott); → *Nivlingane*. Ordet førekjem òg i skjergardsnamn frå Kvitsøy. Litt.: Særheim 2007:110.

**Huldresteinen** /"hul(dr)esteid,n/ 46 22:E3. Stein i stranda på Grødaland. Her skal huldra etter segna ha kvilt med sekken sin; difor vart det ei hylle i steinen. Samansett av → *stein* og ordet *hulder* f. Samansetjing med ordet *hylle* f. ville ha gjeve ein annan uttale, /"hydle-/.

**Humlaneset** /"homlane:se/ 199 8:B2. Nes nord på Rott. Etterleddet er → *nes* n. Føreleddet er truleg gno. *hǫmul-* 'stein', jf. nyno. *humul* m. 'liten, rundvoren stein'. Mindre truleg synest samband med plantenemnet *humle* m., eller dyrenemnet *humle* f. (t.d. brukt om den summande lyden av bølgjene). Sekundærnamn er *Humlanesbukta* /"homlanesboktå/, *Humlanesskjeret* /"homlanesje:re/ og *Humlanesodden* /"homlanesåd,n/.

**hump** m., jf. lågtysk *hump(e)* 'klump, pukkel', ligg føre i → *Humpane* /"hompane/, ein ujamn botnformasjon (og fiskeplass) ved Litla Hugafluna. Nemnet er i stadnamn frå Rogaland òg nytta om bergknattar og haugar på land, dessutan om steinar og grunnar i sjøen. Litt.: Særheim 2007:110.

**Humpane** /"hompane/ 220 36:B3. Ein noko ujamn botnformasjon og fiskeplass ved Litla Hugafluna. Bunden form fleirtal av → *hump*.

**Humraberget** /"homraberje/ 107 4:F2. Berg ved sjøen i Raustein. Samansett av → *berg* og dyrenemnet *hummar* m. Ein sette hummarteiner utanfor berget.

**Humrageilen** /"homrajeid,l/ 154 6:C4. Veg i Tananger (Myklabost). Inneheld → *geil* m. 'smal veg (med steingjerde på sidene)' og dyrenemnet *hummar* m. Her skal oppkjøparar ha skaffa seg hummar frå Myklabost-fiskarar. Det var fleire oppkjøparar i Hamn (Tananger).

**Humrahella** /"homrahedlå/ 495 2:D5. Helle i sjøen utanfor Indrabø. Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og dyrenemnet *hummar* m.

**Humraholet** /"homrahå:le/ 423 24:E5, 68 32:F5, **Hummarholet** /"homarhå:le/ 454 11:A5. Lita innskjering i Engjavigsholmen (Holmane) og ein stad i sjøen utanfor Årsland (ved Humraskjera). *Hummarholet* (Ølberg) er eit nyare namn på → *Øksnapytten*. Samansett av



Fig. 56. Nordra Molviga (Vistnes) og Hurra (Hurreberget). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 56. Nordra Molviga (Vistnes) and Hurra (Hurreberget). Photo: Inge Særheim.*

→ *hol* n. 'innhykk, hole' og dyrenemnet *hummar* m., brukt om fangststader for hummar.

**Humraskjera** /"homrasjæ:rå/ 399 24:E5, **Humraskjeret** /"homrasjæ:re/ 143 19:D3, 7 22:D3. Skjer utanfor Skeie, Grødaland og Årsland (-*skjera*). Inneheld → *skjer* og dyrenemnet *hummar* m. med bakgrunn i fangststader for hummar.

**Humrasteinane** /"homrasteinane/ 175 24:D5, **Humrasteinen** /"homrasteid,n/ 75 22:D3, 330 23:G3. Steinar utanfor Madland (-*steinane*), Grødaland og Nordvarhaug. Inneheld → *stein* og dyrenemnet *hummar* m. med bakgrunn i fangststader.

**Humratangen** /"homratanjen/ 14:E6/1. Tange på Sele. Ein skil mellom *Søre* og *Nørdre Humratangen* /"nø:re "homratanjen/. Samansett av → *tange* m. 'nes' og dyrenemnet *hummar* m. med bakgrunn i fangststader.

**Humravågen** /"homravå:jen/ 331 9:F3. Våg på Søra-Kolnes. Samansett av → *våg* m. 'lita vik' og dyrenemnet *hummar* m. med bakgrunn i fangststad.

**Humrodden** /"hområd,n/ 212 7:D4, 181 8:B3. Nes på Nordra-Kolnes og Rott. Samansett av → *odde* m. 'lite nes' og dyrenemnet *hummar* m., brukt om fangststader.

**Humrura** /"homru:rå/ 518 28:G2. Ur ved sjøen på Kvalbein. Samansett av → *ur* f. 'samling av stein, ur' og dyrenemnet *hummar* m. med bakgrunn i ein fangststad. Her finn ein òg *Humrursteinen* /"homrursteid,n/.

**Hundadalen** /"honada:len/ 44 22:C5. Lite søkk i strandbakken (Obrestad). Samansett av → *dal* m. og dyrenemnet *hund* m. Uviss bakgrunn.

**Hundatua** /"honatu:å/ 464 25:F3. Toppen av strandbakken på Stavnheim. Samansett av → *tuve* f. 'topp' og dyrenemnet *hund* m. Uviss bakgrunn.

**Hun(e)goda** (-*gota*) /"hu:negå:då/ 546 21:B4. Veg ned strandbakken (Brekka) på Obrestad. Etterleddet er → *gote* f. 'veg, sti'. Føreleddet er noko uvisst. Kanskje svarar det til *hun* som i *hunved*, med bakgrunn i at ein har lagt plankar i vegen for å få feste.

**Hurra** /"horå/ 72 3:C5, også kalla **Hurreberget** /"horeberje/ 71 3:C5. Opprive berg ved sjøen på Vistnes (nær Vistvik) (Fig. 56). Truleg laga til



Fig. 57. Husveggstøen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 57. Husveggstøen. Photo: Inge Særheim.*

verbet *hurra* 'kvervla, susa rundt; dundra, dura', som siktar til bølgjeslaga mot berget.

**Hurreberget**, → *Hurra*.

**hus** n., gno. *hús* n. 'hus', førekjem i namn som har bakgrunn i bygningar på stadene, i regelen er dette lagingar til eit samansett ord på *-hus*: → *Følhuset* (Husvegg), *Mågahuset* (Vistnes, fangststad for måkar), *Turkhuset* /"torkhu:se/ (Sørreime), *Kvernhusa* /"kve(d)nhu:så/ (fleire stader). Ordet førekjem òg i namn på fiskeplassar, som → *Huset* /'hu:se/ (også kalla *Husagrunnen* /"hu:sagro:en/), som ligg sørvest for Kvalbeinraunen, dessutan i *Husarhausen* /"hu:sarhausen/, ein grunne i Rottshausane. I slike høve er bakgrunnen truleg méding frå eit hus på land. Dette ordet står elles som etterledd i somme gardsnamn frå fylket, t.d. *Mjølhus*, *Svihus*; det ligg dessutan føre i bruksnamn: *Øvrehus*, *Nedrehus*. Litt.: Særheim 2007:110.

**Husarhausen**, → *hus*.

**Huset** /'hu:se/ 564 27:C4, også kalla **Husagrunnen** /"hu:sagro:en/. Fiskegrunne sørvest for Kvalbeinraunen. Bunden form av → *hus* n., vel med bakgrunn i eit méd der eit hus på land er eit médpunkt.

**Husmannsmarka** /"hu:smansmarKå/ 308 11:B1. Mark opp frå stranda i Vigdel. Inneheld → *mark* f. og ordet *husmann* m. Marka skal tidlegare ha høyrt til Håland prestegard.

**Husvegg** /"hu:sveg/ Kart 24. Matrikkelgard i Hå (tidl. Varhaug), *Husseweg* 1519, *Hwswegh*, *Hwswig* 1521. Gno. **Húsveggr* m. 'husvegg', som inneheld orda gno. *veggr* m. 'vegg' og *hús* n. 'hus'. Namnet siktar truleg til den bratte, langstrekte jordryggen *Husveggberget* /"hu:svegberje/. Andre sekundære lagingar er: *Husveggbekken* /"hu:svegbeKen/, *Husveggskiptet* /"hu:svegsjipte/, *Husveggstronda* /"hu:svegstrånå/, *Husveggstøen* /"hu:svegstø:en/ (Fig. 57) og *Husveggtangen* /"hu:svegtanjen/.

**Hyljabakkane** /"hyljabakane/ 535 26:C3. Stad ved Kvassheimsåna. Samansett av → *bakke* og → *høl* m. 'hole i elv, høl', her i ei gammal samansetjingsform **Hylja(r)-*.

**Hyljaodden** /"hyljaåd,n/ 725 7:E4. Nes ved Brunnaviga (Nordra-Kolnes). Inneheld → *odde*

m. 'lite nes' og truleg → *høl* m. 'hole, høl', kanskje med bakgrunn i ei god kjelde på denne staden; → *Brunnaviga*.

**Hylla** /"hydlå/ 53 22:C1. Ein fiskeplass for hummar (Reime). Bunden form av → *hylle* med bakgrunn i ein botnformasjon.

**hylle** f., som er i slekt med gno. *hjallr* m. 'hjell, hylle' (uttala /'Ke:d,l/ i rogalandsmålet), er i *Hylla* /"hydlå/ (Reime) nytta om ein fiskeplass for hummar, vel med bakgrunn i ein botnformasjon (ei hylle).

**hyrna** n., jf. gno. *hyrna* f. 'hjørne', avleidd av *horn* n., førekjem i → *Sengahyrna* /"senja-hydna/, som er pynten av det flate berget → *Senga* (Vistnes). Det samansette *sengehyrne* n. har spela med ved namnelaginga.

**Hyttesteinen** /"hytesteid,n/ 314 23:F1. Stein i ura i stranda på Nordvarhaug. Samansett av → *stein* og *hytte* f., etter ei hytte som vart sett opp etter ein båt som stranda her.

**Hyvringen** /"hyvrinjen/ 364 36:C2. Båe nord for Grynningen. Laga til *høvring* /"hyvring/ m., som er eit vanleg ord for 'krabbe' i nordfylket, kalla *skryte* /"skry:da/ f. i sørfylket. Båen er truleg namngjeven etter forma, for han skal vera rund og taggete.

**Høga fjellet** /"hø:ga 'fjedle/ 412 32:B4. Fjell i Moiviga (Vatnamo). Inneheld → *fjell* og adjektivet *høg*.

**Høganes** /"hø:ganæ:s/ 3 24:D3. Teig inn av strandbakken på Husvegg. Samansett av → *nes* og adjektivet *høg*.

**Høgapig** (*-pik*) /"hø:gapi:g/ 415 24:D3. Det høgaste punktet på Husveggberget. Samansett av → *pik* m. 'spiss, topp' og adjektivet *høg*.

**Høga ura** /"hø:ga 'u:rå/ 632 26:B3. Ur i stranda på Kvassheim, i grensa med Hårr. Inneheld → *ur* f. 'samling av stein, ur' og adjektivet *høg*.

**Høgestadberget** /"hø:gestaberje/ 207 6:D5. Skogkledd berg i Snig (Tananger). Etterleddet er → *berg*. Føreleddet synest vera eit samansett namn som inneheld → *stad* og adjektivet *høg*. Dette er det høgaste punktet i Snig.

**Høgsedet** (*-setet*) /"hygse:de/ 464 35:B4. Skjer mellom dei to Frøsholmane. Jamføringsnamn laga til det samansette ordet *høgsete* n., som siktar til at skjeret er skore i to og liknar ein fin benk.

**høl** m., gno. *hylr* m. 'høl, kulp i elv', som er av same språkrota som → *hol* n. og *hole* f., er nytta om djup hole i elvelaup, t.d. *Langhølen* /"langhø:len/, *Steinhølen* og *Eivindshølen*, alle frå Hååna. Ordet vert ofte uttala med konsonantgruppa /dl/ i dette området, trass i at ordet ikkje har lang *l* i gno. (→ *hol* m. og *voll*). I → *Hyljaodden* /"hyljaåd,n/ (Nordra Kolnes) er nemnet nytta om ein odde som stikk ut i vika Brunnaviga.

**Hølen** /'hø:len/ 20 14:G3. Høl i Figgjo før utlaupet i sjøen. Bunden form av → *høl* m. 'hole i elv, høl'. Dette namnet er òg nytta som bruksnamn på Sele.

**Høne-Gunnar** /"hø:negonar/ 102 24:C3. Stein i sjøen utanfor Husvegg. Inneheld mannsnamnet *Gunnar* med tilnamnet *Høne-*. Det blir fortalt at ein som skulle fiska grunnung (småtorsk), hadde med ei høne til agn under kipa. Høna flaksa opp og sette seg på steinen.

**Hønesundet** /"hø:nesone/ 649 5:D3. Trongt, grunt sund mellom *Hønesundsholmen* /"hø:nesonshålmen/ og land (Skiftesvik, Jåsund). Samansett av → *sund* og ordet *høne* f., vel med bakgrunn i at dette er eit lite, trong og grunt sund.

**høy** m., → *haug* m.

**Hå** /hå:/ Kart 21. Kommune, prestegjeld og matrikkelgard, *af Há* i norrøn litteratur, *a Haom* ca. 1290, *a Haam* 1358. Namnet, som opphavleg har fleirtalsform, svarar truleg til nyno. *hå* m. 'poseforma utviding av elvelaup', eit ord som er kjent både frå norske og svenske stadnamn. Dette høver godt realt om den store utvidinga av *Hååna* /'hå:å:nå/ (*Håelva* /'hå:elvå/) like før ho renn ut i sjøen. Mindre rimeleg er framlegget i NG om anten gno. *hár* m. 'årekeip' eller eit *há-* 'hæl'. Andre sekundære lagingar er *Hålandet* /'hå:lane/, *Håtangen* /'hå:tanjen/ og *Håvåg* /'hå:vå:g/. Litt.: NG 10:101, 104, Vågslid 1958:128, Særheim 2007:113.

**Håbakken** /'hå:baKen/ 524 1:F2. Høgd på Tunge. Samansett av → *bakke* og adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Håboen** /'hå:bo:en/ 454 37:A3, 270 35:B4. Båar nord for Håstein og sør for Frøsholmane, den sistnemnde gjerne kalla *Håboskjeret* /'hå:bosje:re/, jf. òg *Håboskjersgrunnen* /'hå:bosjersgro:en/ like ved. Ved den førstnemnde finn ein *Håbofluna* /'hå:boflu:nå/ 455 39. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Håboskjeret**, → *Håboen*.

**Håbrodet** (*-brotet*) /'hå:brå:de/ 371 23:B5. Bakke ved Varhaugsåna. Inneheld → *å* f. 'elv' og adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Håelva**, → *Hå*.

**Håfjellet** /'hå:fjedle/ 153 11:G3. Høgt, bratt fjell ved sjøen i Hellestø. Inneheld → *fjell* og adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Hågrunnen** /'hå:gro:en/ 18 39. Grunne mellom Feisteinen og Tjør. Samansett av → *grunne* og adjektivet gno. *hár* 'høg'.

**Håkon Adelsteinen** /'hå:kon 'a:delsteid,n/ 158 21:A3. Stein i steingjerde i grensa mellom Obrestad og Hå. Etter segna har namnet bakgrunn i at kong Håkon Adalsteinsfostre skal ha tala til folket frå denne staden.

**Hålandsgrunnen** /'hå:lansgro:en/. 431 4:F4. Grunne i Visteviga. Inneheld → *grunne* og gardsnamnet *Håland*, vel med bakgrunn i eit médpunkt.

**Hårr** /hår/ Kart 25, 26. Matrikkelgard i Hå (tidl. Varhaug), *Hør* 1519, *pa Hore* 1521, *Hordt*, *Hor* 1563. Uvisst opphav. Namnet kan ha samband med gno. *hǫrgr* m. 'opplødd steinhaug, steinaltar, fjell', med grunntydinga 'stein', kanskje svarande til det svenske nemnet *har* 'steingrunn'. Naturnamn som *Harabekken* /"ha:rabeKen/, *Harafloen* /"ha:raflo:en/ og *Harakalvane* /"ha:rakalvane/ inneheld truleg gammal genitivform av dette gardsnamnet, gno. **Harar-*. Mindre rimeleg synest framlegget i NG om samband med gno. *horr* m. 'snått, snørr (frå nasen)', i så fall med tydinga 'blaut grunn', som i mellomlågtysk *hor* og gammalengelsk *horh*. Sekundære lagingar er *Hårrfluna* /'hårflu:nå/ (2 g.), *Hårrskeia* /'hårsjeiå/ (med *Hårrskeibekken* /'hårsjeibeKen/), *Hårrsloen* /'hårslo:en/, *Hårrstronda* /'hårstrånå/, *Hårrtangen* /'hårtanjen/ (med *Nørdre Hårrtangen* /"nø:re 'hårtanjen/), *Hårrviga* /'hårvi:Gå/ og *Hårråna* /'hårå:nå/. Litt.: NG 10:122, Særheim 2007:114.

**Håstein** /"håstei/ 134 37:B4. Høg holme (øy) langt ute i sjøen i Sola, stundom kalla *Store Håstein*. Samansett av → *stein*, her brukt om 'holme, øy', og adjektivet gno. *hár* 'høg'. Bortfallet av utlydande konsonant i sisteleddet *-stein* finn ein parallell til i → *Alstein*, dessutan i gardsnamnet *Bråstein* /"bråstei/ (Sandnes), jf. òg uttalen av *heim*-namna på Jæren, → *Kvassheim* /"kvasei/, *Stavnheim* /"stabnei/. Sekundære lagingar er *Håsteinbukta* /"håsteiboktå/, *Håsteinfaksen* /"håsteifaksen/, *Håsteinsfjorden* /"håsteisfjo:ren/, *Håsteinsundet* /"håsteisone/, *Håsteinshalsen* /"håsteishalsen/ (*Indre* og *Vestre Håsteinshalsen* /"vestre "håsteishalsen/), *Håsteinskjera* /"håsteisje:rå/ (*Stora* og *Litla Håsteinskjeret* /"litla "håsteisje:re/).

**Håttaviga** (*-vika*) /"håtavi:Gå/ 210 5:B3. Vik ved munningen av Hafrsfjord (Nordra Sunde). Etterleddet er → *vik*. Dette er gammal ferjestad ved Bus(s)eneset. Det blir fortalt at det her tidlegare stod eit lite hus med ei kvit og ei grøn rute. Dei som skulle over sundet, sette lyset i den grøne ruta slik at ferjemannen på Jåsund kunne sjå det og gå ut med båten. Føreleddet blir i lokal tradisjon sett i samband med verbet *hātta* 'sansa, leggja merke til', med bakgrunn i lyssignal frå denne staden i samband med kryssing av fjorden. Samansetjing med *hott* m. 'lita tuve, topp' synest mindre rimeleg.

**Håvardskoltane** /"hå:varskåltane/ 129 11:G3. Steinar i sjøen i Hellestø. Inneheld → *skolt* m., brukt om steinar, og mannsnamnet *Håvard*. Ein person (gut) med dette namnet skal ha drukna på denne staden.

**Håvardstø** /"hå:varstø:/ 63 3:C1. Stø på Vistnes. Samansett av → *stø* f. 'båtplass, stø' og mannsnamnet *Håvard*.



Fig. 58. Idlestolen (Vigdel). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 58. Idlestolen (Vigdel). Photo: Inge Særheim.*

## I

**Idlestolen** /"i:dlesto:d,l/ 135 11:F3. Bergnabbe som stikk fram i sjøen i Vigdel, ikkje langt frå grensa med Hellestø (Fig. 58). Namnet inneheld substantivet *stol* m. og adjektivet *ill* 'vond, sint'. Det er knytt ymse tradisjonar og forteljingar til denne staden. På Hellestø er det t.d. fortalt at konene i Vigdel sat på Idlestolen og fiska sei. Namnet kan sikta til at dette er ein utsett og farleg stad å fiska frå, ev. ha bakgrunn i gammal strid i området (jf. opphavet til gardsnamnet → *Vigdel*).

**Iljasågeren** (*-åkeren*) /'iljaså:geren/ 437 31:D2. Åker nær Kinnarvågen (Stølen). Like ved finn ein *Iljasågfjellet* /'iljasågfjedle/. Samansett av → *åker* og mannsnamnet *Elias*.

**Indra/Indre** ligg føre i vel 40 namn for å presisera at det dreiar seg om den indre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (ofte svarande til eit namn med leddet *Ytre*, ev. *Vestre*), t.d. *Indra brodet* /"indra 'brå:de/ (bakkekant på sjøbotnen ved Karlsmédgrunnen) og *Indre Lamholmsgrunnen* (Rott).

**Indra bredda** /"inra 'brede/ 186 28:A3. Kant mellom stein- (tare-) og sandbotn i Ognabukta. Inneheld → *bredd* i den nemnde tydinga (tarekant) og komparativforma *indre*.

**Indra brodet** (*-brotet*) /"inra 'brå:de/ 130 39. Bakkekant på sjøbotnen ved Karlsmédgrunnen. Inneheld → *brot* n. 'bakke(kant)' og komparativforma *indre*.

**Indrabø** /"inrabø:/ Kart 2. Matrikkelgard i Randaberg, *Hynnerbø* 1519, *Inderbø* 1521. *Indrabø* og → *Ytrabø* utgjer partar av ein opphavleg *Bø*-gard. Nemnet *bø*, gno. *bør* m., tyder 'gard', medan føreleddet fortel at dette er den indre gardparten, som ligg innanfor (aust for) Ytrabø. Gardsnamnet er føreledd i *Indrabøraunen* /"inrabøraud,n/, *Indrabøviga* /"inrabøvi:Gå/ og *Indrabøvågen* /"inrabøvå:Gen/.

**Indra leia** /"inra 'leiå/ 965 15:C1. Den indre seglleia i Honnsviga, også kalla *Indra Seglleia*

/"inra "seileiå/. Etterleddet er → *lei* f., nytta om 'båtlei', og føreleddet komparativforma *indre*.

**Indra neset** /"inra 'ne:se/ 787 3:D3. Nes på Vistnes, austanfor Vistnesvågen. Inneheld → *nes* og komparativforma *indre*.

**Indra renna** /"inra "renå/ 650 30:A3. Seglrenne inn til Sirevåg; lenger sør finn ein → *Ytra renna*. Samansett av → *renne* og komparativforma *indre*.

**Indra Seglleia** 845 15:C1, → *Indra leia*.

**Indra sugga** /"inra "sogå/ 862 26:F2. Det inste av to skjer utanfor Hårr, kalla → *Suggen*. Inneheld skjernemnet *sugge* og komparativforma *indre*.

**Indre Faksen** /"inre "faksen/ 819 33:B6. Skjer ved Skodene, også kalla → *Faksen*. Inneheld skjernemnet → *fakse* og komparativforma *indre*. Ved Tjør finn ein → *Ytre Faksen* og ved Håstein → *Faksaskjeret*.

**Indre Grunnen** /"inre 'gronen/ 652 30:B4. Inste delen av ein grunne (*Grunnen*) i innseglinga til Sirevåg. Inneheld namnet → *Grunnen* og komparativforma *indre*.

**Indre odden** /"inre "åd,n/ 593 30:B4. Odde på nordsida av vågsgapet i Sirevåg; på sørsida finn ein → *Ytre odden*. Samansett av → *odde* m. 'nes' og komparativforma *indre*.

**Indre Raunen** /"inre 'raud,n/ 460 20:460. Inste delen av Raunen (Nærlandsraunen). Samansett av namnet → *Raunen* og komparativforma *indre*.

**Indre sloen** /"inre "slo:en/ 258 21:F3. Det inste av to skjer (→ *Sloane*) utanfor Revtangen på Hå; lenger ute ligg → *Ytre sloen*. Inneheld skjernemnet → *sloe* og komparativforma *indre*.

**Indre smellen** /"inre 'smed,l/ 929 37:B4. Det inste av to skjer(grupper) nordaust for Håstein som vert kalla → *Smellane* /"smedlane/. Namnet, som inneheld substantivet *smell* m. og komparativforma *indre*, siktar til skarp og sterk lyd ved bølgjeslaga.

**is** m., gno. *íss* m., er nytta om skeiseplass, stad der det ofte er is om vinteren: *Knudaisen* /"knu:dai:sen/ (etter eigaren *Knut*), også kalla → *Knudatjørna* /"knu:daKødnå/.

**Ivarsreget** (*-reket*) /"i:varsræ:Ge/ 93 39. Gammal fiskeplass (eit rek) i Honnsviga. Samansett av nemnet → *rek* n., brukt om rekfiske, og mannsnamnet *Ivar*.

**Ivesthaugen** /"i:vesthauen/ 454 25:F2. Høgd med gravhaug på toppen av strandbakken på Stavnheim. Her finn ein eit gardsbruk og området blir kalla *Ivestheia* /"i:vestheiå/. Etterledda i dei to namna er → *haug* og → *hei*. Føreleddet er noko uvisst. Det kan tolkast som gno. *ívist* f. 'tilhald, det å vera i hus'. Vel så rimeleg synest eit gammal gardsnamn med gno. *staðir* som etterledd. Dette ordet er korta ned til /st/ i dei fleste namna av denne klassen på Jæren; føreleddet kunne i så fall vera mannsnamnet *Ivar*, gno. **Ívarsstaðir*. Det synest førekoma fleire 'tapte' gardsnamn av denne klassen på Jæren. Mindre rimeleg synest samband med verbet *evast* 'kvi seg', uttala /"i:vast/ i jærmålet.

**Ivestheia** 455 25:F2, → *Ivesthaugen*.

## J

**Jakobstranden** /'jakåbstra:en/ 114 6:C4. Strandområde vest for Tananger (Myklabost). Samansett av → *strand* og mannsnamnet *Jakob*.

**Jekta** /'jektå/ 277 36:C4. Grunne vest for holmen Kjerten. Inneheld skipsnemnet *jekt* (*jakt*) f. 'kystlastefartøy'; → *Jektastøna*. Bakgrunnen for namnet er kanskje grunnstøyting.

**Jektastøna** (*-støa*) /"jektastø:nå/ 325 3:C2, 241 8:B3, 287 11:A4. Namn på båtplassar tre stader (Vistnesvågen, Rott, Hellestø). Etterleddet er → *stø* f. 'båtplass', og etterleddet skipsnemnet *jekt* (*jakt*) f. 'kystlastefartøy'; → *Jekta*.

**Jensa** /"jenså/ 217 36:B3. Grunne nord for holmane Hoggjene. Inneheld mannsnamnet *Jens*. Dette kan vera ei forkorta (elliptisk) form av eit samansett namn med sisteleddet → *flu*; → *Jenta*. Bakgrunnen er uviss. Grunnen er kanskje namngjeven etter ein fiskar.

**Jenta** /"jentå/ 349 36:B3. Grunne nord for



Fig. 59. Hafrsfjordkjeften med Jåsund (til venstre) og Sunde (til høgre). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 59. Hafrsfjordkjeften with Jåsund (left) and Sunde (right). Photo: Inge Særheim.*

holmane Hoggjene, også kalla *Jentefluna*. Namnet *Jenta* synest vera ei elliptisk form av det samansette *Jentefluna*, samansett av → *flu* og substantivet *jente* f. Bakgrunnen for namnet er uviss.

**Jentefluna** (*-flua*) /"jenteflu:nå/ 383 36:B3, → *Jenta*.

**Jettegrydene** (*-grytene*) /"jetegry:dene/ 429 4:B3. Holer (som no er ifylte) i berget ved Goaviga. Inneheld det samansette ordet *jettegryte* f. 'rund hole i berg som vatnet har grave ut; jutulgryte', som først og fremst er nytta om runde holer i elvefar.

**Jonashagen** /'jonashaien/ 102 22:E4. Teig i stranda på Grødaland. Samansett av → *hage* og mannsnamnet *Jonas*.

**Jonaspollen** /'jonaspåd,l/ 857 26:G1. Ligg på ei flate på Hårr nedanfor gardstunet. Samansett av → *poll* m. 'lita vassamling' og mannsnamnet *Jonas*.

**Jonassteinen** /'jonasteid,n/ 106 1:D2. Stein i Holmaviga (Tunge). Samansett av → *stein* og mannsnamnet *Jonas*, etter ein som fanga hummar på denne staden.

**Jonsanden** /"jonsa:en/ 956 39. Kveiteméd utanfor Hellestø. Samansett av → *sand*, brukt om sandbotn, og mannsnamnet *Jon*, vel med bakgrunn i ein som kjende médet og fiska her.

**Joskjeret** /'jo:sjæ:re/ 504 26:B5. Skjer på Kvassheim. Etterleddet er → *skjer*. Føreleddet skal vera mannsnamnet *Jo(n)*; mindre truleg er eit ord *gjo* f. 'lang, djup rive i terrenget'. Innanfor skjeret finn ein *Joskjerbukta* /'jo:sjerboktå/.

**Judahola** (*Juta-*) /"ju:dahå:lå/ 107 39. Fiskeplass vest for Feisteinen, der ein skal ha teke storfisk. Etterleddet er → *hole*, medan føreleddet synest vera personnemnet *jute* m. 'jyde (person frå Jylland)', også brukt om 'danske' (som i *Judaberget* frå Finnøyna); → *Juden*.

**Juden** (*Juten*) /"ju:d,n/ 394 37:B5. Båe sørvest for Håstein. Namnet er truleg laga til personnemnet *jute* m. 'jyde (person frå Jylland)', også brukt om 'danske'. Bakgrunn for namnet er kanskje grunnstøyting; → *Judahola*, *Svensken*.

**Jæren** /'jæ:ren/. Område (region) som omfattar 7–8 kommunar. Gno. *Jaðarr*. Inneheld gno. *jaðarr* m. 'kant', jf. nyno. *jare* m. 'kant på tøy, teppe'. Namnet siktar til at Jæren ligg som ein låg kant (brem) ned mot sjøen. Liknande tyding har namn som *Lista* og *Karmøy*. Namna *Jar* og *Jaren* på Austlandet svarar til *Jæren*.

**Jæ(r)sloen** /"jæ:slo:en/ 95 32:G5. Stein ved Urvigodden (Holmane). Etterleddet er skjernemnet → *sloe*. Føreleddet er uvisst. Kanskje er det ordet → *gjerde*.

**Jørginahola** /jår"gi:nahå:lå/ 445 11:A4. Lita vik, som ei stor jettegryte, på nordsida av Ølbergneset. Samansett av → *hole* f. i tydinga 'vik' og kvinnenamnet *Jørgina*. Ei gammal kvinne med dette namnet henta skjelsand på denne staden.

**Jøsuphaugen** /"jøsuphauen/ 305 22:D1. Topp på brekka (strandbakken) på Reime. Etterleddet er → *haug* og føreleddet mannsnamnet *Josef*, her i ei lokal uttaleform, etter ein *Jøsup på Smihuset*.

**Jåsund** /'jå:sen/ Kart 5. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Jasont* 1519, *Jaswndt* 1521. Er samansett av → *sund* og adjektivet gno. *mjár* 'trong, smal', med bakgrunn i den sterke innsnevringa i munningen av Hafrsfjord (Hafrsfjordkjeften) (Fig. 59). Litt.: NG 10:182 f.

## K

**Kadlabygda** /"ka:dlabygdå/ 172 38:B6. Område på nordaustsida av Nordtjør. Ein odde som stikk ut i austleg retning, er kalla *Kadlodden* /"ka:dlåd,n/. I det førstnemnde finn ein ordet *bygd* f., og i det andre → *odde* m. Det første leddet kan tolkast som ordet *kall* m. 'kvernkall', uttala /'ka:d,l/ i målføret. Bakgrunnen kan vera jamn gnuring og malande lyd av havbølgjene mot holmen, jf. skjernamnet → *Kverna* og holmenamnet → *Kvernholmen*. Heller ikkje samansetjing med mannsnamnet *Karl*, uttala /'ka:d,l/ somme stader på Sørvestlandet, kan utelukkast i desse to namna. Bruken av ordet *bygd* f. er her uvanleg. Kanskje er det tale om eit slangnamn som har vore nytta i eit fiskarmiljø.

**Kadlodden**, → *Kadlabygda*.

**Kaffihagen** /'kafihaien/ 251 8:C3. Teig på Rott. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og ordet *kaffi* m., truleg med bakgrunn i at ein har hatt kaffipause på denne staden; jf. namnet *Kaffiholen* frå Hå.

**Kagebergene** /"ka:geberjene/ 641 10:F2. Berg heilt sør på Solastranden. Eit tilsvarande føreledd finn ein i *Kagesteinen* /"ka:gesteid,n/ frå Tunge. Etterleddet i det førstnemnde er → *berg* i bunden form fleirtal, og i det andre → *stein*. Føreleddet kan tolkast som ordet *kake* f., med bakgrunn i at steinen og berget er flate som ei kake, ev. er det verbet *kaga* 'stira, (strekkja hals for å) sjå', som kunne sikta til speiding utover sjøen.

**Kagesteinen**, → *Kagebergene*.

**Kaggeviga** /"kagevi:Ge/ 156 32:F4. Lita vik i Holmane. Samansett av → *vik* og *kagge* f. 'stamp, lita tønne (brukt til å halda ei not flytande)', anten med bakgrunn i forma til vika, eller i fiske.

**kai** m. (ordlån frå fransk gjennom nederlandsk) er nytta om murt bryggje: → *Kaien* /'kaien/ (Meling, Tananger).

**Kaien** /'kaien/ 258 6:D4, 357 6:D5. Murt bryggje (Tananger, Meling). Bunden form av → *kai*.

**Kalabukta** /"ka:laboktå/ 276 22:C5. Vik på Obrestad. Ute i sjøen finn ein *Kalaskjeret* /"ka:lasjæ:re/. Etterleddet er → *bukt* (→ *skjer* i skjernamnet). Føreleddet har truleg same opphav som i → *Kalagodden* mfl., dvs. samansetjing av *hage* m. og husdyrnemnet *kalv* m., med bakgrunn i kalvebeite i stranda. Mindre rimeleg synest samansetjing med dyrenemnet *kval* m., som i → *Kvalabeden*.

**Kalaggrunnen** /"ka:lagro:en/ 429 8:B3. Grunne ved land på Rott. Her finn ein òg namna *Kalagodden* /"ka:lagåd,n/, *Kalagskjeret* /"ka:lagsje:re/ og *Kalagviga* /"ka:lagvi:Gå/. Etterleddet er → *grunne* m., dessutan *odde* m., *skjer* n. og *vik* f. Føreleddet *Kalag-* inneheld orda → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og husdyrnemnet *kalv* m., med bakgrunn i kalvebeite i stranda; → *Kalvahagen*, *Kalvshagen*, *Kalabukta*.

**Kalagodden**, **-skjeret**, **-viga** (*-vika*), → *Kalaggrunnen*.

**Kalaskjeret**, → *Kalabukta*.

**Kalfluna** (*-flua*) /"ka:lflu:nå/ 61 16:F1. Grunne utanfor Reve. Samansett av → *flu* f. 'grunne (under sjømålet)' og mannsnamnet *Karl*; → *Karlsméd*.

**Kalkaberget** /"kalkaberje/ 120 11:B4. Fjell ved sjøen på Hellestø. Inneheld → *berg* og partisippforma av *kalka* vb. (ev. *kalk* m.), som siktar til fargen. Det blir fortalt at berget vart kalka for at laksen skulle lokkast inn. Like ovanfor finn ein *Kalkabergsgjoda* /"kalkabergsjo:då/.

**Kalkaskjera** /"kalkasje:rå/ 391 37:B4. Skjer nord for Håstein, også kalla *Kalken* /'kalken/. Inneheld → *skjer* n. og *kalk* m. (ev. partisippforma av *kalka* vb.), som siktar til fargen på skjera.

**Kalken**, → *Kalkaskjera*.

**Kalsatjørna**, → *Kalvahagen*.

**Kalvahagen** /"kalvahaien/ 547 22:C5, 165 23:B5, 20 23:F2, 346 23:G3, 505 25:F5, **Kalvhagane** /"kalvha:gane/ 435 2:C2, **Kalvshagen** /"kalshaien/ 594 26:G2, 223 32:A4. Beitehagar i strandkanten fleire stader (*Kalva-*: Obrestad, Nordvarhaug, Varhaug, Hårr; *Kalv-*: Ytrabø; *Kalvs-*: Hårr), det sistnemnde er òg brukt som gardsnamn heilt sør i Hå. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke, beitehage' og husdyrnemnet *kalv* m., med bakgrunn i beite i stranda. Sekundære lagingar er *Kalvahagtangen* /"kalvahagtanjen/ (Obrestad) og *Kalsatjørna* /"kalsaKødnå/ (**Kalvshaga-*; Hårr), jf. òg *Litla Kalsatjørna* /"litla "kalsaKødnå/.

**Kalvasteinen** /"kalvasteid,n/ 237 11:F2. Stein nær sjøen i Vigdel. Samansett av → *stein* og husdyrnemnet *kalv* m. Namnet har bakgrunn i beite. Området kringom er kalla → *Kalvahagen* /"kalvahaien/.

**Kanada** /'kanada/ 105 4:F1. Dyrka jord nær sjøen på Nordra Sunde. Inneheld landsnamnet *Canada*. Namnet siktar til at dette er god jord som ligg eit godt stykke borte (vest) for heimegarden.

**kanal** m. (ordlån frå latin), er nytta om graven vassrenne: → *Kanalen* /ka'na:len/ (fleire stader), *Skeiekanalen* /"sjeiekana:len/. Jf. *med kloakken* /mæ: klo'aKen/ (*kloakk* m., ordlån frå latin), som er ei nemning for eit område på Hodnesanden der det er ei renne for kloakk.

**Kanalen** /ka'na:len/ 748 4:B4, 108 19:E3, 581 27:E1. Graven vassrenne fleire stader (Goa, Skeie, Kvalbein). Bunden form av → *kanal* m.

**Kannesteinen** /"kanesteid,n/ (også /"kana-/) 555 2:D5. Stor steinsamling nær sjøen på Indrabø. Etterleddet er → *stein*. Føreleddet blir oppfatta som ordet *kanne* f., av di steinen skal ha likna på ei stor kanne utan hank. Ei alternativ tolking er samansetjing med verbet *kanna* 'sjå (etter)', om utsynsstad.

**Karisteinen** /"ka:risteid,n/ 180 26:B4. Stein nær sjøen på Kvassheim. Samansett av → *stein* og kvinnenamnet *Kari*.

**Karlsméd** /'ka:lsme:/ 964 39. Gammal fiskeplass (langerek) på grunneplatået nord og vest for Feisteinen, også kalla *Karlsmédrega* (*-et*) /'ka:lsmeræ:Gå/ (/-ræ:Ge/). Lenger inne finn ein den store fiskeplassen *Karlsmédgrunnen* /'ka:lsmegro:en/. Eit médpunkt inne på land er kalla *Karlsmédtuene* /'ka:lsmetu:ene/. Det førstnemnde er samansett av → *méd* n. 'fiskeplass (som ein finn ved hjelp av médliner)' og mannsnamnet *Karl*. I dei to sekundære lagingane finn ein etterledda → *rek* og *grunne*.

**Karlsmédgrunnen**, **-rega** (*-reka*), → *Karlsméd*.

**Kartafluen(e)** /"ka:rtaflu:en/ 832 30:A5. Grunne sør for Sirevåg, *Indra* og *Ytra Kartafluna* /"ytra "ka:rtaflu:ne/. Samansett av → *flu* i bunden form fleirtal og ordet *kart* m., som i namn frå Jæren er nytta om knudrete og steinete terreng, t.d. i fjellnamnet *Karten* /'ka:rt,n/, som har gjeve namn til garden *Kartavoll* (Time).

**Karvakråna** (*-kråa*) /"karvakrå:nå/ 358 23:A3. Eit noko lågare søkk i ura på Varhaugsstronda der det har vakse karve. Samansett av → *krå* og plantenemnet *karve* m.; → *Karvastykket*.

**Karvastykket** /"karvastyKe/ 312 2:C2. Er del av ein teig i stranda på Ytrabø der det veks karve. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke' og plantenemnet *karve* m.; → *Karvakråna*.

**Kassane** /"kasane/ 622 10:B4. Skjer på Ølberg. Bunden form fleirtal av ordet *kasse* m., brukt jamførande om forma til skjera.

**kast** n., gno. *kast* n., er nytta om fiskestad, eigentleg om staden der ein set ut fiskereiskapen: → *Kastet* /'kaste/ (fleire stader, bl.a. i Honnsviga), *Floskjerkastet* /"flo:sjerkaste/ (ved Feisteinen) og *Hodnakastet* (ved Tjør; er méda frå Rennesøyhornet).

**Kastesteinen** /"kastesteid,n/ 206 6:D5. Stor stein i Tananger (Meling). Etterleddet er → *stein* og føreleddet → *kast* n. eller *kasta* vb., vel med bakgrunn i notkast (ein hadde notsteng her).

**Kastet** /'kaste/ 955 13:C4. Nytta om fiskestad (kasteplass, stad der ein set ut fiskereiskapen), bl.a. i Honnsviga. Bunden form av → *kast* n.

**Kattafjellet** /"katafjedle/ 560 29:B4. Fjellknatte som ligg litt inn frå sjøen på Ogna, kalla → *Lyngtua* av fiskarar. Samansett av → *fjell* og dyrenemnet *katt* m., som her vel siktar til røyskatt.

**Kattahavet** /"kataha:ve/ 346 3:C2. Liten vasspytt ved sjøen på Vistnes, brukt til skeising om vinteren. Samansett av → *hav* n. '(lita) vassamling' og dyrenemnet *katt* m. Namnet er kanskje ironisk meint.

**Kattahola** /"katahå:lå/ 403 8:C3. Stad på Rott. Samansett av → *hole* og dyrenemnet *katt* m.; → *Kattafjellet*.

**Kattapina** /"katapi:nå/ 551 2:C1, 202 8:A3. Nytta om ei trong bergkløft (klomre) ved sjøen på Ytrabø der ein så vidt kan gå inn med båt, og om eit skjer på Rott der det er ein trong passasje mellom skjeret og land (Vestra øyna). Namnet er laga til det samansette *kattepine* f., som siktar til at dette er stader der ein lett kan koma i klemme.

**Kattapollan** /"katapådlan/ 60 31:B1. Vasspyttar innanfor Havrabukta (Haver). Er samansett av → *poll* m. 'vasspytt' i bunden form fleirtal og dyrenemnet *katt* m.; → *Kattahavet*, *Kattafjellet*.

**Kattaraua** (*-rauva*) /"kataraue/ 92 31:D3, 140 31:D4. Nytta om små sund (vikar) mellom holmar to stader i Holmane. Laga til det samansette *katterauv* f. 'katterumpe, -bakende', her brukt biletleg om små innskjeringar.

**Kattarøysa** /"katarøyså/ 22 22:D1. Røys av små, runde steinar på Reime. Eit område nedanfor denne staden blir omtala som *under Kattarøysa* /"ona "katarøyså/. Samansett av → *røys* f. 'samling av stein' og dyrenemnet *katt* m., her vel brukt om røyskatt; → *Kattafjellet*. Frå Raustein kan elles nemnast *Kattura* /"katu:rå/.

**Keila** /"Keilå/ 74 3:C5, 332 9:E2. Små innskjeringar i stranda i Vistvik (Fig. 60) og på Kolnes. På Kolnes finn ein òg sekundærnamnet *Keileklova* /"Keileklå:vå/. Bunden form av → *keile* f. 'trong vik'.

**keile** f., gno. *keila* f. 'kil, smalt sund', er nytta om små innskjeringar (vikar) i stranda: → *Keila* /"Keilå/ (Kolnes, Vistvik). Ordet står i avlyd til → *kil* m.

**kil** m., gno. *kíll* m. 'trong vik, kil', ligg føre i namn på små vikar og innskjeringar i holmar og berg i stranda: → *Kilen* /'Ki:len/, *Dynbergskilen* /'dynbergsKi:len/ (på Grynningen); → *keile*.

**Kilen** /'Ki:len/ 945 13:A5, 581 30:B3, 5 38:B7. Nytta om små og tronge vikar og innskjeringar i holmar (Storetjør, Feisteinen, Rekkjeholman). Bunden form av → *kil* m. 'trong vik, kil'.

**Kilte steinen** /"Ki:lte 'steid,n/ 402 24:C3. Stein i Husveggstronda, også kalla → *Den kilte* (Fig. 61). Samansett av → *stein* og partisippforma *kilt* av verbet *kila* '(kløyva ved å) driva inn ein kile'.

**Kingshola** /'Kingshå:lå/ 212 8:C4. Lita vik på Rott. Etterleddet er → *hole* f. 'vik', medan føreleddet har samband med dialektordet *kingse* f. /"Kingsa/ (skyldt gno. *kengr* m. 'krok; bukt, bøying'), nytta om små, runde steinar.

**Kinnarvåg** /"Kinarvå:g/ Kart 31. Matrikkelgard i Hå. Gno. **Kinnarvágr*, samansett av → *våg* m. 'vik, våg, bukt' og gno. *kinn* f. 'kinn', som siktar til nokre bratte berg ved vågen, dvs. ved *Kinnarvågen* /"Kinarvåyen/. Sekundære laginngar med gardsnamnet som føreledd er: *Kinnarvåggabet* /"Kinarvåga:be/, *Kinnarvågodden* /"Kinarvågåd,n/ og



Fig. 60. Keila (Vistvik). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 60. Keila (Vistvik). Photo: Inge Særheim.*

*Kinnarvågskjeret* /"Kinarvågsjæ:re/. Litt.: NG 10:94, Særheim 2007:123.

**Kista** /"Kistå/ 11 38:B7. Fjell på Storetjør. Bunden form av *kiste* f., brukt jamførande om forma til fjellet.

**Kisteberget** /"Kisteberje/ 94 32:E4. Fjell ved sjøen i Holmane. Samansett av → *berg* og ordet *kiste* f., som truleg siktar til forma; → *Kista*.

**Kiste(s)nes** /"Kiste(s)ne:s/ 508 1:D3. Nes som stikk ut i sjøen på Sande. Etter tradisjonen skal ei skipskiste med pengar ha drive i land her. Samansett av → *nes* og truleg ordet *kistel* (gno. *kistill* m.) 'lita kiste', ev. ordet *kiste* f.

**kjeft** m., gno. *kjaptr* m., er nytta om munningen av ei elv eller ein fjord: *Åkjeften* /'å:Keft,n/ (eldre /-Kept,n/), *Hafrsfjordkjeften* /"hafjoKeft,n/; → *gap* n.

**kjelde** f., gno. *kelda* f. 'kjelde, vasshol', finn ein som etterledd i t.d. → *Bispakjelda* /"bispaKelå/ (Hå, oppkome i strandbakken), og som føreledd i → *Kjeldestø* /"Kelestø:/ (Hårr, Sirevåg).

**Kjeldeberghagen** /"Keleberghaien/ 109 4:E2. Teig opp frå sjøen i Raustein. Etterleddet er → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og føreleddet eit stadnamn som er samansett av orda → *berg* og → *kjelde* f. 'vasskjelde, oppkome'.

**Kjeldehagen**, → *Kjeldestø*.

**Kjeldestø** /"Kelestø:/ 476 26:F1, 602 30:C4. Båtstøer på Hårr og i Sirevåg. Ved den førstnemnde finn ein *Kjeldehagen* /"Kelehaien/. Samansett av → *stø* f. 'båtstø, båtplass' og → *kjelde* f. 'vasskjelde, oppkome'.

**Kjelen** /'Ke:len/ 157 32:F5. Vik i Holmane innanfor Engjavigsholmen. Bunden form av ordet *kjêl* m. 'kokekar; stor behaldar; søkk i terrenget', her truleg nytta i tydinga 'hole, søkk i terrenget'.

**Kjellaren** /"Kedlaren/ 164 10:C4. Heller i eit berg nær sjøen på Ølberg. Bunden form av ordet *kjellar* m., som vel siktar til at helleren er brukt som lagringsstad, jf. ordet *eplekjellar* m. 'lagringsstad for poteter'.

**Kjempa** /"Kempå/ 132 3:D2. Teig (dels urydda) opp frå stranda i Raustein. Bunden form av ordet *kjempe* f., som her truleg er eit plantenemne, nytta om ein urt i kjempefamilien.



Fig. 61. Den kilte (Kilte steinen), Husvegg. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 61. Den kilte (Kilte steinen), Husvegg. Photo: Inge Særheim.*

**Kjerbergen** /"Kerberen/ 419 38:B7, 702 38:B4. Grunnar og fiskeplassar aust for Tjør og vest for Rott. Namnet inneheld fjellnamnet *Kjerberget* /"Kerberje/ frå Skadberg (Sola), anten som elliptisk (avkorta) form av eit opphavleg **Kjerberggrunnen*, eller som ei individualisert laging (*Kjerbergen*) til fjellnamnet. Føreleddet i fjellnamnet har truleg tilsvarande opphav som holmenamnet → *Kjerten* (og kanskje fjellnamnet *Kjerag* frå Lysefjorden), dvs. samband med verbet *kjerra* 'reisa seg høgt opp', ev. er det plantenemnet *kjerr* n.

**Kjerka** /"Kerkå/ 86 3:C4. Fjell ved sjøen i Vistvik. Bunden form av ordet *kjerke* f. 'kyrkje', brukt jamførande. Berget skal likna på ein preikestol.

**Kjerreberget** /"Kereberje/ 363 3:C2. Berg opp frå stranda på Vistnes. Samansett av → *berg* og ordet *kjerre* f. '(heste)kjerre'. Bakgrunnen skal vera at kjerrene stod i livd under det utoverhengande berget.

**Kjerringa** /"Ke:rinjå, "Kæ:rinjå / 90 3:C5, 89 16:D5, 909 25:G5, 350 36:C2. Namn på nokre store og breie steinar (Hårr, Hodne, Vistvik og ved Sprette, nordaust for Grynningen). Bunden form av ordet *kjerring* f., her brukt biletleg, gjerne om steinar som står for seg sjølve og er i vegen, som ei 'kjerring mot straumen'. Kjerringa på Hodne stengjer for innroinga til Honnsstø. Slike namn, som kan seiast å ha eit negativt innhald, er døme på einsidig mannsperspektiv ved namngjevinga på sjøen; → *Kjerringraua*, *Kjerringgrunnen*.

**Kjerringgrunnen** /"Ke:ringro:en/ 320 34:C6. Grunne utanfor Kolnes. Samansett av → *grunne* og personnemnet *kjerring* f.; → *Kjerringa*.

**Kjerringraua** (*-rauva*) /"Kæ:ringrauå/ 453 25:F3. Skjer (stein) i Stavnheimsviga. Bunden form av det samansette *kjerringrauv* f., brukt biletleg. Ifølgje (den mannlege) informanten liknar steinen på "ein dugeleg kubbestol" (/"du:ale "kobesto:d,l/); → *Kjerringa*, *Raua*.

**Kjerten** /'Kert,n/ 124 36:C4. Holme utanfor Myklabost (Fig. 62). Namnet har truleg samband med verbet *kjerra* 'reisa seg høgt opp', jf. den islandske partisippforma *kertur* 'rank, kneisande', med bakgrunn i at holmen er nokså høgreist. Fjellnamna *Kjerag* (Lysefjorden) og *Kjerberget* (Skadberg), → *Kjerbergen*, synest



Fig. 62. Kjerten sett frå Myklabost. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 62. Kjerten seen from Myklabost. Photo: Inge Særheim.*

ha tilsvarande opphav. Ei alternativ tolking er samband med gno. *kerti* n. 'kjerte, vokslys', som kunne sikta til lyse flekkar i steinen. Holmen blir stundom kalla *Kjertholmen* /"Kerthålmen/, som vel er ei epeksegetisk laging (med tillegg av eit ord for terrengtype).

**Kjøbenhavn** /Kø:ben'havn/ 731 4:F1. Lita bukt og båthamn på Nordra-Sunde. Namnet inneheld det danske hovudstadsnamnet *København*, altså døme på oppkalling. Det kan ha samband med at dette er ein båtplass. Bukta blir òg kalla *Kjøbenhavn(er)bukta* /Kø:ben'havn(er)boktå/.

**Kjøringsvegen** /"Kø:ringsveien/ 150 6:D4. Gammal veg i Tananger som no har eit anna namn (*Tananger ring*). Etterleddet er → *veg*. Føreleddet siktar til at dette er ein veg som ein kan køyra.

**klakk** m., gno. *klakkr* m. 'klump, klakk', er nytta om noko bratte fjellskoltar i sjøen (og eit médfjell på land): → *Klakken* /'klaKen/ (fleire stader), *Avendsklakken* /"a:vensklaKen/ (ved Feisteinen).

**Klakken** /'klaKen/ 11 12:E3, 508 27:D6, 222 33:C6. Skjer (bratte bergskoltar) i sjøen fleire stader (utanfor Sele og Byberg, sør for Kvalbeinraunen, vest for Skodene). Bunden form av → *klakk*. Same namnet er nytta om eit fjell i Ognaheia som er méd for fiskeplassen *på Klakken* /på: 'klaKen/ i Ognabukta.

**Klampen** /'klampen/ 189 34:C6. Båe nord for Nordholmen i Kolnesholmane, også kalla *Nordboen*. Eit skjer søraust for båen vert kalla både *Klampaskjeret* /"klampasje:re/, *Seiaskjeret* og *Nordra skjeret*. Namnet *Klampen* er bunden form av ordet *klamp* m., som i namn frå Rogaland er nytta om mindre berghamrar. Litt.: Særheim 2007:127.

**Klattane** /"klatane/ 221 37:B3. Grunne sør for Villeboane i Håsteinsfjorden. Bunden form fleirtal av ordet *klatt(e)* m., som i namn frå Rogaland er brukt om fjellknattar. Litt.: Særheim 2007:127.

**Klausgrunnen** /'klausgro:en/ 46 39. Fiskegrunne utanfor Reve. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Klaus*; → *Klausskjeret*.

**Klausskjeret** /'klausje:re/ 146 34:C4. Skjer sør for Fladholmen. Samansett av → *skjer* og mannsnamnet *Klaus*; → *Klausgrunnen*.

**Klaven** /"kla:ven/ 356 36:C3. Skjer nordaust for Egerholmen. Bunden form av ordet *klave* m., som her er brukt jamførande, vel om eit skjer som ein skal halda avstand til, slik at ein ikkje blir 'hekta på' og grunnstøyter.

**Klededal** /"klæ:eda:l/ 235 11:F2. Søkk opp frå sjøen i Vigdel. Etterleddet er → *dal* m. Føreleddet *klede* n. skal sikta til at ein her pla leggja klede ut for bleiking.

**kleiv** f., gno. *kleif* f. 'kleiv, (veg i) bratt bakke', ligg føre i → *Kleiva* /'kleive/ (Stølen), ein bakke opp frå vågen.

**Kleiva** /'kleive/ 442 31:D2. Bakke opp frå vågen (dvs. Kinnarvågen) ved Stølen. Bunden form av → *kleiv*.

**Klemma** /"klemå/ 479 26:F1. Skjer utanfor Store Skarsteinen (Hårr). Bunden form av ordet *klemme* f., som her er brukt jamførande om ei rive mellom to steinar der ein ikkje kjem fram med båt.

**Klemmetangen** /"klemetanjen/ 170 16:C1. Tange (nes) på Reve. Inneheld → *tange* og ordet *klemme* f., som siktar til forma på tangen; → *Klemma*.

**Klenaviga** (*-vika*) /"kle:navi:Ge/ 814 30:B5. Lita vik sør for Sirevåg. Samansett av → *vik* og adjektivet *klen* 'tynn, smal; klein' med bakgrunn i at vika er smal.

**Kleppegrunnen** /"klepegro:en/ 44 17:E4. Grunne utanfor Reve. Samansett av → *grunne* og gardsnamnet *Kleppe*, vel med bakgrunn i eit médpunkt (Kleppevarden).

**Klobnesteinen** (*Klovne-*) /"klåbnesteid,n/ 318 23:F2. Kløyvd stein på Nordvarhaug. Samansett av → *stein* og *klovna* adj. 'kløyvd' (partisipp av *klovna* vb. 'bli kløyvd, sprekka langsetter'). Sekundære lagingar er *Klobnesteinstangen* /"klåbnesteinstanjen/ og *Klobnesteinsstøene* /"klåbnesteinstø:ene/.

**Klokkarhaug**, → *Klokkarulla*.

**Klokkarhølen** /"klåkarhø:len/ 471 21:F5. Høl i Håana like ovanfor utvidinga av åa i Vågen. Inneheld → *høl* m. 'hole i elv, fiskehøl' og *klokkar* m. Lenger oppe ligg → *Presthølen*, som har samanheng med at Hå er gammal prestegard (bustad for presten).

**Klokkarulla** /"klåkarodlå/ 168 24:B6. Haug innanfor den gamle Kongsvegen langs stranda på den gamle kyrkjegarden Varhaug, også kalla *Klokkarhaug* /"klåkarhau/ (og *-høyen*). Haugen skal ha vore merke for nonsmåltidet (kalla *nune* /"nu:ne/) for gardar som låg lenger oppe. Inneheld → *rulle* f. '(rund) haug'. For føreleddet er det nærliggjande å føreslå ordet *klokke* f. med bakgrunn i at haugen tidlegare var tidmerke, men samansetjingsfuga *-a* (og namnet *Klokkarhaug*) tyder helst på ordet *klokkar* m. (jf. at Varhaug var kyrkjestad alt i mellomalderen) .

**Klokkene** /"klåkene/ 365 37:B4. To skjer nord for Håstein, kalla *Litla* og *Stora Klokka* /"sto:ra "klåkå/ og *Litla* og *Stora Klokkeskjeret* /"sto:ra "klåkesje:re/. Ofte bruker ein namnet *Klokkeskjeret* om det største skjeret. Namnet, som inneheld ordet *klokke* f., skal ha bakgrunn i ein båt som grunnstøytte ved denne staden, visstnok i 1558 (jf. kap. 3.6.3). Om bord var det kyrkjeklokker, bl.a. frå domkyrkja i Stavanger, som skulle fraktast til København, der dei skulle støypast om til kanonar. Denne forteljinga (segna) har levd på folkemunne like til i dag, og ho er omtala i litteratur frå 1600- og 1700-talet, bl.a. av Peder Clausson Friis (1613:327) og amtmann Bendix Christian de Fine (1745:40). Eit brev som er skrive på Bergenhus (Bergen) i 1558 omtalar eit skip med 13 klokker om bord som skal fraktast til København der dei skal støypast om til kanonar for slottet. Ei rund innbukting på Håstein er kalla *Klokkebaien* /"klåkebaien/. Litt.: Særheim 2002:51

**Klokkeskjeret**, → *Klokkene*.

**klopp** f., gno. *klǫpp* f. 'klopp, bru av nedlagde stokkar eller steinar', ligg føre i *Kloppa* /'klåpå/, ein grunn stad i Håana, jf. òg → *Klopparskeia* /"klåparsjeiå/ (Grødaland) frå den gamle kongsvegen.

**Kloppa** /'klåpå/ 746 21:G5. Grunn stad i Håana, der ein har kryssa åa. Bunden form av → *klopp* f. 'klopp, bru'.



Fig. 63. Klopsteinen (Skeie/Refsnes). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 63. Klopsteinen (Skeie/Refsnes). Photo: Inge Særheim.*

**Klopparskeia** /"klåparsjeiå/ 1 22:E4. Eit område med steinhaugar (fortidsminne) ved den gamle Kongsvegen langs stranda på Grødaland. Etterleddet er → *skei(d)*, som her vel er nytta om den gamle vegen. Føreleddet er → *klopp* f. 'bru, klopp', som her truleg siktar til ei bru over bekken like sunnanfor.

**Kloppen** /"klåpen/ 22 31:B2, 23 31:B2. Namnet er to stader i Haver notert om små skjer som ligg nær land. Det synest vera fleirtalsform av → *klopp*, kanskje brukt jamførande om skjer som minner om ei steinklopp.

**Klopsteinan** /"klåpsteinan/ 727 30:B6, **Klopsteinen** /"klåpsteid,n/ 85 16:D6, 33 20:F5. Klovna (kløyvde) steinar sør for Sirevåg (Nygård; *-steinan*), på Hodne og i grensa mellom Skeie og Refsnes (Fig. 63). Etterleddet er → *stein*. Føreleddet siktar til at steinane er klovna (kløyvde). Det er truleg ordet *klov* n. 'kløft; skar; opning; sprekk', ev. ei samantrekt form av *klovna* adj. 'kløyvd' (partisippform av *klovna* vb. 'bli kløyvd'). Konsonantsambandet *vs* (opphavleg *fs*) er i dialekten utvikla til /ps/, som i *ufs* f. /ops/. På Hodne finn ein òg *Klopsteinstangen* /"klåpsteinstanjen/; → *Klobnesteinen*.

**Klossvig** /'klåsvi:g/ 210 8:C4. Vik på Rott. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet, som truleg er substantivet *kloss* m. 'klosse, firkanta stykke', ev. *kloss* adj. 'tett, nær, like ved', synest sikta til at vika er kort og butt med bratt fjell på sidene. Sekundære lagingar er *Klossvigberget* /'klåsvigberje/ og *Klossvighausane* /'klåsvighausane/ (grunne), den sistnemnde delt i *Indre*, *Midtre* og *Vestre Klossvighausen*.

**Klova** /"klå:vå/ 965 8:D3. Kløft ved sjøen på austsida av Rott. Bunden form av → *klove* f. 'klove, kløft'.

**klove** f., jf. gno. *klofi* m. 'klove, kløft', er nytta om innskjeringar i strandlina: → *Klova* /"klå:vå/ (Rott), *Stora klova* /"sto:ra "klå:vå/ (Varden), *Keileklova* /"Keileklå:vå/ (Kolnes).

**Klovsteinane** /"klå:vsteinane/ 475 2:C2. Steinar nær land på Ytrabø. Samansett av → *stein* og vel *klov* n. 'kløft; skar; sprekk' (ev. → *klove* f.); → *Klopsteinan*.

**klubb** m. (i slekt med *klump* m.) er nytta om framstikkande bergnabbe og høge steinblokker i sjøen: *Klubben* /'klob,n/ (fleire stader),

*Rissnesklubben* /"risnesklob,n/, *Hoggjeklubben* /"håGeklob,n/.

**Klubbane** /"klobane/ 351 36:B4. Brukt om den søre delen av Hoggjene, også kalla *Hoggjeklubben* /"håGeklob,n/. Bunden form fleirtal av → *klubb*, brukt om framstikkande og noko høg bergnabbe ved og i sjøen; → *Klubben*.

**Klubben** /'klob,n/ 795 3:C5, 404 4:B2, 170 5:C2, 293 6:B3, 578 30:B3, 41 31:C2, 331 37:B5. Framstikkande og noko høge bergnabbar (steinar) ved (og i) sjøen fleire stader (Vistvik, Goa, Myklabost, Ogna, Haver og vest for Kvernholmen). Staden på Myklabost er òg kalla *Rissnesklubben*. Bunden form av → *klubb* med den nemnde bruksmåten. På Ogna finn ein òg dei sekundære lagingane *Klubbafjellet* /"klobafjedle/, *Klubbafluna* /"klobaflu:ne/ og *Klubbatåna* /"klobatå:ne/.

**klump** m. (kanskje ordlån frå lågtysk) er nytta om små bergknausar på land, *Klumpen* /'klompen/ (*Nordvigsklumpen*, Rott), *Skarvaklumpen* /"skarvaklompen/ (på holmen Kråge, Hellestø), og på sjøbotnen: *Klumpen* /'klompen/ (Søra-Kolnes).

**Klumpafluna** (*-flua*) /"klompaflu:ne/ 413 32:B4. Grunne (flu) i Moiviga (Vatnamo). Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og → *klump*, som siktar til berggrunnen.

**Klumpen** /'klompen/ 196 8:B2, 153 9:F3. Bergknause på land (*Nordvigsklumpen*, Rott) og på sjøbotnen (Søra-Kolnes). Bunden form av → *klump* m. med denne bruksmåten.

**Kløyvde steinen** /"kløyvde 'steid,n/ 345 23:F2. Stein i ura ved stranda på Nordvarhaug, også kalla → *Den kløyvde*. Samansett av → *stein* og *kløyvd* adj., som siktar til at steinen er kløyvd.

**Klåstallen** /'klå:stad,l/ 598 30:B4. Lita, trong vik (sprekke i fjellet) i Sirevåg. Dette er eit jamføringsnamn som inneheld orda *stall* m. 'rom for hest' og *klå* vb. 'klø'. Det siktar til at vika er trong; ein ville ta i ('klå seg') på sidene om ein prøvde å gå inn med båt; → *Båsen*, *Oksabåsen*.

**Knega** /"kne:gå/ 866 26:F2, 394 38:B7. Fiskeplassar i sjøen på Hårr og ved Tjør. Namnet er laga til *knega* vb. 'gnika, slita', som her har negativt innhald, kanskje med bakgrunn i magert utbyte, ev. vanskelege arbeidstilhøve. Eit tilsvarande appellativ *knege* f. er i målføret nytta i nedsetjande tyding om personar, gjerne om gjerrige og innpåslitne menneske.

**Kniven** /'kni:ven/ 239 38:B6. Grunne nord for Tjør. Dette er eit jamføringsnamn, nemleg bunden form av ordet *kniv* m., som siktar til at dette er ein særs farleg grunne, der ein kan 'stikka seg'. Lenger nord i grunnereset Skjergarden nord for Tjør finn ein grunnen → *Stikkaren*.

**Knogane** (*Knokane*) /"kno:gane/ 202 37:B4. Grunneres nord for Buøyna, også kalla → *Skidknogane* /"sjidkno:gane/. Bunden form fleirtal av *knok* m. 'framståande bein på oversida av neven', jf. uttrykket "slå med knokane". Dette er eit samanlikningsnamn som siktar til at grunnane er særs farlege for båtar.

**Knudagrunnen** (*Knuta-*) /"knu:dagro:en/ 100 36:C3. Grunne nord for Egerholmen. Samansett av → *grunne* m. 'grunn stad i sjøen' og mannsnamnet *Knut*; → *Knudatjørna*.

**Knudaisen** (*Knuta-*), → *Knudatjørna*.

**Knudatjørna** (*Knuta-*) /"knu:daKødnå/ 122 5:F2. Tjørn på Nordra-Sunde, også kalla *Knudaisen* /"knu:dai:sen/. Føreleddet er mannsnamnet *Knut*, etter eigaren, medan etterleddet er → *tjørn* f. 'lita vassamling', og → *is* m. i *Knudaisen*, med bakgrunn i at det her ofte er is om vinteren.

**Knuden** (*Knuten*) /"knu:d,n/ 226 32:B4. Fjellknause i Kalvshagen. Bunden form av → *knute*, brukt om ein bergknause.

**knute** m., jf. gno. *knútr* m. 'knute', er nytta om ein fjellknause i Kalvshagen; → *Knuden*.

**Knutsviga** (*-vika*) /'knutsvi:Ge/ 614 30:C5. Lita vik i Sirevåg. Samansett av → *vik* og mannsnamnet *Knut*. Etterfølgjande *s* har medverka til uttale med den ustemde konsonanten *t*.

**Kobbafjellet** /"kåbafjedle/. 678 32:A4. Berg ved sjøen i Kalvshagen. Ein skil mellom *Nørdra* og *Søra Kobbafjellet* /"sø:ra "kåbafjedle/. Samansett av → *fjell* og dyrenemnet *kobbe*

m. ‘sel, kobbe’. I same området finn ein → *Kobbasteinen* og *Kobbaviga*.

**Kobbahella** /"kåbahedlå/ 896 27:E4. Stein i sjøen sørvest for Kvalbeinraunen. Samansett av → *helle* f. ‘flat stein’ og dyrenemnet *kobbe* m. ‘sel, kobbe’, med bakgrunn i at det ofte ligg kobbe på hella.

**Kobbarodden**, **-vågen**, → *Kobbarskjeret*.

**Kobbarskjeret** /"kåbarsje:re/ 312 9:F3. Skjer utanfor Grytnes (Søra-Kolnes). Etterleddet er → *skjer* og føreleddet dyrenemnet *kobbe* m. ‘sel, kobbe’, som siktar til at det ofte ligg kobbe på skjeret. På denne staden finn ein òg namna *Kobbarodden* /"kåbaråd,n/ (→ *odde*) og *Kobbarvågen* /"kåbarvå:jen/ (→ *våg*). I alle tre finn ein samansetjing med *ar*-fuge (ev. *r*-innskot); jf. òg same fuga i *Husarhausen* (→ *hus*), *Haugarhaug*, *Luggarsteinen* og *Sandarvågen*.

**Kobbasteinane** /"kåbasteinane/ 69 17:F1, **Kobbasteinen** /"kåbasteid,n/ 119 1:F1, 552 2:D5, 56 4:E3, 149 19:C3, 94 21:G2, 225 32:A4, **Kobbsteinane** /"kåbsteinane/ 56 4:E3, 319 34:C6, 249 35:B4. Steinar i sjøen fleire stader: Reve (*Kobbasteinane*); Tunge, Indrabø, Vik/Skeie, Hå, Kalvshagen (*Kobbasteinen*); Raustein, Søra-Kolnes, Nordre Frøsholmen (*Kobbsteinane*). I Kalvshagen finn ein dessutan *Kobbaviga* /"kåbavi:Ge/ (→ *vik*). Namna inneheld → *stein* og dyrenemnet *kobbe* m. ‘sel, kobbe’, med bakgrunn i at det ofte ligg kobbe på desse steinane.

**Kobbaviga** (*-vika*), → *Kobbafjellet*.

**Kolaholet** /"kå:lahå:le/ 45 18:A5. Fiskeplass utanfor Orre. Etterleddet er → *hol* n., her vel brukt om fiskeplass. Føreleddet synest vera ordet *kol* n., som kanskje siktar til mørk farge på taren i sjøen.

**koll** m., gno. *kollr* m. ‘bergkoll, rund fjelltopp’, ligg føre i → *Måkollen* /'må:kåd,l/ (Storetjør), og truleg i gardsnamnet → *Kolnes*.

**Kolnes** /"kålne:s/ Kart 7, 9. Matrikkelgardar i Sola (tidl. Håland), delt i *Nordra* og *Søra-Kolnes*, skrive *Kølness* 1519, *Kolnes* 1521, 1522. Etterleddet er → *nes* og føreleddet truleg gno. *kollr* m. ‘bergkoll, rund topp’, kanskje med bakgrunn i bergknausen Ådnaberget. Mindre truleg synest framlegget i NG om samansetjing med gno. *kol* n. ‘kol, trekol’ og bakgrunn i kolbrenning. Sekundære lagingar er *Kolnesbryggja* /"kålnesbryGå/, *Kolnesfluna* /"kålnesflu:nå/ (to stader), *Kolnesholmane* /"kålneshålmane/, *Kolnesholmfluene* /"kålneshålmflu:ene/, *Kolneslandet* /"kålneslane/, *Kolnesmolen* /"kålnesmå:len/, *Kolnesstranden* /"kålnestra:en/ (to stader), jf. òg namn som *Nordra-Kolnesstranden* og *Søra-Kolnesstranden* /"sø:rakålnestra:en/, *Nordra-Kolnesholmen* og *Søra-Kolnesholmen* /"sø:rakålneshålmen/ og *Nordra-Kolneslitholmen* og *Søra-Kolneslitholmen* /"sø:rakålneslithålmen/, dessutan *Grunnen utføre Søra-Kolneslitholmen* /"gro:en udfø:re "sø:rakålneslithålmen/. Litt.: NG 10:184, Særheim 1978:108.

**Komelen** /kå'me:len/ 130 35:B4. Lite skjer ved Søre Frøsholmen, som ein hump i den austre kanten av holmen. Namnet, som skal ha vorte nytta av dei gamle myklabostarane, er lokalt oppfatta som ei omlaging av ordet *kamel* m., vel med bakgrunn i forma til skjeret. Samband med ordet *kumle* f., → *Kumlesloen*, synest difor mindre truleg.

**Kongsbryggja** /'kångsbryGå/ 601 30:C4. Bryggje i Sirevåg. Samansett av → *bryggje* og ordet *konge* m., etter tradisjonen med bakgrunn i at ein konge skal ha gått i land her.

**Kongsvegen** /'kångsveien/ 531 24:B6. Gammal veg over Jæren som i store delar av Hå kommune går langs sjøen, også kalla *Kongevegen* /"kångeveien/ og *Gamle Kongevegen* /"gamle



Fig. 64. Kongsvegen (Årsland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 64. Kongsvegen (Årsland). Photo: Inge Særheim.*

"kångeveien/ (Fig. 64). Namnet, som inneheld → *veg* og ordet *konge* m., kanskje helst laga til det samansette *kongsveg*, har truleg samband med eit kongebod frå 1636 om å setja i stand vegar og bruer. Same føreleddet ligg føre i *Kongshaug* /'kångshau/, også kalla *Bybergfjellet*, ei høgd som er mykje nytta som méd på sjøen.

**Kontralen** /kon'tra:len/ 511 32:E3. Topp nær sjøen i Holmane. Namnet har venteleg same opphav som fjellnamnet *Kontrari* /kon'tra:ri/ frå Eigersund, laga til *kontrari* adj. (også kalla *kontrali*) 'hindrande, imot (bl.a. om vind)', med bakgrunn i at toppane ligg mot (overfor) busetnaden.

**Korpaglova** /"kårpaglå:vå/ 414 32:B4. Glove (kløft) i fjellet i Moiviga (Vatnamo). Samansett av → *glove* f. 'rive i fjellet' og fuglenemnet *korp* m. 'ramn'.

**Korpasteinen** /"kårpasteid,n/ 275 22:B5. Stein like utanfor sjøkanten på Obrestad. Samansett av → *stein* og fuglenemnet *korp* m. 'ramn'.

**Koven** /"kå:ven/ 156 9:F3, 119 11:A3. Namnet er nytta om ein lun fiskestad utanfor Søra-Kolnes og ei 2–3 m lang hole ('sal, kammers') i fjellet på Hellestø. Bunden form av ordet *kove* m. 'kammers, kleve', her brukt biletleg.

**Krabbatjørna** /"krabaKødnå/ 460 25:F4. Lita avstengd vik i sjøkanten på Hårr. Samansett av → *tjørn* og sjødyrnemnet *krabbe* m.

**Krabbaura** /"krabau:re/ 140 29:A5. Ur ved sjøen ved Holmasanden (Ogna). Like ved finn ein → *Krabbaviga*. Samansett av → *ur* f. 'steinsamling, ur' og sjødyrnemnet *krabbe* m.

**Krabbaviga** (-*vika*) /"krabavi:Gå, -vi:Ge/ 764 4:A3, 656 5:F3, 558 29:A5. Vikar på Goa, Jåsund og Ogna. Samansett av → *vik* og sjødyrnemnet *krabbe* m. På Jåsund finn ein òg *Krabbavigsgrunnane* /"krabavigsgronane/.

**Krakkane** /"krakane/ 409 8:A4, 863 34:C4. Skjer i sjøen på Rott og Tjora. Bunden form fleirtal av ordet *krakk* m., her brukt samanliknande om forma til steinane.

**Krambusteinen** /"krambusteid,n/ 412 10:D3. Stor stein noko inn frå sjøen på Ølberg der borna leika krambu. Samansett av → *stein* og ordet *krambu* f.

**Kreglingsteinen** (*Krekling*-) /"kreglingsteid,n/ 429 25:E6. Stein i ura ved sjøen på Årsland. Samansett av → *stein* og plantenemnet *krekling* m.

**Kretturhagen** /"kreturhaien/ 256 8:C3. Teig på Rott. Inneheld → *hage* og husdyrnemnet *krøtter* n. 'bufe', uttala /"kretu:r/ i målføret.

**Krigen** (*Kriken*) /"kre:jen/ 659 28B6. Ein formasjon på sjøbotnen i Ognabukta, der Upsakanten svingar. Bunden form av → *krike* m. 'krok'.

**krike** m., gno. *kriki* m. 'krok', ligg føre i *Krigen* /"kre:jen/, ein formasjon på sjøbotnen i Ognabukta, der Upsakanten svingar.

**Kringla** /"kringlå/ 803 8:x5. Rundvoren grunne sørvest for Rott. Bunden form av ordet *kringle* f., som her siktar til at grunnen er rund og at det er jamt djupt kringom.

**Kristenslåtta** /"kristenslåtå/ 728 30:C2. Slåttemark nær sjøen på Ogna. Inneheld → *slåtte* f. 'slåtteteig' og mannsnamnet *Kristen*.

**Krogen** (*Kroken*) /'kro:Gen, 'kro:jen/ 7 13:B2, 141 20:E4. Namn på ein grunne (eit skjer) nord for Feisteinen og ei lita bukt på Skeiestranden. Bunden form av → *krok*, som her er brukt biletleg, nemleg om ei innbukting (ein krok) i stranda og om ein farleg grunne som ein må halda avstand til (for ikkje å 'gå på kroken').

**krok** m., gno. *krókr* m. 'krok', er nytta biletleg om ei lita innbukting (ein krok) i strandlina og om ein farleg grunne, → *Krogen*.

**Krokketplassen** /'kråketplasen/ 13 21:F1. Utflating nær stranda ved Hå gamle prestegard. Inneheld → *plass* og ordet *krokket*, visstnok med bakgrunn i at presten Holm spela krokket her.

**kross** m., gno. *kross* m., som er nytta på ulike måtar i stadnamn i Rogaland, bl.a. om 'vegkryss', ligg føre i namn på to båtplassar, → *Krossane* (Orre, ved grensa med Vik) og

*Krossen* (Kvalbein). Bakgrunnen for namna er noko uviss. Dei kan sikta til krossar brukte som hamnemerke (dvs. hamnekrossar) eller som grensemerke (grensekrossar). Kanskje er slike namn såkalla godnemne, noko som særleg synest høva for *Krossen* – og → *Kyrkjetangen* – på Kvalbein, jf. omtalen av desse namna i kapittelet om kulturhistoriske opplysningar.

**Krossabukta**, **-fluna** (*-flua*), **-tangen**, → *Krossane*.

**Krossane** /"kråsane/ 46 19:C4. Område med båtplass heilt sør på Orrestranden, i grensa med Vik. Bunden form fleirtal av → *kross* m., som her kanskje opphavleg siktar til ein eller fleire reiste krossar, kanskje som merke for båtplass (hamnekrossar), ev. som grensemerke (grensekrossar), → *kross*. På denne staden finn ein òg *Krosshaug* /"kråshau/, *Krossabukta* /"kråsaboktå/, *Krossafluna* /"kråsaflu:nå/, *Krossatangen* /"kråsatanjen/ og (noko lenger sør) *Krossateigane* /"kråsateiane/.

**Krossen** /'kråsen/ 572 27:D1. Båtplass på Kvalbein. Bunden form av → *kross*, som her kanskje har bakgrunn i ein kross til hamnemerke (båtplass), → *Krossane*. Like ved *Krossen* finn ein namnet → *Kyrkjetangen*. Det kan tenkjast at desse to namna er eit slag god-nemne som skal sikra trygg ferd i båt i eit særs farleg havstykke (ved Kvalbeinraunen), jf. omtalen i kapittelet om kulturhistoriske opplysningar i namna. Redningsbåten låg ved Krossen.

**Krosshaug**, → *Krossane*.

**Krossmyra** /"kråsmy:re/ 11 31:D2. Myr ved Kinnarvågen (Stølen). Etterleddet er → *myr* og føreleddet ordet *kross*, kanskje med liknande bakgrunn som i → *Krossen* og *Krossane*.

**Krutle** /"krotle/ 549 28:C3. Grunne i Ognabukta som skil Sandbukta i to. Grunnen er stor og vert ofte nytta som orienteringspunkt; ein fiskar t.d. *innani Krutle*, *sunnani Krutle* eller på *Litla Krutle* /"litla "krotle/. Botnen er steinete og ujamn. Namnet heng saman med ordet *krusl* n., i jærmålet uttala /'krot,l/, nytta om 'noko som er innfløkt og tungvint'; jf. òg *kruslen* adj. /"krotlen/ (i inkjekjønn /"krotle/) 'tungvinn, seinvoren' m.m. Real bakgrunn synest vera den steinete botnen.

**krypt** f. (kjem av eit gresk ord med tydinga 'løyna'), som ligg føre i fleire namn frå Rogaland, gjerne brukt om innelukka stader som er omgjevne av fjell, førekjem i → *Kryptene* (Indrabø), ein stad ved sjøen der det er merke etter tidlegare busetnad, jf. òg *Krypteberghagen* /"krypteberghaien/ (Raustein), der det ifølgje informanten er "krypter og berg".

**Krypteberghagen** /"krypteberghaien/ 110 4:E2. Teig rett opp frå sjøen på Raustein. Etterleddet er → *hage* og føreleddet eit samansett namn som inneheld nemna → *berg* og → *krypt* f.

**Kryptene** /"kryptene/ 335 2:D5. Ein stad ved sjøen på Indrabø der det er merke etter tidlegare busetnad. Bunden form fleirtal av → *krypt* f.

**krå** f., gno. *krá* f. 'krå', er nytta om krokar og innskjeringar både på havbotnen og på land: → *Kråna* /'krå:nå/ (endepunkt på ei sandrenne i Honnsviga), *Søra kråna* /"sø:ra 'krå:ne/ (sand-kile i Upsakanten i Ognabukta), *Karvakråna* /"karvakrå:nå/ (Varhaugsstronda, inneheld plantenemnet *karve* m.).

**Kråfjellet** /'krå:fjedle/ 445 31:D2. Berg ved Kinnarvågen. Samansett av → *fjell* og → *krå* f.

**Kråge** (*Kråke*) /"krå:ge/ 625 10:B3, 16 11:A4. Holmar ved båtplassane i Hellestø (Fig. 65) og på Ølberg. Same namnet er nytta om eit skjer langt ute i sjøen nær grensa mellom Randaberg og Kvitsøy. Namnet, som inneheld fuglenemnet



Fig. 65. Kråge (Hellestø). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 65. Kråge (Hellestø). Photo: Inge Særheim.*

*kråke* f., er utvikla av oblik kasusform (her ei fellesform for akkusativ, genitiv og dativ), gno. **Kráku*. Bakgrunnen kan vera tilhaldsstad for kråker, ev. er dette biletleg namngjeving som siktar til fargen på steinen eller lyden av bølgjene. Det kan heller ikkje utelukkast at namnet har samband med at kråka i folketrua har vorte rekna som ein ulukkesfugl.

**Krågeberget** (*Kråke-*) /"krå:geberje/ 441 8:C4. Berg på Rott. Like utanfor finn ein *Krågegrunnen* /"krå:gegro:en/, som er namngjeven etter *Krågeberget*. Samansett av → *berg* og fuglenemnet *kråke* f., vel med bakgrunn i tilhaldsstad for kråker.

**Krågegrunnen** (*Kråke-*), → *Krågeberget*.

**Krågeholet** (*Kråke-*) /"krå:gehå:le/ 459 36:C4. Lita vik på Rottfladholmen, også kalla *Søre vågen*. Samansett av → *hol* n. 'lita vik, innskjering' og fuglenemnet *kråke* f.

**Krågereiret** (*Kråke-*) /"krå:gereire/ 224 32:A4. Bergframspring i Kalvshagen. Inneheld det samansette ordet *kråkereir* n. 'kråkereir'.

**Kråna** (*Kråa*) /'krå:nå/ 940 39. Endepunkt på ei sandrenne i Honnsviga. Bunden form av → *krå* f., her brukt om ein formasjon på sjøbotnen.

**Kubba** /"kobå/ 623 10:B4. Skjer (liten holme) nær båtplassen på Ølberg. Namnet har samband med ordet *kubbe* m. 'klosse, kort stump av ein trestamme', her som bunden form av ei hokjønnsform. Real bakgrunn er forma til skjeret.

**Kuhagen** /'ku:haien, -ha:gen/ 118 6:C3, 110 19:D2, 71 22:E2. Beiteteigar i stranda fleire stader (Myklabost, Skeie, Sørreime). Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og husdyrnemnet *ku* f.

**Kuhelleren** /'ku:hedleren/ 79 32:F3. Berg med heller i Holmane der kyrne pla stå under i dårleg vêr. Samansett av → *heller* m. 'berghole, heller' og husdyrnemnet *ku*.

**Kukastet** /'ku:kaste/ 346 36:C4. Fiskeplass nordaust for Rottfladholmen. Namnet inneheld ordet → *kast* n. og husdyrnemnet *ku* f. Det har kanskje samband med uttrykket *kua kasta(r)*, brukt om det å 'mista kalven', kanskje med bakgrunn i at dette er ein mindre god fiskeplass, ev. i at ein her har mista storfisk.

**kule** f., gno. *kúla* f. 'kule', er brukt om jord-, sand- og steinhaugar, og om bergtoppar: → *Ørnakula* /"ørnaku:lå/ (Kvalbein, gravhaug), *Åtangskula* /'å:tangsku:lå/ (Orre, sandkule, dvs. 'sanddyne'), *Heptetokula* /"heptetoku:lå/ (fjellknause i Ognalandet).

**kuml** m., jf. gno. *kumbl* n. 'gravmerke, gravhaug, steinrøys over ei grav', ligg føre i → *Kumlen* /'komed,l/ (Reime), *Store* og *Litle Kumlen*, ein topp på strandbakken der det er fortidsminne (gravhaug).

**Kumlen** /'komed,l/ 283 22:C1. Topp på strandbakken på Reime der det er fortidsminne (gravhaug). Namnet har samband med gno. *kumbl* n. 'gravmerke, gravhaug, steinrøys over ei grav', → *kuml* m. Ein skil mellom *Store* og *Litle Kumlen*. Her finn ein òg sekundærnamna *Kumlbrekka* /komel"brekå/, *Kumlhaugen* /komel'hauen/, *Kumlholet* /komel'hå:le/, *Kumlmyra* /komel'my:rå/, *Kumlskjeret* /komel'sjæ:re/, *Kumltangen* /komel'tanjen/ og *Kumlholsteinen* /komel'hå:lsteid,n/, jf. òg namn som *Den store Kumlhaugen* /den "sto:re komel'hauen/, *Litle Kumlhaugen* /"litle komel'hauen/, *Søre Kumltangen* /"sø:re komel'tanjen/ og *Indra Kumlskjeret* /"indra komel'sjæ:re/.

**Kumlesloen** /"komleslo:en/ 72 16:B2. Skjer like ved båtplassen på Reve. Samansett av → *sloe* m. 'stor stein (skjer) i sjømålet' og ordet *kumle* f., som siktar til den runde forma.

**Kuntegrunnen** /"kontegro:en/ 436 8:A5, 345 36:C4. Nytta om grunnar aust for Rottfladholmen og ved Rott. På den sistnemnde staden finn ein òg skjeret *Kunteskjeret* /"kontesje:re/. Etterledda i desse namna er → *grunne* og → *skjer*. Føreleddet er *kunte* f. 'kvinneleg kjønnsorgan, fitte'; jf. → *Eistene*, *Bolleren*, *Raua*. Bakgrunnen for namna er ukjend. I målføret blir *krosskunte* f. nytta om 'sjøstjerne'; det kan ikkje utelukkast at det er denne tydinga som ligg føre i dei to namna, men det synest mindre rimeleg.



Fig. 66. Kvalabeden (Husvegg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 66. Kvalabeden (Husvegg). Photo: Inge Særheim.*

**Kunteskjeret**, → *Kuntegrunnen*.

**Kupmannen** /"kupma:en, "kåp-, "køp-/ 296 5:C1. Holme (fjellknause) som heng saman med land på Myklabost, også kalla *Kupmannsholmen* /"kupmanshålmen/ (Fig. 6). Også forma *Klubbmannen* er nytta; → *klubb* m. Namnet tyder 'pukkelrygga mann', og det siktar til forma til holmen. Det inneheld orda *mann* m. og *kup* m. 'pukkel'. Like utanfor holmen finn ein *Kupmannsskjeret* /"kupmansje:re/.

**Kvalabeden** /"kva:labe:en/ 381 24:C2. Ei lita flate på Husveggstronda (Fig. 66). Samansett av → *bede* m. 'lite stykke (av gras, torv o.a.), lita flate' og *kval* m., med bakgrunn i at ein kval skal ha stranda her.

**Kvalbein** /"kvelbei/ Kart 27, 28. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), *a Hvalbeinom* 1442, *a Hwalbein* 1465. Gno. *Hvalbein* (fleirtal) 'kvalbein'. Denne nemninga har kanskje opphavleg vorte nytta om ein terrengformasjon, t.d. om den særs farlege rullesteinssamlinga Raunen ute i sjøen, eller om to farlege grunneres, Garden og Raunagarden, mellom sandstranda på land og Raunen. Ev. kunne namnet sikta til den avrunda strandlina. Framlegget i NG om at det har bakgrunn i ribbeina etter ein stranda kval, synest mindre rimeleg. Sekundære lagingar er bl.a. *Kvalbeinraunen* /"kvelbeiraud,n/, *Kvalbeinsanden* /"kvelbeisa:en/ og *Kvalbeinstronda* /"kvelbeistrånå/. Litt.: NG 10:96, Særheim 2007:134 f.

**Kvarmestø** /"kvarmestø:/ 551 28:A1. Båtstø i Holmestø (Kvalbein). Samansett av → *stø* f. 'båtstø' og gardsnamnet *Kvarme*, med bakgrunn i bruken av båtstaden.

**Kvasse steinen** /"kvase 'steid,n/ 533 27:C5, **Kvassesteinen** /"kvasesteid,n, "kvasel-/ 8 22:E4 Kvasse og spisse steinar i stranda på Kvassheim og Grødaland (*Kvassesteinen*). Samansett av → *stein* og adjektivet *kvass*.

**Kvassheim** /"kvasei/ Kart 26. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), *Hualseim* 1519, *Hwassym* 1521. Gno. **Hvass(h)eimr*, samansett av → *heim* og adjektivet gno. *hvass* 'kvass', med bakgrunn i steinete grunn. Skrivemåten *Huals-* frå 1519 kunne tyda på liknande opphav som i → *Kvalbein* (grannegard), men ei slik tolking synest meir uviss. Sekundære

lagingar er *Kvassheimhamn* /"kvaseihab,n/, *Kvassheimsfluna* /"kvaseisflu:nå/, *Kvassheimsstronda* /"kvaseistrånå/, *Kvassheimstangen* /"kvaseistanjen/ og *Kvassheimsåna* /"kvaseiså:nå/. Litt.: NG 10:96, Særheim 2007:136.

**Kvelene** /"kvæ:lene/ 202 19:D2. Område med sandkuler på Vik. Uvisst opphav. Namnet har kanskje samband med ordet *kvel* n. (gno. *hvel* n.) 'hjul, runding', ev. er det → *kvelv* m.; → *Kvelshaugsmyra*.

**Kvelshaugsmyra** /"kvelshausmy:rå/ 153 19:E3. Myrlende ved sjøen på Skeie. Etterleddet er → *myr*, medan føreleddet er eit samansett stadnamn med nemnet → *haug*, der føreleddet kan ha tilsvarande opphav som i → *Kvelene*.

**kvelv** m. (av *kvelva* vb.), som i stadnamn er nytta om søkk i terrenget, ligg føre i → *Kvelven* (Madland), ein lågtliggjande stad innanfor strandbakken der det pla stå vatn; staden vart nytta som skeiseplass om vinteren.

**Kvelven** /'kvelven/ 60 24:E5. Lågtliggjande område innanfor strandbakken på Madland, der det pla stå vatn; staden vart nytta som skeiseplass om vinteren. Bunden form av → *kvelv* m.

**kvern** f., gno. *kvern* f. 'kvern', er nytta om kvernstad: *Kvernane* /"kvednane/ (fleire stader), *Sørreimskvernane* /"sø:reiskvednane/. Ordet er føreledd i ei rekkje namn der det siktar til kvernstad: *Kvernbakken* /"kvenbaKen/ (Årsland), *Kvernhaug* /"kvenhau/ (Kvassheim), *Kvernholet* /"kvenhå:le/ (Årsland), *Kvernaberget* /"kvednaberje/ (Goa), *Kvernabrodet* /"kvednabrå:de/ (Nordvarhaug), *Kvernaheia* /"kvednaheiå/ (Reime), *Kvernaholen* /"kvednaho:d,l/ (Nordvarhaug), *Kvernahølen* /"kvednahø:len/ (Vestra Bore), *Kvernatangen* /"kvednatanjen/ (Nordvarhaug), *Kvernatona* /"kvednato:ne/ (Stølen), *Kvernaviga* /"kvednavi:Gå/ (Goa/Nordra-Sunde, Vigdel, Hellestø); jf. òg namna *Kvernadalsledet* /"kvednadalsle:e/ (Rott), *Kvernavigskogen* /"kvednavigsko:jen/ (Nordra-Sunde), *Nedra* og *Øvra Kvernaviga* /"øvra "kvednavi:Gå/ (Vigdel) og *Søra* og *Nørdra Kvernasletta* /"nø:ra "kvednasletå/ (Nordvarhaug).

**Kverna** /'kvednå/ 96 11:A5. Skjer i Vigdelsviga. Bunden form av ordet *kvern* f., vel med bakgrunn i at sjøen jamt gneg og mel ved skjeret, altså biletleg namngjeving.

**Kvernaberget**, **-brodet** (*-brotet*), **-heia**, **-holen**, **-hølen**, **-tangen**, **-tona** (*-toa*), **-viga** (*-vika*), → *kvern*.

**Kvernane** /"kvednane/ 414 2:C3. Kvernstad på Ytrabø. Bunden form fleirtal av → *kvern* f.

**Kvernbakken**, **-haug**, **-holet**, → *kvern*.

**Kvernholmen** /"kvenhålmen/ 197 37:B5. Holme sør for Håstein. Samansett av → *holme* og ordet *kvern* f., truleg med bakgrunn i sjøen som gneg og mel ved holmen; → *Kverna*. Sekundære lagingar er *Kvernholmsfluene* /"kvenhålmsflu:ene/, *Kvernholmsskjeret* /"kvenhålmsje:re/ og *Kvernholmsura* /"kvenhålmsu:rå/, jf. òg *Litle Kvernholmen* /"litle "kvenhålmen/.

**Kvernhuset** /"kvednhu:se/ 64 22:E2, **Kvernhusen** /"kvedn(h)u:sen/ 422 24:E5, **Kvernhusa** /"kvedn(h)u:så/ 237 8:B3, 60 22:D1. Kvernhus fleire stader (Sørreime, *-huset*; Årsland, *-husen*; Rott, Reime, *-husa*). Inneheld det samansette ordet *kvernhus* n. med bakgrunn i kvernplassar. Dette ordet står som føreledd i *Kvernhusbekken* /"kvenhusbeKen/ (Rott), *Kvernhusbergene* /"kvednhusberjene/ (Ølberg), *Kvernhusberget* /"kvenhusberje/ (Hellestø), *Kvernhusbukta* /"kvenhusboktå/ (Rott), *Kvernhusdalen* /"kvenhusda:len/ (Hellestø), *Kvernhushagen* /"kvedn(h)ushaien/ (Hårr) og *Kvernhusviga* /"kvenhusvi:Gå/ (Rott).

**Kvidaberget** (*Kvita-*) /"kvi:daberje/ 615 11:A5, 556 28:B1, 702 30:C2, **Kvide bergene** (*Kvite -*) /"kvi:de "berjene/ 226 5:D4. Berg fleire stader (Myklabost, *-bergene*; Ølberg, Kvalbein, Ogna, *-berget*). Samansett av → *berg* og adjektivet *kvit*, som siktar til bergarten. På Ølberg finn ein òg *Kvidabergshola* /"kvi:dabergshå:lå/.

**Kvidagrø** (*Kvita-*) /"kvi:dagrø:/ 537 7:E3. Lys stein i sjøkanten på Tjora (Fig. 67). Etterleddet er → *grjot*, gno. *grjót* n. 'stein' og føreleddet fargeadjektivet *kvit*.



Fig. 67. Kvidagrø (Tjora). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 67. Kvidagrø (Tjora). Photo: Inge Særheim.*

**Kvileberget** /"kvi:leberje/ 75 14:F6. Berg på Sele. Samansett av → *berg* og verbet *kvila* med bakgrunn i at dette var ein kvilestad på vegen (stien) frå sjøen.

**Kvilesteinane** /"kvi:lesteinane/ 486 4:B4. Steinar ved stien opp frå sjøen på Nordra-Sunde. Inneheld → *stein* og verbet *kvila*, som siktar til at dette var ein fast kvilestad.

**Kvisa** /"kve:så/ 850 9:E3. Grunne utanfor Kolnes. Bunden form av ordet *kvise* f., brukt jamførande om ein grunne som "putlar og bryt" heile tida.

**Kyrkje-** er føreledd i fleire namn, som *Kyrkjebakken* /"KørKebaKen/ (Varhaug), *Kyrkjeberget* /"KørKeberje/ (Sirevåg), *Kyrkjefluene* /"KørKeflu:ene/ (sør for Håstein), *Kyrkjegarden* /"KørKega:ren/ (Varhaug), *Kyrkjehaugen* /"KørKehauen/ (Obrestad), *Kyrkjehausane* /"KørKehausane/ (vest for Rott), *Kyrkjetangen* /"KørKetanjen/ (Kvalbein), jf. òg *Kyrkjebakksteinen* /"KørKebaksteid,n/ (Hellestø), *Søra* og *Nordra Kyrkjefluna* /"no:ra "KørKeflu:nå/ og *Indre* og *Vestre Kyrkjehausen* /"vestre "KørKehausen/. I nokre høve dreiar det seg om ei kyrkje som har stått på staden (t.d. i namna frå Varhaug og venteleg Obrestad). I andre høve gjeld det stader (fiskeplassar) på sjøen (ved Håstein og Rott) som blir méda frå ei kyrkje. For nokre namn er opphavet noko uvisst; → *Krossen*.

**Kyrkjebakken**, **-berget**, **-fluene**, **-garden**, **-haugen**, **-hausane**, **-tangen**, → *Kyrkje-*.

**Kyrkjesteinen** /"KørKesteid,n/ 413 10:D3, 100 15:E4, **Kyrkjesteinane** /"KørKesteinane/ 404 8:C3. Store steinar fleire stader (Ølberg, Hodne, *-steinen*; Rott, *-steinane*). Etterleddet er → *stein* og føreleddet ordet *kyrkje* f., som kan vera brukt biletleg om store steinar, eller ha bakgrunn i eit méd der ei kyrkje er det andre médpunktet (gjeld kanskje namnet frå Hodne). På Hodne finn ein òg *Kyrkjesteinstangen* /"KørKesteinstanjen/.

**Køstestykket** /"køstestyKe/ 204 6:D5. Eigedom på Meling . Samansett av → *stykke* n. 'jord-stykke' og vel etternamnet *Køste*.

**Kålhaug** /"kå:lhau/ 320 23:F2. Gravhaug opp frå strandbakken på Nordvarhaug. Samansett av → *haug* og truleg plantenemnet *kål* n.

## L

**lad** n., gno. *(h)lað* n. 'noko opplødd, steinset-jing', ligg føre i → *Ladet* /'la:e/, dessutan som føreledd i → *Ladberget* /"ladberje/, som fleire stader er nytta om bergside der ein legg til med båtar og lastar og lossar varer.

**Ladberget** /"ladberje/ 76 3:C5, 85 3:B1, 770 4:F2, 278 7:D2. Berg ved sjøen i Vistvik, på Vistnes, Viste og Tjora. Inneheld → *berg* og → *lad* n., nytta om stad der ein har lagt til med båtar og lasta og lossa varer. På Vistnes finn ein òg den sekundære laginga *Ladbergstø* /"ladberstø:/, og i Sirevåg *Ladbergsanden* /"ladbersanen/, som inneheld same namnet som føreledd.

**Ladet** /'la:e/ 9 31:D2. Austvend arm av Kinnarvågen. Bunden form av → *lad*, vel med bakgrunn i lasting og lossing av varer, jf. → *Ladberget*.

**Ladraua** (*-rauva*) /"ladrauå/ 903 26:G3. Fiskeplass nær land på Hårr. Laga til det samansette *latrauv* f. 'lat person', brukt biletleg om fiskeplass for dei som visstnok ikkje orka ("gadd") ro lenger.

**Laksaberget** /"laksaberje/ 684 5:D2, 229 11:A4, 544 28:B1. Berg i Skiftesvik (Jåsund), på Hellestø og Kvalbein. På den sistnemnde

staden skil ein mellom *Søra*, *Midtra* og *Nørdra Laksaberget* /"nø:ra "laksaberje/. Samansett av → *berg* og fiskenemnet *laks* m. med bakgrunn i laksefiske.

**Laksabua** /"laksabu:å/ 18 14:F2. Bu for laksefiskarar på Buasanden (Sele). Inneheld → *bu* f. 'fangst-, fiskebu' og fiskenemnet *laks* m.

**Laksagarnet** (*på Breivig*) /"laksaga:dne (på 'breivi:g)/ 91 3:D3, *L.* (*på fyren* /- på 'fy:ren/) 92 3:C3. Fiskestader med laksegarn på Vistnes. Bunden form av *laksegarn* n., brukt om faste fiskestader med laksegarn.

**Laksakula** /"laksaku:lå/ 336 18:A1. Topp (sandhaug) ved Orreåna. Samansett av → *kule* f. 'topp, sandhaug' og fiskenemnet *laks* m.

**Laksanaustret** /"laksanaustre/ 342 21:E5. Naust ved munningen av Hååna (Nærland). Samansett av → *naustr* n. 'naust' og fiskenemnet *laks* m. med bakgrunn i laksefiske ved og i elvemunningen.

**Laksaskjera** /"laksasje:rå/ 312 37:B4, **Laksaskjeret** /"laksasje:re/ 741 4:F5, 302 7:D2. Skjer nord for Håstein (*-skjera*), i Visteviga (Nordra-Sunde) og Risaviga (Tjora). Samansett av → *skjer* og fiskenemnet *laks* m. med bakgrunn i fiske.

**Laksasteinen** /"laksasteid,n/ 216 1:G2, 122 4:E3, 408 10:D2, 349 23:G3. Steinar i sjøen på Sande, Raustein og Ølberg og ved utmunninga av Nordvarhaugsåna. Samansett av → *stein* og fiskenemnet *laks* m. med bakgrunn i fiske.

**Laksholmen** /"lakshålmen/ 156 34:C4. Holme på Tjora ved munningen av Risaviga. Samansett av → *holme* og fiskenamnet *laks* m. med bakgrunn i fiske. Her finn ein òg *Laksholmssundet* /"lakshålmsone/ og *Laksholmsgrunnen* /"lakshålmsgro:en/, den sistnemnde òg kalla *Grunnen nordanom Laksholmen* /"gro:en no:ranåm "lakshålmen/.

**Laksodden** /"laksåd,n/ 622 30:B4. Framspring på sørsida av Vågsgabet i Sirevåg. Samansett av → *odde* m. 'nes' og fiskenemnet *laks* m. med bakgrunn i fiske.

**Lamholmen** /"lamhålmen/ 187 8:A3. Holme på Rott. Samansett av → *holme* og husdyrnemnet *lam* n. med bakgrunn i at holmen er nytta som sauebeite. Her finn ein òg *Lamholmsbukta* /"lamhålmsboktå/, *Lamholmsneset* /"lamhålmsne:se/, *Lamholmssundet* /"lamhålmsone/ og *Lamholmsgrunnane* /"lamhålmsgronane/, den sistnemnde delt i *Indre* og *Ytre Lamholmsgrunnen* /"ytre "lamhålmsgro:en/.

**Lamsteinane** /"lamsteinane/ 715 34:C5. Steinar i sjøen utanfor Kolnes. Etterleddet er → *stein* (i fleirtal) og føreleddet husdyrnemnet *lam* n., som her er brukt biletleg, kanskje med bakgrunn i at det dreiar seg om fleire steinar.

**land** n., gno. *land* n., er nytta om 'fast land' i stranda sett frå sjøen. Sirevåg-fiskarar talar t.d. om *Havralandet* (Haver) og om *Ognalandet*, der dei har mange médpunkt. Sameleis finn ein gardsnamn som føreledd i *Hålandet* og *Kolneslandet*, brukt om fast land, særleg i strandområdet, på desse gardane. Ein rottar som tala om innseglinga i Vågen, sa at ein kunne gå "kloss i *Vestra landet*", dvs. i nordre kanten av Vestra øyna. Elles talar jærfiskarar gjerne om méd frå *Karmøylandet* (Karmøy-området), medan karmøybuen talar om méd frå *Jærlandet*. Også namn som *Haugalandet* (område ved Haugesund) og *Strandalandet* (Strand kommune) omfattar større område (fleire grender og bygdelag). Dette nemnet er dessutan eit vanleg etterledd i gardsnamn frå området, jf. → *Helland*, *Nærland*, *Grødaland*, *Madland* og *Årsland*, og det ligg føre i teignamn som truleg tidlegare har vore busetnadsnamn, → *Toppaland*. Litt.: Særheim 2007:143.

**Langabryggja** /"langabryGå/ 260 6:C5. Bryggje i Tananger. Inneheld → *bryggje* og *lang* adj.

**Langa fjellet** /"langa 'fjedle/ 216 32:B4. Berg i Moiviga (Vatnamo). Samansett av → *fjell* og adjektivet *lang*.

**Langa renna** /"langa "renå/ 117 22:D2. Ei lang stø (Sørreime). Inneheld → *renne* og adjektivet *lang*.

**Langboen** /"langbo:en/ 206 8:C4, 4 38:B7,



Fig. 68. Laugaberget og Oddane (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 68. Laugaberget and Oddane (Ogna). Photo: Inge Særheim.*

**Langeboen** /"langebo:en/ 209 36:B4. Grunnar vest for Hengsøyna (*Lange-*), nord for Hoggjene og ved Rott. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og adjektivet *lang*.

**Langerøys** /"langerøys/ 178 26:C5. Steinrøys (fortidsminne) i stranda på Kvassheim. Samansett av → *røys* f. 'steinhaug' og adjektivet *lang*.

**Langevig** (*-vik*) /"langevi:g/ 21 31:B2. Lang vik i Haver. Inneheld → *vik* og adjektivet *lang*.

**Langhaug** /"langhau/ 369 23:B5, 17 23:G2, 906 26:A2. Haugar på Nordvarhaug, Varhaug og Hårr. Samansett av → *haug* og *lang* adj.

**Langhølen** /"langhø:len/ 20 21:F5. Høl ved munningen av Hååna. Inneheld → *høl* m. 'hole i elv, (fiske)høl' og adjektivet *lang*.

**Larsagrunnen** /"la:rsagro:en/ 677 5:C3, **Larsgrunnen** /'la:rsgro:en/ 230 38:B6. Grunnar utanfor Skiftesvig (Jåsund; *Larsa-*) og ved Longeflu. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Lars*.

**Larsakula** /"la:rsaku:lå/ 122 29:F1. Sandhaug ved Vaulen (Brusand). Inneheld → *kule* f. 'topp, sandhaug' og mannsnamnet *Lars*.

**Larsberget** /'la:rsberje/ 824 30:A6. Berg ved sjøen sør for Sirevåg (Nygård). Samansett av → *berg* og mannsnamnet *Lars*.

**Larsreget** (*-reket*) /'la:rsræ:Ge/ 90 39. Fiskeplass der ein fiska på rek i Honnsviga. Inneheld → *rek* n. '(stad der ein fiskar på) rek' og mannsnamnet *Lars*.

**Laugabakken**, **-skjeret**, **-sundet**, → *Laugaviga*.

**Laugaberget** /"laugaberje/ 553 29:B5. Berg som stikk ut i sjøen ved Oddane (Ogna) (Fig. 68). Etterleddet er → *berg* og føreleddet verbet *lauga* 'bada, vaska', her brukt om badeplass. På denne staden finn ein òg *Laugabergviga* /"laugabervi:Ge/ og *Litla Laugabergviga* /"litla "laugabervi:Ge/, dessutan *Indra* og *Ytra Laugabergfluna* /"ytra "laugaberflu:ne/. Ein fiskeplass i Ognabukta som blir méda frå dette berget, er kalla *på Laugaberget* /på "laugaberje/.

**Laugaviga** (*-vika*) /"laugavi:Ge/ 222 32:B4. Vik i Moiviga (Vatnamo). Samansett av → *vik* og verbet *lauga* 'bada, vaska', brukt om badeplass. Her finn ein òg *Laugabakken* /"laugabaKen/, *Laugasundet* /"laugasone/ og *Laugaskjeret* /"laugasjæ:re/, som vel er sekundære lagingar, jf. òg *Litla Laugaskjeret* /"litla "laugasje:re/.

**Lauritssteinen** /'lauritsteid,n/ 13 24:C3. Stein i sjøkanten på Husvegg. Inneheld → *stein* og mannsnamnet *Laurits*.

**led** n., gno. *(h)lið* n. 'led, port; opning, hol', førekjem i → *Risaledet* /"ri:sale:e/, som blant fiskarar vart nytta nærast som slangnamn om *Mjånessundet*, sundet mellom Laksholmen og Mjånesholmen. Her tok fiskarane snarvegen ut or Risaviga når dei skulle til fiskeplassane ved Tjør. Nemnet synest òg liggja føre i → *Skjoliled* /sjo:li'le:/, nytta om området mellom skjeret Strålaus og Rott(e)neset på Rott, vel gno. **Skjól í (h)lið* 'skjul i led'.

**Lega** /"le:gå/ 43 23:G3, 726 30:B6, 12 31:E2. Stader ved sjøen på Nordvarhaug, Stølen og Nygård. Bunden form av → *lege* f. 'liggjestad for bufe (i utmarka)'; → *Bulega*. Ved Lega på Nygård finn ein òg *Legetjørna* /"le:geKødnå/.

**lege** f., gno. *lega* f. 'ligging, leie', er nytta om faste liggjestader for bufe i utmarka: → *Lega* /"le:gå/, *Bulega* /"bu:le:gå/.

**lei** f., gno. *leið* f. 'lei, veg', er nytta om farlei i sjøen: → *Leia* /'leiå/, *Skipsleia* /'sjipsleiå/, *Indra leia*. Nemnet er føreledd i → *Leiaboen* /"leiabo:en/ (ligg midt i leia i Håsteinsfjorden) og truleg *Leiasteinen* (ved Nordre Gjøringen).

**Leia** /'leiå/ 974 35:B5, 944 38:B7, 943 35:B5 (*L. på Revingen* /- på "re:vinjen/). Skipsleia fleire stader, t.d. mellom Rott og Frøsholmane, og på innsida av Tjør. Bunden form av → *lei* f. 'farlei på sjøen'.

**Leiasteinen** /"leiasteid,n/ 858 34:C4. Stein ved Nordre Gjøringen. Samansett av → *stein* og truleg → *lei* f.; ein kjem fram med ein færing mellom holmen og steinen.

**Leidet** (*Leitet*) /"leide/ 390 3:C5. Stad ved sjøen (Vistvik/Vistnes). Bunden form av → *leite* n. 'høg stad der det er godt utsyn, leite'. Her finn ein òg den sekundære laginga *Leidefloen* /"leideflo:en/.

**leie** n., skyldt gno. *lege* f. 'ligging, leie', ligg føre i → *Leiet* /"leie/, eit flatt område på Kvassheims- og Kvalbeinsstronda der det er eit stort strandgravfelt. Dette er ein gammal fangststad for falkar, såkalla *falkeleie* n. (*-lege* f.), noko namnet siktar til.

**Leiet** /"leie/ 528 27:C5. Flate med eit stort gravfelt på Kvassheims- og Kvalbeinsstronda, tidlegare brukt som fangststad for falkar, såkalla *falkeleie* (Fig. 69). Bunden form av → *leie* n., her brukt om fangststad for falkar. Her finn ein òg *Leiesteinane* /"leiesteinane/, *Store* og *Litle Leiesteinen* /"litle "leiesteid,n/. Like ovanfor Leiet finn ein → *Falkhaug*.



Fig. 69. Mot Leiet, Leiesteinen, Fuglaviga og Kyrkjetangen (Kvassheim/Kvalbein), sett frå Falkhaug. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 69. Towards Leiet, Leiesteinen, Fuglaviga and Kyrkjetangen (Kvassheim/Kvalbein), as seen from Falkhaug. Photo: Inge Særheim.*

**leite** n., gno. *leiti* n., 'leite, høg stad der det er godt utsyn', som er vanleg i stadnamn (ofte nytta om høge stader i synsranda og langs vegar og stigar), førekjem i → *Leidet* /"leide/ (Vistvik/ Vistnes) og *Strandleidet* /"stranleide/ (Hellestø).

**lende** n., som er avleidd av → *land*, er nytta om stad der ein kan gå inn til land og leggja til med båt: *Lendet* /"lene/ (fleire stader). Ordet er òg nytta om 'jordstykke, terreng': *Myralendet* /"my:ralene/ (Jåsund).

**Lendet** /"lene/ 96 3:C2, 954 35:B4.

Landingsstad for båtar (Vistnes, Søre Frøsholmen). Bunden form av → *lende* n. 'stad der ein kan leggja til med båt'. På Vistnes finn ein òg *Lendenaustrene* /"lenenaustrene/.

**Lensmannssteinen** /'linsmansteid,n/ 880 38:B7. Stein i sundet mellom Storetjør og Hengsøyna. Samansett av → *stein* og ordet *lensmann* m.

**Lensmannsstøna** /'linsmanstø:nå/ 758 4:A2. Stø på Goa. Inneheld → *stø* f. 'båtstø' og ordet *lensmann* m.

**Levaren** /"le.varen/ 987 9:E3. Grunne utanfor Søra-Kolnes, delt i *Nordre* og *Søre Levaren* /"sø:re "le:varen/. Oppkalla etter ein gut som skal ha drukna her. *Levar* er ei lokal uttaleform av mannsnamnet *Lidvard*.

**li** f., gno. *(h)líð* f. 'fjellside, li', er nytta om 'li, side av ei høgd' i → *Lia* /'li:å/ (Nordra-Sunde).

**Lia** /'li:å/ 233 5:G2. Bakke opp frå Hafrsfjord på Nordra-Sunde. Bunden form av → *li* f. 'li, side av ei høgd'.

**Litholmen** /"lithålmen/ 179 34:C5, 180 34:C5. To små holmar utanfor Kolnes, kalla *Søre* og *Nordre Litholmen* og *Søra-Kolnes* og *Nordra-Kolnes Litholmen*. Inneheld → *holme* og adjektivet *liten*. Sundet innanfor den nordre holmen er kalla *Litholmsundet* /"lithålmsone/, jf. òg *Grunnen utføre Søra-Kolneslitholmen* /"gro:en udfø:re "sø:rakålneslithålmen/.

**Litla/Litle** er føreledd i ca. 90 namn for å presisera at det dreiar seg om den minste (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (gjerne svarande til eit namn med leddet *Stora/Store*), t.d. *Litla Hua* /"litla 'hu:å/, *Litla Bandstadviga* /"litla "banstavi:Gå/, *Litle Bandstadvigodden* /"litle "banstavigåd,n/. I registeret bak i boka er det opplyst kva for oppslag slike namn er omtala under.

Andre namn med dette føreleddet er: *Litla Dronninga* /"litla "dråninjå/ (teig, Meling), *Litlahella* /"litlahedlå/ (flate steinar i sjøen, Varhaug, Kvalbein), *Litla hola* /"litla "hå:lå/ (lita vik, Sirevåg), *Litla molja* /"litla "målјå/ (molo, Tangarstø, Sele), Litla skjeret /"litla 'sje:re/ (skjer utanfor Ytrabø), *Litla ura* /"litla 'u:rå/ (ved båtplassen på Obrestad), *Litlaviga* /"litlavi:Gå/ (Reime, Sørreime, Kvassheim), *Litlaskjeret* /"litlasje:re/ (Ytrabø, Hafrsfjordkjeften), *Litle grunnen* /"litle "gro:en/ (i Obrestadviga), *Litleflu* /"litleflu:/ (Kvalbein), *Litlegrunnen* /"litlegro:en/ (Honnsviga), *Litlehausen* /"litlehausen/ (grunne, Jåsund), *Litleparken* /"litleparken/ (teig, Viste), *Litlesand* /"litlesan/ (sandstrand, Viste) og *Litlhei* /"litlei/ (Sande).

**Litlahella**, **-hola**, **-molja**, **-skjeret**, **-ura**, **-viga** (*-vika*), → *Litla/Litle*.

**Litleflu**, **-grunnen**, **-hausen**, **-parken**, **-sund**, → *Litla/Litle*.

**Litlhei**, → *Litla/Litle*.

**Ljoshauggrunnen** /"jo:shaugro:en/ 22 39. Fiskeplass ut av Honnsviga, også kalla *på Ljoshaug* og *Snødegrunnen* (etter médfjellet *Snøde*). Samansett av → *grunne* og namnet *Ljoshaug*, brukt om eit médpunkt (ein stor gravhaug) på Orre. Føreleddet i haugnamnet er adjektivet *ljos*, som truleg siktar til at det tidlegare låg mykje sand på haugen.

**Longedjubet** (*Langedjupet*) /"långeju:be/ 372 39. Fiskeplass vest i havet ut av Honnsviga. Samansett av → *djup* n. og fiskenemnet *lange* f., uttala /"långa/ i dialekten.

**Longeflu** (*Lange-*) /"långeflu:/ 231 38:B6, **Longeflu(na)** (*Lange-*, *-flua*) /"långeflu:(nå)/ 369 36:B2. Grunnar nordaust for Tjør og nordvest for Grynningen. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivet *lang*. Ved den sistnemnde finn ein òg *Longefluskjera* /"långeflusje:rå/, *Stora* og *Litla Longefluskjeret* /"litla "långeflusje:re/.

**Longholsfluna** (*Lang-*, *-flua*) /'långholsflu:nå/ 105 13:C5. Fiskeplass i Honnsviga. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og namnet *Longholen* (høgderygg og médpunkt på Sele).

**Longholsreget** (*Lang-*, *-reket*) /"långholsræ:Ge/ 950 13:C1. Fiskeplass der ein fiska på rek i Honnsviga. Inneheld → *rek* n. 'fiskeplass der ein fiskar på rek' og namnet *Longholen* (høgd og médpunkt på Sele).

**Losatona** (*-toa*) /"lo:sato:nå/ 263 11:A3. Stad opp frå sjøen på Hellestø. Inneheld → *to* f. 'hylle i terrenget' og yrkesnemninga *los* m., vel med bakgrunn i ein utkikstad for losar.

**Losberget** /"lo:sberje/ 389 38:B7. Topp på Storetjør. Samansett av → *berg* og yrkesnemninga *los* m. med bakgrunn i utkikstad for losar.

**Losskjeret** /"lo:sje:re/ 201 37:B4. Skjer på innsida av Håstein. Inneheld → *skjer* og yrkesnemninga *los* m. Her pla losen liggja og venta på båtar; han kunne gå opp på øya og speida etter båtar.

**Luggarsteinen** /"logarsteid,n/ 356 23:A5, **Luggasteinen** /"logasteinen/ 422 32:A4. Store steinar i sjøen på Varhaug (*Luggar-)* (Fig. 70) og ved sjøen i Kalvshagen. Etterleddet er → *stein* og føreleddet truleg ordet *lugg* m. '(dyr med) stor og tjukk kropp; rugg, sværing'.



Fig. 70. Luggarsteinen (Varhaug). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 70. Luggarsteinen (Varhaug). Photo: Inge Særheim.*

**Luktatjørna** /"loktaKydnå/ 168 6:C4. Tjørn nær sjøen nord for Tananger (Myklabost). Etterleddet er → *tjørn* og føreleddet ordet *lukt* f. eller *lukta* vb. med bakgrunn i dårleg lukt; → *Lukteviga*.

**Lukteviga** (*-vika*) /"loktevi:Ge/ 556 29:A5. Lita vik ved Oddane (Ogna). Samansett av → *vik* og *lukta* vb. med bakgrunn i dårleg lukt, vel etter tare som rotnar.

**Lundaberget** /"lunaberje/ 694 5:F3. Berg ved munningen av Hafrsfjord. Etterleddet er → *berg* og føreleddet *lund* m. 'liten skog, treklyngje'.

**Lusagrunnen** /"lu:sagro:en/ 322 37:B5. Grunne vest for Revingen. Samansett av → *grunne* og ordet *lus* f. Føreleddet siktar kanskje til magert utbyte av fisket, ev. til vanskelege arbeidstilhøve. Samband med såkalla *marlus* (lite sjødyr) synest mindre truleg for dette namnet.

**Lydbøyen** /"ly:dbøyen/ 48 39. Bøye med lyd (eit orienteringsmerke) i sjøen utanfor Revet (Reve). Inneheld ordet *lydbøye* m.

**Lyngbusken** /"lyngbusjen/ 161 9:E3. Fiskeplass (ein god hummarstein) utanfor Søra-Kolnes, også kalla → *Buska* /"buskå/. Plantenemnet *lyngbusk* m. siktar til tarevekst. Teinene vart her sette på ei lita sandflate mellom to steinar.

**Lyngtua** /"lyngtu:å/ 661 29:B4. Médfjell i Ognalandet, kalla *Lyngtua* av fiskarar, men *Steinstovfjellet* av folk på garden. Frå sjøen liknar denne toppen på ei tue med lyng. Ein fiskeplass i Ognabukta som blir méda frå dette fjellet, er kalla *på Lyngtua* /på "lyngtu:å/.

**Lynningsbekken** /"lyningsbeKen/ 823 11:B1. Bekk som renn ut i Vigdelsviga. Samansett av → *bekk* og bruksnamnet *Lynning* (*Lønning*), vel opphavling **Løyning*; → *Løyningen*.

**Lyptingen** /"lyptinjen/ 565 29:C5. Høgd på Ogna. Inneheld gno. *lypting* f. 'lyfting, høgt dekk i bakstamnen på skip', brukt jamførande.

**Lyrafluna** (*-flua*) /"ly:raflu:ne/ 649 30:A4. Grunne ved munningen av Vågsgabet i Sirevåg. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og fiskenemnet *lyr* m. med bakgrunn i fiske.

**Lyraskjeret** /"ly:rasje:re, -sjæ:re/ 443 25:E3, 292 38:B5. Skjer utanfor Stavnheim og i Skjergarden nord for Tjør. Samansett av → *skjer* og fiskenemnet *lyr* m. med bakgrunn i fiske.

**Lyratangen** /"ly:ratanjen/ 10 12:E5. Nes på Sele (Fig. 71). Samansett av → *tange* og fiskenemnet *lyr* m. med bakgrunn i fiske. Her finn ein òg *Lyratangssteinane* /"ly:ratangsteinane/ og *Lyratangsviga* /"ly:ratangsvi:Gå/.

**Lyren** /'ly:ren/ 37 20:D2. Skjer utanfor Nærland, ytst i Nærlandsraunen. Bunden form av fiskenemnet *lyr* m., anten med bakgrunn i fiske, eller brukt biletleg.



Fig. 71. Lyratangen og Lyratangssteinane (Sele), Feisteinen i bakgrunnen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 71. Lyratangen and Lyratangssteinane (Sele), Feisteinen in the background. Photo: Inge Særheim.*

**Lysbøyen** /"ly:sbøyen/ 49 39. Bøye med lys (eit orienteringspunkt) utanfor Revet (Reve). Inneheld ordet *lysbøye* m.

**Lædresundsholmen** /"læ:dresonshålmen/ 502 32:F5. Den ytste holmen i Holmane (Hå). Samansett av → *holme* og eit sundnamn som inneheld → *sund* og eit føreledd som er skyldt gno. *letr* n., svarande til *látr* n. 'liggjestad for dyr', her med bakgrunn i tilhaldsstad for sel. Tilsvarande bakgrunn har gardsnamnet *Lædre* (*Ledre*) frå Eigersund. Litt.: Særheim 2007:153.

**Løbakken** /'lø:baKen/ 117 1:E1. Bakke inn frå Tungevågen. Inneheld → *bakke* og ordet *løe* f.

**Lønshaug** /'lønshau/ 492 2:C1. Høgd med fortidsminne ved sjøen på Ytrabø. Etterleddet er → *haug*. Uvisst føreledd; det har kanskje samband med verbet *løyna*, → *Løyningen*.

**Løyndagrunnen** /"løyndagro:en/ 5 13:A1, 240 38:B6. Grunnar sør for Feisteinen og nord for Nordtjør. Samansett av → *grunne* og adjektivet *løynd*, som siktar til at grunnane ligg løynt (under sjømålet), men bryt når det er stor sjø.

**Løyningen** /"løyninjen/ 315 8:C2. Beiteteig på Rott. Avleidd med *ing*-suffiks til verbet *løyna*, som siktar til skjult leie og gjerne livd.

## M

**Madholet** (*Mat-*) /"ma:dhå:le/ 683 5:E2. Lita vik i Skiftesvik (Jåsund) (Fig. 72). Samansett av → *hole* f. 'lita vik, hole' og ordet *mat* m., truleg med bakgrunn i havrekster (ev. fiske).



Fig. 72. Vika Madholet og skjeret Skia (Jåsund). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 72. The bay Madholet and the skerry Skia (Jåsund). Photo: Inge Særheim.*

**Madland** /"madlan/ Kart 24. Matrikkelgard i Hå, *Malleland* 1519, *Madtlandt* 1521. Føreleddet har truleg samband med – og kan

vera – gno. *mǫl* f. 'banke av småstein', i så fall gno. **Malland*, noko som høver godt med jordgrunnen på staden. Namnet, som òg finst i Gjesdal, er truleg skyldt sokne- og gardsnamnet *Madla* (Stavanger), gno. *Mallar* (fleirtalsform). Mindre rimeleg synest framlegget i NG om gno. *matland*: "Land eller Sted i dets Forhold til (som er godt eller slet forsynet med, frembringer meget eller lidet af) Fødemidler". Sekundære lagingar er: *Madlandsbekken* /"madlansbeKen/, *Madlandshamn* /"madlanshab,n/, *Madlandskiptet* /"madlan-sjipte/, *Madlandsstronda* /"madlanstrånå/ og *Madlandsstøen* /"madlanstø:en/. Litt.: NG 10:118, Særheim 2007:156.

**Marafu** /"ma:rafu:/ 121 11:A4. Lita bukt på Hellestø. Jamføringsnamn som inneheld det samansette *marafu* f., med orda *mar* m. (gno. *marr* m.) 'hest' og *fu* f. 'bakende, rauv', altså 'hesterauv'; → *Mararaua*.

**Mararaua** (*-rauva*) /"ma:rarauå/ 218 8:B5. Lita vik sør på Rott. Jamføringsnamn som inneheld det samansette *mararauv* f., med orda *mar* m. (gno. *marr* m.) 'hest' og *rauv* f. 'bakende, rauv'; → *Marafu*. Ein informant sa at han helst kalla vika *Maraslørja* /"ma:raslørjå/ (*slørje* f.), noko som skulle vera finare. Sisteleddet er her *slørje* f., som Ross har notert i tydinga "skjødesløs, skidenfærdig Kvinde", svarande til *sløre* f., som han har notert frå Jæren og Ryfylke om "skjødesløs lang utækkelig Kvinde". Litt.: Ross 1895:714.

**Marasletta** /"ma:rasletå/ 808 11:F1. Lita slette ved Kvernaviga (Vigdel). Samansett av → *slette* f. og husdyrnemnet *mar* m. 'hest'.

**Maraslørja**, → *Mararaua*.

**Mareshamrane** /"ma:reshamrane/ 219 8:B5. Berg på Rott. Etterleddet er → *hammar* m. 'berg, fjellknause'. Føreleddet er noko uvisst. Kanskje er det eit kvinnenamn, *Marit* e.a.

**Mariahagen** /"ma:riahaien/ 26 21:F5. Teig på Nærland ved utlaupet av Håelva. Samansett av → *hage* og kvinnenamnet *Maria*.

**mark** f., gno. *mǫrk* f. 'mark, utmark, skog', er nytta om utmark, udyrka jordstykke, gjerne beiteområde ned mot sjøen, t.d. → *Marka* /'marKå/, *Markene* /"marKene/, *Ud(e)marka* /"u:d(e)marKå/, *Smalamarka* /"sma:lamarKå/ (Nærland, sauebeite), *Øygjamarka* /"øyGa-marKå/ (Vik, hestebeite). Ordet er føreledd i t.d. *Markastronda* /"markastrånå/ (Nordvarhaug), *Markatrædet* /"markatræ:e/ (Nordvarhaug; buveg til utmarka) og *Markavegen* /"marka-veien/ (Ølberg).

**Marka** /'marKå/ 730 23:F5. Utmark opp frå sjøen på Nordvarhaug. Bunden form av → *mark* f. 'utmark'.

**Markene** /"marKene/ 963 15:F4, 948 17:A5, 964 18:C4. Utmarksområde på bl.a. Hodne, Reve og Orre. Bunden form fleirtal av → *mark* f. 'utmark'.

**Martin i Hagen** /"martin i "haien/ 20 4:F2. Område ved sjøen og gardsbruk på Viste. Inneheld personnamnet *Martin* og bruksnamnet *Hagen*, som er bunden form av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke'.

**Martinshella** /"martinshedlå/ 158 9:E3. Fiskeplass utanfor Søra Kolnes. Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og mannsnamnet *Martin*.

**Marøyna** (*-øya*) /"ma:røynå/ 33 19:D3. Vik og hamneplass på Skeie. Tidlegare var dette ei viktig hamn. Namnet er samansett av → *øy* f., som her synest vera nytta om flate ved vatn (sjøen), → *Bårøyna*, og gno. *marr* m. 'sjø', som ligg føre i namn langs sjøen i Sør-Rogaland, jf. viknamnet *Marren* (Hellvik).

**Maskingrunnen** /"masjingro:en/ 262 6:D5. Grunne der det var bygd ut inne på hamna i Tananger. Her stod det ei vindmølle (vind-maskin), der ein treskte korn. Samansett av → *grunne* og *maskin* m.

**Maskinhagen** /"masjinha:gen/ 109 6:C4. Teig i Tananger der det er steinar etter ein tidlegare vindmaskin, brukt til tresking av korn. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og *maskin* m.

**Mastrahagen** /"mastrahaien/ 4 20:F4. Teig ved sjøen på Nærland. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og ordet *mast(r)* f. 'mast', som siktar til ei radiomast.

**Matlauflaget** (*-flaket*), → *Matlautorva*.

**Matlautorva** /"matlautårvå/ 851 10:F1. Fiskeplass i Solaviga, også kalla *Matlauflaget* /"matlaufla:Ge/, eit lite område med tarebotn som er omgjeve av sandgrunn. Inneheld → *torve* f., som siktar til tarebotn, og plantenemnet *marlauk* m., dvs. 'sjølauk, tare'. Førsteleddet i dette ordet er registrert med uttalen /"mat-/ (kort *a* og lang *t*) frå Jæren, Dalane og Karmøy (NO 7:1128), kanskje påverka av ordet *matlauv* (NO 7:1179).

**Mattiasfjellet** /"matiasfjedle/ 152 32:E4. Fjell ved sjøen i Holmane. Samansett av → *fjell* og mannsnamnet *Mattias*.

**Mattisboen** /"matisbo:en/ 40 16:F3. Grunne utanfor Reve. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og mannsnamnet *Mattias*.

**Mattisen** /"matisen/ 227 38:B7. Grunne aust for Tjør. Vel ei elliptisk (avkorta) namneform av **Mattisgrunnen* e.l., med mannsnamnet *Matias*, ev. etternamnet *Mat(h)isen*, og eit utelate ord → *grunne* e.a.

**méd** n., gno. *mið* n. 'midstad, merke, fiskegrunne som ein finn ved hjelp av merke (siktepunkt) på land', ligg føre i namn på fiskeplassar som ein finn ved krysspeiling ut frå merke på land: → *Nyeméd* /"ny:eme:/, *Karlsméd* /'ka:lsme:/, *Skodeméd* /"skå:deme:/.

**Mekjersviga** (*Megjers-*, *-vika*) /"meGarsvi:Gå/ 509 1:E3. Vik på Sande. Samansett av → *vik* og plantenemnet *mækje* 'sverdlilje'.

**Mela** /"me:lå/ 849 9:H4. Område med tilgrodde sandkuler på Sola. Bunden form eintal av → *mele* f., som er nytta på denne måten.

**mele** f., jf. gno. *melr* m. 'mel, grus, sandbanke', er nytta om område med tilgrodde sanddungar: *Mela* /"me:lå/ (Sola), *Melene* /"me:lene/ (Bø, Sande).

**Melene** /"me:lene/ 111 2:F4. Område med tilgrodde sandkuler på Bø og Sande (Fig. 73). Bunden form fleirtal av → *mele* f., som har denne bruksmåten.

**Meling** /"me:ling/ Kart 6. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Meylyngh* 1519, *Meyling* 1522. Namnet finst som gardsnamn fire andre stader



Fig. 73. Melene (Indrabø, Sande). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 73. Melene (Indrabø, Sande). Photo: Inge Særheim.*

i Rogaland, bl.a. skrive *Midlingh* (akk.) og *til Midlings* (genitiv) 1293. Gno. *Miðlingr* 'mellomgarden, ein stad som ligg i midten'. Sekundære lagingar er: *Melingsbryggja* /"me:lingsbryGå/, *Melingsgrunnen* /"me:lingsgro:en/, *Melingssundet* /"me:lingsone/ og *Melingsholmen* /"me:lingshålmen/, jf. òg *Litle Melingsholmen* /"litle "me:lingshålmen/. Litt.: NG 10:183, Særheim 2007:159.

**Midgrunnen** /"midgro:en/ 499 2:B2, 671 5:C5, 126 36:B2, 413 36:C4, 416 36:C4. Grunnar fleire stader (utanfor Ytrabø, utanfor Myklabost, nordvest for Grynningen, nordaust for Rottfladholmen, nordvest for Kjerten). Samansett av → *grunne* og *mid-* 'som er i midten', som siktar til at grunnane ligg mellom andre lokalitetar.

**Midhagen** /"midha:gen/ 232 6:D5. Teig på Meling. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og *mid-* 'som er i midten'.

**Midsloen** /"midslo:en/ 124 36:B2, 97 36:C2. Grunnar like under sjømålet nord for Grynningen, mellom dei to Longefluskjera og mellom dei to Svartaskjera, den sistnemnde også kalla *Taraskjeret*. Inneheld → *sloe* og *mid-* med bakgrunn i at sloane ligg mellom andre lokalitetar (skjer).

**Midtbotn** /"mitbåt,n/ 13 13:D6. Eit djupare område i sjøen (ei seglrenne) mellom holmen Feisteinen og land. Inneheld → *botn* m. og *midt* adv. 'som er i midten'.

**Midtfjæra** /"mitfje:rå/ 280 35:C5. Grunne midt i Rottsfjorden mellom fastlandet og Rott.

Sisteleddet er truleg → *fjord*, som siktar til at grunnen ligg midt i fjorden; → *Fjøreneset*. Mindre rimeleg synest tolking til ordet *fjære* f. 'lågvatn, fjøre'. Føreleddet er *midt* adv. 'som er i midten'.

**Midtra/Midtre** står som føreledd i ni namn, oftast for å presisera at namnet er brukt om den midtre (delen) av tre eller fleire lokalitetar med motsvarande namn som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre. I registeret bak i boka er det nemnt kva for eit oppslag vedkomande namn er omtala under. Ein finn t.d. dette nemnet i *Midtra fluna* /"mitra 'flu:nå/ (Hausafluene ved Rott), *Midtra kula* /"mitra "ku:lå/ (Orresanden), *Midtra ura* /"mitra 'u:rå/ (Fladholmen) og *Midtre vågen* /"mitre 'våyen/ (Ogna, ved Laugaberget).

**Midtra fluna** (*-flua*), **-kula**, **-ura**, → *Midtra/ Midtre*.

**Midtre vågen**, → *Midtra/Midtre*.

**Mikkalstøna** (*-støa*) /"mikalstø:nå/ 23 4:G2. Båtstø på Viste. Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og mannsnamnet *Mik(k)al*.

**Mikkjel** /"miKel/ 515 26:F6. Stad i sjøen på Hårr. Synest innehalda mannsnamnet *Mikkjel*, kanskje med bakgrunn i ein som har fiska her, eller i ei hending.

**Mintastøna** (*-støa*) /"mintastø:nå/ 443 11:B4. Tarestø på Ølberg, altså ei stø som det vart køyrt tare frå. Etterleddet er → *stø* f. 'båtstad, stø'. Føreleddet er uvisst.

**Mittinga** /"mitinjå/ 231 6:E5. Teig ved sjøen på Meling. Bunden form av ordet *mitting* f. 'møkdunge, dunge med hevd', vel med bakgrunn i at ein har lagt mitting her.

**Mjug** (*Mjughaug*) /mju:g, "mju:ghau/ 738 5:G2. Topp på Nordra Sunde. Er truleg omlaging av ordet *njuk* m. 'bergtopp', kanskje påverka av adjektivet *mjuk*.

**Mjånesholmen** /'mjå:neshålmen/ 154 34:C4. Holme som ligg mellom neset Geida og Laksholmen (Tjora). Etterleddet er → *holme* og føreleddet eit namn **Mjånes(et)*, samansett av → *nes* og adjektivet *mjå* 'smal, trong' med bakgrunn i det smale neset Geida; → *Mjåsund*. Sundet mellom Mjånesholmen og Geida heiter *Mjånessundet* /'mjå:nesone/.

**Mjånessundet**, → *Mjånesholmen*.

**Mjåsund** /'mjå:son/ 232 8:x3. Lågare parti (tidlegare sund) mellom Brønnes og det som no er ytste punktet på Brønnes, men som tidlegare var ein holme. Inneheld → *sund* og adjektivet *mjå* 'smal, trong'.

**Moifjellet**, **-skjeret**, **-tjørna**, → *Moiviga*.

**Moiviga** (*-vika*) /'måyvi:Gå/ 220 32:B5. Vik i Vatnamo (Fig. 74). Etterleddet er → *vik*. Føreleddet er kanskje sisteleddet i gardsnamnet → *Vatnamo*, som kan tolkast som terrengnemnet *mo* m. 'slette av grus, sand'. Denne forma av nemnet, som er utvikla av dativforma, gno. **Mói*, finn ein òg i gardsnamnet *Moi* /måy/, som førekjem både i Lund og Bjerkreim. *Moi-* (og *Mois-*) finn ein òg som føreledd i samansette namn på dei to nemnde stadene, t.d. *Moifjellet* og *Moisåna*. Same føreleddet ligg òg føre i andre namn frå Vatnamo: *Moifjellet* /'måyfjedle/, *Moiskjeret* /'måysjæ:re/ og *Moitjørna* /'måyKødne/, jf. òg *Ytra Moiskjeret* /"ytra 'måysje:re/. Litt.: Særheim 2007:160.

**mol** m. og n., jf. gno. *mǫl* f. 'banke av småstein, mol', er nytta om område med rullestein i sjøen og stranda: → *Molen* /'må:len/, → *Molet* /'må:le/, → *Molviga* /"målvi:Gå/; alle tre namna førekjem fleire stader.

**Molen** /'må:len/ 943 13:B5, 69 16:A2, 294 34:C6. Samling av rullestein i sjøen og stranda fleire stader (Kolnes, Reve, Feisteinen). Bunden form av → *mol* 'banke, samling av rullestein', her i hankjønnsform; → *Molet*, *Molviga*.

**Molet** /'må:le/ 447 2:C5, 328 2:C6, 146 3:C2. Samling av rullestein i stranda fleire stader i Randaberg (Indrabø, Ytrabø, Vistnes). Bunden form av → *mol* 'banke, samling av rullestein', her i inkjekjønnsform; → *Molen*, *Molviga*.

**Molja** /"måljå/ 754 4:B4, 740 11:A3. Murt bryggje fleire stader (bl.a. Goa og Hellestø). Bunden form av → *molje* f. 'murt bryggje, molo'; →



Fig. 74. Moiviga (Vatnamo). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 74. Moiviga (Vatnamo). Photo: Inge Særheim.*

*Moloen*. I Hellestø finn ein òg *Moljeholet* /"måljehå:le/.

**molje** f., **molo** m. (frå italiensk) er nytta om 'murt bryggje, molo': → *Molja* /"måljå/, *Moloen* /'mo:loen/, *Litla molja* /"litla "måljå/.

**Moloen** /'mo:loen/ 739 16:B2. Murt bryggje og hamn fleire stader, bl.a. på Reve. Bunden form av → *molo* m. 'murt bryggje'; → *molje*, *Molja*.

**Molviga** (-*vika*) /"målvi:Gå/ 794 3:C6, 225 8:A4, 90 16:D5. Vik fleire stader (Vistnes, Rott, Hodne) (Fig. 75). Samansett av → *vik* og → *mol* 'samling av rullestein'; → *Molen*, *Molet*. På Vistnes finn ein òg *Molvigsteinen* /"målvigsteid,n/. Der skil ein elles mellom *Søra* og *Nordra Molviga* /"no:ra "målvi:Gå/.

**Monsagrunnen** /"månsagro:en/ 497 36:C2, 374 37:B3. Grunnar nordaust for Grynningen og nord for Håstein. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Mons*.

**Monsamarka** /"månsamarKå/ 101 3:C2. Mark opp frå sjøen på Vistnes. Samansett av → *mark* f. 'utmark' og mannsnamnet *Mons*.

**Mortaberget** /"mortaberje/ 231 11:A4. Fjell ved sjøen i Hellestø. Inneheld → *berg* og fiskenemnet *mort* m. 'småsei'.

**Mortaboen** /"mortabo:en/ 328 3:C3, 70 3:C5. Båar i Vistnesvågen og Molviga (Vistnes). Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet' og fiskenemnet *mort* m. 'småsei'.

**Mortaskjeret** /"mortasje:re/ 545 34:C4. Skjer nord for Hestholmen (Tjora). Inneheld → *skjer* og fiskenemnet *mort* m. 'småsei'.

**Mortasteinen** /"mortasteid,n/ 635 10:D2, 810 11:A1. Steinar utanfor Trælen (Ølberg) og i Vigdelsviga. Samansett av → *stein* og fiskenemnet *mort* m. 'ungsei'.

**Mortenstronda** /"mårtenstrånå/ 4 24:E5. Område i stranda på Årsland. Samansett av → *strond* f. 'strand' og mannsnamnet *Morten*.

**Morthammar** /"morthamar/ 144 3:C3. Fjell på Vistnes, innanfor Mortaboen. Samansett av → *hammar* m. 'fjell, bergknatte' og fiskenemnet *mort* m. 'ungsei'.



Fig. 75. Molviga (Hodne). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 75. Molviga (Hodne). Photo: Inge Særheim.*

**Morthol** /"morthå:l/ 609 1:D3, 110 1:F1, **Mortholet** /"morthå:le/ 72 32:E4, 144 32:E4. Vikar og innsnevringar fleire stader: Sande og Tunge (båe *-hol*), dessutan to stader i Holmane. Inneheld → *hol* n. 'vik, innskjering' og fiskenemnet *mort* m. 'ungsei'.

**Morthola** /"morthå:lå/ 230 32:B4. Lite innhykk i berget i Vatnamo. Samansett av → *hole* f. 'lita vik, hole' og fiskenemnet *mort* m. 'ungsei'.

**Myklaberget** (*Mygla-*) /"myglaberje/ 206 19:D4. Høgd innanfor stranda på Vik (i grensa med Orre). Inneheld → *berg* og gno. *mikill* adj. 'stor'; → *Myklabost*.

**Myklabost** /"myglabåst/ Kart 5, 6. Matrikkelgard i Sola, *Møgebost* 1519, *Møcklebostad* 1521. Gno. **Miklibólstaðr*, samansett av gno. *bólstaðr* m. 'buplass, gard' og *mikill* adj. 'stor', her utvikla av bøyingsforma **Mikla-*. Dette gardsnamnet førekjem 45 stader her i landet (mellom Aust-Agder og Senja), av dei fire i Rogaland. Sekundære lagingar er *Myklabostfluna* /"myglabåstflu:nå/ (to stader) og *Myklaboststranden* /"myglabåststra:en/. Litt.: NG 10:183, Særheim 2007:163.

**myr** f., gno. *mýrr* f. 'myr', førekjem i namn på myrlende i strandområdet: → *Myra* /'my:rå, 'my:re/, *Floarmyra* /"flo:army:rå/, *Vibemyra* /"vi:bemy:re/, *Litlemyr*. Nemnet er føreledd i *Myralendet* /"my:ralene/ (Jåsund) og *Myrasteinen* /"my:rasteid,n/ (Husvegg), jf. òg *Litle* og *Store Myrsteinen* /"sto:re 'my:rsteid,n/ frå Nordvarhaug, der ein òg finn *Myrsteinsviga* /"my:rsteinsvi:Gå/.

**Myra** /'my:rå, 'my:re/ 127 2:F4, 10 24:C3, 444 31:D2. Myrar i strandområdet fleire stader (Sande, Husvegg, Stølen). Bunden form av → *myr*.

**Myralendet**, **-steinen**, → *myr*.

**Myrsteinen**, → *myr*.

**Mølla** /"mylå/ 235 4:B4. Mølle ved utlaupet av bekken frå Hålandsvatnet i Kvernaviga. Mølla

vart driven av *Møllebekken* /"mylebeKen/. Bunden form av ordet *mølle* f.

**Mågabukta** (*Måka-*) /"må:gaboktå/ 953 37:B5. Vik sør på Buøyna. Samansett av → *bukt* og fuglenemnet *måke* m.

**Mågaholet** (*Måka-*) /"må:gahå:le/ 77 22:C1. Stad ved strandbakken på Reime der ein skaut måkar. Her var det ei lita grop med tak over der ein heldt til når ein jakta på fuglar. Samansett av → *hol* n. og fuglenemnet *måke*.

**Mågahuset** (*Måka-*) /"må:gahu:se/ 106 3:C5. Stad ved Nordra Molviga (Vistnes) der ein har fanga måkar. Ein la steinar på vengene til fuglane, som skreik og lokka fleire fuglar til staden. Såkalla *måkehus*, der ein har fanga måkar, har funnest fleire stader i fylket, bl.a. på Utsira. Namnet er laga til eit samansett ord med orda *hus* n. og *måke* m. Litt.: Særheim 1990:37.

**Mågaskjeret** (*Måka-*) /"må:gasjæ:re/ 141 11:A1. Skjer i Vigdelsviga (Fig. 76). Samansett av → *skjer* og fuglenemnet *måke*. Her finn ein òg *Litla Mågaskjeret* /"litla "må:gasjæ:re/.

**Mågasteinen** (*Måka-*) /"må:gasteid,n/ 304 22:D2, 41 23:G3. Steinar på Sørreime (ved Mågaviga) og Nordvarhaug. Samansett av → *stein* og fuglenemnet *måke*.

**Mågatona** (*Måkatoa*) /"må:gato:ne/ 506 32:E5. Stad på Mågholmen (Holmane). Inneheld → *to* f. 'hylle, avsats i berg' og fuglenemnet *måke*.

**Mågaviga** (*Måkavika*) /"må:gavi:Gå/ 78 22:D2. Vik på Sørreime. Samansett av → *vik* og fuglenemnet *måke*.

**Mågholmen** (*Måk-*) /"må:ghålmen/ 10 31:D2, 145 32:E4. Stader i Stølen og Holmane. Inneheld → *holme* og fuglenemnet *måke*.

**Måkollen** /'må:kåd,l/ 115 38:B6. Berg nord på Storetjør. Ein skil mellom *Store* og *Litle Måkollen* /"litle 'må:kåd,l/. Namnet synest vera samansett av → *koll* m. (ev. *kolle* m.) 'bergtopp' og fuglenemnet *måke*. Her finn ein òg *Måkollvågen* /'må:kålvå:jen/, også kalla *Litla Vardaviga*. Ein skil mellom *Store* og *Litle Måkollvågen* /"litle 'må:kålvå:jen/.

## N

**Nadaskjeret** (*Nata-*) /"na:dasjæ:re/ 27 12:B5. Eit framspring på Skarasanden (Helland) som no er landfast (Fig. 77). I dette området finn ein òg *Litla Nadaskjeret* /"litla "na:dasje:re/. Etterleddet er → *skjer* og føreleddet *nate* m.'fuge, opning (mellom bord, plankar), samanfelling', som siktar til ei stor langsgåande opning (sprekke) i skjeret (Fig. 78).

**Nasen hans Arnt** /"na:sen ans 'a:r,nt/ 7 38:B7. Framspring (nes) og fiskeplass heilt sør på Storetjør. Inneheld ordet *nase* m., brukt jamførande, og mannsnamnet *Arnt*, med bakgrunn i at dette var fast fiskeplass for ein person med dette namnet, altså fiskeplassen hans Arnt, som det heiter i nedarva jærmål.

**Naudøyna** (*Naut-*, *-øya*) /"naudøynå/ 153 7:D3. Øy på Tjora som no er landfast. Samansett av → *øy* og husdyrnemnet *naut* n. Namnet siktar til at kyrne pla gå over sundet og beita på øya. Det grunne sundet som tidlegare var mellom øya og fastlandet, heiter *Naudøysundet* /"naudøysone/.

**Nausterhella**, **-tangen**, **-viga** (*-vika*), → *naustr*.

**naustr** n., gno. *naust* n. 'båthus, naust' (eigentleg samansett av to ord, eitt for 'fartøy' og eitt for 'stå'), er nytta om båthus og om staden der båthusa står eller har stått. Vanleg er usamansett form → *Naustret* /'naustre/ og *Naustrene* /"naustrene/. Folk utanfor gardsmiljøet set til gardsnamnet som utmerking: *Varhaugsnaustrene*, *Årslandsnaustret*. På Obrestad finn ein dette nemnet som føreledd i *Naustertangen* /nauster'tanjen/ og *Nausterhella* /nauster'hedlå/, og i Holmane *Nausterviga* /nauster'vi:Ge/, både stader uttala med etterleddstrykk. Ordforma med utlydande *-r* er òg kjend frå andre målføre, bl.a. i Telemark og Gudbrandsdalen.

**Naustrene** /"naustrene/ 307 4:F2 (*N. i Stranden* /- i 'stra:en/), 269 21:B4, 352 23:A4. Nytta om båthusa (bl.a. på Viste, Obrestad og Varhaug). Bunden form fleirtal av → *naustr* n. 'båthus, naust'. Utanfor gardsmiljøet set ein til gardsnamnet som utmerking: *Obrestadnaustrene*, *Varhaugsnaustrene*.



Fig. 76. Frå Vigdelsviga med Mågaskjeret (bak til venstre), Pigen (midten) og (til høgre) Galten og Austbøsteinen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 76. From Vigdelsviga with Mågaskjeret (back to the left), Pigen (middle) and (to the right) Galten and Austbøsteinen. Photo: Inge Særheim.*





Fig. 77. Nadaskjeret og Oderbekk (Helland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 77. Nadaskjeret and Oderbekk (Helland). Photo: Inge Særheim.*

**Naustret** /'naustre/ 77 3:C5, 56 22:D1, 984 24:E5. Nytta om båthus (bl.a. i Vistvik, på Reime og Årsland). Bunden form av → *naustr* n. 'båthus'. Utanfor gardsmiljøet set ein til gardsnamnet som utmerking: *Årslandsnaustret*.

**Nebba** /"nebå/ 240 8:B3, 854 26:G3. Små nes i strandkanten på Rott (berg) og Hårr (rullestein). Bunden form av → *nebbe* (*nibbe*) f. 'lite framspring (nes)'.

**nebbe** (*nibbe*) f., som vel har språkleg samband med *nebb* n., er nytta om små framspring (nes) av berg eller stein i strandkanten: → *Nebba* /"nebå/ (Rott, Hårr), *Holmanebba* (ytste delen av Holmodden, Tunge).

**Nebhaug** (*Nep-*) /"næ:bhau/ 321 23:G2. Haug opp frå sjøen på Nordvarhaug. Samansett av → *haug* og plantenemnet *nepe* f.

**Nedgangsbakken** /"ne:gångsbaKen/ 149 11:G3. Bakke ned til sjøen i Vigdel (i grensa med Hellestø). Etterleddet er → *bakke* og føreleddet det samansette *nedgang* m., som siktar til at ein her kan gå ned til sjøen, til ei vik, gjerne kalla → *Dalen*. Her finn ein òg namna *Nedgangsdalen* /"ne:gångsda:len/ og *Nedgangshola* /"ne:gångshå:lå/.

**Nedgangsdalen**, **-hola**, → *Nedgangsbakken*.

**Nedra/Nedre** står som føreledd i fire namn for å presisera at vedkomande stad er den nedre (delen) av to lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (svarande til eit namn med leddet *Øvra/Øvre*), t.d. *Nedra Buviga* /"ne:ra "bu:vi:Gå/, *Nedre Dunken* /"ne:re 'donKen/. I registeret bak i boka er det vist kva for oppslag slike namn er omtala under.

**nes** n., gno. *nes* n. 'nes, odde', i slekt med *nase* m., er hovudledd i snautt 30 namn, ofte nytta om store framspring i strandkanten, gjerne større enn tangane og oddane, jf. namn som *Nesodden* (Ølberg), *Brønnesodden* (Rott) og *Sørenestangen* (Reve). Usamansett form er notert i eit par namn: *Neset* /'ne:se, 'næ:se/ (Vistnes, Ølberg). Elles finn ein refleksar av ei gammal genitivform, jf. gno. *nesja* i genitiv fleirtal, i grunnenamnet *Nesjarfluna* /"nesjarflu:nå/ (utanfor Myklabost). Denne forma er vanleg i teignamn på Jæren, t.d. *Nesjane*, *Abramsnesjane* (båe frå Hå). Stammeforma av ordet finn ein i *Nesgard* /"nesga:r/ (Søra Kolnes). Nemnet førekjem elles i gardsnamna → *Vistnes*, *Kolnes* og *Refsnes*.

**Nesberga**, **-haugen**, **-odden**, → *Neset*.

**Neset** /'ne:se, 'næ:se/ 309 3:D3, 450 11:A4. Nes på Vistnes (*Indra neset*) og Ølberg (*Ølbergneset*). Bunden form av → *nes*. På Neset på Vistnes finn ein òg *Nesberga* /"ne:sberjå/ og *Neshaugen* /'ne:shauen/, medan ytste delen av Neset på Ølberg blir kalla *Nesodden* /"næ:såd,n/.

**Nesgard**, → *nes*.

**Nesjarfluna** (*-flua*), → *nes*.

**Nilsagrunnane** /"nilsagronane/ 386 37:B4, **Nilsagrunnen** /"nilsagro:en/ 284 35:C4, 457 35:B4, 22 38:B5. Grunnar fleire stader: mellom Buøyna og Sandøyane (*Nordre* og *Søre Nilsagrunnen* /"sø:re "nilsagro:en/), nordaust for Rott, aust for Frøsholmane (også kalla *Søra Fladholmsfluna*) og ved Litle Hugen (nord for Tjør). Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Nils*, vel med bakgrunn i fiske.

**Nilsasteinen** /"nilsasteid,n/ 159 9:E3. Stein i sjøen utanfor Søra-Kolnes. Samansett av → *stein* og mannsnamnet *Nils* med bakgrunn i fiske.

**Nivlingane** /"nivlingane/ 703 8:A5. Skjerknattar

ved sørspissen av Rott, kalla *Søre*, *Midtre* og *Nordre Nivlingen*, dessutan *Huganivlingen* /"hu:ganivlinjen/ (→ *huk*). Namnet er laga med *ing*-suffiks. Det har kanskje samband med *nyvle* f. 'lite horn, hornstubb (særleg på småfe)', gno. *(h)nýfill* (*knýfill*) m. 'lite stubbete horn på fe', som heng saman med *nuv* m. 'rund topp'. Tenkjast kan òg laging til gno. *nifl-* 'mørk' med bakgrunn i fargen, jf. dei mytologiske namna gno. *Niflheimr* og *Niflhel*. Sekundærnamnet *Nivlinggrunnen* /"nivlingro:en/ er nytta om ein grunne mellom Nivlingane og Rott, dessutan om ein grunne sør for skjera, gjerne presisert som *Søre Nivlinggrunnen*.

**Njærheim** /"njæ:rei/ 773. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *a Nairdheme* 1445. Etterleddet er → *heim* (gno. *heimr* m.); → *Kvassheim*. Føreleddet svarar til føreleddet i → *Nærland*, dvs. truleg gudenamnet *Njord*. Njærheim var kyrkjestad i mellomalderen. Garden går ikkje til sjøen no, men har gammal båtrett på Nærland (i Selvåg), der ein finn sekundærnamn som *Njærheimshola* (*-holet*) /"njæ:reishå:lå/, *Njærheimsnaustrene* /"njæ:reisnaustrene/, *Njærheimsstranden* /"njæ:reistra:en/, *Njærheimsstøene* /"njæ:reistø:ene/ og *Njærheimstangen* /"njæ:reistanjen/. Litt.: NG 10:103 f., Særheim 2007:169.

**Nodanaustra** (*Nota-*) /"no:danaustrå/ 109 4:F2. Naust på Ladberget (ved grensa mellom Viste og Raustein), nytta av vistarane (eit notlag). Samansett av → *naustr* n. 'båthus' og *not* f. 'fiskenot'.

**Nordanfor** /"no:ranfår/ 173 16:A2. Område ved stranda nord for gardane på Reve. Inneheld *nordanfor* adv. (ev. preposisjon med utelaten styring), som siktar til leiet.

**Nordavindsholet** /"no:ravinshå:le/ 107 36:B3. Lita innskjering i Store Grynningen. Samansett av → *hol* n. 'vik, hole' og *nordavind* m., som skal ha bakgrunn i at ein finn livd her når det er nordavind.

**Nordboen** /"no:rbo:en/ 287 34:C6. Båe nord for Nordholmen (i Kolnesholmane), også kalla → *Klampen*. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og retningsadverbet *nord*.

**Nordgardsboen** /"no:rgarsbo:en/ 214 4:F2. Skjer som viser på fjøre sjø i Raustein. Etterleddet er → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe'. Føreleddet inneheld orda *gard* m. og *nord* adv., og siktar kanskje til leiet nordaust på garden Raustein.

**Nordholmen** /"no:rhålmen/ 339 34:C6. Den nordre av Kolnesholmane. Samansett av → *holme* og retningsadverbet *nord*.

**Nordpynten** /"no:rpynt,n/ 141 34:C4. Det nordre punktet på Fladholmen. Inneheld orda → *pynt* m. 'endepunkt, spiss' og retningsadverbet *nord*.

**Nordra/Nordre** står som føreledd i snautt 50 namn, oftast for å presisera at vedkomande stad er den nordre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (svarande til eit namn med leddet *Søra/Søre*), t.d. *Nordra ura* /"no:ra 'u:rå, 'u:re/ (Melingsholmen, Fladholmen, Moiviga), *Nordre Nivlingen*, *Nordra Perskjerhella*. I registeret bak i boka kan ein sjå kva for eit oppslag vedkomande namn er omtala under.

Andre døme med denne komparativforma er: *Nordra brodet* /"no:ra 'brå:de/ (brot på Bjørnafluna), *Nordra bryggja* /"no:ra "bryGå/ (Melingsholmen), *Nordra bukta* /"no:ra 'boktå/ (Egerholmen), *Nordra fluna* /"no:ra 'flu:nå/ (nord for Tjør), *Nordra skjeret* /"no:ra 'sje:re/ (brukt om Klampaskjeret, også kalla *Seiaskjeret*, nord for Kolnesholmane, og om Litla Longefluskjeret nord for Grynningen), *Nordra viga* /"no:ra 'vi:Gå/ (Nordra Veststøbukta, Myklabost), *Nordre hagen* /"no:re "haien/ (Reve), *Nordre stranden* /"no:re 'stra:en/ (Ytrabø), *Nordre veggen* /"no:re 'veGen/ (sør for Villeboane; → *Veggen*), *Nordre vågen* /"no:re 'vå:Gen/ (Litle Grynningen, Rottfladholmen, Buøyna).

**Nordra brodet** (*-brotet*), **-bryggja**, **-bukta**, **-fluna** (*-flua*), **-skjeret**, **-ura**, **-viga** (*-vika*), → *Nordra/Nordre*.

**Nord(ra)-Kolnes**, → *Kolnes*.

**Nord(ra)-Sunde**, → *Sunde*.

**Nordre hagen**, **-stranden**, **-veggen**, **-vågen**, → *Nordra/Nordre*.



Fig. 78. Nadaskjeret (Helland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 78. Nadaskjeret (Helland). Photo: Inge Særheim.*



Fig. 79. Nuddviga (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 79. Nuddviga (Ølberg). Photo: Inge Særheim.*





**Nordreheivegen** /"no:reheiveien/ 427 10:D3. Veg på Ølberg (geil til Nordrehei). Samansett av → *veg* og eit samansett stadnamn med nemnet → *hei* f. og komparativforma *nordre*.

**Nordskod** (-*skot*) /"no:rskå:d/ 100 33:B6. Den nordre av holmane → *Skodene*. Inneheld nemnet → *skot* og retningsadverbet *nord*.

**Nordtjør** /"no:rKø:r/ 120 38:B6. Den nordre av øyane (holmane) i øygruppa → *Tjør*. Inneheld øynamnet og retningsadverbet *nord*. Ei sekundær laging er *Nordtjørvågen* /"no:rKørvå:jen/, jf. òg *Nordra* og *Søra Nordtjørskjeret* /"sø:ra "no:rKørsje:re/.

**Nordvarhaug** (*Nord-Varhaug*) /"no:rva:rau/ Kart 23. Den nordre av dei to matrikkelgardane som inneheld namnet → *Varhaug*. Sekundære lagingar er: *Nordvarhaugsstronda* /"no:rvaraustrånå/, *Nordvarhaugsviga* /"no:rvarausvi:Gå/, *Nordvarhaugsåna* /"no:rvarauså:nå/.

**Nordvig** (-*vik*) /"no:rvi:g/ 197 8:B2. Vik nord på Rott. Samansett av → *vik* og retningsadverbet *nord*. Ei sekundær laging er *Nordvigsklumpen* /"no:rvigsklompen/.

**Nuddviga** (-*vika*) /"nudvi:Gå/ 704 11:A5. Vik på Ølberg (Fig. 79). Ein skil mellom *Stora* og *Litla Nuddviga* /"litla "nudvi:Gå/. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet er truleg *nudd* n. 'skade ved skraping eller slit', jf. islandsk *nudd* n. 'gniing', som siktar til sterkt opprivne berg i vika; jf. gardsnamnet → *Ølberg* og bruksnamnet → *Trælen*.

**Nunsbakken** /"nunsbaKen/ 201 19:D2. Bakke på Vik. Samansett av → *bakke* og *non* (i dialektforma *nun*) 'måltid om ettermiddagen (ca. kl. 15.00)', med bakgrunn i at staden har vore merke for dette måltidet; → *Nunsvardmyra*.

**Nunsvardmyra** /"nunsvarmy:rå/ 316 8:B4. Myr på Rott. Her finn ein òg *Litla Nunsvardmyra* /"litla "nunsvarmy:rå/. Inneheld → *myr* og eit stadnamn som er samansett av → *varde* og *non* (i målføreforma *nun*) 'måltid om ettermiddagen (ca. kl. 15.00)'; → *Nunsbakken*.

**nut** m., jf. gno. *(h)nútr* m. 'knute', er nytta om fjell i *Holmanuden* /"hålmanu:d,n/ (Jåsund) og *Slettesvignuden* /"sletesvignu:d,n/ (Myklabost), det sistnemnde òg uttala /-knu:d,n/ (*Slettesvigknuden*), i så fall med ordet *knut* m. i same tydinga.

**Nya setteriet** /"ny:a "setri:e/ 218 36:B3. Teinesett ved Grynningen. Inneheld *setteri* n. og *ny* adj. som siktar til at dette er ein 'ny' fiskeplass.

**Nyastykket** /"ny:astyKe/ 423 10:E3. Teig opp frå sjøen på Ølberg. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke' og *ny* adj. som siktar til at dette stykket er dyrka i nyare tid (visstnok i 1931).

**Nyehagen** /"ny:ehaien/ 191 4:G2. Teig opp frå stranda på Viste. Inneheld → *hage* og adjektivet *ny*; → *Nyastykket*.

**Nyeméd** /"ny:eme:/ 52 16:B5. Fiskeplass utanfor Reve. Samansett av → *méd* n. 'fiskeplass (som ein finn ved krysspeiling)' og adjektivet *ny*, som siktar til at dette er ein 'nyare' fiskeplass.

**Nygrunnen** /'ny:gro:en/ 112 39. Fiskeplass eit godt stykke ute i sjøen, vest for Vik og Orre. Inneheld → *grunne* og adjektivet *ny*; → *Nyeméd*.

**Nykkjablokka** /"nyKablåkå/ 663 5:D4. Myrpytt ved Veststø (Myklabost). Inneheld plantenemnet *nykkeblokk(e)* f. 'nykkeblom, -rose', ei vassplante (vasslilje) med store flyteblad. Ei sekundær laging er *Nykkjablokkmyra* /"nyKablåkmy:rå/.

**Nylandshagen** /'ny:lanshaien/ 3 20:F4. Teig på Nærland. Etterleddet er → *hage* m. 'inngjerd teig, hage'. Føreleddet inneheld orda → *land* n. 'jordstykke' og *ny* adj. med bakgrunn i at dette er eit nydyrka stykke.

**Nystø(na)** (-*støa*) /'ny:stø:(nå)/ 386 24:C3. Stø på Husvegg. Samansett av → *stø* f. 'båthus, stø' og adjektivet *ny*.

**Nærland** /'næ:rlan/ Kart 20, 21. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *Nordelandh* 1519, *Nerland*, *Nerdland* 1521. Etterleddet er → *land*. Føreleddet er i NG tolka som gudenamnet gno. *Njǫrðr*, gno. **Njarðarland*. Tilsvarande forklaring er gjeven for føreleddet i gardsnamnet



Fig. 80. Nærlandsraunen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 80. Nærlandsraunen. Photo: Inge Særheim.*

→ *Njærheim*. Namna kunne ev. setjast saman med ei indoeu. rot **(s)ner-* 'snøra saman, vri' med bakgrunn i den nedste delen av Hååna; denne tolkinga synest likevel mindre rimeleg. Sekundære lagingar er: *Nærlandsnaustrene* /'næ:rlansnaustrene/, *Nærlandsraunen* /'næ:rlansraud,n/ (Fig. 80), *Nærlandssanden* /'næ:rlansa:en/, *Nærlandsstranden* /'næ:rlanstra:en/ og *Nærlandstangen* /'næ:rlanstanjen/. Litt.: NG 10:103, Særheim 2007:171.

**Nørdbu** /"nø:rbu:/ 17 14:F2. Bu for fangstfolk og fiskarar på Buasanden (Sele). Inneheld → *bu* f. og den forkorta komparativforma *nørd(ra)* 'den nordre'.

**Nørdra/Nørdre** står som føreledd i 32 namn, oftast for å presisera at vedkomande lokalitet er den nordre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (svarande til eit namn med leddet *Søra/Søre*), t.d. *Nørdre vågen* /"nø:re 'våyen/ (Vågane, Ogna), *Nørdra Fuglaviga*, *Nørdra Hellesundsgabet*.

Andre døme er: *Nørdra brodet* /"nø:ra 'brå:de/ (bakke på sjøbotnen; → *brot*), *Nørdra bukta* /"nø:ra 'bokte/ (Ognabukta, Bekkjarviga), *Nørdra kråna* /"nø:ra 'krå:ne/ (fiskeplass langt ute i Ognabukta), *Nørdra viga* /"nø:ra 'vi:Gå/ (Nørdra Bårøysviga), *Nørdre holmen* /"nø:re "hålmen/ (Ognaholman), *Nørdre ryggen* /"nø:re 'ryGen/ (framspring, Haver), *Nørdre stranden* /"nø:re 'stra:en/ (Hellestø), *Nørdre tangen* /"nø:re "tanjen/ (Sele, Obrestad) og *Nørdre varden* /"nø:re "va:ren/ (Varden)

**Nørdra brodet** (*-brotet*), **-bukta**, **-kråna** (*-kråa*), **-viga** (*-vika*), → *Nørdra/Nørdre*.

**Nørdre holmen**, **-pollagarden**, **-ryggen**, **-stranden**, **-tangen**, **-varden**, **-vågen**, → *Nørdra/Nørdre*.

## O

**Obrestad** /"å:brest/ Kart 21, 22. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *af Oprostaðum*, *a Oprostoðum*, *a Oprostõðum* i norrøn litteratur, *a Opprostaðum* 1311. Etterleddet er gno. *staðir*, → *stad*. Føreleddet kan vera eit eldre elvenamn, nytta om Hååna, gno. **Apra* f. (< urgerm. **Aparōn*). Det kan tolkast

Fig. 81. Obrestadviga og Brekka. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 81. Obrestadviga and Brekka. Photo: Inge Særheim.*





som ei gammal *r*-avleiing til ei indoeu. rot **ab-* 'vatn, elv', med parallellar i nokre gamle europeiske vassførenamn. Tydinga kan vera 'den vassrike, storelva' e.l. Tolkinga i NG, til gno. *ymr* m. 'lyd, larm' og *umi* m. 'omtale', med bakgrunn i ein bekk som renn ut i sjøen sør for garden, dvs. Reimebekken, er ikkje rimeleg. Gardsnamnet er føreledd i *Obrestadbrekka* /"å:brestbrekå/, *Obrestadgrunnen* /"å:brestgro:en/, *Obrestadhamn* /"å:bresthab,n/, *Obrestadnaustrene* /"å:brestnaustrene/ og *Obrestadviga* /"å:brestvi:Gå/ (Fig. 81). Litt.: NG 10:104 f., Krahe 1964:42 ff., Særheim 1978:162.

**Oddane** /"ådane/ 627 30:B4. Område med fleire oddar (nes) i Sirevåg. Fleirtal av nemnet → *odde* m. 'nes'. Sekundærnamn frå området som er laga til dette namnet, er *Oddabryggja* /"ådabryGå/, *Oddafloen* /"ådaflo:en/ og *Oddapigen* /"ådapi:Gen/.

**odde** m., jf. gno. *oddr* m. 'spiss', ligg føre i vel 50 namn på nes, gjerne mindre bergpyntar, som stikk ut i sjøen. Fleire av namna finn ein på Rott og i Sirevåg, jf. områdenamnet → *Oddane* frå den sistnemnde staden. Ein finn ikkje dette nemnet mellom Vigdel og Ogna, der det er → *tange* (og → *nes*) som dominerer. Vel 30 av namna er sekundære lagingar, t.d. → *Endrestøodden* og *Seiavigodden*.

**Odden** /"åd,n/ 85 3:C4, 439 31:D2. Bergframspring eit par stader (Vistvik, Stølen). Bunden form av → *odde* m. '(mindre) bergframspring, nes'.

**Oddmundsteinen** /"ådmonsteid,n/ 430 25:E6. Stein på toppen av strandbakken på Årsland. Samansett av → *stein* og mannsnamnet *Oddmund*.

**Oderbekk** (*Oter-*) /o:der'bek/ 93 12:B4, 301 22:E4. Bekker på Grødaland og Hellestø/Helland. Samansett av → *bekk* og dyrenemnet *oter* m. med bakgrunn i tilhaldsstader for oter. Etterleddstrykk finst òg i andre namn der føreleddet er tostava med utlydande *r*, *l* eller *n*; → *Naustertangen* og *Kumltangen*, jf. òg *Svevnhaug* /sveb,n'hau/ (Horpestad). Ei sekundær laging er *Oderbekksteinane* /o:der'beksteinane/ (Helland/Hellestø).

**Odersteinen** (*Oter-*) /o:der'steid,n/ 72 16:A3. Stein nedanfor Blomhaug (Reve). Samansett av → *stein* og dyrenemnet *oter*, altså tilhaldsstad for oter; jf. → *Odrasteinane*. I same området finn ein → *Odertangen*.

**Odertangen** (*Oter-*) /o:der'tanjen/ 73 16:A3. Tange som stikk ut i sjøen nedanfor Blomhaug (Reve). Inneheld → *tange* m. 'nes' og dyrenemnet *oter*, brukt om tilhaldsstad for oter. Her finn ein òg → *Odersteinen*.

**Oderviga** (*Otervika*) /'o:dervi:Gå/ 87 3:C3. Lita vik på Ytrabø. Samansett av → *vik* og dyrenemnet *oter*, dvs. tilhaldsstad for oter.

**Odraberget** (*Otra-*) /"o:draberje/ 311 9:F3. Berg ved sjøen på Grytnes (Søra-Kolnes). Samansett av → *berg* og dyrenemnet *oter* med bakgrunn i tilhaldsstad for oter.

**Odrahola** (*Otra-*) /"o:drahå:lå/ 796 8:B3. Ein stad i sjøkanten på Vestra øyna (Rott). Inneheld → *hole* og dyrenemnet *oter*, dvs. stad der oteren held til; jf. → *Odreholet*.

**Odraskjeret** (*Otra-*) /"o:drasje:re/ 199 37:B5, 941 5:D3. Skjer søraust for Håstein og i Skiftesvig (Jåsund). Samansett av → *skjer* og dyrenemnet *oter*; tilhaldsstader for oter. I Skiftesvig finn ein òg → *Odrasteinane*.

**Odrasteinane** (*Otra-*) /"o:drasteinane/ 942 5:D3. Steinar i Skiftesvig (Jåsund). Samansett av → *stein* og dyrenemnet *oter*; tilhaldsstad for oter. Lenger ute i vika finn ein → *Odraskjeret*.

**Odreholet** (*Otre-*) /"o:drehå:le/ 417 32:A4. Ein stad i sjøkanten ved Kobbaviga (Kalvshagen). Inneheld → *hole* og dyrenemnet *oter*, dvs. tilhaldsstad for oter.

**Odrura** (*Otr-*) /"o:dru:re/ 75 32:F4. Ur ved sjøen i Holmane. Samansett av → *ur* f. 'steinsamling' og dyrenemnet *oter*; namnet siktar til at oteren held til her.

**Ofeliasteinen** /o'fe:liasteid,n/ 872 26:G2. Stein ved sjøen på Hårr. Etterleddet er nemnet → *stein* og føreleddet skipsnamnet *Ophelia*, etter eit skotsk skip som grunnstøytte på denne staden i 1880.



Fig. 82. Oksabåsen (fremst) og Bådsmannsreva (Vigdel). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 82. Oksabåsen (in front) and Bådsmannsreva (Vigdel). Photo: Inge Særheim.*

**Ogna** /"o:gna/ Kart 29, 30. Sokn, tidlegare herad og matrikkelgard i Hå, *a Oghno* 1347, *Ogno s.* 1465, *Ogna k.* 1442, *i Oghnu* (om sokna) 1521. Opphavleg elvenamn, gno. **Ógna* f. (eldre **Ógn),* brukt om Ognaåna. Det kan tolkast til gno. *ógn* f. 'skrekk, redsel' med bakgrunn i at elva har gjort stor skade ved flaum. Mindre truleg er laging til ei mogleg avlydsform til gno. *á* f. 'elv, å', som er føreslått av Nordenstreng. Gardsnamnet er føreledd i sekundærnamna *Ognabukta* /"o:gnabokte/, *Ognaholmen* (*-an*) /"o:gnahålmen, -an/, *Ognasanden* /"o:gnasanen/, *Ognastronda* /"o:gnastråne/ og *Ognaåna* /"o:gnaå:ne/, jf. òg *Ytre Ognaholmen* /"ytre "o:gnahålmen/. Litt.: NG 10:61, 94 f., Nordenstreng 1934:254 f.

**Oksabåsen** /"oksabå:sen/ 131 11:G3. Lite innhykk (vik) i fjellet i sjøkanten i Vigdel (Fig. 82). Jamføringsnamn, laga til det samansette ordet *oksebås* m. 'plass i fjøset der stutar står'; → *Båsen*.

**Oksafoden** (*-foten*) /"oksafo:d,n/ 126 35:C4. Skjer som ligg i eit ope sjøstykke sør for holmen Kjerten. Dette er eit jamføringsnamn, laga til det samansette ordet *oksefot* m. Biletbruken siktar til at skjeret er særs farleg for skipsferdsla, og at båtar må halda god avstand for ikkje å få eit ublidt møte med skjeret ('oksefoten'). Stundom blir kortforma *Oksen* /"oksen/ nytta om skjeret. Dyrenemne er vanleg i namn på farlege steinar og skjer i sjøen, → *Porthunden*, *Galten*, *Sugga*. Det kan ha vore tabuførestillingar knytte til slike namn, for landdyr skulle etter folkeleg tradisjon ikkje nemnast på sjøen.

**Oksen** /"oksen/ 353 35:C4; → *Oksafoden*.

**Olafluna** (*-flua*) /"o:laflu:nå/ 927 37:B4. Grunne nord for Håstein. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og mannsnamnet *Ola*.

**Oldermannsbakken** /'åldermansbaKen/ 107 6:D4. Bakke i Tananger. Samansett av → *bakke* og ordet *oldermann* m., som siktar til losoldermannen (leiar for losane) i Tananger.

**Olleskjeret** /"ålesje:re/ 127 35:C5. Skjer i eit ope sjøstykke nord for Rott. Etterleddet er → *skjer*, medan føreleddet er ordet *alde* f. '(hav)bølgje',



Fig. 83. Orreåna og mellomalderkyrkja på Orre. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 83. Orreåna and the medieval church in Orre. Photo: Inge Særheim.*



som er eit vanleg ord for havbølgje i tradisjonelt jærmål, uttala og bøygd /"åla – "ålå/ i eintal og /"åle – "ålene/ i fleirtal.

**Olsgrunnen** /'olsgro:en/ 214 36:C3. Grunne nordaust for Rott-Fladholmen. Etterleddet er → *grunne*, medan føreleddet er eit personnamn, anten førenamnet *Ola*, eller helst etternamnet (ev. patronymet) *Olsen*.

**Olsokkastet** /'olsåkaste/ 97 39. Kastestad i Honnsviga. Samansett av → *kast* n. 'stad der ein set ut fiskereiskapen, kast' og ordet *olsok* '29. juli; olavsvaka', truleg med bakgrunn i tidspunktet for fisket på staden.

**Olstenstykket** /'olstenstyKe/ 715 30:B4. Lite område ved Oddane i Sirevåg. Etterleddet er → *stykke*. Føreleddet er truleg ei personnemning.

**Omnskråna** (*-kråa*) /"ångnskrå:nå/ 952 37:B5. Område på sjøen sør for Buøyna. Dette er eit jamføringsnamn, laga til det samansette ordet *omnskrå* f., vel med bakgrunn i at dette er ein relativt lun liggjestad for båtar, jamført med andre stader i dette området.

**Onglaskjeret** /"ånglasjæ:re/ 512 27:F4. Skjer søraust for Kvalbeinraunen. Etterleddet er → *skjer* og føreleddet ordet *ongel* m. 'fiskekrok'. Bakgrunnen for namnet kan vera fiske i området, ev. at skjeret ligg svært farleg til for båtferdsla, jf. skjernamn som → *Kniven*, *Stikkaren*, *Krogen* mfl.

**Opphenget** /"åphenje/ 879 38:B6. Ein stad i berget i holmen Nordtjør der ein pla festa – henga opp – fiskereiskapen. Laga til det samansette ordet *oppheng* n.

**Opptaget** (*-taket*) /"åpta:Ge/ 228 31:D2. Jordstykke som ligg ved Kinnarvågen. Det samansette ordet *opptak* tyder i jærmålet 'nydyrka jord(stykke)', altså opptak av jord; det er eit vanleg nemne i teignamn.

**Orre** /"åre/ Kart 18. Sokn og matrikkelgard i Klepp, *Aulru-Kári* i norrøn litteratur, *Alro sokn* 1448. Gno. *Alra* f. (< urgerm. **Alarōn*), i oblik kasus *Ǫlru*, som notidsforma er utvikla av. Dette er eit eldre vassførenamn, brukt om Orrevassdraget (Orreåna) (Fig. 83). Opphavet er uvisst. Eit framlegg til tolking er avleiing med *r*-suffiks til ei indoeu. rot **el-* 'flyta, strøyma', som synest liggja føre i nokre gamle elvenamn i Europa, bl.a. dei tyske *Aller* og *Iller*. At det i så fall vil vera tale om ei svært gammal namnelaging, på indoeuropeisk språksteg, gjer sjølvsagt denne tolkinga uviss. Eit anna framlegg er samband med gno. *ala* vb. 'veksa', anten med bakgrunn i fiskerikdom eller i at elva veks raskt under flaumregn. Ei innvending mot denne tolkinga er at dette er lite utmerkjande, det høver for dei fleste vassdraga i området. Framlegget i NG (støtta av Bjorvand) om laging til trenemnet gno. *ǫlr* f. 'or, older' med bakgrunn i vekst av or langs elva, høver ikkje med reale tilhøve, dvs. plante- og vekstlivet på denne staden, og denne tolkinga må difor avvisast. Gardsnamnet står som føreledd i sekundære namn som: *Orreboen* /"årebo:en/, *Orremarkene* /"åremarKene/, *Orresanden* /"åresa:en/, *Orrestranden* /"årestra:en/ og *Orreåna* /"åreå:nå/. Litt.: NG 10:131, 133, Krahe 1964:37, Særheim 1978:162, Bjorvand 2008:245–246.

**Osaberget** /"o:saberje/ 701 30:B2. Berggrunn ved utlaupet av Ognaåna. Samansett av → *berg* og → *ose* m. 'elvemunning, elveos', ev. med namnet → *Osen* som føreledd.

**os(e)** m., jf. gno. *óss* m., er nytta om 'elvemunning', → *Osen* (her i den svake forma *ose*, nytta om munningen av Ognaåna), → *Åros*. Ordet er òg nytta om ope sjøstykke (mellom øyar og holmar): *Osen*, *Grynningsosen*, *Frøsholmsosen*, *Buøysosen*.

**Osen** /"o:sen, 'o:sen/ 507 28:B1, 569 30:B1, 332 37:B5. Namnet er nytta om elvemunning, t.d. om Renna som kjem frå Bjårvatnet, og om Ognaåna (med tonem 2 i det sistnemnde). Det er dessutan brukt (med tonem 1) om eit ope sjøstykke sør for Buøyna. Bunden form av → *os* og *ose* (Ogna).

**Oske** /"åske/ 714 34:C5. Grunne mellom holmane Gjøringane og land. Opphavet til namnet er noko uvisst. Det kan tolkast som utvikla av oblik kasus av ordet *oske* f., gno. *aska* f., i oblik form *ǫsku*. Det kunne i så fall sikta til tarevekst og mørk farge på sjøbotnen, jf. → *Flekkane*.

**Ostaviga** (*-vika*) /"ostavi:Ge/ 42 31:C3. Lita vik i Kinnarvåg. Etterleddet er → *vik* og føreleddet truleg ordet *ost* m., med uviss bakgrunn; jf. *Osten*, ein stor firkanta stein i Øksendal (Sirdal), som er jamført med eit ostestykke. Kanskje har viknamnet bakgrunn i skjeret *Ostavigskjeret* /"ostavigsjæ:re/ som ligg like utanfor vika; jf. òg *Litla Ostavigskjeret* /"litla "ostavigsje:re/.

# P

**Padda** /"padå/ 496 2:B5. Stein i sjøen ved Ytrabøraunen. Inneheld dyrenemnet *padde* f., brukt jamførande.

**pall** m., gno. *pallr* m. 'benk', ligg føre i → *Pallen* /'pa:d,l/, ei lita opphøging – og samlingsplass – i gardstunet på Hårr. Ordet er elles nytta om avsatsar og terrasseforma haugar i stadnamn frå Rogaland.

**Pallebryggja** /"palebryGå/ 677 30:C4. Bryggje i Sirevåg. Samansett av → *bryggje* og mannsnamnet *Palle*.

**Pallen** /'pa:d,l/ 875 26:G1. Lita opphøging og samlingsplass i gardstunet på Hårr. Bunden form av → *pall* m. 'avsats, terrasseforma haug'.

**Parken** /'parken/ 15 21:F1. Floe ved den gamle prestegarden på Hå; her var det vanleg å skeisa om vinteren. Bunden form av *park* m. Det er trelaust på denne staden.

**Paskasteinen** /"paskasteid,n/ 331 23:G3. Stein i ura ved sjøen på Nordvarhaug. Etterleddet er → *stein*. Føreleddet er uvisst.

**Pebarviga** (*Peparvika*) /"pe:barvi:Gå/ 263 21:A4. Vik på Obrestad. Etterleddet er → *vik* og føreleddet kryddenemnet *pepar*, kanskje med bakgrunn i varer som har reke inn frå sjøen; → *Brennevinshola*.

**Perafluna** (*-flua*) /"pe:raflu:nå/ 335 37:B4. Grunne nord for Håstein. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og mannsnamnet *Per*.

**Perastølen** /"pe:rastø:len/ 346 2:D5. Stad ved sjøen på Indrabø. Inneheld → *støl* og mannsnamnet *Per*, 'Per sin støl'.

**Persastranden** /"pe:rsastra:en/ 130 6:D4. Strandplass i Tananger. Inneheld → *strand* og etternamnet *Persen*.

**Perskallane** /'pe:rskadlane/ 279 36:C4. Grunnar nordaust for Rottfladholmen, også kalla → *Åbofluene*. Her finn ein *Nordre* og *Søre Perskallen* /"sø:re 'pe:rskad,l/. Samansett av → *skalle* m. 'berggrunne i sjøen' og mannsnamnet *Per*.

**Perskjeret** /'pe:rsje:re/ 932 36:B4, 934 36:B4, 246 38:B5. Skjer sør for og nord for Hoggjene og ved Hugen (nord for Tjør). På den sistnemnde staden finn ein òg *Nordra* og *Søra Perskjerhella* /"sø:ra 'pe:rsjerhedlå/. Samansett av nemnet → *skjer* og mannsnamnet *Per*.

**Persodden** /'pe:rsåd,n/ 590 30:B4. Odde nord for Vågsgabet i Sirevåg. Inneheld → *odde* og mannsnamnet *Per*.

**Persteinen** /'pe:rsteid,n/ 152 11:F3. Stein innanfor Idlestolen (Vigdel). Samansett av → *stein* og mannsnamnet *Per*.

**Petroviga** (*-vika*) /'pe:trovi:Gå/ 76 16:C1. Vik på Reve. Etterleddet er → *vik* og føreleddet eit kvinnenamn, etter ei kvinne (*Petro*, av *Petra*) som pla samla rekved i vika.

**Pigen** (*Piken*) /'pi:Gen/ 604 11:A1. Spiss stein i Vigdelsviga (Fig. 76). Bunden form av → *pik* m. 'spiss, brodd'.

**Pigfjellet** (*Pik-*) /"pi:gfjedle/ 594 30:B4. Berg i Sirevåg nord for Vågsgabet. Samansett av → *fjell* og *pik* m. 'spiss, brodd'.

**Pigfluna** (*Pik-*) /"pi:gflu:nå/ 41 16:F1. Grunne utanfor Reve. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og *pik* m. 'spiss, brodd', som siktar til forma på flua.

**Pighaug (-ane)** (*Pik-*) /"pi:ghau/ (/-ane /) 279 21:B4. Haug på toppen av Brekka (strandbakken) på Obrestad (*-haug*). På Ytrabø finn ein elles *Stora* og *Litla Pighaug* /"litla "pi:ghau/. Inneheld orda → *haug* og *pik*, truleg med bakgrunn i at det har stått bautastein (pikhelle) på slike haugar.

**Pighella** (*Pik-*) /"pi:ghedlå/ 559 2:C5, 691 5:B3, 114 5:A3, 610 11:B5. Spisse steinar (reiste

bautasteinar) fleire stader (Nordra Sunde, Jåsund, Ølberg). Inneheld → *helle* f. 'flat stein' og *pik* m. 'spiss, brodd', vel laga til det samansette *pikhelle* f. 'bautastein'.

**Pigsletta** (*Pik-*) /"pi:gsletå/ 596 30:B4. Slette ved Pigfjellet (Sirevåg). Samansett av → *slette* og *pik* m. 'spiss, brodd'. Er truleg namngjeve sekundært etter Pigfjellet.

**Pigsteinen** (*Pik-*) /"pi:gsteid,n/ 536 1:E6, 331 2:D5, 157 9:E3, 327 23:F3, 440 25:E2, 463 25:F4. Namn på spisse steinar fleire stader (Tunge, Indrabø, Nordra-Kolnes, Nordvarhaug, Stavnheim, Hårr). I ura på Nordvarhaug finn ein både *Store* og *Litle Pigsteinen* /"litle "pi:gsteid,n/. Nokre av steinane ligg ute i sjøen. Inneheld orda → *stein* og *pik* m. 'spiss, brodd'; → *Pighella*. På Nordvarhaug finn ein elles *Pigsteinstøna* /"pi:gsteinstø:nå/.

**pik** m., jf. gno. *pík* f. 'brodd, pigg', er nytta om spisse steinar og kvasse bergknausar, t.d. *Pigen* /'pi:Gen/ (stein i Vigdelsviga), *Oddapigen* (framspring, Sirevåg).

**Pikka** /"pikå/ 303 7:F2. Kvass bergnabbe på Tjora. Bunden form av eit nemne **pikke* f., svarande til → *pik*.

**Pina** /"pi:nå/ 129 36:C3. Fiskeplass på søraustsida av Egerholmen. Inneheld ordet *pine* f., som her siktar til vanskelege arbeidstilhøve.

**plass** n. og m., gno. *plaz* n. 'slette; plass, stad', er i inkjekjønnsforma nytta om husmannsplassar: *Plasset* /'plase/ (Viste), *Hamnaplasset* /"habnaplase/ (Tananger). Hankjønnsvarianten er brukt i den generelle tydinga 'stad, plass': *Den god plassen* /den 'go: 'plasen/ (Vistvik, fiskeplass), *Turkeplassane* /"torkeplasane/ (Orre, tørkeplassar for tare).

**Plasset** /'plase/ 2 4:F2, 27 4:G2. Husmannsplassar på Viste. Bunden form av → *plass* n. 'husmannsplass'.

**poll** m., gno. *pollr* m. 'vasspytt, lita rund vik', er nytta om pyttar på land, t.d. *Jonaspollen* /'jonaspåd,l/ (Hårr), om utviding og hole i elv, t.d. *Pollane* /"pådlane/ (Håana), og om små utvidingar i strandkanten som er skjerma av steinar, men ofte djupe nok til å lenda med båt, som *Pollen* /'påd,l/ (Grødaland).

**Pollagarden**, **-hellene**, → *Pollen*.

**Pollane** /"pådlane/ 267 21:B4, 469 21:F5, 891 27:E1. Nytta om vasspyttar på land (Kvalbein), om utviding i strandkanten som er skjerma av steinar (Obrestad), og om utviding og hole i elvemunning (Hå, Nærland). Bunden form fleirtal av → *poll*.

**Pollen** /'påd,l/ 285 22:D1, 290 22:E4. Utvidingar (med båtstøer) i strandkanten som er skjerma av steinar (Reime, Grødaland) (Fig. 84). Bunden form av → *poll*. Steinsetjinga på Reime vert kalla *Pollagarden* /"pådlaga:ren/, og på Grødaland: *Søre* og *Nørdre pollagarden* /"nø:re "pådlaga:ren/. På Reime finn ein òg *Pollahellene* /"pådlahedlene/, to store steinar som er synlege ved fjære sjø.



Fig. 84. Pollen (Grødaland). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 84. Pollen (Grødaland). Photo: Inge Særheim.*

**Porskurhella** /'pårskurhedlå, "påsk(h)us-/ 459 25:F4. Stor stein med flat overside i ura på Hårr. Etterleddet er → *helle*. Føreleddet er uvisst. Det er kanskje samansett av plantenemnet *pors* m. og ordet *skurd* m. (ev. → *ur* f.) med bakgrunn i at ein har sanka pors på denne staden. Tilsvarande bakgrunn som for → *Påskusberget* synest her mindre høveleg ut frå reale tilhøve.

**Porthunden** /"portho:en/ 508 31:D4. Små skjer utanfor Kinnarvåg og Holmane. Inneheld orda *port* m. og *hund* m., laga til det samansette *porthund* m., altså ein 'hund som vaktar porten, vaktbikkje'. Dette er eitt av fleire døme på dyrenemne som er brukte om farlege ferdastader i sjøen, jf. → *Oksafoden*, *Habboen*, *Risbidskjeret*, *Galten* mfl. Slike namn varslar om stader

der båtførarar må vera på vakt. Namnet *Porthundfjellet* /"porthonfjedle/ frå Haver tyder på eit tilsvarande namn der.

**Porthundfjellet**, → *Porthunden*.

**Postvegen** /'påstveien/ 876 26:G1. Dette namnet er nytta om den gamle vegen over Jæren som i eit langt stykke i Hå går langs kysten, bl.a. på Hårr, også kalla → *Kongsvegen* og *Gamle Kongevegen*. Inneheld → *veg* og ordet *post* m., som siktar til at dette var den gamle 'postvegen'.

**Prekestolen** /'prekesto:d,l/ 99 21:F1, 563 27:D1. Steinar i stranda på Hå og Kvalbein. Laga til det samansette *preikestol* m., brukt som jamføringsnamn.

**Prestbukta** /"prestboktå/ 98 21:F1. Vik på Hå, nedanfor den gamle prestegarden. Inneheld → *bukt* og ordet *prest* m. Her finn ein òg *Presthagen* /"presthaien/ (→ *hage*) og *Presthølen* /"presthø:d,l/ (i Hååna; → *høl*), alle med namn etter presten på Hå.

**Presthusfeda** (*-feta*) /"presthusfe:då/ 373 23:B4. Teig opp frå sjøen på Varhaug, nær den gamle Varhaugskyrkja. Etterleddet er → *fet* f. 'grasrik (gjerne våt) eng' og føreleddet det samansette *presthus* n.

**Prestskjeret** /"presjæ:re/ 300 21:A4. Skjer utanfor Vedatangen (Obrestad), nær grensa med Hå. Etterleddet er → *skjer* og føreleddet ordet *prest* m. Namnet har truleg samband med presten som budde på den gamle prestegarden på Hå.

**Preståkeren** (*-åkeren*) /"prestå:geren/ 118 22:D2. Teig på Sørreime like ved sjøen. Samansett av → *åker* og ordet *prest* m., som skal sikta til at den gamle prestevegen gjekk her.

**Prinsenhoff** /prinsen 'håf/ 355 23:A3. Teig på Varhaug rett opp frå sjøen. Same namnet førekjem andre stader på Jæren. Synest innehalda ordet *prins* m. og ordet (eller namnet) *hoff* n. Uviss bakgrunn.

**pynt** m. (frå lågtysk) er nytta om ytste punktet på eit nes: *Nordpynten* /"no:rpynt,n/ (Fladholmen), *Bårøyspynten* (Byberg).

**pytt** m., gno. *pyttr* m. 'vasshole, pytt', ligg føre i → *Øksnapytten* /"yksnapyt,n/, indre delen av ei vik på Ølberg, der ei steinhelle har falle ned og stengt av vika.

**Påskusberget** /"påskusberje/ (også /"påstus-/) 435 10:C4. Berg på Ølberg. Tilsvarande namn er noterte andre stader i Rogaland, t.d. *Påskufjellet* frå Svånes i Eigersund, *Påsk(h)usberget* frå Håland i Sola, dessutan *Påsk(h)us* frå Joa i Sola, jf. òg *Porskurhella* frå Hårr. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet er uvisst. Det har kanskje liknande realt opphav som *Påskevardfjellet* i Sirevåg, der ein tidlegare gjekk opp om morgonen første påskedag "for å sjå sola dansa", altså for å sjå soloppgangen. Same tradisjonen er kjend frå andre stader i landet, t.d. med uttrykket "gå i påskeås", notert frå Vestfold. Føreleddet *Påskus-* inneheld i så fall ordet *påske* og eit anna ord, t.d. → *ås* m. '(skogkledd) bergrygg', ev. → *hus* n.

## R

**Rabakken** /'ra:baKen/ 412 24:C3. Bakke ved strandbakken, rett opp frå Husveggstøene. Etterleddet er → *bakke*. Føreleddet er truleg gno. *rǫð* f. (genitiv *raðar-*) 'lang jordrygg, morenerygg', jf. → *Røberg*.

**Ragarviga** (*-vika*) /"ra:garvi:Gå/ 81 16:C2. Vik ved den gamle båtplassen på Reve (Fig. 85). Etterleddet er → *vik*. Føreleddet synest ha samband med verbet *raka*, vel med bakgrunn i bølgjene som rullar inn i vika, ev. i tare som



Fig. 85. Ragarviga (Reve). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 85. Ragarviga (Reve). Photo:Inge Særheim.*

driv inn. Vika har òg vore opphoggingsplass for båtvrak.

**Rakelsanden** /'rakelsanen/ 611 30:C4. Liten sand inst i Sirevåg. Samansett av → *sand* og kvinnenamnet *Rakel*, uttala /'rakel/ i målføret.

**Ramnabukta** /"rabnaboktå/ 828 30:A6. Vik sør for Sirevåg (Nygård). Samansett av → *bukt* og fuglenemnet *ramn* m. Her finn ein òg → *Ramnafjellet* og *Ramnatangen*.

**Ramnafjellet** /"rabnafjedle/ 703 30:A6. Fjell ved sjøen sør for Sirevåg (Nygård). Samansett av → *fjell* og fuglenemnet *ramn* m.; → *Ramnabukta*, *Ramnatangen*.

**Ramnatangen** /"rabnatanjen/ 164 31:B1. Tange sør for Sirevåg (Nygård). Samansett av → *tange* og fuglenemnet *ramn* m.; → *Ramnabukta*, *Ramnafjellet*.

**Ramshola** /"ramshå:lå/ 337 37:B4. Vik på sørsida av Håstein. Etterleddet er → *hole* f., brukt om 'lita vik, hole', og føreleddet truleg fuglenemnet *ramn* m., knapt plantenemnet *rams* m. 'vill lauk, rams'; → *Ramsholet*.

**Ramsholet** /"ramshå:le/ 697 6:C4. Lita vik nord for Tananger. Etterleddet er → *hol* n. 'lita vik, hole' og føreleddet truleg fuglenemnet *ramn* m., mindre truleg plantenemnet *rams* m. 'vill lauk, rams'.

**Randaberg** /"ranaber/ Kart 1. Kommune, sokn og matrikkelgard, *af Randabergi* i norrøn litteratur, *Ranndabærg* ca. 1280, *a Randaberghe* 1316, 1415; *Randaberghs s.* 1342, *Randaberghs k.* 1355. Er samansett av → *berg* og gno. *rǫnd* f. 'kant, rand'. Real bakgrunn er det markante *Randabergfjellet* /"ranaberfjedle/. Ei anna sekundær laging er *Randabergbukta* /"ranaberboktå/. Litt.: NG 10:205 f., Særheim 2007:179.

**Rasmastøna** (*-støa*) /"rasmastø:nå/ 505 1:D2. Båtstø på Tunge. Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og mannsnamnet *Rasmus*.

**Rasmusgrunnen** /'rasmusgro:en/ 396 33:B6. Grunne aust for Gårskod. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Rasmus*.

**Rasmusskjeret** /'rasmusje:re/ 330 37:B5. Skjer mellom Håstein og Kvernholmen. Samansett av → *skjer* og mannsnamnet *Rasmus*.

**Rasmå** /"ra:små/ 463 35:B4. Grunne sør for Frøsholmane. Inneheld mannsnamnet *Rasmus*. Namnet kan vera ei elliptisk (forkorta) form, med → *flu* f. 'grunne under sjømålet' som opphavleg etterledd , ev. ei laging der *flu* er tenkt til som lokalitetstype. Namnet har knapt samanheng med at *Rasmus* er brukt som nemning for 'sjøen'.

**Rassnes** /"rasne:s/ 210 3:D3. Nes på Vistnes, i grensa med Raustein. Etterleddet er → *nes*. Føreleddet er noko uvisst. Det har kanskje samband med *rast* f. 'rad, rekkje (av steinar i mur)', eller *rast* n. 'vegstykke' (gno. *rǫst* f. 'strekning, veg, veglengd'), ev. er det mannsnamnet *Rasmus*.

**Rastastranden** /"ra:stastra:en/ 107 1:D2. Strandplass på Tunge. Etterleddet er → *strand* m. Føreleddet er uvisst; det har kanskje tilsvarande opphav som føreleddet i → *Rassnes*.

**Raua** (*Rauva*) /'rauå/ 460 36:B4. Skjer i enden av eit grunneres (*Dalsrevet*) som går ut frå sørenden av Rottfladholmen, også kalla *Dalaraua* /"da:larauå/. Bunden form av *rauv* f. 'bakende, rumpe', som siktar til forma (det skal likna på "ei vanleg rauv", ifølgje ein fiskar).

**Raudaneset** /"rauane:se/ 753 4:B4. Nes inst i Visteviga (på Goa). Samansett av → *nes* og fargeadjektivet *raud*.

**Raudehaugen** /"rauehauen/ 556 2:D5. Haug ved sjøen på Indrabø. Inneheld → *haug* og fargeadjektivet *raud*.

**Raudesteinen** /"rauesteid,n/ 113 5:F3, 25 12:F4, 345 21:F5, 550 28:G1, **Raude steinen** /"raue 'steid,n/ 401 24:C2, 427 25:E6. Steinar på Jåsund, Sele, Nærland og Kvalbein (alle *Raudesteinen*), dessutan Husvegg og Årsland. Samansett av → *stein* og fargeadjektivet *raud*; → *Raustein*.

**Raudhammaren** /"rauhamaren/ 255 6:D4. Fjell i Tananger. Samansett av → *hammar* m. 'fjell, bergknatte' og fargeadjektivet *raud*. Ei sekundær laging er *Raudhammarbukta* /"rauhamarboktå/.



Fig. 86. Raunatangen (Sele). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 86. Raunatangen (Sele). Photo: Inge Særheim.*

**raun** m., jf. gno. *(h)raun* n. 'steingrunn, ur', er nytta om samling av rullestein i sjøen eller i stranda, i usamansett form → *Raunen* /'raud,n/ på Bø, Nærland og Kvalbein, dessutan som føreledd i *Raunatangen* /"raunatanjen/ (Sele). Påverknad frå det likelydande trenemnet *raun* m. /'raud,n/ 'rogn' kan ha medverka til genusendringa, som òg ordet → *stein* m., jf. elles → *Molen*.

**Raunatangen** /"raunatanjen/ 14 14:F2. Tange med rullestein på Sele (Fig. 86). Samansett av → *tange* m. 'nes, odde' og → *raun* m. 'samling av (rulle)stein'; → *Raunen*.

**Raunen** /'raud,n/ 418 2:C5, 38 20:E2, 510 27:E3. Samling av rullestein i sjøen (Nærland, Kvalbein) og i stranda (Bø). Bunden form av → *raun* m., som er nytta på den nemnde måten; jf. òg → *Raunatangen* (Sele). Sekundære lagingar er: *Raunshagane* /"raunsha:gane/, *Raunsskjeret* /"raunsje:re/, *Raunsvegen* /"raunsveien/, *Raunsviga* /"raunsvi:Gå/, alle frå Bø, dessutan frå Kvalbein: *Raunagarden* /"raunaga:ren/, *Raunasteinen* /"raunasteid,n/ og *Raunafluna* /"raunaflu:nå/. På Bø skil ein mellom *Vestre* og *Austre Raunen* /"austre 'raud,n/.

**Rausemolja** /"rausemåljå/, → *Molja*.

**Raustein** /"raustein/ Kart 4. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *Rudstaid* 1567, *Røgsteen* 1606. Samansett av → *stein* og truleg fargeadjektivet *raud*; → *Raudesteinen*. Sekundære lagingar er: *Rausteingrunnen* /"rausteingro:en/, *Rausteinsanden* /"rausteinsa:en/ og *Rausteinstøene* /"rausteinstø:ene/. Litt.: NG 10:207.

**Refsnes** /"refsne:s/ Kart 20. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), kalla *Saltveed* i 1723 (→ *Saltebukta*). Samansett av → *nes* og truleg → *rev* n. (gno. *rif* n. 'landgrunne'), gno. **Rifsnes*, kanskje med bakgrunn i ein grunne i Høylandsvatnet (no uttappa), eller kanskje helst i rullesteinstangen → *Raunen*



Fig. 87. Reimestronda og Tarabruna. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 87. Reimestronda and Tarabruna. Photo: Inge Særheim.*

(*Nærlandsraunen*). Sekundære lagingar er *Refsnesbekken* /"refsnesbeKen/, *Refsnesstranden* /"refsnestra:en/ og *Refsnesåna* /"refsneså:nå/. Litt.: NG 10:103, Særheim 2007:181.

**Reget** (*Reket*) /"ræ:Ge/ 109 25:E6. Ein stad innanfor strandbakken på Årsland. Bunden form av → *reke* n., her nytta om 'krøtterveg, stad der ein driv husdyra'.

**Reget** (*Reket*) /'ræ:Ge, "ræ:Ge/ 948 13:C1, 29 20:D2, 935 39 Fiskeplassar utanfor Nærland (/"ræ:Ge/), i Honnsviga og langt ute i sjøen utanfor Reve (båe /'ræ:Ge/), der ein pla fiska på rek. Bunden form av → *rek* n. (tonem 1) og *reke* n. (tonem 2), nytta i den nemnde tydinga.

**rei** f., som er lånt frå lågtysk, og er av same rota som verbet *ri*, er nytta om ankringsplass: → *Reia* /'reiå/, også kalla *Fladholmsreia* /"fla:dhålmsreiå/.

**Reia** /'reiå/ 708 34:C4. Ankringsplass mellom Fladholmen og Staholmen, også kalla *Fladholmsreia*. Bunden form av → *rei* f., som er nytta på den nemnde måten.

**Reibaren** (*Reiparen*) /"reibaren/ 262 38:B4. Grunne sør for Håstein, méda frå Reibet på Håsteinshalsen (eit felt med lys bergart), også kalla *Reibarskallen* /"reibarskad,l/. Dette er elliptisk (forkorta) form av *Reibarskallen*.

**Reibarskallen** (*Reipar-*), → *Reibaren*.

**Reiberget** /"reiberje/ 548 28:B3. Fiskeplass i Ognabukta. Etterleddet er → *berg*, som skildrar botntilhøva. Her er det, ifølgje sirevågfiskarar, urbotn med sandstrimlar innimellom, og elles sand på alle kantar av grunnen. Sanden er skiftande her på Søra Sandbukta, og han driv jamt inn over grunnen og legg seg mellom steinane. Føreleddet kan vera *reit* f. 'fure, stripe', som skildrar botntilhøva. Hovdas synspunkt at fiskeplassen har namn etter eit médfjell på land, og at namnet har språkleg samband med *reida* vb. og *reid* n., med bakgrunn i driving med straum, høver ikkje med opplysningar som lokale fiskarar gjev. Litt.: Hovda 1961:139 f.

**Reibet** (**på Håsteinshalsen**) (*Reipet* -) /'reibe (på "håsteishalsen)/ 108 37:B4. Eit felt med kvitt berg på Håsteinshalsen. Bunden form av *reip* n. 'tauverk, reip', som her er brukt jamførande.

**Reime** /"reime/ Kart 22. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *Rema* 1519, *Rymme* 1521. Den søre delen av det opphavlege gardsvaldet er kalla *Sørreime* /"sø:rei(me)/, *Søder Rym* 1521. Etterleddet i *Reime* er gno. **vin* f. 'naturleg eng, beite', som ligg føre i ca. 1000 norske gardsnamn. Føreleddet er truleg gno. *reim* f. 'reim, band', som siktar til at garden ligg på ein langstrekt jordrygg ved sjøen. Sekundære lagingar er *Reimebekken* /"reimebeKen/, *Reimeforen* /"reimefo:ren/ og *Reimestronda* /"reimestrånå/ (Fig. 87). Litt.: NG 10:105, Særheim 2007:182.

**rek(e)** n. (og *reke* f.), som kjem av verbet *reka*, er nytta om stader der ein fiskar på rek, dvs. let seg driva med straumen, og deretter ror opp til ein er på eit visst méd att. Særleg i Honnsviga og ved Feisteinen finn ein mange rek. Usamansett form *Reget* /'ræ:Ge/ (også /"ræ:Ge/) er notert fleire stader. Reka kan ha namn etter ein fiskar (gjerne han som først tok médet, eller som har nytta fiskeplassen mykje), t.d. *Samuelsreget* /'sa:muelsræ:Ge/, *Torjusreget* /"tårjusræ:Ge/, eller etter eit méd på land: *Longholsreget* /"långholsræ:Ge/. Nokre namneformer, bl.a. *Karlsmédrega* /'ka:lsmeræ:Gå/, kan tyda på at det òg ligg føre ein hokjønnsvariant (*rek(e)* f.); fleirtalsform av *rek(e)* n. synest her mindre truleg. Om denne typen fiske nyttar Sirevåg-fiskarar ord som *drift* f., *driving* f. og *driva* vb.; der er *rek* n. nytta om elvefiske.

**Rekkjeholman** /"reKehålman/ 580 30:B3, **Rekkjeholmen** /"reKehålmen/ 87 32:F4. Holmar i Sandarvågen (Ogna, *-holman*) og Holmane. Etterleddet er → *holme*. Føreleddet er ordet *rekkje* f., som synest ha bakgrunn i garnrekkjer, ev. kunne namnet frå Ogna sikta til at holmane ligg i ei rekkje.

**Rekkusen** (*-hausen*) /'rekusen/ (også /-hausen/) 260 8:C5. Grunne med stake utanfor søraustsida av Rott. Etterleddet synest vera → *hause* m. 'grunneskolt', medan føreleddet har samband med verbet *rekkja*, som kan sikta til at grunnen når høgt opp.

**Renna** /"renå/ 446 3:A4, 148 3:B2, 93 3:C5, 65 17:F4, 592 26:B3, 546 28:C1, 343 34:C6. Namnet er nytta om søkk og renner på havbotnen (Honnsviga, Sirevåg), om skipslei (innanfor Kolnesmolen, Vistnes mfl.), om rorlei inn i og ut or båtstøa (Vistvik), om tarebredd (skilje mellom sand og tare) i sjøen (Reve), om sprekke i fjell (Vistnes), dessutan om vassføring (Hårr, Bru). Bunden form av → *renne* f., som har alle desse bruksmåtane i namnetilfanget. Tarebredda utanfor Reve endar i *Rennetåna* /"renetå:nå/.

**renne** f., jf. gno. *renna* f. 'renn, ferd', er nytta på ulike måtar i namnetilfanget, bl.a. om djupe søkk og renner på havbotnen: *Renna* /"renå/ (Honnsviga og Sirevåg), *Djubarenna* /"ju:barenå/ ('norskerenna'). Bunden form *Renna* /"renå/ er òg nytta om skipslei og rorleia inn i og ut or båtstøa, dessutan om tarebredd (Reve) og om ei sprekke i fjellet (Vistnes). I namnet *Rennesteinen* /"renesteid,n/, nytta om to steinar på kvar si side av Dynekilen, siktar føreleddet til ein kil (ei 'renne') sør på holmen Grynningen. På Sør-Jæren vert ordet elles nytta i ei meir opphavleg tyding 'vassføring, vasslaup'; *Renna* er t.d. notert om bekk og å på Hårr og Bru. Ordet er laga til verbet *renna*, jf. avlydsforma *rinno* 'bekk' i gotisk. Tydinga 'langstrekt søkk, fordjuping' er lånt frå mellomlågtysk.

**Rennesteinen**, → *renne*.

**Rennetåna** (*-tåa*), → *Renna*.

**Repsebergviga** (*-vika*) /"repsebervi:Ge/ 589 30:B4. Lita vik mellom Sandarvågen og Sirevåg (Fig. 88). Etterleddet er → *vik*. Føreleddet synest innehalda orda *riv* n. og → *berg*, vel **Rivsberg*, som siktar til opprive berg, jf. dei tilsvarande → *Rissbergskjeret* (Myklabost) og *Ressberg* (Bø) Munningen (opninga) av denne vika vert kalla *Repsebergviggabet* /"repseberviga:be/.

**res** n., gno. *ris* n. 'jordrygg, res', er ei vanleg nemning for grunne stader i sjøen og er dessutan nytta om (bakke)rygg på land, t.d. *Reset* /'re:se/ (topp av ein lang bakke, Vigdel).

**Resadøsane** /"re:sadø:sane/ 65 16:B2. Eit område med fleire langstrekte haugar (fortidsminne) like ved sjøen på Reve. Etterleddet er fleirtal av → *dys* f. '(grav)haug', medan føreleddet vel er → *res* n. 'jordrygg', mindre truleg *rise* m. 'bergtroll, rise', uttala /"re:se/ i målføret.

Fig. 88. Repsebergviga nær Sirevåg. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 88. Repsebergviga close to Sirevåg. Photo: Inge Særheim.*





**Resane** /"re:sane/ 601 26:G2. Nokre steinar (grunnar) i sjøen utanfor Litle Skarsteinen (Hårr), også kalla *Resen* /"re:sen/. Språkleg høver laging til *rise* m. 'bergtroll, rise' best, uttala /"re:se/ i målføret, kanskje med bakgrunn i at det dreiar seg om farlege skjer for båtferdsla. Realt ville likevel samband med → *res* n. 'grunneres' passa betre.

**Resaraua** (*-rauva*) /"re:saraue/ 626 30:B4. Søkk i fjellet ved Sirevåg. Jamføringsnamn laga til det samansette *riserauv* f. 'riserumpe'.

**Reset** /'re:se/ 230 11:F1. Øvste delen av ein lang bakke i Vigdel. Bunden form av → *res* n. 'jordrygg, res'.

**Ressberg** /'resber/ 471 3:C3. Berg på Ytrabø, i skiftet med Vistvik. Truleg opphavleg **Rivsberg*, samansett av *riv* n. og *berg* n., som siktar til opprive berg; → *Repsebergviga*.

**rev** n., gno. *rif* n. 'landgrunne, rev', førekjem i → *Revet* /'re:ve/, gjerne kalla *Jærens rev*, som har gjeve namn til garden → *Reve*; jf. òg → *Refsnes*, *Revtangen* og *Revingen*.

**Revaholene** /"re:vahå:lene/ 15 21:B4. Holer i Brekka (strandbakken) på Obrestad der villrev har halde til. Inneheld → *hole* og dyrenemnet *rev* m.

**Revane** /"ræ:vane/ 779 27:F5. Fiskeplass langt ute på Ognabukta, gjerne omtala som *på Revane*. Ein skil mellom *(på) Søre Reven* og *(på) Nørdre Reven* /(på) "nø:re 'ræ:ven/. Fiskeplassen har namn etter eitt av médpunkta, *Revafjellet* /"ræ:vafjedle/ i Ognalandet (inneheld → *fjell* og dyrenemnet *rev* m.).

**Reve** /"re:ve/ Kart 16, 17. Matrikkelgard i Klepp, *a Rifue* 1299, *de Rifue* 1299 (latin), *a Rifi* (dativ), *Rif* (akkusativ) 1309. Gno. *Rif* n., i dativ *Rifi*, som er grunnlag for notidsforma. Namnet inneheld → *rev* n., gno. *rif* n. 'landgrunne, rev', som siktar til den farlege landgrunnen → *Revet* (Jærens rev), i norrøn litteratur skrive *Rifit*. Sekundære lagingar er *Revehamn* /"re:vehab,n/, *Revemarkene* /"re:vemarKene/, *Revemoloen* /"re:vemo:loen/, *Revesanden* /"re:vesa:en/, *Reveskiptet* /"re:vesjipte/, *Revestranden* /"re:vestra:en/, *Revgrunnane* /"re:vgronane/ og *Revhaug* /"re:vhau/. Ei eldre laging er *Rifstø* /'rifstø:, 'ref-/, jf. òg *Revstøreget* /'refstøræ:Ge/, som vel reflekterer gno. **Rifsstǫð* (→ *Honnsstø*, *Silsflu*). Litt.: NG 10:134, Særheim 1980:74.

**Revet** /'re:ve/ 177 17:F2. Farleg landgrunne som går langt ut i sjøen på Reve, og som har gjeve namn til garden (→ *Reve*). Her finn ein *Revtangen*, med to tangar, *Søre* og *Nørdre Revtangen* /"nø:re "re:vtanjen/. Namnet *Revtangen* blir no gjerne nytta om eit større område vest på Reve. Namnet *Revtangen* finn ein òg på Hå.

**Revgarden** /"ræ:vga:ren/ 634 26:B4. Steinkant mellom sjøen og åa ved munningen av Kvassheimsåna. Synest innehalda → *gard* m. 'steinsetjing, rekkje av steinar' og (ut frå topografien) truleg → *rev* n. 'grunne ut frå land', mindre truleg dyrenemnet *rev* m., som uttalen med /æ/ helst tyder på.

**Revhaug** /"ræ:vhau/ 531 26:B3. Haug noko inn frå stranda på Kvassheim. Samansett av → *haug* og dyrenemnet *rev* m.

**Revheimsrikka** /"re:vemsrikå/ 344 37:B4. Nokre grunnar med tare på nordsida av Store Ståbelen. Etterleddet har samband med verbet *rikka*, og siktar truleg til at sjøen riv i taren på dette grunnereset. Føreleddet er gardsnamnet *Revheim* (Stavanger, tidlegare Madla) med bakgrunn i at folk frå denne garden fiska i området; → *Revheimsvågen*.

**Revheimsvågen** /"re:vemsvå:Gen/ 926 37:B4. Våg på vestsida av Buøyna. Samansett av → *våg* m. 'vik' og gardsnamnet *Revheim* (Stavanger, tidlegare Madla), som siktar til at folk frå Revheim heldt til her under fiske.

**Revhola** /"ræ:vhå:lå/ 2 20:F3. Nærland. Samansett av → *hole* f. og dyrenemnet *rev* m.

**Revholen** /"ræ:vho:d,l(n)/ 415 10:D3, 463 11:B4. Haugar med merke etter revegangar (Ølberg). Inneheld → *hol* m. 'rund haug' og dyrenemnet *rev* m.

**Revingen** /"re:vinjen/ 192 37:B5. Holmar sør for Håstein, *Store* og *Litle Revingen*. Avleiing med *ing*-suffiks, truleg til → *rev* n. (gno. *rif*)

'landgrunne', som kan sikta til eit grunneres ut frå sørspissen av Store Revingen, kalla *Revingsskåga* /"re:vingskå:jå/. Ev. har namnet bakgrunn i at holmen er sterkt oppriven, laga til verbet *riva*, noko som òg høver realt (og språkleg). Mellom holmane finn ein *Revingssundet* /"re:vingsone/.

**Revtangen** /"re:vtanjen/, → *Revet*.

**ribb** m., som er av same rota som → *rev* n., er fire stader nytta om grunnerygger i sjøen: → *Ribben* /'rib,n/ (*Tjørs-* og *Hausaribben*), *Søre ribben*; jf. òg → *Ribbungen*.

**Ribben** /'rib,n/ 401 38:B4, 232 38:B5. Grunnerygg i sjøen nord for Tjør (*Tjørsribben*) og i Rottshausane (*Hausaribben*). Bunden form av → *ribb*, nytta om grunnerygger.

**Ribbungen** /"ribonjen, "reb-/ 70 17:G4. Boge på sandstranda (Reve, nord for Revet) med eit grunneres utanfor som går ut til skjeret *Bollen* /"båd,l/. Her er det sterk straumføring ut frå land, dessutan skifte mellom sand- og tarebotn. Namnet er vel *ung*-avleiing til → *ribb* m. Mindre rimeleg synest samansetjing med ordet *unge* m., som i så fall kunne vera jamføring med det større revet sunnanfor.

**Rifstø**, → *Reve*.

**Rikka** /"rikå/ 247 35:B4. Grunne på nordsida av Frøsholmane. Bunden form av eit ord *rikke* f., som er laga til verbet *rikka*, vel med real bakgrunn i at sjøen riv og slit i taren; → *Revheimsrikka*.

**rind** f. (ordet har samband med *rand* f. 'kant, rand') er nytta om 'langstrekt stein- og grusbakke', gjerne knytt til ei gammal strandline: → *Rinda* /'rinå/ (fleire stader), *Rindane* /"rinane/ (Sele), *Storarinda* /"sto:rarinå/ (Byberg), *Skjelsandrinda* /"sjelsanrinå/ (Reve).

**Rinda** /'rinå/ 119 5:G4, 801 12:A5. Bakkar med grus og stein opp frå sjøen (Jåsund, Sele), gjerne knytte til tidlegare strandliner. Namnet er òg nytta som bruksnamn (Sele). Bunden form av → *rind*, som er nytta på den nemnde måten.

**Rindane** /"rinane/ 805 12:A4. Område på Sele med langstrekte stein- og grusbakkar, knytte til tidlegare strandliner. Bunden form fleirtal av → *rind* med den nemnde bruksmåten.

**Ringaberg** /"ringaberg/ 76 4:A3, **Ringaberget** /"ringaberje/ 401 35:B4. Berg ved sjøen på Goa (*-berg*) og på Søre Frøsholmen. Samansett av → *berg* og ordet *ring* m., som siktar til fortøyingsringar for båtar.

**Ringasteinen** /"ringasteid,n/ 554 2:D5. **Ringesteinen** /"ringesteid,n/ 112 22:E2. Stein ved sjøen på Indrabø (*Ringa-*) og Sørreime. Samansett av → *stein* og ordet *ring* m. med bakgrunn i at det er festa ring i steinane, → *Ringaberg*.

**Risa** /"ri:sa/ Kart 7. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland; *Stora* og *Litla R.*), *Rise* 1519, *Riisee* 1521. Gno. **Rísar*, som er fleirtal av gno. *(h)rís* n. 'ris, krattskog'. Sekundære lagingar er *Risagrunnen* /"ri:sagro:en/, *Risahola* /"ri:sahå:lå/, *Risaledet* /"ri:sale:e/ (sund), *Risastranden* /"ri:sastra:en/, *Risaura* /"ri:sau:rå/ og *Risaviga* /"ri:savi:Gå/. Litt.: NG 10:183 f., Særheim 2007:184.

**Risagrunnen** /"ri:sagro:en/ 121 33:B7. Grunne sørvest for Skodene. Etterleddet er → *grunne* og føreleddet gardsnamnet → *Risa*, kanskje etter eit méd frå Risa. Ev. er føreleddet etternamnet *Risa*, i så fall namngjeving etter ein som har fiska her.

**Risbidskjeret** (*Risbit-*) /"risbidsje:re/ 123 6:B4. Skjer nord for Tananger, også kalla *Rissbergskjeret*. Etterleddet er → *skjer*. Føreleddet er dyrenemnet *risbit* m. 'årsgammal bukk eller vêr'. Dette er eitt av fleire døme på namn på farlege skjer som inneheld eit nemne for 'bukk' eller eit anna hornprydd dyreslag; → *Habboen*. Kanskje er dette ei omlaging – ein fiskarvariant – av eit meir opphavleg namn → *Rissbergskjeret*.

**Rishaug** /"ri:shau/ 867 26:G1. Haug på Hårr. Samansett av → *haug* og vel *ris* n. 'kratt'.

**Rissbergskjeret** /'risbersje:re/ 893 6:B3. Skjer nord for Tananger, også kalla → *Risbidskjeret*. I same området finn ein *Rissbergbakken* /'risberbaKen/ og *Rissberghaugen* /'risberhauen/, jf. òg *Rissbergskjersgrunnane* /'risbersjersgronane/ 290 6:B3. Like nordanfor ligg elles → *Rissnes*.




Fig. 89. Rorleia frå Krossen til Raunen. Teikning: Inge Særheim.
*Fig. 89. Rowing from Krossen to Raunen. Drawing: Inge Særheim.*

Namna synest innehalda eit **Rissberg*, vel opphavleg **Rivsberg*, samansett av → *berg* og *riv* n. med bakgrunn i opprive berg; jf. → *Repsebergviga* og *Rissnes*.

**Rissnes** /"risne:s/ 130 3:E2, 169 6:C3. Nes i Raustein (ved støene) og på Myklabost. Ved den sistnemnde staden finn ein òg *Rissnesbukta* /"risnesboktå/, *Rissnesklubben* /"risnesklob,n/, *Rissnesodden* /"risnesåd,n/, *Rissnespynten* /"risnespynt,n/, *Rissnesstranden* /"risnestra:en/ og *Rissnesvågen* /"risnesvå:jen/. Samansett av → *nes* og vel *riv* n., som kan sikta til opprive berg; → *Rissbergskjeret*.

**rive** f., gno. *rifa* f. 'rivne, sprekk', er nytta om innskjering i fjellet: *Djubariva* /"ju:bare:vå/ (Ølberg), *Skibmannsriva* /"sjibmansre:vå/ (Hellestø).

**Rivnaskjeret** /"rivnasje:re/ 313 9:F3. Skjer utanfor Kolnes. Etterleddet er → *skjer*. Føreleddet, som er partisippform av *rivna* vb., siktar til at skjeret er opprive.

**Roa** /"ro:å/ 291 10:B4. Flu utanfor Ølberg, også kalla *Roafluna* /"ro:aflu:nå/. Inneheld verbet *ro*, som truleg siktar til at ein i roleg vêr kan ro over flua; ho ligg 3,8 m under sjømålet.

**Roafluna**, → *Roa*.

**Rongvershola** /"rångve:rshå:lå/ 64 15:B2. Fiskeplass i Honnsviga. Etterleddet er → *hole* f., her brukt om fiskeplass i sjøen. Føreleddet er husdyrnemnet *runnvêr* m. 'avlsdugleg vêr', uttala /"rångve:r/ i målføret. Det er naturleg å sjå dette nemnet i samanheng med lokal tradisjon som er knytt til denne vika. Ein gammal fiskar på Sele fortalde at ein annan fiskar ein gong skulle ha fått ein "runnvêr på bakken" (dvs. på fiskelina) i denne vika, noko som har blitt rekna som bakgrunn for namnet *Honnsviga* (→ *Hodne*). Nemne for 'bukk, vêr' og andre hornprydde dyreslag er nytta i fleire namn på skjer som ligg farleg til for båtferdsla, jf. → *Habboen*, *Risbidskjeret* mfl.

**ror** m., gno. *róðr* m. 'ror, roing', er nytta om rorlei, staden der ein ror: → *Roren* /'ro:ren/ (Kvalbein).

**Roren** /'ro:ren/ 904 27:D1. Nytta om rorleia frå redningsstasjonen Krossen på Kvalbein til rullesteinholmen Raunen (Fig. 89). Ein pla ro rett ut av støa der sjøen hadde slått seg daud på grunnen Garden. På eit visst méd svinga ein 90º og rodde innani Sogahella og vestani dei to skjera Suggen. Så kryssa ein Soget, eit straumfall mellom Garden og Raunen. Bunden form av → *ror* m. 'rorlei'.

**Rortangen** /"ro:rtanjen/ 107 24:C3. Tange sør for båtstøene på Husvegg. Inneheld → *tange* og → *ror* m. 'roing, rorlei'.

**Rott** /råt/ Kart 8. Øy og matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Rótt*, *Hrott*, *i Hrott*, *i Hrotti*, *i Rott*, *i Rotti* i norrøn litteratur. Namnet er sett i samband med gno. *(h)raun* n. 'steingrunn' (→ *raun*), *(h)rúga* f. 'dunge, ruve' og **(h)raukr* m. 'dynge, liten stakk', gno. **Rótt*, urnordisk **Hruhtō*. Real bakgrunn er kanskje den store ura Skarvura på Brønnes (Vestra øyna), ev. området kring → *Rottnes* (Heimra øyna). Sekundære lagingar er *Rottfladholmen* /'råtfladhålmen/, *Rottsfjorden* /'råtsfjo:ren/, *Rottsgrunnen* /'råtsgro:en/ og *Rottshausane* /'råtshausane/. Litt.: NG 10:184, 459, Særheim 2007:189.

**Rotta** /"råtå/ 353 23:G4. Stein i sjøen på Varhaug. Bunden form av dyrenemnet *rotte* f., her brukt jamførande.

**Rottesteinen** /"råtesteid,n/ 341 8:B3. Stein på Rott. Samansett av → *stein* og truleg dyrenemnet *rotte* f., jf → *Rotta*.

**Rottnes** /"råtne:s/ 230 8:B2. Nes på nordspissen av Rott. Etterleddet er → *nes* og føreleddet truleg øynamnet → *Rott*. Samansetjing med *rott* m. 'framståande munn', som i stadnamn er nytta om bergframspring (ofte i vatn), kan ikkje utelukkast, men synest mindre rimeleg. Sekundære lagingar er *Rottnesbukta* /"råtnesboktå/, *Rottnesfluna* /"råtnesflu:nå/, *Rottnesklumpen* /"råtnesklompen/, *Rottnesodden* /"råtnesåd,n/ og *Rottnesgrunnen* /"råtnesgro:en/. Ein skil mellom *Indre* og *Ytre Rottnesgrunnen* /"ytre "råtnesgro:en/.

**Rudla** /"rodlå/ 493 2:D2, 323 3:C3. Rund haug på Ytrabø (*Børudla*) og Vistnes. Bunden form av → *rudle* (*rulle*) f., som er vanleg i stadnamn i den nemnde bruksmåten.

**rudle** (*rulle*) f., som språkleg heng saman med verbet *rulla*, er nytta om runde haugar: → *Rudla* /"rodlå/ (bl.a. om *Børudla*), *Storarudla* /"sto:rarodlå/ (Goa). Som føreledd finn ein det i *Rudlebakken* /"rodlebaKen/ (Raustein).

**Rudlebakken**, → *rudle* (*rulle*).

**Rumpa** /"rompå/ 145 4:E2. Liten bakke i Raustein. Besemt form av *rumpe* f., vel brukt jamførande; → *Rumpeneset*.

**Rumpebrodet** /"rompebrå:de/ 593 26:G1. Bakke på Hårr. Inneheld → *brot* n. 'bakke' og *rumpe* f.; → *Rumpa*.

**Rumpeneset** /"rompene:se/ 537 1:E6. Lite nes i Tungevågen. Inneheld → *nes* og *rumpe* f., det sistnemnde i tydinga 'hale', brukt jamførande; → *Rumpevågen*.

**Rumpevågen** /"rompevå:jen/ 244 37:B4. Våg på nordsida av Buøyna. Samansett av → *våg* m. 'vik' og *rumpe* f., her truleg i tydinga 'hale', som siktar til eit smalt nes; → *Rumpeneset*.

**Runda berget** /"rona 'berje/ 710 30:B3, 1 31:D2. Runde berg sør på Ognasanden og i Stølen. Samansett av → *berg* og adjektivet *rund*.

**Runda skjeret** /"rona 'sje:re/ 477 2:C2. Skjer utanfor Ytrabø. Inneheld → *skjer* og adjektivet *rund*.

**Rundeholen** /"roneho:d,l/ 611 11:B5. Høgd på Ølberg. Ein skil mellom *Nordre*, *Midtre* og *Søre Rundeholen* /"sø:re "roneho:d,l/. Samansett av → *hol* m. 'rund haug' og adjektivet *rund*.

**Runde steinen** /"rone 'steid,n/ 393 24:D5, 863 26:F1. Steinar i ura på Madland og Hårr, også kalla *Den runde*. Inneheld → *stein* og adjektivet *rund*.

**Ruskahagen** /"ryskahaien/ 224 6:E5. Steinete beite på Meling. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og *rusk* n. 'kratt' o.a.

**Russafestninga**, → *Russagarden*.

**Russagarden** /"rysaga:ren/ 50 24:E4. Svært høg steingard (Madland), lødd av skoten stein, også kalla *Russafestninga* /"rysafestninjå/. Etterleddet er → *gard* m. 'gjerde' (og *festning* f.), og føreleddet truleg folkenamnet *russ* m. 'russar', her vel brukt jamførande om solid bygd steingard (gjerde).

**rust** f., jf. færøysk *rust* 'bergrygg', synest i namn som → *Rusta*, *Rustene* og *Rustareget* vera nytta om 'snau rind (bakke)'.



Fig. 90. Røydevågen (Vistvik). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 90. Røydevågen (Vistvik). Photo: Inge Særheim.*

**Rusta** /'roståˌ/ 539 1:D2, 503 26:H2, **Rustene** /"rostene/ 855 26:H3. Teigar på Tunge (*Rusta*) og Hårr (*Rusta*, *Rustene*). Inneheld truleg terrengnemnet → *rust* f., som i stadnamn er nytta om snau rind (bakke) og slåtter i ujamt lende. Ei sekundær laging er *Rustasnaget* /"rostasna:Ge/ (Tunge; → *snag*), jf. òg *Rustareget* /"rostaræ:Ge/ (Hellestø).

**Rustareget** (*-reket*), → *Rusta*.

**Rutsjen** /'rusjen/ 121 4:G2. Stad med betongfundament etter ein øydelagd rutsjebane på Viste, sett opp i 1930-åra. Elliptisk form av *rutsjebane* m.

**rygg** m., gno. *(h)ryggr* m. 'rygg, jordrygg', er i *Ryggen* /'ryGen/, *Søre* og *Nørdre Ryggen* (Varhaug) nytta om nokre farlege fluer i innseglinga til Bodlestø.

**Ryggen** /'ryGen/ 378 23:G4. Farlege fluer i innroinga til Bodlestø, *Søre* og *Nørdre Ryggen* (Varhaug). Bunden form av → *rygg*, brukt jamførande.

**Ryggjasteinen** /"ryGasteid,n/ 382 24:C3. Skjer nord for Husveggstøene. Inneheld → *stein* og → *rygg*, brukt samanliknande.

**Rægestranden** /"ræ:Gestra:en/ 321 10:E2. Båtplass heilt sør på Solastranden. Samansett av → *strand* m. 'båtplass' og gardsnamnet *Ræge* med bakgrunn i ein gammal båtrett.

**Rægetorva** /"ræ:Getårvå/ 244 10:E2. Grunne med tarebotn utanfor Rægestranden, sør på Solastranden, også berre kalla → *Torva*. Samansett av → *torve* f. 'fiskegrunne med tarebotn' og gardsnamnet *Ræge*, vel med bakgrunn i ein gammal båtrett til garden Ræge; → *Rægestranden*.

**Røberg** /'rø:ber/ 104 36:C2. Grunne nordaust for Grynningen. Samansett av → *berg* og truleg gno. *rǫð* f. 'lang jordrygg (morene)'; → *Rabakken*.

**Røseneset** /"rø:senæ:se/ 591 25:G5. Framspring på Hårr. Etterleddet er → *nes*. Føreleddet har truleg samband med → *res* n. 'jordrygg, res' (av *risa* vb. 'reisa seg').

**Røyda** (*Røyta*) /"røydå/ 786 38:B6. Den minste

av Tjørholmane, også kalla *Røydeholmen* /"røydehålmen/. Namnet er truleg laga til verbet *røyta*, gno. *røyta* 'riva av' (eigentleg 'få til å losna'), som siktar til at holmen er delt i to av ei kløft. Ei sekundære laging er *Røydevågen* /"røydevå:jen/. I eit likelydande namn *Røydevågen* /"røydevå:Gen/ frå Vistvik siktar føreleddet til tare som ligg og røyter ('rotnar') i vågen (Fig. 90).

**Røydevågen** (*Røyte-*), → *Røyda*.

**røys** f., jf. gno. *(h)røysar* f. pl. 'steinrøys', er notert i namn på samlingar av stein (ofte gravrøyser) i stranda: *Røysane* /"røysane/ (fleire stader), *Langerøys* /"langerøys/ (Kvassheim), *Kattarøysa* /"katarøyså/ (Reime).

**Røysane** /"røysane/ 106 4:E2, 3 24:E5, 534 26:B3. Samlingar av stein i stranda (Raustein, Årsland, Kvassheim). Ei sekundær laging er *Røysastronda* /"røysastrånå/ (Årsland).

**Rådafloen** (*Rota-*) /"rå:daflo:en/ 311 3:C3. Pytt med blanding av ferskvatn og sjøvatn (Vistnes); sjøen slår opp i floen når det er uvêr. Etterleddet er → *floe* m. 'vasspytt', føreleddet har samband med adjektivet *roten*.

**Rådstova** /"råstå:vå/ 413 37:B4. Vik sørvest på Håstein. Bunden form av *rådstove* f. 'politistasjon, arrest', vel med bakgrunn i at dette er ein stad som er særs utsett når det blæs opp; det kan då vera vanskeleg å koma seg bort frå denne staden.

## S

**Sadel(en)** /'sa:d,l/, → *Sødel(en).*

**Sakrishausen** /"sakrishausen/ 408 36:C3. Grunnerygg nord for Kjerten. Etterleddet er grunnenemnet → *hause* og føreleddet mannsnamnet *Sakarias* (ev. etternamnet *Sakariasen*). Om endepunkta på grunnen nyttar ein nemningane *Nordre* og *Søre enden på Sakrishausen* /"sø:re "e:en på "sakrishausen/.

**Salmoen** /"sa:lmo:en/ 451 11:A4. Flatt svaberg som går ut i sjøen på Ølberg, også kalla *Flada berget*. Inneheld mannsnamnet *Salomon*, her i bøygd (bunden) form, som truleg reflekterer eit bortfalle etterledd (ellipse); jf. fjellnamnet → *Tormoden* /"tårmo:en/ (Tormodvarden).

**Salmonsgrunnen** /"sa:lmonsgro:en/ 126 13:A5. Grunne på sørsida av Feisteinen. Samansett av → *grunne* og etternamnet *Salomonsen*, ev. mannsnamnet *Salomon*; → *Salmonsteinen*.

**Salmonsteinen** /"sa:lmonsteid,n/ 310 9:F4. Stein i sjøen utanfor Søra-Kolnes. Samansett av → *stein* og etternamnet *Salomonsen*. Bakgrunnen skal vera at ein person med dette namnet var uheldig på denne staden og rodde på steinen.

**Saltebukta** /"salteboktå/ 36 20:F1. Stor vik utanfor Refsnes og Nærland (Fig. 91). Samansett av → *bukt* og gardsnamnet *Salte* (i Klepp). Garden Salte går ikkje til sjøen i dag, men det går fram av eldre kjelder at Refsnes tidlegare har vorte kalla *Salttveit*, jf. skrivemåten *Saltveed* frå 1723, som vel siktar til at denne garden tidlegare har vore knytt til Salte. Skrivemåtar som *Saltne* frå 1298 og *Salltne* frå 1299 tyder på at *Salte* er gammal avleiing med *n*-suffiks, i slekt med ordet *salt* n., opphavleg nytta om 'låg, flat strand, overfløymt lende, salthaldig sump'. Føreleddet i namn som → *Sylterviga* mfl. frå grannegarden Skeie står i avlyd til *Salt-* og har tilsvarande innhald. Litt.: NG 10:132, Særheim 1978:114, 2007:193.

**Saltskjeret** /"saltsje:re/ 301 7:D2. Skjer på Tjora, på innsida av neset Geida. Samansett av → *skjer* og ordet *salt* n., som vel siktar til salt sjøvatn.

**Samuelsgrunnen** /'sa:muelsgro:en/ 856 34:C5. Grunne søraust for Fladholmen. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Samuel*.

**Samuelsreget** (*-reket*) /'sa:muelsræ:Ge/ 96 39. Ein stad i Honnsviga der ein har fiska på rek. Samansett av → *rek* n. 'stad der ein fiskar på rek' og mannsnamnet *Samuel*.

**sand** m., gno. *sandr* m., er nytta om sandbotn i sjøen og om sandstrender på land. Den førstnemnde bruksmåten finn ein i *Jonsanden* /"jonsa:en/ (kveiteméd, utanfor Hellestø), *Sandbukta* (delar av Ognabukta og Honnsviga), *Sandveida* (utanfor Kolnes), *Sandarvågen* (Ogna) og *Sandsgrunnen* (ved Grynningen).



Fig. 91. Saltebukta. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 91. Saltebukta. Photo: Inge Særheim.*

Usamansett form → *Sanden* /'sa:en, 'sanen/ er nytta om dei store sandstrendene langs jærkysten; folk utanfrå set gjerne til gardsnamnet som utmerking: *Ognasanden*, *Hodnesanden*, *Sandesanden*. → *Figgjasanden* er det gamle namnet på sandstranda ved utmunninga av åa Figgjo. Gardsnamnet → *Sande* /"sane/ reflekterer gno. dativform, **Sandi*.
Ei rekkje namn har dette nemnet som føreledd, jf. *Sandbakkane* /"sanbakane/ (Indrabø; jf. òg *Sandbakkfloen* /"sanbakflo:en/, Viste), *Sandbekk* /"sanbek/ (Søra-Kolnes), *Sandbekken* /"sanbeKen/ (Varden), *Sandbrodet* /"sanbrå:de/ (Obrestad), *Sandbukta* /"sanbokte/ (Ognabukta), *Sanddalen* /"sanda:len/ (Viste), *Sandgeilane* /"sanjeilane/ (Hodne), *Sandgilja* /"sanjiljå/ (Vigdel), *Sandhelleren* /"sanhedleren/ (Sirevåg), *Sandholet* /"sanhå:le/ (Holmane), *Sandkrabben* /"sankraben/ (Vik), *Sandsletta* /"sansletå/ (Vistnes), *Sandstøna* /"sanstø:nå/ (Viste), *Sandtangen* /"santanjen/ (Sele), *Sandtegane* /"sante:gane/ (Orre), *Sandveida* /"sanveidå/ (Søra-Kolnes), *Sandsgrunnen* /'sansgro:en/ (nord for Grynningen), *Sandshagen* /'sanshaien/ (Tunge) og *Sandsmarka* /'sansmarKå/ (Byberg).

**Sandane** /"sanane/ 306 18:C3. Stort område på Orre og Reve mellom sjøen og Orrevatnet. Bunden form fleirtal av → *sand* m. 'sand, sandstrekning'.

**Sandarvågen** /"sanarvå:jen/ 898 30:B3. Våg sør for Ognasanden (Fig. 92). Ein skil mellom *Vestre* og *Øystre Sandarvågen* /"øystre "sanarvå:jen/. Ei ur her heiter *Ura i Sandarvågen* /'u:re i "sanarvå:jen/. Etterleddet er → *våg* m. 'lita vik, våg' og føreleddet → *sand* m. 'sand, sandstrand'. Fuga *-ar* er uventa, men ho er òg nytta i andre namn der ein ville venta anna samansetjingsform, jf. → *Husarhausen* og *Reibarskallen*. Sekundære lagingar er *Sandarvågfjellet* /"sanarvågfjedle/ og *Sandarvågfluna* /"sanarvågflu:ne/.

**Sandbakkane**, **-bekk**, **-bekken**, **-brodet** (*-brotet*), **-bukta**, **-dalen**, **-geilane**, **-gilja**, **-helleren**, **-holet**, **-krabben**, **-sletta**, **-støna** (*-støa*),



Fig. 92. Sandarvågen og Rekkjeholmen (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 92. Sandarvågen and Rekkjeholmen (Ogna). Photo: Inge Særheim.*

**-tangen**, **-tegane**, **-veida** (*-veita*), → *sand*.

**Sande** /"sane/ Kart 1. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *pa Sande* 1519, *Sand* 1521. Gno. **Sandr*, av → *sand* m. 'sand, sandstrand, sandstrekning', her utvikla av dativforma gno. *Sandi*. Sekundære lagingar er *Sand(e)sanden* /"sanesa:en, 'san-/, *Sandebukta* /"saneboktå/, *Sandestranden* /"sanestra:en/, *Sandeviga* /"sanevi:Gå/, jf. òg *Vestra Sandebukta* /"vestra "saneboktå/. Litt.: NG 10:207, Særheim 2007:194.

**Sanden** /'sa.en/ 313 2:C1, 406 2:C2, 66 3:C1, 125 5:A2, 712 9:G4, 709 15:F3, 601 17:G5, 268 21:B4, 43 22:D1, 432 2:F4. Sandstrender og teigar med sandgrunn fleire stader (Ytrabø, Vistnes, Nordra-Sunde, Sola, Hodne, Reve, Obrestad, Reime mfl.). Nemninga *for Sanden* er nytta om ein fiskeplass utanfor Reve. Bunden form av → *sand* m. 'sand, sandstrand, sandstrekning'.

**Sandkulene** /"sanku:lene/ 214 15:F3, 3 21:B4. Sanddyner i stranda fleire stader (bl.a. Obrestad, Hodne). Laga til det samansette *sandkule* f., som er det jærske ordet for 'sanddyne, sandhaug'.

**Sand(s)-**, → *sand*.

**Sandsenden** /"sansæ:en/ 103 15:E3, 892 27:E1. Endepunkt av sandstrand på Hodne og Kvalbein. Inneheld orda → *ende* og → *sand*, vel laga til det samansette *sandsende* m. På Kvalbein finn ein òg *Sandsendsteinen* /"sansensteid,n/.

**Sandsgrunnen**, **-hagen**, **-marka**, → *sand*.

**Sandshella** /"sanshedlå/ 609 11:B1. Flat stein på ei sandstrand i Vigdel. Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og → *sand* m.

**Sandskjeret** /"sansje:re/ 411 2:C2, 69 3:C6, 24 4:A2, 774 4:G2. Skjer på sandgrunn fleire stader (Ytrabø, Vistnes, Viste). Samansett av → *skjer* og → *sand*.

**Sandsteinen** /"sansteid,n/ 374 11:A1, 814 11:B1. Steinar på sandstrender i Vigdel. Samansett av nemna → *stein* og → *sand*.

**Sandstykket** /"sanstyKe/ 442 2:C2, 31 20:F3. Teigar i stranda på Ytrabø og Nærland. Samansett av → *stykke* og → *sand*.

**Sandviga** (*-vika*) /"sanvi:Gå/ 109 1:D1, 154 9:F3, 543 28:B1. Vikar med sandgrunn på Tunge, Søra-Kolnes og Kvalbein. Samansett av → *vik* og → *sand*. På Kvalbein finn ein òg *Sandvigskjeret* /"sanvigsjæ:re/.

**Sandøyane** /"sanøyane/ 348 37:B4. To øyar nordvest for Håstein, *Litla* og *Stora Sandøyna* /"sto:ra "sanøynå/. Samansett av → *øy* og → *sand*. Sekundære lagingar er *Sandøyfluna* /"sanøyflu:nå/ og *Sandøyosen* /"sanøyo:sen/.

**Sandåger(en)** (*-åker(en)*) /"sanå:ger(en)/ 204 8:C2. Åkerteig på Rott. Samansett av → *åker* og → *sand*. Sekundære namn er *Sandågerbukta* /"sanågerboktå/, *Sandågerfluna* /"sanågerflu:nå/ (to stader) og *Sandågerhagen* /"sanågerhaien/.

**Sauaberget** /"sauaberje/ 219 5:C4. Berg ved sjøen på Myklabost (ved Veststø). Inneheld → *berg* og husdyrnemnet *sau* m. Her finn ein òg *Sauabergsteinen* /"sauabersteid,n/.

**Sauhammar** /"sauhamar/ 106 11:G3. Berghammar i Vigdel. Samansett av → *hammar* m. 'fjellhammar' og husdyrnemnet *sau* m.

**Sedesteinen** /"se:desteid,n/ 434 2:E5. Stein i strandkanten på Sande. Etterleddet er → *stein* og føreleddet ordet *sete* n., som siktar til eit hakk i steinen der ein kan sitja.

**Seglrenna** /"seilrenå/ 917 13:D4. Nytta om båtleia mellom Feisteinen og land. Inneheld det samansette *seglrenne* f.

**Seiagrunnen** /"seiagro:en/ 931 37:B4. Grunne vest for Sandøyane. Samansett av → *grunne* og fiskenemnet *sei* m. med bakgrunn i fiske.

**Seiaskjeret** /"seiasje:re/ 305 9:F4, 188 34:C6. Skjer nord for Kolnesholmane (også kalla *Nordra skjeret* og *Klampaskjeret*) og utanfor Grytnes (Søra-Kolnes). Samansett av → *skjer* og fiskenemnet *sei* m., som siktar til fiske.

**Seiasteinen** /"seiasteid,n/ 77 21:E5. Stein i sjøen utanfor Selvåg (Nærland). Inneheld → *stein* og fiskenemnet *sei* m. med bakgrunn i fiske.

**Seiaviga** (*-vika*) /"seiavi:Ge/ 886 30:A5. Vik sør for Sirevåg (Nygård). Ein skil mellom *Indra* og *Ytra Seiaviga* /"ytra "seiavi:Ge/. Inneheld → *vik* og fiskenemnet *sei* m., som siktar til fiske. Sør for vika finn ein *Seiavigodden* /"seiavigåd,n/.

**Seiodden** /"seiåd,n/ 209 8:D4. Nes på austsida av Rott. Samansett av → *odde* m. 'lite nes' og fiskenemnet *sei* m. med bakgrunn i fiske.

**Sele** /"se:le/ Kart 12, 14. Matrikkelgard i Klepp, *til Sils* (runeinnskrift ca. 1100), *Seels* (genitiv), *a Seele* 1440, *Seel* (akkusativ) 1441. Gno. *Sil* n., laga til gno. *sil* n. 'stilleflytande strekning i elv', noko som høver godt om Figgjo, som renn ut i sjøen på Sele. I namneforma *Silsflu* /'silsflu:/ (også kalla *Fluna*, *Selefluna*) finn ein den gamle genitivforma av gardsnamnet. Andre sekundære lagingar er *Selefluna* /"se:leflu:nå/, *Selerinda* /'se:lerinå/, *Selesanden* /"se:lesa:en/ og *Selestranden* /"se:lestra:en/. Litt.: NG 10:136 f., Særheim 2007:197.

**Selvåg** /"selvå:g/ 76 21:F5. Våg på Nærland der grannegarden Njærheim har båtrett. Dette er truleg same staden som er omtala i soga om Håkon Håkonsson (*Hákonar saga gamla*, etter Sturla Þorðarson), der ein skal ha teke inn liket av kongen, som var fallen på Orknøyane. Namnet er der skrive *i Silavági*. Etterleddet er → *våg* m. 'lita vik' og føreleddet truleg det same ordet som ein finn i gardsnamnet → *Sele*, nemleg gno. *sil* n. 'stilleflytande strekning i elv', som her siktar til nedste delen og utlaupet av Hååna. Selvåg ligg like nordanfor munningen av denne åa. Sekundære lagingar er *Selvåghaugane* /"selvåghauane/, *Selvågsholet* /"selvågshå:le/ og *Selvågstangen* /"selvågstanjen/. Litt.: NG 10:253, 388, Særheim 1984:34, 2007:197.

**Senga** /'senjå/ 140 3:B1, 514 26:F6. Nytta om ein flat tange på Vistnes og ein flat stein i ura på Hårr. Bunden form av ordet *seng* f., brukt jamførande om flate lokalitetar. Pynten av neset på Vistnes er kalla *Sengahyrna* /"senjahydna/ (→ *hyrna*); det samansette *sengehyrne* n. har truleg spela inn ved namngjevinga.

**Sengahyrna**, → *Senga*.

**sete** n. og f., jf. gno. *sæti* n. 'sete', som er i slekt



Fig. 93. Sevigskråna (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 93. Sevigskråna (Ølberg). Photo: Inge Særheim.*

med verbet *sitja*, ligg føre i namn på fiskeplassar ute på sjøen og langs stranda, jf. → *Bondesedet* /'bonese:de/ (fiskeplass for hummar nordaust for Egerholmen), → *Skrubbseda* /"skrobse:då/ (Vatnamo, her sat ein på land og fiska) og → *Skultaseda* /"skoltase:då/ (Holmane); dei to sistnemnde er laga til hokjønnsvarianten.

**Sevigssanden** /"se:vigsa:en/ 433 10:C4. Sandstrand på Ølberg. Etterleddet er → *sand*, medan føreleddet synest innehalda eit samansett namn **Sevik-*, som er samansett av → *vik* og truleg dyrenemnet *sel* m. Same føreleddet finn ein i *Sevigskråna* /"se:vigskrå:nå/ (Ølberg Fig. 93).

**Sevigskråna** (*-kråa*), → *Sevigssanden*.

**Silleågeren** (*-åkeren*) /"sileå:geren/ 242 11:F2. Teig nær sjøen i Vigdel. Etterleddet er → *åker* og føreleddet namnet på ei kvinne som vart kalla *Sille* (vel ei kjæleform av *Cecilie*).

**Silsflu**, → *Sele*.

**Simonsboen** /"si:monsbo:en/ 673 5:C4. Båe utanfor Myklabost. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og mannsnamnet *Simon*.

**Simonsstøna** (*-støa*) /"si:monstø:nå/ 544 7:G2. Båtstad i Risaviga (Tjora). Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og mannsnamnet *Simon*.

**Sirevåg** /"si:revå:g/ Kart 30. Våg og matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), *to Syrwage*, *tor Syrwage*, *zu Syrewagen*, *vpp Syrwage*, *to Sirwage* i tyske kjelder frå 1446. Etterleddet er → *våg* m. 'lita vik, våg'. Føreleddet har truleg tilsvarande bakgrunn som elve- og øynamnet *Sira*, kanskje språkleg samband med verbet *siga* med bakgrunn i sterkt sog ("botnatrekk") i vågen. Litt.: NG 10:457, Hovda 1961:292 ff., Særheim 1990:11 ff., 2007:200.

**Siristeinen** /"si:risteid,n/ 188 26:B4. Stein inn frå stranda på Kvassheim (ved Kvassheimsåna). Samansett av → *stein* og kvinnenamnet *Siri*.

**Sjo(ar)-** i tydinga 'sjø' (gno. *sjór* m. 'sjø') er føreledd i fleire namn: *Sjoarvegen* /"sjo:arveien/ (Myklabost), *Sjoaråger* /"sjo:arå:ger/ (Hellestø), *Sjoberget* /"sjo:berje/ (Vigdel), *Sjogoda* /"sjo:gå:då/ (Obrestad), *Sjolendet* /"sjo:lene/ (Jåsund Fig. 94), *Sjovegen* /"sjo:veien/ (Nærland), jf. òg → *Sjyarshøyen* og → *Sjø-*.

**Sjoarvegen**, **-åger** (*-åker*), → *Sjo(ar)-*.



Fig. 94. Sjolendet, Skiftesvig (Jåsund). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 94. Sjolendet, Skiftesvig (Jåsund). Photo: Inge Særheim.*



**Sjoberget**, **-goda** (*-gota*), **-lendet**, **-vegen**, → *Sjo(ar)-*.

**Sjuren**, → *Den sjure*.

**Sjyarshøyen** /"sjy:arshåyen/ 336 23:G3. Haug på toppen av strandbakken i grensa mellom Varhaug og Nordvarhaug, ved båtstaden Bodle. Etterleddet er → *haug*, som i dette området har bunden form *-høyen*. Føreleddet synest vera ordet *sjø* m., gno. *sjór*, *sjár*, *sær*, med opphavleg samansetjingsform på *-ar*.

**Sjø-**, som er ordet *sjø* m., er føreledd i *Sjøfloen* /"sjø:flo:en/ (også kalla *Floen*, ei utviding av Kvassheimsåna ved utmunninga i sjøen) og *Sjøhagen* /"sjø:haien/ (teigar ved sjøen på Nordra-Kolnes og Ølberg); jf. òg → *Sjo(ar)-* og → *Sjyarshøyen*. I *Sjøhuset* /sjø:'hu:se/ (Tananger, Meling), som inneheld det samansette *sjøhus* n., finn ein etterleddstrykk, som er vanleg dialektuttale av dette ordet.

**Sjøfloen**, **-hagen**, **-huset**, → *Sjø-*.

**Skada** (*Skata*) /"ska:då/ 855 34:C5, 881 38:B5. Nytta om flate undervasskjer ved Nordra-Kolneslitholmen og ved holmane Hatten og Hua nord for Tjør. Bunden form av fiskenemnet *skate* f., som her synest vera brukt jamførande om forma til skjera; → *Skadeberget*.

**Skadeberget** (*Skate-*) /"ska:deberje/ 79 3:C5. Berg som stikk ut i Vågen i Vistvik. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet, som språkleg er skyldt fiskenemnet *skate* f., siktar truleg til at berget 'stikk ut' (i vågen), noko som samsvarar med grunntydinga til dette ordet (jf. den lange halen til fisken), ev. har det bakgrunn i at berget er flatt; → *Skada*.

**Skadegrunnen** (*Skate-*) /"ska:degro:en/ 310 36:B2. Grunne nord for Grynningen. Etterleddet er → *grunne*. Føreleddet, som har språkleg samband med fiskenemnet *skate* f., har truleg tilsvarande bakgrunn som i → *Skadeberget*, der det skildrar 'noko som stikk fram (ut)'; ev. siktar namnet til førekomst og fiske av skate.

**Skakkaskjeret** /"skakasjæ:re/ 502 26:B5. Skjer utanfor Kvassheim. Inneheld → *skjer* og adjektivet *skakk*, som skildrar forma.

**Skakke steinen**, → *Den skakke*.

**skalle** m., gno. *skalli* m. 'hovudskalle', er nytta om berggrunnar i sjøen: → *Skallen* /"skad,l/, *Persskallane* /'pe:rskadlane/, *Reibarskallen* /"reibarskad,l/, alle frå Nord-Jæren.

**Skallen** /"skad,l/ 121 36:B2. Grunne nord for Grynningen. Bunden form av → *skalle*, nytta om berggrunne i sjøen.

**Skansen** /"skansen/ 910 25:G5. Bakkerygg på Hårr. Inneheld ordet *skanse* m. 'festningsverk (gjerne som oppkasta jordhaug)', her truleg brukt jamførande. Dette ordet ligg føre i fleire stadnamn frå Rogaland. Fjellet *Skansane* på Eigerøy skal sikta til at ein forsvara seg frå denne staden mot piratar under berginga av utstyr frå fregatten Norske Løve, som grunnstøytte på denne staden (ved Drivsund) i 1666 (under krigen mellom England og Nederland).

**Skarasanden** /"ska:rasa:en/ 26 12:B5. Sandstrand på Byberg (også kalla Bybergsanden) (Fig. 77). Etterleddet er → *sand*. Føreleddet siktar til → *Nadaskjeret*, eit berg (skjer på land) som deler sandstranda i to delar. Språkleg heng føreleddet saman med ord som *skjera* vb., *skar* n. og *skor* f.

**skar(d)** n., gno. *skarð* n. 'skar, fjellskar', ligg føre i *Steinskaret* /"steinska:re/, ei kløft ved Veden i Sirevåg.

**Skarpevollen** /"skarpevåd,l/ 479 2:C1. Nes på Ytrabø. Inneheld → *voll* m. 'grasmark, eng' og adjektivet *skarp*, som siktar til steinete og skrinn jord.

**Skarsteinen** /"skarsteid,n/ 13 14:E1, 517 16:A3, 686 26:F1. Steinar på Reve, Sele og Hårr (*Litle* og *Store Skarsteinen* /"sto:re "skarsteid,n/. Fig. 95), den førstnemnde stundom kalla *Skarsteinane* /"skarsteinane/ av di det her ligg fleire store steinar. Samansett av → *stein* og fuglenemnet *skarv* med bakgrunn i at det ofte sit skarv på steinane. Det synest mindre rimeleg at namna har bakgrunn i den mørke (svarte) fargen til steinane. På Reve finn ein òg fiskeplassane *Skarsteinsboda* /"skarsteinsbo:då/ (vel *bot* f. 'lapp', som siktar til tareflekk på sandbotn) og *Skarsteinsgrunnen* /"skarsteinsgro:en/.



Fig. 96. Skarvastøna (Stavnheim). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 96. Skarvastøna (Stavnheim). Photo: Inge Særheim.*

Eit område langs stranda blir kalla *austanom Skarsteinen* /"austanåm "skarsteid,n/.



Fig. 95. Store Skarsteinen (Hårr). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 95. Store Skarsteinen (Hårr). Photo: Inge Særheim.*

**Skarvaberg, -varden**, → *Skarvura*.

**Skarvagrunnen** /"skarvagro:en/ 253 6:B2, 339 37:B5. Grunne utanfor Myklabost og sør for Håstein. Etterleddet er → *grunne* og føreleddet fuglenemnet *skarv* m., som siktar til førekomst av skarv i området.

**Skarvaklumpen** /"skarvaklompen/ 288 11:A4. Bergnabbe på holmen Kråge (Hellestø). Samansett av → *klump* m. 'bergknaus' og fuglenemnet *skarv* m.

**Skarvaskjeret** /"skarvasjæ:re/ 3 13:A5. Skjer sør for Feisteinen. Samansett av → *skjer* og fuglenemnet *skarv* m.

**Skarvasteinen** /"skarvasteid,n/ 429 2:D4, 778 4:E2, 644 6:C2, 250 19:B1, 42 22:C5, 446 25:E3, 495 26:B4. Steinar i sjøen fleire stader (Indrabø, Raustein, Myklabost, Vik, Obrestad, Stavnheim, Kvassheim). Samansett av → *stein* og fuglenemnet *skarv* m. I Raustein finn ein òg *Skarvasteinshagen* /"skarvasteinshaien/, og på Stavnheim *Skarvastøna* /"skarvastø:nå/ (innanfor Skarvasteinen Fig. 96).

**Skarvastøna** (*-støa*), → *Skarvasteinen*.

**Skarven** /'skarven/ 553 2:D5, 688 5:A3. Steinar i sjøen på Indrabø og i Hafrsfjordkjeften (ved brua). Bunden form av fuglenemnet *skarv* m., vel med bakgrunn i at dette er tilhaldsstader for skarv.

**Skarvhol** /"skarvhå:l/ 138 1:E6. Lita bukt på Tungeneset. Samansett av → *hol* n., brukt om lita vik, og fuglenemnet *skarv* m.

**Skarvura** /"skarvu:rå/ 234 8:A3. Stor steinur heilt vest på Rott. Samansett av → *ur* f.

'steinsamling, ur' og fuglenemnet *skarv*. I dette området finn ein òg *Skarvaberg* /"skarvaberg/ og *Skarvavarden* /"skarvava:ren/. Fuglefangst var tidlegare viktig som matauk og inntektskjelde på Rott.

**Skasreget** (*-reket*) /'ska:sræ:Ge/ 949 13:B6. Rekfiske søraust for Feisteinen. Samansett av → *rek* n. 'stad der ein fiskar på rek' og gardsnamnet *Skas*.

**Skeia** /'sjeiå/ 502 25:G5, 628 26:B3. Rygg på Hårr og Kvassheim ved ein veg. Bunden form av → *skei(d)* f.

**skei(d)** f., jf. gno. *skeið* n. 'tevlingsbane, vegstykke, køyreveg', ligg føre i usamansett form → *Skeia* /'sjeiå/ (Hårr), og samansett: → *Klopparskeia* /"klåparsjeiå/ (Grødaland), *Hårrskeia* /'hårsjeiå/. Namneforma kunne tolkast som inkjekjønn fleirtal, men helst er dette ein hokjønnsvariant. Same nemnet finn ein i gardsnamnet → *Skeie*.

**Skeie** /"sjeie/ Kart 19, 20. Matrikkelgard i Klepp, *Sked* 1519, *Skæ* 1521. Gno. **Skeið*, i dativ **Skeiði*, som notidsforma er utvikla av, laga til → *skei(d)*, gno. *skeið* n. 'tevlingsbane, vegstykke, køyreveg'. Sekundære lagingar er *Skeiefluna* /"sjeieflu:nå/, *Skeiegrunnen* /"sjeiegro:en/, *Skeiekanalen* /"sjeiekana:len/, *Skeienaustret* /"sjeienaustre/, *Skeieskogen* /"sjeiesko:jen/, *Skeiestranden* /"sjeiestra:en/ og *Skeietangen* /"sjeietanjen/. Namnet → *Skeiefluna* /"sjeieflu:nå/ finn ein òg utanfor Husvegg. Det skal ha bakgrunn i at nokon frå Skeie grunnstøytte på denne staden. Litt.: NG 10:133.

**Skeiefluna** (*-flua*) /"sjeieflu:nå/ 384 24:C3. Grunne utanfor Husvegg, der nokre frå Skeie i Klepp grunnstøytte og kantra, visstnok i 1850. Båten var lasta med hummar som skulle leverast på mottak i Holmane.

**Skia** /"sji:å/ 354 5:D2. Skjer utanfor Jåsund i innseglinga til Hafrsfjord (Fig. 72), også kalla *Einarskia* og *Einarskiden*, det sistnemnde vel som slangvariant. Bunden form av ordet *skie* f. 'stykke av kløyvd ved' med bakgrunn i den langstrekte forma til skjeret. Det samansette namnet inneheld mannsnamnet *Einar*.

**Skibapollen** (*Skipa-*) /"sje:bapåd,l/ 63 23:F2. Lita vik i strandkanten på Nordvarhaug. Samansett av → *poll* m. 'lita vik (i strandkanten), poll' og ordet *skip* n.

**Skibasteinen** (*Skipa-*) /"sje:basteid,n/ 172 16:B2, 29 24:B6, 161 32:E4. Steinar i strandkanten fleire stader (Reve, Varhaug, Holmane). På Reve og Varhaug er namnet nytta om steinar der ein festa båtar som skulle hoggast opp (Fig. 97). Samansett av → *stein* og *skip* n. På Reve finn ein òg *Skibatangen* /"sje:batanjen/ 75 16:B2.

**Skibatangen** (*Skipa-*), → *Skibasteinen*.

**Skibmannen** (*Skip-*) /"sjibma:en/ 251 6:E5. Lita vik i Tananger (Meling) der det pla liggja større fartøy. Bunden form av ordet *skipmann* m. 'mann(skap) på båt'. Ein veg ned til vika heiter *Skibmannsgada* /"sjibmansga:då/; → *Skibmannsriva*.

**Skibmannsriva** (*Skip-*) /"sjibmansre:vå/ 134 11:F3. Lita innskjering (rive) i fjellet i Hellestø, der det skal ha reke inn eit lik. Samansett av → *rive* f. 'innskjering, rive' og ordet *skipmann* m. 'mann(skap) på båt'.

**Skidaren** (*Skitaren*) /"sji:daren/ 101 24:C3, 119 36:B3. Stein i sjøen (nær land) på Husvegg og båe sørvest for Litle Grynningen som "smell fælt" når det er litt sjø. Individualisert laging til verbet *skita*, vel med bakgrunn i lyden av bølgjene som slår mot steinane. Sør for Skidaren på Husvegg ligg *Skidarfluna* /"sji:darflu:nå/ 108 24:C3. Ved Tangarstø (Sele) finn ein *Søre* og *Nørdre Skidarsteinen* /"nø:re "sji:darsteid,n/, der fiskarane pla gå når dei hadde eit visst ærend. Jf. òg → *Skiden*.

**Skidarsteinen** (*Skitar-*), → *Skidaren*.

**Skiden** (*Skiten*) /'sji:den/ 335 9:E3. Hummarplass utanfor Grytnes (Søra-Kolnes). Bunden form av ordet *skit* m., som siktar til planter ("grønt graps") som veks på botnen og set seg på fiskereiskapen; → *Skidvarpet*.

**Skidknog** (*Skitknok*) /"sjidkno:g/ 884 7:D4, **Skidknogane** (*Skitknokane*) /"sjidkno:gane/ 333 37:B4. Det førstnemnde er namn på eit skjer utanfor Tjora, medan *Skidknogane* (også



Fig. 97. Skibatangen og Skibasteinen (Reve). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 97. Skibatangen and Skibasteinen (Reve). Photo: Inge Særheim.*

kalla → *Knogane*) er nytta om nokre skjer ved Buøyna. Båe namna inneheld orda *knok* m. 'framståande bein på oversida av neven' og *skit* m. med negativt innhald; → *Skiden*, *Skidaren*.

**Skidvarpet** (*Skit-*) /"sjidvarpe/ 455 21:E5. Fiskestad (for laks) i munningen av Hååna. Etterleddet er → *varp* n. 'fiskeplass (der ein set ut fiskereiskap); notkast', og føreleddet ordet *skit* m., som skal sikta til planter ("grønt graps") som veks på botnen og festar seg på fiskereiskapen; → *Skiden*.

**skifte** (**skipte**), gno. *skipti* n., er nytta om skifte- og grensepunkt: *Hodneskiptet* /"hådnesjipte/, *Reveskiptet* /"re:vesjipte/, *Husveggskiptet* /"hu:svegsjipte/.

**Skiftesvig** (*-vik*) /"sjiftesvi:g/ 646 5:D3. Vik og gardsbruk på Jåsund. Etterleddet er → *vik* og føreleddet ordet *skifte* n. 'grense, skifte', som siktar til grensa mellom Jåsund og Myklabost. Ei sekundær laging er *Skiftesvigstranden* /"sjiftesvigstra:en/ (Fig. 98).

**Skiftetangen** /"sjiftetanjen/ 169 16:C1. Liten tange i grensa mellom Hodne og Reve. Samansett av → *tange* m. 'lite nes' og ordet *skifte* n. 'grense, skifte'.

**Skimlingsfluna** (*-flua*) /"sjimlingsflu:nå/ 31 19:B4. Fiskegrunne utanfor Vik. Etterleddet er → *flu* f. 'grunne under sjømålet'. Føreleddet har samband med adjektivet *skimlete* 'lysflekkete' og andre skylde ord (*skimla* vb., *skimle* f.), og siktar truleg til botntilhøva med veksling mellom sand- og tarebotn. Mindre truleg synest samband med *skimle* f. 'kvit fjøl eller plate med blysøkke som ein driv ned gjennom sjøen for å jaga fisk, særleg sild, ei viss lei'.

**Skinsgrunnen**, → *Skjenane*.

**Skipsleia** /'sjipsleiå/ 918 15:C1. Nytta om leia for skip fleire stader, bl.a. om leia mellom farlege grunnar utanfor Reve. Inneheld det samansette *skipslei* f. 'seglingslei for skip'.

**Skiptesgarden** /"sjiptesga:ren/ 413 24:C3. Er fleire stader nytta om steingard som er grense



Fig. 98. Skiftesvigstranden og Fjørenesholmane (Jåsund). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 98. Skiftesvigstranden and Fjørenesholmane (Jåsund). Foto: Inge Særheim.*



mellom eigedommar, t.d. på Husvegg. Inneheld det samansette *skiftesgard* m., med orda *gard* m. 'steingjerde' og *skifte* n. 'grense, skifte'.

**Skipteshøyen** /"sjipteshåyen/ 365 24:C2. Gravhaug på toppen av strandbakken på Husvegg, ved grensa med Varhaug. Etterleddet er → *haug*, som i bunden form eintal får forma *-høyen* i dette området, medan føreleddet er ordet *skifte* n. 'grense, skifte'. Ute i sjøen finn ein grunnen *Skipteshaugfluna* /"sjipteshauflu:nå/.

**Skiptingsberget** /"sjiptingsberje/ 586 30:C2. Berg på Ognasanden. Etterleddet er → *berg* og føreleddet ordet *skifting* med bakgrunn i 'deling; skifte, grense' e.l.

**Skjelbreigeilen** /"sjelbreijeid,l/ 241 4:B4. Veg på Nordra-Sunde. Samansett av → *geil* m. 'smal veg (med steingjerde på sidene)' og bruksnamnet *Skjelbrei* /"sjelbrei/, som er gno. **Skjaldbreiðr* 'brei som eit skjold', sett saman av orda gno. *skjǫldr* m. 'skjold' og *breiðr* adj. 'brei', brukt om ein rundvoren, skjoldliknande naturformasjon.

**Skjelsandrinda** /"sjelsanrinå/ 60 17:A1. Sandrygg på Reve der ein har henta skjelsand. Samansett av → *rind* f. 'rygg av sand, stein eller jord' og ordet *skjelsand* m.

**Skjenane** /"sje:nane/ 584 2:A2, **Skinsgrunnen** /'sjinsgro:en/ 498 2:A2. Grunnar utanfor Ytrabø. Her ligg det tre grunnar på skrå ut i skipsleia, til saman kalla *Skjenane* /"sje:nane/ eller *Bøskjenane* /'bø:sje:nane/. Dei einskilde grunnane heiter *Skinsgrunnen* /'sjinsgro:en/, *Midgrunnen* /"midgro:en/ og *Søre grunnen* /"sø:re "gro:en/, alle med etterleddet → *grunne*. Leddet *skjen* (*skin*) n., som språkleg heng saman med verbet *skjena* (*skina*) /"sje:na/ 'skeina, fara ut til sida', siktar til at grunnane ligg på skrå i båtleia. Verbet *skjena* blir i dialekten bl.a. nytta om kyr som på varme og vindstille dagar legg på sprang med stor fart for å bli kvitt fluger og klegg. Stonga på Skinsgrunnen blir kalla *Skjenastonga* /"sje:nastångå/.

**skjer** n., gno. *sker* n., som heng saman med verbet *skjera*, ligg føre i meir enn 160 namn. I regelen er det nytta om skjer ute i sjøen, men i → *Nadaskjeret* /"na:dasjæ:re/ (Helland) og *Sandskjeret* /"sansje:re/ (Vistvik) dreiar det seg om bergnabbar som skjer seg gjennom ei sandstrand på land. Usamansett form *Skjeret* /'sje:re/ er nytta om skjeret Skjevlingen sør for Sirevåg. Blant dei samansette namna finst det 50 sekundærnamn, 40 med presiserande ledd, 28 med dyrenemne og 13 med personnemne som føreledd. Føreleddet *Svarta-* finn ein seks stader, medan *Humra-*, *Tara-*, *Terne-* og *Flo-* førekjem tre stader.

**Skjeret** /'sjæ:re/ 816 30:A5. Skjer rett ut av Bekkjarviga (Nygård) sør for Sirevåg, også kalla → *Skjevlingen*. Bunden form av → *skjer*.

**Skjergarden** /"sje:rga:ren/ 802 38:B6. Ei rekkje med holmar, skjer og grunnar som strekkjer seg nordetter frå Tjør. Bunden form av det samansette ordet *skjergard* m., som inneheld orda → *skjer* og → *gard*; jf. *Øygarden* i Nordhordland.

**Skjevlingen** /"sjevlinjen/ 815 30:A5. Skjer rett ut av Bekkjarviga (Nygård) sør for Sirevåg, også kalla → *Skjeret*. Avleiing med *ing*-suffiks til ordet *skavl* m. med bakgrunn i at det bryt mykje mot skjeret når det er noko sjø. Sekundære namn er *Skjevlingfluna* /"sjevlingflu:ne/ og *Skjevlingrenna* /"sjevlingrenå/.

**Skjodesteinane** (*Skjote-*) /"sjo:desteinane/ 456 25:F3. Steinar i ura i stranda på Stavnheim. Samansett av → *stein* og verbet *skjota* 'skyta', truleg med bakgrunn i jakt, mindre truleg i bølgjeslaga mot steinane.

**Skjoliled** /sjo:li'le:/ 190 8:A2. Sund mellom skjeret Strålaus og Rott(e)neset på Rott. Namnet synest vera ein opphavleg preposisjonskonstruksjon, gno. *skjól í (h)lið* 'skjul i led', vel med bakgrunn i at skjeret skjermar for nordvesten. Losskøyta vart likevel teken av ein brottsjø i dette sundet og kasta rundt. Sekundære lagingar er *Skjoliledgrunnen* /sjo:li'le:gro:en/ og *Skjoliledskjeret* /sjo:li'le:sje:re/.

**Skjørbollen** /"sjø:rbåd,l/ 864 7:E4. Stein i sjøen utanfor Tjora (Brunnaviga. Fig. 99). Etterleddet

er → *bolle* m., nytta om 'rund stein (i sjøen)'. Føreleddet har truleg samband med ord som *skjøre* f. 'stort hudsår etter skrubbing' og *skjøra* vb. 'skrubba hardt', som siktar til at steinen er oppriven.



Fig. 99. Skjørbollen (Tjora). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 99. Skjørbollen (Tjora). Photo: Inge Særheim.*

**Skodahola** (*Skota-*) /"skå:dahå:lå/ 669 6:C4, **Skodaholet** (*Skota-*) /"skå:dahå:le/ 226 14:E1. Småvikar der sjøen slår inn på Myklabost (*-hola*) og Sele (*-holet*). Etterledda er → *hole* f. (*-hola*) og → *hol* n. (*-holet*) og føreleddet ordet *skot* n. med bakgrunn i lyden av bølgjeslaga.

**Skodaklakken** (*Skota-*) /"skå:daklaKen/ 670 28:G4. Fjellgrunne i Ognabukta. Samansett av → *klakk* m. 'fjellskolt (i sjøen)' og ordet *skot* n. 'noko som skyt fram eller opp'; → *Skodene*.

**Skodegra** (*Skot-*, *-ekra*) /"skå:dæ:grå/ 169 23:A4. Teig opp frå stranda på Varhaug. Etterleddet er → *ekre* f. 'eng, attlagd åker' og føreleddet ordet *skot* n., som kanskje siktar til skrinn jord.

**Skodeméd** (*Skote-*), **Skodemédgrunnen** (*Skote-*), → *Skodene*.

**Skodene** (*Skotene*) /"skå:dene/ 878 33:B6. Ei holmegruppe med seks små holmar mellom Tjør og fastlandet, frå nord til sør: *Nordskod*, *Bratteskod*, *Bjørnskod*, *Sperreskod*, *Gårskod* og *Sørskod*. Namneforma *Skodene* kan tyda på at dette er lagingar til *skot* n. 'noko som skyt opp (fram, ut)', til verbet *skyta* (gno. *skjóta*). Liknande skjergardsnamn førekjem ved Kvitsøy, t.d *Higlaskadet* /"higlaska:de/ (eintal) og *Eimeskoda* /"eimeskå:då/ (fleirtal), der laga til eit ord *skat* n., i fleirtal *skot*, med grunntyding 'noko som stikk fram'. Kanskje er det dette ordet som opphavleg òg er nytta i namna frå Sola, der det seinare har blitt assosiert med og omlaga etter det meir kjende og brukte *skot* n. Sekundære lagingar er *Skodegrunnane* /"skå:degronane/ og *Skodaboen* /"skå:dabo:en/, dessutan *Skodeméd* /"skå:deme:/ og *Skodemédgrunnen* /"skå:demegro:en/, som blir méda frå desse holmane. Parallellar til fleirtalsbøyinga finn ein i namn som *Bådstadbergene* (Haga) og *Småskjeren* (sør for Sirevåg). Litt.: Særheim 1989:58 f.

**skog** m., gno. *skógr* m. 'skog', ligg føre i → *Skogen*, ei lita samling av tre (Raustein).

**Skogen** /'sko:Gen/ 121 4:E2. Lita samling av tre ved sjøen i Raustein. Bunden form av → *skog*.

**Skoholmen** /"sko:hålmen/ 805 1:C1. Farleg grunne i vasskorpa i leia vest for Tunge, også kalla *Skoholmgrunnen* /"sko:hålmgro:en/. Etterleddet er → *holme*, som her ser ut til å vera nytta om ein grunne. Føreleddet er kanskje gno. *skóð* n. 'skadeleg reiskap, våpen' med bakgrunn i at grunnen er farleg for båtar.

**Skolasteinen** /"skå:lasteid,n/ 689 25:E6, **Skolasteinane** 452 25:F3. Steinar i strandkanten på Årsland (*-steinen*) og litt ute i sjøen på Stavnheim (*-ane*, i Stavnheimsviga). På Årsland finn ein både *Store* og *Litle Skolasteinen*. Etterleddet er → *stein* og føreleddet truleg verbet *skola* 'skvulpa, plaska', som siktar til sjøen som slår mot steinane. Det er små groper i steinen på Årsland, så tolking til ordet *skål* f. kan ikkje utelukkast for det namnet.

**skolt** m., gno. *skoltr* m. 'skalle, skolt', er brukt om steinar i sjøen, → *Håvardskoltane* /"hå:varskåltane/ (Hellestø).

**skor** f., n., jf. gno. *skor* f. 'avsats, hylle i fjellside', laga til verbet gno. *skera* 'skjera', ligg føre i *Triskora* /"tri:skå:rå/, tre river i berget på austsida av Grynningen. Ein finn nemnet som føreledd i → *Skortangen* (Orre).

**Skortangen** /"skå:rtanjen/ 52 18:B5. Tange på Orrestranden. Samansett av → *tange* m. 'lite nes' og → *skor*, som siktar til at tangen skjer seg gjennom sandstranda. Sekundære

lagingar er *Skortangskula* /"skå:rtangsku:lå/ og *Skortangtegane* /"skå:rtangte:gane/, dei sistnemnde også kalla *Skortegane* /"skå:rte:gane/.

**skot** n., gno. *skot* n., som er laga til verbet gno. *skjóta* 'skyta', ligg kanskje føre i namna på seks små holmar mellom Tjør og fastlandet, kalla → *Skodene*: → *Nordskod*, *Bratteskod*, *Bjørnskod*, *Sperreskod*, *Gårskod* og *Sørskod*. Nemnet står som føreledd i → *Skodaklakken*, jf. òg → *Skodegra* og *Skodahola*. Eit anna – men liknande – nemne, *skat* n. (i fleirtal *skot*) 'noko som stikk fram', ligg føre i nokre namn frå Kvitsøy. Det kan ikkje utelukkast at det er dette nemnet som opphavleg ligg føre i *Skodene* (jf. omtalen under → *Skodene*).

**Skotne steinen** /"skå:tne 'steid,n/ 873 26:F1, → *Den skotne*.

**Skrabene** (*Skrapene*) /"skra:bene/ 382 38:B5. Skjer ved Hugen (nord for Tjør), også kalla *Hugaskrabene* /"hu:gaskra:bene/. Namnet er laga til verbet *skrapa*, som vel siktar til lyden av den jamne skrubbinga av havbølgjene mot skjera.

**Skreia** /"skreiå/ 473 3:C3. Vik på Ytrabø med berg innanfor. Namnet er laga til eit *skreide* f., som heng saman med gno. *skreið* f. 'skriding, sliping'; det siktar til striper i berget som ligg innanfor vika.

**Skrettingskjeret** /"skretingsjæ:re/ 395 24:D5. Undervasskjer (flu) på Madland. Samansett av → *skjer* og gardsnamnet *Skretting* (ev. det likelydande etternamnet), truleg med bakgrunn i ein person frå denne garden.

**Skrubb** /skrob/ 103 4:G2. Gardsbruk og område ved sjøen på Nordra-Sunde. Om folk som bur her, kan ein t.d. seia (Tormod) *i Skrubb*. Her finn ein òg *Skrubbahola* /"skrobahå:lå/, *Skrubbaura* /"skrobau:rå/ og *Skrubbhaug* /"skrobhau/. Namnet er laga til verbet *skrubba*, som siktar til at sjøen og steinar har skrubba mot berget, t.d. ved Skrubbhaug, der ein stein har laga eit hol (Skrubbahola) gjennom haugen.

**Skrubbhammar** /"skrobhamar/ 146 11:A3. Fjellhammar ved båtplassen i Hellestø. Etterleddet er → *hammar* m. 'fjellknatte'. Føreleddet synest ha liknande språkleg og real bakgrunn som → *Skrubb*.

**Skrubbseda** (*-seta*) /"skrobsæ:då/ 215 32:B4. Fiskeplass i Moiviga (Vatnamo) der ein sat på land og fiska. Etterleddet er → *sete* f., brukt om fiskeplass, medan føreleddet truleg har same opphav som i → *Skrubb*.

**Skrydeberget** (*Skryte-*) /"skry:deberje/ 126 3:E3. Bergknatte som stikk ut i sjøen i Raustein. Samansett av → *berg* og sjødyrnemnet *skryte* f. '(stor) krabbe' med bakgrunn i fangst av krabbe. På denne staden var det vanleg å lysa og bruka rive til å raka skrytene på land.

**Skrydeboen** (*Skryte-*) /"skry:debo:en/ 91 3:C4, 19 38:B6. Båar utanfor Vistvik (i Vistvikvågen) og mellom Nordtjør og Røyda. Samansett av → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og *skryte* f. '(stor) krabbe'.

**Skrydefluna** (*Skryteflua*) /"skry:deflu:nå/ 914 35:B4. Grunne nord for Nordre Frøsholmen. Inneheld → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og sjødyrnemnet *skryte* f. '(stor) krabbe'.

**Skrydeviga** (*Skrytevika*) /"skry:devi:Gå/ 157 21:E5, 364 24:B2. Mindre vikar på Nærland og Varhaug (nær grensa med Husvegg). Inneheld → *vik* og *skryte* f. '(stor) krabbe'.

**Skudeviga** (*Skutevika*) /"sku:devi:Gå/ 259 6:D5. Vik i Tananger. Inneheld → *vik* og ordet *skute* f. 'skip, fartøy'.

**Skultaseda** (*-seta*) /"skoltasæ:då/ 150 32:E4. Fiskeplass ute i sjøen (vika) i Holmane. Etterleddet er → *sete* f., brukt om fiskeplass. Føreleddet er ordet *skult(er)* m. 'skolt', som er brukt i stadnamn frå Jæren. Litt.: Særheim 2007:208.

**Skuresandsviga** (*-vika*) /"sku:resansvi:Gå/ 504 1:D1. Lita vik på Tungeneset. Etterleddet er → *vik* og føreleddet det samansette ordet *skuresand* m., som siktar til at ein her har henta sjøsand, brukt til skuring av bl.a. golv.

**Skurva** /'skorvå/ 917 36:C4. Skjer nordaust for Rottfladholmen, også kalla *Skurveskjeret* /"skorvesje:re/. Namnet har språkleg samband

med *skurv* f., nytta om ‘svarte flekker på poteter’, og *skurve* f. ‘skorpe på sår’, med bakgrunn i at skjeret er knudrete og opprive. I enden av eit res som strekkjer seg ut frå skjeret, finn ein *Skurvesteinen* /"skorvesteid,n/. Austanfor skjeret finn ein *Stora* og *Litla Skurvefluna* /"litla "skorveflu:nå/.

**Skurveholmen** /"skorvehålmen/ 582 30:B3. Holme rett ut av Sandarvågen (Ogna). Inneheld → *holme* og ordet *skurve* f., med bakgrunn i at holmen er oppriven og knudrete; → *Skurva*.

**Skurvesteinen** /"skorvesteid,n, -steinen/ 298 22:C5, 135 31:D3. Steinar ved land på Reime (i grensa med Obrestad) og i sjøen rett ut av Kinnarvågen (Holmane). Samansett av → *stein* og *skurve* f., som siktar til at steinane er opprivne; → *Skurva*.

**Skvetta** /"skvetå/ 85 32:F5. Bergframspring på vestsida av Engjavigholmen. Er laga til verbet *skvetta*, som siktar til bølgjeslaga mot berget.

**Skyljaviga** (*-vika*) /"sjyljavi:Gå, "sjølja-/ 620 11:B4. Lita vik på Ølberg, på nordsida av Ølbergneset. På Vistnes (i Vistnesvågen) finn ein elles *Indra* og *Ytra Skyljaviga* /"ytra "sjyljavi:Gå/. Etterleddet er → *vik* og føreleddet truleg *skjel* f., n., uttala /"sjø:le/ og /"sjylje/ i Rogaland, med bakgrunn i at det driv inn skjelsand i vikane.

**Skyttarane** /"sjytarane/ 882 38:B5, **Skyttaren** /"sjytaren/ 53 34:C6. Skjer nord for Tjør (*Skyttarane*) og utanfor Søra-Kolnes (*Skyttaren*). Inneheld ordet *skyttar* m., vel med bakgrunn i sterke høyrsleinntrykk ved bølgjebrota.

**Skøytestøna** (*-støa*) /"sjøtestø:nå/ 51 4:F2. Båtstad på Viste. Inneheld → *stø* f. ‘båtplass, stø’ og ordet *skøyte* f. ‘fartøy, (fiske)skøyte’.

**Skåga** (*Skåka*) /'skå:jå/ 362 37:B5. Grunneres under vassflata ved sørenden av Revingen, også kalla *Revingsskåga* /"re:vingskå:gå/. Ved holmen Hatten finn ein sameleis *Hattaskåga* /"hataskå:jå/. Bunden form av ordet *skåk* f., som er nytta om dei to stengene (armane) på hestekjerra, mellom hesteselen og kjerra (også vogna, sleden og plogen). Her er ordet nytta biletleg om eit langstrekt grunneres.

**Slarka** /"slarkå/ 39 22:D3. Grunne (flu) på Grødaland der sjøen mest alltid bryt. Namnet, som truleg siktar til lydinntrykket, heng saman med verbet *slarka*, som bl.a. er nytta i tydinga ‘slengja, subba, gå tungt og bråkande’.

**Sletta** /'sletå, 'slitå/ 207 1:E3, 252 11:F2, 306 25:E1. Slett område ved sjøen på Sande, i Vigdel og på Årsland. Bunden form av → *slett* f. ‘flate’.

**Slettaberget** /"sletaberje/ 740 4:F5, 735 5:G2. Flatt berg ved sjøen to stader på Nordra-Sunde. Samansett av → *berg* og adjektivet *slett* ‘flat’.

**slett(e)** f., jf. gno. *slétta* f. ‘jamn flate’, er nytta om flater i lendet, t.d. → *Sletta* /'slitå, 'sletå/ (fleire stader), *Strandsletta* (Vistnes), *Marasletta* (Vigdel).

**Slette hagen** /"slite "haien/ 852 26:G1. Slett hage opp frå sjøen på Hårr. Samansett av → *hage* m. ‘inngjerd teig’ og adjektivet *slett* ‘flat’.

**Sletteholane** /"sliteho:lane/ 856 26:H2. Haugar på Hårr. Samansett av → *hol* m. ‘rund haug’ og adjektivet *slett* ‘flat’.

**Slettesvig** (*-vik*) /"sletesvi:g/ 645 5:D3, **Slettesviga** (*-vika*) /"sletesvi:Gå/ 744 4:G5. Vikar på Nordra-Sunde (*-viga*) og Myklabost (i skiftet med Jåsund). Etterleddet er → *vik*. Føreleddet inneheld adjektivet *slett* ‘flat’. Samansetjingsmåten tyder på at det her kan skjula seg eit samansett ledd, truleg → *Slettaberget*, som ein òg finn like ved vika på Nordra-Sunde. På Myklabost finn ein elles *Slettesviggrunnane* /"sletesvigronane/ og *Slettesvignuden* /"sletesvignu:d,n/.

**Sletthammar** /"slethamar/ 147 11:G3. Fjellknatte ved sjøen i Hellestø. Samansett av → *hammar* m. ‘fjellhammar’ og adjektivet *slett* ‘flat’.

**Sletthei** /"slethei/ 176 7:G2. Gardsbruk og område ved sjøen inst i Risaviga, i grensa mellom Tjora og Risa. Etterleddet er → *hei* f. ‘hei, udyrka mark’ og føreleddet adjektivet *slett* ‘flat’. Her finn ein òg *Slettheibakken* /"sletheibaKen/, *Slettheinaustret* /"sletheinaustre/ og *Slettheistranden* /"sletheistra:en/.

**Sloane** /"slo:ane/ 448 11:A4, 783 16:B2, 877 21:F3, 438 24:E5. Store steinar i sjømålet fleire



Fig. 100. Sløyda i Sandarvågen (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 100. Sløyda i Sandarvågen (Ogna). Photo: Inge Særheim.*

stader (Ølberg, Reve, Obrestad, Årsland). Bunden form fleirtal av skjernemnet → *sloe* m. 'stor stein i sjømålet'.

**Sloboen** /'slo:bo:en/ 99 36:C2. Båe nord for Egerholmen. Etterleddet er → *boe* m. 'grunne i sjømålet' og føreleddet skjernemnet → *sloe* m.

**sloe** m., jf. gno. *slóði* m. 'sloe, det som ein dreg etter seg', er nytta om store steinar (skjer) i sjømålet: → *Sloen* /"slo:en/ (fleire stader), *Sloane* /"slo:ane/ (fleire stader), *Trisloen* (Kolnes), *Kumlesloen* /"komleslo:en/ (Reve).

**Sloen** /"slo:en/ 447 25:F3, 447 25:F5, 215 36:C3. Store steinar i sjømålet fleire stader (Stavnheim, Hårr og ved Gåsa). Bunden form av skjernemnet → *sloe* m. 'stor stein i sjømålet'.

**Sløyda (i Sandarvågen)** (*Sløyta* -) /"sløydå (i "sanarvå:jen)/ 513 30:B4. Små holer ("skvatleholer") i berget (Ogna) der sjøen slår inn (Fig. 100). Bunden form av eit **sløyte* f., som truleg er i slekt med ordet *sludd* n., med eigentleg tyding 'vera slapp'.

**slåtte** f., gno. *slátta* f. 'slått', er i → *Kristenslåtta* /"kristenslåtå/ nytta om ein slåtteteig på Ogna; jf. òg → *Slåttegjerda*.

**Slåttegjerda** /"slåteji:rå/ 338 23:F5. Teig opp frå strandbakken på Nordvarhaug. Namnet synest vera samansett av → *gjerde* n. 'inngjerding, inngjerdt jordstykke' (i fleirtal) og → *slåtte* f. 'slåtteteig'. Tilsvarande uttale av *gjerde* finn ein i → *Gjerdsrulla* og *Gjerdstangen*.

**Smalagarden** /"sma:laga:ren/ 535 7:E4. Steingjerde ved sjøen på Tjora. Namnet inneheld → *gard* m. 'steingjerde' og husdyrnemnet *smale* m. 'sau(er)'.

**Smalamarka** /"sma:lamarKå/ 49 20:F3. Teig ved sjøen på Nærland. Samansett av → *mark* f. '(beite)mark' og husdyrnemnet *smale* m. 'sau(er)'.



Fig. 101. Smiodden (Nordra Sunde). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 101. Smiodden (Nordra Sunde). Photo: Inge Særheim.*

**Smedabukta** /"sme:aboktå/ 358 6:E5. Vik på Haga (i Risaviga). Samansett av → *bukt* f. 'vik' og person- og yrkesnemninga *smed* m., vel med bakgrunn i ein person med dette yrket; → *Smeden*.

**Smeden** /'sme:en/ 576 27:E5. Haug opp frå sjøen på Kvalbein. Bunden form av person- og yrkesnemninga *smed* m., som siktar til ein person med dette yrket. Like ved finn ein *Smedabrodet* /"sme:abrå:de/ og *Smedafloen* /"sme:aflo:en/. Nærare gardstunet ligg *Smihushaugen* /"smi:hu:shauen/.

**smell** m., n., laga til *smella* vb., ligg føre i skjernamna → *Smellane* /"smedlane/ og *Smellen* /'smed,l/ (båe med hankjønnsforma). *Smellet* /'smedle/, nytta om ein fjellklove på Rott, inneheld inkjekjønnsforma. Namna siktar til lyden av bølgjeslaga.

**Smellane** /"smedlane/ 203 37:B4, → *Smellen*.

**Smellen** /'smed,l/ 343 35:B4, 328 37:B5, 387 38:B6. Skjer fleire stader (ved Tjør, Hatten og Frøsholmane). Fleirtalsforma *Smellane* /"smedlane/ er dessutan brukt om nokre skjer nord for Håstein, delt i *Indre* og *Vestre Smellen* /"vestre 'smed,l/. Namna er laga til verbet *smella*, som siktar til den skarpe lyden av bølgjeslaga mot skjera; → *Smellet*.

**Smellet** /'smedle/ 229 8:A4. Fjellklove på vestsida av Rott. Bunden form av → *smell* n., som siktar til lyden av skarpe bølgjeslag.

**Smiodden** /"smi:åd,n/ (også /"sme:åd,n/) 729 4:E1. Nes som går ut i ein spiss, heilt vest på Nordra-Sunde (Fig. 101). Dette er truleg eit jamføringsnamn, laga til det samansette *smiodd* m. (t.d. på ein kniv eller ljå), nytta om "den av Smeden tildannede Odd paa Kniv, Lee osv." (Ross 1895:717). Like utanfor finn ein *Smioddgrunnen* /"smi:ådgro:en/.

**Smittahamn** /"smitahab,n/ 11 14:E1. Ein stad på Selestranden der ein skuteskipper skal ha

grunnstøytt. Samansett av → *hamn* (her nytta om stad der ein båt har gått på land) og etternamnet til skipperen (*Smith* e.l.).

**Smørboen** /"smø:rbo:en/ 396 37:B5. Båe søraust for Buøyna. Samansett av → *båe* m. 'grunne i sjømålet' og ordet *smør* n., som her synest vera nytta som godnemne om ein farleg stad i sjøen.

**Småberga** /"små:berjå/ 665 5:D4/, 665 6:C3, 728 7:E3, **Småberget** /"små:berje/ 120 29:E1. Mindre berg ved sjøen fleire stader (Myklabost, Tjora; Brusand, *-berget*). Samansett av → *berg* og adjektivforma *små*.

**Småfluene** /"små:flu:ene/ 98 36:C2. Fluer nordaust for Grynningen. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og adjektivforma *små*.

**Småholen** /"små:hå:len/ 30 31:B2. Småvikar i Haver. Samansett av → *hole* f. (mindre truleg *hol* n.) i fleirtal og adjektivforma *små*.

**Småskjeren** /"små:sjæ:ren/ 813 30:A5. Skjer sør for Sirevåg (Nygård). Samansett av → *skjer* i fleirtal og adjektivforma *små*. Her finn ein òg *Småskjerodden* /"små:sjeråd,n/ og *Småskjersundet* /"små:sjersone/.

**Småura** /"små:u:rå/ 370 23:A4. Ur i stranda på Varhaug. Inneheld → *ur* f. 'steinsamling, ur' og adjektivforma *små*.

**snag** n., jf. gno. *snag-*, om noko som står fram, er i *Rustasnaget* /"rostasna:Ge/ nytta om eit lite framspring (nes) på Tunge. Same nemnet finn ein i grunnenamnet *Lausingesnaget* /"lausinjesna:Ge/ frå Utsira (ved skjeret *Lausingen*). Litt.: Særheim 2007:210.

**Snig** (*Snik*) /sni:g/ 163 6:D5. Opphavleg nytta om eit smalt sund (ei båtlei) mellom Melingsholmen og fastlandet i Tananger, no gjerne kalla *Melingssundet*. I dag bruker ein namnet *Snig* helst om eit nes på Meling på sida av sundet. Namnet er laga til → *snik* n. 'trong passasje, smau'. Her finn ein òg *Snigbukta* /'sni:gboktå/, *Sniganaustret* /"sni:ganaustre/, *Snigsodden* /'sni:gsåd,n/ og *Snigvegen* /'sni:gveien/; jf. òg namna → *Snig*, *Snigen* og *Snigagrunnen*, nytta om fiskeplassar og grunnar.

**Snig** (*Snik*) /sni:g/ 4:E4. Fiskeplass i Visteviga. Namnet er kanskje laga til ordet *snik* n., nytta om "Fiskeredskab bestaaende af en Line med mange (20) Angler" (Ross 1895:1048), mindre truleg til *(fiske)snik* m. "Knippe, Kvast til at hænge Fisk paa" (Aasen 1873:720); → *Snig*, *Snigen*, *Snigagrunnen*.

**Snigagrunnen** (*Snika-*) /"sni:gagro:en/ 338 37:B5, 363 37:B5. Grunnar sør for Håstein og sørvest for Revingen. Etterleddet er → *grunne*. Føreleddet er uvisst. Det har kanskje tilsvarande opphav som namnet → *Snig* frå Visteviga.

**Snigen** (*Sniken*) /'sni:Gen/ 320 37:B5. Båe vest for Revingen. Kanskje laga til *snik-* i tydinga 'løynd, lumsk, som lurer seg innpå' e.l., med bakgrunn i at dette er ein farleg stad på sjøen. Mindre truleg synest bakgrunn i linefiske på denne staden, jf. *snik* n. 'line med mange onglar', dessutan samband med verbet *snika* og *snik* n. 'trong passasje' (mellom holmen og båen), og oppkalling av ein person frå Snig i Tananger; jf. → *Snig*.

**snik**, jf. nyno. *snik* n. 'trong passasje, smau' (av verbet *snika*), er i → *Snig* nytta om ein trong passasje i Tananger. Andre tydingar synest liggja føre i → *Snigen*, *Snig* (Visteviga) og *Snigagrunnen*, dei to sistnemnde nytta om fiskegrunnar.

**Snusdåsen** /"snu(:)sdå:sen/ 242 38:B6. Lite skjer på innsida av Nordtjør. Jamføringsnamn laga til ordet *snusdåse* m.

**Snøde** /"snø:de/. Fjelltoppar på Risa, *Litla/Litle* og *Stora/Store Snøde* /"sto:ra-, "sto:re "snø:de/ (Fig. 102). Vel gno. **Snyti* n., som har samband med ordet *snute* m., jf. òg *snote* f. 'tipp, spiss'. Liknande namn førekjem andre stader i Rogaland. Toppane er mykje nytta som méd på sjøen, bl.a. for *Snødegrunnen* /"snø:degro:en/ (to stader, nordvest for Grynningen og vest for Feisteinen), *Snødesteinen* /"snø:desteid,n/ (nordvest for Grynningen) og *Snørsgrunnane* /'snø:(r)sgronane/ (i Håsteinsfjorden: *Vestre*, *Austre*, *Indre*, *Store* og *Litle Snørsgrunnen* /"litle 'snø:(r)sgro:en/).



Fig. 102. Snøde (Risaviga). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 102. Snøde (Risaviga). Foto: Inge Særheim.*

**Snødegrunnen**, **-steinen**, → *Snøde*.

**Snørsgrunnane**, → *Snøde*.

**sog** n., gno. *sog* n. 'dragsug (av bølgjer)', er i → *Soget* /'såye/ nytta om eit sterkt straumfall i sjøen på Kvalbein.

**Soget** /'såye/ 573 27:E2. Eit sterkt straumfall i sjøen på Kvalbein, mellom Garden og Raunen. Bunden form av → *sog* n. 'dragsug (av bølgjer)'. Her finn ein òg *Sogahella* /"så:gahedlå/ (flat stein i sjøen).

**Sola** /"so:la/ Kart 19, 20. Kommune, kommunesenter, sokn og to matrikkelgardar (*Kyrkje-Sola* og *Utsola*), *Sóla* i norrøn litteratur, *a Sola* ca. 1270, 1317. Gno. *Sóli* m., i oblik kasus (akkusativ, genitiv og dativ) *Sóla*, som notidsforma er utvikla av. Gammalt namn med uvisst opphav. Det er i NG sett saman med verbet *svella*, som kanskje kunne sikta til at den gamle Sola-garden og mellomalderkyrkja ligg på eit lite høgdedrag i eit elles lågtliggjande lende. Andre framlegg, som òg må karakteriserast som svært uvisse, er samband med gno. *svelgr* m. 'straumkvervel, svelg', t.d. med bakgrunn i sjøen (fjorden) då han stod høgare, eller med gno. *sóli* m. '(sko)sole' med bakgrunn i flatlende (jf. òg nyno. *sole* m. 'grunnstokk i ein vegg'). Eit framlegg (Bjorvand) om samband med eit germansk adjektiv **sēli-* 'god, eigna, lukkeleg, rik', skyldt adjektivet *sæl* 'gledeleg, lukkeleg, velsigna', her med tydinga 'gunstig, eigna jord (land)', ev. 'såing, tilsådd land', er ikkje rimeleg med omsyn til tydingsutviklinga eller real bakgrunn. Namnet står som føreledd i *Solasanden* /"so:lasa:en/, *Solastranden* /"so:lastra:en/ og *Solaviga* /"so:lavi:Gå/. Litt.: NG 10:185 f., Bjorvand 2005:40 f., Særheim 2007:212.

**Soldatarhøyen** /sol'da:tarhåyen/ 70 24:E5. Gravhaug på toppen av strandbakken på Madland. Samansett av → *haug* i bunden form (*-høyen*) og ordet *soldat* m. Uviss real bakgrunn.

**Somaboen** /"so:mabo:en/ 241 38:B6. Båe nord for Storetjør. Etterleddet er → *boe* m. 'grunne i sjømålet' og føreleddet gardsnamnet (ev. etternamnet) *Soma* (Sandnes), anten med bakgrunn i eit méd frå Soma, eller i ein person frå denne matrikkelgarden.

**Spelemannsodden** /'spe:lemansåd,n/ 100 5:G2. Liten odde som stikk ut i Hafrsfjord (på Nordra-Sunde). Samansett av → *odde* m. 'lite nes' og personnemninga *spelemann* m.

**Sperreboane**, → *Sperreskod.*

**Sperreskod** (-*skot*) /"spareskå:d/ 213 33:B6. Holme i holmegruppa → *Skodene* mellom Tjør og fastlandet. Etterleddet er → *skot*. Føreleddet synest ha samband med verbet *sperra* og nærskylde ord, truleg med bakgrunn i at holmen er omgjeven av båar og skjer, bl.a. *Sperreboane* /"sparebo:ane/, som 'stengjer vegen'; → *Sperreviga*.

**Sperreviga** (-*vika*) /"sparevi:Gå/ 522 8:B5. Vik(ar) på sørsida av Rott: *Stora* og *Litla Sperreviga* /"litla "sparevi:Gå/. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet har samband med verbet *sperra* og nærskylde ord, vel med bakgrunn i at vika er omkransa av høge fjell som stengjer; → *Sperreskod*.

**Spiskammerset** /'spiskamerse/ 447 11:A4, 953 13:B4, 138 34:C4. Namnet er nytta om ei vik sørvest på Fladholmen der det pla koma inn mykje havrekster (bl.a. rekved), om ein fiskeplass som fyrfolka nytta nordaust for Feisteinen, og om ei lita vik på Ølbergneset (ei kløft inn i berget som liknar på ei båtstø). Namnet er laga til det samansette ordet *spiskammer* n., i jærmålet kalla /'spiskamers/, som siktar til at ein her kunne skaffa seg mat (dvs. fisk) og ev. rekved.

**Sprette** /"sprete/ 365 36:C2, 109 38:B7, **Spretten** /"spret,n/ 6 13:A6. Den førstnemnde forma er nytta om nokre skjer aust for Svartaskjera og om skjer sørvest for Storetjør, medan bunden form *Spretten* er notert om nokre båar som "bryt og fræser" sør for Feisteinen (forma *Spretten* er òg stundom nytta om skjera ved Tjør). Namna er laga til verbet *spretta*, som siktar til at havbølgjene ved desse særs utsette stadene fyk i veret og bryt utan varsel; jf. det liknande *Sprøtta* (*Sprøyta*) utanfor Vik og Skeie. Ved Svartaskjera finn ein òg *Spretteboen* /"spretebo:en/ og *Sprettefluna* /"spreteflu:nå/.

**Springaren** /"springaren/ 826 30:A6, 231 32:B4. Ein grunne sør for Sirevåg (Nygård) og eit nes i Vatnamo. Namnet, som er laga til verbet *springa*, siktar til at bølgjene ved den nemnde grunnen kan bryta utan varsel. Han er særs 'kvikk' og skal ha greidd å "lura båtar inntil seg" og velta dei. Også namnet frå Vatnamo siktar til bølgjene som slår inn mot odden. Innanfor grunnen Springaren (Sirevåg) finn ein *Springarsodden* /"springarsåd,n/

**Sprøtta** (*Sprøyta*) /"sprøtå, "sprøytå/ 145 19:C2. Grunne i skiftet mellom Vik og Skeie. Namnet er truleg laga til verbet *sprøyta* (mindre truleg til *spretta*), som siktar til sjøsprøyt, dvs. bølgjeslaga mot grunnen; jf. dei liknande → *Sprette*, *Spretten*. Verbet *sprøyta* blir uttala med ustemd konsonant /t/ i målføret, ikkje med *d* < *t* som i *brøyta* /"brøyda/.

**Spøneholet** /"spø:nehå:le/ 138 31:D3. Lita vik i Holmane. Etterleddet er → *hol* n., brukt om 'lita vik', medan føreleddet synest vera ordet *spøne* f. '(sage)spon'. Uviss real bakgrunn.

**stad** m., gno. *staðr* m., finn ein i namna → *Bådstad* /"bå:sta/ (Haga) og *Bandstadviga* /"banstavi:Gå/ (Rott). Dei er helst laga til dei samansette orda *båtstad* m. og *bandstad* m. Elles er dette ordet, i opphavleg fleirtalsform gno. *staðir* m., etterledd i gardsnamnet → *Obrestad*.

**Stagaskråhausen** /"sta:gaskråhausen/ 235 36:C3. Grunne søraust for Egerholmen. Etterleddet er grunnenemnet → *hause* m. 'grunn skolt (stein) i sjøen'. Føreleddet er stadnamnet *Stagalskrå* /"sta:galskrå:/ frå Viste, vel samansett av → *krå* og ordet *stakall* m. 'mann, ungkar, stakkar', som i målføret òg skal vera nytta om 'sta hest'.

**Staholmen** /"sta:hålmen/ 149 34:C4. Holme på Tjora innanfor Fladholmen. Etterleddet er → *holme*. Føreleddet er noko uvisst. Det kan vera ordet *stav* m. med bakgrunn i eit noko bratt og nake berg med striper på sørsida av holmen. Språkleg kan det òg tolkast som ordet *stad* m., men det synest mindre rimeleg. Sekundære lagingar er *Staholmsboen* /"sta:hålmsbo:en/, *Staholmsgrunnen* /"sta.hålmsgro:en/, *Staholmssundet* /"sta:hålmsone/, *Staholmsvågen* /"sta:hålmsvå:jen / og *Grunnen*

*nordanom Staholmen* /"gro:en "no:ranåm "sta:hålmen/.

**stall** m., jf. gno. *stallr* m. 'fotstykke, stett, stillas', er i → *Stallane* /"stadlane/ nytta om eit fjellparti ved sjøen på Tjora. Tydinga '(heste) stall' ligg føre i jamføringsnamnet → *Klåstallen* /'klå:stad,l/.

**Stallane** /"stadlane/ 475 7:E4. Fjellparti ved sjøen på Tjora. Bunden form fleirtal av → *stall* m., her vel nytta som fjellnemne, jf. gno. *stallr* m. 'fotstykke, stett, stillas'.

**Stallebeden** /"stadlebe:en/ 420 24:D5. Grasflekk i Madlandsstronda. Etterleddet er → *bede* m. 'avgrensa stykke (av torv, gras o.a.)', medan føreleddet er ordet → *stall* m., her i tydinga '(heste)stall'.

**Stampa** /"stampå/ 326 37:B5. Flu vest for Revingen. Namnet er laga til verbet *stampa*, jf. òg det formelt identiske *stampe* f. '(vadmåls-) stampe', dessutan *stampesjø* m. Det siktar til at grunnen ligg ut mot opne havet, og at det her ofte er store havbølgjer.

**Stangalandsgrunnen** /"stangalansgro:en/ 804 35:B5. Grunne vest for Rott. Samansett av → *grunne* og gardsnamnet *Stangaland* (Sola), truleg med bakgrunn i eit méd, ev. i ei hending eller ein tradisjon som er knytt til ein person frå denne garden. Dette gardsnamnet finn ein òg i Klepp og Sandnes, dessutan på Aust-Karmøy.

**Stangarholmane** /"stangarhålmane/ 198 37:B5. Holmar sør for Buøyna. Etterleddet er → *holme*. Føreleddet har samband med verbet *stanga*, truleg med bakgrunn i bølgjer som slår mot holmane. Mindre rimeleg synest samansetjing med ordet *stong* f., som i gno. har forma *stangar* i genitiv eintal (også som samansetjingsform). Ei sekundær laging er *Stangarholmskjeret* /"stangarhålmsje:re/.

**Starabakkane** /"sta:rabakane/ 464 11:B4. Bakkar på Ølberg inn frå sjøen. Etterleddet er → *bakke* i fleirtal. Føreleddet har truleg samband med verbet *stara* i tydinga "gaa stivt tungt og med Anstrængelse som en Udmattet eller Beruset" (Ross 1895:753).

**Starsund** (*Starasundet*) /"sta:rson, "sta:rasone/ 390 37:B4. Snorbeint og trongt sund mellom Hellerøyna (og Veggene) og Store Ståbelen. Etterleddet er → *sund*. Føreleddet, som siktar til den rette (beine) forma til sundet, kjem av ei rot som tyder 'stiv', jf. *stara* vb. 'sjå stivt' og *stare* m. 'stillas'.

**Stavnheim** /"stabnei/ Kart 25. Matrikkelgard i Hå (tidl. Varhaug), *Staffwingh* 1519, *Staffnym* 1521. Gno. **Stafn(h)eimr*, samansett av → *heim*, gno. *heimr* m. 'heim, buplass, gard', og *stafn* m. 'stamn (på skip)' med bakgrunn i eit høgdedrag som den gamle garden ligg på. Sekundære lagingar er: *Stavnheimsfluna* /"stabneisflu:nå/, *Stavnheimsstronda* /"stabnei-strånå/, *Stavnheimsstøen* /"stabneistø:en/, *Gamle Stavnheimsstøen* /"gamle "stabneistø:en/ og *Stavnheimsviga* /"stabneisvi:Gå/ (Fig. 103). Jf. òg *Stavnheimsstøna* /"stabneistø:nå/ på Nordra Kolnes, der det er etternamnet som ligg føre. Litt.: NG 10:121 f.

**Stegabryggja** /"ste:gabryGå/ 239 8:B3. Lita bryggje på Rott (Vestra øyna). Her kunne ein "stega" ('stiga') på land; det var djupt utanfor. Samansett av → *bryggje* f. og *stega* vb. (ev. *steg* n.).

**stein** m., gno. *steinn* m., ligg føre i meir enn 230 namn og er det mest nytta nemnet i materialet, noko som ikkje er overraskande med tanke på terrenget. Det er dessutan eit svært vanleg føreledd der det skildrar førekomst av einskild-steinar eller materialet i vedkomande lokalitet, jf. *Steinabakken* /"steinabaKen/, *Steinagrunnen* /"steinagro:en/, → *Steinboen*, *Steinbrodet* /"steinbrå:de/, *Steingrunnen* /"steingro:en/, *Steinhagen* /"steinhaien/, *Steinhaug* /"steinhau/ (2 g.), *Steinhølen* /"steinhø:len/, *Steinraunen* /"steinraud,n/, *Steinrinda* /"steinrinå/, *Steinskaret* /"steinska:re/, *Steinstykket* /"steinstyKe/, *Steinsund* /"steinson/, *Steinskastet* /'steinskaste/, *Steinsvig* /'steinsvi:g/, jf. òg *Søra* og *Nørdra Steinhaug* /"nø:ra "steinhau/ (Sele). Stundom er ordet så sjølvsagt som nemning for lokalitetstype at det er utelate: → *Den runde*, *Den raude*, *Den klobne*, *Den litle svarte* mfl. Som botnnemne skildrar det urbotn eller einskildsteinar på sandbotn, t.d. → *Steinen* /'steid,n/ (ved Holmestø



Fig. 103. Stavnheimsviga. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 103. Stavnheimsviga. Photo: Inge Særheim.*

og Litle Grynningen). I → *Håstein* /"håstei/ og *Alstein* /"alstei/ er ordet nytta om øyar, jf. òg holmen (øya) → *Feisteinen* /'feisteid,n/. Parallell til bortfallet av utlydande konsonant i nedervd uttale finn ein i gardsnamn som *Bråstein* /"bråstei/ (Gjesdal) og *Kvalbein* /"kvelbei/, jf. òg at *heim*-namna på Jæren mister *m*-en: *Kvassheim* /"kvasei/. Mange føreledd i samansett namn med nemnet *stein* skildrar farge (*svart* 9 g., *raud* 7 g.), form (*pik* m. 7 g.), fuglar (*skarv* 13 g.), sjødyr (*kobbe* 4 g.) og fiskar (*laks* 3 g.).

**Steina** /"steinå/ 131 3:E2. Teig opp frå sjøen i Raustein. Feminin – gjerne elliptisk – laging til → *stein* med bakgrunn i jordsmonnet.

**Steinabakken**, **-grunnen**, → *stein*.

**Steinane** 749 4:B4, 28 18:A1 (*S. på Skortangen* /-på "skå:rtanjen/). Steinar på Nordra Sunde (→ *Kvilesteinane*) og fiskeplass utanfor Skortangen (Orre). Bunden form fleirtal av → *stein*.

**Steinboane** /"steinbo:ane/ 221 33:C6, 363 36:C2, **Steinboen** /"steinbo:en/ 102 33:B6 (også *Steinboane*), 201 35:C5. Båar fleire stader, nordaust for Sørskod (*Steinboane*), nordvest for Svartaskjera (*Steinboane*, delt i *Indre*, *Litle* og *Store Steinboen*), nordaust for Rott (*Steinboen*) og sørvest for Sperreskod (*Steinboen/-boane*, delt i *Indre* og *Ytre*, og i *Vestre* og *Nordre Steinboen/-boane*). Inneheld → *boe* m. 'båe, grunne i sjømålet' og → *stein*.

**Steinbrodet** (*-brotet*), **-grunnen**, **-hagen**, **-haug**, **-hølen**, **-raunen**, **-rinda**, **-skaret**, **-stykket**, **-sund**, → *stein*.

**Steinen** /'steid,n/ 521 13:A4, 667 28:A2, 844 34:C6, 120 36:B3. Namnet er nytta (lokalt) om → *Feisteinen* og om einskildsteinar (og fiskeplassar) fleire stader i sjøen (utanfor Kvalbein, i Kolnesmolen, ved Litle Grynningen). Endepunkta på Feisteinen blir kalla *Søre* og *Nørdre Steinenden* /"nø:re "steinæ:en/. Bunden form av → *stein*.

**Steinskastet**, **-vig** (*-vik*), → *stein*.

**Steinstjerna** /"steinsjødnå/ 7 12:G4. Stjerneforma fortidsminne som er bygt opp av



Fig. 104. Steinstjerna (Sele). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 104. Steinstjerna (Sele). Photo: Inge Særheim.*

rund strandstein på Sele (Fig. 104). Inneheld orda *stjerne* f. og → *stein*.

**Steinstova** /"steinstå:vå/ 177 25:E2. Område i stranda på Stavnheim. Her skal det ha lege vaktmannskap under krigen med England i 1807. Mannskapet på ei bergensjakt som var jaga av engelskmennene, greidde å berga seg på land her. På denne staden finn ein òg *Steinstovsrudla* /"steinståvsrodlå/ (gravhaug) og *Steinstovssteinen* /"steinståvsteid,n/ (stor stein). På Ogna finn ein *Steinstovfjellet* /"steinståfjedle/, som er nytta som méd for ein fiskeplass i Ognabukta: *på Steinstovfjellet* /på "steinståfjedle/. Namnet inneheld orda *stove* f. (brukt om tilhaldsstad) og → *stein*.

**Steinstovfjellet**, → *Steinstova*.

**stem** m., av *stemma* vb. 'stansa (vatn)', er nytta om oppdemt vatn (til tresking): → *Stemmen* /'stemen/, *Hårrstemmen* /'hårstemen/.

**Stemmen** /'stemen/ 364 3:D2, 102 25:E6. Oppdemt vatn (dam) til tresking fleire stader (Vistnes, Årsland). Bunden form av → *stem* med den nemnde tydinga.

**Stiabukta** /"sti:abokte/ 24 31:B1. Lita vik i Haver. Inneheld → *bukt* f. 'vik' og ordet *sti* m. '(smal) gangeveg, stig'.

**Stikkaren** /"stikaren/ 386 38:B5. Farleg skjer ved Store Hugen (nord for Tjør). Laga til verbet *stikka* med bakgrunn i at dette er ein farleg stad for båtar; jf. → *Kniven*.

**Stintahella** /"stintahedlå/ 558 2:E5. Stein i Bøviga (Indrabø). Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og fiskenemnet *stinte* f.

**Stoholmen** /'sto:hålmen/ 631 30:B2. Holme ved elveosen på Ogna. Her finn ein både *Indre* og *Ytre Stoholmen* /"ytre "sto:hålmen/. Etterleddet er → *holme*. Føreleddet synest vera gno. *stóð* f., i slekt med ordet *stad* m., båe laga til verbet *stå* vb. (gno. *standa*), jf. òg det samansette *stavstod* 'grensepunkt'. Real bakgrunn kan vera at ein har hatt fast utkiksstad etter laks på denne staden.

**Stokkan** /"ståkan/ 154 32:F4. Ein stad ved sjøen i Holmane. Bunden form fleirtal av ordet *stokk* m.; jf. → *Stokkaviga*, *Stokkavågen*.

**Stokkandsgrunnen** /"ståkånsgro:en/ 93 27:E2. Grunne i sjøen utanfor Kvalbein. Samansett av → *grunne* og fuglenemnet *stokkand* /"ståkån/ f.

**Stokkaviga** (-*vika*) /"ståkavi:Gå/ 655 5:E2. Vik på Jåsund. Etterleddet er → *vik* og føreleddet ordet *stokk* m., anten med bakgrunn i at ein har støytt ned trestokkar her, eller i forma til vika (→ *Stokkavågen*), ev. (mindre truleg) i at det her kjem inn rekved (stokkar). Ovanfor vika finn ein *Stokkavigsberget* /"ståkavigsberje/.

**Stokkavågen** /"ståkavå:Gen/ 82 3:C4. Lita vik i Vistvik. Samansett av → *våg* m. 'lita vik' og ordet *stokk* m., som venteleg siktar til den butte forma til vika; → *Stokkaviga*.

**Stokkåsfjellet** /"ståkåsfjedle/ 446 31:D3. Fjellpynt som stikk ut i Kinnarvåg. Etterleddet er → *fjell* og føreleddet eit samansett namn som inneheld orda *ås* m. 'bergrygg' og *stokk* m. 'trestokk'.

**Stolen** /'sto:d,l/ 88 32:F4. Spesiell formasjon ved sjøen i Holmane som ser ut som ein stol i fjellet. Bunden form av ordet *stol* m., brukt samanliknande.

**Stolpabuhagen** /"stålpabuhaien/ 28 21:F5. Teig opp frå sjøen på Nærland. Inneheld → *hage* og det samansette ordet *stolpebu* f., som på Jæren er brukt om 'stabbur'.

**Stora/Store** er føreledd i ca. 70 namn, oftast for å presisera at det dreiar seg om den største (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (oftast svarande til eit namn på *Litle*), t.d. *Stora Hua* /"sto:ra 'hu:å/, *Stora Dynneviga* /"sto:ra "dynevi:Gå/, *Stora Bandstadviga* /"sto:ra "banstavi:Gå/. I registeret bak i boka er det opplyst kva for oppslag slike namn er omtala under.
Andre døme med slike skiljande føreledd er: *Stora Dronninga* /"sto:ra "dråninjå/ (teig, Meling), *Storahella* /"sto:rahedlå/ (flate steinar i sjøen, Varhaug, Kvalbein), *Storahola* /"sto:rahå:lå/ (lita vik, Sirevåg), *Storafluna* /"sto:raflu:nå/ (Grødaland), *Storarinda* /"sto:rarinå/ (Byberg), *Storarudla* /"sto:rarodlå/ (Goa), *Storaskjeret* /"sto:rasje:re/ (Jåsund), *Store Hushagen* /"sto:re "hu:shaien/ (Haga), *Storeholmen* /"sto:rehålmen/ (Ogna), *Store steinen* /"sto:re 'steid,n/ (stein ved Grynningen), *Storegrunnen* /"sto:regro:en/ (Obrestad), *Storehausen* /"sto:rehausen/ (grunne utanfor Skiftesvik, Jåsund), *Storeparken* /"sto:reparken/ (teig, Viste), *Storesand* /"sto:resan/ (Viste), *Storevarden* (dvs. Synesvarden), *Storevågen* /"sto:revå:Gen/ (våg på Grynningen).

**Stora Dronninga**, **-fluna** (-*flua*), **-hella**, **-hola**, **-rinda**, **-rudla**, **-skjeret**, → *Stora/Store*.

**Stora klova** /"sto:ra "klå:vå/ 205 29:G3. Innhykk i fjellet på Varden. Samansett av → *klove* f. 'innskjering i fjellet' og adjektivet *stor*.

**Storegrunnen**, **-hausen**, **-holmen**, **-parken**, **-sand**, **-steinen**, **-vågen**, **-Hushagen**, **-Leiesteinen**, → *Stora/Store*.

**Storetjør** /"sto:reKø:r/. Den største øya i øygruppa → *Tjør*. Her finn ein sekundære lagingar som *Storetjørsundet* /"sto:reKø:rsone/ og *Storetjørvarden* /"sto:reKø:rva:ren/, jf. òg *Ytra Stortjørskjeret* /"ytra "sto:rKø:rsje:re/.

**Storhagen** /"sto:rha:gen/ 113 6:C5. Teig ved sjøen i Tananger. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og adjektivet *stor*.

**Storhaug** /"sto:rhau/ 530 26:C4, **Storhøyen** /"sto:rhåyen/ 367 23:B5. Haugar på Kvassheim og Varhaug (-*høyen*). Samansett av → *haug* og adjektivet *stor*. På Kvassheim finn ein òg *Storhaugshagen* /"sto:rhaushaien/ 602 26:C4.

**Storågeren** (-*åkeren*) /"sto:rå:geren/ 113 1:E6, 129 4:E2, 229 31:D2. Teigar på Tunge, Raustein og i Stølen. Samansett av → *åker* og adjektivet *stor*.

**stove** f., gno. *stofa* f., er nytta om buplass i *Vandalstova* /'vandalstå:vå/; → *Vandal*.

**Stovedøra** /"stå:vedø:rå/ 904 26:G4. Fiskeplass utanfor Hårr. Bunden form av ordet *stovedør* f., truleg med bakgrunn i eit méd.

**Stovelivda** /"stå:velivdå/ 285 6:D5. Lita vik på Melingsholmen der losen pla liggja og venta på båtar. Jamføringsnamn, laga til det samansette *stovelivd* f., som siktar til at dette er ei lun vik for båtar.

**strand** m., **strond** f., gno. *strǫnd* f. 'strand', er det vanlege nemnet for 'sjøstrand'. Hankjønnsforma er nytta nord for Hååna, t.d. → *Stranden* /'stra:en/, *Hodnestranden* /"hådnestra:en/, *Tarastranden* /"ta:rastra:en/ (Vistnes), medan ein finn hokjønnsforma sør for denne åa (dessutan på Nærland): → *Stronda* /'strånå, 'stråne/, *Madlandsstronda* /"madlan-strånå/. Hankjønnsforma er òg nytta om båtplass, bl.a. i uttrykket *i stranden* /i 'stra:en/, stort sett svarande til *i støen(e)* /i "stø:en(e)/ sør for Hååna.

**Strandabakkane** /"stranabakane/ 112 16:D6, **Strandbakkane** (-*en*) /"stranbakane/ 64 16:C2, **Strandbakken** /"stranbaKen/ 375 11:A3, 11 22:E3. Namn på strandbakke (bratt bakke opp frå stranda) fleire stader, bl.a. på Hodne (*Strandabakkane*), Reve (*Strandbakkane*, -*en*), Hellestø og Grødaland (båe *Strandbakken*). Inneheld orda → *bakke* og → *strand*, helst laga til det samansette *strand(a)bakke*.

**Strandberget** /"stranberje/ 405 4:B2–3. Berg ved sjøen på Goa. Samansett av → *berg* og → *strand*.

**Stranden** /'stra:en/ 359 3:C1, 995 4:E2, 90 5:A2, 827 7:D5, 179 8:B3, 827 9:F3, 234 11:A1, 708 16:B2, 708 17:G5, 467 21:E5. Nytta om båtplass og område ved sjøen på gardane nord for Hååna. Folk utanfor garden set gjerne til gardsnamnet som utmerkingsledd, t.d. *Orrestranden*, *Borestranden*. Bunden form av → *strand* m.

**Strandhagen** /"stranhaien/ 339 3:B1, 143 3:E2, 271 4:F2, 224 5:B2, 2 22:E4, 376 23:B5, 301 25:E1. Teig ved sjøen fleire stader (Vistnes, Raustein, Viste, Nordra-Sunde, Grødaland, Varhaug, Årsland). Inneheld → *hage* m. 'inngjerd teig' og → *strand*.

**Strandholmen** /"stranhålmen/ 230 5:C4. Område ved sjøen på Myklabost som i uvêr er omgjeve av sjøen, altså som ein holme. Samansett av → *holme* og → *strand*.

**Strandledet** /"stranle:e/ 111 25:E6. Led ned til stranda på Årsland. Samansett av → *led* n. 'opning (med grind) i eit gjerde' og → *strand*.

**Strandleidet** /"stranleide/ 267 11:A3. Høgd og utsynsstad ovanom båtplassen i Hellestø. Samansett av → *leite* n. 'utsynsstad' og → *strand*.

**Strandsletta** /"stransletå/ 324 3:C2. Slett område ved sjøen på Vistnes (Vistnesvågen). Samansett av → *slette* og → *strand*.

**Strandstykket** /"stranstyKe/ 140 4:E2. Teig ved sjøen i Raustein. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke, teig' og → *strand*.

**Strandvegen** /"stranveien/ 445 2:C1, 357 2:D6, 67 4:F2, 344 18:D3, 113 19:D2, 463 21:F5, 11 24:C3. Veg til sjøen (og båtplassen) fleire stader: Indrabø, Ytrabø, Viste, Orre, Skeie, Nærland og Husvegg. Inneheld → *veg* og → *strand*.

**Straumen** /'straumen/ 144 11:A3. Brukt om båtplassen i Hellestø. Bunden form av ordet *straum* m., som siktar til straum i sjøen på innsida av holmen Sulle. Her finn ein òg *Straumberget* /"straumberje/ og *Straumpigen* /"straumpi:Gen/ (toppen av Straumberget).

**Straumskjera** /"straumsje:rå/ 399 35:B4. Skjer i Straumsundet ved Frøsholmane. Samansett av → *skjer* og *straum* m.

**Straumsundet** /"straumsone/ 465 35:B4. Sund mellom Frøsholmane. Samansett av → *sund* og *straum*; → *Straumen*, *Straumskjera*.

**Strilalandet** /"stri:lalane/ 269 37:B4. Område i sjøen nordaust for Håstein. Biletleg namngjeving, vel med bakgrunn i at dette området ligg mot nord, og at det er eit hardt og ureint sjøområde med vanskelege arbeidstilhøve. Dette namnet er opphavleg nytta om kystområda nord og vest for Bergen.

**Strippen** /'stripen/ 893 27:E1. Spiss kile på Kvalbeinsanden. Bunden form av *stripp* m. 'tynn ende' (t.d. på tau).

**strond** f., → *strand* m.

**Stronda** /'stråne, 'strånå / 464 21:F5, 21 22:D1, 26 22:E4, 410 24:C3, 985 24:D4, 540 26:B3, 540 26:B5, 39 29:A4, 38 29:G3. Nytta om området i stranda på gardane sør for Hååna. Folk utanfor garden set gjerne til gardsnamnet som utmerkingsledd, t.d. *Varhaugsstronda* og *Årslandsstronda*.

**Strålaus** /"strå:laus/ 193 8:A2. Skjer i Rottsvågen. Namnet, som òg er nytta om skjer og fjell andre stader i Rogaland, siktar til manglande vegetasjon, og at staden ikkje kan nyttast til beite, som t.d. nabolokaliteten Lamholmen (Rott). Her finn ein òg *Strålausgrunnen* /"strå:lausgro:en/.

**Studaberget** (*Stuta-*) /"stu:daberje/ 388 38:B7. Berg på Storetjør; området er nytta som beite for stutar. Samansett av → *berg* og husdyrnemnet *stut* m.

**stykke** n., gno. *stykki* n. 'stykke, bete', er nytta om teigar, jordstykke og fråskilde partar av ein gard: → *Stykket* /"styKe/ (Reve), *Strandstykket* /"stranstyKe/ (Raustein), *Sandstykket* /"sanstyKe/ (Nærland).

**Stykket** /"styKe/ 421 16:C2. Teig på Reve. Bunden form av → *stykke* n. '(jord)stykke'.

**stø** f., gno. *stǫð* f. 'stø, båtplass', som er laga til verbet gno. *standa* 'stå', er nytta om utgraven renne i strandkanten der ein går inn og ut med båten. Nokre støer, t.d. *Støna* /'stø:nå/ på Trælen, er naturleg laga lendingsplassar i fjellet. På Sør-Jæren er *i Støen(e)* og *i Støna* vanleg nemning for området ved båtstaden, svarande til *i Stranden* /i 'stra:en/ på Midt- og Nord-Jæren. Gamle samansette namn med dette nemnet i Klepp er *Rifstø* /'rifstø:/ (Reve), *Honnsstø* /'hånstø:/ (Hodne) og *Tangarstø* /"tangarstø:/ (Sele). Nemnet er etterledd i gardsnamnet → *Hellestø* /"hedlestø:/.

**Støen** /"stø:en/ 981 24:C3, 737 25:F3, **Støene** /"stø:ene/ 78 3:C5, 738 23:G4. Båtstøer fleire stader, bl.a. Husvegg, Stavnheim (båe *Støen*), Vistvik og Varhaug. Bunden form fleirtal av → *stø*.

**Støgrunnen** /'stø:gro:en/ 707 6:F6. Grunne utanfor Bådstad (Meling, Haga). Samansett av → *grunne* og → *stø*.

**støl** m., gno. *stǫðull* m. 'støl, seter', som språkleg høyrer saman med verbet *standa* 'stå', ligg føre i gardsnamnet → *Stølen* /'stø:d,l/, dessutan i *Perastølen* (Indrabø); jf. òg → *Stølaviga* og *Stølsberget*. I namn frå Jæren er dette ordet bl.a. nytta om stader i utmarka der ein har mjølka kyrne ute (men ikkje budd).

**Stølaviga** (*-vika*) /"stø:lavi:Ge/ 153 32:F4. Vik i Holmane. Samansett av → *vik* og → *støl*.

**Stølen** /'stø:dl,n/ Kart 31. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna). Bunden form av → *støl*.

**Stølsberget** /'stø:lsberje/ 401 8:C3. Fjell på Rott. Samansett av → *berg* og → *støl*.

**Støna** (*Støa*) /'stø:nå/ 569 27:E3. Nytta om båtstøa på rullesteinsholmen Raunen (Kvalbeinraunen). Same namnet er nytta om båtstøer på Jær-gardar ved sjøen. Bunden form av → *stø* f. 'båtstad, stø'.

**Støtta** /"stytå/ 230 6:E5, 508 9:H5. Store oppreiste steinheller på Meling og Sola; ved den førstnemnde skal folk ifølgje segna ha kvilt då dei for forbi med liket av Erling Skjalgsson. Bunden form av ordet *støtte* f.

**Ståblane** (*Stoplane*) /"stå:blane/ 647 37:B4. To smale og langstrekte holmar mellom Håstein og Buøyna, *Store* og *Litle Ståbelen* /"litle "stå:bed,l/. Namnet er laga til gno. *stǫpull* m. 'tårn', som òg er brukt jamførande i fjellnamn i Rogaland, jf. det majestetiske fjellet *Ståbelen* /"stå:belen/ i Ørsdalen (Bjerkreim), dessutan gardsnamnet *Stople* /"ståple/ i Vindafjord (tidl. Vikedal, Sandeid). Mellom dei to holmane finn ein *Ståblasundet* /"stå:blasone/, jf. òg *Storaståblasundet* /"sto:raståblasone/ (mellom Store Ståbelen og Buøyna). Litt.: Særheim 2007:220, 2013a.

**Sugga** /"sogå/ 140 1:G2, 451 25:F3, 181 27:D2. Namn på avrunda, flate skjer i sjøen på Stavnheim og Kvalbein, og på ein stein i sjøkanten ved Galten på Tunge. Bunden form av husdyrnemnet → *sugge*, brukt jamførande; → *Suggen*.

**sugge** f. 'purke' er i fleire namn frå Sør-Jæren nytta om fint avrunda og glattslipte steinar i



Fig. 105. Holmen Sulle (Hellestø). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 105. The rock Sulle (Hellestø). Photo: Inge Særheim.*

sjøen, gjerne i vasskorpa, → *Sugga* /"sogå/, *Suggen* /"sogen/. Slike skjer er gjerne spesielt farlege for båtar.

**Suggen** /"sogen/ 762 26:F2, 903 27:D2. Avrunda, flate skjer i sjøen på Hårr (*Indra* og *Ytra Sugga*) og Kvalbein (*Stora* og *Litla Sugga*). Bunden form fleirtal av husdyrnemnet → *sugge* f.; → *Sugga*.

**Sulle** /"sule/ 15 11:A4. Holme i Hellestø som skjermar for båthamna (→ *Straumen*) på garden (Fig. 105). Uvisst opphav. Det er nærliggjande å setja namnet i samband med gno. *súla* f. 'stolpe', ev. med eit likelydande ord for 'havsule', i så fall utvikla av oblik kasusform, gno. **Súlu* (→ *Kråge*). Tenkjast kan elles samband med *sylgr* m. 'svelg, slurk' med bakgrunn i straumtilhøva. På innsida av holmen ligg *Sullesteinane* /"sulesteinane/.

**sund** n., gno. *sund* n., ligg føre i snautt 40 namn på sund og innskjeringar i stranda og skjergarden, t.d. → *Sundet* /'sone/ (Ytrabø), *Mjåsund* /'mjå:son/ (Rott), *Straumsundet* /"straumsone/ (mellom Frøsholmane). Det førekjem i to gardsnamn, → *Sunde* /"sone/ og → *Jåsund* /'jå:sen/, båe med bakgrunn i det tronge sundet i Hafrsfjordkjeften.

**Sunde** /"sone/ Kart 4. Matrikkelgard i Stavanger (tidl. Håland og Madla), delt i *Søra-* og *Nord(ra)-Sunde* /"no:rasone/, *Swnd* 1519, 1521, *Nordswnd* 1519. Gno. **Sund*, i dativ **Sundi*, som notidsforma er gått ut frå. Ei sekundær laging er *Nordra-Sundsstranden* /"no:rasonstra:en/. Laga til → *sund* n. 'trongt farvatn, sund', som siktar til den sterke innsnevringa i munningen av Hafrsfjord (Hafrsfjordkjeften). Litt.: NG 10:194.

**Sundet** /'sone/ 482 2:C5. Nytta om det låge søkket mellom Ytrabøraunen og land. Bunden form av → *sund* n.

**Sundskjeret** /"sonsjæ:re/ 368 11:A1. Skjer i Vigdelsviga. Samansett av → *skjer* og → *sund*.

**Sunnafor** /"sunafår/ 432 32:A4. Område ut mot sjøen i Kalvshagen. Inneheld retningsuttrykket *sunnafor* adv. (prep.) 'sør for'.

**Surtebekken** /"su:rtebeKen/ 519 28:G1. Bekk som renn ut i sjøen på Kvalbein. Etterleddet er → *bekk*. Føreleddet siktar til at det er mykje surte (jernhaldig myrvatn) i bekken. Ordet *surte* heng språkleg saman med fargeadjektivet *svart*; → *Surteberget*.

**Surteberget** /"su:rteberje/ 117 5:C5. Berg på Myklabost. Etterleddet er → *berg*. Føreleddet, som har språkleg samband med fargeadjektivet *svart*, har truleg tilsvarande bakgrunn som i → *Surtebekken*; → *Svartaberget*.

**Sutla** /"sotlå/ 870 38:B6. Trong kile som deler holmen Røyda i to. Sjøen skvalpar så vidt gjennom. Eit lydmalande namn, laga til verbet *sutla* 'plaska, skvalpa'; → *Sutleviga*.

**Sutleviga** (*-vika*) /"sotlevi:Gå/ 204 29:G4. Lita vik på Varden. Etterleddet er → *vik*, medan føreleddet er verbet *sutla* 'plaska, skvalpa'.

**Svartaberget** /"sva:rtaberje/ 155 3:C1, **Svarta berget** /sva:rta 'berje/ 118 36:B3. Mørkt fjell på Vistnes og Store Grynningen (*Svarta b.*). Samansett av → *berg* og fargeadjektivet *svart*.

**Svarta bredda** /"sva:rta 'brede/ 669 28:G2. Kant mellom tare og sand i Ognabukta. Samansett av → *bredd* f. 'tarekant' og adjektivet *svart*.

**Svartabukta** /"sva:rtaboktå/ 115 5:A3. Vik på Jåsund. Samansett av → *bukt* og adjektivet *svart*.

**Svartaskjera** /"sva:rtasje:rå/ 841 36:C2, **Svartaskjeret** /"sva:rtasje:re, -sjæ:re/ 648 5:D3, 79 21:E5, 503 32:E5, 150 34:C5, 190 34:C6. Skjer fleire stader, nordaust for Grynningen (*Svartaskjera*, *Søra* og *Nordra Svartaskjeret*), nordvest for Gjøringane, i Kolnesholmane (*Indra* og *Vestra Svartaskjeret*), i Skiftesvik (Jåsund), på Nærland og i Holmane. Samansett av → *skjer* og fargeadjektivet *svart*. Ved Kolnesholmane finn ein òg *Svartaskjervågen* /"sva:rtasjervå:jen/.

**Svartaviga** (*-vika*) /"sva:rtavi:Gå/ 65 23:F2. Vik på Nordvarhaug. Samansett av → *vik* og fargeadjektivet *svart*.

**Svarteboen** /"sva:rtebo:en/ 912 35:B4. Båe ved Nordre Frøsholmen. Etterleddet er → *boe* m. 'båe, grunne i sjømålet' og føreleddet fargeadjektivet *svart*.

**Svarte odden** /"sva:rte "åd,n/ 238 8:B3. Nes på Rott. Samansett av → *odde* og fargeadjektivet *svart*.

**Svartesanden** /"sva:rtesa:en/ 890 28:A1. Mørk sand på Kvalbein (Holmestø). Samansett av → *sand* og fargeadjektivet *svart*. Utanfor i sjøen finn ein *Svartesteinen*.

**Svartesteinane** /"sva:rtesteinane/ 293 22:D2, 359 23:B5, **Svarte steinen** /"sva:rte 'steid,n/ 901 26:G2, 129 27:D1, **Svartesteinen** /"sva:rtesteid,n/ 547 28:A1. Mørke steinar i sjøen eller stranda fleire stader: Reime, Varhaug (båe: *-steinane*), Hårr, Kvalbein (båe: *Svarte s.*) og Kvalbein. På Nordvarhaug finn ein òg *Litle Svartesteinen* /"litle "sva:rtesteid,n/. Samansett av → *stein* og fargeadjektivet *svart*.

**Svartetangen** /"sva:rtetanjen/ 286 22:D2. Nes på Reime, i skiftet med Sørreime. Samansett av → *tange* og fargeadjektivet *svart*. Her finn ein òg *Svartesteinane*.

**Svarthaug** /"sva:rthau/ 8 12:G4. Haug på Sele. Samansett av → *haug* og fargeadjektivet *svart*. Namnet *Svarthaugbukta* /"sva:rthauboktå/ på Jåsund har eit tilsvarande (primær)namn som føreledd.

**Svartodden** /"sva:rtåd,n/ 507 31:D4. Skjer (liten holme) i Holmane. Inneheld → *odde* og fargeadjektivet *svart*.

**Svenka** /"svengkå/ 668 28:B2. Fjellgrunne i Ognabukta. Namnet heng språkleg saman med adjektivet *svang* 'smal' og verbet *svengja* 'knipa inn, gjera smalare'. Det siktar til at grunnen, som er brei i den eine enden, smalnar jamt av til ein tynn spiss i den andre enden.

**Svennagrunnen** /"svenagro:en/ 434 4:E1. Grunne utanfor Smiodden på Nordra Sunde. Samansett av → *grunne* og mannsnamnet *Sven*.

**Svenshaug** /'svenshau/ 2 23:B5. Haug på Varhaug. Inneheld → *haug* og mannsnamnet *Sven*.

**Svenskaviga** /"svenskavi:Ge/ 510 32:E4. Vik i Holmane. Samansett av → *vik* og adjektivet *svensk*. Bakgrunnen kan vera som i viknamnet → *Svensken* frå Feisteinen. Frå same området finn ein *Svenskavigholmen* /"svenskavighålmen/.

**Svensken** /"svensjen/ 944 13:A5, 898 27:E3. Ei vik sørvest på Feisteinen der ein svensk

båt skal ha grunnstøytt, og ein grunne ved Kvalbeinraunen. Laga til (person)nemninga *svenske* m. (til *svensk* adj.).

**Svensklova** /'svensklå:vå/ 591 30:B4. Lita innskjering (vik) i Sirevåg. Samansett av → *klove* f. 'lita vik, innskjering' og mannsnamnet *Sven*.

**Svensrudla** /'svensrodlå/ 31 12:A3. Haug på Sele. Inneheld → *rudle* f. 'rund haug' og mannsnamnet *Sven*.

**Sviddesteinen** /"svidesteid,n/ 63 21:E5. Stein i Vågen ved utlaupet av Hååna. Samansett av → *stein* og fiskenemnet *svidde* f. 'unglaks'.

**sving** m., av *svinga* vb., er i → *Svingen* /'svinjen/ nytta om ein stor sving som elva Figgjo lagar like før ho renn ut i sjøen på Sele og Bore.

**Svingen** /'svinjen/ 49 14:G5. Stor sving som elva Figgjo lagar like før ho renn ut i sjøen. Bunden form av → *sving*.

**Svinhagane** /"svi:nha.gane/ 439 2:C1, 1 4:F2, 42 19:C6, **Svinhagen** /"svi:nhaien/ 122 1:E2, 343 2:D6, 116 4:E2, 229 8:B3. Beitehagar i stranda fleire stader: Ytrabø, Viste, Vik (alle: *-hagane*), Tunge, Indrabø, Raustein og Rott. Samansett av → *hage* og husdyrnemnet *svin* n. Eit tilsvarande namn står som føreledd i *Svinahagtangen* /"svi:nahagtanjen/ (Hå).

**Svinholmen** /"svi:nhålmen/ 615 30:B5. Holme i Sirevåg (Nygård). Samansett av → *holme* og husdyrnemnet *svin* n. Her finn ein òg *Svinholmsundet* /"svi:nhålmsone/.

**Syltertangen**, **-ura**, → *Sylterviga*.

**Sylterviga** /sylter'vi:Gå/ 850 19:E4. Vik på Skeie. Her finn ein òg *Syltertangen* /sylter'tanjen/ og *Sylterura* /sylter'u:rå/. Etterleddet er → *vik* (dessutan *tange* m. og *ur* f.). Føreleddet står i avlydshøve til *salt* n. (og gardsnamnet *Salte*, → *Saltebukta*); det har bakgrunn i at delar av dette låglendte området tidlegare har stått under vatn.

**Sødel(en)** /'sø:d,l/ 432 25:E1. Stein med spesiell form i ura på Årsland. I grensa mellom Kvassheim og Kvalbein finn ein same namnet: *Store* og *Litle Sødel* /"litle 'sø:d,l/ (også kalla *Sadel* /'sa:d,l/ Fig. 106). Namna inneheld gno. *sǫðull* m. '(heste)sal', som siktar til forma til steinane. Tilsvarande uttale av dette ordet førekjem i Jacob Rasch si ordsamling frå Jæren (1698 [1951]), der ein finn ordet *tresøddel* ('tresal').



Fig. 106. Steinen Sødel(en) i Fuglaviga (Kvassheim/ Kvalbein). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 106. The rock Sødel(en) in Fuglaviga (Kvassheim/ Kvalbein). Photo: Inge Særheim.*

**Søkkja** /"søKå/ 315 23:F1. Ein stad på Varhaugsstronda der det spring vatn opp or grunnen. Bunden form av → *søkkje*. Same ordet er føreledd i *Søkkjebrodet* /"søKebrå:de/ opp frå stranda på Obrestad.

**søkkje** f., samband med *søkkja* vb., er i → *Søkkja* /"søKå/ nytta om ein stad på Varhaugsstronda der det spring vatn opp or grunnen.

**Søra/Søre** står som føreledd i meir enn 80 namn, oftast for å presisera at det dreiar seg om den søre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (gjerne svarande til eit namn med leddet *Nørdra/Nørdre* eller *Nordra/Nordre*), t.d. *Søre veggen* /"sø:re 'veGen/, *Søra Buviga* /"sø:ra "bu:vi:Gå/, *Søra Bårøysviga* /"sø:ra "bå:røysvi:Gå/. I registeret bak i boka er det opplyst kva for oppslag slike namn er omtala under.
Andre døme med slike skiljande namneledd er: *Søra brodet* /"sø:ra 'brå:de/ (bakke på sjøbotnen, Bjørnafluna), *Søra bryggja* /"sø:ra "bryGå/ (Melingsholmen), *Søra bukta* /"sø:ra 'bokte, 'boktå/ (Egerholmen, Ognabukta,

Haver), *Søra fjellet* /"sø:ra 'fjedle/ (Ogna), *Søra fluna* /"sø:ra 'flu:nå/ (aust for Store Hugen og vest for Rott), *Søra Heiamarka* /"sø:ra "heiamarKå/ (Vistnes), *Søra hella* /"sø:ra "hedlå/ (Sørreime), *Søra kråna* /"sø:ra 'krå:ne/ (Ognabukta), *Søra skjeret* /"sø:ra 'sje:re/ (Ytrabø og nordvest for Grynningen), *Søra sundet* /"sø:ra 'sone/ (Feisteinen), *Søra ura* /"sø:ra 'u.rå/ (Melingsholmen, Fladholmen), *Søra viga* /"sø:ra 'vi:Gå/ (Sørreime), *Søre bakken* /"sø:re "baKen/ (Sørreime), *Søre boen* /"sø:re "bo:en/ (sør for Feisteinen), *Søre grunnen* /"sø:re "gro:en/ (Ytrabø), *Søre holmen* /"sø:re "hålmen/ (Ogna), *Søre Levaren* /"sø:re "le:varen/ (grunne, Søra Kolnes), *Søre ryggen* /"sø:re 'ryGen/ (Haver), *Søre stranden* /"sø:re 'stra:en/ (Ytrabø, Søra Kolnes, Hellestø), *Søre tangen* /"sø:re "tanjen/ (Sele) og *Søre vågen* /"sø:re 'vå:Gen, 'våyen / (Rottfladholmen, Buøyna, Ogna).

**Søra brodet** (*-brotet*), **-bryggja**, **-bukta**, **-fjellet**, **-fluna** (*-flua*), **-Heiamarka**, **-hella**, **-kråna** (*-kråa*), **-Kvernasletta**, **-skjeret**, **-sundet**, **-ura**, **-viga** (*-vika*), → *Søra/Søre*.

**Sør(a)-Kolnes**, → *Kolnes*.

**Sørboen** /"sø:rbo:en/ 223 33:B7. Båe aust for Sørskod. Samansett av → *boe* m. 'båe, grunne i sjømålet' og retningsadverbet *sør*.

**Sørbu** /"sø:rbu:/ 89 14:F2. Fiskebu på Buasanden, Sele. Inneheld → *bu* f. 'lite hus, bu' og retningsadverbet *sør*.

**Søre bakken**, **-boen**, **-grunnen**, **-holmen**, **-Levaren**, **-ryggen**, **-stranden**, **-tangen**, **-vågen**, → *Søra/Søre*.

**Sør(e)nes** /"sø:r(e)næ:s/ 51 17:A2. Nes på Reve sør for Revtangen. Inneheld → *nes* og retningsadverbet *sør*. Her finn ein òg *Sørenestangen* /"sø:renestanjen/.

**Sørhamn** /"sø:rhab,n/ 213 8:C4, 145 34:C4. Hamn på Rott og Fladholmen. Samansett av → *hamn* og retningsadverbet *sør*. På Rott finn ein òg *Sørhamnsbakkane* /"sø:rhamsbakane/ og *Vestre Sørhamnsbakkane*.

**Sørreime** /"sø:reime/ Kart 22. Matrikkelgard i Hå (tidl. Nærbø), *Søder Rym* 1521. Dette er den søre av dei to matrikkelgardane som namnet *Reime* opphavleg omfattar. Samansett av → *Reime* og retningsadverbet *sør*. Sekundære lagingar er *Sørreimshella* /"sø:reishedlå/, *Sørreimskvernane* /"sø:reiskvednane/, *Sørreimsstronda* /"sø:reistrånå/ og *Sørreimsviga* /"sø:reisvi:Gå/.

**Sørskod** (*-skot*) /"sø:rskå:d/ 97 33:B7. Den søre av holmane Skodene. Samansett av → *skot* og retningsadverbet *sør*.

**Sørvågen** /"sø:rvå:jen/ 710 34:C4. Våg sør på Fladholmen. Samansett av → *våg* m. 'lita vik, våg' og retningsadverbet *sør*.

**Søylandsnaustret** /'søylansnaustre/ 346 21:E5. Naust ved Vågen (utlaupet av Hååna). Samansett av → *naust(r)* n. 'båthus, naust' og gardsnamnet *Søyland*, etter brukaren av naustet.

**Såda** (*Såta*) /"så:då/ 888 34:C5. Skjer utanfor Kolnes. Inneheld ordet *såte* f. '(høy)såte', som bl.a. er nytta (jamførande) i norske fjellnamn.

## T

**Tamborslega** (*-leia*) /'tamborsle:gå/ (/-leiå/) 822 11:F1. Område i sjøen i Vigdel. Etter tradisjonen skal namnet sikta til ein episode med Johannes Hansson (død 1815) på husmannsbruket Vestbø (på prestegarden Håland). Han vart kalla Tamburen (Tamboren) fordi han hadde tent kongen som trommeslagar. Han var svært sterk og merkte seg ut (Refheim 1974:171). Tamburen hadde båt i Vigdelsstranden. Ein dag han var på sjøen auka det brått opp med sterk vind. Det var òg ein annan båt på sjøen med tre mann om bord. Dei starta først roinga inn mot land, men tamburen nådde land først. Då dei tre nådde land, låg tamburen der med båten og åt havregryn or ein pose og drakk vatn attåt. Namnet er samansett av *tambur* m. og → *lege* f. (det synest òg liggja føre ein variant med → *lei* f.).

**Tampen** /'tampen/ 367 39. Fiskeplass langt ute i sjøen på Nørdra brodet. Bunden form av *tamp* m. 'ende av tau'. Fiskeplassen i Nordsjøen med same namnet har truleg vore modell for laginga.

**Tananger** /ta'nanger/ (eldre: /"tanang/) 164 6:D5. Tettstad, hamn og gardsbruk i Sola (under Myklabost), *Tananger* 1723. Etterleddet er → *ang(er)* m. 'våg, fjord', nytta om ein liten våg som går inn frå Risaviga. Føreleddet er truleg → *tange* m. 'nes, odde, tange', som siktar til det karakteristiske neset på vestsida av vågen, kalla → *Tangen* (Fig. 107). Mindre rimeleg synest framlegget i NG om samansetjing med gno. *þang* n. 'tang'. Heller ikkje Holms tolking til *vang* m. 'vang, voll' og *tun* n. er rimeleg. Hamna er tradisjonelt kalla *Hamn* /'hab,n/, stundom òg *Tanangerhamn* /ta'nangerhab,n/. Litt.: NG 10:183, Holm 1991:76, Særheim 2007:229 f.

**Tangafjellet**, **-fluna** (*-flua*), **-renna**, **-sloane**, **-steinane**, **-steinen**, → *tange*, *Tangen*.

**Tangarhaug** /"tangarhau/ 1 14:F6. Ein stor gravhaug og eit seglingsmerke på Sele. Båtstaden like ved heiter *Tangarstø* /"tangarstø:/. Etterleddet er → *haug*, medan føreleddet inneheld eit eldre gardsnamn som er nemnt i fleire brev frå mellomalderen: *a Tangom*, *Tangær* (nominativ), *fyrir Tangom*, *Tangæland*, *Tanghar* (genitiv), *Tanghar* (akkusativ) mfl., alle frå 1440–1441. Namnet har bakgrunn i ein tange, kalla → *Tangen*, mellom sjøen og det tidlegare Tangarvatnet (er no uttappa). Eldre skrivemåtar av namnet tyder på at det ligg føre i fleirtalsform, gno. **Tangar* (ev. **Tangir*). Samanfelling med *ar*-fuge er truleg av nyare dato (i eit namn med fleirtalsforma ville ein venta *a*-fuge). Litt.: NG 10:137 f., Særheim 2007:230.

**Tangarstø**, → *Tangarhaug*.

**tange** m., gno. *tangi* m. 'tange, odde, lite nes', er ei vanleg nemning for mindre framspring (nes) – gjerne av runde steinar – i strandkanten. Det er hovudledd i ca. 75 namn. Som botnnemne er det brukt om eit undervassfjell, → *Tangen* /"tanjen/, i Ognabukta. Usamansett form førekjem fleire stader, bl.a. i Tananger, fleire gonger brukt om staden der ein har båtstøer. Nemninga *mellom Tangane* /"mjødlå "tangane/ er nytta om området mellom tangar på Sele og Reve. Meir enn 40 av dei samansette namna er sekundære lagingar, *Selvågstangen* /"selvågstanjen/ mfl. Som føreledd finn ein nemnet i t.d. *Tangasteinane* /"tangasteinane/ (Obrestad), *Tangasloane* /"tangaslo:ane/ og *Tangasteinen* /"tangasteid,n/ (båe ved båtstaden på Reve). På Obrestad finn ein både *Søre* og *Nørdre Tangasteinen* /"nø:re "tangasteid,n/.

**Tangen** /"tanjen/ 481 2:C6, 166 6:C5, 209 7:D5, 211 9:E1, 850 14:F6, 265 19:C2, 100 22:D1, 66 23:F2, 606 26:B4, 657 28:B4, 612 30:C5. Framspring (nes, odde) mange stader, både på sjøbotnen (Ognabukta) og i strandområde (Ytrabø, Tananger, Nordra-Kolnes, Søra-Kolnes, Sele, Vik, Reime, Nordvarhaug, Kvassheim, Sirevåg); i nokre høve er namnet nytta om ein stad der det er båtstøer. Namnet er bunden form av → *tange* m. 'odde, lite nes, tange'. På fleire av desse stadene finn ein sekundære lagingar med dette nemnet (eller namnet) som føreledd: *Tangasteinen* /"tangasteid,n/, *Tangafluna* /"tangaflu:nå/ (båe Kvassheim), *Tangarenna* /"tangarenå/ (Ognabukta), *Tangafjellet* /"tangafjedle/ (Sirevåg).

**Taraberget** /"ta:raberje/ 340 8:B3. Fjell på Rott. Inneheld → *berg* og plantenemnet *tare* m.

**Taraboen** /"ta:rabo:en/ 440 1:D5. Båe nord for Tungeneset. Samansett av → *båe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og plantenemnet *tare* m.

**Tarabredda** /"ta:rabredå/ 58 16:B5. Tarebredd, dvs. skilje mellom sand- og steinbotn (med tare), og fiskeplass i Honnsviga. Inneheld det samansette *tarebredd* f., med ordet → *bredd* f. 'kant' og plantenemnet *tare* m.

**Tarabruga** (*-bruka*) /"ta:rabru:Gå/ 410 2:C2, 332 2:D5. Stader i stranda på Indrabø og Ytrabø der det samla seg mykje tare; taren vart utnytta av gardane som hadde bruksrettar til taren i stranda. Inneheld det samansette *tarebruk* n., bl.a. notert frå Nordland om 'tare som er driven inn på stranda'; det inneheld orda *bruk* n. og *tare* m.

**Tarabruna** (*-brua*) /"ta:rabru:nå/ 141 22:D2. Stad i sjøkanten på Sørreime der det la seg mykje tare. Taren låg og rotna i små innhegningar innanfor, kalla *Taratuptene* /"ta:ratoptene/, og vart seinare utnytta, bl.a. til gjødsel. Det



Fig. 107. Tananger og Tangen, sett frå Melingsholmen. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 107. Tananger and Tangen as seen from Melingsholmen. Photo: Inge Særheim.*





Fig. 108. Taraholet og Trælaneset (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 108. Taraholet and Trælaneset. Photo: Inge Særheim.*

sistnemnde er samansett av → *tupt* f. 'tuft, tomt' og *tare* m., medan det førstnemnde er bunden form av det samansette *tarebru* /"ta:rabru:/ f. 'tarekant (i stranda)', med orda → *bru* f. 'kant' og *tare* m.

**Tarabukta** /"ta:raboktå/ 176 5:C2. Vik på Myklabost. Samansett av → *bukt* f. 'vik' og *tare* m.

**Taraflekkane** /"ta:raflekane/ 235 11:B4. Tørkeplass for tare på sandstranda innanfor Veggjevigsholmen (Hellestø). Inneheld orda → *flekk* m. og *tare* m.

**Tarahagen** /"ta:rahaien/ 541 26:B3, 541 27:C5. Område på Kvassheimsstronda der ein har tørka tare. Her finn ein både *Store* og *Litle Tarahagen* /"litle "ta:rahaien/. Samansett av → *hage* og *tare* m.

**Taraholet** /"ta:rahå:le/ 510 10:D3. Lita vik på Ølberg der det dreiv inn mykje tare (Fig. 108). Her var det laga til ein stad, nærast som ei båtstø, kalla *Tarastøna* /"ta:rastø:nå/, der ein kunne bakka til med hestekjerre og lessa tare. Inneheld orda *tare* m. og → *hol* n. 'lita vik, hole'; → *stø* f. ligg føre i det sistnemnde.

**Taraldsfluna** (*-flua*) /"ta:ralsflu:nå/ 420 36:C3. Grunne i grunnebeltet Fluene nord for holmen Kjerten. Etterleddet er → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og føreleddet mannsnamnet *Tarald*.

**Taraldsrega** (*-reka*) /"ta:ralsre:Gå/ 101 36:C3. Fiskeplass aust for Grynningen. Inneheld → *rek* n. 'stad der ein fiskar på rek' og mannsnamnet *Tarald*.

**Taraskjeret** /"ta:rasje:re/ 231 8:x3, 862 34:C4, 938 36:C2. Skjer fleire stader: vest for Brønnes (Rott), ved Flenningen og mellom Svartaskjera (også kalla *Midsloen*). Samansett av → *skjer* og plantenemnet *tare* m.

**Tarastranden** /"ta:rastra:en/ 149 3:B1. Strand på Viste. Samansett av → *strand* m. og plantenemnet *tare* m.

**Tarastøna** (*-støa*), → *Taraholet*.

**Tarateigen** /"ta:rateien/ 321 18:A1, 319 18:D3. Tørkeplassar for tare på Orrestranden (den

eine kalla *T. på Skortangen* /på "skå:rtanjen/). Inneheld → *teig* og plantenemnet *tare* m.

**Taratuptene**, → *Tarabruna*.

**Taravegen** /"ta:raveien/ 418 24:E5. Veg i stranda på Årsland. Inneheld → *veg* og *tare* m. med bakgrunn i køyring av tare.

**Taraviga** (*-vika*) /"ta:ravi:Gå/ 621 11:B4. Vik på Ølberg. Samansett av → *vik* f. og *tare* m.

**Tasasteinen**, → *Tasen*.

**Tasen** /"ta:sen/ 148 19:C6. Stor stein i sjøen på Vik der det pla koma inn mykje tare, også kalla *Tasasteinen* /"ta:sasteid,n/. Synest innehalda ordet *tase* m., som både er nytta om husdyr, om '(daud) sau', og som personnemning om 'stakkar(sleg person)', dessutan om 'kvast av noko som er opptrevla, opprive'. Det sistnemnde kunne kanskje sikta til taren som samlast her.

**teig** m., gno. *teigr* m. 'teig, jordstykke', ligg føre i snautt ti namn, t.d. *Teigen* /'teien/, *Sandtegane* /"sante:gane/ (Orre). Fleire namn har bakgrunn i sanking, tørking og brenning av tare, som *Tarateigen* /"ta:rateien/ (Orre) og *Turketegane* /"torkete:gane/ (Byberg).

**Teigen** /'teien/ 405 2:C1. Bruk (og teig) opp frå sjøen på Ytrabø. Bunden form av → *teig* m. 'teig, jordstykke'.

**Terneskjer** /"tenesjæ:r/ 716 30:B5, **Terneskjeret** /"tednesjæ:re, -sje:re/ 37 31:C2, 400 35:B4, 314 37:B4, **Terneskjera** /"tenesjæ:rå/ 695 30:C4. Skjer i Bekkjarviga (Nygård; *-skjer*), i Haver, ved Søre Frøsholmen, ved Håstein og i Sirevåg (*-skjera*). På den sistnemnde staden finn ein både *Ytra* og *Indra Terneskjeret* /"inra "tenesje:re/. Samansett av → *skjer* og fuglenemnet *terne* f.

**Thiisahagen** /"ti:sahaien/ 126 21:F5. Teig på Nærland; eit nyare namn på *Mariahagen*. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og namnet på han som leiger her, Thiis.

**Tjeldskjer** /"Kelsje:r/ 506 1:D2. Skjer på Tunge. Etterleddet er → *skjer* og føreleddet vel fuglenemnet *tjeld* m.

**Tjelmen** (*Hjelmen*) /'Kelmen/ 381 36:B3. Grunne sør for Grynningen. Ein grunne som ligg like ved heiter *Litle tjelmen* /"litle 'Kelmen/. Bunden form av ordet *hjelm* m., som i stadnamn frå Rogaland er nytta om lagringsstad for høy o.a., *høyhjelm*; → *Tjelsenga*. I grunnenamnet synest ordet vera nytta som jamføringsnemne.

**Tjelsenga** /"Kelsenjå/ 522 9:E2. Teig på Søra-Kolnes. Vel svarande til det likelydande gardsnamnet frå Hå, der etterleddet er *eng* f. 'grasmark, eng' og føreleddet gno. **Hjalms-*, av *hjalmr* m. 'hjelm' (til lagring av gras, høy o.a.).

**Tjeltarsteinen** /"Keltarsteid,n/ 366 24:B1. Stein i ura ved sjøen på Varhaug, like nedanfor den gamle vegen, *Kongsvegen*. Ein person frå Tjelta (Sola) som søkte ly ved steinen, skal ha frose i hel her. Han snøa ned, men vart funnen om våren under hummarfisket. Namnet inneheld → *stein* og gardsnamnet (etternamnet) *Tjelta*.

**Tjeltarstøna** (*-støa*) /"Keltarstø:nå/ 80 3:C5. Lite innhykk (våg) i stranda i Vistvik (Fig. 109). Etterleddet er → *stø* f. 'båtstad, stø'. Føreleddet kan ha samband med gno. *hjalt* n. 'parerstykke på sverd' med bakgrunn i den spesielle forma til vågen. Liknande forklaring synest høva for gardsnamnet *Tjelta* i Sola.

**Tjora** /"Ko:ra/ Kart 7. Matrikkelgard i Sola (tidlegare Håland), *a Þiorom* ca. 1270, *eccl. de Thiorom* 1297, *de Thiorom*, *de Þiorom* 1298 (latin). Gno. *Þjórar* pl., i dativ *Þjórum*. Namnet er truleg i slekt med geng. *þēor* 'svull, inflammasjon', som høyrer til ei indoeu. rot med tydinga 'svella'. Real bakgrunn kan vera nokre høgder og toppar på garden, jf. Vardåsen, Orshaug, Kongshaug mfl. Liknande namnelagingar finn ein andre stader i Noreg og Sverige. Ei sekundær laging er *Tjorastranden* /"Ko:rastra:en/. Litt.: NG 10:184, 459, Særheim 2007:235, 2010:134.

**Tjølshagen** /'Kø:lshaien/ 2 25:E6. Teig på Årsland, rett opp frå strandbakken. Samansett av → *hage* og mannsnamnet *Tjøl* (< *Tjodolv*). Like ved finn ein *Tjølshagsledet* /'Kø:lshagsle:e/.

**Tjør** /Kø:r/ 661 38:B7. Ei gruppe av øyar (holmar) som ligg eit godt stykke ute i sjøen i Sola. Her er fleire holmar (øyar), frå sør



Fig. 109. Tjeltarstøna (Vistvik). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 109. Tjeltarstøna (Vistvik). Photo: Inge Særheim.*

til nord: *Hengsøyna*, *Storetjør*, *Røyda* og *Nordtjør*, til saman stundom kalla *Tjørholmane* /'Kø:rhålmane/. Dette er eit gammalt øynamn med noko uvisst opphav. Det kan tolkast som gno. **Þjǫr* f. 'den oppdelte, kløyvde', som høyrer til rota indoeu. **ter-* 'kløyva', med bakgrunn i at øygruppa er delt i fire hovudlokalitetar. Mindre rimeleg synest Hovdas framlegg om gno. **Kjǫr* f. 'staden der det held seg utvald mat', laga til gno. *kjósa* vb. 'velja' og *kjǫr* n. 'val', som kunne sikta til fiskerikdom. Namnet er òg normert *Kjør*. Ei sekundær laging er *Tjørsribben* /'Kø:rsrib,n/. Litt.: Hovda 1942:77.

**tjørn** f., gno. *tjǫrn* f. 'tjørn, lite vatn', er notert i godt og vel ti namn på små vassamlingar (lagunar) i strandkanten eller på land, t.d. *Tjørna* /'Kødnå, 'Kødne/, *Krabbatjørna* /"krabaKødnå/ (Hårr, ligg i strandkanten og er inngjerdt av ei steinsetjing).

**Tjørna** /'Kødnå, 'Kødne/ 489 2:B5, 418 32:A4. Vassamling i sjøkanten på Ytrabø og inne på land i Kalvshagen. Bunden form av → *tjørn*. Ved den førstnemnde finn ein *Tjørnaberg* /"Kødnaberg/.

**Tjørnaberg**, → *Tjørna*.

**to** f., gno. *tó* f. 'hylle i ei fjellside', er i ei handfull namn nytta om hyller på holmar og berg i stranda, og om grasflekkar mellom steinar, t.d. *Tona* /'to:nå/ (Søra-Kolnes), *Losatona* /"lo:sato:nå/ (Hellestø), *Mågatona* /"må:gato:ne/ (Holmane). Den lokale nemninga for 'skorfeste' (stader der husdyr, særleg sauer, går seg fast), *hepteto* f. /"hepteto:/, ligg føre i *Heptetørne* /"heptetø:dne/ (Hellestø; fleirtal) og *Heptetokula* /"heptetoku:lå/ (Ogna).

**Tobakksteinen** /'tå:baksteid,n/ 347 36:C4. Stein og fiskeplass ved Rottfladholmen. Her pla alle hummarfiskarane setja ei teine frampå vårparten. Fangsten skal ha gått til kjøp av tobakk. Samansett av → *stein* og *tobakk* m.

**todde** m. førekjem to stader i Randaberg (Indrabø og Vistnes) i usamansett form *Todden* /"tåd,n/, nytta om ytste punktet på ein steintange (Indrabøraunen) og om ein liten grunne som stikk ut frå land (Vistnes). Ordet, som synest henga saman med → *odde* m. og kanskje *tote* f. 'ytste spiss' (ev. *tå* f.), er

òg registrert frå Finnmark i tydinga 'spisst, framstikkande punkt'.

**Todden** /"tåd,n/ 485 2:D4, 89 3:C5. Nytta om ytste punktet på Indrabøraunen og om ein liten grunne på Vistnes som stikk ut frå land. Utanfor den førstnemnde finn ein *Toddasteinen* /"tådasteid,n/. Bunden form av → *todde*, som er kjent frå desse namna.

**Tollbubryggja** /"tålbubryGå/ 263 6:D5. Bryggje i Tananger. Inneheld → *bryggje* og ordet *tollbu* f.

**Tolleivsholet** /"tåleishå:le/ 810 30:B5. Lita vik i Sirevåg (Nygård). Her budde *Tolleivan*, ein familie der namnet *Tolleiv* og variantar av det gjekk att i fleire ledd. Samansett av → *hol* n. 'lita vik, hole' og mannsnamnet *Tolleiv*.

**Tona** (*Toa*) /'to:nå/ 519 9:E2. Mark nær sjøen på Søra-Kolnes. Bunden form av → *to* f., her vel i tydinga 'grasflekk mellom steinar'.

**Toppaland** /"tåpalan/ 713 23:F1. Område med førhistoriske tufter på Nordvarhaug, vel ein øydegard (frå jernalderen). Ein skil mellom *Søra Toppaland* og *Nørdra Toppaland* /"nø:ra "tåpalan/. Etterleddet er → *land*, som ligg føre i mange gamle gardsnamn i dette området. Føreleddet er truleg → *tupt* (*tuft*), gno. *topt*, *tupt* f. 'hustuft, tomt', som siktar til gammal busetjing.

**Torebekken** /"to:rebeKen/ 487 26:B3. Bekk i skiftet mellom Hårr og Kvassheim, også kalla *Harabekken* (→ *Hårr*). Samansett av → *bekk* og mannsnamnet *Tore*.

**Torestykket** /"to:restyKe/ 338 8:B2. Teig på Rott. Samansett av → *stykke* n. 'jordstykke, teig' og mannsnamnet *Tore*.

**torg** f., jf. gno. *torg* n. 'handelsplass, torg', er i → *Torga* /'tårjå/ nytta om eit flatt berg inst i Risaviga der ein pla tørka fiskenøter. Nemnet står elles som etterledd i → *Braffatorga* /"brafatårjå/ (Hellestø), der kvinner og born som køyrde til stranda for å henta fisk, pla tjora hestane i boltar i fjellet. Slike stader er truleg jamførte med torg i byar og tettstader. Same ordforma er nytta om torg og marknadsplassar i Stavanger, *Torga* /'tårjå/, *Nytorga* /'ny:tårjå/, *Timianstorga* /'ti:mianstårjå/, og andre stader i Sør-Rogaland (jf. /'tårjå/ på Bryne).

**Torga** /'tårjå/ 704 7:G1. Flatt berg i Risaviga der ein pla tørka fiskenøter. Bunden form av → *torg* f., her truleg brukt jamførande.

**Torgjerboen** /"tårjerbo:en/ 417 36:C4. Grunne sørvest for holmen Kjerten. Inneheld → *boe* m. 'grunne i sjømålet' og mannsnamnet *Torg(j)er* (< *Torgeir*).

**Torjusreget** (*-reket*) /"tårjusræ:Ge/ 92 39. Fiskeplass i Honnsviga der ein pla fiska på rek. Samansett av → *rek* n. 'rek, fiskeplass der ein fiskar på rek', og mannsnamnet *Torjus* (< *Torgils*).

**Torkjell** /"tårKel/ 224 4:E3. Stein i sjøen utanfor Raustein som bryt i styggevêr. Synest innehalda mannsnamnet *Torkjell*, jf. fiskeplass-namn som → *Askjel* og *Mikkjel*.

**Torkjellsbekken** /"tårKelsbeKen/ 264 6:D4. Bekk som kjem ned i Tananger. Samansett av → *bekk* og mannsnamnet *Torkjell*.

**Torkjellssletta** /"tårKelsletå/ 392 37:B4. Sund mellom Hellerøyna og Kalkaskjera. Føreleddet er mannsnamnet *Torkjell* og etterleddet → *slett(e)* f., som her synest vera nytta om eit område på sjøen, jf. sjøstykket *Sletta* /"sletå/ nord for Haugesund.

**Tormoden**, → *Tormodvarden*.

**Tormodvarden** /"tårmo:va:ren/ 815. Fjelltopp på Helland, også kalla *Tormoden* /"tårmo:en/. Samansett av → *varde* og mannsnamnet *Tormod*. Ein av runesteinane frå Helland har innskrifta "Tormod reiste denne steinen etter Trond, sonen sin", rissa med såkalla man-jærske runer. Dette fjellet er mykje nytta som méd på sjøen. Médet "Tormoden over Tangarhaug" gjev trygg sigling mellom grunnane utanfor Reve. *Tormoden* synest vera ei elliptisk (forkorta) namneform.

**Tornebukta** /"tårnebåktå/ 272 6:F5. Lita vik nær Bådstad på Meling. Samansett av → *bukt* og familienamnet *Torne*.




Fig. 110. Trebergsnaustret (Vistnes). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 110. Trebergsnaustret (Vistnes). Photo: Inge Særheim.*

**Torskasteinen** /"tåskasteid,n/ 284 6:D5, 608 30:C4. Stein på vestsida av Melingsholmen (her hadde ein ruser) og i Sirevåg (Fig. 47). Samansett av → *stein* og fiskenemnet *torsk* m. Den sistnemnde steinen vart nytta til å tørka fisk på. Ved denne staden finn ein òg *Torskasteinskjeret* /"tåskasteinsjæ:re/.

**Torsteinfjellet** /"tåstenfjedle/ 57 31:D2. Fjell i Kinnarvåg. Samansett av → *fjell* og mannsnamnet *Torstein*.

**Torsteinsberga** /"tåsteinsberjå/ 743 4:F5. Berg ved sjøen på Nordra-Sunde. Samansett av → *berg* og mannsnamnet *Torstein*. Her finn ein òg *Torsteinsviga* /"tåsteinsvi:Gå/, og ute i sjøen (Visteviga) *Torsteinsgrunnen* /"tåsteinsgro:en/.

**Torsteinsgrunnen**, **-viga** (*-vika*), → *Torsteinsberga*.

**Torva** /"tårvå/ 162 9:E2, 329 10:E2, 847 10:F1, 43 18:A2. Fiskeplassar med taregrunn (steinbotn) fleire stader (Søra-Kolnes, Ølberg, Sola, Orre). Bunden form av → *torve*, brukt om taregrunn (gjerne om ein mindre tareflekk på sandbotn).

**Torvberget** /"tårvberje/ 414 24:C2. Høgd inn frå strandbakken på Husvegg. Samansett av → *berg* og vel *torv* f. (n.) '(brenn)torv', truleg med bakgrunn i torvskjering.

**torve** f., gno. *torfa* f. 'torve, eit stykke grastorv', ligg føre i namn på fiskeplassar med tareflekkar (steinbotn) i eit område med hovudsakleg sandbotn. Usamansett form, *Torva* /"tårvå/, *Torvene* /"tårvene/, førekjem fleire stader. Den førstnemnde vart bl.a. nytta om eit stort tareres som ei tid låg frå Litholmen og inn til land på Søra-Kolnes; ein kunne vassa ut til holmen på det. Ein svær oppgang av sjøen reiv det laus. Ein eldre kar frå Sola fortalde at ein taregrunne som dei fiska på, ikkje hadde noko skikkeleg namn, dei kalla han berre *Torva* eller *Matlautorva* /"matlautårvå/ (inneheld plantenemnet *marlauk* m. 'sjøgras, tare').

**Torvene** /"tårvene/ 139 34:C4, 275 36:C4. Fiskeplassar med taregrunn (steinbotn), sørvest for Fladholmen og aust for Rottfladholmen. Bunden form fleirtal av → *torve* i den nemnde bruksmåten.

**Torvhagen** /"tårvhaien/ 4 24:D3. Teig ved strandbakken på Husvegg. Inneheld → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke, teig' og vel *torv* f. (n.) 'torv'.

**Torvhølen** /"tårvhø:len/ 131 14:G3. Høl i Figgjo like før utlaupet i sjøen. Samansett av → *høl* m. 'hole i elv, (fiske)høl' og *torve* f. 'grastorve'.

**Treberget** /'tre:berje/ 409 2:C2, 478 2:C2. Berg ved sjøen på Ytrabø. Etterleddet er → *berg* og føreleddet teignemnet *træ(d)e* n. 'inngjerdt jordstykke til beite eller dyrking'. Eit tilsvarande namn ligg til grunn for sekundærnamna *Trebergsboen* /'tre:bergsbo:en/, *Trebergsgrunnen* /'tre:bergsgro:en/ og *Trebergsnaustret* /'tre:bergsnaustre/ frå Vistnes (Fig. 110).

**Treskoviga** (*-vika*) /"triskovi:Gå/ 792 8:C5, 789 8:D3. Vikar på Rott med form som ein *tresko*, uttala /"trisko:/ i målføret. Etterleddet er → *vik*.

**Trettehagen** /"tretehaien/ 458 11:B5. Teig i Vigdel. Samansett av → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og verbet *tretta*, vel med bakgrunn i usemje om bruksretten.

**Triboane** /"tri:bo:ane/ 329 3:C2, 225 3:E3. Tre steinar i sjøen i Vistnesvågen og utanfor Raustein. Inneheld → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og talordet *tre* med bakgrunn i at det dreiar seg om tre steinar.

**Trikanten** /"tri:kant,n/ 303 25:E1. Trekanta teig ved sjøen på Årsland. Bunden form av det samansette ordet *trekant* m.

**Trillingane** /"trilingane/ 237 38:B6. Tre steinar i sjømålet i Skjergarden nord for Tjør. Bunden form fleirtal av *trilling* m.

**Triskora** /"tri:skå:rå/ 112 36:C3. Tre river i berget på austsida av Grynningen. Føreleddet er talordet *tre*, medan etterleddet synest vera → *skor*, laga til verbet *skjera*, som siktar til dei tre rivene.

**Trisloen** /"tri:slo:en/ 843 34:C6. Tre steinar inst i Molen (Kolnes). Inneheld talordet *tre* og skjernemnet → *sloe*.

**Trisnippen** /"tri:snip,n/ 192 4:G2. Teig på Viste. Inneheld talordet *tre* og ordet *snipp* m., vel med bakgrunn i trekanta form.

**Trollholene** /"trålhå:lene/ 140 34:C4. Holer på vestsida av Fladholmen. Inneheld → *hole* f. og *troll* n.; det sistnemnde er eit vanleg nemne i stadnamn, ofte nytta om noko i naturen som er særprega og uvanleg, og som gjerne blir oppfatta som 'trolsk'; → *Trollholmen*, *Trollkyrkja*.

**Trollholmen** /"trålhålmen/ 701 37:B4. Holme nord for Buøyna. Samansett av → *holme* og *troll* n.; → *Trollholene*. Ein holme litt austanfor heiter *Litle Trollholmen* /"litle "trålhålmen/. Nordanfor finn ein *Trollholmskjera* /"trålhålmsje:rå/.

**Trollkyrkja** /"trålKørKå/ 11 4:F2. Spesiell steinformasjon ved sjøen på Viste. Laga til det samansette *trollkyrkje* f.; → *Trollholene*, *Trollholmen*.

**trong** f., som er laga til adjektivet *trong*, er nytta om tronge passasjar og innsnevringar mellom holmar og skjer: → *Tronga* /'trånjå/ (sør for Buøyna og mellom Røyda og Nordtjør).

**Tronga** /'trånjå/ 395 37:B5, 18 38:B6. Tronge passasjar i sjøen sør for Buøyna og mellom Røyda og Nordtjør. Bunden form av → *trong* f., med den nemnde bruksmåten.

**træ(d), træ(d)e** n., jf. gno. *trǫð* f. 'inngjerdt jordstykke til buskap eller dyrking', som språkleg er i slekt med *trø* vb., er eit par stader nytta om inngjerde beitehagar: → *Butrædet* /"bu:tre:e/ (Tjora), *Butræd* /"bu:tre:/ (Ytrabø). I → *Markatrædet* /"markatræ:e/ (Nordvarhaug) er det nytta om buveg til utmarka; → *trø(d)*.

**Trælen** /'træ:d,l/ 325 10:D3. Gardsbruk og fjell (nes) ved sjøen på Ølberg. Truleg bunden form av ordet *træl* m. 'hard knute i huda (etter slit)', opphavleg vel brukt om det opprivne berget *Store Trælen* (Fig. 111) ev. òg *Litle Trælen*). På folkemunne blir namnet sett i samband med frigjevne trælar frå Erling Skjalgssons storgods på grannegarden Sola. Sekundære lagingar er *Trælaheia* /"træ:laheiå/, *Trælaneset* /"træ:lanæ:se/, *Trælastranden* /"træ:lastra:en/ og *Trælastøna* /"træ:lastø:nå/. Litt.: Særheim 2007:239 f.



Fig. 111. Store Trælen (Ølberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 111. Store Trælen (Ølberg). Photo: Inge Særheim.*





Fig. 112. Tunge, Sande, Bø (Randaberg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 112. Tunge, Sande, Bø (Randaberg). Photo: Inge Særheim.*

**trø(d)** f., jf. gno. *trǫð* f. 'inngjerdt jordstykke til buskap eller dyrking', som språkleg heng saman med verbet *trø*, ligg føre i teignamnet *Haugatrørne* /"hauatrø:dne/ (Søra-Kolnes); → *træ(d)*.

**Tråneforbekken** /"trå:neforbeKen/ 544 29:A4. Bekk som renn ut i sjøen på Ogna (Fig. 46). Etterleddet er → *bekk* og føreleddet eit samansett namn som inneheld → *ford* m. 'våtlendt mark med vassføring' og fuglenemnet *trane*.

**Tua** /"tu:å/ 82 32:F4. Topp i Holmane. Bunden form av → *tu(v)e* f. 'topp, høgd'.

**tu(v)e** f., gno. *þúfa* f. 'tue', er nytta om topp (høgd) i strandområdet: → *Tua* /"tu:å/ (Holmane), *Hagatua* /"ha:gatu:å/ (Holmane), *Ørnatua* /"ø:rnatu:å/ (Hodne, topp på strandbakken), *Lyngtua* /"lyngtu:å/ (Ogna, médfjell).

**Tuflohagen** /'tu:flohaien/ 104 1:D1. Teig på Tunge. Etterleddet er → *hage* m. 'inngjerdt jordstykke' og føreleddet truleg eit namn som er samansett av → *floe* m. 'vasspytt' og *tu(v)e* f.

**tunge** f., gno. *tunga* f. 'tunge', er i gardsnamnet → *Tunge* nytta om 'landtunge'.

**Tunge** /"tonge/ Kart 1. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *Twnge* 1519, *Tonge* 1521, jf. òg *Tungur*, som i norrøn litteratur er nytta om nordspissen av Jæren, dessutan *Tunggunes skipreida* 1379 (om Goa skipreide). Notidsforma går ut frå oblik kasus, gno. **Tungu*. Gardsnamnet er gno. **Tunga* f., laga til gno. *tunga* f. 'tunge, landtunge', med bakgrunn i Tungeneset (Fig. 112). Sekundære lagingar er *Tungegalten* /"tongegalt,n/, *Tungeneset* /"tongene:se/, *Tungevågen* /"tongevå:Gen/ og *Tungefluene* /"tongeflu:ene/, den sistnemnde delt i *Søra* og *Nordra Tungefluna* /"no:ra "tongeflu:nå/. Litt.: NG 10:206, Særheim 2007:240.

**tupt** f., gno. *tupt*, *topt* f. '(hus)tuft, tomt', ligg føre i → *Taratuptene* /"ta:ratoptene/ (Sørreime), nokre små innhegningar i stranda der taren, som vart brukt som gjødsel, låg og rotna. Det synest òg stå som føreledd i → *Toppaland* (Nordvarhaug), truleg ein gammal buplass (gard).

**Turkeplassane** /"torkeplasane/ 318 18:C3. Tørkeplassar for tare på Orre. Inneheld det samansette *turkeplass* m.

**Turketegane** /"torketæ:gane/ 406 12:A3. Tørkeplass for tare på Byberg. På Orre (i grensa med Vik) finn ein *Søra Turkateigen* /"sø:ra "torkateien/. Samansett av → *teig* og verbet *turka*.

**Turkhuset** /"torkhu:se/ 63 22:E2. Ein stad i stranda på Sørreime. Inneheld det samansette *turkhus* n. 'tørkehus'. Sekundære namn er *Turkhushagen* /"tork(h)ushaien/ og *Turkhusledet* /"torkhusle:e/.

**Turra sundet** /"tora 'sone/ 867 38:B7. Sund mellom Hengsøyna og Storetjør der det stikk opp steinar. Samansett av → *sund* og adjektivet *turr* 'tørr', som siktar til at ein ikkje bør prøva å koma gjennom sundet med båt.

**Tverrdammen** /"tverdamen/ 109 19:D3. Liten dam ved sjøen på Skeie. Samansett av → *dam* m. og *tverr* adv. 'på tvers'.

**Tvibogan** /"tvi:bå:gan/ 379 23:G3, **Tvibogen** /"tvi:båyen/ 830 31:A2. Skjer på Varhaug (-*bogan*) og i Haver (-*bogen*). Inneheld ordet *boge* m. 'bue', som siktar til at steinane har avrunda form, og taluttrykket *tvi* 'to'. I Haver finn ein òg *Tvibogsundet* /"tvi:bågsone/.

**Tvihaugane** /"tvi:hauane/ 458 25:F4. Haugar på Hårr. Etterleddet er fleirtal av → *haug* og føreleddet talordet *tvi* 'to'. Fiskeplassen *Tvihaugfluene* /"tvi:auflu:ene/ (*Indra* og *Vestra Tvihaugfluna*) aust for Egerholmen har namn etter eit médpunkt på land; det er ei tilsvarande laging.

**Tvihaugfluene**, → *Tvihaugane*.

**Tvillingane** /"tvilingane/ 128 4:E2, 869 9:E2, 38 22:D3. Skjer utanfor Raustein, Kolnes og Grødaland. Bunden form av *tvilling* m., som siktar til at det dreiar seg om to lokalitetar (steinar).

**Tyneviga** (-*vika*) /"ty:nevi:Gå/ 102 15:E4. Vik på Hodne. Etterleddet er → *vik*. Føreleddet er truleg eit skipsnamn *Tyne*, visstnok etter ein båt som vart opphogd her.

**tå** f., gno. *tá* f. 'tå', er nytta om terrengformasjon som stikk fram på sjøbotnen og på land, t.d. *Rennetåna* /"renetå:nå/ (ein spiss på ei tarebredd i Honnsviga), *Uratåna* /"u:ratå:nå/ (eit framspring av rullestein på Vistnes), *Klubbatåna* /"klobatå:ne/ (ein spiss på Klubben, sør på Ognasanden).

**Tågsteinfjellet** /"tå:gsteinfjedle/ 76 32:F4. Fjell ved sjøen i Holmane. Etterleddet er → *fjell*. Føreleddet synest tyda 'takstein', samansett av orda *stein* m. og *toke* f. 'tak', det sistnemnde uttala /"tå:ga/ i målføret.

**Tåraldsodden** /"tå:ralsåd,n/ 784 8:B3. Odde på Rott. Samansett av → *odde* og ei dialektform av mannsnamnet *Torvald* (jf. òg *Tarald*, som har same opphavet).

## U

**Udmarka** (*Ut*-) /"u:dmarKå/ 105 4:E2, **Udemarka** (*Ute*-) /"u:demarKå/ 666 5:D5. Utmarksområde ved sjøen på Raustein (*Ud*-) og Myklabost (*Ude*-). Bunden form av det samansette *utmark* (*ute*-), nytta om beitemark o.l. som ikkje er ein del av innmarka.

**Underskjeret** /"onesjæ:re/ 450 25:F3. Skjer i Stavnheimsviga. Samansett av → *skjer* og preposisjonen *under*, som siktar til leie under sjømålet.

**upsakant** m., → *Upsakanten*.

**Upsakanten** /"opsakant,n/ 658 28:B4. Skilje mellom stein- (tare-) og sandbotn i Ognabukta. Dette er eit fast uttrykk i området, *upsakant* m., samansett av orda *kant* m. og *ufs* (gno. *ups* f.) 'bratt fjellvegg, takskjegg'.

**ur(d)** f., gno. *urð* f. 'steinur', er i ca. 25 namn nytta om steinsamling (gjerne rullestein) i stranda og på holmane i sjøen, jf. *Søra*, *Midtra* og *Nordra ura* /"no:ra 'u:rå/ på Fladholmen. Det er òg nytta om steingrunn på sjøbotnen, → *Humrura*. Ordet er føreledd i *Urahagen* /"u:rahaien/ (Reve) og *Uratåna* /"u:ratå:nå/ (Vistnes), dessutan i *Urviga* /"u:rvi:Ge/ (Holmane), delt i *Stora* og *Litla Urviga* /"litla "u:rvi:Ge/, med *Urvigodden* /"u:rvigåd,n/ og *Urvigskjeret* /"u:rvigsjæ:re/. Litt.: Særheim 2007:247.

**Ura** /'u:rå, 'u:re/ 853 9:F3, 27 22:D3, 602 26:G1, 114 36:C3, 587 30:B3 (*U. i Sandarvågen*).



Fig. 113. Varaskjera (Husvegg). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 113. Varaskjera (Husvegg). Photo: Inge Særheim.*

Nytta om steinur i stranda og på holmar i sjøen (Grynningen, Kolnes, Sørreime, Hårr og Ogna), den sistnemnde staden med nedarva uttale /'u:re/. Bunden form av → *ur* 'steinur, steinsamling'.

**Urahagen** 402 16:B2, → *hage*, *ur*.

**Uratåna** (-*tåa*) 57 3:C3, → *tå*, *ur*.

**Urene** /"u:rene/ 281 6:D5. Steinurer på Melingsholmen, *Søra* og *Nordra ura* /"no:ra 'u:rå/. Bunden form fleirtal av → *ur*.

**Urviga** (-*vika*), → *vik*, *ur*.

## V

**vad** n., gno. *vað* n. 'vad, vadestad', er brukt om vadestader i Goabekken (Goa/Viste) og Figgjo (Sele/Bore): → *Vadet* /'va:e/.

**Vadet** /'va:e/ 46 4:B2, 98 14:F3. Vad i Goabekken og Figgjo. Bunden form av → *vad* n. 'vadestad, vad'.

**Vandal** /'vanda:l/ 640 11:F1. Berglendt område i Vigdel. Etterleddet er → *dal* og føreleddet truleg adjektivet *vand* 'vanskeleg' (eigentleg 'bakvend'), med bakgrunn i terrenget. Her finst òg ein buplass *Vandalstova* /'vandalstå:vå/ (samansett med *stove* f.).

**Varaskjera** /"va:rasjæ:rå/ 385 24:C3. Skjer litt ute i sjøen på Husvegg, sør for Husveggstøen (Fig. 113). Etterleddet er → *skjer* og føreleddet truleg verbet *vara* 'varsla, åtvara, akta seg, vera varsam', som siktar til at skjera er farlege for båtferdsla; → *Varasteinen*. Innanfor skjera finn ein *Varaskjerbukta* /"va:rasjerboktå/.

**Varasteinen** /"va:rasteid,n/ 46 22:D1, 76 22:D2. Steinar i sjøen på Reime og Sørreime. Båe stadene dreiar det seg om steinar ved rorleia der ein pla akta seg og ta varsel om kor ein skulle ro. Samansett av → *stein* og *vara* vb. 'varsla, åtvara, akta seg, vera varsam'; → *Varaskjera*.

**Vardabergen(e)**, **-fluene**, **-hagen**, **-skjera**, **-tua**, → *Varden*.

**Vardasanden**, **-viga** (-*vika*), → *varde*.

**varde** m., gno. *varði* m. 'varde', er fleire stader nytta om toppar ved stranda der det truleg har vore brannsvarde, jf. *Brannsvarden* (Raustein), dessutan om stein- eller trevarde til merke for segling, skiftepunkt o.a., jf. *Skarvavarden* (frå Skarvura på Rott). Fleire stader finn ein usamansett form → *Varden* /"va:ren/, som

òg førekjem som gardsnamn. Fleirtalsforma *Vardane* /"va:rane/ er nytta om médpunkta *Synesvarden* (namnet siktar til godt utsyn) og *Gauleksvarden* (inneheld mannsnamnet *Gaulek*, ei lokal form av *Gudleik*) på Høg-Jæren. Eit anna kjent médpunkt på land er → *Tormodvarden* (Helland), også kalla *Tormoden*. Dette nemnet er føreledd i fleire namn, t.d. *Vardaviga* /"va:ravi:Gå, -vi:Ge/ (vik på Storetjør og i Sirevåg) og *Vardasanden* /"va:rasa:en/ (fiskeplass langt ute i sjøen, nord for Gardsenden, truleg namngjeven etter médpunkt), *Vardhei* /'va:rhei/ (Goa), *Vardholmen* /"va:rhålmen/ (ein av Kolnesholmane), *Vardåsen* /"va:rå:sen/ (médfjell på Tjora). Namn med presiserande ledd er: *Ytra* og *Indra Vardaviga* /"indra "va:ravi:Ge/ (Sirevåg), *Litla Vardaviga* /"litla "va:ravi:Gå/ (Storetjør), *Stora* og *Litla Vardavigskjeret* /"litla "va:ravi:gsje:re/ (Storetjør), *Søre* og *Nordre Vardholmen* /"no:re "va:rhålmen/ (Kolnes), *Indre* og *Ytre Vardholmen* /"ytre "va:rhålmen/ (Holmane).

**Varden** /"va:ren/ 106 6:D4, 208 6:E4, 257 8:C3, 558 29:G3. Namnet er brukt om toppar og høgder i Tananger og på Rott, dessutan om ein matrikkelgard (ved ei høgd) i Hå (tidl. Ogna), *Waren* 1723. Bunden form av → *varde* m. 'varde'. Sekundære lagingar med gardsnamnet som føreledd er *Vardabergen(e)* /"va.raberjen(e)/, *Vardafluene* /"va:raflu:ene/, *Vardaskjera* /"va:rasjæ:rå/ og *Vardatua* /"va:ratu:å/, jf. òg *Stora* og *Litla Vardaskjeret* /"litla "va:rasje:re/ og *Søra Vardatua* /"sø:ra "va:ratu:å/. Ved Varden i Tananger finn ein *Vardahagen* /"va:raha:gen/. Fiskeplassar i Ognabukta som blir méda frå Varden, er *på Vardatua* og *på Søre Varden*. Litt.: NG 10:96.

**Varhaug** /"va:rau/ Kart 23, 24. Matrikkelgard, *Sør-* og *Nordvarhaug*, dessutan kommunesenter, sokn og tidlegare herad i Hå, *Varhaugs s.* 1328, 1336, *a Waraughe* 1465. Etterleddet er → *haug*. Føreleddet synest vera gno. *vǫr* f. (genitiv *varar*) 'vor, steinsetjing, rekkje av opplagde steinar', truleg med bakgrunn i ein stor steinsett gravhaug i gardstunet på Nordvarhaug. Sekundære lagingar er *Varhaugsnaustrene* /"va:rausnaustrene/, *Varhaugsstronda* /"va:raustrånå/, *Varhaugsstøene* /"va:raustø:ene/ og *Varhaugsåna* /"va:rauså:nå/. Litt.: NG 10:113 f., Særheim 2007:250.

**Vardhei**, **-holmen**, **-åsen**, → *varde*.

**Varmedalen** /"varmeda:len/ 242 8:C3. Stad inst i vågen på Rott. Samansett av → *dal* og adjektivet *varm*, som siktar til at det her er lunt.

**varp** n., gno. *varp* n. '(not)kast, varp', er nytta om fiskeplass (der ein set ut fiskereiskap), jf. *Varpet* /'varpe/ ved Ognasanden og *Skidvarpet* /"sjidvarpe/ frå munningen av Hååna. Ordet er òg nytta om stader der ein har hala ut (*varpa*) seglskuter, t.d. i vågen i Sirevåg, der det var varp på båe sider av Vågsgabet. Trossene var festa i *Varpestolpen* /"varpestålpen/.

**Varpestolpen**, → *varp*.

**Varpet** /'varpe/ 584 30:B3, 196 30:B4, 296 30:B4. Namnet er nytta om ei vik og ein fiskeplass i sørenden av Ognasanden, her finn ein òg → *Giljeskjeret*, dessutan om stader ved Vågsgabet i Sirevåg der ein hala ut (*varpa*) seglskuter. Bunden form av → *varp*. Sekundære lagingar er *Varpafjellet* /"varpafjedle/ (Ognasanden).

**Vaskehusgada** (*-gata*) /"vaskehusga:då/ 174 6:D4. Veg i Tananger der det tidlegare var eit vaskehus. Samansett av → *gate* og det samansette *vaskehus* n. Vegen har no fått eit anna namn: *Moringvegen*.

**vatn** n., gno. *vatn* n., er nytta om vassamling (innsjø) av ulik storleik, jf. *Vatnet* /'vatne/ på Rott og fleire andre vatn nær stranda, t.d. *Orrevatnet*, *Bjårvatnet*, dessutan *Tangarvatnet* og *Vikvatnet*, som båe er uttappa.

**Vatnamo** /"vatnamo:/ Kart 32. Matrikkelgard i Hå (tidl. Ogna), *Watnemo* 1563, *Wattnemod* 1567. Føreleddet er → *vatn* i genitiv fleirtal, som siktar til at garden ligg ved Stora og Litla Krogavatnet. Etterleddet er anten *mo* m. 'tørr slette (mark), mo', eller kanskje heller gno. *mót* n. 'møte, mot', som kunne sikta til at garden ligg ved møtet mellom to vatn; jf. det meir vanlege *Åmot* 'elvemøte, der elvar møtest'. Føreleddet i lokalnamnet → *Moiviga* mfl. frå



Fig. 114. Vaulen (Brusand). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 114. Vaulen (Brusand). Photo: Inge Særheim.*

dette området kunne tyda på at det er ordet *mo* m. som her ligg føre. Ei sekundærlaging er *Vatnamoholmane* /"vatnamohålmane/, → *Holmane*. Litt.: NG 10:94, Særheim 2007:253.

**Vatnamoholmane**, → *Vatnamo*, *Holmane*.

**Vatnet** /'vatne/ 243 8:B4. Mindre vassamling (vatn) på Rott. Bunden form av → *vatn*.

**vaul** m., jf. gno. *vaðill* m. (her utvikla av forma *vǫðull*), med tydinga 'vad, grunn stad i vatn', ligg føre i → *Vaulen* /'vaud,l/, ei stor brakkvassamling innanfor sandkulene på Brusand. Ordet er skyldt → *vad* n.

**Vaulabruna** (*-brua*) /"vaulabru:nå/, → *Vaulen*.

**Vaulen** /'vaud,l/ 553 29:F2. Stor, grunn brakkvassamling innanfor sandkulene på Brusand (Fig. 114). Bunden form av → *vaul* m. 'vad, grunn stad i vatn'. Her finn ein òg *Vaulabruna* /"vaulabru:nå/, nytta om brua over vassføringa frå Bjårvatnet.

**Vedabukta** (*Veta-*), **-brodet** (*-brotet*), **-ledet**, **-sanden**, **-tangen**, → *vete*, *Veden*.

**Veden** (*Veten*) /"ve:d,n/ 813 11:B1, 63 16:A3, 278 21:A3, 628 30:C4. Toppar ved stranda på Vigdel, Reve, Hå/Obrestad og i Sirevåg. Bunden form av → *vete* m. 'vedstabel til å setja fyr på ved varsling av ufred, vete'. Gardsnamnet blir stundom sett til som utmerkjande ledd: → *Vigdelsveden*. Namn med dette nemnet finst òg andre stader i dette området litt lenger inne på land, t.d. *Hellestøveden* /"hedlestøve:d,n/ og *Vedabrodet* (Hårr). Sekundære lagingar er *Vedasanden* /"ve:dasa:en/ (Vigdel), *Vedabukta* /"ve:daboktå/ og *Vedatangen* /"ve:datanjen/ (Hårr, Obrestad/Hå). På den sistnemnde staden skil ein mellom *Søra* og *Nørdra Vedabukta* /"nø:ra "ve:daboktå/.

**veg** m., gno. *vegr* m., er nytta om vegar i stranda, t.d. *Vegene* /"veiene/ (Obrestad, vegar i stranda til køyring av tare), *Taravegen* (fleire stader, veg der ein køyrde tare som var henta i stranda), *Strandvegen* (fleire stader, veg til stranda), *Sjoarvegen* (Myklabost) og *Sjovegen* (Nærland), dei to sistnemnde med tydinga 'vegen til sjøen'. *Kongsvegen* eller *Gamle Kongevegen* er namn på den gamle vegen over Jæren, som i Hå går heilt ute ved stranda.

**Vegene** /"veiene/ 8 21:B4. Gamle vegar i ura ved sjøen på Obrestad, nytta til å køyra tare. Bunden form fleirtal av → *veg*.

**Veggen** /'veGen/ 372 37:B3. Grunne langt ute i sjøen, sør for Villeboane. Bunden form eintal av *vegg* m., brukt jamførande, anten om forma til grunnen, eller om bårebrotet som er som ein vegg på denne staden; → *Veggene*, *Veggjeviga*.

**Veggene** /"veGene/ 388 37:B4. Ei holme- eller skjerrekkje nordaust for Håstein. Her finn ein òg *Søre veggen* /"sø:re 'veGen/. Bunden form fleirtal av *vegg* m., brukt samanliknande om den langstrekte forma til lokaliteten; → *Veggen*, *Veggjeviga*.

**Veggjeviga** (*-vika*) /"veGevi:Gå/ 28 11:B4. Vik i Hellestø. Samansett av → *vik* og *vegg* m., som siktar til forma (bergveggen på nordsida av vika). Her finn ein *Veggjevigsholmen* /"veGevigshålmen/, som no er landfast.

**veite** f., gno. *veita* f. 'veite, grøft', er nytta om søkk og kilar på sjøbotnen, jf. *Veida* /"veidå/, eit søkk i Honnsviga, dessutan *Sandveida* (Søra-Kolnes), ein kile av sandbotn.

**Velemsflua** /'ve:lemsflu:e/ 835 30:A5. Grunne sør for Sirevåg, utanfor Bekkjarviga. Samansett av → *flu* f. 'grunne under sjømålet' og mannsnamnet *Vilhelm*, i ei lokal uttaleform *Velem*.

**Verhammar** /"ve:rhamar/ 148 11:G3. Berghammar i Hellestø. Samansett av → *hammar* m. 'fjellknatte, berghammar' og truleg husdyrnemnet *vêr* m. 'hannsau'; jf. → *Habboen*, *Risbidskjeret*, *Geida*.

**Vestafor** /"vestafår/ 204 8:A4, **Vestanfor** /"vestanfår/ 171 16:B2, 112 19:D2, 722 30:C5. Nytta om strandområde (berg, vikar, teigar o.a.) som ligg vest for visse andre lokalitetar (Rott, Reve, Skeie, Sirevåg). Laga til *vesta(n)for* adverb (ev. preposisjon og eit utelate styringsord).

**Vestasteinen** /'vestasteid,n/ 116 1:E6. Stein på Tungeneset. Etterleddet er → *stein* og føreleddet skipsnamnet *Vesta*, som siktar til at eit skip (ein skonnert frå Stavanger) med dette namnet grunnstøytte utanfor neset i 1884. Under eit orkanaktig uvêr med svært grov sjø same vinteren gnog den store steinen seg gjennom skutesida og vart flytta inn på land av sjøen saman med vraket.

**Vestra/Vestre** er i ca. 25 namn nytta som presiserande ledd for å presisera at vedkomande namn omfattar den vestre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre, t.d. *Vestrabø*, *Vestra Bore*, *Vestra Hamrabukta*, *Vestre Sørhamnsbakkane*. I registeret bak i boka er det nemnt kva for oppslag slike namn er tekne med under. Andre døme med dette føreleddet er *Vestra neset* /"vestra 'ne:se/ (Vistnes), *Vestra øyna* /"vestra 'øynå/ (Rott), *Vestre dokken* /"vestre 'dok,n/ (Raustein), *Vestre grunnen* /"vestre 'gronen/ (Sirevåg), *Vestre klakken* /"vestre 'klaKen/ (heilt vest i Ognabukta), *Vestre odden* /"vestre "åd,n/ (Sirevåg), *Vestre smellen* /"vestre 'smed,l/ (nord for Håstein), *Vestre stranden* /"vestre 'stra:en/ (Søra-Kolnes) og *Vestre vågen* /"vestre 'vå:Gen/ (Litle Grynningen).

**Vestra Bore**, → *Bore*.

**Vestrabø**, → *Bø*.

**Vestra neset**, **-øyna** (*-øya*), → *Vestra/Vestre*.

**Vestre dokken**, **-grunnen**, **-klakken**, **-odden**, **-Raunen**, **-Smellen**, **-stranden**, **-vågen**, → *Vestra/Vestre*.

**Veststø** /"vestø:/ 247 5:C4. Båtplass på Myklabost. Samansett av → *stø* f. 'båtstad, stø' og retningsadverbet *vest*. Noko ute i sjøen finn ein *Veststøskjera* /"vestøsje:rå/.

**vete** m., gno. *viti* m. 'vete, vedstabel til å setja fyr på ved varsling av ufred', førekjem i → *Veden* /"ve:d,n/, som fleire stader (bl.a. Vigdel, Reve, Obrestad/Hå, Sirevåg) er notert om haugar og toppar der det er godt utsyn over sjø og land, jf. òg *Litle veden* på Obrestad. Sekundærnamn som *Vedabrodet* /"ve:dabrå:de/, *Vedaledet* /"ve:ale:e/, *Vedatangen* /"ve:datanjen/ (alle frå Hårr) og *Vedabakken* (Vistnes) fortel om vetar også på desse stadene.

**Vibemyra** (*Vipe-*) /"vi:bemy:re/ 80 32:F3. Myr innanfor stranda i Holmane. Inneheld → *myr* og fuglenemnet *vipe* f.

Fig. 115. Vigdelsviga og Vigdelsveden. Foto: Inge Særheim.
*Fig. 115. Vigdelsviga and Vigdelsveden. Photo: Inge Særheim.*





**Vidaren** /"vi:aren/ 1 20:G6. Vid teig ved sjøen på Refsnes. Laga til adjektivet *vid*, jf. tjørnnamnet *Djubaren* (Riskjell, til *djup* adj.), som er ei tilsvarande namnelaging.

**Videgrunnen** /"vi:egro:en/ 45 17:E5. Vid grunne utanfor Reve. Inneheld → *grunne* og adjektivet *vid*.

**Vidhaug** /"vi:hau/ 255 19:C1. Haug på Vik. Samansett av → *haug* og adjektivet *vid*.

**Vidingsvågen** /"vi:dingsvå:jen/ 222 8:A5. Våg på sørspissen av Rott som vidar seg noko ut innanfor eit trongt innlaup. Etterleddet er → *våg* og føreleddet ei *ing*-avleiing til adjektivet *vid*.

**Viga** (*Vika*) /'vi:Gå/ 699 2:C2, 264 11:A1, 214 14:F5, 272 19:D2, 271 21:B4, 67 23:F3, 510 25:F4. Brukt om vikar fleire stader (Ytrabø, Hodne/Bore, Vik, Obrestad, Nordvarhaug, Stavnheim/Hårr) og om ein teig ved ei vik (Vigdel). Bunden form av → *vik*. Samansett form blir gjerne nytta av folk utanfor gardsmiljøet: *Bøviga*, *Honnsviga*, *Obrestadviga*, *Stavnheimsviga*. Sekundære namn er *Vigastranden* /"vi:Gastra:en/ (Bøviga), *Vigarega* /"vi:garæ:Gå/ (Honnsviga) *Vigaberget* /"vi:gaberje/ og *Vigaledet* /"vi:gale:e/, dei to sistnemnde frå Vigdel.

**Vigaberget** (*Vika*-), **-ledet**, **-rega** (*-reka*), **-stranden**, → *Viga*.

**Vigdel** /"vigdel/ Kart 11. Matrikkelgard i Sola, *Vigdel* 1519. Tilsvarande namn førekjem nokre andre stader i Noreg. Det er tolka som gno. **Vígdeild*, samansett av gno. *deild* f. 'deling; lut; trette, usemje, kamp' og *víg* n. 'kamp, drap', med bakgrunn i at det har vore usemje om bruksretten til eigedommen, ev. om deling av jorda, og valdshandling på grunn av det. Sekundære lagingar er: *Vigdelsanden* /"vigdelsa:en/, *Vigdelsfjella* /"vigdelsfjedlå/, *Vigdelsnebba* /"vigdelsnebå/, *Vigdelssanden* /"vigdelsa:en/, *Vigdelstranden* /"vigdelstra:en/, *Vigdelsveden* /"vigdelsve:d,n/ og *Vigdelsviga* /"vigdelsvi:Gå/ (Fig. 115). Litt.: NG 10:188, Særheim 2007:256.

**Vigrehella** /"vi:grehedlå/ 48 22:C1. Stein i sjøen på Reime som er synleg ved lågt vatn. Samansett av → *helle* f. 'flat stein' og gardsnamnet (ev. etternamnet) *Vigre*, truleg med bakgrunn i ei hending ved staden; → *Skeiefluna*.

**vik** f., gno. *vík* f., er det vanlegaste ordet for bukter og innskjeringar i strandlina. Det ligg føre i snautt 185 namn. Ordet er bl.a. nytta om store vikar, som *Honnsviga*, *Solaviga*, *Risaviga* og *Visteviga*, lokalt gjerne kalla → *Viga* /'vi:Gå/. Nokre av namna med dette ordet førekjem fleire stader, → *Molviga* /"målvi:Gå/, *Krabbaviga*, *Skrydeviga*, *Doneviga*. Nemnet er òg nytta om botnformasjonar, jf. *Sandviga* (Søra-Kolnes), ein fiskestad med sandbotn. Det ligg elles føre i gardsnamna → *Vik* og *Vistvik*, dessutan i bruksnamn som *Skiftesvik* (Jåsund). Elles førekjem ordet som føreledd: *Vigaberget* /"vi:gaberje/ (Vigdel), *Vigarega* /"vi:garæ:Gå/ (Honnsviga); → *Viga*.

**Vik** /vi:g/ Kart 19. Matrikkelgard i Klepp, *Viik*, *Vik* 1386. Gno. *Vík* 'vik(a)', vel med bakgrunn i vika som vert kalla → *Viga* (Vikviga). Sekundærnamn er: *Vikboen* /'vi:gbo:en/, *Vikbukta* /'vi:gboktå/, *Viktangen* /'vi:gtanjen/ og *Vikviga* /'vi:gvi:Gå/. Litt.: NG 10:133.

**Villeboane** /"vidlebo:ane/ 370 37:B3. Båar i Håsteinsfjorden eit godt styke ute i sjøen, *Nordre* og *Søre Villeboen* /"sø:re "vidlebo:en/. Inneheld → *boe* m. 'grunne i sjømålet, båe' og adjektivet *vill*, som siktar til store brot ved desse båane.

**Viste** /"viste/ Kart 4. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *a Visti* 1342. Namnet, som er svært gammalt og har parallellar i Noreg og andre stader i Europa, er kanskje laga til språkrota indoeu. **u̯eis-* 'bøya', med bakgrunn i den store Visteviga; → *Vistnes*, *Vistvik*. Mindre truleg synest framlegget i NG om språkleg samband med verbet *vera*, med tydinga 'opphaldsplass', med bakgrunn i steinalderbuplassen Svarthol(a). Sekundære lagingar er *Vistegrunnen* /"vistegro:en/, *Visteholmen* /"vistehålmen/, *Vistesanden* /"vistesa:en/ og *Vistestranden* /"vistestra:en/. Litt.: NG 10:207 ff., Særheim 2007:259.

**Vistnes** /"vistne:s/ Kart 3. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *Vestnes*, *Vessnes*

1519, *Wiistnes* 1521. Samansett av → *nes* og namnet → *Viste*. Sekundærnamn er: *Vistneshaugen* /"vis(t)neshauen/, *Vistnesstranden* /"vis(t)nestra:en/, *Vistnestangen* /"vis(t)nestanjen/ og *Vistnesvågen* /"vis(t)-nesvå:Gen/. Litt.: NG 10:207.

**Vistvik** /"vistvi:g/ Kart 3. Matrikkelgard i Randaberg (tidl. Hetland), *Vesteruigh* 1616, *Wistuig* ca. 1620. Samansett av → *vik* og namnet → *Viste*. Sekundære namnelagingar er: *Vistvikboen* /"vistvigbo:en/, *Vistvikskjeret* /"vistvigsje:re/ og *Vistvikstranden* /"vistvigstra:en/. Litt.: NG 10:207.

**Vogga** /"vågå/ 60 3:B1. Skjer nær land (Vistnes). Bunden form av ordet *vogge* f., brukt jamførande. Bakgrunnen kan vera den jamne, rullande rørsla av bølgjene, men òg namnet → *Senga*, nytta om eit flatt berg innanfor skjeret, kan ha spela inn ved namngjevinga.

**voll** m., gno. *vǫllr* m. 'eng, grasmark', er nokre stader nytta om grasmark ved stranda: → *Vollen* /'våd,l/, *Bleigevollen* /"bleiGevåd,l/ (Hå, med bakgrunn i bleiking av klede), *Grønevollen* (Rott, god grasvekst), *Skarpevollen* (Ytrabø, steinete jord).

**Vollen** /'våd,l/ 424 16:B2, 9 23:G3. Teigar på Reve og Nordvarhaug. Bunden form av → *voll* m. 'grasmark, eng'.

**Vormestad** /"vårmesta/ 368 39. Fiskeplass langt ute i sjøen, nord for Gardsenden. Eit médpunkt skal vera bakgrunn for namnet, men **Vormestad* er elles ukjent. Kanskje er det *Vormestrand*, ev. *Vormeland*, frå nordfylket som er utgangspunktet.

**Vraget** (*Vraket*) /'vra:Ge/ 316 2:C2. Fiskeplass på Ytrabø som er namngjeven etter vraket av ein skonnert som stranda her. Bunden form av *vrak* n.

**våg** m., gno. *vágr* m. 'vik, våg, bukt', er i snautt 60 namn nytta om – ofte mindre – vikar og inn-skjeringar i stranda, t.d. om innhykk på holmar der ein kan gå inn med båt, gjerne kalla *Nordre*, *Søre*, *Vestre vågen* o.l. I namn som *Rottsvågen* og *Sirevåg* dreiar det seg om større vikar, gjerne kalla → *Vågen* /'vå:Gen, 'våyen/ lokalt, eit namn som òg er nytta om vika inn til Vistvik, Vistnes og andre stader. Fleirtalsforma *Vågan(e)* /"vå:gan(e)/ er nytta om fleire småvågar på Ogna. Nemnet førekjem elles i gardsnamnet → *Kinnarvåg*.

**Vågabekken**, **-berget**, **-floen**, → *Vågen*.

**Vågan(e)** /"vå:gan(e)/ 550 29:A5. Fleire små vågar på Ogna, innanfor Ognaholman (Fig. 116). Bunden form fleirtal av → *våg* m. 'vik, våg, bukt'.

**Vågen** /'vå:Gen, 'våien/ 968 1:E6, 867 3:C3, 967 3:C5, 254 6:D5, 723 7:E4, 896 21:F5, 522 26:B3, 597 26:G3, 625 30:C4. Vågar fleire stader (Tunge, Vistvik, Vistnes, Tananger, Tjora/Nordra-Kolnes, Hå, Hårr, Sirevåg). Bunden form av → *våg* m. 'vik, våg, bukt'. Gardsnamnet blir i somme høve sett til av folk utanfor gardsmiljøet: *Tungevågen*, *Vistnesvågen*. Som føreledd finn ein dette namnet (nemnet) i: *Vågtangen* /"vå:gtanjen/ (Nærland, Hå), *Vågaberget* /"vå:gaberje/ (Vistvik), *Vågabekken* /"vå:gabeKen/, *Vågafloen* /"vå:gaflo:en/ (båe frå Hårr), dessutan *Vågsmyra* /"våksmy:rå/ (også Hårr) og → *Vågsgabet* (Sirevåg).

**Vågsgabet** (*-gapet*) /'vå:gsga:be/ 100 30:B4. Munningen av Vågen inn til Sirevåg. Inneheld → *gap* n. 'munning (av våg, vik, sund o.a.)' og → *Vågen*. Sekundære lagingar er *Vågsgabsfluna* /'vå:gsgabsflu:ne/ og *Vågsgabsgrunnen* /'vå:gsgabsgronen/.

**Vågsmyra**, → *Vågen*.

**Vågtangen**, → *Vågen*.

**Vårgrunnen** /"vå:rgro:en/ 780 4:F3. Fiskeplass i Visteviga. Samansett av → *grunne* og ordet *vår* m., vel med bakgrunn i årstida for fisket.

## Y

**Ysteingrunnen** /"y:steigro:en/ 261 38:B5. Grunne som ligg langt ute i sjøen mellom Tjør og Håstein. Etterleddet er → *grunne*, medan føreleddet truleg er samansett av → *stein* og superlativforma *ytst*, som siktar til at grunnen ligg heilt ytst av grunnane i området. Bortfallet



Fig. 116. Vågane (Ogna). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 116. Vågane (Ogna). Photo: Inge Særheim.*



av utlydande konsonant i uttalen av sisteleddet *stein* finn ein parallell til i → *Håstein* og *Alstein*, og i fleire andre namn frå Jæren; jf. omtalen under desse oppslaga.

**Ytra/Ytre** ligg føre i snautt 30 namn for å presisera at det dreiar seg om den ytre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre (ofte svarande til eit namn på *Indra/Indre*), t.d. *Ytre Lamholmsgrunnen* /"ytre "lamhålmsgro:en/, *Ytra Seiaviga* /"ytra "seiavi:Ge/.

**Ytrabø** /"ytrabø:/ Kart 2. Matrikkelgard i Randaberg, *Ytterbøe* 1521, også kalla → *Vestrabø*. *Ytra-* og → *Indrabø* er opphavleg to partar av ein eldre gard → *Bø*. Nemnet *bø*, gno. *bǿr* m., tyder her 'gard', medan *Ytra-* siktar til at dette er den ytste av dei to gardane.

**Ytra renna** /"ytra "renå/ 651 30:A4. Seglrenne inn til Sirevåg. Nordanfor ligg → *Indra renna*. Samansett av → *renne* og komparativforma *ytre*.

**Ytra sugga** /"ytra "sogå/ 861 26:F2. Skjer i sjøen utanfor Hårr. Like innanfor ligg → *Indra sugga*. Samansett av skjernemnet → *sugge* og komparativforma *ytre*.

**Ytre Faksen** /"ytre "faksen/ 824 38:B7. Skjer sørvest for Tjør, også kalla → *Faksen*. Inneheld skjernemnet → *fakse* og komparativforma *ytre* som siktar til at dette skjeret ligg lenger ute i sjøen enn → *Indre Faksen* (ved Skodene).

**Ytre Grunnen** /"ytre 'gronen/ 653 30:A4. Ytre delen av → *Grunnen*, ein grunne i innseglinga til Sirevåg; lenger inne ligg → *Indre Grunnen*. Føreleddet er komparativforma *ytre*.

**Ytre Raunen** /"ytre 'raud,n/ 461 20:E3. Ytre delen av → *Raunen* (Nærlandsraunen). Inneheld → *raun*, nytta om rullestein(tange), og komparativforma *ytre*.

**Ytre sloen** /"ytre "slo:en/ 259 21:F3. Den ytre av → *Sloane*, to skjer utanfor Revtangen på Hå. Inneheld skjernemnet → *sloe* og komparativforma *ytre*.

**Ytsteberga** /"ysteberjå/ 534 7:E4. Berg ved sjøen på Tjora. Inneheld → *berg* og superlativforma *ytst*, som siktar til at berga ligg ut mot sjøen.

## Ø

**Øksa** /'økså/ 820 10:B4. Fjellklove på Ølberg. Bunden form av ordet *øks* f., som er brukt jamførande om ei kvass, spiss form, eit innhykk (øksehogg) i berget.

**Øksnapytten** /"yksnapyt,n/ 453 11:A5. Indre delen av ei vik på Ølberg. Ei stor steinhelle har falle ned og stengt av vika, men sjøen går under hella. Samansett av → *pytt* m. 'vassamling' og vel husdyrnemnet *okse* m., her i genitiv fleirtal, gno. *yksna*; → *Øksnaskora*.

**Øksnaskora** (*-et*) /"yksnaskå:rå, -skå:re/ 634 10:D3. Skarp fjellrygg på Ølberg. Vel samansett av → *skor* f. 'berghylle, hakk, skore' og husdyrnemnet *okse* m., her i genitiv fleirtal, gno. *yksna*; → *Øksnapytten*.

**Ølberg** (*Ølbør*) /"ylbø:r, "øl-/ Kart 10, 11. Matrikkelgard i Sola (tidl. Håland), *Ølberg* 1519, *Ølbergh* 1521. Etterleddet er → *berg*, der *e*-en er runda pga. *b*-en framom. Føreleddet har kanskje samband med gno. *ál*, *ól* f. 'reim' eller *áll* m. 'stripe', her brukt om striper i fjellet eller opprive berg, t.d. ved Trælen eller Nuddviga. Framlegget i NG om gno. *ylr* m. 'varme' er ikkje rimeleg. Gardsnamnet er føreledd i *Ølberghamn* /"ylbørhab,n/, *Ølbergneset* /"ylbø:rne:se/, *Ølbergsanden* /"ylbørsa:en/, *Ølbergsfluna* /"ylbørsflu:nå/, *Ølbergsgrunnen* /"ylbørsgro:en/, *Ølbergshola* /"ylbørshå:lå/ og *Ølbergstranden* /"ylbørstra:en/. Elles er namnet *Ølbergfluna* /"ylbørflu:nå/ nytta om ein grunne i Skjergarden nord for Tjør (ved Hugen), vel namngjeven etter eit médpunkt. Litt.: NG 10:187, Særheim 1978:81.

**Ørnaberget** /"ørnaberje/ 717 4:A5. Berg på Nordra Sunde. Ein skil mellom *Stora* og *Litla Ørnaberget* /"litla "ørnaberje/, også kalla *Øvra* og *Nedra Ørnaberget* /"ne:ra "ørnaberje/. Samansett av → *berg* og fuglenemnet *ørn* f. Like utanfor ligg *Ørnaberggrunnen* /"ørnabergro:en/.



Fig. 117. Frå Øyrviga (Hårr). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 117. From Øyrviga (Hårr). Photo: Inge Særheim.*

**Ørnabukta** /"ørnaboktå/ 245 6:C2. Vik på Myklabost. Samansett av → *bukt* og fuglenemnet *ørn* f.

**Ørnakula** /"ø:rnaku:lå/ 575 27:F1. Ein topp opp frå sandstranda på Kvalbein. Samansett av høgdenemnet → *kule* og fuglenemnet *ørn* f.

**Ørnatua** /"ø:rnatu:å/ 110 15:E4. Ein topp på strandbakken på Hodne. Samansett av høgdenemnet → *tu(v)e* og fuglenemnet *ørn* f.

**Ørsteinen** /'ø:rsteid,n/ 83 21:E5. Stein i sjøen utanfor munningen av Hååna. Steinen har vore grense for kor langt inn ein kunne driva etter laks. Etterleddet er → *stein*. Føreleddet er uvisst. Det er nærliggjande å føreslå → *øyr* m., som høver godt realt, men lydutviklinga gno. *øy* > /ø:/ (monoftongering) er uventa i dette området. Rimelegare er kanskje gno. *ørr* n. 'ær, merke etter sår', som òg høver realt.

**Øvra/Øvre** førekjem i fire namn for å presisera at det dreiar seg om den øvre (delen) av to eller fleire lokalitetar som er oppfatta som ei gruppe, og som er namngjevne i relasjon til kvarandre, i regelen svarande til eit namn med leddet *Nedra/ Nedre*, t.d. *Øvra Buviga* /"øvra "bu:vi:Gå/, *Øvre Dunken* /"øvre 'donKen/.

**øy** f., gno. *øy* f., ligg føre i namn på fem mindre øyar (store holmar) utanfor Nord-Jæren, t.d. → *Hengsøyna* og *Buøyna*, og er dessutan nytta om dei to delane av øya Rott: *Heimra* og *Vestra øyna*. Ein spesiell bruk av ordet ligg føre i → *Bårøyna* og *Marøyna*, der det er nytta om flatlende ved sjøen. Ordet *øy*, som språkleg er i slekt med → *å*, med grunntydinga 'vatn', er i sørvestnorske stadnamn òg nytta om flatlende ved vatn (elv). Litt.: Særheim 2007:269.

**Øygjamarka** (*Øykja-*) /"øyGamarKå/ 205 19:C4. Mark nær sjøen på Vik. Samansett av → *mark* f. '(ut)mark' og husdyrnemnet *øyk* m. 'hest'.

**øyr** m., jf. gno. *øyrr* f. 'sand- og grusbanke (helst ved elveos)', ligg føre i → *Øyren*, nytta om båtplassen til Hårr. Ordet er avleidd av → *aur* m. Litt.: Særheim 2007:270.

**Øyren** /'øyren/ 520 26:A3. Båtstaden på Hårr, vest for utlaupet av Vågabekken (Harabekken). Bunden form av → *øyr*. Sekundærnamn som er



Fig. 118. Ådnaberget (Kolnes). Foto: Inge Særheim.
*Fig. 118. Ådnaberget (Kolnes). Photo: Inge Særheim.*

laga til dette namnet, er *Øyrarudla* /"øyrarodlå/, *Øyrtangen* /"øyrtanjen/ og *Øyrviga* /"øyrvi:Gå/ (Fig. 117).

## Å

**å** f., gno. *á* f. ‘elv, å’, som er av same språkrota som → *øy* f., med grunntydinga ‘vatn’, er det vanlege nemnet for større vassføring. Lokalt heiter det gjerne berre → *Åna* /'å:nå/, medan ein i ein større namnebrukarkrins vil leggja til eit utmerkjande ledd, t.d. *Kvassheimsåna*, *Hårråna* og *Håelva/-åna*. For nokre vassføringar kan sisteleddet veksla, som i *Årslandsåna* og *Årslandsbekken*. Føreleddet kan skifta i namnet på same åa etter kva gard ho renn framom: *Brattlendsåna* og *Varhaugsåna*.

**Åbofluene** /'å:boflu:ene/ 132 36:C4. Grunne med to toppar nordaust for Rottfladholmen, også kalla → *Perskallane*. Namnet inneheld nemnet → *boe* m. ‘grunne i sjømålet, båe’, og truleg gno. *hár* adj. ‘høg’, som i → *Håboen*, med seinare *h*-bortfall (jf. *Egerholmen*), mindre truleg eit forsterkande *ov* eller *å*. Etterleddet er → *flu* f. ‘grunne under sjømålet’.

**Åbreien**, → *Åbreiskallen*.

**Åbreiskallen** /"å:breiskad,l/ 263 37:B6. Grunne sør for Håstein, også kalla → *Åbreien*. Etterleddet er → *skalle* m. ‘(fiske)grunne’. På Groves kart frå 1795 finn ein forma *Åsbrey*, som kunne tyda på nemnet *ås* ‘(skogkledd) bergrygg’, her brukt om ein grunnerygg. Eit tilsvarande ord, *us* (*os*), er nytta i namn på ein grunne i sjøen på Shetland (Jakobsen 1921:963). I så fall kunne tydinga vera ‘grunne som er brei som ein ås’. Ut frå uttalen er det kanskje meir nærliggjande å tolka føreleddet som eit ord (adjektiv) *ovbrei* ‘svært brei’. *Åbreien* er ei elliptisk form.

